



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 05.02.2019  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 12/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 13/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 16/19	<b>Orientering utbyggingsplanar Storgata 7, 8 og 9</b>
PS 14/19	<b>Planid 2018003 - Detaljregulering for Storgata 7 - 9.</b>
PS 15/19	<b>Prioritering av plansaker 2019</b>
PS 16/19	<b>Planid- 2012008-2 Mindre endring Øvre Rotset Næringsområde</b>
PS 17/19	<b>Økonomistyring 2019</b>
PS 18/19	<b>Utgreiing av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for økonomisk sosialhjelp</b>
PS 19/19	<b>Busetjing av flyktingar i 2019</b>
PS 20/19	<b>Volda ungdomsskule - Vidare prosess</b>
PS 21/19	<b>Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt</b>
PS 22/19	<b>Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum</b>
PS 23/19	<b>Samarbeid om utgreiing av avgiftsparkering på høgskuleområdet</b>
PS 24/19	<b>Fritak frå eigedomsskatt i 2019 etter § 7</b>
PS 25/19	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2018</b>
PS 26/19	<b>Orienteringssaker</b>
OS 17/19	<b>Prosjektgruppe "Ny symjehall i Volda"</b>
OS 18/19	<b>Søknad om prosjektmidlar til nytt folkebad - Symjebasseng i sentrum</b>





## **VOLDA KOMMUNE**

OS 19/19

**Ynskje om konkretisering av planlagt driftsreduksjon neste 4 år - eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum**

OS 20/19

**Modernisering av Telenor sin infrastruktur - nedbygging av fasttelefon og kobbernett**

**PS 12/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 13/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**OS 16/19 Orientering utbyggingsplanar Storgata 7, 8 og 9**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2018/2011

Arkivkode: 2018003

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/19	Formannskapet	05.02.2019

### PLANID 2018003 - DETALJREGULERING FOR STORGATA 7 - 9.

#### Administrasjonen si tilråding:

1. På vilkår av at vegareal i Storgata frå kryss Seljebakken/Kyrkjegata til og med Storgata 5 inngår i planområdet, er Formannskapet positiv til at det kan startast opp arbeid med detaljregulering for Storgata 7 og 9 i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.
2. Forslagsstillar kan ta med arealet nord for Storgata 9 i planavgrensinga og må avklare endeleg planavgrensing med administrasjonen før kunngjering av planoppstart.
3. Det skal leggjast vekt på medverknad i planprosessen og det skal inviterast til ope orienteringsmøte i samband med planoppstart.
4. Det vert vist til referat frå oppstartsmøte og påfølgjande oppfølgingsmøte og saksdokumentet, for kommunen sine råd om utarbeiding av planforslaget.

#### Vedleggsliste:

1. Revidert planinitiativ med vedlegg, datert 21.01.2019
2. Referat frå oppstartsmøte, datert 08.11.2018
3. Referat frå oppfølgingsmøte, datert 11.01.2019
4. Revidert referat frå oppfølgingsmøte, datert 22.01.2019
5. Kommentar til oppstartsmøte frå Per Mulvik AS, datert 12.12.2018

#### Uprenta saksvedlegg:

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld oppstart av arbeid med detaljregulering for Storgata 7-9. Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for oppføring av eit sentrumsbygg på inntil 5 etasjar over bakkenivå på eigedomane i Storgata 7 og 9. Rådmannen er positiv til at det kan startast opp eit arbeid med detaljregulering under føresetnad av at planområdet vert utvida til å ta med vegarealet i Storgata frå kryss Seljebakken/Kyrkjegata til og med Storgata 5.

**Saksopplysningar/fakta:**

Kommunen har motteke planinitiativ frå Per Mulvik AS på vegne av eigarar for detaljregulering av Storgata 7, 8 og 9, samtidig med førespurnad om oppstartsmøte.

Det vart halde oppstartsmøte 05.11.2018 på Volda rådhus der plankonsulent Frå Per Mulvik AS møtte saman med forslagsstillar. Frå kommunen møtte Heidi Istad og Berit Sandvik Skeide frå Sektor for Utvikling saman med Lars Fjærvoll og Edvin Løfoll frå Teknisk sektor. I oppstartsmøtet fekk forslagsstillar høve til å presentere utbyggingsprosjektet. Administrasjonen gjekk gjennom aktuelle tema for å klargjere føresetnader for det vidare planarbeidet. Referat frå oppstartsmøte er lagt ved saka. Av referatet som er lagt ved kjem det fram kva tema som er drøfta. Det framgår av referatet at kommunen stilte seg positiv til prosjektet, men at det er usemje om planavgrensing og opplegg for medverknad. Det vart gitt råd om medverknad i oppstartsfasen og planavgrensing, og det vart oppmoda om å kome med eit revidert planinitiativ. Det vart halde eit oppfølgingsmøte 09.01.2019 med formål å avklare og om muleg, verte samde om problemstillingar forslagsstillar og kommunen ikkje vart samde om i oppstartsmøtet.

Forslagsstillar for Storgata 8 har i brev meldt frå om at dei har behov for meir tid til å avklare ulike problemstillingar, og at eigedomen med tilhøyrande areal kan trekkast ut av planområdet.

Det har i tida etter oppstartsmøtet og oppfølgingsmøtet vore ein del korrespondanse om ulike oppfatningar av kva som har vore formidla i møte og referat frå møter. Administrasjonen finn ikkje grunnlag for vesentleg endring av referat og står fast på sine råd om den vidare planlegginga.

Kommunen fekk tilsendt revidert planinitiativ den 24.01.2019. Dette ligg til grunn for saksdokumentet.

**Lokalisering**

Planområdet ligg mellom Smithsgate, Storgata og Seljebakken i Volda sentrum og har ei svært sentral lokalisering med gangavstand til dei fleste service- og tenestetilbod.



### Planstatus

Gjeldende reguleringsplan er «Ridderstrømplanen» godkjent 08.10.1987. Storgata 7 og 9 er i denne planen regulert til forretning med høve til bustadrom i etasjane over inngangshøgda.




### Formål med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for attraktive sentrumsleilegheiter nær viktige sentrumsfunksjonar. På gateplan er det ønskeleg å vidareføre og utvikle dagens bruk av bygningsmasse til forretning/kontor m.v.

### Avgrensing av planområdet

Det er lagt fram følgjande forslag til planavgrensing i revidert planinitiativ:



**Figur 2.2: Framlegg til plangrense**


Planavgrensinga følger i hovudsak formålsgrenser i gjeldande reguleringsplan.

#### Planlagde bygningar, anlegg og andre tiltak

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for tilbygg til Storgata 7 og felles garasjekjellar med Storgata 9. Riving av Storgata 9 med oppføring av blokk for bustad- og forretningsformål. Det er tenkt forretning, kontorfunksjonar og parkering på bakkenivå, leilegheiter i resten av bygget. Uteopphaldsareal er tenkt på takterrassar og parkering i parkeringskjellar. Det er lagt opp til maksimal utnytting av tomtene. Køyretilkomst er tenkt frå Smithsgate.

#### Utbyggingsvolum og byggehøg

Det er planlagt blokk med 5 etasjar og underetasje. I skisseprosjektet har ein kome fram til maksimal byggehøg på ca. kote 31, noko som kan bli endra. Dette er om lag 17 m over gatenivå ved Storgata 9. Det er gjort grep for å bryte opp volumet og som vil gi noko meir luft og lys mellom bygg. I planinitiativ og tilhøyrande illustrasjonar finn ein gateoppriss lengdesnitt som viser volum.



Figur 2.4 Storgata 7/9 - oppriss frå Smithsgate

### Tiltaket si påverknad og tilpassing til landskap og omgjevnader

Tiltaket ligg sentralt til i eit sentralt vegkryss i overgangen mellom det som vert oppfatta som sentrumskjernen og bustadområdet Hauane. Tiltaket vil derfor bli eit godt synleg bygning langs ein av dei mest trafikkerte samlevegane i Volda sentrum. Busetnaden langs Smithsgate vil i stor grad bli påverka av det planlagde tiltaket. Det er foreslått grep som transparent heis- og trappehus, avtrapping av byggehøgde og inntrekte etasjar for å bryte opp volumet, gi luft og lys mellom bygga og redusere skuggeverknader og utsiktstap for naboar i Smithsgate og på Hauane.

### Interesser som vert påverka av planinitiativet

Av interesser som vert påverka av planlagt tiltak er det i planinitiativet vist til trafikkauke i Smithsgate, sol-/utsiktstap for delar av busetnaden langs Smithsgate og Hauane. Det er og nemnt hurtigare avrenning av overvatn. Det er på førehand vore kontakt med kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune, som viser til at Volda er spesiell med ein stor del av sentrum prega av tradisjonell norsk byggeskikk med blanding av byhus og gardsbygningar. Kulturvernseksjonen har ikkje tatt endeleg stilling til riving av Storgata 9.

### Samfunnstryggleik

Planinitiativet gjer klart at det skal gjennomførast ROS-analyse med utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister. Det er vist til at planområdet ligg i område med marine strandavsetningar som potensielt kan gi ustabile grunnforhold.

#### Prosess for samarbeid og medverknad

I følgje planinitiativet er det ikkje lagt opp til anna medverknad enn lovfesta høyringar og offentlege ettersyn. Elles er det skissert behovsretta dialog med kommunen m.a. i høve veg- og VA-infrastruktur.

#### Forskrift om konsekvensutgreiing

Det er i planinitiativet konkludert med at tiltaket er vurdert opp mot §10 i forskrift for konsekvensutgreiing og at ein konkluderer med at tiltaket ikkje har verknader som krev konsekvensutgreiing.

### **Vurdering:**

#### Veg, trafikk og parkering

Planlagt tiltak ligg i eit trafikkkryss langs Storgata, som er ein sentral samleveg med stor trafikk og relativ høg fart, noko som gjer at ein må ha fokus på gode og oversiktlege trafikkløysingar. Dagens skiltplan og krav til sikt jf. gjeldande vegnormal gjer det nærast umuleg å få til ønskt utbygging i Storgata 7 og 9. Forkøyrregulering i Storgata er derfor ein føresetnad for at prosjektet kan realiserast. Administrasjonen har forståing for dette og har foreslått dette i skiltplanen som er under revisjon. Det er derfor opna for at ein kan legge til grunn forkøyrregulering i den vidare planlegginga. Det er opplyst om at det kan bli stilt rekkjefølgjekrav om endra skiltplan før utbygging kan iverksettast. Fartsgrensene påverkar også krav til sikt i avkøyrslar og kryss. Forslagsstillar ønskjer å kunne legge til grunn 30 km/t i alle gater. Administrasjonen har foreslått 40 km/t for Storgata mellom Sjøgata og rundkøyninga. På dette grunnlaget er det akseptert at ein kan legge til grunn 40 km/t i planarbeidet. Også her vil det vere aktuelt med rekkjefølgjekrav om endra fartsgrense i skiltplan før utbygging kan startast opp. Seljebakken og Smithsgate har framleis 50 km/t. Smithsgate har lav fart og lite trafikk og ein derfor akseptert at ein kan ta utgangspunkt i 30 km/t i den vidare planlegginga.

Det er føresett at parkering for utbyggingsprosjektet skal løysast på eigen grunn. Dersom det er behov for den langsgåande parkeringa i Storgata for å innfri krav til parkeringsdekning, må denne delen inngå i planområdet.

Det har dei seinare åra vore auka fokus på at eksisterande samlevegssystem ikkje har ei god nok utforming for å takle aukande trafikkmengde som følgje av fleire større utbyggingsprosjekt. Det er på denne bakgrunn sett i gong fleire prosjekt for å utbetre samlevegane i Volda sentrum. Teknisk sektor viser til at det er ein utfordrande trafikksituasjon i Storgata på strekninga mellom kryss Halkjelsgata og kryss Seljebakken/Kyrkjegata. Vegbreidda synes for smal på grunn av langsgåande parkering på vestsida av gata, og tilhøva for fotgjengarar er uoversiktleg. I sykkelstrategi for Volda og Ørsta er det på denne strekninga lagt opp til blanda trafikk med sykkel og bil, då det ikkje er plass for eige sykkelfelt. Saman med fartsreducerande tiltak kan det derfor vere eit aktuelt tiltak å fjerne langsgåande parkeringsplassar for å sikre auka veg- og fortausbreidde og gi betre forhold for mjuke trafikantar. Utbygging av ei blokk med opp til 19 leilegheiter i tillegg til kontor/forretningsverksemd vil skape stor aktivitet og ferdsel av fleire trafikantgrupper, noko som framskyndar behovet for utbetringstiltak. Mellom anna vil tilgang til kvartalsleikeplass og ev. uteopphaldsareal på bakkeplan krevje kryssing av Storgata, Seljebakken og ev. Kyrkjegata. Administrasjonen meiner det derfor er rimeleg at



reguleringsplanen også må løyse dei trafikale utfordringane som følgje av tiltaket. Ein har derfor sett krav om at Storgata frå kryss Seljebakken/Kyrkjegata til kryss Halkjelsgata skal vere med i planområdet. Forslagsstillar er ikkje samd i at planlagt tiltak vil påverke trafikksituasjonen og har derfor ikkje imøtekome krav om utvida planområde.

#### Vatn og avløp

Det vil vere behov for omlegging av vassleidning. Kommunen har pr. no ikkje opplysningar om kapasitet på avløpsnettet i området. Det skal ikkje tilførast meir overvatn inn på VA-nett enn i dag. Det kan derfor vere behov for fordrøyning av overvatn inne på tomtene. Det må dokumenterast korleis avrenning og avrenningsfart vert endra og teke i vare. Behov for brannvatn må gjerast greie for og avklarast med brannvesenet. Det må utarbeidast VA-rammeplan for prosjektet.

#### Estetikk/typologi/byggeskikk

Estetikk/typologi/byggeskikk er eit viktig tema som det bør leggjast stor vekt på i planarbeidet. Planinitiativet legg opp til ei omfattande utbygging som grensar til eit viktig kulturhistorisk område med blant dei eldste bustadhusa i Volda sentrum. Smithsgate og Hauane er eit sjarmerande og attraktivt småhusområde m.a. prega av små trehus, smale gateløp terrengtilpassing, variasjon og grønt mellom husa. Administrasjonen er positiv til at det er ønskjeleg å utvikle eit fortettingsprosjekt som vil kunne gi fleire busette i indre sentrumssone. Ein vil derimot ikkje kunne ta endeleg stilling til byggehøgde og utbyggingsvolum m.v. før komplett planforslag er motteke. Det er derfor sett ei rekke krav til planmateriale for å sikre eit så godt grunnlag som muleg for å kunne ta stilling til planforslaget.

Det er vist nokre grep og illustrasjonar i skisseprosjektet, men det er viktig at det vert fokusert meir på dette i planarbeidet, og det er gitt råd om at det må gjerast ei vurdering av tiltaket sine estetiske sider, både i forhold til seg sjølv, til omgjevnadane og fjernverknad. Det er nødvendig med gode illustrasjonar som viser konsekvensar for naboar og som synleggjer verknader for særpreget og totalinntrykket i området. Det må leggjast ved gateoppriss for Storgata. Terrengprofilar som viser konsekvensar for busetnaden i Smithsgate og Hauane. Det må utarbeidast sol/skuggeanalyse som viser før og ettersituasjon for råka busetnad. Det er sett krav om at det skal leverast volummodell av bygningar basert på maksimal utnytting av planen. Dette skal vere ein enkel modell utan arkitektur eller utforming som kommunen kan sette inn i eigen terrengmodell, for å synleggjere konsekvensar av planen.

#### Barn og unge sine interesser i planområdet

Det må sikrast areal til lek og uteopphaldsareal i samsvar med kommunen sin «retteleiar for leike- og aktivitetsområde», som har vore på høyring. Denne rettleiaren tilsei at det må sikrast areal til ein nærleikeplass på minst 200 m<sup>2</sup> per 5-20 bueiningar, innafor ein avstand på 50 meter. Det må utarbeidast eigen illustrasjon som viser planlagt opparbeiding av leikeareal og andre uteopphaldsareal. Illustrasjonen skal vise innhald, utforming og materialbruk. I skissematerialet er det vist til uteopphaldsareal på takterrasse. Utforming og innhald vil vere avgjerande for om dette kan akseptertast som nærleikeplass, dette må derfor dokumenterast i planen. Rådhusparken og andre parkar i nærleiken kan inngå som kvartalsleikeplass for prosjektet. Det er viktig å sikre gode trafikksikre løysingar for barn og unge, noko som gjeld både tilkomst til bygget, skuleveg og ferdsel til leikeareal.

#### Universell utforming

Planframlegget må legge til grunn krav til universell utforming jf. teknisk forskrift. Som bustadprosjekt i indre sentrumssone bør ein i størst muleg grad tilstrebe tilgjengelege bueiningar, sjølv også for mindre bueiningar.

### Risiko og sårbarheit (ROS) (flaum, rasfare)

Det er krav om ROS-analyse for reguleringsplanar. Fylkesmannen si sjekklister kan vere utgangspunkt for ROS-analysen. Det er gitt opplysningar om at det vil vere behov for avklaring av grunntilhøve og støy. I tillegg kan ROS-analysen og uttale frå faginstansar medføre krav om analyser og utgreiingar.

### Levekår og folkehelse

Folkehelse er eit overordna prinsipp for all planlegging i Volda kommune. Planprosjektet sine verknader for levekår og folkehelse skal derfor vere tema i planarbeidet.

### Medverknad

Det er krav i plan- og bygningslova at det skal leggast til rette for medverknad. Det er kommunen som skal sjå til at dette vert oppfylt. I planinitiativet er det lagt opp til medverknad i form av høyring og offentleg ettersyn. Medverknad i form av høyring og offentleg ettersyn kan vere tilstrekkeleg i planar om mindre omfattande karakter. Planområdet ligg i eit sentralt område i Volda sentrum og har karakter av eit områdeutviklingsprosjekt. Utbyggingsplanane vil derfor truleg vere av interesse for fleire enn dei som vert direkte berørt av planarbeidet. Det bør derfor inviterast til eit ope orienteringsmøte i samband med oppstart av planarbeidet. Kommunen er positiv til å stille på møtet og om behov svare på spørsmål og orientere om det som gjeld ev. behov for tiltak i Storgata.

### Verneinteresser

Forslagsstillar har vore i kontakt med kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune, som viser til at Volda er spesiell med ein stor del av sentrum prega av tradisjonell norsk byggeskikk med blanding av byhus og gardsbygningar. Kulturvernseksjonen har ikkje tatt endeleg stilling til riving av Storgata 9.


### Konsekvensar for miljø og samfunn

Skal vurderast og må vere tema i planomtalen.

### Planavgrensing

Når det kjem til planavgrensing har forslagsstillar og administrasjonen ulike syn. Forslagsstillar viser til at tiltaket er planlagt innanfor byggegrense i gjeldande reguleringsplan utan å påverke tilgrensande areal, og at det derfor ikkje er grunnlag for å ta med areal ut over eigedomane i Storgata 7 og 9. Administrasjonen har ei noko anna oppfatning på kva som vert påverka av tiltaket og meiner det er behov for å ta med Storgata frå Seljebakken/Kyrkjegata til kryss Halkjelsgata i planområdet. Administrasjonen si grunngjeving er i første rekke knytt til veg og trafikk og er vurdert under tema «Veg, trafikk og parkering» oppe i saksdokumentet. Sjølv om det er ønskjeleg å ta med vegarealet på heile parsellen mellom Seljebakken/Kyrkjegata og Halkjelsgata kan ein etter nærare vurdering akseptere ei planavgrensing der vegarealet langs Storgata slik at det inkluderer dei langsgåande parkeringsplassane langs Storgata 5, 7 og 9.

Forslagsstillar har ytra sterkt ønske om å ivareta dei langsgåande parkeringsplassane og ein ser uansett at bruken av desse i stor grad vil kunne vere knytt til aktiviteten i framtidig bygg i Storgata 7 og 9. Gjennom planarbeidet vil ein kunne avklare om det er muleg å behalde dei langsgåande parkeringsplassane, eller dei må fjernast for å sikre ei forsvarleg trafikkløysing for alle trafikantar. I skissa under er forslagsstillar sitt forslag til planavgrensing vist i rosa, medan administrasjonen sitt forslag er vist i svart.



I krysset Seljebakken/Storgata nord for Storgata 9 er det eit misforhold mellom reguleringsplanen og den faktiske situasjonen. Ei endring av krysset til eit T-kryss i samsvar med eksisterande reguleringsplan vil kunne frigi areal som grensar til Storgata 9. Rådmannen er positiv til at dette kan nyttast inn i prosjektet til fortau, uteopphaldsareal eller liknande. Forslagsstillar bør vurdere dette og avklare med administrasjonen før kunngjering av planoppstart, slik at arealet ev. kan takast inn i planområdet. Dersom det gjennom planprosessen viser seg at det er område med konflikter innan varsla planområde, som ein treng noko meir tid for å løyse, vil det vere muleg å ta ut denne delen av planområdet før slutthandsaming. Disse areala kan takast inn i ein seinare kommunal detaljregulering eller områderegulering. For forslagsstillar vil det derimot forseinke planprosessen om det seinare viser seg at det er behov for utviding av planområdet, då ein i så fall må varsle planoppstart på nytt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Skal vurderast som del av planarbeidet.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Administrasjonen sitt forslag til planavgrensing kan gi behov for økonomisk bidrag til utarbeiding av planforslaget.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Skal vurderast som del av planarbeidet.

#### **Konklusjon**

Alle har i utgangspunktet rett til å utarbeide forslag til detaljregulering. Reguleringsplanen skal utarbeidast av fagkyndige og private forslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanen sin arealdel og områderegulering.

For å nå målsettingar om meir fortetting og meir aktivitet i indre sentrumssone er det behov for ein samla områderegulering. I ein områderegulering vil ein kunne vurdere kva område som er eigna for fortetting og auka byggehøgde, behov for vegutviding, betre tilrettelegging for mjuke trafikantar, godte uteopphaldsareal, park m.v. Ein ny reguleringsplan for Volda sentrum har vore sett på lista over aktuelle planoppgåver i fleire år utan at ein har hatt kapasitet og ressursar til å prioritere planarbeidet. Dette gjer at ein har ein plansituasjon med eldre og til dels utdaterte planer. Detaljreguleringsplanar som berre omfattar eit avgrensa areal gjer at ein ikkje får dei gode plangrepa der ein ser større areal og problemstillingar i samanheng. Det kan derfor vere aktuelt å sette krav om områderegulering i arealdelen sine føresegner. Det vil då ikkje vere høve til å handsame detaljreguleringar innanfor områdereguleringa si avgrensing. Det kan jobbast parallelt med områderegulering og detaljregulering, men detaljreguleringa må i så fall avvente vedtak av områdereguleringa før slutthandsaming.

Når vi no har motteke ønskje om å starte opp arbeid med detaljregulering for eit svært avgrensa område i indre sentrumssone må vi ta stilling til om ein skal godta ei slik «frimerkeregulering» utan at ein også tek med nokre tilgrensande areal. Sjølv om tiltaket skal plasserast innanfor eksisterande byggegrensar på forslagsstillar sin eigedom er det etter administrasjonen sitt syn eit omfattande tiltak, omgitt av tre vegar, som vil utfordre dei trafikale tilhøva, spesielt for dei mjuke trafikantane.

Formålet med planen er i samsvar med intensjonen i kommunedelplanen for Volda sentrum i tillegg til arealstrategiar for ny arealdel og tilhøyrande strategidokument, der det er foreslått stor grad av fortetting, auka byggehøgde og auka busetting i indre sentrumssone. Tiltaket vil vere i samsvar med arealformål og utnyttingsgrad i eksisterande reguleringsplan, men i motstrid når det gjeld byggehøgde. Når det gjeld byggehøgde er det i strategidokumentet vist til at aktuelle område for auka byggehøgde bør takast stilling til gjennom ein områderegulering. Planområdet grensar til og vil i stor grad påverke busetnaden i Smithsgate og på Hauane.

Med dei krav og råd ein har kome med i oppstartsmøte, oppfølgingsmøte og i saksdokumentet er rådmannen trygg på at ein gjennom det vidare planarbeidet vil kunne fram til ein plan som kan legge rette for ei god og framtidretta sentrumsutvikling i området.

Med føresetnad om at planområdet vert avgrensa i samsvar med administrasjonen sine råd kan Rådmannen rå til at det vert sett i gong arbeid med detaljregulering for Storgata 7 og 9.

Rune Sjørgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Per Mulvik AS v/Jan Magnus Ose, [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)  
Storgata 7 og 9 v/Tore Aarflot, [tore@mre.no](mailto:tore@mre.no)

**Klageinstans:**

Ikkje klagerett

Hei

Sender over redigert planinitiativ.

Har ein avtale med Jørgen Amdam om at vi skal presentere planane i møtet 5. februar og informasjonen han gav til oss var at dei dermed ville ta opp saka i møtet etterpå.

Mvh  
Tore Aarflot

---

**Fra:** Tore Aarflot <tore@mre.no>

**Sendt:** 21. januar 2019 11:32

**Til:** Tonje Aarflot <Tonje.Aarflot@mre.no>; Anders Aarflot Nupen <anders.nupen@tussa.no>; Tore Aarflot <tore@mre.no>; Tore Aarflot <tore.aarflot@gmail.com>

**Emne:** VS: 2818 Detaljregulering Storgata

---

**Fra:** Jan Magnus Ose <[jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)>

**Sendt:** 21. januar 2019 09:45

**Til:** Tore Aarflot <[tore@mre.no](mailto:tore@mre.no)>

**Emne:** 2818 Detaljregulering Storgata

Hei!

Viser til samtale før helga, og sender deg forslag til revidert planinitiativ iht. avtale.

Har oppdatert vedlegg nr.1, fjerna ordlyd og vedlegg som gjeld Storgata 8, og lagt til møtereferat frå oppstartsmøtet og oppfølgingsmøtet.

Legg også ved word-fila om der er behov for mindre justeringar.


Skal be Ottar sende faktura på det som står att.

Mvh  
For Per Mulvik AS  
Jan Magnus Ose


Direkte: 70 07 49 94  
Sentralbord: 70 07 49 90  
E-post: [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)







Vedlegg nr.1



A	Justert grense	JMO	21.01.19
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma	Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentralt: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no	
Prosjektnavn: Detaljreguleringsplan for Storgata 7-9			
Oppdragsgivar: Tore Aarflot Hasleveggen 17 6102 Volda			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Framlegg til plangrense		Teikna av: JMO Dato: 23.11.18 Kontr.av: Dato: Erstattaar teikn.:	
Teikningstype: Planinitiativ			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2818	901	1:500	A



2818\_Eksisterende bebyggelse



Figur 1: Storgata 5, 7 og 9



Figur 2: Storgata 9 og 7 fra krysset Storgt./Kyrkjegt./Seljeb.



Figur 3: Storgata 6 og 8 til høyre, Storgata 5 til venstre.



Figur 4: Utsnitt av Smithsgate sett fra Storgata 5 og nordover.



Figur 5: Utsnitt fra Smithsgate sett fra Storgata 5 og sørover.



Figur 6: Øvre del av Smithsgate – mot Seljebakken. Storgata 9 til høyre.



2818\_Eksisterende bebyggelse



Figur 7: Smithsgate sørover fra Seljebakken



Figur 8: Utsnitt vest for/bak Storgata 7 mot Storgata 5.



Figur 9: Storgata 7 og 9 sett fra Storgata.



Figur10: Storgata 9 og 8 sett fra Seljebakken med kyrkja i bakgrunnen.



Figur 11: Storgata 8 fra krysset Storgata-Kyrkjegata-Seljebakken.



Figur 12: Baksida av Storgata 8 med Kyrkjegata 4 til høyre.





Figur 2: Dronefoto mot vest over planområdet.





Situasjonsplan (A3H)

29.08.18

Storgata 7 AS

100.0





Plan 1. etasje (A3H)

29.08.18

Storgata 7 AS

100.0






20352

Section 1

Snitt




Plan 2. etasje (A3H)

29.08.18

Storgata 7 AS

100.0





Plan 3. etasje (A3H)

29.08.18


Storgata 7 AS

100.0



Section 1

Snitt



Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt1

Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt

Plan 4. etasje (A3H)


Storgata 7 AS

100.0

29.08.18







Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt1

Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt1

Plan 5. etasje (A3H)

Storgata 7 AS

100.0

29.08.18





Section 1

Snitt

Section 1

Snitt

Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt

Lengdesnitt - nytt1

Lengdesnitt - nytt1

N

B

O

D

C

L

E


H

F

Mi

Room  
148.1 m<sup>2</sup>

Room  
128.1 m<sup>2</sup>



Plan 6. etasje (A3H)


29.08.18

Storgata 7 AS

100.0



2 Snitt  
1 : 200



1 Lengdesnitt - nytt  
1 : 200

Storgata 7 AS

100.0

Snitt (A3H)

29.08.18





Perspektiv opp Storgata (A3H)

29.08.18

Storgata 7 AS

100.0





Perspektiv opp Tausakjerringgata (A3H)

29.08.18

Storgata 7 AS

100.0





2818\_Fjernverknader av Storgata 7-9



Figur 1: Frå over rådhuset



Figur 2: Frå rådhusomtå mot krysset Storgata/Kyrkjegata/Seljebakken.



*Figur 3: Over Seljebakken mot Rotsethornet*




*Figur 4: Frå Hauane*





Figur 5: Frå Hauane



Figur 6: Over Smithsgate oppover mot Seljebakken



Figur 7: Frå Rådhusmarka




Figur 8: Oppover Smithsgate





*Figur 9: Oppover Smithsgate*



*Figur 10: Langs Kyrkjegata*



Figur 11: Fugleperspektiv



Figur 12: Nedover Storgata mot krysset Storgata/Kyrkjegata/Seljebakken







Figur 13: Fugleperspektiv




Figur 14: Frå rådhuset



*Figur 15: Frå krysset Rådhusgata/Gymnasvegen*



*Figur 16: Nedover Storgata*



*Figur 17: Frå seljebakken og nedover Smithsgate*



*Figur 18: Frå taket på Storgata 8*






Figur 19: Frå over rådhusmarka



Figur 20: Oppover Storgata

2818\_Fjernverknader av Storgata 7-9



Figur 21: Soltilhøve ved midtsommar



Figur 22: Soltilhøve ved vårjamndøgn





# VOLDA KOMMUNE

## Utvikling

### REFERAT

**Frå:** Heidi Istad

**Kopi:** Utvikling, Teknisk sektor, Utvikling

**Sak:** Gbr 19/70 og 19/170 Riving Storgata 9 og utbygging mellom Storgata 7 og Storgata 9

<i>Arkivsak nr.</i> 2018/882	<i>Løpenr.</i> 5783/2018	<i>Arkivkode</i> 19/70	<i>Avd / Sakshandsamar</i> UTV/ HEIIST	<i>Dato</i> 25.04.2018
---------------------------------	-----------------------------	---------------------------	---	---------------------------

Referat frå førehandskonferanse Gbr 19/70 og 19/170 om riving Storgata 9 og utbygging mellom Storgata 7 og Storgata 9

Møtedato: 24.04.2018	Møtetid frå – til:	Stad: Rådhuset
Møteleiar: Jørgen Vestgarden		Referent: Heidi Istad
Til stades: Anders Nupen og Tore Aarflot frå Tiltakshavar. Jørgen Vestgarden, Heidi Istad, Per Heltne og Regine Aklestad frå Utvikling. Edvin Løfoll frå Teknisk sektor.		Fråvere:

Orientering frå tiltakshavar(TH)	TH orienterte om historia til eigedomen. Kjøpte Storgata 9 med tanke på utviding av trykkeriet, men dette vart uaktuelt. Fylkeskommunen si kulturavdeling meiner Storgata 9 har lav verneverdi og kan rivast. Ønskjer å bygge i høgda. Har gåavstand til det meste. Ønskjer maks utnytting, men med visuelt bra uttrykk. Vil slå saman eigedomane og bygge eit samla bygg. Ønskjer høgde og volum som gjer det muleg å bygge ut økonomisk sett. Har vore i kontakt med Storgata 8 om felles plan. Jobbar no med kvar sine bygg/eigedomar. Målet med dette førebuande møtet er å få konkrete føringar for planarbeidet som gir mulegheit for å kunne låse bygget sitt fotavtrykk.
Trafikk/veg	Vil på sikt bli vurdert innføring av parkeringsforbod i Seljebakken og Gamlevegen. Seljebakken har pr. i dag 50 km/t og det ligg ikkje føre konkrete planar om endring. Storgata er vurdert å endre til forkøyrsvog 50 km/t. Usikkert tidsperspektiv når dette kan gjennomførast. For den vidare planlegging av utbyggingsprosjektet kan ein planlegge ut frå Storgata som forkøyrsvog. Kan planlegge ut frå 30 sone i Smithsgate. Fortau langs Seljebakken og Storgata. Tilkomst via Smitshgate, både inn og utkøyring.
Visuelt uttrykk	Gjerne moderne arkitektur. Ligg utanfor bygningsmiljøområdet på Hauane, men må forhalde seg til bygningane rundt. Ønskjer eit bygg



	som tek seg godt ut. Eit bygg for si tid. Volumet vil påverke uttrykket. Kan gjerne velje anna farge enn grå eller kvite fargar. Heildekkande reflekterande flater er ikkje ønskjeleg.
Parkering	1 parkeringsplass og 1 sykkelparkering pr. leilegheit. Ladepunkt for elbil etter sentrale forskrifter. Overdekt parkeringsplass for sykkel og bil.
Byggehøgd	Skeptisk til høghus, men prosjektet si utforming, volum, med inntrekte etasjar, opne «rom» og tilpassing til omgjevnader vil vere avgjerande. Uheldig å sperre utsikt mot Hauane. Bør visualisere prosjektet frå viktige siktpunkt for å synleggjere konsekvensar for omgjevnadane med spesielt fokus på Hauane.
Byggegrenser	Byggegrenser mot veg må i utgangspunktet vere i samsvar med gjeldande reguleringsplan.
Gjeldande plan og plankrav	Krav om detaljregulering, gjerne felles med Storgata 8. Krav om oppstartsmøte. Før oppstartsmøte må det leverast førebuande planmateriale i samsvar med krav i «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova» jf. vårt informasjonsskriv.

Tore Aarflot

**Fra:** Toril Moltubakk [<mailto:Toril.Moltubakk@mrfylke.no>]

**Sendt:** 11. oktober 2016 11:30

**Til:** Tore Aarflot <[tore@mre.no](mailto:tore@mre.no)>

**Emne:** SV: Spørsmål om verneverdi av Storgata 9 i Volda

Huset ser ut til å vere relativt mykje ombygd, men ut frå SEFRAK-opplysningane ser det ut til å ha vore eit relativt «moderne» hus da det var bygd. Det står og nemnd at det finnst eldre bilete av huset.

Som du ser av kartet er der i Volda bevart store mengder av bygg frå siste halvdel av 1800-talet. Med bybrannar og bombingar under 2. verdskrig er dei størtre tettsteda i Møre og Romsdal stort sett prega av nyare arkitektur og byplanar. Volda er såleis spesiell her med ein

så stor del av sentrum som er prega av tradisjonell norsk byggeskikk med ei blanding av byhus og gardsbygningar/uthus med dyrehold. Storgata 9 ligg i ein samanheng med fleire nyare hus, og veg på tre sider.

Det kan sjå ut som dette er eit hus vi ikkje vil gå for hardt inn for å ta vare på, men vi må da sjå litt nærare på miljøet og tilstanden på husa omkring, og sjå kor endra dette huset eigenleg er frå opphavleg der eldre foto vil gjere det lett å vurdere. Dessverre har ikkje Google køyrd gatelangs og laga streetview av Volda slik at eg kan sjå det herifrå.

Toril Moltubakk  
Arkitekt/ rådgiver Kulturvernerseksjonen



Per Mulvik AS v/ Jan Magnus Ose

Arkivsak nr. 2018/2011      Løpenr. 15482/2018      Arkivkode      Avd/Sakshandsamar UTV/ HEIIST      Dato 08.11.2018

## REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE - DETALJREGULERING FOR STORGATA 7, 8 OG 9, PLANID 2018003

### 1. Innleiing

Møtestad: Volda kommune, rådhus	Dato: 05.11.2018
Deltakarar: Plankonsulent: Jan Magnus Ose frå Per Mulvik AS Forslagsstillar: Storgata 7 og 9: Tore Aarflot, Anders og Tonje Aarflot Nupen Storgata 8: Birger Løken og Anders Leikanger	
Frå kommunen:	
- <i>Barnerepresentant</i>	Steinar Ose Velle
- <i>Landbruk</i>	Ingen, ikkje relevant.
- <i>Oppmåling</i>	Ingen
- <i>Veg</i>	Edvin Løfoll
- <i>VA</i>	Lars Fjærvoll
- <i>Plan</i>	Heidi Istad
	Berit Sandvik Skeide

### 2. Generelle opplysningar

Namn/arbeidstitel (adresse/stadsnamn): <b>Detaljregulering for Storgata 7 – 9 m. fl.</b>
Plantype: <input type="checkbox"/> Områdereguleringsplan <input checked="" type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Reguleringsendring
Eigedom (gnr./bnr.): Gbnr. 19/170 (Storgata 7) og gbnr.19/17 (Storgata 9), Gbnr. 19/993 (Storgata 8)
Plankonsulent: Per Mulvik AS v/Jan Magnus Ose.
Adresse: Holmen 7, 6100 Volda

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon:

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

Fakturaadresse: Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda
E-post: jan@mulvik.no
Tlf.:
Forslagsstillar: Storgata 7 AS, Storgata 7, 6100 Volda og Birger Løken Egedomsselskap AS, Bøkevegen 9, 6103 Volda.
Nasjonalt planID: <b>2018003</b>
Sakshandsamar i kommunen: Heidi Istad
E-post: heidi.istad@volda.kommune.no
Tlf.: 46915455

### 3. Føremål med planarbeidet

#### Storgata 7/9:

- Vidareutvikle eigedomane ved å sanere utdatert bygningsmasse på gbnr.19/17 og bygge på
- og til eksisterande bygning på gbnr. 19/170.
- Ønskjer å byggje i inntil fem etasjar over tilstøytande gateplan.
- Ønskjer å legge til rette for attraktive sentrumsleilegheiter nær viktige sentrumsfunksjonar.
- Vil vidareføre og utvikle dagens bruk av bygningsmasse på gateplan til forretning/kontor m.v.

#### Storgata 8:

- Ønskjer å vidareutvikle eigedomen ved påbygg i to etasjar for leilegheiter i tråd med nye signal om auka fortetting og byggjehøgde i sentrum.
- Vil også bygge om andre etasje til leilegheiter.
- Vil vidareføre/utvikle dagens bruk av bygningsmasse på og under gateplan.
- Vil samtidig pusse opp fasadane på eksisterande bygningsmasse.

### 4. Planstatus

Plan	Merknad/kommentar:
<i>Kommuneplanen sin arealdel</i>	Er under revisjon. Jf. dagens KDP er området unntatt rettsverknad og det er eksisterande RP som er gjeldande. Arealbruksformål forretning/kontor/bustad i KDP for Volda sentrum.
<i>Kommuneplanen sin samfunnsdel</i>	Det er ei målsetting om at fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.
<i>Reguleringsplan.....</i>	Reguleringsplanen for Volda sentrum 1987007(«Ridderstrømplanen»). Forretning 2 etasjer. Her inngår dei tre eigedomane i sona for forretning, kontor m.v. der bustadar kan etablerast frå 2. etasje og oppover.
<i>Anna:</i>	I arbeidet med ny kommuneplan er det utarbeid fleire grunnlagsdokument m.a. «senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» og «bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda»

	sentrum» . Der det kjem fram at planområdet inngår i det som kommunen definerer som areal med utviklings- og fortetningspotensiale der ein m.a bør prioritere større grad av leilegheiter og høgare grad av arealutnytting i indre sentrumssone.
--	--

## 5. Avklaring av planprogram

Utløyser planen krav om planprogram, jf. § 4-1 i PBL? Har planen vesentlege verknader for miljø og samfunn?	Merknad/kommentar:
<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Arealbruksformålet er i samsvar med reguleringsplanen. Sjølv om ønskt byggehøgde bryt med reguleringsplanen

## 6. Avklaring av konsekvensutgreiing (KU)

Utløyser planen krav om KU, jf. § 4-2 i PBL?	Merknad/kommentar:
<input type="checkbox"/> Tiltaket krev KU <input type="checkbox"/> Plankonsulent må gjere ei vurdering av om prosjektet utløyser krav om KU <input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket krev ikkje KU	Tiltaket er i stor grad i samsvar med eksisterande reguleringsplan og overordna plan. Er vurdert etter KU-forskrift §8 og 10 og det er konkludert med at planen ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

## 7. Felles handsaming av plan- og byggesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggesak?	Merknad/kommentar:
	Forslagsstillar er usikre, men meiner dette kan vere aktuelt. Vil komme med tilbakemelding på dette før saka vert handsama av formannskapet. Må legge til grunn at det vil vere behov for utbyggingsavtale. Dette må også varslast om i samband med kunngjering av planoppstart.

## 8. Viktige planfaglege tema for arbeidet - førebels vurdering

Følgjande tema må omtalast nærare av konsulent:	Merknad/kommentar:
<i>Barn og unge sine interesser i planområdet</i>	Må vere tema i planomtale. Det må sikrast areal til leik og uteopphaldsareal i samsvar med kommunen sin «retteleiar for leike- og aktivitetsområde», som har vore på høyring. Det må utarbeidast eigen illustrasjon som viser planlagt opparbeiding av leikeareal og andre uteopphaldsareal, som skal vise innhald, utforming og materialbruk. Rådhusparken og andre parkar i nærleiken kan inngå som kvartalsleikeplass for prosjektet. Det er viktig å sikre gode trafikksikre løysingar for barn og unge, gjeld både tilkomst til bygget, skuleveg og ferdsel til leikeareal.



<p><i>Teknisk infrastruktur og trafikktilhøve</i></p>	<p>Det må utarbeidast VA-rammeplan for prosjektet. Det vil vere behov for omlegging av vassleidning. Kommunen har pr. no ikkje opplysningar om kapasitet på avløpsnettet i området. Det skal ikkje tilførast meir overvatn inn på VA-nett enn i dag. Det kan derfor vere behov for fordrøyning av overvatn inne på tomtene. Det må dokumenterast korleis avrenning og avrenningsfart vert endra og teke i vare. Behov for brannvatn må gjerast greie for og avklarast med brannvesenet.</p> <p>Storgata skal ha ein normalprofil med utgangspunkt i gjeldande vegnormal. Forslagsstillar avklarar normalprofilar for vegar i planområdet med Teknisk sektor. Kan ha langsgåande kantparkering, dersom det er gjennomførbart. Det skal leggast vekt på trafikktrygge løysingar, særleg med omsyn til barn og eldre med orienteringsutfordringar. Vegen er ein viktig sameveg, utan tilrettelegging for kollektivtrafikk. Må ta utgangspunkt i dagens situasjon med fartsgrense 50 km/t utan forkøyrregulering. Det same gjeld Seljebakken og Kyrkjegata. Smithsgate kan planleggast ut frå 30-sone. Teknisk sektor leverer tilgjengelege trafikktalet for Storgata til forslagsstillar.</p>
<p><i>Sosial infrastruktur</i></p>	<p>Utbyggingsprosjektet ligg i indre sentrumssone med god tilgang til sosial infrastruktur.</p>
<p><i>Miljøfaglege tilhøve (luft, støy, radon, geoteknikk)</i></p>	<p>Planområdet ligg i område med marine avsetningar og det må gjennomførast geologiske grunnundersøkingar. Det må gjennomførast støyvurderingar og nødvendige tiltak må settast krav om i planframlegget. ROS-analyse kan avdekke behov for andre utgreiingar.</p>
<p><i>Universell utforming</i></p>	<p>Planframlegget må legge til grunn krav til universell utforming jf. teknisk forskrift. Som bustadprosjekt i indre sentrumssone bør ein i størst muleg grad tilstrebe tilgjengelege bueiningar, sjølv også for mindre bueiningar.</p>
<p><i>Natur og ressursgrunnlag (landskap, naturmangfald) Estetikk/typologi/byggeskikk</i></p>	<p>Ikkje aktuelt.</p> <p>Estetikk/typologi/byggeskikk er eit viktig tema som det bør leggast stor vekt på i planarbeidet. Det må gjerast ei vurdering av tiltaket sine estetiske sider, både i forhold til seg sjølv, til omgjevningane og fjernverknad. Det er viktig med gode illustrasjonar som viser konsekvensar for naboar og som synleggjer verknader for særpreget og totalinntrykket i området. Det må leggast ved gateopprikk for begge sider av Storgata. Terrengprofilar som viser konsekvensar for busetnaden i Smithsgate og på austsida av gata Hauane. Det må utarbeidast sol/skuggeanalyse som viser før og ettersituasjon for råka busetnad. Kommunen er positive til fortetting med påbygg i høgda, men vil ikkje kunne ta endeleg stilling til byggehøgda før komplett planforslag er motteke. Det skal leverast volummodell av bygg basert på maksimal utnytting av</p>

	<p>planen. Dette skal vere ein enkel modell utan arkitektur eller utforming som kommunen kan sette inn i eigen terrengmodell. Det kan i tillegg leverast volummodell av bygg med i større grad vekt på arkitektur og utforming. Dette kan særleg vere aktuelt ved samtidig handsaming av plan og byggesak.</p>
<i>Verneinteresser (biologisk mangfald, fornminne)</i>	<p>Kulturminneinteresser knytt til SEFRÅK-bygg må vurderast. Kommunen gjer merksam på at uttale frå kulturvernmynde berre kan sjåast på som signal i tidleg planfase.</p>
<i>Risiko og sårbarheit (ROS) (flaum, rasfare)</i>	<p>Det kan nyttast sjekklister frå FM som utgangspunkt for ROS-vurdering.</p>
<i>Levekår og folkehelse</i>	<p>Planprosjektet sine verknader for levekår og folkehelse skal vere tema i planarbeidet.</p>
<i>Medverknad</i>	<p>Planområdet ligg i eit sentralt område i Volda sentrum og har karakter av eit områdeutviklingsprosjekt. Utbyggingsplanane vil derfor truleg vere av interesse for fleire enn dei som vert direkte berørt av planarbeidet. Det bør derfor inviterast til eit ope orienteringsmøte i samband med oppstart av planarbeidet.</p>
<i>Konsekvensar for miljø og samfunn</i>	<p>Skal vurderast og må vere tema i planomtalen.</p>

## 9. Avgrensing av planområdet

Viser til forslagsstillar sitt forslag til planavgrensing. Dette synes som eit noko for lite planområde. Storgata mellom kryss Halkjelsgata til kryss Seljebakken/Kyrkjegata i tillegg til Smithsgate, Seljebakken og Kyrkjegata til senterlinje må inngå i planområdet. Vidare må Kyrkjegata 4 og Storgata 6 inngå i planområdet. Det er viktig at planområdet er stort nok til at alle frisktsoner og areal med behov for endringar i forhold til gjeldande situasjon, i og utanfor eksisterande planar, vert tatt med. Dersom det er behov t.d. endra kryssingspunkt for mjuke trafikantar bør dette takast inn i planen. Det same gjeld dersom det er behov for å fastsette endring av dagens kryss Seljebakken – Storgata meir i retning av dagens situasjon. Plankonsulent sender nytt forslag til planavgrensing som administrasjonen tar stilling til før handsaming av planinitiativet i formannskapet.

## 10. Moment det er usemje om

Moment	Merknad/kommentar:
Planavgrensing	<p>Forslagsstillar og administrasjonen er ikkje samd i planavgrensinga. Administrasjonen meiner at planområdet må utvidast til m.a. å omfatte Storgata ned til kryss mot Halkjelsgata. Bakgrunnen for dette er forslagsstillar sitt ønske om langsgående parkering i Storgata. Storgata har pr. i dag ei vegbreidde på om lag 5,5 m i tillegg til langsgående parkering og fortau. Dette er for smalt og fungerer dårleg for ein sentral kommunal samleveg, og det vil vere</p>

	behov for utviding. Det vil vere lite hensiktsmessig med tilrettelegging for utviding av køyrebane berre på strekninga langs Storgata 7-9, og administrasjonen ber derfor om at planområdet vert utvida slik at heile strekninga frå Kyrkjegata/Seljebakken ned til Halkjelsgata vert tatt inn i planområdet. Areal til fortau og ev. langsgåande kantparkering langs strekninga må også inngå i planområdet. Må elles ta med stort nok planområde slik at frisktsoner vert liggande innanfor planområdet.
--	--

## 11. Gjennomføring

Aktuelle rekkefølgekrav:	Merknad/kommentar:
<input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av kommunal-teknisk anlegg	Gjeld veg og VA-anlegg. Vert avklara som del av planarbeidet.
<input type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av annan infra-struktur	

## 12. Oppstart av planarbeidet

	Merknad/kommentar:
<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen rår til oppstart av reguleringsplanarbeid	Administrasjonen er i utgangspunktet positive til planprosjektet under føresetnad om at forslagsstillar endrar planavgrensinga i samsvar med administrasjonen sine signal. Alle planinitiativ skal handsamast av formannskapet.
<input type="checkbox"/> Kommunen rår ikkje til oppstart av reguleringsplanarbeid	
<input type="checkbox"/> Tiltakshavar kan be om at oppstart av reguleringsplanarbeid vert lagt fram for politisk handsaming	
Planavgrensinga skal godkj. av kommunen før planarbeidet vert kunngjort. Godkjent avgrensing vert sendt til plankonsulent etter vedtak om planoppstart i formannskapet.	
Annonsetekst, varslingsbrev, varslingsliste og ev. planprogram skal avklarast med kommunen før utsending.	

## 13. Komplet planforslag - innhald og materiell

Materiell:	Merknad/kommentar:
Plankart i målestokk 1:1000	X
Reguleringsføresegner i PDF og Word-format	X
Planomtale med ev. KU i PDF og Word-format	Ikkje krav om KU.
ROS-analyse	X
Planprogram i PDF og Word	Ikkje krav om planprogram.
Illustrasjonar og modellar	X – sjå punkt om estetikk.
Kopi av annonse planoppstart med påført dato	X
Kopi av varslingsbrev	X

Varslingsliste	X
Dokumentasjon av samråds- og medverknadsprosess	X
Innspel/merknader med konsulent sine kommentarar	X
Kopi av utgreiingar, møtereferat, innspel etc.	X
Plankart i gjeldande SOSI-format, jf. til ei kvar tid gjeldande Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister	X

## 14. Gebyr

Kommunen har orientert om kommunen sitt gebyrregulativ. Ved innsending av planforslag, skal konsulent oppgje fakturamottakar.

## 15. Stadfesting

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentlig ettersyn, vert gjort av konsulent.

Med helsing

Heidi Istad  
planleggar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Steinar Ose Velle  
Berit Sandvik Skeide  
Lars Fjærvold  
Edvin Løfoll



# REFERAT

**Frå:** Heidi Istad

**Kopi:** Veg og park, Utvikling

**Sak:** Planid 2018003 - Detaljregulering for Storgata 7, 8 og 9.

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2011	560/2019	2018003	UTV/ HEIIST	11.01.2019

Referat frå oppfølgingsmøte 09.01.2019 - oppstart av planarbeid Storgata 7 - 9 planID 2018003

Møtedato:	Møtetid frå – til:	Stad:
09.01.2019	13.00 – 14.15	Volda rådhus
Møteleiar: Heidi Istad	Referent: Heidi Istad	

Til stades	Funksjon/rolle
Heidi Istad, Berit Sandvik Skeide,	Sektor for Utvikling, Volda kommune
Edvin Løfoll	Teknisk sektor, Volda kommune.
Tore Aarflot, Tonje Aarflot Nupen, Anders Aarflot Nupen	Forslagsstillar, Storgata 7 og 9
Arvid Hovden, Birger Løken.	Forslagsstillar, Storgata 8
Jan Magnus Ose	Plankonsulent, Per Mulvik AS
Ikkje til stades	Funksjon/rolle
Birger Løken	Forslagsstillar, Storgata 8

## Formål med møtet:

Avklare og om muleg, verte samde om problemstillingar forslagsstillar og kommunen ikkje vart samde om i oppstartsmøtet. Plankonsulenten hadde på førehand sendt inn brev med kommentarar til referatet frå oppstartsmøte.

Sak	Diskusjon
Storgata 8	Representant for Storgata 8 gjorde klart at det på grunn av uavklarte forhold ikkje er aktuelt med detaljregulering for eigedommen no. Dette er tidlegare gjort greie for i brev motteke 04.11.2018.
Forkøyrregulering	Administrasjonen stiller seg undrande til at forslagsstillar oppfattar referatet frå oppstartsmøte til å vere i motstrid til tidlegare signal om trafikkregulering i Storgata. Administrasjonen presiserer at det er sterkt ønskjeleg med forkøyrregulering av trafikken i Storgata! Det er likevel skiltplanen som fastsetter dette. Administrasjonen vil i sitt forslag til revidert skiltplan foreslå forkøyrregulering i Storgata. Skiltplan for det aktuelle området er under revisjon (vår 2019), og ein gjer merksam på at planen skal politisk handsamast, og at administrasjonen ikkje kan føregripe resultatet av handsaminga. Administrasjonen kan akseptere at forslagstillar planlegger ut

frå forkøyrregulert trafikk, men ein gjer merksam på at det kan bli stilt rekkjefølgjekrav om endra skiltplan før utbygging kan igangsettast! Forslagsstillar må avgjere om dei skal avvente vidare planlegging til skiltplanen er vedtatt.

Avvik frå siktkrav	Plankonsulent stilte spørsmål om det kan vere eit alternativ å gjere avvik frå krav til sikt i kryss. Administrasjonen meiner dette ikkje er aktuelt ut frå trafikkmengde og målt fartsnivå.
Fartsgrense	Fartsgrense, trafikkmengde og trafikkregulering påverkar krav til sikt i kryss. Dagens situasjon med uregulert trafikk og 50 km/t gjer det nærast umuleg å utvikle Storgata 7 og 9. Administrasjonen vil i revidert skiltplan foreslå 40 km/t. Forkøyrregulering har ein tendens til å medføre auka fartsnivå og det gi behov for fartsreducerande tiltak. Det er muleg å planlegge ut frå 40 km/t, men ein må då vere merksam på at det kan bli knytt rekkjefølgjekrav til vedtak om endra skiltplan før oppstart av utbyggingsprosjektet. Forslagsstillar ønskjer 30 km/t i Storgata med bakgrunn i at dette er å sjå på som ei bustadgate. Administrasjonen gjer klart at Storgata er ein viktig samleveg med stor trafikk og at det er vanskeleg å styre trafikantane sine vegval. Ein må uansett vegstatus ta høgde for stor trafikkmengde i denne delen av Storgata. Nedsetting av fartsgrense til 30 km/t i området må ein vurdere ved revisjon av ein større del av skiltplanen, gjerne i samband med ny områderegulering for sentrumskjernen/ indre sentrumssone.
Planavgrensing	Kommunen må sikre ei trygg trafikklysing for alle trafikantgrupper og det er derfor viktig å sikre at større utbyggingsprosjekt langs sterkt trafikkerte vegstrekningar ikkje går på bekostning av trafikktryggleik. Administrasjonen er samd i at det er ei kommunal oppgåve å planlegge og opparbeide kommunalt vegnett. For Storgata sin del vil dette inngå i ny områderegulering. Det er usikkert når ein får prioritert arbeidet med ny områdeplan. Administrasjonen ønskjer å starte på dette arbeidet i 2019, men er avhengig av økonomiske ressursar og prioritering av planleggingskapasitet. Tidsmessig vil det derfor, for forslagsstillar, vere ein stor fordel om ein tek dette inn i detaljreguleringa for Storgata 7 og 9. Dette vil også gi forslagsstillar større grad av påverknad/kontroll med valde løysingar i planforslaget.

Utbetring av Storgata mellom Seljebakken/Kyrkjegata og Halkjelsgata vil vere avhengig av kva ein kan få til med omsyn til dagens bygg og konstruksjonar langs og i vegen. Større bygningskompleks kan medføre fleire begrensingar for utviding av Storgata. På same vis kan utbetring av Storgata ha konsekvensar for tilstøytande eigedomar og parkeringsløysingar. Planlegging av bygg og gateutviding bør derfor gjennomførast samtidig, alternativt må ein avvente planlegging av Storgata 7 – 9 til den kommunale områdereguleringa.

Forslagsstillar har lite forståing for administrasjonen sitt syn på planavgrensinga og meiner utbyggingsprosjektet i Storgata 7 og 9 ikkje vil påverke ei ev. utbetring av Storgata. Forslagsstillar viser til planar om kulturhus som vil auke trafikkmengda i Storgata og foreslår at vegparsellen bør inngå i detaljregulering for nytt kulturhus.

Det er ikkje ønskjeleg å belaste utbyggjar for ev. nødvendig forprosjektering av utbetring av Storgata. Her må ein kunne bli samde om ei fordeling av



ekstrakostnader knytt til det kommunale vegnettet. Dersom det etter høyring av planforslaget viser seg vanskeleg å kome i mål med godkjenning av reguleringsplan, som følgje av problemstillingar som gjeld kommunalt behov for vegutbetringa, kan ein vurdere å utsette denne delen av planen til områdereguleringa.

Som gjort greie for i referatet frå oppstartsmøtet, er det ønskeleg å endre plansituasjonen for kryss Seljebakken – Storgata meir i retning av dagens situasjon. Dette vil gi meir føreseielege rammer for prosjektet. Alternativt kan kommunen ta det med i områdereguleringa.

Administrasjonen held fast på sitt syn på planavgrensing frå oppstartsmøtet. Forslagsstillar er ikkje samd, men får mulegheit til å imøtekome administrasjonen sitt forslag før sak til Formannskapet vert fremma. Jf. telefonsamtale med forlagsstillar i etterkant av møtet tek ein sikte på handsaming av spørsmål om planoppstart i Formannskapet 05.02.

---

#### Normalprofil

Vegstrekninga har stor trafikk og har funksjon som ein kommunal hovudsamleveg. Kommunen må sikre trygg trafikk-løysing for alle trafikantgrupper og det er derfor viktig å sikre at større utbyggingsprosjekt langs sterkt trafikkerte vegstrekningar ikkje går på bekostning av trafikktryggleik.

Forslagsstillar er ikkje samd i behovet for vegutbetring og meiner det ikkje er aktuelt å fjerne dei langsgåande parkeringsplassane, då desse også vil vere med på å dempe fartsnivået i vegen og er svært viktig for næringsdrivande i området. Administrasjonen meiner ein først og fremst må sikre god oversikt over gateløpet og trafikksituasjonen med t.d. mjuke trafikantar som skal krysse vegen.

Forslagsstillar meiner det er Industrigata og Lerkene som er den vestlege hovudsamlevegen ned frå øvre delar av Volda sentrum, og viste til at dette går fram av anbodsokument i samband med opparbeiding av rundkøyringa i Storgata. Administrasjonen held fast på at Storgata frå rundkøyringa til Sjøgata er ein viktig samleveg. Trafikktal viser stor trafikkmengde og at det uansett er vanskeleg å styre trafikkstrøymane og bilistane sine val.

Normalprofil for Storgata må ta utgangspunkt i N100 og målsettinga er å oppnå minimum den køyrebanebreidde ein har lengre oppe i samlevegssystemet (6,5 m køyrebanebreidde). Med omsyn til tryggleik for mjuke trafikantar er det i størst muleg grad ønskeleg med fortausbreidde på 2,5 m. Dagens situasjon gjer at dette er vanskeleg å få til. Spesielt på austsida vil ikkje dette vere muleg å oppnå. På vestsida vil ein truleg også måtte akseptere fortausbreidde under 2,5 m. Om nødvendig må ein fjerne langsgåande parkering for å oppnå tilfredstillande fortaus- og køyrebanebreidde.

Plankonsulenten stilte spørsmål om det kunne vere muleg å setje igong eit eige forprosjekt for å finne ut kva normalprofil som er muleg å kunne få til på strekninga. Administrasjonen meiner dette bør gjerast som ein del av planarbeidet og viser til at dette må vurderast nærare.

---

#### Medverknad

Administrasjonen held fast på råd om eit ope informasjonsmøte ved

oppstart. Viktig at alle får lik informasjon. Kommunen kan stille på møtet og om behov svare på spørsmål og orientere om det som gjeld tilrettelegging for vegutbetring i Storgata. Forslagsstillar har forståing for behovet for ein open medverknadsprosess og vil legge opp til eit ope møte der kommunen kan orientere om det som gjeld Storgata.

Vidare prosess	Administrasjonen gjer merksam på at føresetnadane for reguleringsarbeidet vil kunne endre seg gjennom planprosessen som følge av m.a. innspel til planarbeidet og forhold ein ikkje har kontroll på i dette stadiet. Administrasjonen vil så snart som muleg fremme sak for Formannskapet. Dersom administrasjonen skal tilrå oppstart av planarbeidet no, må forslagsstillar legge fram nytt forslag til planavgrensing i samsvar med administrasjonen sine råd. Alternativt vil administrasjonen rå til at forslagsstillar avventar oppstart av detaljregulering i påvente av områderegulering for sentrumskjernen.
Felles handsaming plan og byggesak?	Forslagsstillar har kome fram til at det ikkje er ønskjeleg med felles handsaming av plan og byggesak.
Konsekvensar for andre reguleringsplanar.	Konsekvensar for tilgrensande planar er ein del av det som må belysast gjennom planarbeidet. Eksisterande planar er på same måte som ein må ta omsyn til ved planlegging av vegutbetringar. Det er muleg å endre alle planar jf. pbl. 12-14 uavhengig av ev. tidsfristar for gjennomføring av ein plan.
Politisk representant i oppstartsmøte.	Volda kommune har ingen prosedyre for at det skal vere politisk representant i oppstartsmøte. Oppstartsmøtet er eit møte der forslagstillar får faglege råd om planprosessen. Politikarane vert orientert om oppstart av planarbeidet og kva råd administrasjonen har kome med i eiga politisk sak/orientering før formell oppstart av planarbeidet.
Føreseielege råd i oppstartsmøte	Forslagsstillar er kritisk til formulering i referat frå oppstartsmøte om at «verken oppstartsmøtet, eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga». Administrasjonen gjorde greie for at dette er standard formuleringar for å opplyse om at det gjennom planprosessen han kome til opplysningar og kunnskap som endrar føresetnadane og grunnlaget for dei råd ein kjem med i oppstartsmøtet.
Erstatning for langsgåande parkeringsplassar	Representant frå Storgata 8 viste til at grunneigarane i nedre del av Storgata har rett til å få erstatta dei langsgåande parkeringsplassane som ev. vert fjerna, og stilte spørsmål om kvar desse ville kome. Administrasjonen var ikkje kjent med dette og meinte ein må kome tilbake til dette under arbeidet med reguleringsplanen.
Ombygging 2. etasje Storgata 8	Det vart stilt spørsmål om det er høve til ombygging til leilegheiter i 2. etasje i Remøygården. Administrasjonen ville kome tilbake med svar på dette spørsmålet direkte til A. Hovden.

Dersom noko er uklart ver venleg å ta kontakt med sakshandsamar.

## Revidert referat frå oppfølgingsmøte 09.01.2019 - oppstart av planarbeid Storgata 7 - 9 planID 2018003

Møtedato:	Møtetid frå – til:	Stad:
09.01.2019	13.00 – 14.15	Volda rådhus
Møteleiar: Heidi Istad	Referent: Heidi Istad	

Til stades	Funksjon/rolle
Heidi Istad, Berit Sandvik Skeide,	Sektor for Utvikling, Volda kommune
Edvin Løfoll	Teknisk sektor, Volda kommune.
Tore Aarflot, Tonje Aarflot Nupen, Anders Aarflot Nupen	Forslagsstillar, Storgata 7 og 9
Arvid Hovden	Forslagsstillar, Storgata 8
Jan Magnus Ose	Plankonsulent, Per Mulvik AS

Ikkje til stades	Funksjon
Birger Løken	Forslagsstillar, Storgata 8

### Formål med møtet:

Avklare og om muleg, verte samde om problemstillingar forslagsstillar og kommunen ikkje vart samde om i oppstartsmøtet. Plankonsulenten hadde på førehand sendt inn brev med kommentarar til referatet frå oppstartsmøte.

Sak	Diskusjon
Storgata 8	Representant for Storgata 8 gjorde klart at det på grunn av uavklarte forhold ikkje er aktuelt med detaljregulering for eigedomen no. Dette er tidlegare gjort greie for i brev motteke 04.11.2018.
Forkøyrregulering	Administrasjonen er lei for at forslagsstillar oppfattar referatet frå oppstartsmøte til å vere i motstrid til tidlegare signal om trafikkregulering i Storgata. Administrasjonen presiserer at det er sterkt ønskjeleg med forkøyrregulering av trafikken i Storgata! Det er likevel skiltplanen som fastsetter dette. Administrasjonen vil i sitt forslag til revidert skiltplan foreslå forkøyrregulering i Storgata. Skiltplan for det aktuelle området er under revisjon(vår 2019), og ein gjer merksam på at planen skal politisk handsamast, og at administrasjonen ikkje kan føregripe resultatet av handsaminga. Administrasjonen kan akseptere at forslagstillar planlegger ut frå forkøyrregulert trafikk, men ein gjer merksam på at det kan bli stilt rekkjefølgjekrav om endra skiltplan før utbygging kan igangsettast! Forslagsstillar må avgjere om dei skal avvente vidare planlegging til skiltplanen ervedtatt.
Avvik frå siktkrav	Plankonsulent stilte spørsmål om det kan vere eit alternativ å gjere avvik frå krav til sikt i kryss. Administrasjonen meiner dette ikkje er aktuelt ut frå trafikkmengde og målt fartsnivå.
Fartsgrense	Fartsgrense, trafikkmengde og trafikkregulering påverkar krav til sikt i kryss. Dagens situasjon med uregulert trafikk og 50 km/t gjer det nærast umuleg å

utvikle Storgata 7 og 9. Administrasjonen vil i revidert skiltplan foreslå 40 km/t. Forkøysregulering har ein tendens til å medføre auka farstnivå og det gi behov for fartsreducerande tiltak. Det er muleg å planlegge ut frå 40 km/t, men ein må då vere merksam på at det kan bli knytt rekkjefølgjekrav til vedtak om endra skiltplan før oppstart av utbyggingsprosjektet. Forslagsstillar ønskjer 30 km/t i Storgata med bakgrunn i at dette er å sjå på som ei bustadgate. Administrasjonen gjer klart at Storgata er ein viktig samleveg med stor trafikk og at det er vanskeleg å styre trafikantane sine vegval. Ein må uansett vegstatus ta høgde for stor trafikkmengde i denne delen av Storgata. Nedsetting av fartsgrense til 30 km/t i området må ein vurdere ved revisjon av ein større del av skiltplanen, gjerne i samband med ny områderegulering for sentrumskjernen/ indre sentrumssone.

---

Planavgrensing

Kommunen må sikre ei trygg trafikklysing for alle trafikantgrupper og det er derfor viktig å sikre at større utbyggingsprosjekt langs sterkt trafikkerte vegstrekningar ikkje går på bekostning av trafikktryggleik. Administrasjonen er samd i at det er ei kommunal oppgåve å planlegge og opparbeide kommunalt vegnett. For Storgata sin del vil dette inngå i ny områderegulering. Det er usikkert når ein får prioritert arbeidet med ny områdeplan. Administrasjonen ønskjer å starte på dette arbeidet i 2019, men er avhengig av økonomiske ressursar og prioritering av planleggingskapasitet. Tidsmessig vil det derfor, for forlagsstillar, vere ein stor fordel om ein tek dette inn i detaljreguleringa for Storgata 7 og 9. Dette vil også gi forlagsstillar større grad av påverknad/kontroll med valde løysingar i planforslaget.

Utbetring av Storgata mellom Seljebakken/Kyrkjegata og Halkjelsgata vil vere avhengig av kva ein kan få til med omsyn til dagens bygg og konstruksjonar langs og i vegen. Større bygningskompleks kan medføre fleire begrensingar for utviding av Storgata. På same vis kan utbetring av Storgata ha konsekvensar for tilstøytande eigedomar og parkeringsløysingar. Planlegging av bygg og gateutviding bør derfor gjennomførast samtidig, alternativt må ein avvente planlegging av Storgata 7 – 9 til den kommunale områdereguleringa.

Forslagsstillar har lite forståing for administrasjonen sitt syn på planavgrensinga og meiner utbyggingsprosjektet i Storgata 7 og 9 ikkje vil påverke ei ev. utbetring av Storgata. Forslagsstillar viser til planar om kulturhus som vil auke trafikkmengda i Storgata og foreslår at vegparsellen bør inngå i detaljregulering for nytt kulturhus.

Det er ikkje ønskjeleg å belaste utbyggjar for ev. nødvendig forprosjektering av utbetring av Storgata. Her må ein kunne bli samde om ei fordeling av ekstrakostnader knytt til det kommunale vegnettet. Dersom det etter høyring av planforslaget viser seg vanskeleg å kome i mål med godkjenning av reguleringsplan, som følgje av problemstillingar som gjeld kommunalt behov for vegutbetringa, kan ein vurdere å utsette denne delen av planen til områdereguleringa.

Som gjort greie for i referatet frå oppstartsmøtet, er det ønskjeleg å endre plansituasjonen for kryss Seljebakken – Storgata meir i retning av dagens situasjon. Dette vil gi meir føreseielege rammer for prosjektet. Alternativt kan kommunen ta det med i områdereguleringa.

Administrasjonen held fast på sitt syn på planavgrensing frå oppstartsmøtet. Forslagsstillar er ikkje samd, men får mulegheit til å imøtekome administrasjonen sitt forslag før sak til Formannskapet vert fremma. Jf. telefonsamtale med forlagsstillar i etterkant av møtet tek ein sikte på handsaming av spørsmål om planoppstart i Formannskapet 05.02.

Normalprofil	<p>Vegstrekninga har stor trafikk og har funksjon som ein kommunal hovudsamleveg. Kommunen må sikre trygg trafikkkløysing for alle trafikantgrupper og det er derfor viktig å sikre at større utbyggingsprosjekt langs sterkt trafikkerte vegstrekningar ikkje går på bekostning av trafikktryggleik.</p> <p>Forslagsstillar er ikkje samd i behovet for vegutbetring og meiner det ikkje er aktuelt å fjerne dei langsgåande parkeringsplassane, då desse også vil vere med på å dempe fartsnivået i vegen og er svært viktig for næringsdrivande i området. Administrasjonen meiner ein først og fremst må sikre god oversikt over gateløpet og trafikksituasjonen med t.d. mjuke trafikantar som skal krysse vegen.</p> <p>Forslagsstillar meiner det er Industrigata og Lerkene som er den vestlege hovudsamlevegen ned frå øvre delar av Volda sentrum, og viste til at dette går fram av anbodsdokument i samband med opparbeiding av rundkøyringa i Storgata. Administrasjonen held fast på at Storgata frå rundkøyringa til Sjøgata er ein viktig samleveg. Trafikktalet viser stor trafikkmengde og at det uansett er vanskeleg å styre trafikkstrøymane og bilistane sine val.</p> <p>Normalprofil for Storgata må ta utgangspunkt i N100 og målsettinga er å oppnå minimum den køyrebanebreidde ein har lengre oppe i samlevegssystemet (6,5 m køyrebanebreidde). Med omsyn til tryggleik for mjuke trafikantar er det i størst muleg grad ønskeleg med fortausbreidde på 2,5 m. Dagens situasjon gjer at dette er vanskeleg å få til. Spesielt på austsida vil ikkje dette vere muleg å oppnå. På vestsida vil ein truleg også måtte akseptere fortausbreidde under 2,5 m. Om nødvendig må ein fjerne langsgåande parkering for å oppnå tilfredstillande fortaus- og køyrebanebreidde.</p> <p>Plankonsulenten stilte spørsmål om det kunne vere muleg å setje igong eit eige forprosjekt for å finne ut kva normalprofil som er muleg å kunne få til på strekninga. Administrasjonen meiner dette bør gjerast som ein del av planarbeidet og viser til at dette må vurderast nærare.</p>
Medverknad	<p>Administrasjonen held fast på råd om eit ope informasjonsmøte ved oppstart. Viktig at alle får lik informasjon. Kommunen kan stille på møtet og om behov svare på spørsmål og orientere om det som gjeld tilrettelegging for vegutbetring i Storgata. Forslagsstillar har forståing for behovet for ein open medverknadsprosess og vil legge opp til eit ope møte der kommunen kan orientere om det som gjeld Storgata.</p>
Vidare prosess	<p>Administrasjonen gjer merksam på at føresetnadane for reguleringsarbeidet vil kunne endre seg gjennom planprosessen som følge av m.a. innspel til planarbeidet og forhold ein ikkje har kontroll på i dette stadiet. Administrasjonen vil så snart som muleg fremme sak for Formannskapet. Dersom administrasjonen skal tilrå oppstart av planarbeidet no, må forlagsstillar legge fram nytt forslag til planavgrensing i samsvar med</p>



administrasjonen sine råd. Alternativt vil administrasjonen rå til at forslagsstillar avventar oppstart av detaljregulering i påvente av områderegulering for sentrumskjernen.

Felles handsaming plan og byggesak?	Forslagsstillar har kome fram til at det ikkje er ønskjeleg med felles handsaming av plan og byggesak.
Konsekvensar for andre reguleringsplanar.	Konsekvensar for tilgrensande planar er ein del av det som må belysast gjennom planarbeidet. Eksisterande planar er på same måte som ein eksisterande bygg- og vegsituasjon noko som ein må ta omsyn til ved planlegging av vegutbetringar. Det er muleg å endre alle planar jf. pbl. 12-14 uavhengig av ev. tidsfristar for gjennomføring av ein plan.
Politisk representant i oppstartsmøte.	Volda kommune har ingen prosedyre for at det skal vere politisk representant i oppstartsmøte. Oppstartsmøtet er eit møte der forslagstillar får faglege råd om planprosessen. Politikarane vert orientert om oppstart av planarbeidet og kva råd administrasjonen har kome med i eiga politisk sak/orientering før formell oppstart av planarbeidet.
Føreseielege råd i oppstartsmøte	Forslagsstillar er kritisk til formulering i referat frå oppstartsmøte om at «verken oppstartsmøtet, eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga». Administrasjonen gjorde greie for at dette er standard formuleringar for å opplyse om at det gjennom planprosessen han kome til opplysningar og kunnskap som endrar føresetnadane og grunnlaget for dei råd ein kjem med i oppstartsmøtet.
Erstatning for langsgåande parkeringsplassar	Representant frå Storgata 8 viste til at grunneigarane i nedre del av Storgata har rett til å få erstatta dei langsgåande parkeringsplassane som ev. vert fjerna, og stilte spørsmål om kvar desse ville kome. Administrasjonen var ikkje kjent med dette og meinte ein må kome tilbake til dette under arbeidet med reguleringsplanen.
Ombygging 2. etasje Storgata 8	Det vart stilt spørsmål om det er høve til ombygging til leilegheiter i 2. etasje i Remøygården. Administrasjonen ville kome tilbake med svar på dette spørsmålet direkte til A. Hovden.

Dersom noko er uklart ver venleg å ta kontakt med sakshandsamar.

Hei

Takk for kommentarar til referatet frå oppfølgingsmøtet vi hadde 09.01.2019, om oppstart av detaljregulering for Storgata 7 – 9. Referatet er no oppdatert når det gjeld møtedeltaking. Eg har også tatt inn ei endring under punkt om forkøyrregulering.

Sak om detaljregulering for Storgata 7-9 vert satt på saklista til Formannskapet sitt møte 05.02.2019, der det vil bli tatt stilling til innsendt planinitiativ. Minner om at eg må ha tilsendt ev. endra planinitiativ seinast torsdag morgon 24.01.2019.



**Heidi Istad**

*planleggar*

*Utvikling*

*Direkte 70058707 Mobil 46915455*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

VOLDA 12.12.2018

Tlf.Jan M. 70 07 49 94

Tlf.sentral 70 07 49 90

E-post [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)

Org.nr. 941 987 516 MVA

## Volda kommune

Dykkar ref.: 2018/2011 - Heidi Istad

Vår ref.: Jan Magnus Ose

### Detaljregulering av Storgata 7-9, planID: 2018003. Merknader til referat frå oppstartsmøte.

Viser til korrespondanse i saka, herunder referat frå førehandskonferansen 24.04.2018 og oppstartsmøtet 05.11.2018. Viser også til vedlegga, m.a notat utarbeidd av forslagsstillar Tore Aarflot (Storgata 7 og 9).

Av omsyn til framdrift og økonomi i planarbeid, må rammebetingelsane avklarast tidleg. Difor vart det halde førehandskonferanse med kommunen 24.04.2018 for avklaring av viktige premisser for det vidare arbeidet. I referatet står m.a «*Målet med dette førebuande møtet er å få konkrete føringar for planarbeidet som gjev muligheit for å kunne låse bygget sitt fotavtrykk*»

Ein viktig parameter for å kunne låse fotavtrykket er kravet til friskt i vegkryss, og då spelar fartsgrense og om primærveg (Storgata) er forkøyrregulert eller ikkje ei stor rolle. Dette var difor eit sentralt tema i møtet, der kommunen konkluderte slik:

«*For den vidare planlegging av utbyggingsprosjektet kan ein planlegge ut frå Storgata som forkøyrveg*»

Basert på denne konklusjonen vart forprosjektet utarbeidd og presentert for administrasjonen i fleire omgangar – sist i oppstartsmøtet 05.11.2018. Sidan utfallet av møtet vart noko annleis enn venta, er prosjektet no lagt på is i påvente av diverse avklaringar.

#### Storgata:

*Forkøyrregulert eller uregulert?*

I mangel av ei kommunal veg- og gatenorm, viser Volda kommune til Statens Vegvesen sine vegnormalar (N100) når det gjeld vegtekniske spørsmål – herunder krav til friskt i kryss. Medan det i førehandskonferansen vart lagt som premiss at Storgata vert forkøyrveg, vart dette i oppstartsmøtet endra til:


«*Må ta utgangspunkt i dagens situasjon med fartsgrense 50km/t utan forkøyrregulering*»

Kommentar: Når N100 skal leggest til grunn, har ei slik endring store følgjer for prosjektet. Som vist i N100 figur D.8 og tabell D.4 på neste side, vil frisktsonene i eit firearma kryss som Storgata-Kyrkjegata-Seljebakken strekkje seg 45m inn i kvar veg ved fartsgrense 50km/t dersom Storgata ikkje vert forkøyrregulert.

Sidan krysset heller ikkje er opparbeidd i samsvar med gjeldande reguleringsplan (Ridderstrømplanen), vil desse frisktsonene bandlegge om lag alt byggjeareal – jfr. vedlegg nr.2 – og skrinlegge prosjektet.

### Siktkrav i uregulerte X-kryss

Uregulerte X-kryss bør ikke brukes ved fartsgrense  $\geq 60$  km/t. Ved lavere fartsgrense kan slike kryss anlegges. Sikt i krysset bør sikres i henhold til Figur D.8 og Tabell D.4.



Figur D.8: Siktkrav i uregulerte X-kryss

Tabell D.4: Siktkrav i uregulerte X-kryss,  $L_s$

Siktkrav	Fartsgrense [km/t]		
	30	40	50
$L_s$ [m]	20	30	45

Som tabell D.4 også viser, vil ein reduksjon av fartsgrensa frå 50km/t til 30km/t endre kravet til frisikt frå 45m til 20m som igjen opnar for at prosjektet kan vidareførast.

Dette er difor eit sentralt punkt som treng avklaring, og vi ber kommunen revurdere standpunktet til fartsgrense og forkøyrregulering av Storgata - jfr. N100 kap.B.2 om generelle utformingskrav: «Gater skal ha fartsgrense  $\leq 60$ km/t. Som hovedregel anbefales fartsgrense 30 og 40km/t i gater». Alternativt ber vi kommunen om å lempe på krava til frisikt som er gitt i N100.

I firearma, uregulerte vegkryss (som Storgata-Kyrkjegata-Seljebakken) der alle har vikeplikt frå høgre, oppstår fort utrygge situasjonar som ein unngår ved ei forkøyrregulering. Fartsgrense 30km/t signaliserer elles behov for aktsemd, reduserer støynivået og gjer det generelt trivelegare og tryggare for bebuarar, handlande og andre som oppheld seg ved gata. Det er mange avkøyrslar langs gata, og etter kvart kjem nytt kulturhus - også dette bør takast med i vurderinga av Storgata sin framtidige status.


N100 figur D.7 og tabell D.3 nedanfor syner N100 sine krav til frisikt i forkøyrregulerte kryss, og vedlegg nr.2 (Frisiktsoner - skisse) viser korleis også dette alternativet slår ut i det konkrete prosjektet.

Skissa viser forøvrig omfanget av frisiktsoner for fire ulike alternativ (30 og 50km/t med og utan forkøyrregulering – jfr. teiknforklaringa), og som ein ser frigjer forkøyrregulering mykje verdifullt areal som elles vert bandlagt til frisiktsoner.



### Siktkrav i forkjørsregulerte T- og X-kryss

Sikt bør sikres i henhold til Figur D.7 og Tabell D.3. Avstander inn i sideveg måles fra kantlinje.



Figur D.7: Siktkrav i forkjørsregulerte kryss

Tabell D.3: Siktkrav i forkjørsregulerte T- og X- kryss, L2 [m]

Trafikkmengde i sekundærveg	Fartsgrense primærveg [km/t]		
	30 og 40	50 og 60	80 og 90
ADT < 100	4	6	6
100 < ADT < 500	6	6	10
ADT > 500	6	10	10

#### Plangrense og normalprofil:

I oppstartsmøtet kravde kommunen at planområdet også skal omfatte Storgata frå Seljebakken/ Kyrkjegata og nedover til Halkjelsgata grunna behov for breiddeutviding som følgje av venta trafikkkauke frå dei nye bustadfeltene Urbakkfoten og Håmyra.. Ein hevda også at ei slik utviding av plangrensa er nødvendig for at vi skal kunne planlegge trygge løysingar for mjuke trafikantar, og at ei eventuell fjerning av langsgåande parkeringsplassar kunne verke positivt i så måte.


Kommentar: Generelt meiner vi at det er eit kommunalt ansvar å planlegge og opparbeide kommunalt vegnett som følgje av tiltak som ligg utanfor aktuelt prosjekt. Vi nemner i den samanheng at tilkomst til Storgata 7 og 9 vil skje frå Smithsgate og ikkje Storgata. Prosjektet isolert sett har såleis ingen effekt på trafikkmengda i Storgata i motsetnad til m.a det nye kommunale kulturhuset som er under planlegging.

Dagens profil med 2x2,5m køyrefelt, 2x0,25m skulder og 2,0m parkering vart bestemt av kommunen i 2005, og ei endring i samsvar med N100 gjev køyrefeltbreidder på 2x3,25m. Ei slik breiddeutviding på 1,5m vil i praksis medføre fjerning av alle langsgåande parkeringsplassar eller innsnevring av fortau.

I 2005 vart det opparbeidd 9 parkeringsplassar langs gata, og illustrasjonsplanen for nytt hotell (vedlegg nr. 3) viser yttarlegare 6 plassar. Endringar i gata som fører til redusert fortausbreidde og/eller fjerning av parkeringsplassar, vil utløyse interessekonflikter og generere ekstraarbeid og ekstrakostnader som vi meiner er urimeleg å pålegge forslagsstillarane.

Vår haldning er at smal vegbane med langsgåande parkering, lav fartsgrense (30km/t) og breie fortau fremjar tryggleik og trivsel for mjuke trafikantar, medan breie vegar utan langsgåande parkering inviterer til høgare fart. Ein slik veg skaper også ein barriere mellom areala vest for Storgata og resten av sentrum, noko som er utfordrande når målet med prosjektet er etablering av bustadar i «rullator- og tøffelavstand» til sentrumsfunksjonar.

Vi spør også om ikkje hovudtrafikken frå dei nye feltene bør førast vidare frå rundkøyringa i Storgata til E39 via sambindingsvegen Lerkane og Industrigata i staden for ned Storgata - jfr illustrasjon nedanfor henta frå konkurransegrunnlaget. Her er det langt færre konfliktpunkt enn i Storgata.



Basert på ovanstående har vi difor følgjande forslag til plangrense – sjå også vedlegg nr.1:  
 Mot nord/Seljebakken: gjeldande formålsgrænse/teiggrense.  
 Mot sør/Holtegården: gjeldande teiggrense + eit stykke nedover Smithsgate (pga frisiktsone).  
 Mot aust/Storgata: gjeldande formålsgrænse/teiggrense.  
 Mot vest/Smithsgate: regulert senterlinje i Smithsgate (pga frisiktsone).

#### Medverknad:

Kravet til medverknad vert handtert gjennom ein «open dag» der alle som vil kan kome. Vi ser då føre oss å arrangere dette i lokala til Møre, der også arkitekten vert til stades, orienterer og svarar på spørsmål frå publikum. Ein open dag senkar terskelen for å kome med synspunkt og spørsmål og gjer det også lettare å gå inn i og drøfte konkrete problemstillingar «over bordet» enn t.d i eit folkemøte. Tid og stad for ein slik «open dag» vert kunngjort saman med varsel om oppstart både i varslingsbrev og annonse.

#### Konklusjon:

Vi ber med dette kommunen om å revurdere premissane som vart gitt i oppstartsmøtet og kome oss meir i møte slik at planarbeidet kan halde fram.

Mvh  
 For Per Mulvik AS



**Jan M. Ose (sign.)**


Prosjekting.

#### Vedlegg:

- 1: Plangrense
- 2: Frisikt
- 3: Illustrasjonsplan Volda Fjordhotell
- 4: Notat frå Tore Aarflot

#### Kopi:


- Tore Aarflot – [tore.aarflot@gmail.com](mailto:tore.aarflot@gmail.com)



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
<b>Firma</b>			
Firma:	Per Mulvik AS	Sentral:	70 07 49 90
Adresse:	Holmen 7	Direkte:	70 07 49 94
Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	jan@mulvik.no
Org.nr.:	941 987 516		
Prosjektnavn:			
Detailreguleringsplan for Storgata 7-9			
Oppdragsgivar:			
Tore Aarflo			
Haslevegen 17			
6102 Volda			
Prosjekterande:			
 www.mulvik.no			
Tittel:		Teikna av: JMO	
Plangrense		Dato: 12.12.18	
		Kontr.av:	
		Dato:	
		Erstatter teikn.:	
Teikningstype:			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2818	904	1:500	


# Frisikt iht.N100

- 30km/t forkøyrsvæg: 6x24m
- 30km/t ureg: 20x20m
- 50km/t forkøyrsvæg: 10x54
- 50km/t ureg: 45x45



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma		Firma: Per Mulvik AS	Sentral: 70 07 49 90
		Adresse: Holmen 7	Direkte: 70 07 49 94
		Postnr./stad: 6100 Volda	E-post: jan@mulvik.no
		Org.nr.: 941 987 516	
Prosjektnavn: Detailreguleringsplan for Storgata 7-9			
Oppdragsgivar: Tore Aarflot Haslevegen 17 6102 Volda			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Frisiktsoner		Teikna av: JMO	Dato: 12.12.18
		Kontr.av:	Dato:
		Erstatter teikn.:	
Teikningstype: SKISSE			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2818	903	1:750	





JAPPE NIELSEN ARKITEKTER AS  
 Hausmannsgate 16, N-0182 OSLO  
 + 47 924 928 99, jappe@arkitekter.org

# Volda Fjordhotell

REV. A. 12.11.2012

Illustrasjonsplan 1:250

## Planavgrensing, sikktrekantar og andre moment kring oppstartsmøte

### Prosjektnr. 2818 Detaljregulering av Storgata 7–9

## Utbygging av Storgata 7 og 9

Vi viser til oppstartsmøtet for Storgata 7, 8 og 9, den 5. november 2018. Vi viser også til brev frå tiltakshavarane i Storgata 8, som Volda kommune fekk fredag 30/11 2018, der tiltakshavarane i Storgata 8 ser seg nøydde til å trekkje seg frå samarbeidet med tiltakshavarane i Storgata 7 og 9.

Når det gjeld tiltakshavarane i Storgata 7 og Storgata 9 viser ein til fleire møte mellom dei og administrasjonen i Volda kommune. På desse møta har mellom anna sikktrekantar og trafikktrygging vore tema. I referat frå møte mellom tiltakshavarar i Storgata 7 og 9 med Volda kommune 25.04 2018, vert det opplyst at Storgata er vurdert å endre til forkøyrsvog.

Under planlegging, fastsetjing av fotavtrykk og teikning av prosjektet Storgata 7 og 9, har opplysningane om sikktline med Storgata som forkøyrsvog, blitt tatt med som premiss. På oppstartsmøte 5. november fekk vi informasjon om at dette ikkje var premiss lenger, og at Volda kommune ville leggje ansvaret for reguleringa av Storgata frå krysset Seljebakken/Storgata/Kyrkjegata til krysset Storgata/Halkjelsgata, på tiltakshavarane. Under oppstartsmøtet gjorde tiltakshavarane det klart at dei ikkje kunne akseptere denne utvidinga av planområdet. Grunngevinga er at prosjektet må innordne seg etter Statens vegvesen si handbok N100. Med tanke på sikktrekantar og fartsgrense, er det ikkje mogleg å gjennomføre prosjektet Storgata 7 og 9.

**Når det gjeld dei utfordrande forholda som kom fram under oppstartsmøte har vi samla argumentasjonen punktvis, og samla dei under desse punkta:**

- **A «Planavgrensinga»:**  
På grunn av at Storgata 8 og Storgata 7/9 ser det som beste løysinga å skilje lag frå dette tidspunktet i prosessen, er det naturleg med ny planavgrensing for Storgata 7 og 9. Planavgrensinga går fram under dette punktet og i vedlagde plankart.
- **B «Utvida plangrense og breiare Storgate samt fjerning av parkeringsplassar»:**  
Administrasjonen i Volda kommune kom med eit heilt klart krav om at plangrensa skulle omfatte området frå Seljebakken/Storgata/Kyrkjegata til Storgata/Halkjelsgata. Dei ville også at prosjektet skulle ta sikte på å gjere Storgata breiare og fjerne parkeringsplassane. Under dette punktet vert det grunnlagt kvifor ikkje denne delen av Storgata høyrer til i prosjektet til Storgata 7 og 9.
- **C «30 Km/t i Volda sentrum»:**  
Gjennom heile prosessen har tiltakshavarane for Storgata 7 og 9 peika på at kommunen må endre fartsgrensa i Smithsgate, Seljebakken og Storgata til 30 km/t. Når det gjeld Seljebakken og Storgata har 30 km/t blitt avvist av administrasjonen i Volda kommunen. Vi ser likevel kor nødvendig det er at fartsgrensa vert endra til 30

km/t. Ikkje berre for prosjektet i Storgata, men også for andre utviklingsprosjekt i Volda sentrum.

- **D «Tilrettelegging for parkering/Satsing på næringslivet»:**

For oss som ønskjer å satse i sentrum er det heilt nødvendig å vite kva administrasjonen meiner om parkeringsplassar og korleis dei vil leggje til rette for parkering til næringane. Under dette punktet krev tiltakshavarane eit svar.

- **E «Storgata som samleveg»**

Skal Storgata bli kommunal samleveg for bustadfeltet i Håmyra?

- **F «Undrande»:**

Vi stiller oss undrande til om verdien av det som har kome fram i oppstartsmøtet har verdi for prosjektet. Tiltakshavarane stiller seg også undrande til administrasjonen sin vilje til å krevje orientering samstundes som dei ikkje vil orientere sjølv.

Tiltakshavarane er også undrande til at dei ikkje fekk politiske signal under oppstartsmøte.

- **A «Planavgrensinga»:**

At planområdet går til senterline i Smithsgate og følgjer tomtegrensa til Storgata 9 i Seljebakken, som det kjem fram i referatet frå oppstartsmøtet, er akseptert. Som det går fram av vedlagde plankart, vil plangrensa følgje tomtegrensa til Storgata 7 og 9 langs Storgata.

- **B «Utvida plangrense og breiare Storgate samt fjerning av parkeringsplassar»:**

- 1. Under oppstartsmøtet opplyste kommunen at på grunn av at trafikken frå byggjefeltet i Håmyra kom til å gå ned Storgata, måtte reguleringsplanen for Storgata 7–9 ta opp denne problematikken og regulere for breiare veg og parkeringsfri Storgata frå krysset Seljebakken/Kyrkjegata, ned Storgata til Halkjelsgata. Tiltakshavar kan ikkje akseptere at deira prosjekt skal ta kostnad for det eit anna byggjeprojekt løyser ut.
- 2. Kommunetilsette og besøkjande til Volda rådhus står sjølve for ein svært stor del av trafikken i Storgata. Samanslåing av Volda med både Bjørke og Hornindal i 2020 vil auke denne trafikken. Difor er det kommunen sjølv som må ta reguleringa av Storgata.
- 3. Kommunen er komne langt i planlegginga av nytt kulturhus i samband med Volda samfunnshus. Om administrasjonen meiner at nedre del av Storgata må endrast til kommunal gjennomfartsveg eller auke vegbreidda, så vil det vere naturleg at reguleringa vert tatt inn under kulturhuset si planlegging. Om det nye kulturhuset skal lukkast så kjem det til å generere mykje trafikk i Storgata. Spørsmålet er om

kommunen må gjere trafikktryggande tiltak med redusert fartsgrense i samband med bygging av kulturhus.

- 4. På møtet med administrasjonen i Volda kommune, 18/9 -18, der arkitekten var med for å presentere prosjektet, vart det opplyst at kommunen kom til å sette fart på reguleringa av Storgata. Denne konklusjonen kom fram etter ei ordveksling mellom kommunen sin representant for plan og kommunen sin representant for veg. Det er sterkt beklageleg at Volda kommune ikkje innfrir det dei sjølv seier dei vil ta på seg. For tiltakshavar som er private aktørar og skal planleggje eit stort prosjekt, vert det svært utfordrande å ta omsyn til stadig endra føresetnader.
- 5. Då retten til Storgata 7 sine parkeringsplassane i Storgata vart forhandla fram i 2005, var parkeringsplassane del av avtalen som gav kommunen varig rett til å disponere turvande grunn for bygging av fortau og parkeringsplassar. Dykkar representant Reidulv Langvatn sende brev til Storgata 7 As 21/9 2005 og dokumenterer dette. Med den reguleringa av Storgata som administrasjonen i Volda kommune vil leggje på tiltakshavar, så vert desse plassane fjerna. Det er sterkt beklageleg at Volda kommune ikkje held lovnadane dei gir når dei tek privat eigedom og gjer den offentleg tilgjengeleg. For tiltakshavarane handlar det om ein svært viktig praktisk rett dei har fått, som dei ikkje ønskjer å gi frå seg. I tillegg handlar det om ein verdi både for eigarane av Storgata 7 og næringsverksemdene dei har i bygget. I tillegg blir parkeringa i Storgata nytta av næringslivet i gata. Det dreiar seg om over ti parkeringsplassar i sentrum, som administrasjonen i Volda kommune vil ha tiltakshavarane til å regulere bort.
- 6. Siktliner/forkøyrsvveg. Under møtet mellom administrasjonen i Volda kommune og Storgata 7 og 9, 25/4 -18, vart det opplyst at forslagsstillar kunne gå ut frå at Storgata vart forkøyrsvveg, og at gangfeltet over Seljebakken ved krysset Storgata, vart liggjande og at det vert innført stoppline. Dette har vore med i planlegginga til tiltakshavarane heile vegen, og har mykje å seie for fotavtrykket til bygget. Det er sterkt beklageleg at Volda kommune ikkje er meir føreseielege, og gjer det kjent at dei endrar slike vesentlege krav under oppstartsmøtet. Vi vil minne om at det allereie har vore fleire møte i forkant av oppstartsmøtet mellom Volda kommune og Storgata 7/9. Etter kvar av desse møte har prosjektet vorte knadd for å tilpasse det signala som administrasjonen har gitt.
- 7. Holtegården (Storgata 5) si innkøyring til parkeringskjellaren kjem i konflikt med reguleringa som administrasjonen i Volda kommune vil påleggje Storgata 7–9.
- 8. Ei reguleringsendring i nedre del av Storgata vil få konsekvensar for Volda Fjordhotell sin reguleringsplan, godkjend i 2012. Vi minner om at dette er ein juridisk bindande plan som Volda kommune bed Storgata 7–9 om å endre. Etter det vi veit så vart det ikkje gitt tidsavgrensing til denne planen.



## • C «30 Km/t i Volda sentrum»

1. Under arbeidet med prosjektet Storgata 7 og 9, ser vi klarare og klarare at ei fartsgrense på 50 km/t i Volda sentrum vil hindre det meste av utvikling for å gi meir byggjevolum og -høgde i dette området. Dette på grunn av anbefalingane frå Statens vegvesen si handbok N100 om sikktrekantar. Vi ser allereie at prosjektet i Storgata 8, har store utfordringar med 50 km/t i Storgata, når kommunen i tillegg signaliserer på ein veldig klar måte at dei vil gjere Storgata om til gjennomfartsveg vert det umogleg for Storgata 8 å tenkje utkøyning i denne vegen. Prosjektet vårt i Storgata 7 og 9 har også store utfordringar med omsyn til anbefalingane med gjeldande fartsgrenser i området. Vi ser også at fleire andre utbyggingsprosjekt i Volda sentrum har eller vil få utfordringar det er vanskeleg å kome forbi. Det er snakk om siktliner på 45 meter. Om kommunen meiner noko med det dei seier om å fortette Volda sentrum med fleire bustadar, må det gjerast noko med fartsgrensa i indre sentrumssona og sette den til 30 km/t, noko som vil gjere det lettare andsynes siktliner. 30-området må gå frå krysset E39/ferjekaia (ut om Vikeneset), og avgrensast med Smithsgate, Seljebakken til rundkøyninga i Storgata, Lerkane, Industrigata.

- 2. Smithsgate og Seljebakken må takast med på grunn av at området utover Hauan er i ei renessansetid og fleire barnefamiliar vel å busette seg her. I tillegg har vi barnehage og omsorgssenter/eldrebustadar i området. Dermed vert Seljebakken og Smithsgate brukt av alle aldersgrupper, i tillegg er delar av Seljebakken trafikalt svært uoversiktleg. Frå der Seljebakken går over i Gamlevegen er det allereie innført 30 km/t.

- 3. Kommuneplanen sin samfunnsdel seier at det er ei målsetting om at fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum. I arbeidet med ny kommuneplan er det utarbeidd fleire grunnlagsdokument m.a. «senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» og «bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum». Der det kjem fram at planområdet inngår i det som kommunen definerer som areal med utviklings- og fortettingspotensial der ein m.a. bør prioritere større grad av leilegheiter og høgare grad av arealutnytting i indre sentrumssone.

For å sikre og leggje til rette for dei mjuke trafikantane i denne sona er det nødvendig at Volda kommune innfører 30 km/t i same sona. Vi minner om at dette vert omtala som sona med gang, rullator og tøffelavstand til den sentrale delen av Volda sentrum. Det og også eit stort ønskje frå store deler av næringslivet i same sone, med eit ope sentrum og låg fart. Noko politikarane har stilt seg heilhjarta bak, men det er ikkje lagt handling i orda deira.

- 4. For å sikre gode og sikre trafikale forhold rundt det nye kulturhuset, må fartsgrensa settast til 30 km/t i området.
- 5. Under oppstartsmøtet vart trafikksikrande tiltak for mjuke trafikantar etterlyst. For å innfri dette var konklusjonen å fjerne parkeringa i Storgata for å gjere det meir oversiktleg der, noko som betyr å gjere fortauet smalare. Å fjerne parkeringa vil seie det same som å auke farta i gata, på grunn av at dei parkerte bilane verkar

fartshemmande. Det som ville skape meir trafikksikring er å seinke fartsgrensa til 30 km/t i Storgata frå rundkøyringa og ned mot E39. Samt å behalde breidda på fortauet. Ei fartsgrense på 30 km/t er eit spørsmål som gjeld for store deler av Volda sentrum, noko kommunen sjølv må regulere for gjennom t.d. revidering av skiltplanen.

- 6. Vi minner om forslaget sett fram av administrasjonen i Volda kommune om ny stor barnehage ved Volda sitt nye kulturhus. I tilfelle eit slikt forslag skulle bli vedteke, understrekar det ytterlegare kor viktig det er med 30-sone i sentrum
- 7. I Statens vegvesen si handbok N100 punkt B. 2, tilrår ein som hovudregel ei fartsgrense på 30, 40 og 50 km/t i gater som svarar til standarden i Volda sentrum. Difor er det ingen ting som hindrar Volda kommune å sette farta i dei sentrale sentrumsgatene til 30 km/t.

## • **D «Tilrettelegging for parkering/Satsing på næringslivet»:**

Om parkeringa i Storgata vert fjerna misser Volda sentrum mange verdifulle parkeringsplassar. For dei som driv næring i Volda er det viktig å få klare signal frå administrasjonen at dei ønskjer å leggje forholda til rette med mellom anna å byggje parkeringsplassar, ikkje å fjerne. Då administrasjonen vil påleggje tiltakshavar å regulere bort over ti parkeringsplassar, **krev** tiltakshavarane å få svar på kvar og korleis administrasjonen tenkjer seg at dei tapte parkeringsplassane skal erstattast.

## • **E «Storgata som samleveg»:**

Strekninga rundkøyring i Storgata, Lerkane, Industrigata har heile tida blitt omtalt som kommunal samleveg for trafikken til/frå skuleområdet og området på nordsida av Volda sentrum. Som synlege prov for dette ser vi mellom anna at rundkøyringa i Storgata vart laga slik at trafikken som køyrer vegen Lerkane-Engesetvegen skal gå lettast mogleg gjennom rundkøyringa. Dei som skal svinge frå Engesetvegen og til Storgata har ein svært knapp sving. Av anbods/teikningsgrunnlaget som kommunen gav ut i høve bygging av rundkøyringa i Storgata, viser det svart på kvitt at samlevegen går frå Engesetvegen og vidare mot Industrigata.

## • **F «Undrande»:**

**Undrande 1:**

Klipp frå punkt 15 i referatet frå oppstartsmøtet:

*«Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet*

*gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet. Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentlig ettersyn, vert gjort av konsulent.»*

Tiltakshavar er klar over at ei regulerings sak skal gjennom ein prosess med høyringsrundar osv., som kan endre prosjektet.

Likevel: Har ikkje kommunen ansvar for å gjere eit grundig arbeid sjølv i innhenting av informasjon som vedkjem ei ønska satsing? Og er ikkje referatet frå møtet verdt papiret det er skrive på?

I spørsmåla over vert det sikta til setningane:

*«Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga».*

### **Undrande 2:**

Under oppstartsmøtet fekk tiltakshavar pålegg om å halde eit ope møte om utbyggingsplanane i Storgata. Då tiltakshavarane bad om at folk frå administrasjonen skulle stille på dette møtet og orientere om kommunen sine planar/krav for trafikale løysingar i Storgata, fekk tiltakshavarane avslag på dette. Tiltakshavarane stiller seg undrande til at kommunen ikkje vil orientere om dei store inngrepa i Storgata administrasjonen krev at tiltakshavar skal regulere for.

### **Undrande 3:**

Etter slik tiltakshavar har forstått det skal det vere med ein politisk representant under oppstartsmøte.

Kvifor var ikkje ein slik representant med?

Tiltakshavaren synest det er viktig som forslagsstillar å ta imot politiske signal som omhandlar prosjektet. Dette for å spare både tid/økonomi, samt vurdere kva dei vil gå vidare med.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2019/110
		Arkivkode:	140

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
15/19	Formannskapet	05.02.2019

### PRIORITERING AV PLANSAKER 2019

#### Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet sluttar seg til rådmannen sitt forslag til prioritering av plansaker i 2019.

#### Vedlegg:

1. Planstatus i høve til kommunal planstrategi, datert 14.1.2019.
2. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

#### Bakgrunn:

I plan- og bygningslova er det jf. § 10-1 krav om at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Formålet med den kommunale planstrategien er å setje fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ein positiv utvikling i kommunen.

Volda kommune sin planstrategi vart vedteken i kommunestyret i mars 2017, og gjeld for perioden 2016-2020. Det vil bli utarbeidd planstrategi for nye Volda for perioden 2020-2024. Denne saka er retta mot pågåande planarbeid, status og prioritering av oppgaver for 2019. Rådmannen ønskjer å gi formannskapet ei oversikt over arbeidet med arealplanar i kommunen, og at formannskapet kan gi signal om kva oppgaver som skal prioriterast.

#### Saksopplysningar:

Det er 3 årsverk (Heidi, Regine og Berit) som arbeider med plansaker i kommunen for tida. I tillegg har ein 1 årsverk (Torgeir) som arbeider noko med plan, men også med delesaker, adressering, og sentrumsprosjekt. Frå 1.4.2019 får ein tilført 1 årsverk knytt til plan og miljø. Samstundes skal Regine ut i eitt års foreldrepermisjon frå 13.02.2019.



Sektor for utvikling utarbeidde i september i fjor ei oversikt som viste planstatus i høve til kommunal planstrategi. Oversikten vart sist oppdatert 14.1.2019, sjå nedanfor.

Overordna planar	Ansvar	Status
Heilskapleg ROS	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Samfunnssikkerhet og beredskap	Rådmannen	Ventar på revisjon av heilskapleg ROS
<b>Kommuneplan</b>		
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarbeidast i samband med kommunesamanslåing.
Kommuneplanens samla arealdel	Utvikling/plan	Høyring 1. halvår 2019 ?
<b>Kommunedelplanar - areal</b>		
Kryssing av Voldsfjorden	Utvikling/plan	Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ?
Mork og Furene / Hovdebygda	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta	Ikkje oppstarta
Krøvelseidet	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta	Ikkje oppstarta
<b>Kommunedelplanar - tema</b>		
Kystsoneplan	Utvikling/plan	Inngår i arealdelen
Trafikktryggingssplan	Utvikling/plan	Uavklara. Høyring 1. halvår 2019 ?
Klimaplan	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Vatn og avløp	Teknisk	Ferdig. Avslutta
Veg	Teknisk	Ikkje oppstarta
<b>Reguleringsplanar - kommunale</b>		
Turveg Rotevatnet	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Urbakkfoten	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Lisjenakkevegen – Solhøgda	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Del av Kleppevegen	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Sevrinhaugen-Kleppevegen	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Røyslida-Smalebakken	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny barnehage i sentrum	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ungdomsskulen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Sentralreinseanlegg	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Vassverk	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny plan for sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Campusområdet	Utvikling/plan	Vedtatt plan for VCA

Private reguleringsplanar inngår ikkje i den kommunale planstrategien. For ordens skuld tek ein med pågåande reguleringsplanar med status. Ein vil truleg også få inn planinitiativ med tanke på oppstart av fleire reguleringsplanar i 2019. I tillegg har ein nokre mindre endringar av reguleringsplanar, som må følgjast opp.

PlanID	Status
2017/2249. Detaljregulering gnr. 19, bnr. 182	Varsla oppstart. Avventar planforslag frå tiltakshavar
2016/008. Detaljregulering Elvadalen – BK1	Har lege ute til offentleg ettersyn. Avventar utgreiing frå konsulent
2018/001. Detaljregulering Rotsetfjora	Mottatt planforslag
2018/003. Detaljregulering Storgata 7 og 9	Sak til formannskapet – oppstart av planarbeid
2018/004. Detaljregulering BKB3 (Kiwi)	Godkjent varsel om oppstart

Andre oppgåver knytt til plan:

- Registrering og ajourføring av kommunalt planregister og plandatabaser, jf. krav i kart- og planforskrifta.
- Digitalisering av analoge planer med tanke på digital byggsøk og plandialog.

## **Vurdering:**

### Overordna planar

#### Heilskapleg ROS

Planen vart utarbeidd i 2013. Analysen tek føre seg sentrale risikomoment og sårbare objekt i kommunen, beredskapstiltak, og kva kommunal planlegging bør ta omsyn til i høve til endringar i klima. Planen skal ligge til grunn for kommuneplanar, beredskapsplanar, kriseplanar, reguleringsplanar og byggjesaker. Planen bør reviderast i samband med kommunesamanslåing i 2020 og før handsaming av planstrategien for nye Volda. Ansvar: Utvikling/plan for å kome i gang og sektor for samfunnsutvikling i nye Volda overtek ansvaret frå 1. januar 2020.

#### Samfunnssikkerhet og beredskap

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse bør kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen vil kunne sikre at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meir heilskapleg perspektiv. Planen vil kunne bidra til god tverr-sektoriell og samordna handtering av uønskte hendingar. Planen bør reviderast i samband med kommunesamanslåing i 2020. Ansvar: Rådmannsstaben (beredsskapsansvarleg).

### Kommuneplanar

#### Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028

Samfunnsdelen vart godkjent i kommunestyret 26.5.2016. Det bør utarbeidast samfunnsdel for nye Volda kommune etter at kommunane er slått saman i 2020. Ansvar: Sektor for samfunnsutvikling i nye Volda.

#### Kommuneplanen sin samla arealdel

Volda formannskap vedtok i møte 4.10.2016, sak 171/16, oppstått av arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Ein hadde som mål at planen skulle vere ferdig i 2018. Planen må prioriterast med mål om godkjenning i 2019. Planen vert i løpet av mars lagt fram for politisk handsaming for utlegging og høyring. Ansvar: Utvikling/plan.

### Kommunedelplanar

#### Kryssing av Voldsfjorden

Voldsfjordkryssing AS fekk i formannskapsmøtet 24.11.2016 løyve til oppstått av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden. Asplin Viak vart engasjert til å utarbeide planprogram. Planprogrammet vart fastsett i kommunestyret 30.8.2018. Programmet skisserer premissane for det vidare planarbeidet. Det må mellom anna gjerast ei rekkje faglege vurderingar av stort omfang, der det er behov for kjøp av konsulenttenester. Godkjent kommunedelplan, er føresetnad for å kome i posisjon til prioritering i Nasjonal transportplan. Framtidig status for RV651 er usikker. Det vil kunne påverke prioritering i Nasjonal transportplan.

Det er Voldsfjordkryssing AS som har teke initiativ til planarbeidet, medan utarbeiding av kommunedelplan er kommunen sitt ansvar. Med dei planane som er under arbeid, og som må prioriterast for å gjennomføre kommunale prioriteringar, har ikkje administrasjonen

kapasitet til å prioritere kommunedelplan for Voldsfjordkryssing i 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

#### Mork og Furene / Hovdebygda

Mork-Furene var med som del av kommunedelplan for Volda sentrum med tillegg av Mork-Furene og Vikebygda, godkjent av kommunestyret 18.06.2009. Området Mork-Furene og Hovdebygda var også tema i Volda og Ørsta kommune sitt LUK-PROSJEKT.

Området er med i kommuneplanen sin arealdel. I samband med dette er det og teke til orde for at det kan vere aktuelt med eigen felles plan/utgreiing av området Mork/Furene og Hovdebygda i samarbeid med Ørsta kommune. Ein har ikkje kapasitet til å prioritere kommunedelplan for Mork/Furene i 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

#### Kystsonoplan – inngår i kommuneplanen sin arealdel

##### Trafikktryggingssplan

Planen skal skildre mål og visjonar, strategi og prioriteringar, og innehalde eit handlingsprogram med prioritering av tiltak. Planen gir grunnlag for prioritering av tiltak i kommunen og Statens Vegvesen.

Det har blitt arbeidd ein del med planen, men den er ikkje ferdigstilt. Planen bør prioriterast høgt, då den kan utløyse midlar til trafikktrygging. Ein bør ta sikte på å vidareføre planarbeidet med sikte på godkjenning i løpet av året. Ansvar: Teknisk med bistand frå utvikling.

##### Klimaplan

Eksisterande klimaplan for Volda kommune (2010-2020) vart godkjend av Volda kommunestyre 11.3.2010. Handlingsplanen for 2013-2016 vart godkjend i kommunestyre 28.2.2013.

Klima og miljø er eitt av åtte hovudtema i kommuneplanen sin samfunnsdel. Målsettinga med å ha klima og miljø som hovudtema i samfunnsdelen, var at kommuneplanen skulle erstatte klimaplanen. I statlege planretningsliner (SPR) for klima og energiplanlegging og klimatilpassing er det krav om at planen skal innehalde oppdatert kunnskap om klimagassutslepp i kommunen, informasjon om energisystem, framskrivingar mv. Noko av dette vart gjort i samband med samfunnsdelen. Ein bør oppdatere kunnskapsgrunnlaget samstundes som ein lagar ein ny handlingsdel.

Klimaplan med tilhøyrande handlingsdel bør innarbeidast i samfunnsdel for nye Volda kommune i 2020.

##### Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Planen gjer greie for mål og verkemiddel for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg. Planen skal fungere som rettleiar for idrettsrådet, frivillige lag og organisasjonar, og danne grunnlag for kommunen sine prioriteringar av spelemiddelsøknader. Samstundes kan planen fungere som eit viktig verktøy for arbeidet med folkehelse, og med tanke på eventuell sikring av friluftsområde i kommunen.

Det er behov for revisjon av både Hornindal og Volda sine planar. Begge kommunane har godkjent handlingsprogram for 2019. Det må utarbeidast plan for nye Volda for perioden 2020-2024. Oppstart av planarbeid februar 2019. Planen må prioriterast. Ansvar: Utvikling/plan.

##### Reguleringsplanar – kommunale

### Lisjenakkevegen – Solhøgda

Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevegstandard med ein-sidig fortausløyning. Dette etter krav i rekkefølgebestemmelsar i detaljreguleringsplan for Håmyra. Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar langs vegen. Jf. framdrift i økonomiplan er det oppstart bygging i 2021. Reguleringsplanarbeidet bør starte i slutten av 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

### Del av Kleppevegen

Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevegstandard med ein-sidig fortausløyning. Dette etter i rekkefølgebestemmingar i detaljregulering for Håmyra. Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar. Jf. framdrift i økonomiplan er det oppstart bygging etter 2022. Oppstart regulering i slutten av 2021. Ansvar: Utvikling/plan.

### Røyslida-Smalebakken

Det kan bli aktuelt med ny plan i dette området i samband med sanering/omdisponering av areal og bygg. Dette er ikkje avklart og vert å kome attende til.

### Ny barnehage i sentrum

Det er tre kommunale barnehagar i sentrum, Engeset, Oppigarden og Sollia. Alle barnehagane er bygde på 70-80-talet, og har i større eller mindre grad behov for oppussing/rehabilitering.

Sak knytt til strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum er ute på høyring. Høyringsfrist er sett til 25.1.2019. Endeleg val avløyning vil måtte sjåast i ein større samanheng i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Det vil truleg ikkje bli trong for utarbeiding av reguleringsplan i 2019. Ansvar: Utvikling/plan

### Ungdomsskulen

Ungdomsskulen har over år hatt behov for renovering. Det blir lagt fram politisk sak om prosessen i februar. Det vil vere behov for oppstart av reguleringsplanarbeid i løpet av vår/sommar 2019. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

### Sentralreinseanlegg

Sentralreinseanlegg med tilhøyrande areal vil bli detaljregulert av konsulent i samband med prosjektering. Oppstart av planarbeid kanskje i 2020.

### Vassverk

Vassverk med tilhøyrande areal vil bli detaljregulert av konsulent i samband med prosjektering. Oppstart av planarbeid truleg i 2019.

### Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen

Det er behov for å leggje til rette for betre gangsamband mellom Campus og sentrumskjernen. Planen vil bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Gangtrasear må detaljplanleggast som del av ein områdeplan eller detaljplan for eit større område. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

### Områdeplan for sentrumskjernen

Det er behov for ny reguleringsplan for sentrumskjernen. Planen bør bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Ein må vurdere om planen skal utarbeidast i kommunal regi, eller om det skal leigast inn konsulent. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

### Torvmyrvegen med tilgrensande areal

Det er planlagt veg i forlenging av dagens Torvmyrveg ved flyplassen, forbi glattkøyringsbana under ny E39 og til kryss ved dagens E39 i Furene. Det er ei etterspurt løysing for betre samband mellom næringsområda i Hovdebygda og Furene, betre moglegheit for kollektivtilbod til flyplassen, alternativ utrykkingsveg i samband med flyplassen, og ei avlasting av dagens flyplasskryss. Kommunen ser føre seg eit planarbeid i samarbeid med Statens vegvesen. Alternativt som felles kommunal oppgåve med innleigd konsulent. Kommunen vil prøve å få til ei avklaring gjennom arbeidet med bompeng-pakke Volda/Ørsta tilknytt Volda-tunellen. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

### Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)

Forslag til planinitiativ er reist i samband med planar for utbygging på området mellom Legesenteret og Rådhuset. Området der telebygget står treng også oppdatert plan. Planarbeidet bør sjåast saman med ny plan for sentrumskjernen. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

### Reguleringsplanar – private

Private reguleringsplanforslag vert prioritert og handsama fortløpande.

### Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan og arealdel

Det kjem inn ein del søknader om dispensasjon frå reguleringsplanar og kommuneplanen sin arealdel. Sakene har varierende arbeidsmengde. I periodar krev desse sakene ein del ressursar.

### **Konklusjon:**

Kommuneplanen sin arealdel, kommunal planstrategi, kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og trafikktryggingssplanen bør ha første prioritet. Det er viktig å unngå at handsamingstida på private planforslag blir for lang. Etter rådmannen si vurdering bør alle dei igangsette reguleringsplanane også ha første prioritet.

Rådmannen foreslår slik prioritering av planarbeidet i 2019:

Namn	Prioritet
Kommuneplanen sin arealdel	1
Kommunal planstrategi for nye Volda	1
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for nye Volda	1
Trafikktryggingssplan	1
Detaljreguleringsplan for kulturhus/kino	1
Detaljreguleringsplan for ny ungdomsskule	1
Detaljreguleringsplan for gnr. 19, bnr. 182 (privat)	1
Detaljreguleringsplan for Elvadalen – BK1 (privat)	1
Detaljreguleringsplan for Storgata 7 og 9 (privat)	1
Detaljreguleringsplan for Rotsetfjora (privat)	1
Detaljreguleringsplan for BKB3 (Kiwi) (privat)	1
Dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova, kapittel 19	1
Heilskapleg ROS for nye Volda	1
Områdereguleringsplan for Volda sentrum	2
Detaljreguleringsplan for Lisjenakken – Solhøgda	2
Detaljreguleringsplan for Kleppevegen	2
Detaljreguleringsplan for ny barnehage i sentrum	2
Detaljreguleringsplan for sentralreinseanlegg	2
Detaljreguleringsplan for vassverk	2
Detaljreguleringsplan for Torvmyrvegen med tilgrensande areal	2
Kommuneplanen sin samfunnsdel	3



Kommunedelplan - Kryssing av Voldsfjorden	3
Kommunedelplan - Mork og Furene/Hovdebygda	3
Kommunedelplan - Krøvelseidet	3
Klimaplan	3
Detaljreguleringsplan for gangtilkomst mellom Campus og sentrum	3
Detaljreguleringsplan for Røyslida – Smalebakken	3

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sektor for utvikling

**Klageinstans:**

Ikkje klagerett.


## Planstatus i høve til kommunal planstrategi for planar etter plan- og bygningslova


Tabellen nedanfor viser status for planar etter plan- og bygningslova, pr.14.1.2019.


Plan for heilskapleg ROS og klimaplan vart ikkje oppstarta hausten 2018, som annonsert i planstatus pr.17.9.2018. Kommuneplanen sin arealdel og trafikktryggingssplan vart ikkje sendt på høyring hausten 2018. Det er pr. i dag ikkje avklara når planane vert oppstarta eller sendt på høyring. Arbeidet med kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er igangsett.


Det vert lagt opp til oppstart av detaljregulering i tilknytning til kulturhus i mars 2019.

Overordna planar	Ansvar	Status
Heilskapleg ROS	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Samfunnssikkerhet og beredskap	Rådmannen	Ventar på revisjon av heilskapleg ROS
<b>Kommuneplan</b>		
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarb. i samb. med kommunesamanslåing.
Kommuneplanens samla arealdel	Utvikling/plan	Høyring 1. halvår 2019 ?
<b>Kommunedelplanar - areal</b>		
Kryssing av Voldsfjorden	Utvikling/plan	Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ?
Mork og Furene / Hovdebygda	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Krøvelseidet	Utvikling/plan i samarbeid med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
<b>Kommunedelplanar - tema</b>		
Kystsonenplan	Utvikling/plan	Inngår i arealdelen
Trafikktryggingssplan	Utvikling/plan	Uavklara. Høyring 1. halvår 2019 ?
Klimaplan	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Vatn og avløp	Teknisk	Ferdig. Avslutta
Veg	Teknisk	Ikkje oppstarta
<b>Reguleringsplanar</b>		
Turveg Rotevatnet	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Urbakkfoten	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Lisjenakkevegen – Solhøgda	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Del av Kleppevegen	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Sevrinhaugen-Kleppevegen	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Røyslida-Smalebakken	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny barnehage i sentrum	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ungdomsskulen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Sentralreinseanlegg	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Vassverk	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny plan for sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Campusområdet	Utvikling/plan	Vedtatt plan for VCA Mediabygget er det ikkje plankrav for

 Ferdig plan

 Varsla oppstart

 Høyring våren 2019

 Ikkje oppstarta





# KOMMUNAL PLANSTRATEGI

## VOLDA KOMMUNE 2016-2020

Godkjent i kommunestyret  
2.3.2017, sak 16/17





# FORORD

Kommunal planstrategi skal vedtakast kvar valperiode innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert. Dette er ikkje ein plan, men ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva planarbeid ein skal bruke ressursar på i løpet av fireårs-perioden.

For å kunne prioritere rett, må ein ha godt oversyn over viktige utfordringar i kommunen. Nokre av desse utfordringane kan ikkje løysast av ei kommune aleine, men gjennom samarbeid med nabokommunar eller heile regionen.

Rettleiar frå departementet (KMD) seier: *“Kommunal planstrategi er en viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innenfor arealplanlegging og tjenesteyting. (kap 1.3 Bedre samarbeid om planoppgaver på tvers av kommune- og fylkesgrenser)....*

*“.....Samarbeidet med nabokommunene er viktig blant annet fordi det kan bidra til å identifisere og avklare interkommunale planoppgaver i planperioden. (kap 2.3 Samrådspåkt med nabokommuner, fylkeskommunen og regional stat).*

Med bakgrunn i dette, tok Ålesund kommune og fylkeskommunen initiativ til eit felles møte. Alle Sunnmørskommunane pluss Sandøy var invitert til Ålesund 27. august 2015, elleve kommunar møtte. Det var stor semje om at det vil vere nyttig å samarbeide om dei kommunale planstrategiane, og det vart nemnt mange konkrete tema som det bør vere aktuelt å sjå nærare på, mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, felles strategisk næringsutvikling, risiko og sårbarheit (ROS). Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med sikte på eit konkret forslag om korleis ein kan tilnærme seg planstrategien i fellesskap. Dei har utarbeidd ein mal som Volda kommune sin planstrategi er tufta på.

Dokumentet som no ligg føre, byggjer på arbeidsgruppa sine tilrådingar, men tilpassa etter drøftingar i plenum og i den enkelte kommune.

Volda 2.3.2017.

Jørgen Amdam  
Ordførar

# INNHALD

	<b>FORORD</b>	
<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	4
1.1	Kommunal planstrategi	5
<b>2</b>	<b>RAMMER OG FØRINGAR</b>	
2.1	Folkehelse	5
2.2	Nasjonalt forventningsbrev	
2.3	Regionale føringar	5
	2.3.1 Regional planstrategi	5
	2.3.2 Gjeldande regionale planar	6
2.4	Kommunen sine føringar	6
2.5	Interkommunalt samarbeid	6
	2.5.1 Interkommunale planar og tenester	
	2.5.2 Kommunereform	7
<b>3</b>	<b>GJELDANDE PLANAR OG NYE PLANAR</b>	7
3.1	Plansystemet i kommunen	7
3.2	Overordna planar	7
	3.2.1 Heilskapleg ROS	7
	3.2.2 Plan for kriseleiing	7
	3.2.3 Samfunnssikkerheit og beredskap	7
3.3	Kommuneplan	8
	3.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028	8
	3.3.2 Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030	8
	3.3.3 Kommunedelplanar	10
3.4	Reguleringsplanar	12
3.5	Tema- og sektorplanar	12
	3.5.1 Kultur og service	12
	3.5.2 Opplæring og oppvekst	13
	3.5.3 Personal	13
	3.5.4 Helse/omsorg	14
	3.5.5 Landbruk	14
	3.5.6 Eigedom	14
	3.5.7 Kommuneoverlegen	14
	3.5.8 IKT	15
	3.5.9 Rådmannen/Innvandring og integrering	
<b>4</b>	<b>UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR</b>	16
4.1	Den regionale utviklinga	16
	4.1.1 Demografiske utfordringar	16
	4.1.2 Næringsliv og kompetanse	17
	4.1.3 Klima, energi og miljøutfordringar - grønt skifte	18
	4.1.4 Samordning av areal- og transportplanlegginga	18
	4.1.5 Felles planlegging i sjøareala	19
	4.1.6 Born og unge	19
4.2	Lokale utfordringar	19
	4.2.1 Folketalsutvikling	20
	4.2.2 Næringsutvikling og sysselsetting	21
	4.2.3 Transport og infrastruktur	21
	4.2.4 Tettstad- og arealutvikling	
<b>5</b>	<b>OPPSUMMERING</b>	23



# 1 INNLEIING

## 1.1 Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

### *”§ 10-1. Kommunal planstrategi*

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.”*

Planstrategien har som hovudføremål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planverk og styringsdokument.

Det er viktig at mest mogleg oppdaterte analyser om samfunn og utviklingstrekk ligg til grunn for korleis ein prioriterer bruken av planressursar. Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunns mål, men må sjølvstøtt sjå tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen. Planstrategien er ikkje rettsleg bindande, men legg grunnlaget for betre ressursutnytting og betre oversyn over styringssystemet.

Planstrategien bør elles også drøfte kva oppgåver kommunen best er tent med å planlegge saman med tilgrensande kommunar eller innanfor regionen samla.

Ut i frå dette har Volda kommune samarbeidd med Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane Ålesund, Skodje, Ørskog, Haram, Giske, Sula, Hareid, Sandøy, Stordal, Stranda, Ulstein, Ørsta, Herøy og Vanylven om prosess og framdrift, om regionalt kunnskapsgrunnlag og om felles planutfordringar.

# 2 RAMMER OG FØRINGAR

## 2.1 Folkehelse

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle saker. Kommunen er pliktig til å utarbeide oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet skal leggjast til grunn i det samla utfordringsbiletet.

## 2.2 Nasjonalt forventningsbrev

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12. juni 2015 nedfelt "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar.

Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følgje opp:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med dei regionale og kommunale planstrategiane, og bidra til at planlegginga i fylke og kommunar tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

## 2.3 Regionale føringar

### 2.3.1 Regional planstrategi 2016-2020

I planstrategien vert det gjort greie for kva som er Møre og Romsdal sine viktigaste utfordringar og moglegheiter i åra framover. Den regionale planstrategien tek utgangspunkt i målsetjingar om gode og inkluderande lokalsamfunn og byar, breitt kultur- og fritidstilbod, kompetanse, konkurransekraft og nyskaping, gode samferdselsløysingar, gode oppvekst- og levekår og miljømessig berekraft. Det er berre lagt opp til mindre endringar i sjølve fylkesplanen. Kompetanse og verdiskaping er foreslått samla til eitt satsingsområde, medan kultur og samferdsel vert ståande som egne satsingsområde.

Det vert også foreslått å redusere talet på gjennomgåande perspektiv frå seks til tre-fire. Innrettinga i ny plan vil elles i stor grad vere som gjeldande plan.

Det er elles teke til orde for ein ny regional delplan for museum. Arbeidet med denne er allereie i gang. Vidare skal det utarbeidast nye regionale, samordna bustad-, areal- og transportplanar. Ålesunds-regionen er prioritert.

### 2.3.2 Gjeldande regionale delplanar

#### Regional delplan for attraktive byar og tettstader

Planen erstattar fylkesdelplan for senterstruktur frå 2004. Planen er primært innretta mot regulering av detaljhandel, jamfør Rikspolitiske bestemmelsar om kjøpesenter. Her er likevel underliggande mål om attraktive tettstader, jamfør også nasjonale forventningar. Dette inneber fokus på kommunesentra og utviklinga av desse, men ikkje minst også på korleis ulike tettstader fungerer saman i ein meir regional kontekst.

Funksjonsdeling mellom ulike tettstader bør vere ein del av denne diskusjonen, uavhengig av kommunegrensar. Dette gjeld både innan kommunen og mellom kommunane. Delplanen opnar også for at fylkeskommunen skal ta nærare initiativ med sikte på samordna areal- og transportplanlegging i nært samarbeid med byregionane.

#### Regional delplan for kulturminne

Planen fastslår kriterium for kva kulturminne som har regional og nasjonal verdi, og listar opp ei rekkje slike kulturminne i alle kommunane. Desse kulturminna/-miljøa må sikrast i det kommunale planverket. Mange kommunar har motteke tilskot frå Riksantikvaren til egne kulturminneplanar.

## Regional plan for klima og energi

Planen bygger på tidlegare klimaplan og vidarefører målet om 10 % reduksjon av utslepp i fylket i 2020. Referansepunktet er likevel endra frå 2007 til 2009, noko som i realiteten inneber ein større ambisjon, i og med at utsleppa var noko mindre i 2009 enn i 2007. Planen har elles meir konkrete mål knytt til ei rekkje ulike sektorar. Felles for alle er at kommunane må medverke for å nå måla. Samanheng med kommunale klima- og energiplanar er derfor viktig.

## 2.4 Kommunen sin føringar

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til å lage eit oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggest til grunn i det samla utfordringsbiletet.

Som grunnlag for kommunen si beredskapsplikt skal det liggje føre ei ROS-analyse (Risiko- og sårbarheit). ROS-analyse kan gjerast grunnleggande for planlegging generelt, i den forstand at avgrensingar og moglegheiter vert synleggjort samla. Resultatet av ROS-analysen påverkar såleis prioriteringar både av samfunns- og arealmessig karakter. Det er elles eit spesifikt krav om ROS-analyse til alle planar. I Volda kommune vart samla ROS-analyse vedteken i 2013.

## 2.5 Interkommunalt samarbeid

Volda kommune ser at det kan vere føremålstenleg å samarbeide interkommunalt om fleire tema og verksemdområde. Behovet for å etablere interkommunalt samarbeid er tema i dei ulike avdelingane innanfor mellom anna helse, pleie og omsorg, brannvern og landbruk. Interkommunalt samarbeid vil kunne styrke dei ulike fagmiljø og dermed bidra til å gjere det meir attraktivt å arbeide i kommunen/regionen. Det gir også høve til å løyse felles oppgåver på ein betre måte. Men det kan også vere ein ressurskrevjande måte å jobbe på, då det kan vere interessekonfliktar mellom kommunane. I mange plansamanhengar vil det vere aktuelt å samarbeide med Ørsta. ROS-analyse, nokre beredskapsplanar, vatn og avløp, felles strategi for utvikling av Furene/Hovdebygda og generelt arealplanar som omfattar areal ved kommunegrensa er aktuelle samarbeidsområde.

### 2.5.1 Interkommunale planar og tenester

Volda kommune samarbeider godt med andre kommunar. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Søre Sunnmøre IKT dekkjer alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta). Dei same kommunane deltek i Sjustjerna helse og omsorg.

Kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta har felles barnevernteneste med kontor i Volda.

Volda kommune har særskilt mykje interkommunalt samarbeid med Ørsta kommune. Kommunane har til dømes felles helsestasjon for ungdom, interkommunalt dagsenter, kommuneoverlege, landbrukskontor, NAV-kontor, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), reinhaldsverk og veterinærvakt.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) er eit interkommunalt selskap med ansvar for mellom anna avfallshandteringa for hushaldningane i Volda og Ørsta.


### 2.5.2 Kommunereform

Volda og Hornindal kommune har gjort vedtak om samanslåing. Ei eventuell samanslåing vil først tre i kraft frå 1.1.2020. Samanslåinga vil difor i mindre grad ha innverknad på denne politiske perioden og planstrategien. Dersom Stortinget vedtek samanslåing, må planstrategien utarbeidast på ny i fellesskap.

# 3 GJELDANDE OG NYE PLANAR

## 3.1 Plansystemet i kommunen

Volda kommune sitt plansystem følgjer figuren nedanfor. Planstrategien legg føringar for kommuneplanens samfunns- og arealdel. Den heng også saman med kommunen sin økonomi, slik at prioriterte planar og tiltak vil vise igjen gjennom årsmeldingar og tertialrapportar.



Figur 1. Volda kommune sitt plansystem

Planlegging på ulike nivå er ein viktig føresetnad for styring av ein så kompleks organisasjon som kommune. Vedtekne planar er viktig reiskap for å vise kva retning vi ønskjer å styre utviklinga, og kva saker som skal prioriterast.

## 3.2 Overordna planar

Overordna planar	Vedteken	Status
Heilskapleg ROS	2013	Gjeldande
Plan for kriseleiiing	16.6.2016	
Samfunnssikkerhet og beredskap	Ny	Oppstart 2017

### 3.2.1 Heilskapleg ROS

Planen vart utarbeidd i 2013. Analysen tek føre seg sentrale risikomoment og sårbare objekt i kommunen, beredskapstiltak, og kva kommunal planlegging bør ta omsyn til i høve til endringar i klima.

Den heilskaplege ROS-analysen skal ligge til grunn for kommuneplanar, beredskapsplanar, kriseplanar, reguleringsplanar og byggesaker. Planen bør reviderast i samband med utarbeiding av ny arealdel i 2017.

### 3.2.2 Plan for kriseleiiing

Beredskapsplanen er ein plan for kommunen si kriseleiiing, som gir informasjon om kommunen si kriseleiiing og deira ansvar, roller og fullmakter. Planen vart godkjent 16.6.2016. Planen skal rullerast ved behov.

Volda kommune er organisert med Volda kommune er organisert med to-nivåmodell. Ansvar for beredskapsplanlegging er lagt på begge nivå (rådmann og sektorleiarar). Medan rådmannen har ansvar for den overordna planlegging, skal alle sektorar og driftseiningar ha eigne planar av mindre format som fokuserer på beredskap i dagleg drift. Dei fleste beredskapsplanane i einingane vil vere driftsrelaterte, og fokusere på førebygging av uønskte hendingar i tenesta. Avgrensing av skade når uhell skjer vil også vere ein del av planane. Sektorane/ einingane skal også ha ROS-analyser for uønskte hendingar i si verksemd.

### 3.2.3 Samfunnssikkerheit og beredskap

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse bør kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen vil kunne sikre at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meir heilskapleg perspektiv. Planen vil kunne bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av uønska hendingar. Ein ser føre seg oppstart av planarbeidet i 2017.

## 3.3 Kommuneplan

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen vart godkjent i kommunestyret 26.5.2016.

Volda formannskap vedtok i møte 4.10.2016, sak 171/16, oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Ein ser føre seg at planen vil vere ferdig i 2018.

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Kommuneplanens samfunnsdel	26.5.2016	2016-2028	Gjeld
Kommuneplanens samla arealdel	30.5.1990	1990	Oppstart 2016

### 3.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028

Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokument for kommunen. Det er i første rekke eit dokument som syner kva utfordringar kommunen står ovanfor som lokal og regional utviklingsaktør, kva mål ein har sett for komande periode og kva strategiar kommunen vil ta i bruk for å møte utfordringane og nå måla.

Samfunnsdelen gir føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/økonomiplan. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir klare signal til den meir detaljerte utviklinga av samfunnet, så vel som til kommunen som organisasjonen.

Samfunnsdelen inneheld mål og strategiar for åtte hovudtema:

- Attraktivitet (folk, næring og trivsel)
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Mål og strategiar skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv.

### 3.3.2 Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030

Arealdelen skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og gi rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Planen gir overordna føringar for arealbruken i kommunen og dannar grunnlag for utarbeiding av meir detaljerte planar som område- og detaljreguleringsplanar.

Kommuneplanen sin samla arealdel er frå 1990, og er den siste arealdelen som tek stilling til den samla arealbruken i heile kommunen. Det er seinare godkjent fleire delplanar og det er stort sett berre ubebygde område, fjell og setreområde som ikkje er med i nyare delplanar. Volda formannskap vedtok oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel 4.10.2016. Ein ser føre seg at planen vil vere ferdig i 2018. Planen skal i utgangspunktet støtte måla og strategiane i samfunnsdelen. Tilgjengeleg utbyggingsareal i kommunen skal tilfredstille etterspurnaden for denne perioden.

### 3.3.3 Kommunedelplanar

Kommunedelplan er ein plan for geografiske delområde eller tema/sektorar. Planen følgjer same lovverk som arealdelen.

Volda har ei rekkje kommunedelplanar (KDP) knytt til arealbruk/geografiske område.

K-delplanar - areal	Vedteken	Status
Lid og Berknes	30.05.1990	Vert erstatta av samla arealdel
Fyrde	31.05.1991	Erstatta
Straumshamn	20.05.1994	Erstatta
Høydal	20.05.1994	Erstatta
Aurstad	20.05.1994	Erstatta
Mork	20.05.1994	Erstatta
Ulvestadbygda	20.05.1994	Erstatta
Dravlaus	20.05.1994	Erstatta
Dalsbygd	20.05.1994	Erstatta
Steinsvik og Åmelfot	20.05.1990	Erstatta
Aldalen og Hjartåbygda	19.12.1996	Erstatta
Grøndalen	19.06.1997	Erstatta
Selvika/Skjeret	04.07.1997	Erstatta
Bjørkedalen	28.4.2003	Erstatta
Folkestad	19.06.2008	Erstatta
Volda sentrum	18.06.2009	Erstatta
E39 Volda-Furene	18.12.2014	Erstatta



Desse planane vert erstatta av samla arealdel for kommunen, og vert såleis ikkje nærare omtala her.

I planperioden ser ein føre seg oppstart av følgjande nye kommunedelplanar:

Kommunedelplanar - areal	Status
Kryssing av Voldsfjorden	Oppstart 2016/2017. Voldsfjordkryssing AS er initiativtakar.
Mork og Furene/Hovdebygda	Oppstart 2018/2019. Samarbeid med Ørsta kommune.
Krøvelseidet	Oppstart 2018. Samarbeid med Ørsta kommune

### Kryssing av Voldsfjorden

Voldsfjordkryssing AS har søkt om løyve til å starte arbeidet med utarbeiding av kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden. I første omgang skal det utarbeidast forslag til planprogram, før formell oppstart av planarbeidet.

Ferjefri kryssing av Voldsfjorden er eit viktig samferdselsprosjekt både for Volda kommune og regionen elles. Kommunen har gått inn med aksjekapital i Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet skal ta stilling til saka 29.11.2016. Framlegging for kommunestyret 15.12.2016.

### Mork og Furene/Hovdebygda

Mork-Furene var med som del av kommunedelplan for Volda sentrum med tillegg av Mork-Furene og Vikebygda, godkjent av kommunestyret 18.06.2009. Området Mork-Furene og Hovdebygda var også tema i Volda og Ørsta kommune sitt LUK-PROSJEKT: Furene/Hovdebygda- strategiar for regionalt knutepunkt, vedteke i februar 2014, med fylgjande vedtak:

*“I regi av Ørsta og Volda kommunar og i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune er det i 2012-2013 gjennomført eit LUK-prosjekt. Felles handelsanalyse for Ørsta/Volda er utarbeidd som del av prosjektet. Målsettinga for prosjektet har vore å etablere felles forståing og aksept for ei heilskapleg utvikling av Furene/Hovdebygda i eit næringsperspektiv, parallelt med styrking av Ørsta og Volda sentrum.*

*Prosjektet har utarbeidd ein rapport som skal tene som innspel til kommuneplanar og anna plan- og utviklingsarbeid i begge kommunar, og for samarbeid mellom kommunane i plan- og utviklingsspørsmål. Kommunestyret tek prosjektrapportane til vitande.”*

Området vil vere med som naturleg del av revisjon av kommuneplanen sin arealdel. I samband med dette er det og teke til orde for at det kan vere aktuelt med eigen felles plan/utgreiing av området Mork/Furene og Hovdebygda i samarbeid med Ørsta kommune.

### Haueeidet/Krøvelseidet

Grenseområda på Haueeidet/Krøvelseidet er viktige friluftsområde både for Volda og Ørsta sommar og vinter. Det er særleg stor vinteraktivitet i området, med lett og familieevenleg terreng og setrane i området som fine turmål. Det er også interesse for hyttebygging i områda. Det kan vere behov for felles reguleringsplan for området med tanke på tilrettelegging for friluftsliv.

Kommunen har også ein del kommunedelplanar knytt til tema.

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Kystsoneplan	30.01.2003	2003-2006	Rullering 2017 i samband med samla arealdel
Trafikktryggingplan	18.10.2007	2007-2010	Under rullering. Ferdig 2017
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	27.2.2014	2014-2018	Rullering av handlingsprogr. i 2016. Rullering av plan i 2017
Vatn og avløp	Ny	2017-2027	Oppstart 2016. Ferdig 2017
Veg	Ny	2018-2028	Oppstart 2017. Ferdig 2018

### Kystsoneplan

Kystsoneplanen omfattar sjøområda i heile kommunen og dei sjønære landareala. Planen er på land avgrensa av veglina eller 100-metersbeltet. Planen vert no inkludert i samla arealdel for kommunen og revidert i samband med dette planarbeidet.

### Trafikktryggingssplan

Planen skal skildre mål og visjonar, strategi og prioriteringar. Planen skal også innehalde eit handlingsprogram med prioritering av tiltak. Planen skal gi grunnlag for prioritering for politikarane i Volda kommune og Statens Vegvesen. Planen er under rullering. Ein ser føre seg ferdigstilling i 2017. Handlingsdelen skal reviderast årleg.

### Klimaplan

Planen har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar innan kommunen. Måla i planen er knytt til energi, forbruk, avfall, transport, landbruk og dialog med næringslivet. Sjølv om planen er ein del år, tek den føre seg problemstillingar som er svært aktuelle og vert vurdert til å kunne vidareførast. Ei eventuell revidering vil først verte aktuell i neste valperiode. Handlingsdelen bør rullerast i 2017.

### Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Planen gjer greie for mål og verkemiddel for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg. Planen skal fungere som rettleiar for idrettsrådet, frivillige lag og organisasjonar, og danne grunnlag for kommunen sine prioriteringar av spelemiddelsøknader. Samstundes kan planen fungere som eit viktig verktøy for arbeidet med folkehelse, og med tanke på eventuell sikring av friluftsområde i kommunen. Neste rullering vert i 2018. Handlingsprogrammet vert revidert årleg.

### Vatn og avløp

Volda kommune har ikkje tidlegare hatt ein samla plan for vatn og avløp. Trygg vassforsyning er grunnleggjande for etablering og utvikling av nye område for bustader, fritidshus og industri. Samstundes er det viktig å løyse avløpstekniske utfordringar på ein best mogleg måte i høve til ytre miljø og kostnadseffektivitet. Planen skal gi grunnlag for prioriteringar i kommunen sitt arbeid med økonomiplan og seinare handlingsprogram. Det er utarbeidd forslag til planprogram. Ein ser føre seg ferdigstilling av plan i 2017.

### Veg

Volda kommune har ikkje hatt plan for dei kommunale vegane tidlegare. Planen vert utarbeidd for å leggje eit betre grunnlag for framtidig ressursinnsats innan vedlikehald og forsterking av det kommunale vegnettet. Planen skal vere eit handlingsretta verktøy med prioriterte tiltak det skal satsast på i planperioden. Ein ser føre seg oppstart av planarbeidet i 2017.

## 3.4 Reguleringsplanar

Planar	Oppstart	Aktivitet	Ferdig
Turveg ved Rotevatnet	2011	Under arbeid	2017
Rotsetfjóra-Scanaområdet	2012	Under arbeid	2017
Urbakkfoten	2014	Under arbeid	2017
Lisjenakken - Solhøgda	2016	Varsla oppstart	2017
Del av Kleppevegen	2016	Varsla oppstart	2017
Sevrinhaugen-Dokterhaugen	2016	Under arbeid	2017
Røyslida – Smalebakken	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Ny barnehage i sentrum	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Ungdomsskolen	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Sentralreinseanlegg	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Vassverk	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Gangtilkomst mellom Campus og sentrum	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Ny plan for Sentrums-kjernen	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Volda sentrum (S.H. Halskjelsvik, Skjervavegen)	Ny	Ikkje starta	Uvisst
Campusområdet	Ny	Ikkje starta	Uvisst

### **Turveg ved Rotevatnet**

Detaljplanen skal fastlegge arealformåla langs strandområda på nord- og austsida av Rotevatnet for m.a. å kunne legge til rette for friluftsliv, t.d. ved bygging av 2,4 km turveg. Planområdet omfattar også areal innanfor grensene til eksisterande reguleringsplan for Botnasanden, der det er aktuelt å gjere mindre endringar. Planen vart godkjent i kommunestyret i juni 2014. Planen vart påklaga og fylkesmannen oppheva planen i 2015. Planen vart lagt ut på nytt ettersyn i desember 2015. Det vart ikkje registrert motsegner til planen i samband med offentleg ettersyn og planen er klar for slutthandsaming.

### **Rotsetfjóra – Scanaområdet**

Planarbeidet vart starta i 2012 av Volda kommune. Mål for planarbeidet er å leggje til rette for utvidingsareal for Scana Volda. Detaljplanen har som mål å leggje til rette for utvidingsareal for Scana Volda. Scana har seinare selt areal og avklara med kommunen at dei har nok areal innanfor eksisterande eigedom og at dei eventuelt kan utvikle bygningsmassen der. I den seinare tid har private interesser teke initiativ overfor kommunen ved formannskapet om alternativ bruk (bustadføre mål) av området. Formannskapet har bedt om at ny tiltakshavar legg fram idesskisse/mulegheitsstudie som grunnlag for eventuelt løyve til fremjing av privat reguleringsplan. Arealbruken kan alternativt bli eit tema i pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

### **Urbakkfoten**

Planen legg til rette for ny sambindingsveg mellom Kleppevegen og Håmyra, og detaljplan for nye bustadtomter på areal som kommunen har kjøpt i området. Planen har lege ute til offentleg ettersyn. Ein ser føre seg slutthandsaming i kommunestyret i januar 2017.

### **Lisjenakkevegen – Solhøgda**

Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevestandard med einssidig fortausløyving. Dette etter krav i rekkefølgebestemmingar i detaljreguleringsplan for Håmyra. Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar langs vegen. Ein skal innhente tilbod på utarbeiding av teknisk plan som grunnlag for reguleringsplan. Kommunen legg opp til samtidig handsaming av plan og byggesak.

### **Del av Kleppevegen**

Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevestandard med einssidig fortausløyving. Dette etter i rekkefølgebestemmingar i detaljregulering for Håmyra.

Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar. Ein skal innhente tilbod på utarbeiding av teknisk plan som grunnlag for reguleringsplan. Kommunen legg opp til samtidig handsaming av plan og byggesak.

### **Sevrinhaugen/Dokterhaugen**

Detaljplanen legg til rette for bygging av omsorgsbustader for personar med utviklingshemming på Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Planen femner om eksisterande omsorgssenter på Fjordsynområdet og gnr. 19, bnr. 24.

### **Røyslida – Smalebakken**

Det kan bli aktuelt med ny plan i dette området i samband med sanering/omdisponering av areal og bygg.

### **Ny barnehage i sentrum**

Det er tre kommunale barnehagar i sentrum, Engeset, Oppigarden og Sollia. Alle barnehagane er bygde på 70-80-talet, og har i større eller mindre grad behov for oppussing/rehabilitering. I lys av dette, ser ein at det kan verte behov for eit nybygg som kan avløyse alle tre barnehagane. I Volda sentrum er det pr. i dag overkapasitet på ledige plassar når ein reknar med dei private barnehagane. Mellom anna er det ein ny, stor privat barnehage i Bratteberg som ha ledig kapasitet.

### **Ungdomsskulen**

Ungdomsskulen har over år hatt behov for renovering. Når det no er sett av midlar i investeringsbudsjettet har rådmannen signalisert at kommunen bør vurdere å samle ungdomssteket i kommunen. Dette er eit spørsmål kommunestyret må ta stilling til. Det kan ut i frå dette bli aktuelt å utarbeide reguleringsplan for området ved ungdomsskulen i planperioden.

### **Sentralreinseanlegg**

Det vil vere trong for å få fastlagt arealbehov og plassering av nytt reinseanlegg, då det vil legge føringar for korleis ein skal regulere områda rundt anlegget. Lokalisering av sentralreinseanlegg må først få si avklaring i hovudplan for avløp og i kommuneplanen sin arealdel. Deretter kan ein sjå på behov for detaljplanlegging alt etter kva løysing som vert valt. Regulering kan truleg koplast til detaljprosjektering.

### **Vassverk**

Mattilsynet krev at kommunen går gjennom alle kommunale vassverk og evaluerer om dei treng større eller mindre oppgraderingar. Ei større oppgradering vil kunne føre til at det må utarbeidast detaljreguleringsplan i tilknytning til anlegg.

### Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen

Det er behov for å leggje til rette for betre gangsamband mellom Campus og sentrumskjernen. Planen vil bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Gangtrasear må detaljplanleggast som del av ein områdeplan eller detaljplan for eit større område.

### Ny plan for sentrumskjernen

Det er behov ny reguleringsplan for sentrumskjernen. Planen vil bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Ein må også vurdere om planen skal utarbeidast i kommunal regi, eller om det skal leigast inn konsulent.

### Torvmyrvegen med tilgrensande areal

Det er planlagt veg i forlenging av dagens Torvmyrveg ved flyplassen, forbi glattkøyringsbana under ny E39 og til kryss ved dagens E39 i Furene. Det er ei etterspurt vegløyning for betre samband mellom næringsområda i Hovdebygda og Furene, betre moglegheit for kollektivtilbod til flyplassen, alternativ utrykkingsveg i samband med flyplassen, og ei avlasting av dagens flyplasskryss. Ein ser føre seg eit planarbeid i samarbeid med Statens vegvesen. Alternativt som felles kommunal oppgåve med innleigd konsulent. Kommunen vil prøve å få til ei avklaring gjennom arbeidet med bompenger-pakke Volda/Ørsta tilknytt Volda-tunellen.

### Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik, Skjervavegen mm.)

Forslag til planinitiativ er reist i samband med planar for utbygging på området mellom Legesenteret og Rådhuset. Område der telebygget står treng også oppdatert plan. Planarbeidet bør sjåast saman med ny plan for sentrumskjernen.

### Campusområdet

Det er behov for planmessige grep i høve til vidare utbygging ved Høgskulen og planar om idrettshall. Planområdet vil bli nærare vurdert i samband med kommuneplanen sin arealdel.

## 3.5 Tema- og sektorplanar

Tema- og sektorplaner er planar for fastsette tenester, tema eller sektorar. Disse planane står friare i høve til prosesskrav og tidsfristar, det vil sei at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram. Kommunen bør likevel lage til eit opplegg for medverknad og prosess med framdrift og høyring. Planane bør ha ein handlingsdel.

### 3.5.1 Kultur og service

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Arkivplan	Febr. 2012		Under rullering. Ferdig 2017
Alkoholpolitisk plan	16.06.2016	2016-2020	Gjeld
Kulturminneplan	Ny	2017	Oppstart 2016. ferdig
Beredskapsplan for sektoren	Ny		Oppstart 2017

#### Arkivplan

Arkivplanen er retningsgjevande for korleis all dokumentasjon kommunen treng eller har plikt til å oppbevare for ettertida skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Planen viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Planen vert oppdatert med jamne mellomrom. Det skal skje minst ein gong i året.

#### Alkoholpolitisk handlingsplan

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkoholovgjevinga som til ei kvar tid gjeld. Alkoholpolitisk plan omhandlar alkoholpolitikken og løyvepolitikken til Volda kommune. Planen vart sist godkjent 16.6.2016.

#### Kulturminneplan

Det er starta opp arbeid med kulturminneplan. Planen skal styrke kompetansen om kulturminne og gi betre oversikt over verneverdige kulturminne. Ein ser føre seg ferdigstilling i 2017.

#### Beredskapsplan for sektoren

Det vert vist til punkt 3.2.2.

### 3.5.2 Opplæring og oppvekst

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Kvalitetsplan for oppvekst og opplæring	Ny		Under arbeid. Ferdig 2017
Beredskapsplan for sektoren	Ny		Oppstart 2017
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Ny		Ein bør vurdere interkomm. samarbeid

### Kvalitetsplan for oppvekst og opplæring

Planarbeidet vart oppstarta i 2015. Det vart utarbeidd eit arbeidshefte og det vart lagt til rette for at alle tilsette i sektoren fekk kome med innspel til planen. Kvalitetsplanen vert sett i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel, og den skal vere ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde. Ein ser føre seg ferdigstilling av planen i 2017.

### Beredskapsplan for sektoren

Det vert vist til informasjon om beredskapsplan under punkt 3.2.2.

### Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Alle kommunar skal utarbeide ein handlingsplan for å førebyggje vald i nære relasjonar, og gi eit betre tilbod til dei som vert utsett for vald. Å førebyggje vald i nære relasjonar krev samarbeid på tvers av dei ulike sektorane. Ein bør vurdere interkommunalt samarbeid i perioden.

### 3.5.3 Personal

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Lønns-politisk plan	4.10.2016	2016-2019	Årleg rullering
Beredskaps plan for sektoren	Ny		Oppstart 2017

### Lønnspolitisk plan

Lønnspolitikken er ein del av kommunen sin strategiske arbeidsgjevarepolitikk. Den skal nyttast som personalpolitisk verkemiddel for å sikre kompetanseutvikling, rekruttering, meir heiltid og utvikling av kvalitativt gode tenester. Den definerer også innhaldet i ulike stillingar. For å sikre at lønspolitikken har samanheng med kommunen sine mål, skal lønspolitikken jamleg reviderast. Lønnspolitikken gjeld for perioden 2016 – 2019.

### Beredskapsplan for sektoren

Det vert vist til informasjon om beredskapsplan under punkt 3.2.2.

### 3.5.4 Helse/omsorg

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Helse- og omsorgs-plan	18.12.2014	2014-2017	Handlingsdelen vert rullert årleg. Rullering av planen i 2017
Demens-plan	18.12.2014	2014-2017	Handlingsdelen vert rullert årleg. Rullering av planen i 2017
Bustad-sosial handlings-plan	17.06.2010	2010-2014	Under rullering. Ferdig 2017
Handlings-plan mot vald i nære relasjonar	26.06.2007		Ein bør vurdere interkomm. samarbeid
Beredskaps plan for sektorien	Ny		Oppstart 2017

### Helse- og omsorgsplan

Planen er retningsgjevande for helse og omsorgsarbeidet i Volda kommune. Dokumentet består av ein plandel og ein handlingsdel. Handlingsdelen vert rullert årleg. Planen skal rullerast i 2017.

### Demensplan

Planen synleggjer kommunen sine utfordringar i høve til demensjukdom og legg grunnlag for eit godt tenestetilbod til menneske med demens og deira pårørande. Dokumentet består av ein plandel og ein handlingsdel. Handlingsdelen vert rullert årleg. Planen skal rullerast i 2017.

### Bustadsosial handlingsplan

Planen frå 2010 omtalar bustadtilbodet i kommunen og inneheld ei kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden. Planen kjem med framlegg til kommunen si organisering av det bustadsosiale arbeidet, samt framlegg til handlingsplan for sosial bustadbygging, bustadforvaltning og tenesteyting i bustadene. Planen er under rullering. Ein ser føre seg ferdigstilling i 2017.



### Beredskapsplan for sektoren

Det vert vist til informasjon om beredskapsplan under punkt 3.2.2.

### Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Planen er skildra under pkt. 3.4.2 ovanfor.

### 3.5.5 Landbruk

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Kjerne-område for landbruk	Ny		Oppstart 2016. Ferdig 2017
Hovudplan for skogsveggar	Ny		Oppstart 2016. Ferdig 2017

#### Kjerneområde landbruk

Den dyrka marka er grunnlaget for matproduksjonen, og landbruket sitt kulturlandskap er viktig for reiselivet, rekreasjon, trivnad, kulturarv og identitet, og for det biologiske mangfaldet. Landbruks- og matdepartementet ønskjer at kommunane skal ha ei bevisst haldning og langsiktig tenking i bruken av landbruksareala. Eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjingane er at kommunane peikar ut kjerneområde landbruk.

Med å definere kjerneområde landbruk vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. Kommunen vil gjennom fagrapport kjerneområde landbruk i Volda, peike på areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap.

#### Hovudplan for skogsveggar

Planarbeidet starta i 2016. Ein har på plass grunnlaget for planen, i alt 9 dekningsområde, på i alt 5472 da og 14500 m veg. Landbrukskontoret har som mål at planen skal vere ferdig seinast i 2019.

### 3.5.6 Eigedom

Volda kommune ynskjer å legge til rette for framleis positiv befolkningsvekst i Volda tettstad. Ein samordna areal- og transportplanlegging er viktig for å sikre berekraftig arealbruk, redusere transportmengde og for å endre transportmiddelfordeling slik at den vert betre for miljøet. Samtidig er bustadområde med korte avstandar til handels-, service- og tenestetilbod faktorar mange er ute etter når dei er på jakt etter

### Bustadsosial handlingsplan

Tverrsektoriell plan. Planen er nærare skildra i punkt 3.5.4 ovanfor.

### Beredskapsplan for sektoren

Det vert vist til informasjon om beredskapsplan under punkt 3.2.2.

### 3.5.7 Kommuneoverlegen

Planar	Vedteken	Periode	Status
Smittevernplan	24.9.2009	2009-2013	Oppstart 2017

#### Smittevernplan

Planen vart sist revidert i 2009. Planen regulerer og klargjer det einkilde offentlege organ og private verksemder sitt ansvar i smittevernet. Planen skal reviderast. Ein ser føre seg oppstart av planarbeidet i 2017.

### 3.5.8 IKT

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Handlingsplan for innovasjon og IKT	Ny		Oppstart 2017. Ein bør vurdere interkomm. samarbeid

#### Handlingsplan for innovasjon og IKT

Stortingsmelding nr. 27 (2015 - 2016) Digital Agenda for Norge trekkjer opp ein offentleg strategi for digitalisering. Målet med den nasjonale IKT-politikken er å skape ein enklare kvardag for innbyggjarane, næringslivet og for tilsette i offentleg sektor. I Stortingsmeldinga vert det også peika på uutnytta potensial for effektivisering i fovaltninga gjennom bruk av IKT.

Behovet for kommunen sine tenester vil auke i framtida, og særleg innanfor pleie- og omsorgstenestene. Kommunane vert utfordra på å løyse framtidige utfordringar ved omstilling og m.a bruk av IKT som verkty for å få meir ut av ressursane.

Fram til no har IKT i kommunane i hovudsak handla om etablering av infrastruktur og drifting av serverarar og applikasjonar.

I Sverige og Danmark har ein kome lenger i strategisk utvikling av IKT med digitalisering av tenester. Dette er noko Volda ikkje klarer å lyfte åleine, og vi er avhengig av eit nasjonalt løft, samtidig som vi må samarbeide om ein felles strategi for dette interkommunalt. IKT-samarbeidet på Søre Sunnmøre vil ta initiativ til ein interkommunal planprosess for å utvikle IKT-strategi. Den enkelte kommune må ut frå eit felles planverk utarbeide sin lokale IKT-strategi og handlingsplan for IKT.

### 3.5.9 Rådmannen/Innvandring og integrering

Planar	Vedteken	Gjeld	Status
Handlingsprogram for busetjing og integrering	02.02.2012	2012-2014	Rullering 2017

#### **Handlingsprogram for busetjing og integrering**

Planen inneheld strategi for korleis kommunen skal busetje og få ei vellukka integrering av flyktningar. Tilhøyrande tiltaksplan for 2012-2014 viser korleis kommunen skal arbeide med busetjing og integrering av flyktningar. Tiltaksplanen vert rullert årleg. Ein ser føre seg rullering av handlingsprogrammet i 2017.

# 4 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

## 4.1 Den regionale utviklinga

I statistikk lagt til rette av fylkeskommunen ser ein regionale utviklingstrekk på Sunnmøre samla (inkl. Sandøy). Hovudtrekka er at folketalsutviklinga i regionen har vore drive fram av ein eventyrleg vekst i næringslivet. Det har vore høg vekst i talet på arbeidsplassar, og det har ført med seg arbeidsinnvandring i større skala enn nokon gong. Det er likevel merkbare skilnader mellom kommunane og dei ferskaste tala stadfester eit skifte. Dette kjem mellom anna som ein konsekvens av den negative utviklinga i oljerelaterte næringar.

### 4.1.1 Demografiske utfordringar

Kommunane på Søre Sunnmøre har, til liks med Ålesund og dei næraste omlandkommunane, hatt sterk folketalsauke, men med større variasjon kommunar i mellom. Arbeidsinnvandring har gjort at veksten har vore størst i Ulstein. Eit par av kommunane opplever også nedgang eller stillstand i folketalet. Det er i mindre grad fødselsoverskot og innanlands tilflytting, og regionen samla er derfor noko meir sårbar demografisk.

Indre delar av Sunnmøre, like eins med resten av det indre fylket, har slite med svakare demografisk vekst enn resten av Sunnmøre. Dette er kommunar som ikkje har vesentleg næringsliv innanfor vekstnæringsane, og dei har derfor kome dårlegare ut. Endringane skjer ikkje i dramatiske sprang, men er over tid problematiske.

Flyttemønsteret generelt er som elles i landet (og verda) prega av ein del unge vaksne flyttar inn mot storbyregionane. Både Sunnmøre og fylket samla har eit ganske stort innanlands flyttetap i aldersgruppa 20-30 år. I tal har dette blitt motverka av innvandring. Med dårlegare konjunkturar i næringslivet er det risiko for at veksten stagnerer til eit nivå før 2007, der fødselsoverskot utgjorde omtrent heile den samla folketalsveksten. Gitt at fødselstala også går ned, er dette eit utfordrande bilete.

Den såkalla eldrebølga vil også ha konsekvensar for kommunane på Sunnmøre. Mange kommunar har allereie i dag ein relativt høg del eldre, medan andre står framfor ein stor vekst i denne gruppa. Det er noko usikkert kva konsekvensar dette har for kommunal tenesteproduksjon.

Vi står truleg føre eit teknologisk skifte i tenesteproduksjonen. Velferdsteknologi vil føre til meir effektiv bruk av ressursar. I tillegg endrar den generelle helsesituasjonen for eldre seg. Det som derimot er nokså sikkert, er talet på eldre i kvar kommune og forholdstalet mellom eldre og yngre. Dette har konse-kvensar langt utover omsorgssektoren, til dømes i bustadmarknaden, for skulestrukturen og for etterspurnaden etter kulturtenester, transport og handelsvarer.

### 4.1.2 Næringsliv og kompetanse

Næringsstrukturen er nokså lik i mange av Sunnmørskommunane. I ein konkurransesituasjon kan dette kanskje vere ei ulempe, men samstundes borgar det også for felles tilnærming til å løyse utfordringar.

Næringslivet i regionen er mykje basert på ressursane i havrommet, og derfor er regionen i verdsklasse innan maritim industri, fiskeri og havbruk. Men også møbel, ferdigvareindustri og landbruksbasert næringsmiddelindustri har nasjonalt tyngdepunkt på Sunnmøre.

Den maritime klynga består av reiarlag, verft, utstyrsleverandørar og designbedrifter. Klynga har utspring i fiskeri, men har særleg det siste tiåret hatt sterk vekst basert på investeringane i olje- og gassindustrien. Fallet i oljepris har no ført til krevjande tider for den maritime industrien, og har tvinga fram kostnadskutt og omstilling. Næringsklyngeprosjektet GCE Blue Maritime arbeider med berekraftig kommersialisering av avanserte teknologiar og operasjonar i havrommet.

Møre og Romsdal står for 23 % av den norske fiskeeksporten, og ein stor del av dette har utspring på Sunnmøre. Det er stort potensiale innan foredling av biomarine ressursar, og klyngeprosjektet Legasea arbeider med utvikling av verdikjeda knytt til dette.

Møbel og anna ferdigvareindustri utviklar seg frå reine produksjonsbedrifter til å ha som mål å bygge sterke globale merkevarer. Klyngeprosjektet Norwegian Rooms og designverkstaden Møbelkraft er viktige verkty i denne prosessen.

Tal sysselsette i kommunane og regionen kan visast etter arbeidsstad eller bustad. Høg arbeidsplassdekning er definert som fleire arbeidsplassar enn sysselsette. På Sunnmøre er det to kommunar som ut frå SSB's registerdata har eit stort overskot av arbeidsplassar. Det er Ålesund (120 %) og Ulstein (125 %). Dette er grunnlaget for interaksjon mellom kommunar, og typisk vert nokre kommunar klassifisert som bukommuner og andre arbeidsplasskommunar.

Den siste tida har mange verksemdar fått svekka lønsemd og tap. Det har innan oljebasert industri og tenesteproduksjon vore ei rekke oppseiingar og permitteringar. Dette gjeld gjerne dei same verksemdene som gjennom ei årrekke har hatt eventyrleg vekst og som har tilført kommunane vekstkraft. Betydeleg arbeidsinnvandring har vore nødvendig for å hanskast med denne veksten. Grunnlaget for arbeidsinnvandring vert no svekka. Låg kronekurs har styrka anna, eksportretta næringsliv, og dette kan utviklast for å avdempe konjunkturfallet.

Ei felles utfordring for næringslivet på Sunnmøre, uavhengig av bransje, er å rekruttere høgkompetent arbeidskraft. Vi konkurrerer på verdsmarknaden, og då er ikkje spennande jobbar alltid nok. Næringslivet på Sunnmøre er avhengig av ein attraktiv region med ein mangfaldig arbeidsmarknad, eit breitt tilbod av tenester, kultur og fritidstilbod, og bumiljø med innslag av urbanitet. Vi kan ikkje konkurrere med storbyane, men regionen må i sum by på eit mangfald som er unikt og attraktivt.

Mange arbeidsinnvandrarar har lågare terskel for å flytte igjen dersom føresetnadene for til-flyttinga ikkje lenger er til stades. Terskelen kan bli påverka av av god integrering i lokalsamfunnet, men utviklinga er noko usikker. Ein annan viktig faktor er sjølvstekt korleis konjunktursituasjonen påverkar bustadvalet til arbeidsledige, unge menneske sine val av utdanning og kvar ein ønsker å investere. Korleis unngår ein at framtidig kompetanse forlet regionen og korleis sikrar ein at det framleis vert investert i regionen? Kravet til kompetanse aukar i alle bransjar, men Sunnmøre treng fleire bein å stå på. Det kan til dømes ligge eit potensiale i knoppskyting og kommersialisering ut frå kompetansemiljø ved Høgskulen i Volda. Ei tettare integrering mellom høgskule, næringsliv og offentleg sektor på Sunnmøre bør vere eit mål og det bør utviklast fleire "kompetansearbeidsplassar".

I 2016 er det utvikla ein ny Forsknings- og Innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal. Denne tek utgangspunkt i regionen sine komparative fortrinn, og identifiserer kompetanse- og forskingsbehov. Strategien identifiserer berekraft, mogleggjerande teknologi, også kalla den fjerde industrielle revolusjonen, og kommersialisering/nye forretningsmodellar som viktige drivarar for utviklinga framover. Næringslivet på Sunnmøre må ta innover seg dette, og finne ut kva det betyr for den einskilde bedrifta. Fol-strategien har sett auka innovasjonsevne i næringslivet som mål, og den vil bli følgt opp med tiltak retta mot både meir forskingsbasert innovasjon i næringslivet, institusjonsbygging og betre samspel i innovasjonssystemet.

#### 4.1.3 Klima, energi og miljøutfordringar – grønt skifte

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor i dag. Forskarar og politikarar frå heile verda er samde om at det er nødvendig med kraftige og vedvarande kutt i klimagassutsleppa. På klimatoppmøtet i Paris i 2015 vart verdas toppleiarar derfor også samde om ein klimaavtale som forpliktar nasjonane til å gjere alt dei kan for at temperaturen ikkje skal stige meir enn to grader. Dette er i følge FN grensa for kva naturen kan tåle. Stig temperaturen meir enn dette vil vidare endringar i klima og miljø kome ut av kontroll. Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990. Dersom vi skal oppfylle målet krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, noko som sjølvstekt også får følgjer i Møre og Romsdal.

I regional delplan har fylkestinget i som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 % frå 2009. Dei fire største sektorane for utslepp i fylket er samferdsel, industri, landbruk og stasjonær forbrenning og det er sett delmål for utsleppskutt, som til saman tilsvarar hovudmålet i planen.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Dei fleste kommunane har lokale klimaplanar, mellom anna hadde Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Sula, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eit felles prosjekt der også Enøk-senteret, Høgskulen i Volda, Møreforsking, Tussa Kraft og Volda og Ørsta Reinhaldsverk deltok.

Stasjonær energibruk, avfall, forbruk og transport var tema. Det vart laga felles mål for kommunane, med nokre skilnader i delmål og strategiar. Handlingsdel må følgjast opp i kvar enkelt kommune. Det er generelt behov for å oppdatere dei kommunale klimaplanane med sikte på dei nye, nasjonale måla og Paris-avtalen.

Utfordringane knytt til klimaendringane er store og komplekse, og aktuelle tiltak omfattar innsats på ulike samfunnsområde- og nivå. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Felles utfordringar er å ha tilstrekkeleg kunnskap og ressursar innan klimaarbeidet, praktisk oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak, og å forankre klimaarbeidet best mogleg i kommuneorganisasjonen. Dette er eit område det er naturleg for fleire kommunar å samarbeide om.

#### 4.1.4 Samordning av areal- og transportplanlegginga

Samordning av areal- og transportplanlegginga er ei utfordring ut frå ei rekkje forhold. Først må det visast til det nasjonale forventingsbrevet, der både berekraftig arealforvaltning og miljøvenlege tettstader er synleggjort som nasjonal politikk. Med dette må ein også kunne forvente at ressursar vert sett inn nasjonalt.

For det andre er det nødvendig å ta innover seg at dei mest attraktive regionane synest å vere knytt til dei største byane, og regionutvikling må bygge på den vekstkrafta som ligg i det urbane. For å skape urbanitet må arealressursar og transportressursar samorganiserast. Dette er også nedfelt som mål i det regionale planverket.

For det tredje gjer omsynet til klima og forureining at det er nødvendig å fange mest mogleg av dagens og komande transportbehov i reisemiddel som er mindre forureinande og betre organisert. Avstand mellom og romleg organisering av ulike funksjonar er nøkkelfaktor, noko som berre kan løysast gjennom god arealplanlegging.

Vidare er det også av økonomiske årsaker nødvendig å bygge under dagens system for alternativ transport (les kollektiv) på ein slik måte at det er forsvarleg å oppretthalde tilboda. Det kan berre gjerast gjennom å lokalisere meir aktivitet inn mot knutepunkt og traséar.

Omsynet til naturmangfald, rekreasjon og naturens bereevne gjere det nødvendig å nytte allereie nedbygd areal på ein meir effektiv måte. Kvar enkelt sitt fotavtrykk i naturen må redusast.

I Møre og Romsdal er Ålesundsregionen den største av byregionane. Det er truleg her det er mest å hente miljømessig og transportmessig på samordna planlegging. Byregionar andre stader i landet har gjennomført liknande prosessar tidlegare, medan det ikkje har vore prioritert i vårt fylke. Tida er no komen, også her. Arbeidet bør organiserast som ein regional delplan, med sikte på regional planfastsetting og implementering i kommunale planar.

Volda kommune meiner det vil vere positivt at det vert utarbeidd ein eigen regional/interkommunal areal- og transportplan for Søre Sunnmøre. Regional delplan for attraktive byar og tettstadar, trekkjer fram at det ligg store utfordringar i regionane i høve til senterstruktur, då denne regionen har ein polysentrisk senterstruktur med fire sjølvstendige delregionsenter i Volda, Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg.

Ørsta og Volda har ei viktig rolle på Søre Sunnmøre. På grunn av dei store kommunikasjonsendringane i regionen siste åra, er Volda og Ørsta det fjerde regionale bysenteret i fylket, med eit omland på over 60.000 innbyggjarar. Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionen vil kunne bidra til å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Volda kommune meiner det er viktig at ein samarbeider i kommunale og interkommunale prosjekt.

#### 4.1.5 Felles planlegging i sjøareala

Omstrukturering av havbruksnæringa har gjort kommunegrensar mindre relevante i forhold til korleis næringa nyttar areal. Også for arealbruk generelt i sjø er kommunegrensar av lita interesse; fiske, friluftsliv, ferdsel, mv. Behovet for felles planlegging er ut frå dette generelt større enn på land. Med utgangspunkt i havbruksnæringa opplever mange at presset på sjøareala vert større, og at samordna planlegging er nødvendig av den grunn. Plan- og bygningslova sin heimel for arealplanlegging strekker seg til ei nautisk mil utanfor grunnlina.

På Sunnmøre er slike prosessar ikkje sett i gong. Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven har arbeidd med eit felles prosjekt for å sikre gode djupnekart.



#### 4.1.6 Born og unge

Gjennom rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegginga, er det definert to viktige nasjonale mål. Desse måla kjem også fram av at Noreg har ratifisert FN sin barnekonvensjon:

«- Sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverk-nadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov.

- Ivareta det offentlege ansvaret for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla kan gi den enkelte utfordringar og ein meningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn».

Det er viktig at kvar kommune tek omsyn til barn og unge sine interesser i alt planarbeid. Rikspolitiske retnings-liner må vere førande i planarbeidet, men ein må også å sjå konsekvensar av at barn og unge sine interesser ikkje blir prioritert.

Høgt fokus på løysingar som tek vare på barn og unge sine interesser, vil kunne medverke positivt til attraktivitet i kvar enkelt kommune. At barn og unge kjenner seg i godt varetakne, gjer det lettare å bli verande, eventuelt kome tilbake etter endt studietid.

Den nasjonale rapporten frå UNGdata-undersøkingar i 2014, viser at graden av psykiske helseplager påverkar i kor stor grad ungdom er fornøgde med lokalmiljøet sitt. Ei slik undersøking er med på å stadfeste at det psykososiale miljøet, til dømes i skulen, er svært viktig. Fysisk utforming av skulen kan vere ein del av dette. Det understrekar at det er viktig med eit gjennomgåande fokus på barn og unge sine interesser i all planlegging.

Rapporten «Ung i Møre og Romsdal» frå 2015, viser at elevar i vidaregåande skule som ser føre seg å gå vidare til universitet og høgskular, ser det som lite sannsynleg at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Dei som ikkje har planar om universitet og høgskule ser på det som svært sannsynleg at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Ein vesentleg faktor her er kjennskapen til kva jobb ein kan finne i fylket. Dei som kjenner godt til moglegheitene for jobb i fylket, svarer i større grad at dei vil bli buande.

Ikkje minst er det viktig at det er mogleg med høgare utdanning innan fylket, jamfør utfordringane i næringslivet.


Eit godt utdanningstilbod styrkar attraktiviteten både for unge som bur her og for unge andre stader som skal velje utdanning.

Signala frå born og unge i fylket må og bør kvar enkelt kommune ta på alvor enten aleine eller i samspel med andre aktørar for å betre legge til rette for at det blir attraktivt å både bu og ville flytte tilbake til heimstaden sin, eller for nye å flytte til. Dei demografiske trendane viser at det er svært viktig å ha fokus på dette.

## 4.2 Lokale utfordringar

### 4.2.1 Folketalsutvikling

Volda har, lik landet elles, hatt auke i folketalet dei siste åra. 1. januar 2016 var det 9037 innbyggjarar i kommunen. I tillegg er det til ei kvar tid busett ca. 1500-2000 studentar i Volda. Mange av studentane melder ikkje flytting, og er dermed ikkje teke med i statistikkane for kommunen.



Figur 2. Folketalsutvikling i Volda 2006-2016

I 2006 var det 8322 innbyggjarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsetje å stige jamt framover. Det er først og fremst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalutvikling. Flyttemønsteret generelt er som elles i landet prega av at ein del unge vaksne flyttar inn mot storbyregionane.


I 2030 spår SSB at det vil vere 10405 innbyggjarar i kommunen. Det inneber utfordringar innan planlegging for kommunen. Statistisk sentralbyrå (SSB) har publisert framskrivingar av folketalet basert på tal for 2016.

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	103	109	114	118	123	120	117	115	30,7
1-5 år	472	465	489	524	546	658	664	652	640	35,6
6-12 år	824	830	812	789	792	794	952	981	968	17,5
13-15 år	326	337	343	362	363	354	342	424	434	33,2
16-19 år	512	489	482	462	473	516	475	532	598	16,8
20-44 år	2968	3047	3113	3170	3181	3308	3427	3415	3398	14,5
45-66 år	2416	2436	2452	2459	2477	2462	2502	2642	2820	16,7
67-79 år	975	1008	1039	1062	1091	1205	1251	1276	1348	38,2
80-89 år	340	341	341	352	346	430	560	631	668	96,5
>90 år	116	117	115	111	119	108	112	146	199	71,5
<b>Totalt</b>	<b>9037</b>	<b>9173</b>	<b>9295</b>	<b>9407</b>	<b>9506</b>	<b>9958</b>	<b>10405</b>	<b>10816</b>	<b>11188</b>	<b>23,8</b>

Tabell 1. Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM)

Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Av tabellen går det tydeleg fram kor mange barnehagebarn, barneskulebarn og ungdomsskuleelevar ein kan vente å få i Volda dei neste åra. Dei ulike gruppene har forskjellige krav og forventningar til kommunale tenester.

Befolkningsutviklinga i åra framover, vil medføre utfordringar sidan talet på eldre vil auke drastisk i løpet at dei neste tiåra. Det vil medføre auka trong for tenester og tilrettelegging. Eit sentralt stikkord vert å ivareta og styrke befolkninga si helse, arbeids- og funksjonsevne. På same tid aukar levealderen i heile befolkninga, slik at den enkelte sitt behov for pleie vert forlenga over tid. Menneske med redusert funksjonsevne, skal ha same moglegheit til personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Pleie og omsorgstenester er blant kommunen sine mest ressurskrevjande oppgåver, og tenestene representerer i gjennomsnitt ca. ein tredjedel av kommunen sitt budsjett.




Figur 3. Folketal fordelt på aldersgrupper og kjønn, i 2000, 2016 og 2025 (Kommunestatistikk 2016)

Det er viktig at ein ser situasjonen i dag i samanheng med befolkningsprognosen i kommunen.


#### 4.2.2 Næringutvikling og sysselsetting

30 % av alle sysselsette i fylket er å finne i offentlig sektor. Volda skil seg ut frå fylket ved at heile 46 % av alle sysselsette arbeider innanfor offentlig sektor (nærare 1100 arbeidsplassar). Disse arbeidsplassane inkluderer mellom anna høgskulen, prosti, sjukehus og tingrett.



Figur 4. Næringsstruktur, i offentlig og privat sektor, samanlikna med Møre og Romsdal og Noreg

Det er primært innan helse, sosial, omsorg og utdanning at det har vore sterk vekst dei siste åra. Svakest har veksten vore i offentlig sektor. Figur 6 viser næringsstrukturen i Volda i 2015. Dei offentlege arbeidsplassane er viktige for Volda både fordi det er mange av dei, men også fordi dei trekker til seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen. Dei er også viktige for tenestetilbod. Det er viktig å legge til rette for utvikling av offentlege arbeidsplassar i Volda. Samtidig er det ein risiko med ein ein-sided næringsstruktur, og kommunen vil verte sårbar om det skjer endringar i til dømes høgskule- eller sjukehusstrukturen.



Figur 5. Næringsstruktur i Volda 2015 (Kommunestatistikk 2015)

Dei to største næringane i fylket er helse- og sosialtenester og industri. På fylkesnivå er 15,8 % av dei sysselsette tilsett innafør industrien, medan i Volda er tilsvarande tal 4,1 %.

Helse- og sosialtenester er den største næringa også i Volda kommune. Volda er den kommunen i fylket med størst sysselsetting innanfor undervisning. I 2015 var det sysselsett 46 % i offentlig sektor. På landsbasis var tilsvarande tal 34 % og Ørsta 28 %.

#### 4.2.3 Transport og infrastruktur

Volda har i stor grad inn- og utpendling av sysselsette. Det er 760 personar som pendlar til Ørsta og det er 992 personar som pendlar frå Ørsta til Volda. Ein ser også at det er ein del som pendlar til Ulstein (132 personar) og Ålesund (122 personar personar). Samstundes er det ein del som pendlar frå Volda til Ulstein (86 personar) og Herøy (65 personar). Kollektivtransporttilbodet både inne i kommunen og ut av kommunen er ikkje godt nok, og vert difor lite nytta.

I sentrum av Volda kommune ligg det godt til rette for at ein kan ta seg fram utan bil i mange situasjonar. Det er kort veg mellom befolkningskonsentrasjonane og det er relativt flatt. Elles i kommunen er det vanskeleg å ta seg fram utan bil.

#### 4.2.4 Tettstad- og arealutvikling

Volda sentrum er eit relativt lite og konsentrert sentrum. Fokus i åra framover vil vere å utvikle eit variert sentrum, med gaterom, møtestader, urbane sentrumstilbod og aktivitetar.

Høgskulen i Volda er i gang med eit campusutviklingsprosjekt, og held på med ein gjennomgang av mellom anna arealbehov, nybygg, trafikk- og parkeringsløyser og uteområde.

Dei arbeider også med å sjå på samarbeids- moglegheiter med det private og offentlege næringslivet, kulturliv og sambruk av lokale. Campusprosjektet har foreslått fylgjande visjon for Høgskulen i Volda: "Kompetanse for framtida i studiebygdA".

I følgje Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det forventa at by- og tettstadkommunar vektlegg fortetting og transformasjon i sentrum og rundt kollektiv- knutepunkt. Utviklinga skal tilpassast forventa klimaendringar.

Det er gjennom kommunen sitt planverk det vert lagt til rette for tilstrekkeleg tilgang på areal til bustad- bygging. Det å ha nok areal til bustadbygging er ein viktig faktor for å vere ei attraktiv tettstad. Nok bustadareal vil også vere med på å sikre at tomte- og bustadprisane ikkje vert unødige høge.

Det er størst tilflytting til sentrumsområda, og det er også her ein må sikre nok bustadareal. I Volda sentrum er det eit fortettingspotensial. I forhold til utviklingstrekk i samfunnet med ein til to personar per eining, fleire eldre, ynskje om å bu urbant og ei stor gruppe studentar, er det fornuftig å legge til rette for fleire mindre einingar i sentrum.

I kommunedelplan for Volda sentrum inkludert Mork/Furene og Vikebygda er det sett av areal til bustadføre mål. Mange av desse areala krev reguleringsplan og utbygging av tekniske anlegg før tomtene kan byggjast. Sjølv om presset for bustad i dag ligg på små einingar må ei i langsiktig planlegging også legge til rette for einestadar. Kommunen har etablert bustadfelt med tilgang på ledige tomter på Dravlaus, Steinsvik, Dale, Folkestad, Straumshamn, Bjørkedalen, Fyrde, Hjartåbygda, Mork og Lid. I sentrum er det ledige byggeklare tomter i Bratteberg og i Engeset/Klepp. Nye bustadfelt er under planlegging/utbygging, i Bratteberg (Ottagarden og B58) og i Engeset/Klepp (K10 og Urbakkfoten).

Håmyra er nyleg regulert til bustadbygging gjennom privat reguleringsplan, og utbygging av tekniske anlegg vil starte i 2017.

Kommunen har god barnehagedekning, og alle som søker får barnehageplass. Barn frå Ørsta får barnehageplass i dei ikkje-kommunale barnehagane i Volda.

Ein registrerer at det er eit auka press i området Mork/Egset, og det er ikkje alle i området som får barnehageplass i Mork barnehage.

Elevtalet i grunnskulen vil halde seg nokså stabilt dei neste åra, basert på tal frå folkeregisteret. Tilflytting og fråflytting kan endre dette biletet. Tendensen viser nedgong i elevtalet på bygdene, medan elevtalet aukar noko i sentrum inkludert Lid/Mork skulekrins.

Ved sentrumsskulane kan kapasiteten verte utfordra på nokre av klassestega dei næraste åra. Elevantviklinga i Lid/Mork skulekrins viser at Mork skule vil gå frå firedeling til femdeling om kort tid, og det er naudsynt å utvide kapasitet ved skulen. Det kan gjerast ved å setje i stand lokala i øvste høgda på skulen, eller ved påbygg/brakkar. I framtida kan det verte behov for å auke kapasiteten ved Bratteberg skule. Det er difor viktig å sikre areal kring skulen til eventuell framtidig utbygging.

# 5 OPPSUMMERING

Nedanfor følger liste over Volda kommune sine planar.

Plan					
OVERORDNA PLANAR	Vedteken	Gjeld	Aktivitet	Merknad	Ansvar
Heilskapleg ROS	2013			Planen bør reviderast i samband med utarbeiding av ny arealdel	Utvikling/ plan
Plan for kriseleiing	16.06.2016			Vidareførast	Rådmannen
Samfunnssikkerhet og beredskap	Ny		Oppstart 2017		Rådmannen
<b>KOMMUNEPLAN</b>					
Kommuneplanens samfunnsdel	26.5.2016	2016-2028			Utvikling/ plan
Kommuneplanens samla arealdel	30.05.1990		Rullering pågår	Ferdig 2018	Utvikling/ plan
<b>KOMMUNEDELPLANAR AREAL</b>					
Kryssing av Voldsfjorden	Ny		Oppstart 2016/2017	Voldsfjord-kryssing AS er initiativtakar	Utvikling/ plan
Mork og Furene/ Hovdebygda	Ny		Oppstart 2018/2019	Samarbeid med Ørsta kommune	Utvikling/ plan
Krøvelseidet	Ny		Oppstart 2018	Samarbeid med Ørsta kommune	Utvikling/ plan
<b>KOMMUNEDELPLANAR TEMA</b>					
Kystsoneplan	30.01.2003	2003-2006	Rullering 2017		Utvikling/ plan
Trafikktryggingssplan	18.10.2007	2007-2010	Ferdig 2017		Teknisk/plan
Klimaplan	11.03.2010	2010-2020	Rullering av handlingsdelen i 2017		Utvikling/ plan
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	27.02.2014	2014-2018	Årleg rullering av handlingsdelen. Hovedrullering i 2018		Utvikling/ plan
Vatn og avløp	Ny	2017-2027	Oppstart 2016. Ferdig 2017		Teknisk



KOMMUNEDELPLANAR					
TEMA					
Veg	Ny	2018-2028	Oppstart 2017. Ferdig 2018		Teknisk
REGULERINGSPLANAR	Oppstart		Aktivitet	Merknad	Avsvar
Turveg ved Rotevatnet	2011		Under arbeid	Ferdig 2017	Utvikling/plan
RotsetfjØra-Scanaområdet	2012		Under arbeid	Ferdig 2017	Utvikling/plan
Urbakkfoten	2014		Under arbeid	Ferdig 2017	Utvikling/plan
Lisjenakkevegen – SolhØgda	2016		Varsla oppstart	Ferdig 2017	Utvikling/plan
Del av Kleppevegen	2016		Varsla oppstart	Ferdig 2017	Utvikling/plan
Sevrinhaugen/ Dokterhaugen	2016		Under arbeid	Ferdig 2017	Utvikling/plan
RØyslida-Smalebakken	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Ny barnehage i sentrum	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Ungdomsskulen	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Sentralreinseanlegg	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Vassverk	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Ny plan for sentrums- kjernen	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
Campusområdet	Ny		Ikkje starta	Uvisst	Utvikling/plan
TEMA-/SEKTORPLANAR	Vedteken	Gjeld	Aktivitet	Merknad	Ansvar
Arkivplan	2012		Under rullering	Ferdig 2017	Kultur og service
Alkoholpolitisk plan	16.06.2016	2016-2020		Vidareførast	Kultur og service
Kulturminneplan	Ny	2017-	Oppstart 2016	Ferdig 2017	Kultur og service
Beredskapsplan for kultur og service	Ny		Oppstart 2017		Kultur og service
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	26.06.2007		Årleg rullering	Ein bør vurdere interkomm. samarbeid	Opplæring og oppvekst
Kvalitetsplan for oppvekst og opplæring	Ny		Under utarbeiding	Ferdig 2017	Opplæring og oppvekst
Beredskapsplan for oppvekst og opplæring	Ny		Oppstart 2017		Opplæring og oppvekst
Lønnspolitisk plan	04.10.2016	2016-2019	Årleg rullering		Personal

TEMA-/SEKTORPLANAR	Vedteken	Gjeldande	Aktivitet	Merknad	Ansvar
Beredskapsplan for personal	Ny		Oppstar 2017		Personal
Helse- og omsorgsplan	18.12.2014	2014-2017	Årleg rullering handlingsdel. Rullering av plan i 2017		Helse/omsorg
Demensplan	18.12.2014	2014-2017	Årleg rullering handlingsdel. Rullering av plan i 2017		Helse/omsorg
Bustadsosial handlingsplan	17.06.2010	2010-2014	Under rullering	Ferdig 2017	Helse/omsorg
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	26.06.2007			Ein bør vurdere interkommunalt samarbeid i perioden	Helse/omsorg
Beredskapsplan for helse og omsorg	Ny		Oppstart 2017	Ferdig 2017	Helse/omsorg
Kjerneområde for landbruk	Ny		Oppstart 2016	Ferdig 2017	Landbruk, Ørsta
Hovudplan for skogsvegar	Ny		Oppstart 2016	Ferdig 2019	Landbruk, Ørsta
Bustadsosial handlingsplan	17.06.2010	2010-2014	Under rullering	Ferdig 2017	Eigedom
Beredskapsplan for eigedom	Ny		Oppstart 2017	Ferdig 2017	Eigedom
Smittevernplan	28.04.2009	2009-2013	Oppstart 2017	Ferdig 2017	Kommuneoverlegen
Handlingsplan for innovasjon og IKT	Ny		Oppstart 2017	Ein bør vurdere interkommunalt samarbeid i perioden	IKT/SSIKT
Handlingsprogram for busetjing og integrering	02.02.2012	2012-2014	Rullering 2017	Ferdig 2017	Rådmannen/ Innvandring og integrering







Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)  
Telefon: +47 70 05 87 00  
Åpningstider: 08.00–16.00





## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2018/2102

Arkivkode: 2012008

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/19	Formannskapet	05.02.2019

### PLANID- 2012008-2 MINDRE ENDRING ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Formannskapet gjer i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 følgjande endringar i detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde med planid 2012008:

#### *§6 AREALBRUK*

*i. I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal.*

*Sal av plasskrevjande varer, i samsvar med definisjon i «Regional delplan for attraktive byar og tettstader», kan tillatast. Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.*

#### *§ 13 – FARESONE (PBL. §11-8 a.3, jf. §12-6)*

*Ras- og skredfare (H310):*

*Innanfor området kan det berre forast opp bygg i samsvar med tryggleikskrava i gjeldande teknisk forskrift(TEK).*

2. Andre forslag til endringar må ein eventuelt kome tilbake til etter godkjenning av kommuneplanen sin arealdel.

#### Vedleggsliste:

1. Forslag til endra føresegner pr. 29.01.2019
2. Merknad frå Rønnestad Eigedom AS
3. Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune
4. Fråsegn frå Asko Eigedom AS



5. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
6. Merknad frå Volda næringsforum
7. Uttale frå Statens vegvesen
8. Brev til høyringspartar
9. Gjeldande føresegner
10. Forslag til endra føresegner pr. 30.10.2018

**Uprenta saksvedlegg:**

Vedtak i FSK 16.10.2018 arkivsak 2018/1905

Detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde:

[http://webhotel2.gisline.no/gislinewebplan\\_1519/gl\\_planarkiv.aspx?planid=2012008](http://webhotel2.gisline.no/gislinewebplan_1519/gl_planarkiv.aspx?planid=2012008)

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld endring av føresegn om daglegvarehandel i detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde.

**Saksopplysningar/fakta:**

Volda formannskap har i sak 155/18 den 16.10.2018 bedt om igangsetting av ein prosess for endring av reguleringsføresegnene i reguleringsplanen for Øvre Rotset næringsområde i samsvar med strategidokumentet «sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling».

Det er først og fremst avgrensing av type handel som ikkje er samsvarande. Dei gjeldande føresegnene til planen opnar ikkje opp for daglegvarehandel. Det er derfor utarbeidd eit forslag til endring av reguleringsføresegn §6 punkt i).

I forslag til endra føresegn pr. 30.10.2018 legg ein til rette for at det kan etablerast detaljhandel inntil 3.000 m2 bruksareal(BRA), så sant dette ikkje overskrid grensa for detaljhandel på 6000 m2 BRA for midtre sentrumssone jf. strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Avgrensinga for daglegvarehandel er tatt ut. Det er tatt med/vidareført ei avgrensing i vareslag som klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone. Det er tatt inn i føresegna eit krav om at handel med detaljhandel og plasskrevjande berre kan etablerast med min. 1000 m2 bruksareal. Dette er i samsvar strategidokumentet «sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling», der ein ønskjer å sikre at handel på Øvre Rotset vert etablert etter eit typisk storhandelkonsept, og ikkje som småbutikker som ein ønskjer etablert i indre sentrumssone. Under er forslag til endra føresegn pr. 30.10.2018:

*Forslag til nytt pkt. §6 i):*

*I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel innan planområdet er avgrensa til inntil 3.000 m2 bruksareal(BRA), så sant dette ikkje overskrid grensa for detaljhandel på 6000 m2 BRA for midtre sentrumssone jf. strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone.*

*Det kan i tillegg tillatast handel med plasskrevjande varer som bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar.*

*Verksemd for detaljhandel og plasskrevjande varer kan berre tillatast med min. 1000 m2 bruksareal.*

*Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrleggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer t.d. kjøken, baderom etc.).*

*Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.*

Endring av reguleringsplan kan gjennomførast som forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 2. ledd ettersom endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går ut over hovuddrammene i planen og heller ikkje røyver ved viktige natur- og friluftsområde.

Forslag til endra føresegner vart sendt ut til røyvde partar den 14.11.2018 med ein frist for uttale sett til 18.12.2018. Det vart gitt utsett frist for Volda næringsforum. Det er motteke 6 uttalar/fråsegner som alle er vurdert i saka. Det er ikkje motteke merknad som har karakter av motsegn frå røyvde mynde.

#### **Merknader:**

##### 1. Merknad frå Rønnestad Eigedom AS, datert 14.12.2018:

Meiner at det å gå frå 3000m<sup>2</sup> med storhandel til inntil 6000m<sup>2</sup> handel totalt med einingar på minimum 1000m<sup>2</sup> der daglegvare er tillate vil vere å kopiere Digernesskiftet til Volda. Spør om dette er tilpassing til ein aktør som har ein plan og spør korleis ein skal kunne styre utviklinga med omsyn til vareslag når bransjeglidning er ein realitet. meiner oppskrifta på suksess i handel er å samle aktørar som kompletterer kvarandre for at kundane skal kunne løyse sine handelsbehov. Peikar på at det i vår tid med fokus på grøne alternativ tyder at ein ynskjer eit kompakt og attraktivt sentrum. Viser til at både Ørsta og Ulsteinvik legg til rette for handel og har planar for eit kompakt sentrum. meiner at også Volda sidan 80-talet med Ridderstrømplanen har hatt planar for å utvikle eit kompakt sentrum. Har lite forståing for å splitte handelstilbodet i Volda i 3(4) deler og meiner dette er det motsette av det Gehl arkitekter og representanten frå Arendal har formidla.

Det vert peika på at det er mindre utfordrande å bygge ein enkel konstruksjon på ei flat mark utanfor sentrum. Gjer klart at dei ikkje ønskjer å «vere igjen» i eit sentrum dersom dei store dragarane er flytta ut. meiner det er kombinasjonen av nokre sterke dragarar og nisjebutikkane som gir handel og kundar til alle og meiner ein ikkje bør bli overraska om det ikkje vert igjen gode butikkar i sentrum. Viser til Vestnes der dei har klart å utvikle eit velfungerande kompakt sentrum med butikkar i første høgda og attraktive leilegheiter i etasjane over. meiner denne modellen kunne vore brukt i Volda.

Meiner politkarane/administrasjonen no har ein unik mogelegheit til å gjere eit val: Ein kan legge til rette for å bruke Rotsetområdet til bilforretningar, bensinstasjon, bilverksted og byggevare/møbel, røyrleggjar og større handelsaktørar som ein heilt sikkert ikkje kan få plass til i sentrum. Her er det mange aktørar i marknaden, og dette kan gjere Volda sentrum sterkare, slik til dømes OBS bygg gjer det! Samtidig bør kommunen snarast starte ein prosess for å sikre areal i sentrum for at aktørar som står klare til å investere kan gjere det i forvissning om at ein investerer i eit sentrum som har ei framtid. Viser til at gårdeigarane no sit på gjerdet fordi dei er usikre på om pengane dei legg ned i sentrum vil ha avkastning – og slik sprer usikkerheita seg. Dei har mange planar og mange er godt realiserbare, men for dei

fleste av dei er ein avhengig av ei butikkdrift i 1. etasje for å få prosjektet til å løne seg – og nettopp denne drifta er det som gjer sentrum attraktiv og urban! Meiner det er tøv at det ikkje fins plass til mykje forretningsareal i sentrumskjerna. Det er begrensningar i bruken av areala som er problemet: Siktlinjer på grunn av for høg tillatt fart, eit fragmentert eigedomskart med mange festekontraktar, ein alt for stor bruk av areal til busshaldeplass og industribygningar som lett kunne vore gjort om til butikkareal. Her er det arealplanen skal gi retning og då kan kommunen ta fatt i utfordringane! Peikar på at det skjer mykje positivt innanfor budstadbygging, utvikling av Høgskulen, etablering av Volda Campus Arena, utvikling av nytt Kulturhus med mer at denne flotte bygda fortener eit sentrum – eit sentrum som blir satt i stand til å fungere! Ikkje berre for dei som skal drive butikkar og investorar som vil bygge nytt, men ikkje minst for dei som vil bu sentrumsnært og leve det gode, urbane liv!

*Kommentar:*

*Det er utfordrande å styre handelsetableringar. Plan- og bygningslova gir ikkje høve til å styre vareslag anna enn å skilje mellom detaljhandel og handel med plasskrevjande varer. Framlegg til formuleringa, om at detaljhandel ikkje kan overskride 6000 m<sup>2</sup> innanfor midtre sentrumssone, er ei innsnevring i forhold til eksisterande føresegn. Ein er samd i at ein bør avvente handsaming av kommuneplanen sin arealdel, før ein endrar reguleringsplanar i samsvar med strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Rådmannen foreslår derfor å ta ut denne formuleringa av foreslått føresegn. Ein vil derimot foreslå å endre føresegn 6 i. slik at den vert i samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova.*

### 2. Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 18.12.2018:

Peikar på at plan- og bygningslova, § 12-7, ikkje opnar for å definere reglar om eksempelvis kva for type forretning som er tillate i eit sentrumsbygg ut over å innføre restriksjonar mot kjøpesenter og skilje mellom plasskrevjande varer og detaljhandel. Dermed er det mogleg for eksempel å etablere daglegvarebutikk med dagens føresegner, så sant det ikkje medfører at bruksarealet for detaljhandel overskrider 3000 m<sup>2</sup>. Dei rår vidare til å vedta arealdelen før ein eventuelt startar arbeidet med å justere føresegner i reguleringsplanar.

*Kommentar:*

*Ein tek fråsegna til vitande når det kjem til oppklaring av kva plan- og bygningslova opnar for når det gjeld føresegn om type handel. Ein foreslår å endre føresegn 6 i. slik at den vert i samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova. Ein er i samd i at eventuell endring av føresegner i reguleringsplanar bør vente til arealdelen er godkjent, og foreslår derfor å ta ut aktuell formulering i foreslått føresegn.*

### 3. Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.12.2018:

Føreset at føresegn tilhøyrande omsynssone for skred, § 13 – faresone blir endra slik at den er i tråd med tryggleikskrava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Meiner daglegvarehandel bør leggest nærast mogleg der folk bur, slik at ein unngår unødig bilkøyring, og såleis bør ein slik butikk leggest lengst mogleg nord i planområdet. Vidare peikar dei på at det er det særskilte krevjande å styre handelsbransjen, og bransjeglidning kan gjere det utfordrande å handheve føresegnene. Det bør i alle høve ligge føre ei kartlegging av kva type og mengde som allereie finst av detaljhandel i midtre sentrumssone. Dei gjer vidare merksam på at Fylkesmannen ikkje har tatt stilling til strateginotatet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» med påfølgjande plangrep, som vi forstår at denne endringa i føresegner er ein del av. Dette vil dei komme tilbake til når kommuneplanen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Fylkesmannen rår generelt ifrå etablering av detaljhandel på Øvre Rotset, då dette vil kunne medføre negative konsekvensar for utviklinga av Volda sentrum som tettstad. Meiner kommunen bør vente med å behandle denne saka til rullering av kommuneplanen er slutført, slik at senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling blir sett på i ein større samanheng.

*Kommentar:*

*Føresegn om omsynssone for skred vert endra i samsvar med fråsegna. Ein gjer merksam på at det alt er opna for detaljhandel i fleire relativt nye reguleringsplanar i midtre sentrumssone og at forslag til endra føresegn i realiteten er ei innstramming. Ein er i samd i at eventuell endring av føresegner i reguleringsplanar bør vente til arealdelen er godkjent, og foreslår derfor å ta ut aktuell formulering av foreslått føresegn.*

4. Merknad frå Asko Eigedom AS v/DLA Piper Norway AS, datert 18.12.2018:

Peikar på at Asko Eigedom AS ikkje har motteke høyringsbrevet. Meiner forslaget om å endre føresegnene knytt til detaljhandel er så omfattande og har så store konsekvensar at dette ikkje er ein mindre endring av planen og at endringa krev full reguleringsendring, slik at alle konsekvensane kan belyst og dei ulike syna kan vegast mot kvarandre. Meiner den foreslåtte føresegna er språkleg uklar og innbyr til tolkningstvil. Ber om at forslaget vert forkasta og at ein ev. endring avventar ferdighandsaming av kommuneplanen. I motsett fall vil klienten påklage vedtaket med krav om oppsettande verknad.

Meiner den foreslåtte endringa der det vert opna for ein langt meir omfattande detaljhandel enn i gjeldande plan, går ut over hovudrammene i den aktuelle planen og berre kan gjennomførast etter ein ordinær planprosess. Miner vidare at endring av planen berre 4 år etter planvedtaket svekker tilliten til kommunen sitt planverk og set til side demokrati- og medverknadsprinsipp i plan og bygningslova. Viser til Prop. 149 L(2015-2016) og meiner endringsforslaget er kontroversielt og at det derfor ikkje kan handsamast som mindre endring. Meiner også endringa potensielt vil endre heile handelsbalansen i Volda og at det ikkje er lagt opp til en tilstrekkeleg medverknad/høyringsprosess for endringsforslaget. Peikar på at både klienten men også andre næringsdrivande ikkje har fått høve til å uttale seg. Minner om at det er kommunedelplan for Volda sentrum som er gjeldande overordna arealplan for området og at Strateginotatet ikkje er ein formell arealplan og at ein ikkje kan utelukke at statlege mynde vil ha innvendingar. Meiner avklaring av senterstrukturen i kommunen og tilpasningar av gjeldande reguleringsplanar i Formannskapet er lite betryggande og synes å tilsidesette Kommunestyret som reell planmynde. Konkluderer med at endring av reguleringsplanen ikkje kan gjerast etter forenkla prosess i pbl. §12-14, men fordrar ein full ordinær prosess og at forslaget ikkje kan gyldig vedtakast av Formannskapet.

*Kommentar:*

*Det er eit krav at endra reguleringsplan etter forenkla handsaming skal sendast på høyring til røyvde mynde, eigarar og festarar og andre røyvde. Det er gjort ei vurdering av kven som er «andre røyvde». For å fange opp andre næringsdrivarar er endringsforslaget sendt til Volda næringsforum. Ein vurderer det slik at kravet til høyring er oppfylt.*

*Hovudføremålet med detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde var å følgje opp kommunedelplan for Volda sentrum og leggje til rette for næringsareal, utvidingsareal gravplass og friluftsområde på Øvre Rotset. I avklaring av planfagelege grep i planomtalen finn ein følgjande formulering:*

*For næringsverksemd skal eit breidt utval av verksemdar kunne etablere seg, men ikkje*



- detaljhandel i konflikt med "kjøpesenterstoppen", jf maks 3000 m2 bruksareal
- verksemder som kan medføre støyuetslepp over grenseverdiane i T-1442 i høve kringliggande støyfølsam arealbruk.

*Ut frå dette kan ein konkludere med at endring av kva type handel som kan etablerast innanfor planområdet ikkje går ut over hovudrammene i planen. Plan- og bygningslova gir ikkje høve til å styre vareslag anna enn å skilje mellom detaljhandel og handel med plasskrevjande varer. Ein vil derfor foreslå å endre føresegn 6 i. slik at den vert i samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova.*

*Framlegg til formuleringa, om at detaljhandel ikkje kan overskride 6000 m2 innanfor midtre sentrumssone, er ei innsnevring i forhold til eksisterande føresegn. Rådmannen er samd i at ein bør avvente handsaming av kommuneplanen sin arealdel, før ein endrar reguleringsplanar i samsvar med strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Ein vil derfor å ta ut denne formuleringa av foreslått føresegn.*

#### 5. Merknad frå Volda næringsforum, datert 20.12.2018

Går sterkt i mot at saka vert handsama før arealdelen er slutthandsama. Minner om at planformålet knytt til øvre Rotset knytt til detaljhandel og sentrumsutvikling er ei av dei heil sentrale problemstillingane som skal vere gjenstand for brei og demokratisk handsaming i Kommuneplanen sin arealdel. Meiner konsekvensane av framlegg til endra føresegn vil innebere at det før handsaming av arealdelen oppstår ei låseing av planområdet som gjer vidare handsaming av det sentrale spørsmålet knytt til handel og sentrumsfunksjonar ikkje vil gi reell mening. Meiner dette utfordrar VNF sitt syn på Volda kommune som føreseieleg og strukturert planmynde. Viser til Fylkesmannen sitt innspel til reguleringsframlegget for Øvre Rotset i 2014 der dei rår i frå tilrettelegging for forretningsverksemd på Øvre Rotset og at den øvre ramma for detaljhandel utanom «sentrum» i Volda bør vere langt lågare enn 3000 m2. Dei meiner det vil vere heilt sentralt å gjere ei reell vurdering av denne problemstillinga i arealdelen. Dei viser vidare til strategidokumentet «senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsdeling» der målsettinga om 6000 m2 i handelspark på Øvre Rotset gjer at i praksis resten av handelsnæringa i Volda sentrum (utanom matvare) kan flyttast dit. Meiner strategidokumentet har kome til i ein lukka prosess mellom administrasjonen og Formannskapet og ikkje vore på høyring. Peiker på at strategidokumentet er eit innspel til kommuneplanen sin arealdel og at dokumentet såleis først vert gjenstand for open demokratisk prosess i samband med offentleg ettersyn og slutthandsaming av arealdelen.

Det vert vist til at manglande areal for utvikling av detaljhandel og handel med plasskrevjande varer vert nytta som argument, sjølv om administrasjonen har dokumentert at dette er feil. Ber Volda kommune å rette fokus på å tilrettelegge for utvikling av desse områda i samspel med lokalt nærings- og investormiljø. Viser til at fleire potensielle prosjekt oppfattar det som nødvendig å avvente kommuneplanen sin arealdel. Legg vekt på at sjølv om kjøpesenterforskrifta er oppheva, så gjeld «Regional delplan for attraktive byar og tettstader» frå 2015 og «Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging» frå 2014. Peiker på at desse dokumenta i realiteten inneber ei innskjerping i høve den opphøyrd kjøpesenterforskrifta.

#### *Kommentar:*

*Framlegg til formuleringa, om at detaljhandel ikkje kan overskride 6000 m2 innanfor midtre sentrumssone, er ei innsnevring i forhold til eksisterande føresegn. Rådmannen er samd i at ein bør avvente handsaming av kommuneplanen sin arealdel, før ein endrar reguleringsplanar i samsvar med strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Ein vil derfor å ta ut denne formuleringa av foreslått føresegn.*

*Plan- og bygningslova gir ikkje høve til å styre vareslag anna enn å skilje mellom detaljhandel og handel med plasskrevjande varer. Ein vil derfor foreslå å endre føresegn 6 i slik at den vert i samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova.*

#### 6. Merknad frå Statens vegvesen, datert 21.12.2018

Viser til Møre og Romsdal fylkeskommune sin merknad i saka. Meiner lokalisering av dei ulike type handelstilboda og andre funksjonar bør sjåast på i ein større samanheng og at det er ønskjeleg at dette vert handsama i prosessen med rullering av kommuneplanen og ikkje som endringar i dei ulike reguleringsplanane. Peikar på at dei ikkje kjenner strateginotatet «senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsdeling» i detalj. Legg vekt på at samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel i planprosessane. For Statens vegvesen er særleg redusert transportbehov, tilrettelegging for miljøvennleg transport, trafikkavvikling og trafikktryggleik for alle trafikantgrupper viktige faktorar. Statens vegvesen rår til at Volda kommune slutfører arbeidet med kommuneplanen, før ein ev. endrar på føresegnene i gjeldande reguleringsplanar.

#### *Kommentar:*

*Rådmannen er samd i at ein bør avvete handsaming av kommuneplanen sin arealdel, før ein endrar reguleringsplanar i samsvar med strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Ein vil derfor å ta ut denne formuleringa av foreslått føresegn.*

*Plan- og bygningslova gir ikkje høve til å styre vareslag anna enn å skilje mellom detaljhandel og handel med plasskrevjande varer. Ein vil derfor foreslå å endre føresegn 6 i slik at den vert i samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova.*

#### **Vurdering:**

Fleire av dei som har kome med merknader til framlegget til endra føresegn §5 i) er opptatt av at ein ikkje bør tillate mulegheit for detaljhandel innan Øvre Rotset næringsområde. I reguleringsplanen for Øvre Rotset næringsområde som vart godkjent 13.11.2014, vart det opna for at det kan etablerast forretningsverksemd med detaljhandel avgrensa til 3000 m2 bruksareal for heile området merka med F/K/I. Dette vart gjort i samsvar med “*Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder*”.

Med unntak av daglegvarer, klede og sko har det såleis vore muleg å etablere detaljhandel med eit bruksareal på inntil 3000 m2 innanfor planområdet Øvre Rotset næringsområde sidan 2014.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at plan- og bygningslova ikkje opnar for å definere reglar om kva for type handel som er tillate i eit forretningsbygg ut over å innføre restriksjonar mot kjøpesenter, og skilje mellom plasskrevjande varer og detaljhandel. Føresegna om at det ikkje kan etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko er såleis ugyldig. Ein har dermed i realiteten ikkje noko heimel til å avslå søknad om etablering av daglegvarehandel, klede og sko, så sant det ikkje medfører at bruksarealet for detaljhandel overskrid 3000 m<sup>2</sup>. Framlegget til endra føresegn for å opne for daglegvarehandel er såleis unødvendig og ein bør heller vurdere å endre føresegna slik at den vert i samsvar med plan- og bygningslova. Ein vil også tilrå å endre den delen av føresegna som gjeld sal av bygningmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv.

Nokre har oppfatta framlegget til endra føresegn slik at ein no skal tillate auka detaljhandel i området med opp til 6000 m<sup>2</sup>. Dette er ei mistyding. Innanfor detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde og innan områderegulering for E39 Volda – Furene er det allereie høve til å etablere inntil 3000 m<sup>2</sup> med detaljhandel. Og i tillegg er det etablert fleire andre verksemdar med detaljhandel innanfor «midtre sentrumssone». Ved å ta inn formuleringa, om at detaljhandel ikkje kan overskride 6000 m<sup>2</sup> innanfor midtre sentrumssone, får ein derimot ei innsnevring i forhold til eksisterande føresegn. Ut i frå at det alt er etablert detaljhandel innan midtre sentrumssone vil det derfor ikkje vere muleg å etablere 3000 m<sup>2</sup> med nytt forretningsareal både i planområdet for Øvre Rotset næringsområde og innan områdereguleringa for E39 Volda – Furene dersom forslaget i strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» vert tatt inn som føresegn i arealdelen.

I fleire av merknadane vert kommunen oppmoda om å avvente handsaming av kommuneplanen sin arealdel, før ein endrar reguleringsplanar i samsvar med strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Rådmannen er samd i dette og foreslår derfor å ta ut denne formuleringa av foreslått føresegn. Inntil noko anna vert vedtatt i arealdelen vert det det då framleis høve til å etablering av inntil 3000 m<sup>2</sup> bruksareal til detaljhandel i både innanfor detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde og innan områderegulering for E39 Volda – Furene.

Forslag til endra §6 i.:

*I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal.*

*Sal av plasskrevjande varer, i samsvar med definisjon i «Regional delplan for attraktive byar og tettstader», kan tillatast. Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.*

Det er stilt spørsmål om framlegget til endra føresegn kan handsamast etter reglane om forenkla handsaming jf. plan- og bygningslova §12-14. Endring av reguleringsføresegnene kan gjennomførast som forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 2. ledd dersom endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går ut over hovuddrammene i planen og heller ikkje røyver ved viktige natur- og friluftsområde.

Hovudføremålet med detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde var å følgje opp kommunedelplan for Volda sentrum og leggje til rette for næringsareal, utvidingsareal gravplass og friluftsområde på Øvre Rotset. I avklaring av planfagelege grep i planomtalen finn ein følgjande formulering:

*For næringsverksemd skal eit breidt utval av verksemdar kunne etablere seg, men ikkje*

*- detaljhandel i konflikt med "kjøpesenterstoppen", jf maks 3000 m<sup>2</sup> bruksareal  
- verksemdar som kan medføre støyutslepp over grenseverdiane i T-1442 i høve kringliggande støyfølsam arealbruk.*

Ut frå dette kan ein konkludere med at endring av kva type handel som kan etablerast innanfor planområdet ikkje går ut over hovuddrammene i planen. Kjøpesenterforskrifta hadde ikkje til hensikt å regulere kva type detaljhandel som kunne etablerast innanfor dei 3000 m<sup>2</sup> med bruksareal. Endringa vil heller ikkje ha konsekvensar for gjennomføring av planen, går

ikkje ut over hovudrammene i planen og røyver heller ikkje ved viktige natur- og friluftsområde. Rådmannen konkluderer ut frå dette at endring av reguleringsføresegna stettar kravet for å kunne handsamast etter ein forenkla prosess.

Fylkesmannen ber om at føresegn §13 vert endra i samsvar med tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Ein foreslår følgjande endra formulering:

*§ 13 – FARESONE (PBL. §11-8 a.3, jf. §12-6)*

*Ras- og skredfare (H310):*

*Innanfor området kan det berre førast opp bygg i samsvar med tryggleikskrava i gjeldande teknisk forskrift(TEK).*

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen endring

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Konklusjon**

Rådmannen konkluderer med at føresegn § 6 i. og § 13 bør endrast til følgjande:

*§6 AREALBRUK*

*i. I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m2 bruksareal.*

*Sal av plasskrevjande varer, i samsvar med definisjon i «Regional delplan for attraktive byar og tettstader», kan tillatast. Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.*

*§ 13 – FARESONE (PBL. §11-8 a.3, jf. §12-6)*

*Ras- og skredfare (H310):*

*Innanfor området kan det berre førast opp bygg i samsvar med tryggleikskrava i gjeldande teknisk forskrift(TEK).*

Andre endringar må vurderast som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rønnestad Eigedom AS  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Asko Eigedom AS  
DLA Piper Norway AS  
Volda næringsforum  
Statens vegvesen

Sektor for Utvikling

**Klageinstans:**  
Fylkesmannen



## Merknad til Sak 2018/2102 : Mindre Endring av Rotset Næringsområde

I nye plan for Rotset diskuterer ein no å gå frå å tillate 3000 med i praksis storhandel, bil, bensinstasjon til å tillate inntil 6000 kvm handel totalt, der einingane skal være min 1000kvm – og der daglegvarer er tillate. Dette vil være å kopiere Digernesskiftet til Volda. Lager ein no eit tilpasning for ein aktør som har ein plan? Det skal ikkje tillatast at sko og kle kan etablerast på Rotset – men korleis skal ein klare å styre utviklinga når vi veit at bransjegliedning er ein realitet?

Oppskrifta på suksess i handel er å samle aktørar som kompletterer kvarandre for at kundane skal kunne løyse sine handelsbehov. I vår tid med fokus på grønne alternativ tyder dette at ein ynskjer eit kompakt og attraktivt sentrum.

Både Ørsta og Ulsteinvik ser at dette er vegen å gå. Begge tettstadane investerer betydelig og legg til rette for handel. I Volda lagar ein skiltplanar som får folk til å kjøyre forbi! Ørsta har definert sitt område for handel som «innanfor dei 3 bruene» og er i ferd med å få investorar til å tru på dette. Ein har laga ein plan for eit kompakt sentrum. Difor ser ein no at til dømes Coop ser på alternativ inne i sentrum i staden for etablering på Ose. I Ulsteinvik vil ein søke å flytte dei eksterne butikkane som no ligg langs FV61 mot Hareid tilbake til sentrum og har investert betydelig i infrastruktur.

Volda har sidan Ridderstrømplanen på 80-talet lagt føringar for å utvikle eit kompakt sentrum. Men så kom Furene og no Rotset. Kapitalen flyt som kjent der den får størst avkastning til billegast investering. Difor har ein på nasjonalt nivå oppretta dei såkalla kjøpesenter-forskriftene. Desse forskriftene er no erstatta av minst like strenge krav frå regionale myndigheiter. Hensikta er at politikarane skal styre utviklinga og skape forutsigbarheit slik at at investorar og gårdeigarar ser seg tjent med å investere i sentrum.

Kvifor ein vel å splitte handelstilbodet i Volda i 3(4) deler er uforståeleg. At nokon investerer i dei moglegheitene som blir lagt til rette for av kommunen er det det lett å forstå!

Kommunen har hatt informasjonsmøte og prosessar med eksterne konsulentar - til dømes Gehl Arkitekter og representantar frå Arendal kommune som i klartekst forteller om korleis dei no jobba for å butikkar og offentlege institusjonar tilbake til sentrum. Kvifor gjer ein så noko heilt anna i Volda?

Det er stor skildnad på å bygge i sentrum der det naturleg nok er mange restriksjonar og å bygge ein enkel konstruksjon på ei flat mark utanfor. Det er ikkje rart at forretningsfolk og investorar ønsker dette – og tener gode pengar på å gjere nettopp det. For oss som butikkdrivarar er det ikkje noko problem – vi kan flytte butikken vår ut av sentrum. Vi ynskjer ikkje å måtte «være igjen» i eit sentrum dersom alle dei store «dragarane» er flytta ut. Då kan ein drøyme om små nisjebutikkar og små kafear og restauranter, men det vil være for få som kjem inn til sentrum til at slike butikkar kan greie seg. Det er nettopp kombinasjonen av nokre sterke «dragarar» og dei små nisjebutikkane som gir handel og kundar til alle. Dersom politikarane ynskjer å flytte handelen ut av sentrumskjerna og gir tydelege signal om dette, ynskjer vi gjerne å være med i denne prosessen. Då må ein ikkje bli overraska dersom det ikkje blir igjen gode butikkar i sentrum.

På Vestnes ser ein korleis ein har skapt eit velfungerande kompakt sentrum. Her er det butikkar i første høgda – og attraktive leiligheter i etasjane over. Dette er ein god modell som kunne vore gjennomført i Volda. Dei som ser for seg å flytte i leilighet i Volda sentrum vil gjerne ha «alt» i «tøfleavstand» for at det skal være attraktivt. Mange av dei som no skal kvitte seg med ein bustaden sin og kanskje er på veg mot ein aktiv pensjonist-tilværelse spør seg: Fins det attraktive sentrumsnære leiligheter i Volda?

Politikarane/administrasjonen har no ein unik moglegheit til å gjere eit val: Ein kan legge til rette for å bruke Rotsetområdet til bilforretningar, bensinstasjon, bilverksted og byggevare/møbel, rørleggar og større handelsaktørar som ein heilt sikkert ikkje kan få plass til i sentrum. Her er det mange aktørar i marknaden, og dette kan gjere Volda sentrum sterkare, slik til dømes OBS bygg gjer det! Samtidig bør kommunen snarast starte ein prosess for å sikre areal i sentrum for at aktørar som står klare til å investere kan gjere det i forvissning om at ein investerer i eit sentrum som har ei framtid. No sit vi gårdeigarar på gjerdet fordi vi ikkje veit om dei pengane vi legg ned i sentrum vil ha ei avkastning – og slik sprer usikkerheita seg. Vi har mange planar og mange er godt realiserbare, men for dei fleste av dei er ein avhengig av ei butikkdrift i 1. etasje for å få prosjektet til å løne seg – og nettopp denne drifta er det som gjer sentrum attraktivt og urban! Det er tøv at det ikkje fins plass til mykje forretningsareal i sentrumskjerna. Det er begrensningar i bruken av areala som er problemet: Siktlinjer på grunn av for høg tillatt fart, eit fragmentert eigedomskart med mange festekontrakter, ein alt for stor bruk av areal til busshaldeplass og industribygningar som lett kunne vore gjort om til butikkareal. Her er det arealplanen skal gi retning og då kan kommunen ta fatt i utfordringane!

Det skjer no så mykje positivt innanfor budstadbygging, utvikling av Høgskulen, etablering av Volda Campus Arena, utvikling av nytt Kulturhus med mer at denne flotte bygda fortener eit sentrum – eit sentrum som blir satt i stand til å fungere! Ikkje berre for oss som skal drive butikkar og investorar som vil bygge nytt, men ikkje minst for dei som vil bu sentrumsnært og leve det gode, urbane liv!





VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2018/2102	14.11.2018	131080/2018/REGULERINGSPLAN/1519	Synnøve Valle, 71 28 02 39	18.12.2018

## **Volda kommune - detaljregulering - fråsegn til reguleringsendring - Øvre Rotset næringsområde**

Saka gjeld ei mindre reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde.

Volda kommune er i ferd med å utarbeide ny arealdel for kommunen. I samband med dette har kommunen vedteke strateginotatet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda». I dette notatet deler ein inn Volda sentrum i tre soner: Indre sentrumssone, midtre sentrumssone og ytre sentrumssone. Øvre Rotset næringsområde høyrer til midtre sentrumssone. I notatet vert det tilrådd å legge til rette for detaljhandel og utvalshandel med totalt samla areal med inntil 6000 m<sup>2</sup> i denne sona (ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum). Ved å legge til rette for handel med plasskrevjande varer og noko auka detaljhandel i midtre sentrumssone, ønskjer ein å legge betre til rette for Volda sentrum som eit regionalt handels-, bu og næringssentrum.

I saksframlegget til kommunen viser ein til at dagens føresegner for Øvre Rotset ikkje opnar for daglegvarehandel og at dette er bakgrunnen for at ein ønskjer ei endring i føresegnene. Tillate bruksareal til detaljhandel innan planområdet er foreslått avgrensa til 3000 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA), så sant dette ikkje overskrider grensa for detaljhandel på 6000 m<sup>2</sup> BRA for midtre sentrumssone. Det vert foreslått at verksemd for detaljhandel og plasskrevjande varer berre kan tillastast med minimum 1000 m<sup>2</sup> BRA.

### **Kommentarar til endringsforslaget**

I framlegget til ny § 6 i føresegnene, foreslår ein at det ikkje kan etablerast detaljhandel med klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone. Plan- og bygningslova, § 12-7, opnar ikkje for å definere reglar om eksempelvis kva for type forretning som er tillate i eit sentrumsbygg ut over å innføre restriksjonar mot kjøpesenter og skilje mellom plasskrevjande varer og detaljhandel (sjå «Reguleringsplanveileder» frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, september 2018, side 123). Dermed er det mogleg for eksempel å etablere daglegvarebutikk med dagens føresegner, så sant det ikkje medfører at bruksarealet for detaljhandel overskrider 3000 m<sup>2</sup>.

Vi registrerer at kommunen ønskjer å implementere innhaldet i strateginotatet i føresegnene før kommuneplanen sin arealdel er vedteken. Arealdelen skal mellom anna vise hovudtrekka i bruken av areala og rammer og vilkår for nye tiltak som skal setjast i

verk. Vi rår kommunen til å vedta arealdelen før ein eventuelt startar arbeidet med å justere føresegner i reguleringsplanar.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Kopi:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL  
STATENS VEGVESEN

Postboks 2520  
Postboks 8142 Dep

6404 MOLDE  
0033 OSLO

Volda kommune

**Deres referanse**

2018/2102 planid 2012008-2

**Vår referanse**

TIG/TIG/53272/502  
NOM/3349040.1

Oslo, 18. desember 2018

*Ansvarlig advokat:*

*Tone Gjertsen*

**Kun e-post : [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)**

**PLANID 2012008-2 MERKNAD TIL HØRING AV ENDRING AV  
REGULERINGSPLAN FOR ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE VED  
FORENKLET PLANPROSESS - KRAV OM FULLSTENDIG PLANPROSESS**

1. Innledning

Vi bistår Asko Eiendom AS og Arne Johan Rebbestad som er i ferd med å fremme detaljregulering for felt BKB3 innenfor Områdereguleringsplan for E39 Volda-Furene.

Det vises til Volda kommunes høringsbrev til enkelte grunneiere av 14. november 2018 vedrørende forslag til endring av reguleringsplan for Øvre Rotset gjennom en forenklet planprosess og begrenset høring, jf. pbl. § 12-14. Vår klient har ikke mottatt brevet og er ved en tilfældighet blitt klar over saken.

Forslaget om å endre bestemmelsene knyttet til detaljhandel er så vidt omfattende og med så store konsekvenser at dette ikke er en mindre endring av planen. En slik endring fordrer en full reguleringsendring, slik at alle konsekvenser kan belyses og de forskjellige hensyn kan avveies mot hverandre.

Bestemmelsen som foreslås er også språklig uklar og innbyr til tolkningstvil.

Det bes med dette om at endringsforslaget forkastes og at en eventuell endring av reguleringsplan for Øvre Rotset næringsområde avventer ferdigbehandling av kommuneplan. I motsatt fall gjør vi oppmerksom på at vår klient kommer til å påklage endringsvedtaket og samtidig be om at vedtaket ikke iverksettes før klagen er behandlet (såkalt oppsettende virkning jf. fvl. § 42).

2. Forslaget er i strid med plan- og bygningsloven

Endringsforslaget faller utenfor hjemmelen for forenklet planprosess i pbl. § 12-14 annet og tredje ledd. Bestemmelsen lyder:

*Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen*

Advokatfirma DLA Piper Norway DA er et ansvarlig selskap med delt ansvar (Org.nr. 982 216 060) som er en del av DLA Piper, et globalt advokatfirma med virksomhet gjennom separate og bestemte juridiske enheter. Selskapets registrerte adresse og virksomhetssted er Bryggegate 6, Postboks 1364 Vika, N-0114 Oslo, Norge.

Oversikt over kontorer og informasjon om de enkelte selskaper finnes på [www.dlapiper.no](http://www.dlapiper.no)

Oslo sentralbord:  
+47 24 13 15 00



*for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.*

*Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9. (Våre understrekinger)*

Den foreslåtte endring medfører at det åpnes for etablering av en langt mer omfattende detaljhandel enn gjeldende plan legger opp til, herunder etablering av dagligvarehandel. Dette går ut over hoveddrammene i den aktuelle planen og kan kun gjennomføres etter en ordinær planprosess.

Å gjøre en så omfattende og "lettvint" endring av reguleringsplan for Øvre Rotset, som er blitt til gjennom en omfattende og grundig prosess, kun 4 år etter planvedtaket, strider mot intensjonene som ligger i planavklaring i plan- og bygningsloven. Det tilsidesetter forutberegneligheten for dette området, for tilgrensende områder og for all næringsvirksomhet som har innrettet seg etter avklaringene som er gjort. Dette svekker tilliten til hele kommunens planverk og tilsidesetter demokrati- og medvirkningsprinsippene plan- og bygningsloven er bygget på.

Det følger av lovens forarbeider Prop. 149 L (2015-2016) at det kun er meningen at man skal bruke den enklere saksbehandlingen for endringer som ikke er spesielt konfliktfylte. Vi mener dette brevet er en så vidt viktig innvending at man må anse endringsforslaget som kontroversielt.

Videre er det nevnt i forarbeidene at endringer som vil få konsekvenser av vesentlig betydning for andre saker og områder, ikke gir grunnlag for forenklet saksbehandling. Det er nettopp tilfelle her, da endringen potensielt vil endre hele handelsbalansen i Volda.

Det er også uklart om det er lagt opp til en tilstrekkelig medvirkning/høringsprosess for endringsforslaget. Vår klient, og antakelig flere næringsdrivende som ikke har fått anledning til å uttale seg til saken, vil bli berørt.

Konsekvensene av å åpne for dagligvareforretninger i området er ikke utredet eller vurdert. Det hele synes basert på en prinsippavgjørelse i forbindelse med pågående prosess for rulling av kommuneplanen.

I den forbindelse minner vi om at gjeldende kommuneplan (kommunedelplan for Volda sentrum) fremdeles er den formelle overordnede arealplanen for området, og derfor er førende. Strateginotatet er ikke en formell arealplan, kun et grunnlagsdokument som ledd i kommuneplanprosessen. Det er derfor ikke korrekt og svært lite skjønnsomt å gjøre en formell endring av en reguleringsplan, kun basert på et slikt prinsippvedtak. Prinsippvedtaket har ikke status som ny kommuneplan. Vedtaket har ikke vært behandlet av Kommunestyret eller har vært underlagt den omfattende medvirkningsprosessen som ny kommuneplanvedtak fordrer, herunder høring fra aktuelle innsigelsesmyndigheter. Det kan ikke utelukkes at statlige myndigheter vil ha innvendinger til grepene i strateginotatet. Det vil i så fall være svært uheldig dersom kommunen har gjort endringer i andre planer basert på en avklaring som innsigelsesmyndigheter senere underkjenner. Prosessen det legges opp

til der hele avklaringen av senterstrukturen i kommunen og tilpasninger av gjeldende reguleringsplaner gjøres (prematurt) i Formannskapet, er lite betryggende og synes å tilsidesette Kommunestyret som reell planmyndighet.

### 3. Avslutning

Redegjørelsen over viser at endringene i reguleringsplan for Øvre Rotset ikke kan gjøres etter den forenklete prosessen i pbl. § 12-14, men fordrer en full ordinær prosess. Foreliggende forslag kan ikke gyldig vedtas av Formannskapet.

Som varslet innledningsvis vil vår klient forfølge saken dersom kommunen vedtar endringene som foreslått.

Med vennlig hilsen  
**Advokatfirma DLA Piper Norway DA**

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Tone', followed by a long horizontal line.

Tone Gjertsen  
Partner  
tone.gjertsen@dlapiper.com

cc: Arne Johan Rebbestad



VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

## Volda kommune

### Mindre endring reguleringsplan Øvre Rotset næringsområde

#### Forslag til endring av føresegn om detaljhandel

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

#### Bakgrunn

Volda kommune ønskjer ei endring av reguleringsføresegnene i reguleringsplanen som gjeld for Øvre Rotset næringsområde. I eksisterande føresegner står det «Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med *daglegvarer*, klede og sko», medan ei no ønskjer å endre dette til «Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone». Endringa er inneber at det kan etablerast daglegvarebutikk etter nye føresegner.

Tillete bruksareal til detaljhandel innanfor planområdet er framleis avgrensa til inntil 3000 m<sup>2</sup> bruksareal, men med ein føresetnad om at øvre grense for detaljhandel for midtre sentrumssone (som Øvre Rotset næringsområde er ein del av) ikkje overskrid 6000 m<sup>2</sup> BR. Vi er einig med fylkeskommunen i deira tolking av plan- og bygningslova sin §12-7.

#### Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

##### Samfunnstryggleik/klimatilpassing

Fylkesmannen har merknad til føresegn tilhøyrande omsynssone for skred, § 13 – Faresone, slik at det kjem korrekt og tydeleg fram kva restriksjonar som gjeld innanfor dei ulike faresonene. Det er derfor behov for å endre formuleringa til føresegna. Innanfor 5000-årsskredet er det restriksjonar for bygging av S3-tiltak. Innanfor 1000-årsskredet er det restriksjonar for bygging av S2- og S3-tiltak, og innanfor 100-årsskredet er det restriksjonar for alle tiltak. Fylkesmannen føreset at føresegna blir endra slik at den er i tråd med tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

**Kjøpesenter/senterstruktur**

Daglegvarehandel bør sjølvsagt leggest nærast mogleg der folk bur, slik at ein unngår unødig bilkøyning, og såleis bør ein slik butikk leggest lengst mogleg nord i planområdet. Vidare er det særskild krevjande å styre handelsbransjen, og bransjegliidning kan gjere det utfordrande å handheve føresegnene. Det bør i alle høve ligge føre ei kartlegging av kva type og mengde som allereie finst av detaljhandel i midtre sentrumssone.

Vidare gjer vi merksam på at Fylkesmannen ikkje har tatt stilling til strateginotatet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» med påfølgjande plangrep, som vi forstår at denne endringa i føresegner er ein del av. Dette vil vi komme tilbake til når kommuneplanen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

**Konklusjon**

Fylkesmannen vil generelt rå ifrå etablering av detaljhandel på Øvre Rotset, då dette vil kunne medføre negative konsekvensar for utviklinga av Volda sentrum som tettstad. Kommunen bør vente med å behandle denne saka til rullering av kommuneplanen er slutført, slik at senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling blir sett på i ein større samanheng.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlarar**

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91

**Kopi:**

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE

Volda Næringsforum  
Storgata 8  
6100 Volda

**Volda Kommune**  
**Stormyra 2**  
**6100 Volda**

Volda, 20.12.2018

**MERKNAD TIL SAK:**  
**PLANID-2012008-2 MINDRE ENDRING ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE**

Volda Næringsforum (VNF) syner til motteke høyringsdokument datert 14.11.2018. Det er avklart med planavdelinga at vi er gjeven utsett merknadsfrist til 20.12.2018.

VNF går sterkt i mot at denne saka vert handsama før arealdelen til Volda kommune sin Kommuneplan 2018-2030 er slutthandsama.

**GRUNNGJEVING I HØVE PROSESS**

Saka er lagt fram som orienteringssak OS 180/18 i Formannskapet sitt møte 27.11.2018.

I orienteringssak OS 178/18 i det same møtet orienterer Rådmannen om at Kommuneplanen sin arealdel på ny er utsett, no til februar 2019. Rådmannen grunngjev det med at avdelinga prioriterer andre oppgåver. Rådmannen signaliserer ytterlegare utsetting av same grunn.

Arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel er såleis prioritert ned.

Vi minner her om at planformålet knytt til Øvre Rotset, særleg sett i høve til detaljhandel og sentrumsutvikling, er ei av dei heilt sentrale problemstillingane som nettopp skal vere gjenstand for brei og demokratisk handsaming i Kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen har sjølv peika på denne sentrale problemstillinga i planprogrammet til arealdelen:

***Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokalisert til sentrumskjernen og institusjonar med krav til uttrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.***

Heile poenget med Kommuneplanen sin arealdel er at arealdelen som overordna plan skal avklare og gje grunnlag for planformål som førande i underordna planar.

Saka som no ligg føre kan ved første inntrykk sjå mindre vesentleg ut, men konsekvensen av framlegget vil i praksis innebære at det før handsaminga av Kommuneplanen sin arealdel oppstår ei låsing av dette planområdet som gjer at vidare handsaming av det sentrale spørsmålet knytt til handel og sentrumsfunksjonar ikkje vil gje reell meining.

Dette utfordrar VNF sitt syn på Volda kommune som føreseieleg og strukturet planmynde.



I sitt innspel til reguleringsplanframlegget for Øvre Rotset i 2014 uttalte Fylkesmannen i Møre og Romsdal m.a. følgjande:

*Ut frå avstanden til Volda sentrum vil vi rå i frå at ein legg til rette for forretningsverksemd på Øvre Rotset. Det samla behovet for handelstilbod vil i liten grad auke framover dersom ikkje folketalet aukar monaleg. Dersom ein tillet forretningsverksemd her, vil dette truleg gå ut over handelen som allereie er etablert i Volda sentrum. I føresegnene er det teke inn den øvre ramma for detaljhandel på 3000 m<sup>2</sup>, men vi meiner at bruksareal for detaljhandel utanom «sentrum» i Volda bør vere langt lågare enn dette.*

Det vil vere heilt sentralt i prosessen med fullføring av Kommuneplanen sin arealdel å gjere ei reell vurdering av denne problemstillinga.

Vi vil peike på at administrasjonen i denne saka peikar på at ein som utgangspunkt nyttar sitt eige strategidokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing, og funksjonsfordeling i Volda».

I dette strategidokumentet skisserer administrasjonen målsetting om heile 6.000 m<sup>2</sup> detaljhandel i handelspark på Øvre Rotset – i praksis kan då resten av handelsverksemda i Volda sentrum (utanom matvare) flyttast dit.

Vi gjer då merksam på at det nemnde strategidokumentet er eit dokument som har kome til i lukka prosess mellom administrasjonen og Formannskapet. Det har ikkje vore ute på lukka, avgrensa eller open høyring/ettersyn etter det vi kjenner til.

Med det sentrale i høve denne saka er at dette strategidokumentet er eit innspel til Kommuneplanen sin arealdel. Dokumentet vil såleis først verte gjenstand for open demokratisk prosess i samband med offentleg ettersyn og slutthandsaming av Kommuneplanen sin arealdel.

I denne prosessen vil det m.a. vere krav om konsekvensutgreiing knytt til effekt på tettstaden som følge av ei slik flytting av detaljhandel.

## **PÅSTANDEN OM AT DET IKKJE ER PLESS I OG VED SENTRUMSKJERNEN**

Vi registrerer at det vert nytta som argument at det ikkje er areal for utvikling av detaljhandel og handel med plasskrevjande varer i eller ved sentrumskjernen. Administrasjonen har sjølv dokumentert at dette er feil. Vi syner til side 10 i det nemnde strategidokumentet der det er dokumentert vesentleg areal med utviklingspotensiale i og ved sentrumskjernen.

Det som gjenstår er då at Volda kommune rettar sitt fokus på å tilrettelegge for utvikling av desse områda i samspel med lokalt næring- og investormiljø. Vi er kjent med at det ligg føre ei rekke potensielle prosjekt, men felles for samtlige er at ein til no har oppfatta det som nødvendig å avvente Kommuneplanen sin arealdel.

## **TILHØVET TIL RIKSPOLITISK BESTEMMELSE FOR KJØPESENTRER**

Vi registrerer at det i politisk og del administrativ samanheng i det siste er blitt framtilt slik at den såkalla «Kjøpesenterstoppen» (Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre - RPB) er oppheva og at ein no står fritt. Vi gjer merksam på at dette er ei direkte feiloppfatting.


Faktum knytt til dette er rett nok at RPB opphøyrd 1.7.18, men heile poenget med RPB har

nettopp vore at denne skulle vere mellombels fram til innhald og intensjonar var fanga opp i regionale planar.

For Møre og Romsdal sin del er innhald og prinsipp frå RPB teken opp i vedteken Regional delplan for attraktive byar og tettstadar frå 2015. I tillegg gjeld Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging frå 2014.

Begge dei nemnde dokumenta saman med andre nasjonale føringsdokument inneber i realitetet ei innskjerping i høve den nemnde opphøyrd RPB.

Vennleg helsing



---

Volda Næringsforum



---

VNF – Næringspolitisk gruppe



## Statens vegvesen

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Birgit Hamre Moe / 90971613

Vår referanse:  
18/252838-4

Dykkar referanse:  
2018/2102

Vår dato:  
21.12.2018

### E39 – Mindre endring i reguleringsplan for Øvre Rotset Næringsområde

Vi viser til brev datert 14.11.18. Saka gjeld mindre endring i reguleringsplan for Øvre Rotset Næringsområde. Volda kommune viser til at det i gjeldande reguleringsplan og føresegner, ikkje er opna for etablering av daglegvarehandel i dette området. Det er derfor ønskjeleg med ei mindre endring av føresegnene.

Tillaten bruksareal til detaljhandel innanfor planområdet er framleis avgrensa til inntil 3000 m<sup>2</sup> bruksareal, men med ei øvre grense for detaljhandel for midtre sentrumssone på 6000 m<sup>2</sup>. Verksemd for detaljhandel og plasskrevjande varer kan berre tillatast med min. 1000 m<sup>2</sup> bruksareal.

Vi viser elles til Møre og Romsdal fylkeskommune sin merknad i saka, der dei konkluderer med at det er mogleg også etter gjeldande føresegner å etablere daglegvarebutikk på Øvre Rotset, så sant det ikkje medfører at bruksarealet for detaljhandel overskrid 3000 m<sup>2</sup>, jf. Plan- og bygningslova §12-7.

Etter vår vurdering bør lokaliseringa av dei ulike type handelstilboda og andre funksjonar sjåast på i ein større samanheng, og det er derfor ønskjeleg at dette vert handsama i prosessen med rullering av kommuneplanen og ikkje først som endringar i dei ulike reguleringsplanane. Strateginotatet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» som ligg til botn i denne saka, kjenner vi t.d. ikkje til i detalj.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel i planprosessane. For Statens vegvesen er særleg redusert transportbehov, tilrettelegging for miljøvennleg transport, trafikkavvikling og trafikktryggleik for alle trafikantgrupper viktige faktorar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Statens vegvesen rår til at Volda kommune slutfører arbeidet med kommuneplanen, før ein ev. endrar på føresegnene i gjeldande reguleringsplanar.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
Seksjonssjef

Birgit Hamre Moe

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Adresseliste

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/2102	15716/2018	2012008	UTV/ HEIIST	14.11.2018

**PLANID- 2012008-2 MINDRE ENDRING ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE - FORSLAG TIL ENDRING AV FØRESEGN OM DETALJHANDEL.**

I samband med ny arealdel for heile kommunen har Volda formannskap godkjent eit strateginotat «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», som skal leggest til grunn for arbeidet med arealdelen. I dette dokumentet vert det anbefalt å legge til rette for følgjande når det gjeld m.a. detaljhandel i midtre sentrumssone:

*Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6 000m2 BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m2 BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum. Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting. Skule, barnehage.*

Dette er ikkje heilt i samsvar med føresegn om detaljhandel i reguleringsplanen for Øvre Rotset godkjent 13.11.2014, der ein finn ein følgjande føresegn om m.a. detaljhandel:

- i. *I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m2 bruksareal, jf. "Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder". Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. («brunevarer») kan tillatast. Innanfor områda kan det heller ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område. Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrleggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer td kjøken, badrom etc.)*

For å legge til rette for arealbruk i samsvar med strateginotatet har Volda formannskap i sak 155/18 den 16.10.2018 bedt om igangsetting av ein prosess for endring av

---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Telefon:	Telefaks:	Org. nr: Bankgiro:
		939 760 946 3991.07.81727



reguleringsføresegnene i reguleringsplanen for Øvre Rotset næringsområde i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling. Det er først og fremst avgrensing av type handel som ikkje er samsvarande. Dei gjeldande føresegnene til planen opnar ikkje opp for daglegvarehandel. Det er derfor utarbeidd eit forslag til endring av reguleringsføresegn §6 punkt i).

I forslag til endra føresegn legg ein til rette for at det kan etablerast detaljhandel inntil 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal(BRA), så sant dette ikkje overskrid grensa for detaljhandel på 6000 m<sup>2</sup> BRA for midtre sentrumssone jf. strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Avgrensinga for daglegvarehandel er tatt ut. Det er tatt med/vidareført ei avgrensing i vareslag som klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone. Det er tatt inn i føresegna eit krav om at handel med detaljhandel og plasskrevjande berre kan etablerast med min. 1000 m<sup>2</sup> bruksareal. Dette er i samsvar strategidokumentet «sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling», der ein ønskjer å sikre at handel på Øvre Rotset vert etablert etter eit typisk storhandelskonsept, og ikkje som småbutikker som ein ønskjer etablert i indre sentrumssone. Under er endringane i føresegna merka med raud tekst.

Forslag til nytt pkt. §6 i):

*I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel innan planområdet er avgrensa til inntil 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal(BRA), så sant dette ikkje overskrid grensa for detaljhandel på 6000 m<sup>2</sup> BRA for midtre sentrumssone jf. strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone.*

*Det kan i tillegg tillatast handel med plasskrevjande varer som bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar.*

*Verksemd for detaljhandel og plasskrevjande varer kan berre tillatast med min. 1000 m<sup>2</sup> bruksareal.*

*Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrleggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer t.d. kjøken, baderom etc.).*

*Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.*

Endring av reguleringsføresegnene kan gjennomførast som forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 2. ledd dersom endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går ut over hovuddrammene i planen og heller ikkje røyver ved viktige natur- og friluftsområde.

Hovudføremålet med detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde var å leggje til rette for næringsareal, utvidingsareal gravplass og friluftsområde på Øvre Rotset. Endring av kva type handel som kan etablerast innanfor planområdet vil ikkje ha konsekvensar for gjennomføring av planen, går ikkje ut over hovuddrammene i planen og røyver heller ikkje ved viktige natur-

og friluftsområde. Endring av reguleringsføresegna stettar derfor kravet for å kunne handsamast etter ein forenkla prosess.

Det vart utarbeidd ROS-analyse i samband med utarbeiding av reguleringsplanen og forslag til endring av føresegna endrar ikkje ROS-situasjonen. Det er derfor ikkje behov for ny ROS-vurdering.

Før slikt vedtak skal saka leggst fram for røyvde mynde, og eigarar og festarar av eigedomar som vert direkte råka av tiltaket skal få høve til å uttale seg. De får derfor tilsendt forslag til endra reguleringsføresegner til detaljregulering for Øvre Rotset og eg ber om at eventuelle merknader vert sendt inn innan 14.12.2018.

Merknader sendast til [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no) eller Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda **innan 18.12.2018**.

Med helsing

Heidi Istad  
planleggar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

1. Vedtak sak 155/18 i formannskapet den 16.10.2018
2. Forslag til endra reguleringsføresegner for detaljregulering Øvre Rotset næringsområde, planid 2012008.
3. Gjeldande reguleringsføresegner for detaljregulering Øvre Rotset næringsområde, planid 2012008.
4. Utsnitt plankart detaljregulering for Øvre Rotset næringsområde, planid 2012008.
5. <https://www.volda.kommune.no/f/p39/i15b1e888-2672-4a8d-a272-b3d3a83fe41f/senterstruktur-sentrumsavgrensing-og-funksjonsfordeling.pdf>

Utskrift til:

MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2500	6404	MOLDE
FYLKESKOMMUNE			
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142	0033	OSLO
	Dep		
FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
Ragnar Aarflot		6100	VOLDA
Per Schjelderup	Prestegata 25	6100	VOLDA
Cesilie Dahle Torbjørnson	Skrivarvegen 20	6100	Volda
Per Jostein Helset	Nørdalsvegen 88	6120	FOLKESTAD

Bergljot Helset Aure	Halkjelsgata 21	6100	Volda
Jørn Audun Volle	Bøgardsvegen 8	6104	Volda
Anita Nordsletten	Bygdavegen 222	6200	Stranda
Eldar Leon Nordsletten	Mylnevegen 5	6100	Volda
Marit Petra Alfhild Helset	Mylnevegen 11	6100	VOLDA
VOLDA KOMMUNE	Stormyra 2	6100	VOLDA
Lars Peder Barstad	Rotsetgeila 50	6100	VOLDA
Kjell Laurits Humberst	Andanesvegen 39	6100	Volda
BRÆNDES	Hamnegata 5	6100	VOLDA
RØRLEGGERFORRETNING AS			
Jan Ove Hansen	Rotsetstranda 14	6100	Volda
Erik Nedreberg	Rotsetstranda 10	6100	VOLDA
Lene Egset Nedreberg	Rotsetstranda 10	6100	Volda
ROTSET AS	Andanesvegen	6100	VOLDA
	15A		
Kai Tore Myklebust	Granheim 2	6100	Volda
Selma Fjørtoft	Rotsetstranda 16	6100	VOLDA
Per Arne Barstad	Bøen 5	6100	Volda
VOLDA NÆRINGSFORUM	Storgata 8	6100	VOLDA
Rotset Grendautval v/Dag Nyheim	Rotsetgeila 29	6100	Volda



## "DETALJPLAN FOR ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE"

Planidentifikasjon: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 Eigengodkjenningssdato Eigengodkjend av:

15192012008

Planføresegner : datert 14.05.2014

Justert 15.10.2014

justert etter vedtak i Volda kommunestyre i sak 142/14, 13.11.2014

### Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 10, 13, 345, 355 og 356

I sør: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 1, 4, 7, 8, 342, 343 og 356

I aust: Grensar til Rotevatnet

I vest: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 1, 4, 8, 102, 103, 105, 183, 216 og 218

### §§ 1-3 GENERELT

#### § 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

#### § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### § 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

##### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustadar - frittliggande småhusbusetnad (BF)
- Fritidsbusetnad - naust (FN)
- Institusjon (IN)
- Lager (LA)
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV)
- Energianlegg, nettstasjon (EA)
- Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A)
- Bygg/anlegg for grav- og urnelund (BGU)
- Forretning/Kontor/Industri (F/K/I)

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Gangveg (G)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn, grøntareal
- Parkeringsplass (P)

##### Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Vegetasjonsskjerm (VS)

Landbruks-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr. 5)

- LNF-areal (LNF)
- Friluftsføremål (FR)

Sikringszone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Faresone (PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Ras- og skredfare (H310)
- Høgspenningsanlegg (H370)

**§ 5 – FELLESFØRESEGNER - generelt**

- Busetnaden skal plasserast innanfor regulert byggegrense.
- Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal
- Alle terreng-inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf krav fastsett TEK10.

**5.1. Fellesbestemmingar for område for frittliggande småhusbusetnad**

- Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass.
- Som minste uteoppholdsareal (MUA) skal det på bustadareal opparbeidast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik pr. bueining. Arealet skal visast på situasjonsplan ved byggjemelding.
- Ved utforming av bygningar skal det ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmafargar. Det skal leggast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt å tilrettelegge for gode uteareal.
- Ark kan tillatast i inntil 40 % av bygget si lengde.
- Kvar bueining skal ha 2 parkeringsplassar, der minst ein kan byggast som garasje/carport.

**5.2. Fellesbestemmingar for bensinstasjon/vegserviceanlegg og område for forretning/kontor/industriområde**

- I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. Grunnlag for berekning av tal parkeringsplassar skal vere bruksareal, utrekna etter Norsk Standard NS 3940, bruksareal (BRA). Forretnings- og kontorareal skal minst ha oppstillingsplass på eiga tomt for minimum 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> bruksareal. Produksjonslokale og lagerbebyggelse skal minst ha oppstillingsplass på eiga tomt for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> bruksareal. På situasjonsplan (ved søknad om tiltak) skal plassering av parkeringsplassar visast.



- b. Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.
- c. Som tiltak i høve brann – og ulykkesberedskap gjeld:

Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn ved behov for over 50 l/sek. Brannalarmanlegg skal vidarekoplast til 110 sentral. Bygning/bygningsdel med fleire etasjar skal ha røykventilasjon. Verksemd har plikt til å etablere industrivern/-eigenberedskap. Utbyggjar skal ved plassering og utforming av bygg ta særleg omsyn til smittefare ved brann. Det skal leggest vekt på å nytte brannhemmande materialar. Verksemder som bygg på/utvidar eller endrar produksjon og lagerkapasitet (endra brannbelastning) må legge fram ny prosjektering av brannsikkerheita. Viser elles til gjeldande krav i PBL/TEK.
- d. Kontor til bruk til administrasjon i den enkelte verksemd inngår i føremålet.
- e. Det skal ikkje etablerast verksemd i område denne planen omfattar som kan medføre forureining, som etter kommunen sitt skjønn, vil kunne vere til vesentleg ulempe for kringliggande bustadområde. Det skal ikkje etablerast verksemd innanfor området som medfører utvendig støy som overskrider grensene fastsett i retningslinje T-1442 frå Miljøverndepartementet.
- f. Anlegga sin art, utforming og plassering skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av kommunen.
- g. Lossing og lasting av varer skal skje på eigen grunn, korleis dette skal løysast skal gå fram av situasjonsplan ved byggesøknad.
- h. Avkøyrslar frå eigedom til offentleg veg skal så langt råd samordnast ved felles avkøyrslar for to eigedomar.
- i. I områda F/K/I 6 og F/K/I 7 skal det som del av utbygginga også sytast for nødvendig drenering av overvatn frå tilgrensande areal/nedslagsfelt. Overvatn kan førast til Rotevatnet i lukka grøft gjennom områda LNF2 eller o\_FR3.

## § 6 – AREALBRUK

- a. I område merka Bustadar - frittliggande småhusbusetnad (BF) kan det byggjast bustader.
- b. I område merka Fritidsbusetnad - naust (FN) kan det byggjast naust for mindre båtar.
- c. I område merka Institusjon (IN) kan det byggjast omsorgsbustader. Krav til utomhusareal gjeld som for småhusbusetnad. Talet parkeringsplassar for område IN er 1,5 biloppstillingsplass pr. bueining.

Som del av søknad om byggetiltak med støyfølsam bruk (bustader) skal det utarbeidast ei detaljert støyvurdering som beskriv nødvendige tiltak for å sikre at bygning med tilhøyrande uteareal har tilfredstillande støytilhøve i hht T-1442. Støytiltak skal visast på situasjonsplan og ferdigstillast samtidig med ferdigstilling av bygning på området.
- d. I område merka Lager» (LA) kan det etablerast lager. Konstruksjon skal tildekkast med stadeigne masser og tilplantast. Tilkomst til lageret vert frå nordaust direkte inn frå uteareal kring eksisterande driftsbygning.

- e. I område merka Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV) kan det byggjast bensinstasjon med tilhøyrande anlegg. Bygning kan også innehalde forretning og vegservicetiltak. Bensinstasjon kjem inn under forskrift av 8. juni 2009 om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som nyttast ved handteringa. Ved søknad om etablering av drivstoffanlegg skal det gjennomførast ei risikoregistrering og ei risikovurdering (jf også NS 5814). Dette inneber at sjølve risikoen skal avklarast og følgjene av risikoen (-vurderinga) skal danne grunnlag for dei tiltaka som er naudsynt for å avverje eller redusere konsekvensar ved eventuelle ulykkeshendingar. Siktemålet er å:
- Eliminere farar og uønskte hendingar
  - Redusere sannsynet for uønskte hendingar
  - Redusere konsekvensane av uønskte hendingar
- Risikovurderinga skal nyttast som avgjerdsgrunnlag og som dokumentasjon på forsvarleg sikkerheitsnivå. På bakgrunn av vurderinga skal det i byggesak utarbeidast planar og gjennomførast tiltak for å redusere risikoen. Slike tiltak kan vere av teknisk eller organisatorisk art.
- f. I område merka Energianlegg/nettstasjon (EA) kan det byggjast trafostasjon for EI-anlegg.
- g. I område merka Anna kommunaltekniske anlegg (A) kan det etablerast pumpestasjon for kommunalt avlaupsanlegg.
- h. I område merka Grav- og urnelund (BGU) kan det byggjast grav- og urnelund samt tilhøyrande anlegg.
- i. I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal, jf. "Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder". Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. («brunevarer») kan tillatast. Innanfor områda kan det heller ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område. Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrliggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer td kjøken, badarom etc.)
- j. Område merka Industri/lager (I/L) kan nyttast til masselager, massebehandlingsanlegg og lagerbygg for tekniske anlegg knytt til kommunalteknisk drift innanfor rammer gitt i teknisk forskrift, tryggleiksklasse S1, delvis klasse S2. Aktivitet og tiltak på området må tilfredsstillе gjeldande reglar i tek 10, jf utarbeidd rasrapport for området.
- k. Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda denne planen omfattar.
- l. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillaten prosent utbygd areal (% - BYA). BYA gjev tillaten utbygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Maks BYA (rekna i %) for dei enkelte delområda. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med.
- Bustadar - frittliggande småhus (BF): 30 %
  - Institusjon (IN): 50 %

- Lager (LA): 50%
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV): 60 %
- Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A):70%
- Energianlegg/nettstasjon (EA): 100 %
- Grav- og urnelund (BGU): 10 %
- Forretning/Kontor/Industri (F/K/I): 60 %

Innanfor byggjeområda kan det først opp mindre kommunaltekniske anlegg, trafo eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.

I område for fritidsbusetnad - naust (FN) – kan byggjast naust med grunnflate inntil 25 m<sup>2</sup>.

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

### a. Bustadar - frittliggjande småhusbusetnad (BF)

Bygning skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7 meter og mønehøgde som ikkje overstig 9 meter.

### b. Fritidsbusetnad - naust (FN)

Kvart av bruka som har rettar i vatnet kan føre opp 1 naust pr bruk. Storleiken på kvart naust skal ikkje overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m, Maksimal mønehøgde 3,0 m. Nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk. Kommunen kan etter søknad dispensere ifrå maksimumskravet frå eitt til to naust pr bruk. Dersom det skal gjevast løyve til to naust må dette samordnast slik at nausta vert samla og lokalisert til konsentrerte område. Farge: tradisjonell fargebruk t.d. tjærebrunt, tradisjonell raud lødefarge, oker, jordfargar.

### c. Institusjon (IN)

Området merka institusjon (IN) skal nyttast til omsorgsbustad. Gesims- og mønehøgde innanfor ramma gitt i PBL. (8/9m).

### d. Lager (LA)

På område merka «LA» kan det etablerast lager i tilknytning til området F/K/I 5. Området er vist på eige plankart 2168-101 (vertikalnivå 1, under grunnen).

### Energianlegg, nettstasjon (EA)

Gjeld eksisterande nettstasjon/trafo. Bygning skal ha ei gesims- og mønehøgde tilpassa bygningen sin funksjon. Bygning skal plasserast slik at nødvendig avstand til anna busetnad sikrar at nabobygg ikkje vert utsett for stråling over gjeldande grenseverdiar.

### e. Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A)

Bygget skal ha ei gesims- og mønehøgde tilpassa pumpestasjonen sin funksjon.

### f. Grav- og urnelund (BGU)

Området er utvidingsareal for Leirhaugen gravplass. Grav og urnelund skal etablerast i tråd med kyrkjegardsplan godkjent av Møre bispedømmeråd. Gravferdslova med tilhøyrande forskrift skal leggjast til grunn ved utarbeiding av kyrkjegardsplan. Forskrift til Gravferdslova § 3 omtalar kva kyrkjegardsplanen skal innehalde. Steinmur som innramming av kyrkjegarden kan setjast i nabogrense og utanfor byggjegrænse, men ikkje slik at den kjem i konflikt med frisiktsone. Bygg for grav og urnelunden sin funksjon kan først opp innanfor viste byggjegrænser. Bygning skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 4 meter og mønehøgde som ikkje overstig 6 meter.

**g. Bensinstasjon, vegserviceanlegg (BSV)**

Gesims- og mønehøgde innanfor ramma gitt i PBL.

**h. Forretning/kontor/industri (F/K/I)**

Bygningar innanfor områda skal først opp i branntrygge materialar.

Maksimal gesims- og mønehøgde: sjå tabell neste side

Område	Maks gesims- og mønehøgde	Unnatak
F/K/I 1, F/K/I 2, F/K/I 3, F /K/I 4,	10 meter	Mindre del av bygning: ventilasjonsanlegg, trappe- og heisrom kan først opp inntil 3 meter over gitt maks høgde
F/K/I 5	12 meter	Mindre del av bygning: ventilasjonsanlegg, trappe- og heisrom kan først opp inntil 3 meter over gitt maks høgde
F/K/I 6, F/K/I 7	14 meter	

Maksimal møne- og gesimshøgde skal reknast i hht TEK10.

Bygningane si retning skal ta omsyn til bygget sin verknad på kringliggande landskap. Det vert vist til illustrasjon som følgjer plandokumenta.

**§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- d. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- e. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløp gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

- h.** Dei fysiske inngrepa i terrenget skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Fyllingar skal plantast til med stadeigen vegetasjon. Der det let seg gjere skal skjeringar plantast til, tilsåast eller plastrast så raskt som råd.

### **§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)**

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar). I tillegg kjem fortau, gang-/sykkelveg, gangveg og parkeringsplass som plankartet viser.

Ved V8 kan det førast opp infotavle på annan veggrunn.

GS3 og GS4 er offentleg gang-/sykkelveg, men kan også nyttast som landbruksveg for grunneigarar med vegrett.

Det er vist køyreveg (undergrunn) på eige plankart 2168-101 (vertikalnivå 1, under grunnen).

I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablar.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

### **§ 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL . § 12-5 nr.3)**

Vegetasjonsskjerm (VS):

I område for vegetasjonsskjerm/vegetasjonsbelte er det ikkje tillat å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for områda. Områda skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphald.

### **§ 11 – LANDBRUKS-, NATUR OG FILUFTSFØREMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)**

LNF-areal (LNF):

Areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. Gjeld alle LNF-område som grensar til vegareal. jf elles § 9 vedkomande skjering og fylling. Gjennom området kan etablerast open bekk eller lukka grøft for overvatn. Botn og sider i bekk skal vere steinsett.

Friluftsføremål (FR):

Gjeld friluftsområde i tilknytning til Rotevatnet der det skal takast særskilt omsyn til friluftinteressar. Innanfor områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. I område kan etablerast sti som skissert på plankartet. Mindre tiltak for leik og opphald kan etablerast. Gjennom området kan etablerast open bekk eller lukka grøft for overvatn. Botn og sider i bekk skal vere steinsett.

### **§ 12 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. I desse sonene kan det ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta.

### **§ 13 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)**

Ras- og skredfare (H310):

Norges Geotekniske Institutt (NGI) har vurdert skredfaren i området. Rapporten konkluderer med at del av planområdet i sør er utsatt for skredfare. Dette området er i planframlegget vist med faresone for ras- og skredfare, kode H310.



---

Innanfor område vurdert som 5000 års grensa for skred er det forbod med bygg utanom sikringsklasse S3.

Innanfor 1000 års grensa for skred er det forbod mot bygg i sikringsklasse S2 og S3 (§ 7-3 TEK10).”

Høgspenningsanlegg (H370):

Gjeld faresone H370 for høgspenningsanlegg til nettstasjonen «EA». Gjeld 5 meter rundt eksisterande nettstasjon/trafo.

**§ 14 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)**

Ved utbygging av område IN skal støyfølsame bygningar og tilhøyrande uteareal skjermast mot støy innan krava fastsett i T-1442. Støytiltak skal ferdigstillast samtidig med bygning.

Volda kommune, 14.11.2014

---

for Rådmannen



## **"DETALJPLAN FOR ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE"**

Planidentifikasjon:	Eigendokumentasjonsdato
15192012008	datert 14.05.2014
	Justert 15.10.2014
	Justert etter vedtak i Volda kommunestyre i sak 142/14, 13.11.2014
	Forslag endring 30.10.2018

### **Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 10, 13, 345, 355 og 356

I sør: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 1, 4, 7, 8, 342, 343 og 356

I aust: Grensar til Rotevatnet

I vest: Grensar til eller går delvis innpå gnr. 30 bnr. 1, 4, 8, 102, 103, 105, 183, 216 og 218

### **§§ 1-3 GENERELT**

#### **§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### **§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

#### **§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### **§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

##### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustadar - frittliggande småhusbusetnad (BF)
- Fritidsbusetnad - naust (FN)
- Institusjon (IN)
- Lager (LA)
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV)
- Energianlegg, nettstasjon (EA)
- Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A)
- Bygg/anlegg for grav- og urnelund (BGU)
- Forretning/Kontor/Industri (F/K/I)

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Gangveg (G)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn, grøntareal
- Parkeringsplass (P)

##### Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Vegetasjonsskjerm (VS)

Landbruks-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr. 5)

- LNF-areal (LNF)
- Friluftsføremål (FR)

Sikringszone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Faresone (PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Ras- og skredfare (H310)
- Høgspenningsanlegg (H370)

**§ 5 – FELLESFØRESEGNER - generelt**

- a. Busetnaden skal plasserast innanfor regulert byggegrense.
- b. Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal
- c. Alle terreng-inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf krav fastsett TEK10.

**5.1. Fellesbestemmingar for område for frittliggande småhusbusetnad**

- a. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass.
- b. Som minste uteoppholdsareal (MUA) skal det på bustadareal opparbeidast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik pr. bueining. Arealet skal visast på situasjonsplan ved byggjemelding.
- c. Ved utforming av bygningar skal det ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmafargar. Det skal leggast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt å tilrettelegge for gode uteareal.
- d. Ark kan tillatast i inntil 40 % av bygget si lengde.
- e. Kvar bueining skal ha 2 parkeringsplassar, der minst ein kan byggast som garasje/carport.

**5.2. Fellesbestemmingar for bensinstasjon/vegserviceanlegg og område for forretning/kontor/industriområde**

- a. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. Grunnlag for berekning av tal parkeringsplassar skal vere bruksareal, utrekna etter Norsk Standard NS 3940, bruksareal (BRA). Forretnings- og kontorareal skal minst ha oppstillingsplass på eiga tomt for minimum 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> bruksareal. Produksjonslokale og lagerbebyggelse skal minst ha oppstillingsplass på eiga tomt for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> bruksareal. På situasjonsplan (ved søknad om tiltak) skal plassering av parkeringsplassar visast.

- b. Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.
- c. Som tiltak i høve brann – og ulykkesberedskap gjeld:

Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn ved behov for over 50 l/sek. Brannalarmanlegg skal vidarekoplast til 110 sentral. Bygning/bygningsdel med fleire etasjar skal ha røykventilasjon. Verksemd har plikt til å etablere industrivern/-eigenberedskap. Utbyggar skal ved plassering og utforming av bygg ta særleg omsyn til smittefare ved brann. Det skal leggest vekt på å nytte brannhemmande materialar. Verksemder som bygg på/utvidar eller endrar produksjon og lagerkapasitet (endra brannbelastning) må legge fram ny prosjektering av brannsikkerheita. Viser elles til gjeldande krav i PBL/TEK.
- d. Kontor til bruk til administrasjon i den enkelte verksemd inngår i føremålet.
- e. Det skal ikkje etablerast verksemd i område denne planen omfattar som kan medføre forureining, som etter kommunen sitt skjønn, vil kunne vere til vesentleg ulempe for kringliggande bustadområde. Det skal ikkje etablerast verksemd innanfor området som medfører utvendig støy som overskrider grensene fastsett i retningslinje T-1442 frå Miljøverndepartementet.
- f. Anlegga sin art, utforming og plassering skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av kommunen.
- g. Lossing og lasting av varer skal skje på eigen grunn, korleis dette skal løysast skal gå fram av situasjonsplan ved byggesøknad.
- h. Avkøyrslar frå eigedom til offentleg veg skal så langt råd samordnast ved felles avkøyrslar for to eigedomar.
- i. I områda F/K/I 6 og F/K/I 7 skal det som del av utbygginga også sytast for nødvendig drenering av overvatn frå tilgrensande areal/nedslagsfelt. Overvatn kan førast til Rotevatnet i lukka grøft gjennom områda LNF2 eller o\_FR3.

## § 6 – AREALBRUK

- a. I område merka Bustadar - frittliggande småhusbusetnad (BF) kan det byggjast bustader.
- b. I område merka Fritidsbusetnad - naust (FN) kan det byggjast naust for mindre båtar.
- c. I område merka Institusjon (IN) kan det byggjast omsorgsbustader. Krav til utomhusareal gjeld som for småhusbusetnad. Talet parkeringsplassar for område IN er 1,5 biloppstillingsplass pr. bueining.

Som del av søknad om byggetiltak med støyfølsam bruk (bustader) skal det utarbeidast ei detaljert støyvurdering som beskriv nødvendige tiltak for å sikre at bygning med tilhøyrande uteareal har tilfredstillande støytilhøve i hht T-1442. Støytiltak skal visast på situasjonsplan og ferdigstillast samtidig med ferdigstilling av bygning på området.
- d. I område merka Lager» (LA) kan det etablerast lager. Konstruksjon skal tildekkast med stadeigne masser og tilplantast. Tilkomst til lageret vert frå nordaust direkte inn frå uteareal kring eksisterande driftsbygning.

- e. I område merka Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV) kan det byggjast bensinstasjon med tilhøyrande anlegg. Bygning kan også innehalde forretning og vegservicetiltak. Bensinstasjon kjem inn under forskrift av 8. juni 2009 om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som nyttast ved handteringa. Ved søknad om etablering av drivstoffanlegg skal det gjennomførast ei risikoregistrering og ei risikovurdering (jf også NS 5814). Dette inneber at sjølv risiko skal avklarast og følgjene av risikoen (-vurderinga) skal danne grunnlag for dei tiltaka som er naudsynt for å avverje eller redusere konsekvensar ved eventuelle ulykkeshendingar. Siktemålet er å:
- Eliminere farar og uønskte hendingar
  - Redusere sannsynet for uønskte hendingar
  - Redusere konsekvensane av uønskte hendingar
- Risikovurderinga skal nyttast som avgjerdsgrunnlag og som dokumentasjon på forsvarleg sikkerheitsnivå. På bakgrunn av vurderinga skal det i byggesak utarbeidast planar og gjennomførast tiltak for å redusere risikoen. Slike tiltak kan vere av teknisk eller organisatorisk art.
- f. I område merka Energianlegg/nettstasjon (EA) kan det byggjast trafostasjon for EI-anlegg.
- g. I område merka Anna kommunaltekniske anlegg (A) kan det etablerast pumpestasjon for kommunalt avlaupsanlegg.
- h. I område merka Grav- og urnelund (BGU) kan det byggjast grav- og urnelund samt tilhøyrande anlegg.
- i. I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel innan planområdet er avgrensa til inntil 3.000 m<sup>2</sup> bruksareal(BRA), så sant dette ikkje overskrider grensa for detaljhandel på 6000 m<sup>2</sup> BRA for midtre sentrumssone jf. strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i indre sentrumssone.

Det kan i tillegg tillast handel med plasskrevjande varer som bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar.

Verksemd for detaljhandel og plasskrevjande varer kan berre tillast med min. 1000 m<sup>2</sup> bruksareal.

Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrlaggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer t.d. kjøken, badrom etc.). Innanfor områda kan det ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område. Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrlaggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer td kjøken, badrom etc.)

- j. Område merka Industri/lager (I/L) kan nyttast til masselager, massebehandlingsanlegg og lagerbygg for tekniske anlegg knytt til kommunalteknisk drift innanfor rammer gitt i teknisk forskrift, tryggleiksklasse S1, delvis klasse S2. Aktivitet og tiltak på området må tilfredsstillende gjeldande reglar i tek 10, jf utarbeidd rasrapport for området.



- k. Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda denne planen omfattar.
- l. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillaten prosent utbygd areal (% - BYA). BYA gjev tillaten utbygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Maks BYA (rekna i %) for dei enkelte delområda. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med.
- Bustadar - frittliggande småhus (BF): 30 %
  - Institusjon (IN): 50 %
  - Lager (LA): 50%
  - Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BSV): 60 %
  - Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A):70%
  - Energianlegg/nettstasjon (EA): 100 %
  - Grav- og urnelund (BGU): 10 %
  - Forretning/Kontor/Industri (F/K/I): 60 %

Innanfor byggjeområda kan det førast opp mindre kommunaltekniske anlegg, trafo eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittliggjande bygg til slike føremål skal ha form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.

I område for fritidsbusetnad - naust (FN) – kan byggjast naust med grunnflate inntil 25 m<sup>2</sup>.

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

### a. Bustadar - frittliggande småhusbusetnad (BF)

Bygning skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7 meter og mønehøgde som ikkje overstig 9 meter.

### b. Fritidsbusetnad - naust (FN)

Kvart av bruka som har rettar i vatnet kan føre opp 1 naust pr bruk. Storleiken på kvart naust skal ikkje overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m, Maksimal mønehøgde 3,0 m. Nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk.

Kommunen kan etter søknad dispensere ifrå maksimumskravet frå eitt til to naust pr bruk. Dersom det skal gjevast løyve til to naust må dette samordnast slik at nausta vert samla og lokalisert til konsentrerte område. Farge: tradisjonell fargebruk t.d. tjærebrunt, tradisjonell raud lødefarge, oker, jordfargar.

### c. Institusjon (IN)

Området merka institusjon (IN) skal nyttast til omsorgsbustad. Gesims- og mønehøgde innanfor ramma gitt i PBL. (8/9m).

### d. Lager (LA)

På område merka «LA» kan det etablerast lager i tilknytning til området F/K/I 5. Området er vist på eige plankart 2168-101 (vertikalnivå 1, under grunnen).

### Energianlegg, nettstasjon (EA)

Gjeld eksisterande nettstasjon/trafo. Bygning skal ha ei gesims- og mønehøgde tilpassa bygningen sin funksjon. Bygning skal plasserast slik at nødvendig avstand til anna busetnad sikrar at nabobygg ikkje vert utsett for stråling over gjeldande grenseverdier.

**e. Anna kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon (A)**

Bygget skal ha ei gesims- og mønehøgde tilpassa pumpestasjonen sin funksjon.

**f. Grav- og urnelund (BGU)**

Området er utvidingsareal for Leirhaugen gravplass. Grav og urnelund skal etablerast i tråd med kyrkjegardsplan godkjent av Møre bispedømmeråd. Gravferdslova med tilhøyrande forskrift skal leggst til grunn ved utarbeiding av kyrkjegardsplan. Forskrift til Gravferdslova § 3 omtalar kva kyrkjegardsplanen skal innehalde.

Steinmur som innramming av kyrkjegarden kan setjast i nabogrense og utanfor byggjegrænse, men ikkje slik at den kjem i konflikt med frisiktzone. Bygg for grav og urnelunden sin funksjon kan førast opp innanfor viste byggjegrænser. Bygning skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 4 meter og mønehøgde som ikkje overstig 6 meter.

**g. Bensinstasjon, vegserviceanlegg (BSV)**

Gesims- og mønehøgde innanfor ramma gitt i PBL.

**h. Forretning/kontor/industri (F/K/I)**

Bygningar innanfor områda skal førast opp i branntrygge materialar.

Maksimal gesims- og mønehøgde: sjå tabell neste side

Område	Maks gesims- og mønehøgde	Unntak
F/K/I 1, F/K/I 2, F/K/I 3, F /K/I 4,	10 meter	Mindre del av bygning: ventilasjonsanlegg, trappe- og heisrom kan førast opp inntil 3 meter over gitt maks høgde
F/K/I 5	12 meter	Mindre del av bygning: ventilasjonsanlegg, trappe- og heisrom kan førast opp inntil 3 meter over gitt maks høgde
F/K/I 6, F/K/I 7	14 meter	

Maksimal møne- og gesimshøgde skal reknast i hht TEK10.

Bygningane si retning skal ta omsyn til bygget sin verknad på kringliggande landskap. Det vert vist til illustrasjon som følgjer plandokumenta.

**§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

**a.** Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresettt arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

**b.** Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- d. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- e. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.
- h. Dei fysiske inngrepa i terrenget skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Fyllingar skal plantast til med stadeigen vegetasjon. Der det let seg gjere skal skjeringar plantast til, tilsåast eller plastrast så raskt som råd.

### **§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)**

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar). I tillegg kjem fortau, gang-/sykkelveg, gangveg og parkeringsplass som plankartet viser.

Ved V8 kan det førast opp infotavle på annan veggrunn.

GS3 og GS4 er offentleg gang-/sykkelveg, men kan også nyttast som landbruksveg for grunneigarar med vegrett.

Det er vist køyreveg (undergrunn) på eige plankart 2168-101 (vertikalnivå 1, under grunnen).

I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablar.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

### **§ 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL . § 12-5 nr.3)**

Vegetasjonsskjerm (VS):

I område for vegetasjonsskjerm/vegetasjonsbelte er det ikkje tillat å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for områda. Områda skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphald.

### **§ 11 – LANDBRUKS-, NATUR OG FILUFTSFØREMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)**

LNF-areal (LNF):

Areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. Gjeld alle LNF-område som grensar til vegareal. jf elles § 9 vedkomande skjering og fylling. Gjennom området kan etablerast open bekk eller lukka grøft for overvatn. Botn og sider i bekk skal vere steinsett.

Friluftsføremål (FR):

Gjeld friluftsområde i tilknytning til Rotevatnet der det skal takast særskilt omsyn til friluftsinnteresser. Innanfor områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. I område kan etablerast sti som skissert på plankartet. Mindre tiltak for leik og opphald kan etablerast. Gjennom området kan etablerast open bekk eller lukka grøft for overvatn. Botn og sider i bekk skal vere steinsett.

### **§ 12 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. I desse sonene kan det ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta.

### **§ 13 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)**

Ras- og skredfare (H310):

Norges Geotekniske Institutt (NGI) har vurdert skredfaren i området. Rapporten konkluderer med at del av planområdet i sør er utsatt for skredfare. Dette området er i planframlegget vist med faresone for ras- og skredfare, kode H310.

Innanfor område vurdert som 5000 års grensa for skred er det forbod med bygg utanom sikringsklasse S3.

Innanfor 1000 års grensa for skred er det forbod mot bygg i sikringsklasse S2 og S3 (§ 7-3 TEK10).”

Høgspenningsanlegg (H370):

Gjeld faresone H370 for høgspenningsanlegg til nettstasjonen «EA». Gjeld 5 meter rundt eksisterande nettstasjon/trafo.

### **§ 14 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)**

Ved utbygging av område IN skal støyfølsame bygningar og tilhøyrande uteareal skjermast mot støy innan krava fastsett i T-1442. Støytiltak skal ferdigstillast samtidig med bygning.

Volda kommune, xx.xx.201x

---

for Rådmannen



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot

Arkivsak nr.: 2019/107

Arkivkode: 151

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/19	Formannskapet Kommunestyret	05.02.2019

### ØKONOMISTYRING 2019

#### Administrasjonen si tilråding:

**Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.**

**Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.**

#### Uprenta saksvedlegg:

Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

#### Samandrag av saka:

Gjeldande økonomiplan viser at Volda kommune går inn i ei periode med utfordrande økonomi. Kommunestyret har i økonomiplanen lagt opp til eit svært ambisiøst investeringsopplegg. Gjennomføring av desse planlagde investeringane vil representere ein auke på om lag 30 millionar i renter og avdrag, og kommunen må gjennomføre krevjande tiltak for å frigjere midlar til å forrente investeringane. Dei store investeringane krev stø økonomistyring med klare køyrereglar der ein ikkje opnar budsjettet for andre og nye tiltak i enkeltsaker. Dersom kommunestyret vil følgje opp sin eigen økonomiplan og gjere større satsingar, så inneber det redusert handlingsrom til å drive politikk på nye område. Dei store investeringane er eit retningsval for Volda kommune, og det er gjennom enkeltsakene ein får testa ut om ein vil følgje opp økonomiplanen.



Kommunen sitt handlingsrom er lite og saker med økonomiske konsekvensar bør vurderast samla og opp imot kvarandre gjennom budsjettarbeidet.

### Saksopplysningar/fakta:

For å kome i mål med store investeringsprosjekt har ein vore nøydd til å nytte oppsparte midlar. I budsjett år 2022 treng Volda kommune 30,5 mill kroner for å gå i balanse i drifta. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet. Ved inngangen til 2023 er saldo på dette fondet 4,4 mill kroner noko som indikerer at kommunen vil få eit meirforbruk i år 2023 på 25,7 mill kroner om driftsnivået held fram som i dag:

Disposisjonsfond	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
<b>Saldo IB</b>	<b>59 893 744</b>	<b>112 732 025</b>	<b>42 873 117</b>	<b>29 288 283</b>	<b>5 932 873</b>
Avsetjing	54 359 281				29 000 000
Bruk	-1 521 000	-69 858 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
<b>Saldo 31.12</b>	<b>112 732 025</b>	<b>42 873 117</b>	<b>29 288 283</b>	<b>5 932 873</b>	<b>4 384 963</b>

Skal det vere forsvarleg å sette i gong med store investeringsprosjekt er det viktig at kommunen kjem i gang med ein prosess der målet er å redusere driftsnivået. Skal ein lukkast med dette må administrasjon og politisk side ha ein felles forståing for dei utfordringane som ligg. I tillegg til at vi snakkar om ei drift som må nytte av disposisjonsfondet er der i tillegg vedteke andre tiltak som også skal redusere driftsnivået:

	2019	2020	2021	2022
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-3 201 636	-6 701 636	-8 601 636	-8 601 636
Reduksjon i tenestene knytt til flyktningar	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av disposisjonsfond for balanse i drift (utan VCA)	-8 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
<b>Sum rammer som viser behov for reduksjon drift</b>	<b>-12 760 544</b>	<b>-25 286 470</b>	<b>-36 957 046</b>	<b>-44 149 546</b>

I 2019 er innsparingsmålet 4,2 mill kr. Dette ser administrasjonen som mogleg å klare ved at

- ✓ Alle ledige stillingar skal leggjast fram for leiarforumet for nye Volda før ein gjer tilsetting. Ein må vurdere økonomiske synergjar ved ny kommune og drøfte moglegheitene for å ta ned antal stillingar
- ✓ Ingen kan forvente å be om auka ramme for å dekkje nye behov
- ✓ Alle må gjere sitt + bidra til fellesskapen og redusere drifta – som:
  - leggje om rutinar, arbeidstidsordningar, organisering
  - redusere behovet for tilsette gjennom tidleg innsats, digitalisering, interkommunalt samarbeid
  - smarte/innovative innkjøp
  - utnytte kapasitet/rasjonalisere drifta/færre driftseiningar
  - standard som akkurat er nok til å tilfredsstille krava
  - leggje ned aktivitet

Ser ein lenger fram i tid der målet for reduksjon er vesentleg større kjem en ikkje vidare utan å gjere større endringar, som og inkluderer endringar i struktur. Administrasjonen har gjort ei utrekning som fordeler prosentvis innsparingsmål, basert på netto utgiftsramme i budsjettet:

	%-vis av total	2019	2020	2021	2022
<b>Reduksjonsbehov</b>		<b>-4 201 636</b>	<b>-573 361</b>	<b>-1 134 068</b>	<b>-1 658 454</b>
Rådmann	0,38 %	-16 010	-96 344	-140 813	-168 220
Samfunn og rådgjeving	0,22 %	-9 277	-55 827	-81 595	-97 476
Personal og organisasjon	3,45 %	-145 113	-873 258	-1 276 329	-1 524 739
Økonomi	1,00 %	-42 014	-252 829	-369 528	-441 449
NAV Kommune	2,18 %	-91 697	-551 811	-806 511	-963 481
<b>Opplæring og oppvekst</b>	<b>40,19 %</b>	<b>-1 688 465</b>	<b>-10 160 780</b>	<b>-14 850 704</b>	<b>-17 741 073</b>
<b>Helse og omsorg</b>	<b>36,74 %</b>	<b>-1 543 583</b>	<b>-9 288 918</b>	<b>-13 576 415</b>	<b>-16 218 772</b>
Kultur og service	2,05 %	-86 118	-518 239	-757 443	-904 863
Politisk verksemd	0,59 %	-24 726	-148 797	-217 477	-259 804
<b>Teknisk</b>	<b>7,09 %</b>	<b>-297 941</b>	<b>-1 792 940</b>	<b>-2 620 510</b>	<b>-3 130 536</b>
<b>Utvikling</b>	<b>1,62 %</b>	<b>-67 902</b>	<b>-408 618</b>	<b>-597 225</b>	<b>-713 462</b>
Barnevern Volda kommune	4,49 %	-188 789	-1 136 089	-1 660 476	-1 983 651

Som det går fram av tabellen er det to sektorane som eig dei største budsjetta og dermed størst beløp for reduksjon i driftsrammer. Skal ein kome i mål med så store endringar må vi gjere gode vurderingar av den tenesteproduksjonen vi gir til innbyggjarane i dag og vurdere endringar som er forsvarleg innafor dei ulike fagområda. Ved slike vurderingar kan det vere ei løysing å samanlikne seg med andre kommunar. Kostratala gir oss ein peikepinn på våre prioriteringar samanlikna med andre. Volda kan ikkje med sin økonomi drive eit høgare driftsnivå enn samanliknbare kommunar om vi samtidig skal ha ambisjonar om store investeringar:

## Netto driftsutgifter pr. innbyggjar (justert for utgiftsbehov), År 2017

	Nye			Møre og	
	Volda	Ørsta	Herøy	K-gr 11	Romsdal
Pleie og omsorg	18 186	18 673	16 249	16 858	18 261
Grunnskole	14 052	12 933	13 207	14 302	13 854
Barnehage	8 473	9 280	8 243	8 477	8 749
Adm, styring og fellesutgifter	4 822	4 407	4 915	4 599	4 296
Sosiale tjenester	2 049	1 928	3 010	2 964	2 397
Kommunehelse	2 271	2 065	2 641	2 650	2 372
Barnevern	757	15	1 434	1 468	1 496
Kultur og idrett	1 340	1 498	2 461	2 100	1 853
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	792	555	613	571	646
Andre områder	2 804	2 782	4 005	2 986	2 665
- Brann og ulykkesvern	1 085	975	1 116	934	957
- Kommunale boliger	-377	-142	55	-30	-182
- Samferdsel	1 621	1 480	1 731	1 309	1 049
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-291	-179	238	49	133
- Kirke	766	648	865	724	708
<b>Totalt</b>	<b>55 546</b>	<b>54 136</b>	<b>56 777</b>	<b>56 974</b>	<b>56 588</b>

Netto driftsutgifter pr innbyggjar er i nye Volda kommune kr. 1 410 høgare enn i Ørsta. Dette er 14,1 mill kr om vi set innbyggjartalet til 10 000.

Ny kommunelov som trer i kraft 2020 inneheld ei skjerping i kommunane sitt ansvar for økonomiforvaltning, jfr femte del i lova. Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen vert ivareke over tid.

### Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret har lagt seg på eit svært ambisiøst investeringsnivå i gjeldande økonomiplan. Konsekvensen av dette vert at ein må kutte vesentleg i drifta for å finne rom til renter og avdrag. Rådmannen var i framlegginga av forslaget til budsjett og økonomiplan tydeleg på at det store investeringsprogrammet var eit retningsval, og at kommunestyret måtte vere tydelege på dette. Alternativet kan vere å skjerme tenestestrukturen og halde investeringane på eit lågast mogleg nivå.

Prosessane med å frigjere handlingsrom for å gjennomføre investeringane vil vere konfliktfulle. Investeringsprogrammet er anslått til å generere auka renter og avdrag på kr 30 mill. Dersom investeringane vert gjennomført som planlagt, vil nye Volda kome i gruppa blant kommunar i landet som får høgast netto renteesponert gjeld pr innbyggjar. Det vil innebere at Volda kommune må innrette seg på å drive rimelegare på alle tenesteområde enn samanliknbare kommunar. Når ein legg til grunn at samanliknbare kommunar har lågare lånegjeld, så må ein strekkje seg godt under desse også i driftsnivå. I praksis inneber dette til dømes at ein ikkje kan ha ei skuledrift som ligg ca 10 mill høgare enn Ørsta kommune. Innføring av lærarnormer bind opp ressursar for å sikre kvalitet i vaksen/pedagogtettleik, og gjer at ein ikkje kan få til ein slik reduksjon utan å samle drifta på færre skular. Det må sparast innanfor alle tenestene. Innanfor omsorg, sosialhjelp og barnevern der den underliggjande veksten i samfunnet generelt er høgare enn folketalsveksten, samt ukjent effekt av oppgåveoverføring frå helseforetaket, så vert dette særleg krevjande. Samtidig må det vere potensial her, og at ein må jobbe med konkrete tiltak med mål om gevinst. Tiltak

som virkar må sjåast i eit heilskapleg tenesteforløp der gevinstuttaket i enkelte høve kan ha lenger tidsperspektiv enn det ein planlegg. Det er forventa innsparing i stabane gjennom digitalisering og forenkling av arbeidsoperasjonar.

I tillegg til å effektivisere må ein vere svært restriktiv når det gjeld nye tiltak, og kommunane bør ikkje leggje opp til standardar og nivå på tenester utover det som er tilstrekkeleg etter krava i lov og forskrift.

Ein prosess der målet er reduksjon i driftsnivået vil ta tid. Målet vi set oss må vere realistisk slik at vi får henta ut resultat. Erfaringar frå andre kommunar som er i eller har gjennomført liknande prosessar er at det kan vere smart å hente inn ekstern hjelp. Dette trur vi også vil vere lurt for Volda sin del og vi vil rå til følgjande prosess for frigjering av ressursar i perioden 2020 og utover:

- ✓ Ekstern analyse og bistand på prosess
- ✓ Politisk forankring sak i FN - april
- ✓ Konkurrans konsulent - mai
- ✓ Forankring hos leiarane og tillitsvalte – april
- ✓ Oppstart – september (Budsjett/Økonomiplan 2020-2023)

Vidare så ønskjer vi å sette årelege forventingar i reduksjonen i driftsnivået:

År 2019:	4,2 mill kr
År 2020:	10 mill kr (det vil sei 5,8 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2019)
År 2021:	20 mill kr (det vil sei 10 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2020)
År 2022:	30 mill kr (det vils ei 10 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2021)

For å lukkast med prosessen vil det vere nødvendig med nokre køyrereglar og føresetnadar:

- ✓ Ingen auke i driftsrammer utover budsjettvedtak. Eit nytt behov må finansierast av reduksjon i eksisterande ramme
- ✓ Om behov for enkeltsaker med økonomisk konsekvensar bør dette leggjast til fellessaker som budsjett og økonomirapportering
- ✓ Endring i rammer på investeringsprosjekt må finansierast gjennom reduksjon i andre prosjekt
- ✓ Strukturendringar innan helse og omsorg og skule og barnehage må til. Om ikkje vil dette medføre drastiske endringar på kvalitet i tenesteproduksjon
- ✓ Leggje seg på eit nivå og standard på tenester som er godt nok for å tilfredsstillе krava i lov og forskrift.
- ✓ Konsentrere seg om kommunen sine kjerneoppgåver.

Summen av dette vil resultere i enkeltsaker og prosessar der ein vil møte motstand frå grupper som får redusert ei teneste eller får tenesta organisert på annan måte med lenger avstand mv. Dersom ein gjennom enkeltsaker opprettheld driftsnivå og ikkje reduserer drifta, eller gjer vedtak som bind opp ressursar til nye tiltak, vert det viktig at ein tek ein ny status på handlingsrommet og nedjusterer investeringsprogrammet. Det same gjeld dersom det oppstår situasjonar med svikt i inntektene i høve til det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Dette kan vere relatert til utviklinga i dei frie inntektene gjennom inntektssystemet eller at kommunestyret sjølv set ned eigedomsskatten.

Det er viktig med jamnleg gjennomgang av økonomisk situasjon og føresetnaden for å gjennomføre økonomiplanen, slik at politiske avgjerder kan byggje på godt fundamentert kunnskap om kva konsekvensar vedtak i enkeltsaker får for totaløkonomi og samla

prioritering. Både formannskapet og tenesteutvala bør ha prosessar på dette der ein ser økonomien og drifta i samla og langsiktig perspektiv. Dei store investeringane i økonomiplanen representerer eit tydeleg retningsval for Volda. Investeringane er viktige for utvikling av samfunnet og skape bulyst i Volda. Utgiftene må ned for å dekkje opp renter og avdrag til desse investeringane. Det hadde vore enkelt dersom ein kunne gjere desse investeringane og samtidig halde fram som ein har gjort før. Dei som skal forvalte heilskapsansvaret veit at det ikkje går når vi i den nasjonale konteksten går i møte ei demografisk utvikling med vekst i utgiftsbehov som ligg høgare enn inntektsauken. Når ein i same periode skal forrente ei stor auke i lånegjelda, så må relativt drastiske tiltak til for å ha balanse i drifta. Når rådmannen framover legg fram enkeltsaker for å følgje opp dette, så er det for å følgje opp kommunestyret sin politikk slik den er lagt i gjeldande økonomiplan vedteken i desember 2018. I desse sakene vil særinteresser som vert råka naturleg engasjere seg, og desse skal også høyrast. Ein må vere budd på at sakene vil verte konfliktfulle. Den som skal ivareta dette heilskapsbildet kan få utfordringar med å få dette fram i det offentlege rom dersom media berre presenterer historia til den som vert råka utan å synleggjere saka i heilskapsperspektiv. Det vert derfor vanskeleg å få fram at det å seie nei til noko, også kan vere å ta omsyn til eit større behov. Det er i desse sakene «slaga vil stå» om kommunestyret vil følgje opp det som er lagt opp til i økonomiplanen. Administrasjonen skal jobbe for å følgje opp økonomiplanen, og vert den kritikken vert retta mot når ein fremjar saker om upopulære økonomiske tiltak. Det er viktig å vere klar over at oppdraget ligg i økonomiplanen som kommunestyret har vedteke.

I dette siste året før samanslåinga forvaltar «gamle» Volda «hovudstolen» i økonomien til nye Volda. Det er naturleg at fellesnemnda vert halden orientert som det organet som planlegg den nye kommunen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Økonomisk forvaltning spelar inn på helse og miljøkonsekvensar. Prosessen Volda kommune no er inne i krev mykje av alle tilsette. Skal ein lukkast med slike prosessar er det viktig å jobbe godt med holdningar og halde fokuset inn mot dei positive tiltaka som kjem ut av prosessen. Dei tilsette må få vere aktivt med i prosessen gjennom både deltaking og god informasjon.

**Økonomiske konsekvensar:**

sjå utgreiing over

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

Kari Mette Sundgot  
økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**



Fellesnemnda for nye Volda  
Tenesteutval for helse og omsorg  
Tenesteutval for oppvekst og kultur  
Forvaltningsutvalet  
Rådmannen si leiargruppe  
Arbeidstakarorganisasjonane v/ hovudtillitsvalte  
Hovudverneombodet



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2019/91

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/19	Formannskapet Kommunestyret	05.02.2019

### UTGREIING AV Å HALDE BARNETRYGD UTANFOR BEREKNINGSGRUNNLAGET FOR ØKONOMISK SOSIALHJELP

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til at regjeringa har varsla at det vil kome ei nasjonal ordning for å halde barnetrygd utanfor sosialhjelp. Dette vil verte ei lovendring som skal utgreiast, og innretninga på dette er ikkje kjent. Kommunestyret finn det mest tenleg å avvente ei nasjonal ordning og ikkje eksperimentere med ei lokal løysing. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn det ikkje tenleg med ei standardisering der barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp. Barnefamiliar sine økonomiske behov skal vurderast ut frå NAV si faglege vurdering og skjønnsutøving i kvar einskild sak.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen, i samarbeid med NAV Ørsta/Volda og Ørsta kommune, vurdere behov for å utarbeide felles lokale retningslinjer for korleis det sosialfaglege skjønnet skal vurderast ved utmåling av sosialhjelp til barnefamiliar og andre vanskelegstilte, for i størst mogleg grad å sikre lik praksis på tvers av kommunegrensar.*
- 3. Kommunestyret er uroa over høge og aukande utgiftene til sosialhjelp, og ber administrasjonen halde fram med tiltak for å redusere omfanget og auke arbeidsdeltakinga. Det er krevjande for den einskilde å vere avhengig av offentlege velferdsordningar til livsopphald, og krevjande for det offentlege å finansiere ordningane. Det er viktig å sikre berekraftige løysingar både på individ- og samfunnsnivå.*
- 4. Kommunestyret oppmodar om ei heilskapleg gjennomgang av arbeidet med førebygging av barnefattigdom i nye Volda kommune. I kampen mot aukande barnefattigdom må vi sjå på fleire tiltak samtidig, og målrette desse slik dei kjem barn og unge til gode. Ein må vurdere kva som verkar og ikkje verkar av tiltak. Det må arbeidast heilskapleg, systematisk og langsiktig for å betre levkåra for vanskelegstilte barnefamiliar.*

5. *Den nye fleirtalsregjeringa har varsla ytterlegare opptrapping av barnetrygda, og dei vil sørge for at auken kjem barnefamiliar til gode som er avhengige av sosialhjelp og bustønad. Kommunestyret forventar at staten vil gjere ei heilskapleg utgreiing før dette vert sett i verk som også omhandlar korleis kommunane lokalt skal ivareta skjønnsmessige utøving for at tiltaka når dei som treng det mest. Kommunestyret oppmodar om at ein ved førebuinga til ei slik lovendring gjer nøye utgreiing av retningsliner for å treffe formålet best mogleg og unngå utilsikta verknader.*
6. *Dersom det gjennom lovendring vert innført ei ordning med å halde barnetrygda utanfor sosialhjelpa føreset kommunestyret at utgiftene vert fullt ut kompensert for kommunane.*

#### **Vedleggsliste:**

1. Uttale frå NAV Ørsta/Volda: Vurdering av å halde barnetrygd utanfor ved utrekning av sosialhjelp – Volda kommune, datert 21.01.19.
2. NAV Ørsta/Volda: Evaluering av prøveordning av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for sosialhjelp - Ørsta kommune.
3. NAV Ørsta/Volda: Notat: Vurdering av å halde barnetrygda utanfor ved utrekning av sosialhjelp - Ørsta kommune.
4. Frivilligsentralen i Volda: Orientering om arbeidet med etablering av utstyrssentral i Volda, januar 2019.
5. Brev til Stortinget frå Barne- og likestillingsdepartementet: Dokument nr. 8:20S (2017-2018) – Representantforslag om rettferdig og fattigdomsbekjempende barnetrygd, datert 13.11.17.
6. Dokument 8:20 S (2017-2018) Representantforslag om rettferdig og fattigdomsbekjempende barnetrygd, datert 10.10.17.
7. Herøy kommune: Saksframlegg - Rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp 2018

#### **Uprenta saksvedlegg:**

1. K-sak 35/09 handsama i møte 28.05.09: Økonomisk sosialhjelp – nye rettleiande satsar.

#### **Samandrag av saka:**

Bakgrunnen for saka er vedtak i kommunestyret 13.12.18, sak 137/18 pkt. 13:

*Kommunestyret ber om ei ny utgreiing om spørsmål om at barnetrygda vert halden utanfor og ikkje rekna som inntekt, når barnefamiliar søker om sosialhjelp, med tanke på å innføre det so raskt som råd.*

Tal barn som vekst opp i familiar med vedvarande låg inntekt aukar, og barn med innvandrarbakgrunn utgjer meir enn halvparten av barna i låginntektsgruppa. Tal barn i låginntektsfamiliar i Volda har også auka, frå 4 til 5,4 pst. over fire år. Samanlikna med nabokommunar og landsgjennomsnittet, har Volda færre barn i hushald med låg inntekt. Dette kjem m.a. fram gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Innbyggjartilskotet til Volda i 2019 vert korrigert med eit trekk i utgiftsbehov på kr 1,2 mill. for færre personar med låg inntekt i befolkninga enn gjennomsnittskommunen.

Spørsmål om barnetrygd og tiltak mot barnefattigdom har vore tema i nasjonal politikk og forhandlingar om statsbudsjettet. Utgreiing om barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp er gjort nasjonalt, med konklusjon om at dette ikkje er eit treffsikkert eller godt

tiltak for å betre levekåra til barnefamiljar. Det kan føre til at kommunen blir mindre merksam på krav til individuelle vurderingar om kva som er forsvarleg livsopphald. Stønadsnivået kan bli standardisert, som undergrev det sentrale prinsippet om retten og plikten til å utøve skjøn.

I Volda blir barnetrygda rekna som inntekt ved berekning av sosialhjelp. Dette er same praksisen som i majoriteten av landets kommunar. Frå mars 2019 vert barnetrygda auka. Det er varsla ytterlegare auke, og at auken skal kome barnefamiljar med sosialhjelp og bustonad til gode.

I høve inntektsoverføringa frå staten har Volda eit lågt utgiftsbehov for sosialhjelp. Samtidig har Volda, som dei fleste andre kommunar, hatt auka utgifter til sosialhjelp siste åra. Frå 2017 til 2018 var auken i sosialhjelp på kr 2 mill. i Volda. Det er sett i verk tiltak for å betre kunnskapen om årsaksforholda og kvaliteten på oppfølginga. Målet er å auke arbeidsdeltakinga og slik sikre betre levekår for vanskelegstilte personar og barnefamiljar. Å redusere utgiftene til sosialhjelp er også viktig satsing i arbeidet med å redusere drifta i kommunen med kr 4,2 mill. i 2019, og om lag kr 30 mill. innan 2022.

### **Saksopplysningar/fakta:**

#### *Overordna perspektiv og føringar*

Tal barn som vekst opp i familjar med vedvarande låg inntekt aukar, og arbeidet med å redusere barnefattigdom er eit nasjonalt satsingsområde. Spørsmål om barnetrygd og tiltak mot barnefattigdom har vore tema i nasjonal politikk, også i forhandlingar om statsbudsjettet. I St.prop. 1 (2018-2019) viser regjeringa til at dei etter ønskje frå Stortinget har utgreidd om barnetrygda skal heldast utanfor berekninga av sosialhjelp. Vedtaket er fatta ved handsaming av Dokument 8:20 S (2017–2018), Innst. 149 S (2017–2018):

*Departementet har vurdert saken og kommet fram til at en lovendring som innebærer at barnetrygden holdes utenfor ved beregning av økonomisk sosialhjelp ikke er et treffsikkert eller godt tiltak for å bedre barnefamilienes levekår. En slik lovendring vil kunne føre til at kommunen blir mindre oppmerksom på lovens krav til individuelle vurderinger av hva som er et forsvarlig livsopphold for stønadsmottakeren og ev. barn. Stønadsnivået kan i praksis bli standardisert, noe som undergraver det sentrale prinsippet i loven om retten og plikten til å utøve skjønn.*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20182019/id2613294/sec1>

Saka inngår i oppfølginga av NOU 2017:6 *Offentlig støtte til barnefamilie*, der barnefamilieutvalet har hatt ei heilskapleg gjennomgang av offentlege overføringar og tenester til barnefamiljar, derav barnetrygd. Fleirtalet i utvalet foreslår behovsprøvd barnetrygd med auka satsar for dei som tener minst. Mindretalet vil behalde barnetrygda som ei universell ordning. Utvalet tilrår at støtteordningar er føreseielege og stabile, og at ein må unngå insentiv som verkar mot sin hensikt og kan føre til misbruk av ordningar. Ein må sikre at tiltak både gir private og offentlege gevinstar, og betre ordningar som sikrar foreldreskapet eit godt utgangspunkt ved å leggje til rette for deltaking på arbeidsmarknaden.

*Det viktigste virkemiddelet for å motvirke fattigdom, er å sørge for at flest mulig er i arbeid. Samtidig er det viktig med gode velferdsordningar for barnefamilier. Barnetrygd utgjør en viktig del av inntektene til barnefamilier i lavinntektsgruppen. Forslaget forutsetter en lovendring som etter departementets vurdering ikke er et treffsikkert eller godt tiltak for å bedre barnefamilienes levekår. Det er ikke nødvendigvis slik at kommuner som ser bort fra barnetrygden i beregningen av økonomisk sosialhjelp, samtidig har god kvalitet på de sosiale tjenestene som gis barnefamilier. Fastsettelsen av nivået er skjønnsbasert og ikke en fast*

*størrelse. Det er derfor vanskelig å sikre at en lovendring om at én bestemt inntekt skal holdes utenfor, faktisk fører til at søkerens stønad blir tilsvarende mye høyere. En slik lovendring kan like gjerne føre til at kommunen blir mindre oppmerksom på lovens krav til individuelle vurderinger, slik at stønadsnivået i praksis standardiseres og dermed undergraver det sentrale prinsippet i loven om retten og plikten til å utøve skjønn. (St.prop. 1 (2018-2019)).*

Barnefamilieutvalet viser til at inntektsprøving av barnetrygda gir ulike problemstillinger, m.a. at foreldre sine arbeidsintensiv bli svekka. Særleg kvinner, som i utgangspunktet har svak tilknytning til arbeidslivet. Dersom auka kontantoverføringer gjer det mindre lønsamt å jobbe, kan dette svekke familiens materielle grunnlag på sikt. Barn sine rettar til gode oppvekstvilkår må vegast mot omsynet til å styrke foreldre sine arbeidsintensiv. Foreldras verdi på arbeidsmarknaden skal ikkje vere avgjerande for barnas velferd (NOU 2017:6).

I dei fleste barnefamilier i Noreg er begge foreldre i løna arbeid. Toinntektsfamilier har oftast eit godt inntektsgrunnlag, som er eit viktig element for sikring av barns velferd. Utviklinga har vore understøtta av ein god arbeidsmarknad, med låg arbeidsløyse og høg etterspørsel etter arbeidskraft. Det er særleg to grupper som har hatt svakare inntektsutvikling enn andre familier; einslege forsørgjarar og familier med innvandrarbakgrunn. I eit samfunn der toinntektsfamiliane legg lista for kva som er vanleg familieinntekt, skapar ekstra utfordringar for desse gruppene. Den viktigaste einskildårsaka til auken i tal familier med låg inntekt er innvandring. Låg inntekt skuldast i hovudssak ei svakare tilknytning til arbeidsmarknaden. I familier med innvandrarbakgrunn er det mindre vanleg at to vaksne har lønsinntekt, enn i resten av befolkninga. Fleire familier har ingen inntekt frå løna arbeid. For barns velferd er det særleg foreldre sin yrkesaktivitet som er avgjerande, og det er store forskjellar mellom ulike innvandrargrupper. Arbeidsinnvandra familier frå Aust-Europa har høgare yrkesdeltaking enn snittet av den norske befolkninga, medan barnefamilier som kjem som flyktningar frå Afrika og Asia er blant dei mest fattigdomsutsette i befolkninga (NOU 2017:6).

For å sikre barn gode oppvekst og levekår viser barnefamilieutvalet at vi treng ein eit breitt spekter av verkemidlar. Det viktigaste verkemiddelet for å motverke fattigdom, er å sørge for at flest muleg er i arbeid. Samtidig er det viktig med gode velferdsordningar for barnefamilier. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett i gang tiltak for å styrke barneperspektivet i NAV og betre oppfølginga av økonomisk vanskeligstilte barnefamilier. Foreldrebetalinga i barnehagar er regulert gjennom statlege satsar og subsidiert for låginntektsfamilier, m.a. gjennom gratis kjernetid. Barn i alderen 2-5 år og barn med utsett skulestart, i familier med låg inntekt, har rett til 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Redusert foreldrebetaling og gratis halvdagsplass i SFO er programfesta satsingsområde i den nye fleirtalsregjeringa. Det same er innføringa av eit fritidskort som kan nyttast til å dekke deltakaravgift på fritidsaktivitetar for barn og unge. Vidare er det varsla ei styrking av bustønad til barnefamilier og inkluderingsdugnad i arbeidslivet, for å sikre at flest muleg kjem seg i arbeid.

### ***Omfanget av låg inntekt og barnefattigdom***

Hushald med vedvarande låg inntekt har vore stabilt i Noreg på rundt 8 pst. I internasjonal samanheng har Noreg ein liten del av befolkninga under låginntektsgrensa. Grensa for låginntekt i Noreg er høgast i Europa, også etter justering for forskjellar i prisnivå. Personar med låg inntekt i Noreg har dermed høgare inntektsnivå enn låginntektsgrupper i mange andre land. Nokre kan av ulike grunnar oppleve å ha låg inntekt ei kort periode, t.d. eitt år, for seinare å oppleve klar betring av hushaldet sin inntekt. Det er difor færre som opplever å ha vedvarande låginntekt, enn årleg låginntekt (SSB 2016/30).




For å måle omfanget barnefattigdom brukast låginntekt som mål, dvs. hushald med ei inntekt som er lågare enn 60 pst. av medianinntekta. For å samanlikne inntekter til hushald av ulik storleik og samansetning, må den gjerast samanliknbar på tvers av hushald. EU-skalaen vert ofte nytta i denne samanheng (bufdir.no):

	2016
Husholdningssammensetning	EU-skala, 60 prosent (kr)
Enslig	215 300
Enslig forsørger med ett barn	279 900
Enslig forsørger med to barn	344 500
Enslig forsørger med tre barn	409 100
Par uten barn	323 000
Par med ett barn	387 600
Par med to barn	452 200
Par med tre barn	516 800
Par med fire barn	581 400

Tal barn i Noreg som vektst opp i familiar med vedvarande låginntekt aukar, og barn med innvandrarakgrunn utgjer meir enn halvparten av barn i låginntektsgruppa. I 2016 var 10,3 pst. av alle barn i hushald med vedvarande låginntekt. Dette utgjer 101 000 barn. Tilsvarende tal i 2015 var 98 200 barn. Tabellen under viser barn i hushald med låg inntekt i Volda og eit utval av kommunar i Møre og Romsdal, i perioden 2013-2016 (bufdir.no).

Barn i husholdninger med lavinntekt siste år etter lokale lavinntektsgrenser (2016)



Omfanget av barn i hushald med låg inntekt i Volda auka med 1,4 pst. frå 2013 til 2016, dvs. frå 4 til 5,4 pst. over fire år. Samanlikna med øvrige kommunar i statistikken, har Volda og Ørsta kommunar færre barn i hushald med låg inntekt i 2016.

At Volda har få personar i låginntekstgruppa kjem også fram gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Per 01.07.18 hadde Volda 355 personar med låg inntekt. Tilsvarende tal per 01.07.17 var 336, dvs. ei auke på 19 personar frå 2017 til 2018. Volda har færre personar med låg inntekt enn landsgjennomsnittet. Innbyggjartilskotet til Volda vert difor korrigert med eit trekk i utgiftsbehov på kr 1,2 mill. i 2019, som følgje av færre personar med låg inntekt i befolkninga enn gjennomsnittskommunen.

Låg inntekt har i stor grad samanheng med å stå utanfor eller ha ei svak tilknytning til arbeidslivet. Låg inntekt er særleg stor blant aleinebuande minstepensjonistar og blant

mottakarar av ulike stønadsordningar som sosialhjelp, kvalifiseringsstønad, introduksjonsstønad og supplerande stønad. Dei siste åra har det vore ei stor auke blant personar med nedsett arbeidsevne, uførepensjonistar og mottakarar av kvalifiseringsstønad. Det er også aukande tal ungdom og unge vaksne som står utanfor utdannings- eller arbeidsmarknaden. Mange opplever å ha trongare økonomi og tyngande buutgifter enn befolkninga generelt. I tillegg har mange med låg inntekt dårlegare helse enn den øvrige befolkninga, og er avhengige av ulike offentlege stønadsordningar.

### *Barnetrygd*

Barnetrygda er ei universell yting alle barnefamiliar mottek uavhengig av inntekt. Formålet med barnetrygda jf § 1 i barnetrygdlova er at denne skal vere eit tilskot til forsørging av barn. Hovudmålsetting med barnetrygda er å kompensere for forskjellane i økonomiske behov mellom familiar med og utan barn. Barnetrygda har vore uendra sidan 1996 og er på kr 970 per måned per barn under 18 år. Frå 1. mars 2019 vert barnetrygda auka til kr 1 054, og vil utgjere kr 12 648 per barn per år. Einslege forsørgjarar gis utvida barnetrygd tilsvarande same satsar som for eitt barn. Det er eit småbarnstillegg på kr 660 for barn i alderen 0-3 år til personar med full overgangsstønad. Den nye fleirtalsregjeringa har varsla opptrapping av barnetrygda for barn frå 0 til fylte 6 år med kr 7 200, og sørgje for at auken kjem barnefamiliar til gode som er avhengige av sosialhjelp og bustønad. Staten dekker utgiftene til barnetrygdordninga.

### *Økonomisk sosialhjelp*

Økonomisk sosialhjelp vert heimla i sosialtenestelova. Formål med lova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Sosialhjelp er ein subsidiær og behovsprøvd yting som skal sikre eit forsvarleg livsopphold. Ytinga skal vere midlertidig, der NAV saman med brukar, må sjå etter moglegheiter for at brukar skal bli sjølvforsørgja.

Utmåling av stønadsnivå vert gjort med forankring i lov og rundskriv, med utgangspunkt i statlege rettleiande satsar og fagleg skjønnsutøving. Ein skal foreta ei vurdering av kva som er forsvarleg livsopphald i kvart einskild tilfelle. Om tenestemottakar har barn skal det takast særleg omsyn til behova til barna i vurderingane. Barn og unge skal ha ein levestandard og livsvilkår som er tilstrekkeleg for deira utviklinga. Ved berekning av stønadsnivå kan alle former for inntekter takast omsyn til; barnetrygd, individstønad, stipend og lån frå lånekassa, kvalifiseringsstønad, introduksjonsstønad, arbeidsinntekt m.v.

Staten fastset årleg rettleiande satsar for sosialhjelp, der utgifter til barn er tatt i betraktning. Slik dei statlege retningslinene er i dag, er det opp til den einskilde kommune å fastsetje nivået for sine satsar for sosialhjelp. Det er difor variasjonar mellom kommunane når det gjeld storleiken på sosialhjelpssatsane. Dei statlege satsane skal gi kommunane rettleiing om stønadsnivået, men kommunen har uansett rett og plikt til å utøve skjøn ved vurdering om det skal ytast stønad og ved utmåling av stønad. I tillegg til individuelle vurderingar kan NAV yte både meir og mindre enn satsane tilseier.

*Statlege rettleiande satsar for sosialhjelp 2018-2019. nav.no.*

<b>Statlege rettleiande sosialhjelpssatsar</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Einslege	6 050	6 150
Ektepar/sambuarar	10 100	10 250
Person i bufellesskap	5 050	5 150
Barn 0-5 år	2 350	2 400
Barn 6-10 år	3 050	3 100
Barn 11-17 år	3 950	4 000

De veiledende retningslinjene omfatter utgifter til helt grunnleggende behov, som mat, klær, kommunikasjon, husholdningsartikler og hygiene med mer, og tar videre hensyn til andre sider av dagliglivet, som fritid og sosiale behov. Utgifter til andre nødvendige ting, som bolig, strøm og oppvarming, bolig- og innboforsikring og innbo og utstyr inngår i livsoppholdet, men er ikke inkludert ved fastsettelse av de veiledende retningslinjene, da dette er utgifter som varierer mye (Vedlegg 1).

Kommunestyret i Volda vedtok i sak 35/09 i møte 28.05.09 å justere satsane for sosialhjelp i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande statlege rettleiande satsane. Utover dette er det ikkje fastsett lokale retningsliner ved utmåling av stønad.

Dei rettleiande satsane for 2019 gir eit stønadsnivå på kr 19 750 per måned, for ein familie med tre barn på 5, 8, og 11 år. NAV Ørsta/Volda opplever at dei statlege normene gjev eit godt grunnlag for vurdering. Saker vert vurdert i fagmøter og kontoret har god støtte frå fylkesmannen i høve tolking av regelverk.

Tabellen under viser tal mottakarar av sosialhjelp og tal barn med sosialhjelp i Volda og eit utval av kommunar på Søre Sunnmøre i 2017. KOSTRA-tal for 2018 er ikkje offentleggjort.

*Tal mottakarar og barn i familiar med sosialhjelp i kommunar på Søre Sunnmøre i 2017.*


2017	Mottakarar av sosialhjelp	Barn i familiar med sosialhjelp
Ulstein	237	134
Ørsta	175	78
Volda	172	49
Herøy	166	115
Hareid	124	50

*ssb.no/kommunefakta/kostra/sosialtjeneste*

I 2017 var det i Volda 172 mottakarar av sosialhjelp og 49 barn i familiar med sosialhjelp. Samanlikna med nabokommunane har Volda og Hareid få barn i familiar med sosialhjelp. Tal frå NAV Ørsta/Volda viser at det i 2018 var 60 barn i familiar med sosialhjelp i Volda. For 2019 har NAV stipulert at talet vil vere 63 i Volda (Vedlegg 1).

Mottakarar av sosialhjelp er ei uensarta gruppe, noko som kjem fram av dei dei to påfølgjande tabellane, med oversikt over mottakarar av sosialhjelp i Noreg etter arbeidssituasjon i 2017.

**Figur 1. Sosialhjelpsmottakere etter arbeidssituasjon. Prosent. 2017**



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

I 2017 var 12,5 pst. av sosialhjelpsmottakarane i arbeid; 4,8 pst. i heiltidsjobb og 7,7 pst. i deltidjobb. 4,9 pst. var under utdanning, 4,7 pst. på statlege arbeidstiltak, 1,1 pst. på kommunale arbeidstiltak, 9,9 pst. i introduksjonsprogram og 2,3 pst. i kvalifiseringsprogram. 34 pst. var arbeidsledige, 26,9 pst. var ikkje arbeidssøkjjar og 3,8 pst. var ikkje registrert arbeidsledige.

Tabellen under viser utviklinga i tal sosialhjelpsmottakarar etter arbeidssituasjon i Noreg, i perioden 2015-2017. Totalt 132 359 mottok sosialhjelp i 2017. Av desse var 6 420 i heiltidsarbeid, 10 161 i deltidarbeid, 6 188 på statlege arbeidsmarknadstiltak, 1 428 på kommunale tiltak, 6 509 under utdanning, 13 087 i introduksjonsprogram og 3 019 i kvalifiseringsprogram. 50 184 var arbeidslause og 35 633 var ikkje arbeidssøkjjarar. 53 620 har sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald, medan 79 039 hadde supplering til anna hovudinntektskjelde.

<b>Sosialhjelpsmottakarar etter arbeidssituasjon, år og familiefase</b>			
	Sosialhjelpsmottakarar		
	2015	2016	2017
Arbeidssituasjon i alt	127 372	130 405	132 659
Arbeid heiltid	6 503	6 075	6 420
Arbeid deltid	9 616	9 818	10 161
På statlege arbeidsmarknadstiltak	5 593	5 982	6 188
På kommunale tiltak	1 278	1 429	1 428
Under utdanning	5 777	6 199	6 509
Arbeidslaus	50 366	50 316	50 184
Ikkje arbeidssøkjjar	35 432	35 474	35 633
I introduksjonsprogram	9 041	11 723	13 087
I kvalifiseringsprogram	3 671	3 293	3 019
Uoppgitt	95	96	30
Kjelde: <a href="https://www.ssb.no/soshjelpk">https://www.ssb.no/soshjelpk</a>			

Gruppa mottakarar av sosialhjelp med størst vekst er dei som deltek i ulike offentlege program og tiltak. Her står deltakarar i introduksjonsprogram for heile auken, og utgjer 10 pst. av alle sosialhjelpsmottakarane. I 2017 var 13 087 av totalt 28 944 deltakarar i introduksjonsprogram, samtidig sosialhjelpsmottakarar i minst ein månad. Dvs. at 45 pst. av alle deltakarane i introduksjonsprogram også er registrert som mottakarar av sosialhjelp. Mottakarar av introduksjonsstønad utgjer også den største auken i gruppa av sosialhjelpsmottakarar i Volda. Tabellen under viser oversikt over mottakarar av sosialhjelp i Volda etter arbeidssituasjon, i perioden 2015-2017.

<b>Sosialhjelpsmottakarar etter arbeidssituasjon i Volda</b>			
	2015	2016	2017
Arbeid heiltid		7	7
Arbeid deltid	9	12	10
Arbeidslaus	49	41	32
Ikkje arbeidssøkjjar	26	31	31
I introduksjonsprogram	37	46	51
I kvalifiseringsprogram		6	6
Anna situasjon	36	33	33
<b>SUM</b>	<b>157</b>	<b>176</b>	<b>170</b>
Kjelde: <a href="https://www.ssb.no/statbank/table/12201">https://www.ssb.no/statbank/table/12201</a>			

Kommunane har busett eit høgt tal flyktningar siste åra, og mange har kome på familiesameining. Auken i tal deltakarar i introduksjonsprogram har samanheng med auka busetjing og familiesameiningar. Nokre, særleg store barnefamiliar og einslege forsørgjarar, har behov for supplerande stønad til livsopphald i tillegg til inntekter frå introduksjonsstønad, barnetrygd og bustønad, for å betale høge straum- og buutgifter, samt utgifter til helse, barnehage, SFO og fritidsaktivitetar for barna.

Deltakarar i introduksjonsprogram og NAV sitt kvalifiseringsprogram har stønad på 2 G i folketrygda, som utgjer kr 16 148 per mnd. Deltakarar under 25 år mottek 2/3-del av 2 G, dvs. kr 10 765 pr. mnd. Barnefamiliar i kvalifiseringsprogrammet får eit barnetillegg på kr 27 per dag per barn, dvs. kr 810 per mnd. per barn. Om deltakaren har 3 barn vert barnetillegget på kr 2 430 per mnd., i tillegg til kvalifiseringsstønaden på 2 G. Det vert ikkje ytt tilsvarande barnetillegg til deltakarar i introduksjonsprogram. Dette forklarar noko av årsaken til at mange deltakarar i introduksjonsprogram samtidig er mottakarar av sosialhjelp. Utfordringa er knytt til at ei inntekt på 2G i nokre tilfelle er i knappaste laget for å dekke naudsynte utgifter. Særleg store barnefamiliar og einslege forsørgjarar har behov for supplerande sosialhjelp i tillegg til inntekter frå introduksjonsstønad, barnetrygd og bustønad. Deltakarar i introduksjonsprogram kan ha ordinært arbeid som del av eller utanfor programmet, og nokre har klart å skaffe seg ekstrajobb på kveld/helg, som bidreg til å auke hushaldet si inntekt.

Volda, som mange andre kommunar, gir flyktningar sosialhjelp i busetjingsfasen før vaksne over 18 år startar i introduksjonsprogram, og får sin første utbetaling av introduksjonsstønad 2-4 mnd. etter busetjing. Volda nyttar også sosialhjelpsordninga til etablering, dvs. til innkjøp av møblar, utstyr, klede m.v. ved ankomst av nye flyktningar i kommunen.

KOSTRA-tal for 2017 viser at Volda hadde 172 mottakarar av sosialhjelp. 16 av desse hadde arbeidsinntekt som hovudinntektskjelde, medan 61 hadde sosialhjelp som viktigaste inntektskjelde. 45 var mottakar av sosialhjelp i 6 månader eller meir, og 55 var i alderen 18-24 år.

Frå 2017 til 2018 hadde Volda ei auke i sosialhjelp på kr 2 mill. Samla utgifter til sosialhjelp i 2018 var på kr 6,8 mill., og kr 4,8 mill. i 2017. Det er sett i verk tiltak for å betre kunnskapen om årsaksforholda og kvaliteten på oppfølginga. Eit viktig satsingsområde er å auke arbeidsdeltakinga, som er viktig for å redusere utanforskap og auke levekåra for personar og familiar med låg inntekt. Gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen, er målet å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgjevande arbeid.

Eit døme på slikt samarbeid Volda læringscenter frå hausten 2018 har hatt eit tettare samarbeid med NAV om tidlegare deltakarar i introduksjonsprogrammet som ikkje har klart overgang til ordinært arbeid. NAV tek kontakt med læringscenteret om konkrete personar, så har språkpraksisansvarleg ved senteret skaffa praksisplass gjennom sitt språkpraksisnettverk i lokalt næringsliv. Det har til no resultert i at ein tidlegare deltakar som har vore utanfor arbeidslivet i over eit år, er i heiltidsarbeid med lønstilskot frå NAV. I tillegg har senteret skaffa praksisplass til ein tidlegare deltakarar som har vore arbeidssøklar hos NAV ei periode. Erfaringane frå samarbeidet er positive og tilbakemeldingane frå NAV er gode. NAV er nøgde med å kunne nytte læringscenteret som dørøpnar mot det store nettverket som er opparbeidd av bedrifter, og samarbeidet vil halde fram.

### *Barnetrygd og sosialhjelp*

I dag vert barnetrygda rekna som inntekt ved berekning av sosialhjelp i Volda. Dette er same praksisen som i majoriteten av landets kommunar. KOSTRA for 2017 viser at det i Noreg var 47 878 barn i familiar med sosialhjelp, der barnetrygda vart rekna som inntekt. KOSTRA-tal

for 2017 viser at det var 49 barn i Volda i 2017. Tal frå NAV lokalt viser at det i 2018 var 60 barn i familiar med sosialhjelp. For 2019 har NAV stipulert med at talet vil vere 63.

KOSTRA viser at fleirtalet av kommunane reknar barnetrygda som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp, medan nokre held barnetrygda utanfor. I 2017 rekna 377 kommunar barnetrygda som inntekt ved utmåling av sosialhjelp, medan 53 kommunar hadde praksis med å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp. Det lokalpolitiske handlingsrommet gir rom for kommunane å handsame barnetrygda ulikt ved berekning av sosialhjelp til barnefamiljar. Skal kommunane bli pålagde å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, må dette regulerast ved lov.

Berekningar frå finansdepartementet i 2018 viser at kommunane vil ha ei meirkostnad på om lag kr 490 mill. dersom barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp. Tilsvarende tal for 2017 var kr 430 mill. Kommunar som held barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp i dag, får dette ikkje kompensert gjennom statlege overføringer. Utgifter til sosialhjelp vert dekt gjennom kommunen sine frie inntekter, dvs. skatt og rammetilskot til kommunane.

NAV Ørsta/Volda har stipulert at Volda kommune vil ha auka utgifter til sosialhjelp på kr 800 000 i 2019, om barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp. For 2018 var tilsvarende tal kr 700 000. Kostnaden er berekna for 12 månader. NAV har ikkje teke omsyn til om familien har utvida barnetrygd eller småbarnstillegg, og kommunen må forvente at utgifta vil vere noko høgare (Vedlegg 1).

Utgreiing om barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp er som nemnd gjort nasjonalt, med konklusjon om at dette ikkje er eit treffsikkert eller godt tiltak for å betre levakåra til barnefamiljar. Kommunen kan bli mindre merksam på krav til individuelle vurderingar om kva som er forsvarleg livsopphald. Stønadsnivået kan bli standardisert, som undergrev det sentrale prinsippet om retten og plikten til å utøve skjøn. Konsekvensane kan bli ytterlegare forsterka om barnetrygda vert auka i tråd med fleirtalet i barnefamilieutvalet sine konklusjonar i NOU 2017:6. Det ser vi allereie gjennom auken i barnetrygda frå mars 2019 med kr 1 008 per barn per mnd., til totalt kr 12 648 per barn per år. I tillegg har den nye fleirtalsregjeringa varsla ytterlegare auke med kr 7 200 for barn frå 0 til fylte 6 år, og sørgje for at dette kjem barnefamiljar med sosialhjelp og bustønad til gode. Ein må difor forvente det vil kome nye utredningar før dette blir sett i verk, som også omhandlar korleis kommunane lokalt skal ivareta skjønsmessige utøving og hindre utilsikta verknader. Kommunane må også forvente at staten finansierer meirkostnader ved ei ev. lovendring om å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp.

#### **Uttale frå barnevernet til saka**

*Barnevernstenesta ser på barnetrygda som barna si trygd. Desse pengane følger barnet og skal sikre at foreldre utan hinder av økonomi skal kunne ivareta barna sine behov. Vi erfarar at for barn i familiar med behov for sosialhjelp vil det at barnetrygda haldast utanfor kunne vere det som gjer at familien ikkje har behov for kontakt med barnevernstenesta av økonomiske årsakar.*

#### **Barneperspektivet i NAV**

NAV Ørsta/Volda er eitt av fire kontor i landet som er plukka ut til å delta i prosjektet «Barneperspektivet i NAV». Målet er å lage tilrådingar til korleis barneperspektivet i større grad kan ivaretakast som del av NAV si verksemd. NAV Ørsta/Volda har delteke i uttesting av sjekklister og samtalemalar som i større grad skal belyse den einskilde sak og styrke barneperspektivet, slik at barn vert høyrde i saker som vedkjem dei. Ved å få fram barnas behov, og avdekke utfordringar og hjelpebehov hos barna og familien, kan ein hjelpe barna



på ein betre måte. Å fange opp barnas behov tidleg kan bidra til å førebyggje sosiale og helsemessige problem seinare. Barn som veks opp i hushald med sosialhjelp som hovudinntekstskjelde, har ein auka risiko for sjølv å bli mottakarar av sosialhjelp som vaksne. God oppfølging og tilrettelegging av totalsituasjonen i familien, kan vere avgjerande for at dei vaksne kjem seg i varig arbeid og slik betre levkåra for barna og familien (Vedlegg 1).

### *Kva gjer nabokommunar?*

Ein er ikkje kjend med at andre kommunar på Søre Sunnmøre helde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, med unnatak av Ørsta. Etter vedtak i Ørsta kommunestyre i desember 2017 vart det innført ei prøveordning med å halde barnetrygd utanfor berekninga av sosialhjelp. Evalueringa frå NAV Ørsta/Volda viser at ordninga gav kommunen ei auka utgift på kr 944 000 for 10 månader i 2018 (Vedlegg 2). Ordninga vart gjort permanent frå 2019, og kostnaden er stipulert til å utgjere kr 1 mill. I evalueringa frå NAV Ørsta/Volda står m.a.:

*Ved utmåling av økonomisk sosialhjelp, vert omsyn til born særleg vektlagt. Vi utøver fagleg skjøn i alle saker, og alle brukarar og søknadar vert individuelt vurderte. Vi er samstundes opptekne av å stimulere og motivere til at brukarane kan verte sjølvforsørga, primært gjennom eiga inntekt. Det er ein balansegang å ha høgt nok stønadsnivå til at det er forsvarleg og verdig, men samstundes ikkje så høgt at brukarane ikkje finn motivasjon i å kome seg over i ordinært, løna arbeid.*

*Ordning med å halde barnetrygda utanfor berekningsgrunnlaget, har gjort det utfordrande å vite kvar ein skal setje stønadsnivået i enkelte saker. Skal ein forvente at barnetrygda skal gå til t.d. aktivitetar og utstyr til born, og evt. gi avslag om det vert søkt om dekking av slike utgifter? Kva då med dei som har nytta barnetrygda til andre utgifter i staden, men som kjem og søker om stønad til aktivitetar og utstyr til borna? Skal dei få innvilga sine søknader? Skal barnetrygda evt. kunne stå på konto, og ikkje verte teken omsyn til ved søknad om sosialhjelp? Når barnetrygda ikkje vert nytta til borna, men t.d. til å ta sertifikat eller dekking av andre utgifter, skal då NAV dekke ytterlegare utgifter til familien? NAV Ørsta-Volda har ein praksis med å yte ekstra stønad til sosialhjelpsmottakarar som feirer jul, m.a. for å kjøpe julegåver til borna. Skal ein evt. Vurdere om barnetrygda skal gå til dette føremålet, eller skal ein yte eit tillegg også i desse sakene? Dette er nokre av problemstillingane vi må ta stilling til ved gjeldande ordning.*

*Etter vår vurdering er det naturleg at barnetrygda går inn som del av inntektsgrunnlaget for berekning av sosialhjelp. Dette både ut i frå intensjonane med barnetrygda, ut frå sosialtenestelova, på bakgrunn av lik handsaming mellom kommunene, etter utsagn frå Fylkesmannen og for lettare kunne finne rett stønadsnivå for NAV. Vi vil likevel vere merksame på barn og unge sin situasjon i familier som treng økonomisk sosialhjelp, og legge stønadsnivået slik at desse vert godt ivaretekne.*

*NAV Ørsta-Volda er felles NAV-kontor for begge kommunene Ørsta og Volda. At ein ikkje har lik praksis mellom kommunene, opplever vi som uheldig. Brukarane kjenner kvarandre på tvers av kommunegrensene, og det vert opplevd som forskjellsbehandling og urettferdig at dei vert vurderte ulikt på kvar si side av kommunegrensa.*

Herøy kommune reknar barnetrygd som inntekt ved utmåling av sosialhjelp. Som følge av auka utbetaling av sosialhjelp utarbeidde Herøy kommune lokale retningsliner for utmåling av sosialhjelp i 2018 (Vedlegg 7). Retningslinene er rettleiande for kva det skal leggjast vekt på ved utøving av skjøn i kvar einskild sak. Staten sine rettleiande satsar til grunn. I tillegg er det foreslått rettleiande satsar for nokre forhold som ofte er aktuelle i dei einskilde sakene. Det er særleg teke omsyn til at ein i skjønsetøvinga skal vurdere barn og unge sine behov.

### *Tiltak mot barnefattigdom i Volda*

Frivilligsentralen har sidan 2016 søkt og fått tildelt midlar frå Barne-, ungdoms og familiedirektoratet til tiltak mot utanforskap og barnefattigdom. Målet er at alle barn og unge, skal kunne delta i fritidsaktivitetar uavhengig av foreldreøkonomien. Tiltak siste åra har vore sommarferieaktivitetar for barnefamiljar, MOSAIK-Volda; eit musikk/song/dans-tilbod til barn og unge i samarbeid med Volda kulturskule og Øyra skule, og etablering av utlåns-/utstyrssentral. Det er kjøpt inn turklede og sko, som gjorde det mogleg for elevar ved Volda læringssenter å delta på den nasjonale arrangementet «Til Topps» i 2018. Det er fleire frivillige organisasjonar i Volda som låner ut fritidsutstyr, og det vert arbeidd med å finne løysingar for etablering av ein felles utlåns-/utstyrssentral i kommunen. Tilsvarende er etablert i m.a. Eid kommune, der både skular, organisasjonar og privatpersonar nyttar seg av sentralen (Vedlegg 4).

Volda læringssenter har i fleire år søkt og fått tildelt midlar til gratis svømmeopplæring til barn og vaksne flyktningar. Opplæringa har m.a. vore i samarbeid med Re:act og VTI symjegruppa. Gode universelle tilbod basert på lågterskel er viktige. Tiltak som løfter alle, vil kome sårbare barn og unge til gode. God skule, barnehage og biblioteket, som ein viktig uformell møteplass for barn og unge, er døme på slike tiltak. Universelle, gode lågterskeltilbod og møteplassar i nærmiljøet, vil redusere sosial ulikeheit og utanforskap, og fremje inkludering og deltaking.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det viktigaste verkemiddelet for å redusere fattigdom blant barn og unge er å sørge for at flest muleg foreldre kjem seg i varig arbeid. Dette gjerast ved kvalifisering til arbeid og utdanning, økonomisk råd og rettleiing, og integrering i lokalsamfunnet og arbeidslivet.

Barnetrygda utgjør ein viktig del av inntektene til låginntektsfamiljar, men er vurdert til å vere eit lite treffsikkert verkemiddel for å utjamne økonomisk ulikskap mellom barnefamiljar.

Føringar frå sentralt hald og tilråding frå NAV lokalt er at det er uheldig å halde barnetrygda utanfor ved berekning av sosialhjelp. Dette er ikkje eit treffsikkert tiltak for å betre levekåra for barnefamiljar, og det er bryt prinsippet om at forsvarleg livsopphald skal byggje på ein individuell vurdering og utøving av skjøn. Ved å endre dagens praksis i berekninga av sosialhjelp kan familiar oppleve at kontantutbetalinga aukar, som igjen kan medføre eit større økonomisk handlingsrom. Om dette isolert demmer opp for barnefattigdomsproblematikk og reduksjon av tal låginntektsfamiljar i kommunen, er vurdert som svært usikkert all den tid ein ikkje tek bort kjelda til fattigdom, som frávær av arbeid.

Det er per i dag usikkert korleis dette vil sjå ut for dei einskilde barnefamiliane og kva meirkostnader det vil utgjere for kommunen. Erfaringar frå Ørsta kommune viser ei meirutgift til sosialhjelp på om lag kr 1 mill., for 10 månader i 2018. Å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp tilseier ei årleg direkte meirkostnad for Volda kommune estimert til å vere på minimum kr 800 0000 i 2019. I estimeringa er det ikkje teke høgde for utvida barnetrygd og småbarnstillegg for dei som mottok dette. Ein må difor forvente total kostnader for kommunen på opp mot kr 1 mill. ved ev. praksisendring.

I samband med at den nye fleirtalsregjeringa har varsla ytterlegare opptrapping av barnetrygda, og sørge for at auken kjem barnefamiljar til gode som er avhengige av sosialhjelp og bustønad, må ein forvente at staten vil gjere nye utredningar før dette vert sett i verk som også omhandlar korleis kommunane lokalt skal ivareta skjønsmessige utøving og hindre utilsikta verknader. Kommunane må også forvente at staten finansierer meirkostnader ved ei ev. lovendring om at barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp.

Rådmannen er uroa over allereie høge og aukande utgiftene til sosialhjelp i Volda. Det er sett i gang tiltak for betre kunnskapen om årsaksforholda gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen. Målet er å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgjevande arbeid. Det vil vere krevjande å handtere ei auka årleg utgift på om lag kr 1 mill. i sosialhjelp som følgje av ei ev. praksisendring med å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, samtidig som kommunen skal redusere drifta med om lag kr 30 mill. innan 2022. Realistiske løysingar vil heller vere å redusere omfanget av finansiert velferd gjennom å auke arbeidsdeltakinga i låginntektsfamiliar.

Sosialhjelpsmottakarane er ein ueinsarta gruppe, og mange er i offentlege kvalifiseringstiltak som skal fremje overgang til ordinært arbeid. Nokre har sosialhjelp som einaste inntektskjelde, medan andre har suppleringsinntekt i tillegg til anna inntektskjelde. Vi må sikre at tiltak ikkje verkar mot sin hensikt, og at det skal løne å kome seg i inntektsgjevande arbeid.

Rådmannen er av den oppfatning at individuell tilnærming til den einskilde sak og utøving av skjøn i tråd med formål i sosialtenestelova, per i dag gir adekvat oppfølging av låginntektsfamiliar og deira levekår i Volda kommune. Ein ikkje kan undergrave krav i lovverket om at økonomisk sosialhjelp skal vurderast etter faktiske behov i kvar einskild sak.

Rådmannen tilrår ikkje ei praksisendring i Volda om å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp. Vi må forvente at det kjem nye utgreiingar om korleis forvalte dette lokalt slik at tiltak mot barnefattigdom får gode langsiktige verknader.

For å oppnå at tiltak som vert sett i verk er i tråd med ønska mål kan det vere hensiktsmessig med ein heilskapleg gjennomgang av arbeidet med førebygging av barnefattigdom i nye Volda kommune. I kampen mot aukande barnefattigdom må vi sjå på fleire tiltak samtidig, og målrette desse slik dei kjem barn og unge til gode. Ein må vurdere kva som verkar og ikkje verkar av tiltak. Det må arbeidast heilskapleg, systematisk og langsiktig for å betre levekåra for vanskelegstilte barnefamiliar.

Det kan vurderast vidare å utarbeide lokale retningslinjer for utmåling av sosialhjelp til barnefamiliar og andre vanskelegstilte, slik m.a. Herøy kommune har gjort i 2018. Dette bør gjerast i samarbeid med nabokommunar, slik vi i størst mogleg grad kan sikre lik praksis på tvers av kommunegrensar.

Det er lett å oversjå utilsikta verknader når ein kommune skal lage lokal ordning som utvidar rettane i velferdsytinga. Det vert blant mange opplevd at staten har for stor detaljstyring av verkemidla i NAV, slik at det ikkje er tilstrekkeleg rom for individuelle løysingar. Dersom kommunestyra i tillegg innfører standardvedtak som fråtek dei tilsette i NAV å gjere skjønsmessige og differensierte ytingar ut frå behov, så vert kontoret sitt rom for fagleg skjøn enda meir innskrenka. Rådmannen har tillit til av leiinga og fagmiljøet i NAV kan gjere nødvendig skjøn for å ivareta barnets beste i vurderinga av familien sine økonomiske behov ved tildeling av sosialhjelp. I einskilde saker kan det vere behov for å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, og det bør NAV ha friheit til å vurdere. I andre tilfelle vil det ikkje vere behov for å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, og då vil det ha utilsikta effekt med standardisering. Det vil også vere urettferdig i høve til familiar med same økonomi som ikkje går til NAV fordi det går i hop med å bruke barnetrygda til å dekkje utgifter i hushaldet og med å ha barn.

Ut frå ei samla vurdering rår rådmannen til at Volda kommune ikkje innfører ei standardisering der barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp, og at

barnefamiljar sine økonomiske behov vert vurdert ut frå NAV si faglege vurdering i kvar einskild sak.

Dersom det gjennom lovendring vert innført ei ordning med å halde barnetrygda utanfor sosialhjelpa føreset kommunestyret at utgiftene vert fullt ut kompensert. Rådmannen vil oppmode om at ein ved førebuinga til ei slik lovendring gjer nøye utgreiing av retningslinjer for å treffe formålet best mogleg og unngå utilsikta verknader.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Det er arbeid som er det grunnleggjande for folk sin livskvalitet. Det å stå utanfor arbeid gir dårlegare økonomi og risiko for svekka helse. Økonomisk sosialhjelp er mellombels yting og hjelpetiltak i ei overgangsfase til ein kjem seg i arbeid eller ein situasjon stabiliserer seg.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er uklart korleis auken i barnetrygda vil slå ut, men ein bør ta høgde for at det for Volda vil utgjere minimum kr 1 mill. årleg dersom ein går for ei standardløyning med å halde barnetrygda utanfor berekninga av sosialhjelp, og skjøn ikkje skal brukast. Dersom kommunestyret går for ei slik løysing, så må det skaffast økonomisk dekning. Rådmannen vil sterkt frårå at ein brukar ubunde disposisjonsfond til ei slik fast årleg utgift. Det vil ikkje vere berekraftig. Innsparingsprogrammet i økonomiplanen går nettopp på at ein skal redusere drifta for å balansere drifta utan å vere avhengig av å bruke reservar/ingongsinntekter i løpande drift. Det er ei politisk prioritering om ein vil gå for dette no, og inndekning kan skaffast ved å redusere investeringsprogrammet med kr 20 mill. (frigjere kr 1 mill. i renter og avdrag) eller kutte i tenestene/drifta tilsvarande.

Dersom ein utset å innføre ordninga og vere med på den nasjonale rigginga saman med det store fleirtalet av kommunar, så vil kommunane leggje inn forventingar om at staten dekkjer meirkostnaden. Det er likevel usikkert om staten kompenserer for dette.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

NAV Ørsta/Volda  
Helse- og omsorgssjefen  
Oppvekstsjefen  
Barnevernsleiar  
Leiar Rus og psykisk helseteneste  
Rektor Volda læringscenter  
Rådmannen i Ørsta kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
KS Møre og Romsdal  
KS, sentralt

Til: // Volda kommune v/ Nina Kvalen  
Fra: // Nav Ørsta/Volda – Jorunn A. Lofnes Meek  
Dato: 21.01.19

### **Vurdering av å halde barnetrygd utanfor ved utrekning av sosialhjelp – Volda kommune**

Viser og til tidlegare sendte dokument vedr. utredning i Ørsta

NAV Ørsta-Volda er opptekne av at brukarar får gode tenester med god kvalitet. Ved utmåling av økonomisk sosialhjelp, vert omsyn til born særleg vektlagt. Vi utøver fagleg skjøn i alle saker, og alle brukarar og søknader vert individuelt vurderte. Vi er samstundes opptekne av å stimulere og motivere til at brukarane skal verte sjølvforsørga, primært gjennom eiga inntekt. Det kan vere ein balansegang å ha høgt nok stønadsnivå til at det er forsvarleg og verdig, men samstundes ikkje så høgt at brukarane ikkje finn motivasjon i å kome seg over i løna arbeid

På bakgrunn av ulik registrering i fagsystemet Socio kan vi ikkje med sikkerheit seie at tala i høve antal born i rapporten over utbetaling er heilt korrekt. Truleg er talet noko høgre. Det er likevel teke omsyn til rett antal born og sats i kvar einskild sak som er handsama.

Rapporten/tala som vi har lagt til grunn syner ikkje om familien har utvida barnetrygd eller mottek småbornstillegg slik at beløpet sannsynlegvis vil vere noko høgre. Vi har i utrekning utifrå rapportane nytta ordinær stønad dvs. kr. 970,- pr.mnd. (2018)

I høve anslaget for 2019 i antal born har vi lagt inn ein auke tilsvarande auken i antal born frå 2017 til 2018 i kostra . Vi har i dette anslaget nytta satsane i barnetrygd på kr. 1054,- som er gjeldande frå 1.1.19

Anslaget her er for 12 månader, antalet månader den enkelte har rett til yting eller søkjer kan sjølvsagt variere. Det er langtidsmottakane som vil gje utslag, ikkje der det er sporadiske søknader eller akuttssituasjoner.

	Antal born 0-17år	Sum barnetrygd Pr.mnd	Sum Barntrygd pr. år	Anslag auka kostnad
2018	60	60x970= 58.200,-	58.200,-x12= 698.400,-	Kr. 698.400,-
2019	63	63X1054,-= 66.402,-	66.402,- x 12= 796.824,-	Kr.796.824,-

### **Barneperspektivet:**

Fokus på barn og barnefattigdom har vore sentral i vurderingane våre over lang tid. På bakgrunn av dette vart kontoret via Fylkesmannen/Nav Hausten 2018 utpeikt til å deltaka i eit prosjekt i høve barneperspektivet i Nav. Målet med prosjektet var å lage anbefalingar til korleis barneperspektivet kunne ivaretakast som en del av NAVs verksemd i endå større grad.

Det er antatt at NAV-kontora framover får eit større handlingsrom. Samstundes er det lagt opp til at auka digitalisering gjev meir tid til oppfølging av dei tyngste brukarne. Det er ei målsetting at arbeidet skal understøtte og bidra til god utnytting av det auka handlingsrommet og til å styrke oppfølgingen av dei brukarane som har størst behov for tett og individuell bistand.

Vi deltok i uttesting av sjekklister og samtalemaler som i større grad skulle vere med på å belyse den enkelte sak. Formålet med utprøvingen var å få tilbakemelding på om dette burde inngå i daglege rutinar i alle saker og innførast for heile landet.

NAV snakkar i hovudsak ikkje med barna direkte (bortsett fra med unge brukere 16-18 år og i nokre tilfeller kanskje ved heimebesøk). I tråd med FN's barnekonvensjon bør NAV likevel finne ein måte å få fram barna sitt perspektiv på, slik at barn vert høyrde i saker som vedkjem dei. Hensikta med å gjennomføre ein kartleggingssamtale med reflekterende spørsmål er fleire:



Den kan gje veileder meir informasjon rundt brukars situasjon, for på den måten å kunne gje bedre oppfølging og veiledning til brukar. Det å sjå heile mennesket er sentralt knytt til inkluderingskompetanse. Den total familiens situasjon og eventuell tilrettelegging, kan vere avgjerande for muligheten forsørgjar har til å både få arbeid og kunne stå i det over tid.

Å få fram barns behov, samt å avdekke utfordringar og hjelpebehov hos barna og familien, gjer det mogleg å hjelpe barna på en bedre måte. Å fange opp barnas behov for hjelp tidlig kan bidra til å forebygge sosiale eller helsemessige problem hos barna seinare.

Barn som veks opp i husholdningar der foreldrene er avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovedinntektskilde, har ein auka risiko for sjølv å motta økonomisk stønad som vaksne. Vi veit også fra forskning at det å vokse opp med foreldre som er psykisk syke eller har rusproblemer er en risikofaktor.

#### **\*utfordringar knytt til korleis ein skal fastsetje stønadsnivå**

Når NAV handsamar søknader om sosialhjelp, vert det teke utgangspunkt i dei statlege rettleiande satsane for sosialstønad.

Satsane vert justert ein gang for året og inneheld normer for kva som skal inngå i vurderingane knytt til inntekter og utgifter.

I tillegg gjer ein individuelle vurderingar, og ein kan yte både meir og mindre enn satsane tilseier. I store familier med mange born, kan ein sjå at der er stordriftsfordelar (m.a. kan kle og utstyr gå i arv). I desse sakene skal ein kunne tilpasse stønadsnivået etter dette. I slike familier vil gjerne t.d. gevinsten av å halde barnetrygda utanfor berekningsgrunnlaget vere størst.

*«De veiledende retningslinjene omfatter utgifter til helt grunnleggende behov, som mat, klær, kommunikasjon, husholdningsartikler og hygiene med mer, og tar videre hensyn til andre sider av dagliglivet, som fritid og sosiale behov. Utgifter til andre nødvendige ting, som bolig, strøm og oppvarming, bolig- og innboforsikring og innbo og utstyr inngår i livsoppholdet, men er ikke inkludert ved fastsettelse av de veiledende retningslinjene, da dette er utgifter som varierer mye»*

Vi opplever at desse statlege normene gjev eit greit grunnlag for vurdering, saker vert og vurdert i fagmøter dei ein tilstreber likebehandling også mellom kommunane i den grad det er mogleg i slike saker med omsyn til krav og vilkår utifrå den enkelte sine forutsetningar. Vi har og god fagleg støtte frå fylkesmannen i høve tolking av regelverk.

Erfaringar etter vedtaket for Ørsta kommune med å halde barnetrygda utanfor berekningsgrunnlaget har likevel gjort det meir utfordrande å vite kvar ein skal setje stønadsnivået i den enkelte sak der barnetrygd tidlegare inngjekk som inntekt.

Skal ein forvente at barnetrygda skal gå til t.d. aktivitetar og utstyr til barn, og evt. gi avslag om det vert søkt om dekking av slike utgifter? Kva då med dei som har nytta barnetrygda til andre utgifter i staden, men som kjem og søker om stønad til aktivitetar og utstyr til borna? Skal dei få innvilga sine søknader?

Skal barnetrygda evt. kunne stå på konto, og ikkje verte teken omsyn til ved søknad om sosialhjelp? Når barnetrygda ikkje vert nytta til borna, men t.d. til å ta sertifikat eller dekking av andre utgifter, skal då NAV dekke ytterlegare utgifter til familien?

NAV Ørsta-Volda har ein praksis om å yte ekstra stønad til sosialhjelpsmottakarar som feirer jul, m.a. for å kunne kjøpe julegåver til borna. Skal ein evt. vurdere at barnetrygda skal gå til dette føremålet, eller skal ein yte eit tillegg også i desse sakene? Dette er nokre av problemstillingane som har oppstått knytt til ordninga.

Det er også vanskeleg å vite om barnetrygda faktisk kjem borna til gode, ein har t.d. døme på at pengar frå NAV av enkelte brukarar vert sende ut av landet.

## Evaluering av prøveordning av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for sosialstønad.

Det vart i Ørsta kommunestyre fatta slik avgjerd den 14.12.17:

1. *Kommunestyret viser til sak vedk. berekningsgrunnlag av sosialstønad og innfører for 2018 ei prøveordning, der barnetrygd ikkje skal takast med i berekningsgrunnlaget for sosialstønad. Jfr. Tidlegare vedtak. Kommunestyret vil før neste års budsjetthandsaming ha tilbakemelding/ evaluering om verknaden av ordninga. Ekstra kostnad på kr. 800 000,- blir dekt frå innsparing renter og avdrag kr. 670 000,- og disposisjonsfondet kr. 130 000,-.*

Vedtaket vart ikkje gjort kjent for NAV-kontoret før i februar -18, så innføring av ordninga vart gjort frå 1. mars -18.

Vedtaket om økonomisk sosialhjelp vert heimla i Lov om sosiale tenester i NAV. Utmåling av stønadsnivå vert gjort med forankring i lovverk og rundskriv, i hovudsak med utgangspunkt i statlege rettleiande satsar og i tillegg ved fagleg skjønnsutøving. Det er elles viktig å presisere at økonomisk sosialhjelp skal vere ei subsidiær og midlertidig yting, der NAV, saman med brukar, må sjå etter moglegeheiter for at brukar skal verte sjølvforsørga.

### **\*Føremålet med STL:**

«Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet. Formålet klargjør de overordnede, sosialpolitiske mål som ligger til grunn for kommunens tjenester og oppgaver i NAV, og danner rammen for tolkning av lovens bestemmelser, utøvelse av handlingsrommet loven gir rom for og kommunens generelle prioritering.

Loven regulerer fem individuelle tjenester; opplysning, råd og veiledning, økonomisk stønad, midlertidig botilbud, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet. Tjenestene er i stor grad behovsbaserte rettigheter. Innvilgelse eller avslag skal alltid foretas etter en konkret og individuell vurdering. Det skal særlig legges vekt på ivaretagelse av barn og unges behov. Tjenestene skal fremme lovens formål og bidra til hjelp til selvhjelp slik at brukeren kan oppnå et best mulig funksjons- og mestingsnivå og får mulighet til å bli selvhjulpen gjennom arbeid.»

### 4.26.1 Om bestemmelsen

«Økonomisk stønad er en subsidiær ytelse, og det innebærer at tjenestemottaker skal ha utnyttet alle muligheter til å forsørge seg selv, herunder å få avgjort eventuelle krav på ytelser etter folketrygdloven. Inntil kravet er avgjort og ytelsen er klar til utbetaling, kan tjenestemottaker ha behov for økonomisk stønad. I tilfeller der tjenestemottaker får innvilget ytelsen også for perioden forut for vedtaksdato og eventuelt utbetalingstidspunktet, kan kommunen i NAV kreve hel eller delvis refusjon i denne etterbetalingen.

Bestemmelsen regulerer adgangen til å kreve refusjon i ytelser etter folketrygdloven eller krigspensjoneringslovene. Refusjonsadgangen er begrunnet i at det ikke anses som rimelig at en tjenestemottaker får dobbel offentlig ytelse for samme formål og samme periode».

#### **\*Formålet med barnetrygd:**

§1 første ledd i Barnetrygdlova, seier at formålet er at barnetrygda skal vere eit tilskott til forsørging av born. Barnetrygda har sidan innføringa i 1946 vore sett som eit skattepolitisk verkemiddel, og er det framleis. Sosialhjelp skal vere ei subsidiær yting, og kan innvilgast når alle andre moglegeheiter for inntekt er prøvd og nytta. I dette ligg det òg evt. statlege ytingar ein må ha rett til.

#### **• Oppsummering og erfaringar:**

NAV Ørsta-Volda er opptekne av at alle våre brukarar får gode tenester med god kvalitet. Ved utmåling av økonomisk sosialhjelp, vert omsyn til born særleg vektlagt. Vi utøver fagleg skjøn i alle saker, og alle brukarar og søknader vert individuelt vurderte. Vi er samstundes opptekne av å stimulere og motivere til at brukarane kan verte sjølvforsørge, primært gjennom eiga inntekt. Det er ein balansegang å ha høgt nok stønadsnivå til at det er forsvarleg og verdig, men samstundes ikkje så høgt at brukarane ikkje finn motivasjon i å kome seg over i ordinært, løna arbeid.

NAV Ørsta-Volda er eitt av fire kontor i landet som er plukka ut til å delta i eit prosjekt kalla Barneperspektivet i NAV. Dette på bakgrunn av at vi har peika oss ut som eit kontor med stort fokus på sosiale tenester, og i dette også ekstra merksemd mot barn og unge. Prosjektet testar ut materiell som evt. vert implementert i NAV i heile landet, nettopp m.t.p. å styrke barneperspektivet.

Ordning med å halde barnetrygda utanfor berekningsgrunnlaget, har gjort det utfordrande å vite kvar ein skal setje stønadsnivået i enkelte saker. Skal ein forvente at barnetrygda skal gå til t.d. aktivitetar og utstyr til born, og evt. gi avslag om det vert søkt om dekking av slike utgifter? Kva då med dei som har nytta barnetrygda til andre utgifter i staden, men som kjem og søker om stønad til aktivitetar og utstyr til borna? Skal dei få innvilga sine søknader? Skal barnetrygda evt. kunne stå på konto, og ikkje verte teken omsyn til ved søknad om sosialhjelp? Når barnetrygda ikkje vert

nytta til borna, men t.d. til å ta sertifikat eller dekking av andre utgifter, skal då NAV dekke ytterlegare utgifter til familien? NAV Ørsta-Volda har ein praksis om å yte ekstra stønad til sosialhjelpsmottakarar som feirer jul, m.a. for å kunne kjøpe julegåver til borna. Skal ein evt. vurdere at barnetrygda skal gå til dette føremålet, eller skal ein yte eit tillegg også i desse sakene? Dette er nokre av problemstillingane vi må ta stilling ved ved gjeldande ordning.

Når NAV handsamar søknader om sosialhjelp, vert det teke utgangspunkt i dei statlege rettleiande satsane for sosialstønad. Likevel gjer ein individuelle vurderingar, og kan yte både meir og mindre enn satsane tilseier. I store familier med mange born, kan ein sjå at der er stordriftsfordelar (m.a. kan kle og utstyr gå i arv). I desse sakene skal ein kunne tilpasse stønadsnivået etter dette. I slike familier vil gevinsten av å halde barnetrygda utanfor berekningsgrunnlaget vere størst.

Dagens ordning gjer det utfordrande å vite korleis ein skal utøve skjønnet. Dette er også munnleg uttalt av fylkesmannen i samband med ei klagesak, der ei familie fekk medhald hos FM om rett på meir supplerande stønad til livsopphald frå NAV. Familien har kr. 5.181,- pr. mnd. i barntrygd, der denne vert halden utanfor berekningsgrunnlaget.

Det er også vanskeleg å vite om barnetrygda faktisk kjem borna til gode, ein har t.d. døme på at pengar frå NAV av enkelte brukarar vert sende ut av landet.

NAV Ørsta-Volda er felles NAV-kontor for kommunene Volda og Ørsta. At ein ikkje har lik praksis mellom kommunene, opplever vi som uheldig. Brukarane kjenner kvarandre på tvers av kommunegrensene, og det vert opplevd som forskjellsbehandling og urettferdig at dei vert vurderte ulikt på kvar si side av kommunegrensa.

### **Kostnader:**

Reint kostnadmessig har ordninga hittil i år medført ekstra utgifter for Ørsta kommune på om lag kr. 944.000,-. Som døme har vi familier som har fått halde utanfor barnetrygd på t.d. kr. 93.120,- og kr. 69.840,- i sitt berekningsgrunnlag.

Etter vår vurdering er det naturleg at barnetrygda går inn som del av inntektsgrunnlaget for utrekning av sosialhjelp. Dette både ut frå intensjonane med barnetrygda, ut frå sosialtenestelova, på bakgrunn av lik handsaming mellom kommunene, etter utsagn frå Fylkesmannen og for å lettare kunne finne rett stønadsnivå for NAV. Vi vil likevel vere merksame på barn og unge sin situasjon i familier som treng økonomisk sosialhjelp, og legge stønadsnivået slik at desse vert godt ivaretekne.





## Saka gjeld: Vurdering av å halde barnetrygd utanfor ved utrekning av sosialhjelp

### Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunen opprettheld praksis om at barnetrygd skal reknast med som inntekt ved utrekning av økonomisk sosialhjelp. Tilsvarande skal då utgifter til barnepass reknast som utgift.

### Samandrag:

Levekårsutvalet bed administrasjonen greie ut ei sak der ein får ei fagleg og økonomisk vurdering av å halde barnetrygda utanfor ved utrekning av sosialhjelp.

NAV-kontoret praktiserer at barnetrygd skal reknast med som inntekt ved utrekning av sosialhjelp. Tilsvarande vert utgifter til barnepass rekna som godkjend utgift. Dette er same praksis som andre NAV-kontor også har, og er i tråd med intensjonane i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltning. Praksisen understøttar også intensjonen om å halde nede kommunale kostnader til sosialhjelp.

Vurdering av å oppretthalde noverande praksis, er gjort ut frå både faglege og økonomiske omsyn.

### Saksopplysningar:

Levekår er ei samlenemning for personlege, materielle og sosiale tilhøve som har påverknad på einskildpersonar eller grupper si velferd. I omgrepet ligg komponentar som arbeid og aktivitet, helse, utdanning, busituasjon, familie, sosialt nettverk og inntekt. Kommunen har eit omfattande ansvar for innbyggjarane si velferd på mange område, lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga inngår i dette velferdsansvaret.

NAV er eit sikringsnett som skal ivareta personar sine sosiale og økonomiske rettar i perioder der den einskilde ikkje er i stand til dette sjølv. I dette perspektivet er det særst viktig å ta omsyn til born og unge, som ein veit er ekstra sårbare. Born og unge skal sikrast ein trygg oppvekst og skal kunne delta i alminnelege skule- og fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra sin økonomiske situasjon. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga skal bidra til tryggleik til dei som ikkje har eigne midlar og ressursar, eller står i fare for å misse desse.

Det er likevel eit grunnprinsipp i føremålet med lova, at velferdsordningane skal stimulere til at den einskilde vert sjølvhjelpert primært gjennom overgang til arbeid og aktiv deltaking i samfunnet. Økonomisk sosialhjelp skal vere ei subsidiær yting og av midlertidig karakter. Alle reelle moglegheiter til å syte for seg sjølv ved arbeid, eigne midlar eller ved å gjere gjeldande trygderettar eller andre økonomiske rettar, skal vere nytta fullt ut før det skal ligge føre rett til økonomisk stønad.

Stønadsnivået skal elles gjere det mogeleg å oppretthalde ein levestandard på eit rimeleg og nøkternt nivå.

I NAV Ørsta/Volda vert det teke individuelle omsyn ved handsaming av alle søknader om sosialhjelp. Det vert nytta skjøn i kvar sak, men likevel med utgangspunkt i same grunnlag og vurderingar. Vi nyttar statlege rettleiande satsar som grunnlag for stønadsnivå, men kan likevel innvilge anten meir eller mindre enn norma tilseier. På denne måten vert det ei rettferdig likebehandling, sjølv om stønadsnivå kan variere. NAV er elles særskilte merksame på utsette born og unge i si utmåling av sosialhjelp. Vi innvilgar difor etter skjøn ekstra stønad til t.d. fritidsaktivitetar, div. utstyr, turar for born, ekstra ved høgtider og liknande.

Ved handsaming av søknader om sosialhjelp tek vi utgangspunkt i nokre felles moment, m.a. at barnetrygd vert rekna med som inntekt i utrekninga. Barnetrygd vert gjeve uavhengig av inntektsforhold og er ikkje øyremerka bestemte føremål. *§1 første ledd i Lov om barnetrygd, seier at føremålet er at barnetrygda skal vere eit tilskott til forsørging av born.* Barnetrygda har sidan innføringa i 1946 vore sett som eit skattepolitisk verkemiddel, og er det framleis.

Tilsvarande som barnetrygd vert rekna som inntekt, vert utgifter til barnepass rekna som godkjend utgift. Etter det vi kjenner til, er dette praksis også i andre NAV-kontor.

Sosialhjelp skal vere ei subsidiær yting, og kan innvilgast når alle andre mogelegheiter for inntekt er prøvd og nytta. I dette ligg òg at ein skal gjere gjeldande statlege ytingar ein kan ha rett på.

Utdrag frå Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga:

#### **4.26.1 Om bestemmelsen**

*Økonomisk stønad er en subsidiær ytelse, og det innebærer at tjenestemottaker skal ha utnyttet alle muligheter til å forsørge seg selv, herunder å få avgjort eventuelle krav på ytelser etter folketrygdloven.*

Det er viktig at alle, og særleg barnefamilier, vert ivaretekne økonomisk, også om sosialhjelp er heil eller del av inntektskjelda. Men – ordninga må heller ikkje verte så god, at brukarane ikkje finn motivasjon i å kome seg over i løna arbeid/verte sjølvforsørga. Dette er ei problemstilling vi allereie ser hos enkelte. Å halde barnetrygda utanfor inntektsgrunnlaget vil truleg for mange ikkje vere eit positivt insitament til ordinært arbeid og inntekt.

Frå ein fagleg ståstad ser ein det som rimeleg at barnetrygda går inn som del av inntektsgrunnlaget ved utrekning av sosialhjelp. Dette er i tråd med lovverket og er velferdspolitisk fornuftig.

NAV vurderer elles alle saker individuelt, og innvilgar evt. ekstra stønad til barnefamilier der ein ser dette som naudsynt.

#### **Økonomisk konsekvens av å halde barnetrygd utanfor ved utrekning av sosialhjelp:**

På bakgrunn av noko ulik registrering i fagsystemet Socio, kan vi diverre ikkje med sikkerheit seie at antal born som kjem fram i rapport over utbetaling av sosialhjelp er korrekt. Truleg er

det fleire enn det rapporten viser. Det er likevel teke omsyn til rett antal barn og sats i kvar einskild handsama sak.

Vi ser heller ikkje om familiene har hatt utvida barnetrygd. Sats på barnetrygd varierer ut frå ulike faktorar;

- Ordinær barnetrygd er eit fast beløp per barn – kr. 970,- pr. mnd.
- Utvida barnetrygd er barnetrygd for eitt barn meir enn ein faktisk bur saman med – kr. 970,- pr. mnd
- Småbarnstillegg er eit tillegg til barnetrygda for einslege forsørgjarar som har barn mellom 0 og 3 år, og som får utvida barnetrygd og full overgangsstønad – kr. 660,- pr. mnd.

Ser vi likevel på dei rapportane vi får ut, og reknar ut frå ordinær sats for barnetrygd og snitt pr. mnd. og år, viser tala:

	<b>Antal born 0-17 år</b>	<b>Sum, barnetrygd pr. mnd.</b>	<b>Sum, barnetrygd pr. år</b>	<b>Auka kostnad for kommunen ved å halde barnetrygd utanfor ved utrekning av sosialhjelp</b>
<b>2015</b>	69	69 x 970,- = 66.930,-	66.930,-x12= 803.160,-	Kr. 803.160,-
<b>2016</b>	77	77 x 970,- = 74.690,-	74.690,- x 12 = 896.280,-	Kr. 896.280,-

Ut frå ei økonomisk vurdering ser ein det ikkje som teneleg å halde barnetrygda utanfor ved utrekning av økonomisk sosialhjelp.

#### **Vurdering/konklusjon:**

Det er viktig at det vert teke særleg omsyn til vanskelegstilte born og unge ved utrekning av sosialhjelp. Denne aldersgruppa er særleg sårbar, og NAV skal bidra til at dei ikkje vert stigmatiserte eller ekskluderte frå deltaking i alminnelege aktivitetar og sosiale fellesskap.

Ut frå ei samla fagleg og økonomisk vurdering, ser ein likevel ikkje at barnetrygd bør haldast utanfor ved utrekning av sosialhjelp. Statleg rettleiande sats skal syte for livsopphald etter ein forsvarleg og

nøktern standard. I tillegg vert det i kvar einskild sak utøvd fagleg skjøn vedr. korvidt ein skal innvilge barnefamilier stønad ut over norm.



Til  
Rådmann  
Formannskap

## **ORIENTERING OM ARBEIDET MED ETABLERING AV UTSTYRSSENTRAL I VOLDA**

### **Bakgrunn**

Frivillige organisasjonar, KS og regjeringa signerte Fritidserklæringa 7. juni 2016. Målet er eit godt og langsiktig samarbeid for at alle barn og unge, uavhengig av foreldreøkonomien, skal kunne delta jammleg i fritidsaktivitetar saman med barn og unge på same alder.

Sidan har arbeidet med å redusere følgjene av barnefattigdom vore eit nasjonalt satsingsfelt, følgd opp med ulike tilskotsordningar. I den nye stortingsmeldinga, «Frivilligheita, sterk, mangfaldig og sjølvstendig», som vart lagt fram 7. des 2018, vert også desse målsetjingane sterkt vektlagt.

I Volda er det, med bakgrunn i 2016-statistikk vel 90 barn som lever i familiar som vert definert som fattige, dvs at familieinntekta er under 60% av medianinntekta i kommunen.

### **Tilskot**

Barne-ungdoms-og familiedirektoratet har, sidan 2016 delt ut midlar som skal gå til tiltak mot utanforskap og barnefattigdom. Ein pott av desse er øyremerka oppretting av sentralar for utlån av fritidsutstyr.

Volda frivilligsentral har søkt og fått tildelt av desse midlane, og det har dermed vore arrangert sommarferieaktivitet for barnefamiliar i 3 år. For 2019 har vi søkt også til vinterferieaktivitet.

For 2018 mottok Fs 160 000,- til etablering av utstyrsentral, og det er søkt om ytterlegare 100 000,- for 2019.

Av dei 160 000 er det nytta knapt 40 000 til innkjøp av tur-kle-og sko som gjorde det mogeleg for elevar ved Volda læringscenter å gå på Galdhøpiggen sist sommar. I tillegg har det vore kjøpt inn ein del friluftsutstyr (telt, soveposar, liggeunderlag mm).

### **Tiltak**

I desember 2017 ga dagleg leiar ved frivilligsentralen, etter bestilling, ei orientering for Tenesteutval kultur og oppvekst om ulike verkemiddel som kunne vere aktuelt å iverksetje i Volda i arbeidet mot utanforskap og barnefattigdom. Utvalet svara med å be om at det vert søkt midlar og starta opp arbeid med å etablere ein utstyrsentral i Volda.

For tida vert det arbeidd med å etablere samarbeid med aktuelle aktørar både i kommunal regi, som folkehelsekoordinator/frisklivssentral, skulesektor, helsestasjon, barnevern mm, og frivillig sektor. VTI fotball/Volda stadion er ein aktuell samarbeidsaktør, også med tanke på

lokalisering. Friluftsföreninga er ein annan svært aktuelle aktør, som også truleg vil ha midlar å gå inn med, men her er det avklaringar som må gjerast, og desse er ikkje på plass før ut på våren.

Det er fleire frivillige organisasjonar som har og låner ut fritidsutstyr, og mellom desse er det fleire som manglar eigna lagringsplass. Å finne ei kombinasjonsløyseing mellom lager av organisasjonseigd friluftsutstyr og ein utlåns/utstyrssentral, kan vere aktuelt og tenleg.

### **Erfaringar**

Det er etablert ei rekke utstyrssentralar kring om i landet, og fleire er på gang. Den næraste er på Eid, den er eigd av Eid kommune, der dei har funne ein drifts-og samarbeidsmodell som fungerer godt. Sentralen vert mykje brukt både av skular, organisasjonar og privatpersonar.

På KS si frivilligkonferanse i desember fekk vi presentasjon av ein ny utstyrssentral i Stord. Denne var organisert som eit sameige mellom fleire partar utanfor kommunen, og med godt samarbeid med kommunen. Det som kan sjåast ut til å vere ein suksessfaktor er god forankring og samarbeid, at både offentlege instansar, særleg skulesektor ser nytta av dette, og medverkar til at det vert skaffa rett utstyr og at ein legg til rette for at det vert mykje nytta.

Dette skrivet er ei førebels orientering til formannskapet om at arbeidet for å få til ein utstyrssentral er på gang i Volda. Korleis utlånsentralen kjem til å verte organisert i høve til eigarskap og driftsmodell er ope. Men skal det verte eit like godt inkluderings, -miljø og folkehelseiltak som dei utlånsentralane som hittil er etablerte kring om i landet, treng vi mange gode medspelalar.

Med helsing  
Frivilligsentralen

Astrid Gjersdal

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





**DET KONGELIGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortinget  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

17/4643-

13. november 2017

**Dokument nr. 8:20S (2017-2018) - Representantforslag om rettferdig og  
fattigdoms-bekjempende barnetrygd**

Det vises til brev av 2. november, hvor Familie- og kulturkomiteen ber om departementets vurdering av dokument 8-forslag nr. 20 S.

Forslaget lyder slik:

- 1. Stortinget ber regjeringen legge frem en opptrappingsplan for barnetrygden, hvor målet er å øke satsene til 1996-nivå, og at de innrettes slik at flest mulig barn ikke lenger tilhører lavinntektsgruppen, herunder en særlig økning for aleneforsørgere og barnefamilier med tre eller flere barn.*
- 2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag til lovendringer for Stortinget som sørger for at barnetrygden holdes utenfor ved beregning av sosialhjelp.*

Regjeringen oppnevnte barnefamilieutvalget den 19. juni 2015. Utvalget leverte utredningen sin 6. mars i år: *NOU 2017: 6 Offentlig støtte til barnefamiliene*. Utvalget har gjort en samlet gjennomgang av støtten til barnefamiliene, blant annet har utvalget gått gjennom dagens barnetrygdordning. Utvalget har delt seg i et flertall og et mindretall, hvor flertallet foreslår en behovsprøvd barnetrygd, med hevede satser for dem som tjener minst. Mindretallet vil beholde barnetrygden som en universell ordning.

Høringsfristen gikk ut 30. september. Departementet er i gang med å følge opp utvalgets innstilling, og vil komme tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringer i overføringsordningene, herunder eventuelle forslag til endringer i barnetrygden. Et viktig

bakteppe for denne vurderingen vil være at noe av det viktigste for å bekjempe barnefattigdom er å styrke yrkestilknytningen til dem med lave inntekter, samtidig som mer kortsiktige tiltak for å bedre den økonomiske situasjonen, også må vurderes. Å snevre dette inn til en opptrappingsplan for barnetrygden vil etter mitt syn skape unødige begrensninger i dette arbeidet.

Til svaret på spørsmål nummer to er det innhentet en vurdering fra arbeids- og sosialministeren, som viser til at økonomisk stønad etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) er en subsidiær og behovsprøvd ytelse som skal sikre et forsvarlig livsopphold. Kommunene skal foreta en vurdering av hva som er et forsvarlig livsopphold i det enkelte tilfellet. Hvis tjenestemottaker har barn, skal det etter gjeldende regelverk tas særlige hensyn til deres behov i disse vurderingene. Ved utmålingen av stønaden kan kommunen ta hensyn til alle inntekter.

Ifølge kommunenes rapportering gjennom KOSTRA regner flertallet av kommunene barnetrygden som inntekt ved utmåling av økonomisk stønad, mens noen kommuner holder barnetrygden utenfor. Det er også variasjoner i kommunenes veiledende satser for barns livsopphold. At kommunene behandler barnetrygden ulikt ved beregning av stønad til barnefamilier er innenfor det lokalpolitiske handlingsrommet.

Dersom kommunene skal pålegges å holde barnetrygden utenfor ved utmåling av stønad, vil det måtte reguleres i loven. Det vil innebære et brudd med prinsippet om at hva som er et forsvarlig livsopphold skal bygge på en individuell vurdering, siden det skal ses bort fra en bestemt type inntekt. Konsekvensen av å holde barnetrygden utenfor utmålingen vil bli ytterligere forsterket dersom barnetrygden økes i tråd med representantenes forslag. Det er ønskelig å opprettholde økonomisk stønad som et siste sikkerhetsnett som bygger på en individuell vurdering og hvor én krone er én krone og ikke skal vurderes forskjellig avhengig av hvordan den er tjent. Det er derfor uheldig å holde barnetrygden utenfor ved utmåling av økonomisk stønad.

Med hilsen

  
Solveig Horne



STORTINGET

# Representantforslag 20 S

(2017–2018)

fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Kari Elisabeth Kaski,  
Freddy André Øvstegård og Karin Andersen

Dokument 8:20 S (2017–2018)

**Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Kari Elisabeth Kaski, Freddy André Øvstegård og Karin Andersen om rettfærdig og fattigdomsbekjempende barnetrygd**

Til Stortinget

## Bakgrunn

Andelen og antallet barn i fattige familier øker i Norge. Siste tilgjengelige tall viser at 98 175 barn lever i familier tilhørende gruppen med vedvarende lavinntekt. Dette utgjør 10 pst. av alle barn i Norge.

Økningen i antall fattige barn sammenfaller med en utvikling med større økonomiske forskjeller i samfunnet. Den tidelen av husholdningene som har de høyeste inntektene, har økt sin andel av inntektene de siste tiårene, mens tidelen med de laveste inntektene har fått en mindre andel.

Barnetrygden er den kontantytelsen som har størst utjevne effekt. Når barnetrygden ikke har blitt justert i takt med lønns- og prisveksten ellers i samfunnet de siste tjue årene, får dette konsekvenser for antallet barn som vokser opp i en familie med lavinntekt. Beregninger fra Statistisk sentralbyrå viser at om barnetrygden hadde blitt justert opp i takt med grunnbeløpet i folketrygden fra 1996 til 2014, ville 35 000 færre barn bodd i en lavinntekts-husholdning. Hadde den blitt oppjustert i takt med prisveksten i samme periode, ville 18 000 færre barn tilhørt lavinntektskategorien. Siden barnetrygden heller ikke har blitt oppjustert de siste årene, er disse tallene trolig enda høyere i 2017.


Forslagsstillerne foreslår her at det utarbeides en femårig opptrappingsplan for å styrke barnetrygden, og at det settes ned et utvalg som vurderer hvordan satsene i barnetrygden best kan innrettes for husholdningene med lavinntekt innenfor en universell ordning. Målet er en kraftig økning i barnetrygden, og det foreslås her en økning slik at barnetrygden i gjennomsnitt tilsvarer 1996-nivået.

## Barnefattigdom

10 pst. av alle barn i Norge, 98 175 barn, lever i en fattig husholdning, målt som en husholdning med vedvarende lavinntekt. Denne fattigdomsgrensen er satt til 60 pst. av medianinntekt, justert for husholdningens sammensetning. Hvis husholdningen har hatt inntekt under denne grensen i tre sammenhengende år, er den i kategorien «vedvarende lavinntekt». Økningen i barnefattigdommen har vært særlig sterk siden år 2000, med en ekstra sterk økning i perioden 2001–2004, jf. Figur 1 under.

Figur 1

Figur 3.2 Barn under 18 år i husholdninger med vedvarende lavinntekt<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Gjennomsnittlig inntekt etter skatt per forbruksenhet (EU-skala) i en treårsperiode under 80 prosent av medangjennomsnittet i samme treårsperiode.  
Kilde: Inntekts- og formuesstatistikk for husholdninger. Statistisk sentralbyrå

(Kilde: Barnefamiliens inntekter, formue og gjeld 2004–2014. Statistisk sentralbyrå.)

Ifølge rapporten «Barnefamilienes inntekter, formue og gjeld 2004–2014» fra Statistisk sentralbyrå er det de yngste barna, altså førskolebarn, som har høyest andel i lavinntektsgruppen i 2014, og det er også i denne gruppen at økningen har vært sterkest de siste årene. Videre er det byene som har høyest andel barn i lavinntektsfamilier. Litt mer enn halvparten av de fattige barna har innvandrerbakgrunn, noe som skyldes at innvandrere er betydelig overrepresentert i lavinntektskategoriene. Gruppen med lavinntekt har generelt svak tilknytning til arbeidslivet. I tidelen av husholdningene med lavest inntekt hadde 42 pst. ingen tilknytning til arbeidslivet i 2004. I 2014 hadde dette økt til hele 49 pst.

På lang sikt er det viktig å styrke yrkestilknytningen og øke inkluderingen for å bekjempe barnefattigdom. Det er samtidig nødvendig med mer kortsiktige tiltak for å bedre den økonomiske situasjonen for lavinntektsgruppene.

Å vokse opp i fattigdom i Norge handler blant annet om at barn ikke har mulighet til å delta på lik linje med andre barn rundt seg. Mange barn arbeider hardt for å skjule foreldrenes situasjon eller at de selv ikke har råd til å være med. Risikoen for å falle utenfor og bli ekskludert er større for barn fra lavinntektsfamilier. Sannsynligheten for selv å ha lav inntekt som voksen er langt høyere om man selv har vokst opp i en husholdning med lavinntekt. På den måten går lavinntekt i arv og hemmer den sosiale mobiliteten. Å utjevne økonomiske forskjeller er dermed også viktig for å øke mulighetene i samfunnet.

### Barnetrygden

Formålet med barnetrygden er å kompensere for økte utgifter ved å ha barn.

Siden barnetrygden utgjør en større andel av inntekten til dem med lavest inntekt, har den stor omfordelende effekt. Ved at den gis uavhengig av inntektsnivå, unngår man uforholdsmessig høye effektive marginalskattesatser, altså at skatten øker mye når man arbeider mer, for lave inntekter. En måte å se på barnetrygden er at den er et skattefradrag for å ha barn, som også går til dem som har for lav inntekt til å kunne ha nytte av flere skattefradrag. Barnetrygden kan også ses på som en overføring mellom ulike stadier av livet.

En sentral egenskap ved barnetrygden er at den er en universell ytelse som går til alle uavhengig av inntekt. På lik linje med for eksempel skole og helsetjenester får alle barnefamilier barnetrygd uten at den prøves mot husholdningsinntekten. Siden den ikke er behovsprøvd, eller en del av skattesystemet, er den forholdsvis lett å administrere for staten og gir forutsigbarhet for familiene. At den går til alle uavhengig av inntekt, bidrar også til dens oppslutning og legitimitet, noe som igjen sikrer større ytelser. Det er et viktig kjennetegn ved den norske velferdsstaten at man har universelle ordninger

som alle uavhengig av inntekt får ta del i, kombinert med et progressivt skattesystem.

I NOU 2017:6 «Offentlig støtte til barnefamiliene» skriver utvalget:

«Barnetrygdordninger med store budsjetter har en sterk og konsistent sammenheng med høyere nivåer av fattigdomsreduksjon. Med «store budsjetter» menes her at en større andel av BNP brukes på barnetrygd enn hos de andre landene i studien. Studien finner også at de universelle ordningene har størst budsjetter. Imidlertid har målrettede ordninger mer generøse ytelser for lavinntektsfamilier, og denne generøsiteten i ytelsene til fattige relateres til høyere nivåer av fattigdomsbekjempelse. Konklusjonen i studien er at landene som presterer best med tanke på fattigdomsreduksjon, er land med målretting mot fattige innenfor et universelt system.»

Det er ved å styrke den generelle barnetrygden, men samtidig sikre at den i større grad treffer dem som trenger det mest, at man i størst mulig grad kan bruke barnetrygden til å redusere fattigdom.

Selv om barnetrygden går til alle barnefamilier uavhengig av inntekt, fungerer denne ordningen sterkt omfordelende. I NOU 2009:10 «Fordelingsutvalget» skriver utvalget:

«Selv om barnetrygden gis til alle barnefamilier, har den totalt sett sterkere omfordelende virkning enn målrettede ordninger som bostøtte og sosialhjelp [...]. Overføringer via barnetrygden bidrar dessuten til å redusere antallet personer som lever under EUs lavinntektsgrense.»

Fra tid til annen kommer debatten om behovsprøving av barnetrygden opp. Argumentasjonen bak behovsprøving er at det er urimelig at husholdninger med høye inntekter skal få barnetrygd, og at en mer målrettet barnetrygd ville kunne brukes til å øke inntekten til lavinntektshusholdninger enda mer. Det er flere argumenter mot en slik behovsprøving. For det første bryter dette med prinsippet om at velferdsordningene i hovedsak skal være universelle. Det er ingen debatt om å innføre skolepenger for høyinntektsfamilier eller gradere egenandeler, til tross for at dette utgjør langt større beløp over statsbudsjettet.

For det andre innebærer behovsprøving at man får redusert barnetrygden med økende inntekt. Dette innebærer at det blir mindre lønnsomt å arbeide. I NOU 2017:6 «Offentlig støtte til barnefamiliene» ble det anslått at arbeidstilbudet ville bli redusert med 10 000 årsværk med behovsprøvingen modellen som diskuteres. Særlig blant mødre vil arbeidstilbudet bli påvirket i negativ retning. Dermed kan behovsprøving bli en fattigdomsfelle for enkelthusholdninger.

For det tredje vil behovsprøving på sikt føre til at barnetrygden blir redusert. Når en ordning blir målrettet til et mindretall av befolkningen, vil ordningen lettere bli oversett eller utsatt for direkte angrep og kutt. At

ordningen er universell, sørger for at alle uavhengig av inntekt får igjen for å betale skatt, og bidrar til at ordningen lettere blir opprettholdt og styrket.

For det fjerde vil behovsprøving kunne innebære betydelige administrative kostnader, blant annet for kontroll og søknadsbehandling.

For det femte, hvis formålet med behovsprøvingen er å øke inntekten til de barnefamilieene som har lavest inntekt, er det ikke uten videre lett å begrunne at det er andre barnefamilier som skal finansiere denne inntektssøkningen. En alternativ måte å finansiere økt barnetrygd på er å øke skattene på de høyeste inntektene og formuene.

### Opptrapping av barnetrygden

Barnetrygden har ikke blitt oppjustert de siste tjue årene. Utformingen av satsene har likevel endret seg noe i denne perioden, blant annet med lik sats for alle søsken og fjerning av det generelle småbarnstillegget, slik oversikten i Figur 2 under viser.

Figur 2

Tabell 13.3 Utviklingen i barnetrygdsatsene i perioden 1996–2008

År	1. barn	2. barn	3. barn	4. barn	Utover 4 barn	Ekstra barnetrygd til barn mellom 1–3 år	Barnetrygd for 1. barn i 2008-priser
2006	11 640	11 640	11 640	11 640	11 640	0	11 640
2007	11 640	11 640	11 640	11 640	11 640	0	12 082
2008	11 640	11 640	11 640	11 640	11 640	0	12 174
2005	11 640	11 640	11 640	11 640	11 640	0	12 449
2004	11 640	11 640	11 640	11 640	11 640	0	12 647
2003	11 604	11 604	11 604	11 604	11 604	4 590 <sup>1</sup>	12 729
2002	11 604	11 604	11 604	11 604	11 604	7 884	13 041
2001	11 604	11 604	11 604	11 604	11 604	7 884	13 209
2000	9 948	9 948	10 944	10 904	12 764	7 884	11 608
1999	11 112	11 112	13 092	13 092	13 092	7 884	13 371
1998	11 112	11 628	13 092	13 740	14 136	7 884	13 679
1997	11 112	11 628	13 092	13 740	13 866	7 092	13 087
1996	10 842 <sup>2</sup>	11 358	12 822	13 470	13 866	7 092	14 005

<sup>1</sup> Småbarnstillegget ble avviklet 28 august 2003.

<sup>2</sup> Dette er en gjennomsnittssats for 1996. Fra 1. januar 1996 ble barnetrygden holdt nominelt uendret på 10 572 kr, mens den fra 1. juli 1996 økte til 11 112 kr for ett barn.

Kilde: Finansdepartementet.

(Kilde: NOU 2009:10 Fordelingsutvalget)

Hvis vi tar utgangspunkt i barnetrygdsatsen for første barn i siste halvdel av 1996 (11 112 kroner) og oppjusterer denne til 2016-verdi, ville satsen vært 16 980 kroner i 2016. En oppjustering av dagens sats til dette nivået ville hatt en kostnad på rundt 7 mrd. kroner. Skulle satsen ha blitt oppjustert i takt med lønnsveksten eller grunnbeløpet i folketrygden i samme periode, ville kostnaden over statsbudsjettet vært betydelig høyere.

Hvis barnetrygden trappes opp over fem år for å nå 1996-nivået prisjustert, ville dette innebære et behov for en årlig økning på om lag 1,4 mrd. kroner i fem år. Dette ville hatt en stor effekt for antall barn i lavinntektsfamilier og for økonomien til husholdningene med lavest inntekt.

Fordelingsutvalget (NOU 2009:10) trekker frem søskentillegget som særlig viktig for å øke barnetrygdens omfordelende effekt. Et søskentillegg fra og med barn nummer tre på 25 pst. av ordinær sats vil ifølge utvalget særlig treffe dem med middels og lave inntekter. En opptrappingsplan for barnetrygden over fem år kan dermed skisseres på følgende måte: Det innføres søskentillegg det første året, i tillegg til en moderat økning i den generelle satsen, og så økes alle satsene tilsvarende et proveny på 1,4 mrd. kroner de påfølgende fire årene. Fordelingsutvalget diskuterer også småbarnstillegget. De kommer frem til at det ikke i spesiell grad treffer lavinntekts-husholdningene, men heller treffer husholdningene med middels inntekter. Det er altså mye som taler for at en heller bør gjeninnføre et prosentvis søskentillegg, kombinert med økte satser, for å øke barnetrygden på en effektiv måte. I tillegg er enslige forsørgere en gruppe som har høyere risiko for fattigdom. Å innrette barnetrygden på en måte som treffer denne gruppen, vil derfor også være et fornuftig tiltak.

### Forslag

På denne bakgrunn fremmes følgende

for s l a g :

1. Stortinget ber regjeringen legge frem en opptrappingsplan for barnetrygden, hvor målet er å øke satsene til 1996-nivå, og at de innrettes slik at flest mulig barn ikke lenger tilhører lavinntektsgruppen, herunder en særlig økning for aleneforsørgere og barnefamilier med tre eller flere barn.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag til lovendringer for Stortinget som sørger for at barnetrygden holdes utenfor ved beregning av sosialhjelp.

10. oktober 2017

Audun Lysbakken

Kari Elisabeth Kaski

Freddy André Øvstegård

Karin Andersen







Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2018/1250
		Arkiv:	F01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/18	Komite for helse og omsorg	01.11.2018
195/18	Formannskapet	06.11.2018
157/18	Kommunestyret	06.12.2018

### RETTLEIANDE SATSAR FOR UTMÅLING AV SOSIALHJELP 2018

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol og avdelingsleiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 06.11.2018

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

#### Samrøystes tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.11.2018

1. Kommunestyret vedtek dei vedlagde retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.
2. Satsane vert regulert i samsvar med staten sine rettleiande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

#### Tilråding:

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

Særutskrift: NAV

## Vedlegg: Retningslinjer

### Samandrag av saka:

På bakgrunn av ei sterk auke av utbetaling av sosialhjelp, er det nå foreslått å vedta retningslinjer for utmåling av sosialhjelp. Retningslinjene vil vere veiledande for det skjønnet som vert teke i kvar einskild sak.

### Saksopplysningar:

Det har tidlegare vore orientert og handsama sak om kraftig auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp i 2018. Saka vart handsama som sak 106/18 i kommunestyret. I den samanhengen vart det bedt om å sjå på, og vurdere nokon av grunnane til denne auken. På bakgrunn av dette har NAV mellom anna sett på kva moglegheiter det er for å lage veiledande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp – livsopphald. Ein har kome til at ein vil lage retningslinjer for det skjønnet som ligg i lovverket. Forslag til retningslinjer ligg vedlagt.

I retningslinjene ligg staten sine satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald til grunn. Det er vidare foreslått veiledande satsar for nokre ulike forhold, som ofte er aktuelle i dei einskilde sakane. Det er særleg teke omsyn til at ein ved skjønnsutøvinga skal vurdere barn og unge sine behov.

### Vurdering og konklusjon:

Ein ser at det er eit behov for å standardisere det skjønnet som ligg til kommunen, ved handsaming av økonomisk sosialhjelp. Dei vedlagte retningslinjene vil vere med på å gjere skjønnet som vert utøvd på dette fagområdet meir likt. Det er også ein fordel at det vil kunne skape meir forutsigbarheit for den einskilde som kjem under desse reglane. Ein foreslår såleis at dei vedlagte retningslinjene vert vedteke.

Fosnavåg, 26.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen/Jarle Stordal

## Sosialhjelp 2018

Herøy kommune benytter statens rettleiande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

### 1. Statens og Herøy kommunes rettleiande satsar for utmåling av livsopphald

	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. veke
Einslig uten barn	6.050	1.396
Ektepar/sambuarar	10.100	2.331
Person som delar husholdning	5.050	1.165
Barn 0-5 år	2.350	542
Barn 6-10 år	3.050	704
Barn 11-17 år	3.950	912
Heimebuande ungdom	2.200	508

Satsane for barn justerast månaden etter at barnet fyller 6 år og 11 år.

Det utmålalt ikkje barnetillegg frå og med barn nummer fire. I familier med fire eller fleire barn beregnas stønaden ut frå ei eldste barna i familia. Stønad til eventuelle barn over 18 år i vidaregåande skule kjem i tillegg.

Barn si inntekt av arbeid i fritid og skuleferiar takast ikkje med i utmålinga av stønad til familier. Ved delt omsorg utmålalt barnetillegg prosentvis i samsvar med avtalt fordeling mellom foreldra.

#### Einslige forsørgarar som kun delar husholdning med barn dei forsørgar

Sats for einslig kr. 6.050 + sats for stønad til barn.

#### Einslige forsørgarar som delar husholdning med både barn dei forsørgar og med andre voksne

Sats for personar som delar husholdning kr. 5.050 + sats for stønad til barn.

### 2. Dekking av barn og unges deltakelse i fritidsaktivitetar

Stønad til fritidsaktivitetar til barn og unge frå fyrste klasse og opp til 18 år kan ytast til familier med barn som mottok økonomisk sosialhjelp eller har økonomi på sosialhjelpsnivå. Stønaden gjast etter §19 i sosialtjenestelova.

### 3. Samværstillegg

Ved samværsordning med eigne barn kan det innvilgast ekstra sosialhjelp til livsopphald etter rettleiande sats for barnet i forhold til alder og antall dagar pr. månad.

Ei helg reknast som to døgn, ein ettermiddag som ½ døgn. Vanlig samværsordning annakvar helg og ein ettermiddag pr.veke vil dermed utgjere seks døgn pr.månad. Stønad giast for det faktiske omfanget av samvær inntil 14 dagar pr.månad. Stønad ved samvær etter satsane ytast etter § 18.

#### **4. Bolig**

Sosialtjenesta kan gi stønad til eit husleigenivå som etter ei skjønnsmessig vurdering skal sikre buforhald i god stand og med ein nøktern standard tilpassa hushaldninga sin størrelse og samansetning.

#### **5. Straum**

Tjenestemottakarar med inntekt på sosialhjelpsnivå får dekt faktiske utgifter til straum innanfor eit rimelig forbruk.

#### **7. Helseutgifter**

Livsopphaldssatsane omfattar lege- og medisnutgifter. Ekstra ordinære utgifter kan dekkast etter søknad.

#### **9. Ekstratilskudd til jul**

Tjenestemottakarar som mottek stønad til livsopphald i desember månad, kan det vurderast ekstra stønad i forbindelse med jul. Ved utmålinga takast det hensyn til redusert skatt i desember. Det giast ikkje juletilskudd til dei som mottek utbetaling over ordinært sosialhjelpsnivå.

#### **10. Tilbakebetalt skatt**

Tilbakebetalt skatt takast med i betrakninga som inntekt ved vurdering av behovet for økonomisk sosialhjelp på utbetalingspunktet og framover.

#### **11. Skjønnsutøvelse**

Satsane i dette rundskrivet er veiledande og erstattar ikkje forpliktelsen til å utøve individuelt skjønn. I skjønnsutøvelsen skal barn og unges behov vurderast spesielt.

#### **12. Vedtak om økonomisk sosialhjelp**

*Vedtak om økonomisk sosialhjelp fattast av NAV leiar eller dei som er gitt delegert fullmakt frå NAV leiar.*



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2018/2316

Arkivkode: F30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/19	Formannskapet	05.02.2019
	Kommunestyret	14.02.2019

### BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2019

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 21 flyktningar i 2019, derav inntil to einslege mindreårige over 15 år. Busetjing skal skje gjennom Volda læringsssenter. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av statlege finansieringsordningar for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningararbeidet i kommunane.*
- 4. Volda kommunestyre er innstilt på å oppretthalde det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyer integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat i integreringsarbeidet.*
- 5. Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
- 6. Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige ber kommunestyret om at det vert vurdert å prioritere busetjing av einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire*



**område i Volda-samfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.**

#### **Vedleggsliste:**

1. Faktaanalyse 2019 på busetjings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune
2. Brev frå IMDi av 12.12.18: Oppmoding om busetting av flyktningar i 2019
3. Brev frå IMDi av 22.11.18: Informasjon om bosetting av flyktninger
4. Pressemelding Kunnskapsdepartementet 26.10.18: Skal ikke bosette i områder med høy innvandrerandel - kriterier for bosetting av flyktninger i kommunene.

#### **Uprenta saksvedlegg:**

- K-sak 100/18, handsama i møte 30.08.18: Tilleggsoppmoding om busetting av 6 ekstra flyktningar i 2018.
- K-sak 148/17, handsama i møte 14.12.17: Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2018.
- K-sak 95/16, handsama i møte 25.08.16: Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017.
- K-sak 127/13 handsama i møte 03.10.13: Fleirårig rammevedtak om busetting av inntil 125 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårsperiode, inkludert EM. Dvs. eit snitt på 25 flyktningar kvart år. Familiesameiningar kjem i tillegg.

#### **Samandrag av saka:**

Prognoser viser at 5 350 flyktningar skal busetjast i kommunane i 2019, inkludert 150 einslege mindreårige (EM). Basert på kriterier er Volda oppmoda om å busetje 21 flyktningar i 2019, derav 2 EM: 1 over 15 år og 1 under 15 år. IMDi ber kommunen fatte vedtak i tråd med oppmodinga. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald. Frist for å svare på oppmodinga er 15. februar 2019.

Av kvota på 21 flyktningar som kommunen har bedt om å busetje, har formannskapet allereie godkjent at ein buset 8 personar.

Som utfyllande informasjon til saka følgjer *Faktaanalyse 2019 – Status, utfordringar og tiltaksplan på busetjings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune*, i vedlegg 1. Uttaler frå kommunale tenester og NAV kjem fram av saksutgreiinga og faktaanalysen.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

##### *Befolkning og innvandring*

373 av 9 188 innbyggjarar i Volda i 2018 har flyktningbakgrunn, dvs. 4,1 pst. av befolkninga. 930 av 9 188 innbyggjarar i Volda i 2018 har innvandrarbakgrunn, dvs. 10,1 pst. av befolkninga. Utan innvandring ville Volda hatt ei negativ befolkningsutvikling på 5 personar frå 2017 til 2018. Innvandring har sikra Volda ei positiv befolkningsutvikling på 86 personar frå 2017 til 2018. Under følgjer oversikt over utviklinga i befolkningsamansetjinga i Volda i perioden 2015-2018.

<b>Befolkningssamansetjing i Volda</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Befolkning u/innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre	8 132	8 144	8 149	8 144
Innvandrarar	764	812	859	930
Norskfødde m/innvandrarforeldre	81	81	94	114
<b>SUM</b>	<b>8 977</b>	<b>9 037</b>	<b>9 102</b>	<b>9 188</b>

*Kjelde: imdi.no/ssb/010118*

Det har vore ei auke i tal innvandrarak i Volda på 166 personar i perioden 2015-2018, derav ei auke på 84 flyktningar. Dei øvrige 82 innvandrarakane har kome til Volda grunna utdanning, arbeid og familieinnvandring. Personar med flyktningbakgrunn utgjer 40,1 pst. av innvandrarakbefolkninga i Volda i 2018, og er den største gruppa av innvandrarak i kommunen. Under følger oversikt over utviklinga knytt til innvandringsbakgrunn i Volda i perioden 2015-2018.

<b>Innvandringsbakgrunn i Volda</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Ikkje kjend	100	94	94	98
Utdanning	110	119	112	126
Familieinnvandring	122	131	139	167
<b>Flyktningar, inkl. deira familieinnvandring</b>	<b>289</b>	<b>322</b>	<b>357</b>	<b>373</b>
Arbeidsinnvandrarak	143	146	157	166
<b>SUM</b>	<b>764</b>	<b>812</b>	<b>859</b>	<b>930</b>

*Kjelde: imdi.no/ssb/010118*

### *Oppmoding om busetjing av flyktningar i 2019*

Oppmoding frå staten om busetjing av 21 flyktningar, inkl. 2 EM i 2019, er på same oppmodings- og busetjingsnivå som i 2018, og halvparten av nivået for 2016 og 2017, då Volda var oppmoda om 40 plassar kvart av åra. For 2018 vart Volda først oppmoda om 14 plassar, som i juni 2018 vart oppjustert til 20. Volda har framleis 4 unytta plassar frå 2016/2017, som etter gjeldande vedtak kan nyttast seinare år. Sjå under om fleksibilitet i busetjingsvedtaket.

### *Tidlegare vedtak om busetjing*

- K-sak 100/18 i møte 30.08.18: Vedtak om tilleggsoppmoding på 6 flyktningar i 2018, frå 14 til 20 plassar. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan unytta plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.
- K-sak 148/17 i møte 14.12.17: Vedtak om å busetje 14 flyktningar i 2018, inkl. 2 EM. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan utnytta plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.
- K-sak 95/16 i møte 25.08.16: Vedtak om å busetje 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna. Grunna redusert busetjingsbehov av EM nedjusterte IMDi oppmodinga av tal EM til 3 2017.
- K-sak 127/13 i møte 03.10.13: Fleirårig rammevedtak om busetjing av inntil 125 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårsperiode, inkludert EM. Dvs. eit snitt på 25 flyktningar kvart år. Familiesameiningar kjem i tillegg.

### *Fleksibilitet i busetjingsvedtaket*

IMDi har tidlegare oppmoda kommunane om fleksibilitet i tal flyktningar som skal busetjast, både knytt til busetjingsbehov og disponering av plassar mellom flyktningar og EM, og overføring av plassar frå eit år til eit anna. For kommunen er det også viktig med fleksibilitet for å kunne busetje ved ledig kapasitet i tenestene og tilgang på bustader, og gi teneste på rett nivå knytt til tilgjengelege rammevilkår. I k-sakene 148/17 og 95/16 er det opna for at unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna. I både 2016 og 2017 vart det busett 38 av 40 flyktningar. Dvs. at Volda har 4 unytta plassar frå desse åra, som kan overførast til seinare år. Grunna reduserte busetjingsbehov har det ikkje vore behov for staten å nyttiggjere seg desse

plassane i 2018. Med dagens reduserte busetjingsbehov, er det ikkje grunnlag for å oppretthalde desse plassane vidare.

### *Status og nøkkeltal*

- I perioden 2010-2018 er det busett 287 flyktningar, derav 51 EM
  - I snitt er det busett 32 flyktningar kvart år, derav i snitt 5,7 EM kvart år
  - 75 har kome på familiesameining i perioden, dvs. i snitt 8-9 kvart år
- I 2018 vart det busett 20 flyktningar, derav 3 EM. I tillegg kom 7 på familiesameining.
  - 17 er busett av Volda læringsssenter + dei 7 på familiesameining.
  - 3 er busett av EM-tenesta i barnevernet
  - Det er ledig 4 unytta plassar frå tidlegare år
- I 2017 vart det busett 38 flyktningar, derav 3 EM. 16 kom på familiesameining
- I 2016 vart det busett 38 flyktningar, derav 4 EM. 12 kom på familiesameining
- 202 utløyste integreringstilskot i 2018, derav 50 familiesameinte
- 22 utløyste EM-tilskot i 2018
  - 19 er busett av EM-tenesta i barnevernet (u/18 år på busetjingstidspunktet)
  - 3 EM er busett av Volda læringsssenter (o/18 år på busetjingstidspunktet)
- I desember 2018 vart 1 bufellesskap for EM avvikla. Det att 1 bufellesskap til 4-5 EM.
- Per januar 2019 bur det 4 EM i døgnbemanna bufellesskap
- Per januar 2019 har 12 EM oppfølging av oppfølgingstenesta (OPP)
- I 2018 har 69 delteke i introduksjonsprogram (INTRO):
  - 29 har avslutta INTRO; 25 med overgang til arbeid/utdanning/grunnskule
  - 2 har hatt overgang til NAV, 1 til AAP og 1 har flytta
- Per januar 2019 er det 40 deltakarar i INTRO

Som følge av færre flyktningar for busetjing i 2018 har drifta blitt tilpassast reduserte behov. Volda læringsssenter og EM-tenesta har redusert tal elevgrupper, tal tilsette, og avvikla 1 døgnbemanna bufellesskap. Begge tenestene melder om kapasitet til å busetje oppmodinga på 21 flyktningar i 2019, inkludert 2 EM.

### *Status for busetjing i 2019*

Administrasjonen orienterte formannskapet i møte 22.01.19 om konkret førespurnad frå staten v/IMDi om busetjing av overføringsflyktningar, ein familie på 8 personar, som del av kvoten for busetjing av flyktningar i 2019. Dette sidan kommunestyret først skal ta stilling til oppmodinga frå staten i møte 14.02.19. Kommunen har ledig stor egna familiebusetjing, som er finansiert med 40 pst. bustadtilskot frå Husbanken og er under avskrivning. For å unngå at tilskot må tilbakeførast må bustaden nyttast til flyktningar. For å gi borna ein god skulestart etter busetjing, vil oppvekstsektoren omfordele ressursar internt. Formannskapet gav tilslutning til busetjing av familien.

### *Volda læringsssenter*

Per januar 2019 har Volda læringsssenter 40 deltakarar i INTRO. I tillegg har programrådgjevarande oppfølging av personar i permisjon og tidlegare busette flyktningar og innvandrarakar. Etter flyktningararbeidet vart lagt under læringsssenteret, opplever programrådgjevarane meir trykk frå tidlegare deltakarar i INTRO. Ein har «open-dør» og er opptekne av å vere ei teneste der brukarane får god hjelp. Politiet sine utlendingssaker er flytta til Ålesund. Alle søknadar om fornying av opphaldsløyve må gjerast digitalt, og mange kjem til senteret for å få hjelp til dette. NAV har også flytta til Ørsta, og sjølv om NAV er fast på Volda læringsssenter 2 timer kvar måndag, opplever programrådgjevarane at dei må gjere ein del NAV-oppgåver grunna avstanden til Ørsta.

Læringsssenteret har 2 årsverk med programrådgjevarar og 1 årsverk som fagleiar for INTRO. Fagleiar følgjer også opp deltakarar, men færre enn programrådgjevarane. I 2017 var det eit

høgt aktivitetsnivå med 92 personar i INTRO i løpet av året. Tenesta fekk tilført ei engasjementstilling skuleåret 2017/2018, som ikkje vart vidareført. Det er 113 elevar ved senteret fordel på 5 grupper norskopplæring og 2 grupper grunnskuleopplæring. Det er om lag 10 undervisningsårsverk ved senteret.

Volda læringscenter ser at fleire deltakarar treng lengre tid på å kvalifisere seg til arbeid eller utdanning. Dei som er fødd og oppvaksen i Noreg har 10 år grunnskule, før dei aller fleste tek vidaregåande skulegang. I tillegg tek ein stor del av befolkninga utdanning på høgskulenivå. Det er difor svært forståeleg at flyktningar som kjem med lite skulebakgrunn, treng lengre tid enn 2 år på å kvalifisere seg til ordinær utdanning og arbeid. Læringscenteret har difor starta med å utvide INTRO til 3 år for dei med liten skulebakgrunn, og som er i eit godt kvalifiseringsløp som kan føre til arbeid. I tillegg samarbeider dei tett med NAV, for saman å «skreddersy» gode kvalifiseringsløp for den einskilde.

Over fleire år har Volda vore vertskommune for asylmottak, og har god erfaring med å busetje flyktningar og EM frå mottaka i kommunen. I dag er det att eit EMA-mottak med plass til 25 bebuarar, som får si grunnleggjande kvalifisering og skulegang ved læringscenteret. Vi erfarer at mange ønskjer å halde fram med å bu i Volda etter dei har fått opphaldsløyve for å fullføre sine kvalifiserings- og utdanningsløp, og grunna etablerte nettverk. Vi vil oppmode om at deira ønskje vert teken omsyn til når dei er klare for busetjing i ei kommune.

Rektor ved Volda læringscenter skriv i uttale til saka at busetjing av 21 flyktningar, derav 2 EM i 2019, er eit minimum av kva kommunen bør busetje for å oppretthalde eit godt nok tilbod ved senteret. Flyktningar som kjem har svært ulik bakgrunn, og det er naudsynt med differensierte undervisningsgrupper om dei skal lære godt norsk. I 2018 vart det busett tre familiar som kom som overføringsflyktningar. Å ta imot barnefamiliar er positivt. Barna lærer raskt det norske språket og tek utdanning på line med etnisk norske elevar, og vil klare seg godt i sitt nye heimland. Oppvekstsektoren viser til at dei manglar nok ressursar til å leggje til rette godt nok i grunnskulen for desse elevane. I tillegg ønskjer læringscenteret gjerne å ta imot fleire vaksne for å kunne gi eit meir differensiert tilbod til alle elevane. Om Volda skal redusere, ev. slutte å busetje flyktningar, vil det ha store konsekvensar knytt til nedbygging og reduserte tilbod til flyktningar og andre brukarar av senteret, inkl. reduksjon i tal stillingar. Det vil også vere vanskeleg å forsvare eit stort leigeareal.

### *Resultat i INTRO*

I 2017 hadde Volda rekordhøg deltaking i INTRO med heile 95 deltakarar. Som følge av redusert busetjing har talet blitt redusert til 69 i 2018. Dette er framleis høgt samanlikna med 2015 og tidlegare år. Resultat i INTRO i 2018 er 52 pst.: 7 hadde overgang til arbeid og 8 til vidaregåande skule/høgskule. I Volda startar mange deltakarar eit grunnskuleløp som del av sitt program. Dei fleste har eit toårig løp og svært få avsluttar grunnskule som del av INTRO. I 2018 hadde 10 overgang frå INTRO til grunnskule, dvs. same tal som i 2017. Tek ein med desse i resultatmålinga har Volda eit resultat i INTRO på 86 pst. i 2018.

Grunnskule vert ikkje vurdert som overgang til utdanning i IMDi si statistikk, og desse kjem difor ikkje med i den nasjonale statistikken for resultat i INTRO. Dette sjølv om deltakarane er i eit fornuftig og planlagt utdanningsløp og ikkje belastar sosialhjelpsbudsjettet ved avslutning av INTRO. Det er viktig at flyktningane får formell kompetanse for å sikre varig tilknytning til arbeidslivet. Å oppnå fagbrev kan gjerast på fleire måtar, men eit absolutt krav er grunnskule. Samtidig vil det krevje mykje av den einskilde å gå vidare frå grunnskule til å vere kvalifisert og nå opp i konkurransen om arbeid. Volda har over fleire år vist gode resultat med overgang arbeid eller utdanning etter INTRO. I 2016 kom Volda på statistikken blant dei 10 beste kommunane i landet når det gjaldt resultat på overgang til arbeid eller

utdanning over tid. Dette resulterte i at Volda av Østlandsforskning, vart plukka ut som ei av 5 kommunar dei gjerne ville forske vidare på med omsyn til resultatoppnåing i kommunen. Kvifor lykkast vi i Volda?

### *Innovasjons- og utviklingsarbeid på kvalifiseringsfeltet*

Volda kommune har alltid vore aktive når det gjeld å utvikle feltet. Blant anna gjennom kommunale utviklingsmidlar er det prøvd ut fleire prosjekt som kommunar både i og utanfor regionen, har fått god nytte av. Siste prosjektet er komprimert helsefagopplæring for vaksne minoritetsspråklege, der vi ser at mange kommunar i distrikta er for små til å kunne starte opp utdanningsløp utan å samhandle med andre. Vi utviklar ein modell basert på interkommunalt samarbeid med nabokommunar om felles tilskotssøknad i 2019, for å sikre nok volum til å starte gode kvalifiseringsløp som gir formell kompetanse for flyktningar. Det har vore møte med fylkeskommunen, som er positive til å samarbeide om eit tilrettelagd løp for fagbrev i industri. Behovet for utdanning er viktig for å sikre varig arbeid. Noreg er eit høgkompetanseland der stadig fleire yrker krev utdanning, og då fagbrev som eit minimum for fast tilsetjing. Sjå faktaanalsen i vedlegg for informasjon om fleire prosjekt på feltet.

### *Samarbeid mellom Volda læringscenter og Ørsta opplæringscenter*

Volda læringscenter har i fleire år samarbeidd med Ørsta opplæringscenter om tiltak for kvalifisering av innvandrarar. Behovet utvikla seg som eit resultat av at opplæringa vart meir formalisert og lovregulert, og forventningar til innhald vart skjerpa i stadig nye versjonar og endringar i INTRO-lova, og læreplan i norsk og samfunnsfag for innvandrarar. Sentera ser både nytten og nødvendighet i å samarbeide på tvers, og Ørsta er ein naturleg samarbeidspart for Volda, sjølv om ein også samarbeider med dei andre Sjustjerna-kommunane. Døme på samarbeidstiltak med Ørsta er:

- *Utveksling av sensorar til gjennomføring av munnleg norskeksamen og eksamen på grunnskulenivå*
- *Samarbeid om skulering for sensorane*
- *Frå hausten 2019 vurdere samarbeid om gjennomføring av obligatoriske kurs i samfunnsfag med avsluttande prøve*
- *Gjennomføring av ICDP foreldrerettleiings kurs for innvandrar, som truleg blir obligatorisk å gjennomføre for alle foreldre i INTRO. Volda læringscenter har god kompetanse på dette, og kan tilby kurs for deltakarar frå Ørsta, ev. hjelpe til med opplæring/gjennomføring i Ørsta.*

### *EM-tenesta*

Volda er vertskommune for barnevernstenester i Hareid, Hornindal, Ulstein, Volda og Ørsta, derav EM-tenesta i Ørsta og Volda kommunar. I samband med auka busettingsbehov frå 2009-2010 bygde kommunane opp døgnbemanna bu- og omsorgsteneste for busetjing av EM, og har opparbeidd høg kompetanse på feltet. Volda er også vertskommune for EMA-mottak, og mange frå EMA-mottaket i Volda har blitt busett i Ørsta og Volda kommunar.

I perioden 2010-2018 har Volda busett 51 EM, dvs. eit snitt på 5,7 kvart år. 48 er busett av EM-tenesta i døgnbemanna bufellesskap og 3 på hybel gjennom Volda læringscenter.

#### ***Busetjing av EM i Volda kommune i perioden 2010-2018.***

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
10	6	6	5	5	8	4	3	4	51

Av 48 som er busett gjennom EM-tenesta er 32 avslutta. 16 av desse har flytta. Dvs. at halvparten av dei det er avslutta EM-tiltak på i perioden 2010-2018, har flytta frå Volda. Kommunen kan vise til gode resultat. Dei fleste er deltek på norsk- og grunnskuleopplæring,

er lærlingar, i utdanning eller arbeid, og leiger bustad på den private bustadmarknaden. Sjå faktaanalyse i vedlegg.

Det har vore to døgnbemanna bustader i kvar av kommunane, med plass til 4-5 EM i kvar. Volda har i tillegg hatt eit treningshusvære med plass til 2 EM, som vart avvikla i 2017 grunna redusert busettingsbehov. Det er etablert ei oppfølgingsteneste (OPP) på tvers av kommunane, som følgjer opp EM som flyttar på hybel. I dag får 23 oppfølging på hybel, derav halvparten i kvar av kommunane. EM-tenesta følgjer opp ungdom gjennom ettervern frå fylte 18 år. For EM i alderen 20-23 år med ettervernsvedtak, dekker det ordinære barnevernet kostnader til ettervernstiltak over sitt budsjett, med ein sats på kr 500 per time. Dvs. at gjennom interne overføringer frå det ordinære barnevernet får EM-tenesta inntekter til ettervernstiltak for oppfølging av EM. Erfaringar tilseier at satsinga på ettervern er viktig. Overgangen frå bufellesskap til hybel er ofte ein utfordring. EM treng tett oppfølging, nokon å ta kontakt med og som gir dei den omsorga og støtta dei treng i kvardagen.

I 2017 og 2018 har tal EM for busetting i kommunane blitt kraftig redusert, og det har blitt gjort tilpassingar med å redusere drifta til den nye situasjonen. I desember 2018 var det avvikla eit døgnbemanna bufellesskap i kvar av kommunane, og det har vore ein prosess med å tilpasse drifta og redusere bemanninga med fleire årsverk. Konsekvensane har vore belastande for bebuarar, tilsette og kommunen, som mister mange arbeidsplassar og verdfull kompetanse bygd opp over fleire år. Arbeidsgjevarar har arbeidd hardt for at ingen skal bli oppsagde, og finne anna arbeid for dei tilsette i kommunen. 11 faste tilsette har blitt råka ved at heile stillinga er overtalig, eller ved reduksjon i stillingsprosent. Dette er løyst ved å nytte faste stillingar og vikariat i andre sektorar i kommunen, samt vikariat i EM-tenesta for nokre som er i permisjon. Av 6,48 årsverk har: 1,64 fått seg ny jobb, 1,64 i permisjon, 1,20 i vikariat i kommunen og 2 har fått ledige stillingar i døgnbemanna bufellesskap i Volda.

Ved inngangen til 2019 er det att ein døgnbemanna bustad i kvar kommune, samt oppfølgingstenesta. Frå 2019 er det følgjande årsverk i EM Volda: 6,54 i døgnbemanna bufellesskap, 2,42 i OPP og 1,15 administrasjon/fagstillingar. Dvs. til saman 10,11 årsverk. Tenesta har oppfølging av 16 ungdom i Volda: 4 (17-19 år) i døgnbemanna bufellesskap og 12 (18-23 år) i OPP. I uttale frå tenesta er kostnader til drift av EM Volda berekna til kr 10,7 mill. i 2019: Om lag kr 9 mill. til døgnbemanna bufellesskap og om lag kr 1,7 mill. til OPP. EM-tilskotet for målgruppa som er busett av EM-tenesta utgjer kr 10 mill. Dvs. at det er eit negativt avvik mellom inntekter frå staten og utgifter til drift av tenesta. Dette er førebelse tal og tenesta vil kome attende med ei budsjettjustering første halvår 2019.

Volda er oppmoda om å busetje 2 EM i 2019, derav 1 over 15 år og 1 under 15 år. Ørsta var ikkje oppmoda om busetting av EM i 2018, og er heller ikkje oppmoda for 2019. Det går difor mot avvikling av det siste døgnbemanna bufellesskapet i Ørsta i 2019, og ein må til med ei ny prosess med reduksjon i tal årsverk i EM-tenesta. I dag er det 6,78 årsverk som vert ramma ved avvikling av det siste bufellesskapet i Ørsta.

I møte mellom rådmannen i Volda, barnevernsleiar, fagteamleiarar i EM-tenesta og rektor ved Volda læringscenter, vart situasjonen nyleg drøfta. Kommunane får få EM til busetting, Ørsta fasar ut sitt siste bufellesskap, og fleire av dei 4 ungdomane på mellom 17-19 år som i dag bur i døgnbemanna bufellesskap i Volda, vil i løpet av våren vere klare for å flytte på hybel. Sjølv om Volda er oppmoda om busetting av 2 EM i 2019, ser rådmannen det som lite forsvarleg å oppretthalde eit så omfattande bu- og omsorgstilbod for så få ungdommar. Fagmiljøet vert for lite og sårbart når Ørsta fasar ut drifta av sine bufellesskap, til at Volda åleine skal oppretthalde vidare drift av eit omfattande og kostnadskrevjande bu- og omsorgstilbod for få EM. Rådmannen ser det som riktig å fase ut drifta av det siste døgnbemanna bufellesskapet i Volda i 2019. Ein bør vurdere om dette bør gjerast parallelt



med at Ørsta fasar ut sitt siste bufellesskap. Med den erfaringa og kompetansen som er opparbeidd i organisasjonen, og som vertskommune for EMA-mottak, vil rådmannen likevel opne for at kommunen kan busetje EM under visse føresetnader. Denne utviklinga er i samsvar med staten sin politikk. Endring av tilskotsordninga favoriserer stordrift, og ein tolkar staten slik at ein no satsar på busetjing av EM i færre og større kommunar.

Rådmannen foreslår at busetjing av EM framover skal skje gjennom Volda læringscenter, i samarbeid med øvrige tenester som ein elles gjer i busetjingsarbeidet m.a. barnevernet, helsestasjonen m.v., om tilbod for ungdomane. Føresetnader for slik busetjing vert nærare skildra i avsnittet under om busetjing av EM gjennom Volda læringscenter.

Det er viktig at dei langsiktige behova for busetjing av EM vert ivareteken. Store svingingar får følgjer for det faglege arbeidet. 8 år etter oppbygging vert omfattande bu- og omsorgstilbod i EM-tenesta i Volda og Ørsta gradvis nedbygd og avvikla. Ein må ha eit visst volum og tal EM for å oppretthalde eit høgt fagleg nivå og gi tilpassa tenester.

Også andre tenester har gjort tilpassingar til reduserte busettingsbehov: Både lærarar og helsestasjonen har måtte tilpasse sine tenester, og kommunane har mista verdfull kompetanse også i desse delane av organisasjonen.

#### *Busetjing av EM gjennom Volda læringscenter*

Volda læringscenter har erfaring med å busetje EM på hybel med oppfølging. Dette har vore ungdomar som ein i tett samarbeid med asylmottaket i Volda, har vurdert ikkje har behov eit døgnbemanna bu- og omsorgstilbod, og der hybel med oppfølging har vore vurdert som fagleg rett. Om visse kriterier er innfridd viser rektor ved senteret til at det er forsvarleg og fornuftig å nytte andre bu- og omsorgstilbod enn døgnbemanna bufellesskap. Målet er at ungdomen raskt kjem inn i ein mest mulig «normal» busituasjon, og for einskilde EM kan dette vere hybel med oppfølging.

Volda læringscenter er positiv til å busetje EM under føresetnad av at dei fagleg vert vurdert som klare til eit bu- og omsorgstilbod som læringscenteret og øvrige kommunale tenester kan tilby til ei kvar tid. Det gjer vi enklast ved å busetje frå Volda EMA-mottak, som senteret allereie har god dialog og faste samarbeidsmøter med. Ungdomane har då lagt bak seg ei butid i Volda, dei er allereie elevar ved læringscenteret, er kartlagt av lærarar og helsestasjonen, og har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Volda-samfunnet.

Om læringscenteret skal busetje EM vil det vere fornuftig og naudsynt å samarbeide med øvrige kommunale tenester slik dei elles gjer i flyktingarbeidet. Dette gjeld også barnevernet, og tenesteapparatet som er underlagt dei. Barnevernet har over fleire år opparbeidd kompetanse på oppfølging og rettleiing av ungdom som bur på hybel gjennom oppfølgingstenesta for EM. Det vil ikkje vere god bruk av ressursar om læringscenteret skal måtte utvikle tenester som allereie finst i kommunen til å følge opp og yte tenester til mindreårige flyktingar som treng oppfølging på hybel eller i andre bu- og omsorgstilbod.

Volda læringscenter ønskjer å ta utgangspunkt i modellen som Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år:

- *EM bør vere 17 år på busetjingstidspunktet*
- *EM må vere klar til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe*
- *EM kan få barnevernsvedtak om dette viser å vere naudsynt*
- *Det vert søkt barnetrygd og bidragsforskot, som dei har rett på til dei fyller 18 år*
- *EM får supplert opp til norm for livsopphald etter NAV sine satsar, samt utgiftsdekking for husleige og straum. Dette vert tett følgt opp av miljøarbeidar i samarbeid med NAV*

- *Ev. supplerings i forhold til utgifter til helsehjelp eller andre uføresette utgifter*
- *Kommunen dekkjer etableringspakken etter modell som ved andre flyktningar*
- *Oppfølging av miljøarbeidar på ettermiddag/kveld ved behov, samt av programrådgjevar*
- *Overgang til INTRO ved fylte 18 år*

Volda læringsssenter vil bruke EM-tilskotet til å dekke utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt INTRO-stønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar til busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

### *Bustader og bustadsosialt arbeid*

Volda har 88 kommunale gjennomgangsbustader. Desse vert tildelt vanskelegstilte på bustadmarknaden etter gjeldande kriterier. Volda læringsssenter lykkast i stor grad med å finne bustadar på den private utleigemarknaden til nykomne flyktningar. Dette gjeld spesielt for einslege, medan det ofte er behov for kommunal bustad til busetjing av familiar. Dei fleste private utleigarar baserer seg på utleige til studentar, og tilbyr ofte bufelleskap og mindre bueiningar. Flyktningar som leiger på den private bustadmarknaden, søker ofte kommunal bustad ved familiesameining. Per i dag bur det flyktningar i om lag halvparten av dei kommunale bustadane.

I uttale frå bustadkoordinator ved tildelingskontoret vert det vist til at ein har lukkast med å få gjennomstrøyming i dei kommunale bustadane, og at ein stadig har ledige bustader. Samstundes opplever ein det tyngre å få gjennomstrøyming i familiebustadane. Det er få større familiebustader på den private marknaden, og konkurransen om desse er stor og husleiga ofte høg. Det tek tid før familiar vert økonomisk sjølvhjelp ved fast arbeid, og inntektsgrunnlaget for bustadlån er ikkje til stade før etter nokre år butid. Volda fekk tildelt kr 5,5 mill. i startlån frå Husbanken i 2018. Med høge bustadprisar i Volda er det eit fåtal familiar kommunen klarer å hjelpe ved å nytte dette verkemiddelet.

Bumiljø i dei kommunale bustadane har vore tema over lang tid. Etter kvart som nokon lukkast med å leige privat eller å kjøpe eigen bustad, vert ledige kommunale bustader leigd ut til nye vanskelegstilte. Fleire bustader har hyblar nede og familiehusvære oppe, med felles inngang. Dette fører til at personar med ulike utfordringar vert buande tett på kvarandre. Sjølv om ein ved tildeling av bustad alltid tek ei vurdering på samansetting/bumiljø, og om busetjinga er hensiktsmessig i høve dette, vert det ikkje alltid så heldig som ein skulle ønskje. Tildelingskontoret mottok ein del klager på uheldig bumiljø, spesielt frå barnefamiliar.

Det er vanskeleg å seie noko om framtidig kapasitet. Ved å halde fram arbeidet med at alle tenester driv bustadsosial oppfølging for sine grupper, og halde fokus på gjennomstrøyming, vil der erfaringsmessig ofte vere tilgjengelege kommunale bustader for tildeling. Eit ev. press på bustadene vil avhenge av om det vert busett barnefamiliar eller einslege, som er enklare å busetje på den private utleigemarknaden. Tal familiesameiningar vil også spele inn.

Ein må sjå dei bustadsosiale utfordringane i eit større perspektiv, og tenkje heilskapleg om bustadutvikling i Volda. Dette er prosessar som vil ta tid. M.a. er følgjande tiltak på agendaen: Innføre «Leige før eige»-modellen, som føreset at det vert sett av ressursar til å arbeide med modellen. Det vert lagt fram sak om bustadene i Røyslidvegen/Smalebakken, der ein bør ta stilling til om ein skal rehabilitere heile eller delar av bustadane, ev. selje nokon for å investere eller byggje bustader andre stader i sentrum. Gjennom godt planarbeid kan vi byggje vidare på ein heilskapleg strategi for bustadutvikling i sentrum. Det må setjast ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe til å arbeide med desse spørsmåla og utfordringane. I 2019 vil ein ha hovudfokus på kommunesamanslåing, og ein må sjå på korleis organisere det bustadsosiale arbeidet i nye Volda kommune, starte arbeidet med rullering av bustadsosial plan og lage ein heilskapleg bustadsosial strategi.

### *NAV Ørsta/Volda*

I uttale frå NAV viser dei til at nokre tidlegare busette flyktningar har utfordringar med å få tilknytning til arbeidslivet og bli økonomisk sjølvhjelpete, som fører til auka utgifter til sosialhjelp. NAV deltek på samarbeidsmøter om desse utfordringane, og kva som ligg bak tala. Nokre er svakt fungerande m.o.t. språk, men også andre utfordringar knytt til helse og funksjonsnivå. Desse er det vanskeleg å finne tilpassa tiltak til og overgang til ordinært arbeid. Sjølv om næringslivet er positive til å ta imot flyktningar, opplever NAV dette ikkje alltid stemmer når dei har konkrete spørsmål om arbeid og tiltak i bedrifter. Den aller største utfordringa er knytt til svakt språkleg norsknivå. Tidlegare var det mange jobbar for ufaglærte, men dette er det er få av i dag. Arbeidsmarknaden vert stadig meir spesialisert, som stiller krav til kvalifikasjonar.

Om kommunen skal busette 21 flyktningar i 2019, samt ev. nokre på familiesameining, kan utfordringar i NAV bli større. Kva bakgrunn og føresetnadar flyktningane har for arbeid vil spele inn. Andre moment som kan påverke arbeidet med kvalifisering og gjere dei sjølvhjelpete er funksjonsnivå, helse, alder, språkutfordringar, analfabetisme, tilgjengeleg og tilpassa bustad og kva land dei nye flyktningane kjem ifrå.

Kvalifisering og oppfølging av flyktningar er tema på felles samarbeidsmøte mellom kommunen og NAV. For å finne gode kvalifiseringstiltak er det viktig med samarbeid både lokalt og interkommunalt, med næringslivet og andre partar. For å få flyktningane i arbeid, er det naudsynt å utvikle eit godt samarbeid med arbeidsgjevarar som kan tilby arbeid. Læringscenteret har gode erfaringar med å samarbeide med lokalt næringsliv og kommunale arbeidsplassar om språkpraksis, og opplever at deltakarane møter stor velvilje og vert tekne godt imot på praksisplassane.

Døme på eit vellykka samarbeidstiltak mellom NAV og Volda læringscenter, er samarbeid om tidlegare deltakarar i INTRO som ikkje har klart overgang til ordinært arbeid. NAV tek kontakt med læringscenteret om konkrete personar, og språkpraksisansvarleg ved læringscenteret har skaffa praksisplass gjennom sitt språkpraksisnettverk i lokalt næringsliv. Det har resultert i at ein tidlegare deltakar, som har vore utanfor arbeidslivet i over eitt år, no er i heiltidsarbeid med lønstilskot frå NAV. I tillegg har centeret skaffa praksisplass til ein tidlegare deltakarar som har vore arbeidssøkjjar hos NAV ei periode. Erfaringane frå samarbeidet er positive og tilbakemeldingane frå NAV er gode. NAV er nøgde med å kunne nytte læringscenteret som dørøpnar mot det store nettverket som er opparbeidd av bedrifter, og samarbeidet vil halde fram.

### *Økonomisk sosialhjelp*

Frå 2017 til 2018 hadde Volda auka utgifter til sosialhjelp på kr 2 mill. Samla utgifter til sosialhjelp var på kr 6,8 mill. i 2018, og kr 4,8 mill. i 2017. Det er sett i verk tiltak for å betre kunnskapen om årsaksforholda og kvaliteten på oppfølginga. Eit viktig satsingsområde er å auke arbeidsdeltakinga, som er viktig for å redusere utanforskap og auke levekåra for personar og familiar med låg inntekt. Gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen, er målet å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgjevande arbeid.

Mottakarar av sosialhjelp er ei uensarta gruppe. Dette kjem fram av tabellen under som viser oversikt over mottakarar av sosialhjelp i Volda etter arbeidssituasjon i perioden 2015-2017.

<b>Sosialhjelpsmottakarar etter arbeidssituasjon i Volda</b>			
	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Arbeid heiltid		7	7
Arbeid deltid	9	12	10
Arbeidslaus	49	41	32
Ikkje arbeidssøkjjar	26	31	31
I introduksjonsprogram	37	46	51
I kvalifiseringsprogram		6	6
Anna situasjon	36	33	33
<b>SUM</b>	<b>157</b>	<b>176</b>	<b>170</b>
Kjelde: <a href="https://www.ssb.no/statbank/table/12201">https://www.ssb.no/statbank/table/12201</a>			

KOSTRA-tal for 2017 viser at Volda hadde 172 mottakarar av sosialhjelp. 16 av desse hadde arbeidsinntekt som hovudinntektskjelde, medan 61 hadde sosialhjelp som viktigaste inntektskjelde. 45 var mottakar av sosialhjelp i 6 månader eller meir, og 55 var i alderen 18-24 år.

Gruppa mottakarar av sosialhjelp med størst vekst er dei som deltek i ulike offentlege program og tiltak. Her står deltakarar i INTRO for heile auken. På landsbasis utgjer desse 10 pst. av alle sosialhjelpsmottakarane i 2017. Mottakarar av introduksjonsstønad utgjer også den største auken i gruppa av sosialhjelpsmottakarar i Volda. 51 av totalt 170 sosialhjelpsmottakarar i 2017 var samtidig mottakarar av INTRO-stønad. Dette utgjer 30 pst av sosialhjelpsmottakarane i Volda i 2017. Dvs. at 54 pst. av alle deltakarane i INTRO også er mottakarar av sosialhjelp. På landsbasis er tilsvarande 45 pst.

Volda har busett eit høgt tal flyktningar siste åra, og mange har kome på familiesameining. Auken i tal deltakarar i INTRO har samanheng med auka busetjing og familiesameiningar. Nokre, særleg store barnefamiljar og einslege forsørgjarar, har behov for supplerande stønad til livsopphald i tillegg til inntekter frå INTRO-stønad, barnetrygd og bustønad, til høge straum- og buutgifter, utgifter til helse, barnehage, SFO og fritidsaktivitetar for barna.

Deltakarar i INTRO og NAV sitt kvalifiseringsprogram har stønad på 2 G i folketrygda, som utgjer kr 16 148 per mnd. Deltakarar under 25 år mottek 2/3-del av 2 G, dvs. kr 10 765 pr. mnd. Barnefamiljar i kvalifiseringsprogrammet får eit barnetillegg på kr 27 per dag per barn, dvs. kr 810 per mnd. per barn. Om deltakaren har 3 barn vert barnetillegget på kr 2 430 per mnd., i tillegg til kvalifiseringsstønaden på 2 G. Det vert ikkje ytt tilsvarande barnetillegg til deltakarar i INTRO. Dette forklarar noko av årsaken til at mange deltakarar i INTRO samtidig er mottakarar av sosialhjelp. Utfordringa er knytt til at ei inntekt på 2G i nokre tilfelle er i knappaste laget for å dekke naudsynte utgifter. Særleg store barnefamiljar og einslege forsørgjarar har behov for supplerande sosialhjelp i tillegg til inntekter frå INTRO-stønad, barnetrygd og bustønad. Deltakarar i INTRO kan ha ordinært arbeid som del av eller utanfor programmet, og nokre har klart å skaffe seg ekstrajobb på kveld/helg, som bidreg til å auke hushaldet si inntekt.

Volda, som mange andre kommunar, gir flyktningar sosialhjelp i busetjingsfasen før vaksne over 18 år startar i INTRO, og får sin første utbetaling av INTRO-stønad 2-4 mnd. etter busetjing. Volda nyttar også sosialhjelpsordninga til etablering, dvs. til innkjøp av møblar, utstyr, klede m.v. ved ankomst av nye flyktningar i kommunen. EM under 20 år med barnevernsvedtak får dekt sine behov gjennom drifta av EM-tenesta i barnevernet. Ifg. uttale frå tenesta har EM lite kontakt med NAV, berre ved stønad til etablering, særskilde helseutgifter eller suppleringsom sommaren etter fylte 20 år.

### *Helsestasjonen*

I uttale viser helsestasjonen til at dei er positiv til busetjing av 21 flyktingar i 2019. Høge busetjingstal i 2016 og 2017 var krevjande for å følgje opp flyktingane på ein god nok måte. Mange har helseproblem og god helseoppfølging er viktig for å lukkast med overgang til arbeid og utdanning. Helsestasjonen løyste dette med overtidarbeid, redusert oppfølging og færre gruppetilbod. Situasjonen vart noko betra gjennom styrkingsmidlar frå Helsedirektoratet, som førte til auka stillingressurs ved helsestasjonen.

Det er etablert gode samarbeidsrutinar med faste møter mellom helsestasjonen, Volda læringssenter, EM-tenesta, smittevernlege osv. Ordninga med ekstratilskot for flyktingar med særskilde behov blir brukt aktivt og ein har gode samarbeidsrutinar for tverrfagleg oppfølging. Vi er opptatt av god helseinformasjon og førebyggjande tiltak, og erfarer at vi når lengre med undervisning og grupper. Vi håper å ha nok ressursar til å halde fram med ICDP foreldrerettleiingsgruppe, Bra Mat kurs, Mor barn gruppe og undervisning om psykisk og fysisk helse, og prevensjonsundervisning. Det er ønske om trefftid på læringssenteret for å gje elevane eit lågterskeltilbod, og sikre at ein kjem tidleg inn med helsetiltak. Det er per i dag 42 elevar under 20 år ved læringssenteret. Helsesøster vonar å kunne starte opp skuletilbodet snarast råd, slik dei har på dei andre skulane i Volda. Volda læringssenter viser også til det gode samarbeidet med helsestasjonen. Dei har felles mål om arbeidet med brukarane og saman vert det gjort mykje godt førebyggjande arbeid.

### *Rus- og psykisk helseteneste*

I 2018 hadde rus- og psykisk helseteneste 23 brukarar med minoritetsspråkleg bakgrunn med vedtak om helsehjelp. Styrk arbeid er ikkje med i denne statistikken. Det er ikkje skilt på innvandringsbakgrunn, og det kan difor både vere flyktingar, asylsøkjjarar, arbeids- og familieinnvandrarar i statistikken. I uttale frå tenesta vert det vist til at flyktingar har rett på same helsetenester som den øvrige befolkninga. Erfaringsvis vil dei som har vore på flukt, oftare ha helseplager enn den øvrige befolkninga. Det betyr eit ytterlegare press på tenestene, som igjen føre til at terskelen for å få tenester frå tenesta blir ytterlegare pressa. Tenesta har sprengt kapasitet og ein skal ha gjennomgang av tenesta, for å sikre ei organisering som kan møte framtidige utfordringar. Då er vi ned på MÅ – oppgåver. Vi har ikkje kapasitet og kan ikkje ta på oss meir enn det vi må. Det vi bør gjere og kan velje, er uaktuelt å prioritere. Det vil bli mykje høgare terskel for å få tenester innan rus og psykisk helse framover for alle. Tenesta kan tilby personale i barnevern, skule, helsestasjon og læringssenteret rettleiing, dvs. å myndiggjere tenestene til å stå lenger i relasjonen og jobbe med psykisk uhelse og rusproblematikk der brukarane får tenestene sine i det daglege.

### *Gjensidig forpliktande samarbeidsavtale mellom IMDi og kommune gjennom K+*

Volda kommune har i perioden 2012-2018 hatt gjensidig forpliktande samarbeidsavtale med IMDi Midt-Norge om busetting, kvalifisering og integrering av flyktingar. Avtalen gir fleire fordelar, m.a. auka føreseieleg ressurstilgang knytt til inntekter, arbeidsmengde og utvikling av kompetanse, mulegheit for langsiktig planlegging og meir systematisk arbeid med busetjing og integrering, samt auka ressursinnsats frå IMDi for å støtte opp om kommunen sitt arbeid på integreringsfeltet. Gjennom det forpliktande samarbeidet har kommunen vore i posisjon til å gjere viktige grep og tiltak for betre resultatoppnåing. Målet er at flyktingane skal få eit økonomisk og sjølvstendig liv i det norske samfunnet raskast mogleg. Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover. Eit forpliktande samarbeid om busetjing av flyktingar vil styrke beredskapen på busetjings- og integreringsfeltet og gi meir føreseielege rammer for både staten og kommunen, samt gi rom for vidareutvikling, kompetanseheving og betre resultatoppnåing på feltet. Det må avklarast om samarbeidet skal vidareførast.

Volda kommune har samarbeidd tett med IMDI i desse åra, og som K+ kommune har vi forplikta oss til jamn og kvartalsvis busetting ut i frå behov og oppmoding frå IMDI. Ved auka busettingsbehov i perioden 2015-2017 vart tal flyktingar kommunen sa ja til å busetje dobla i høve tidlegare år. Kommunen har vist omstillingsevne når behovet har meldt seg, og med utgangspunkt i samarbeidsavtalen har kommunen alltid vore positive til å innfri IMDi sine busetjingsbehov. Som K+ kommune har vi over fleire år bygd opp unik kompetanse når det gjeld busetting og kvalifisering av flyktingar og EM. I nedgangstider skal samarbeidsavtalen gi kommunen eit visst tal flyktingar til busetting, slik at kommunen kan oppretthalde eit visst busettingsvolum og kompetanse. Det er viktig at kommunen også i framtida har føreseielege rammer og arbeidsmengde, og kan bevare den høge fleirkulturelle kompetansen som er opparbeidd over fleire år i samspel mellom offentleg, privat, frivillig sektor og i lokalsamfunnet.

### **Vurdering og konklusjon:**

Volda har lang erfaring med busetje og kvalifisere flyktingar, til eit sjølvstendig liv i Noreg. Volda har eit inkluderande samfunn, og flyktingar og andre minoritetsspråklege blir tatt godt i mot i lokalmiljø og arbeidsliv. Likevel har Volda, som mange andre kommunar, ein veg å gå på fleire område.

Rådmannen er uroa over allereie høge og aukande utgiftene til sosialhjelp i Volda. Det er sett i gang tiltak for betre kunnskapen om årsaksforholda gjennom tettare samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen. Målet er å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgjevande arbeid. Det vil vere krevjande å handtere aukande utgifter til sosialhjelp, samtidig som kommunen skal redusere drifta med om lag kr 30 mill. innan 2022. Realistiske løysingar vil heller vere å redusere omfanget av finansiert velferd gjennom å auke arbeidsdeltakinga.

Erfaringar frå kvalifiseringsprosjekt viser at samarbeid på tvers av kommunar, tenester og nivå, er essensielt for å kunne gi flyktingar best mogleg kvalifiseringsløp som vil føre til varig arbeid, samt god kompetanse og samhandling mellom tilsette på ulike arbeidsplassar og med lokalt næringsliv.

Som følgje av at staten satsar på færre og større kommunar for busetting av EM, samt at det er få EM som skal busetjast i landet, så vert Volda sitt bufellesskap lite og sårbart. Rådmannen vil som ein følgje av dette fase ut det siste døgnbemanna bufellesskapet for EM i Volda i 2019. Dette bør sjåast i samheng med tilsvarande prosess i Ørsta. Fagmiljøet vert for lite og sårbart når Ørsta fasar ut drifta av sine bufellesskap til at Volda åleine skal satse på å oppretthalde vidare drift av eit så omfattande og kostnadskrevjande bu- og omsorgstilbod for få EM. Små kommunar blir fort sårbare ved stadig opp- og nedbygging av tenestetilbod. Ein må ha eit visst volum og tal EM for å kunne oppretthalde eit høgt fagleg nivå og gi tilpassa tenester. Det har ikkje kommunane hatt siste åra, og då må drifta tilpassast reduserte behov. Rådmannen kan ikkje forsvare kostnadskrevjande tenester som går ut over dei statlege finansieringsordningane, samtidig som kommunen skal redusere drifta.

Det må vere ein tydeleg og langsiktig nasjonal strategi for busetting av EM som treng omfattande bu- og omsorgstilbod. Dei større kommunane er mindre sårbare ved opp- og nedbygging, og er slik meir robuste for å busetje denne målgruppa. Små faglege miljø i kommunar som Volda vert for sårbare når ein innafor få år både må gjennom ei omfattande opp- og nedbygging av tenesteapparatet. I Volda må vi sikte mot meir stabilitet og berekraftig utvikling på eit realistisk nivå i framtidig busetjings- og integreringsarbeid.

Rådmannen meiner ressursane må brukast mest mogleg kostnadseffektivt, både i stat og kommune. Tek ein med alle interne kostnader og kostnader til leing inneber drifta av



bufellesskapet i EM-tenesta ei netto utgift for Volda kommune. Volda kommune er vertskommune for eit relativt stort barnevern med store forventingar frå samarbeidskommunane. Primæroppgåvene i barnevernet overfor samarbeidskommunane og Volda kommune krev full merksemd frå barnevernssjefen. Det er forståeleg at dei som arbeider i bufellesskapet ikkje ønskjer utfasing av drifta. Samtidig må dei overordna omsyna til kommunen sin økonomi og drifta si berekraft vere det som er avgjerande for korleis kommunen skal organisere busetjing av einslege mindreårige.

I 2016 og 2017 bidrog kommunen på ein nasjonal dugnad i samband med flyktningkrisa, og det vart busett fleire flyktningar enn tidlegare år. I 2018 var vi attende til eit meir normalår, med busetjing av 20 flyktningar, derav 3 EM. Ei oppmoding på 21 flyktningar i 2019 ligg på tilsvarande nivå som i 2018, og er under rammevedtaket i k-sak 127/13 om busetjing av 25 flyktningar kvart år.

Ørsta kommune buset 15 flyktningar, derav ingen EM i 2019. Volda kommune må i framtida finne ein balanse mellom samfunnsansvar og berekraft med omsyn til at flyktningane vert integrert og sjølvhjelpne i samfunnet. I dag er Volda kommune K+ kommune, der det vert forventa noko høgare busetjing enn i samanliknbare kommunar. Volda kommune har ein arbeidsmarknad som rekrutterer høg kompetanse. I tillegg er det høge bustadprisar i Volda, noko som gjer det vanskeleg for flyktningar og andre med låg inntekt å skaffe eigen bustad i sentrumsområdet. Det slik sett ikkje naturgitte forhold for at Volda kommune skal vere ei større busetjingskommune enn t.d Ørsta. Volda kommune bør vurdere om ein vidare framover skal vere ein K+ kommune, og kva som vil vere rett nivå med tanke på god berekraft i busetjingspolitikken framover. Kommunen har bygd opp eit godt og kompetent tenesteapparat, og ei ev. nedtrapping bør vere planlagt og skje over tid.

For bratt nedtrapping av busetjingsarbeidet er også uheldig for kommuneøkonomien, og vi kan risikere å få knappe ressursar til å gi eit godt nok tilbod til dei flyktningane som allereie er busett.

Flyktningane utgjør ei ressurs for lokalsamfunnet, og bidreg til å sikre befolkningsvekst i kommunen. For å kunne gi gode og differensierte kvalifiseringstilbod, bør tal plassar til busetjing av flyktningar ligge på eit visst nivå. Tal deltakarar i INTRO vil bli redusert frå 95 i 2018 til mellom 45-50 i 2019. Reduserte busetjingsbehov krev tilpassing av tenestene. Dei høge busetjingsåra i 2016 og 2017 er løyst med stor arbeidsinnsats av dei tilsette. Samtidig har arbeidsbelastninga vore stor. Etter rådmannen sine vurderingar vil eit busetjingstal på inntil 25 per år, sikre at ein kan ta vare på den kompetansen som er opparbeidd over tid. Ein må forvente noko familieinnvandring til busette flyktningar, sjølv med stadig nye innstrammingskrav for dette.

For å oppretthalde eit visst volum og økonomisk nivå til å gje faglege forsvarlege tilbod, er det er under tvil rådmannen rår til å busetje inntil 21 flyktningar i 2019, derav inntil 2 EM over 15 år. All flyktningbusetjing skal skje gjennom Volda læringscenter.

Kommunen bør gjere ei vurdering av kva som er berekraftig busetjingspolitikk i åra framover. Volda og Ørsta har felles bu- og arbeidsmarknad, og kommunane har felles NAV-kontor. Det vil difor vere naturleg at desse to kommunane samarbeider om felles busetjingsstrategi der ein kan sjå eit samla tak for desse to samfunna. For å ha differensierte kvalifiseringstilbod i framtida, bør ein som ledd i dette også utgreie felles læringscenter for dei to kommunane. Kvalifisering av denne gruppa bør koplast nært til yrkesfagleg studieretning, og det kan vere aktuelt å vurdere eit nært samarbeid med framtidig ny vidaregåande skule i Ørsta.

### Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Busetjing av flyktningar og kvalifiseringstiltak for desse, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innafør ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

<i>TEMAOMRÅDE:</i>	<i>MÅL:</i>	<i>STRATEGI:</i>
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.	Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge. Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.	Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen. Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs. Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø. Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.
Folkehelse	Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar.  Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.	Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule. Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine egne evner, interesser og sjølvbilete. Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.  Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.  Volda kommune skal ha eit godt omdøme. Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.	Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats. Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen. Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar. Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar. Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

### Helse og miljøkonsekvensar:

Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Staten kompenserer kommunane for utgifter til busetjing og integrering av flyktningar. Tilskota utgjør det økonomiske grunnlaget for kommunen sitt busetjings- og integreringsarbeid. I tillegg til flyktningane med i rammetilskotet kommunen får for alle innbyggjarar som er folkeregistrert i Volda.

Integreringstilskotet vert utløyst for flyktningar og familiesameinte dei fem første åra etter busetjing. Stortinget har fastsett følgjande satsar for 2019: Einslege vaksne kr 237 000 i busetjingsåret, totalt kr 804 100 over fem år. For vaksne i familie, barn og EM utgjør tilskotet kr 187 000 i busetjingsåret, totalt kr 754 100 over fem år. Prognose for integreringstilskotet i 2019 for 163 personar er stipulert til kr 23 052 900, inkl. busetjing av 21 flyktningar i 2019.

EM-tilskotet blir utløyst i tillegg til integreringstilskotet, til EM er 20 år. 14 allereie busette EM vil utløyse i underkant av kr 10,8 mill. i 2019. Ytterlegare busetjing av 2 EM i 2019 vil utgjøre om lag kr 11,7 mill. i 2019. Kostnader til drift av døgnbemanna bufellesskap i Volda berekna til kr 10,7 mill. i 2019. EM-tilskotet for dei som er busett av tenesta utgjør kr 10 mill., dvs. eit negativt avvik mellom inntekter frå staten og utgifter til drift av EM-tenesta. Rådmannen vil utfase drifta av det døgnbemanna bufellesskapet i 2019, og sikre betre balansering til den økonomien som er tilgjengeleg for tenesteyting til målgruppa.

Når det gjeld norskopplæring vert det utløyst eit grunntilskot på kr 575 000 i 2019. I tillegg kjem eit tilskotet pr. person avhengig av kva land ein kjem frå, som vert utbetalt i tre år. Dei fleste kjem frå land som utløyser høg sats, på kr 32 300 per person. Det vert også utløyst tilskot til norsk- og grunnskuleopplæring for asylsøkjjarar i mottak.

Vi er uroa over få statlege ressursar og tiltak i NAV, og tilpassa vaksenretta løp i utdanningssystemet. Vidare er vi uroa over aukande tal ungdom som står utan aktivitet og er avhengige av økonomisk sosialhjelp. For fleire skuldast dette mangel på læreplassar, og fleire har flyktningbakgrunn. For å gi god kvalifisering til utdanning og arbeid, og aktiv samfunnsdeltaking, må staten sikre lokal- og regionalnivået tilstrekkelege ressursar til arbeidet. Det må satsast på tiltak for flyktningar og ungdom som hindrar eit langsiktig utanforskap. Dess meir økonomisk risiko det ligg i mottak av flyktningar, dess vanskelegare blir det for staten å sikre nok kommuneplassar og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

Volda har gode og stabile resultat i INTRO, når ein inkluderer overgang til grunnskule i resultatmålet. Det er avgjerande at Volda når målet om 60 pst. overgang til utdanning og arbeid for at flyktningararbeidet skal vere berekraftig. I tillegg til manglande heilskapleg statleg politikk, er næringsstrukturen ei utfordring for Volda. Vi har eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid. Dette gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og sjølvstendig liv med eigen bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Vi har i tillegg auka arbeidsløyse i regionen og usikre framtidsutsikter for sjukehuset. Det er difor under tvil at rådmannen tilrår auka busetjing av flyktningar.

Volda kommune sin kapasitet i tenesteytinga er tilpassa busetjing av 140 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårs periode. Auka busetjing i 2016 og 2017 kravde ei styrking av tenester i flyktningararbeidet. Redusert busetjingsbehov i 2018 og 2019 krev tilsvarande nedjustering.

Volda kommune har vore blant dei største kommunane i landet som har søkt og fått innvilga særskild ekstratilskot til arbeidet med ressurskrevjande brukarar i flyktningsgruppa. Det er ein risiko om kommunen i åra framover får ekstratilskot som kan vere med på å finansiere dette arbeidet. Rådmannen vil at dette arbeidet skal ha særleg prioritet, for best mogleg å kunne yte gode og tilpassa tenester for denne målgruppa.

Det er ein risiko om ein ikkje lukkast med å få flyktingane over i ordinær utdanning og arbeid, og bli økonomisk sjølvhjulpen, innafor tilskotsperioden på fem år.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen utover det som går fram av saka.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

IMDi: [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no)

KS: [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no)

Rådmann Rune Sjurgard

Økonomisjef, Kari Mette Sundgot

Oppvekstsjef, Per Ivar Kongsvik

Helse og omsorgssjef, Svein Berg Rusten

Barnevernsleiar, Aina Øyehaug Opsvik

Rektor Volda læringscenter, Stian Bjerkvik

Fagteamleiar EM, Anette Hauger

Leiar helsestasjonen, Toril Høydal

Leiar rus og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne

Leiar Førebygging, rehabilitering og legeteneste, Mona Helen Kile

Bustadkoordinator, Anne Marte Ådneram

Nav-leiar Ørsta/Volda

Eigedomsavdelinga, Kjell Magne Rindal.

Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her

# FAKTAANALYSE 2019

## status, utfordringar, tiltaksplan på busetjings- og kvalifiseringsfeltet i Volda kommune

---

### Status og utfordringar

#### 1. Befolkning og innvandring

Volda kommune har busett flyktningar sidan 1987. Gjennom meir enn 30 år med busetjings- og integreringsarbeid er oppgåva løpande og permanent for kommunen, og det har blitt opparbeidd høg fleirkulturell kompetanse blant dei tilsette i organisasjonen og i Volda-samfunnet. I perioden 2010-2018 er det busett 287 flyktningar i Volda, inkl. 51 einslege mindreårige (EM). Dette utgjer i snitt 32 flyktningar kvart år, derav i snitt 5,7 EM kvart år.

Det er først og fremst innvandring som sikrar positiv folketalsutvikling i Volda. Innvandrara utgjer 10,1 pst. av befolkninga i Volda. For Noreg er talet 14,1 pst. Personar med flyktningbakgrunn utgjer 4,1 pst. av befolkninga i Volda. For Noreg er talet 4,5 pst. Personar med flyktningbakgrunn utgjer 40,1 pst. av innvandarbefolkninga i Volda i 2018, og er den største gruppa av innvandrara i kommunen.

#### 1.1 Busetjing av flyktningar i Volda kommune

**Mål: Volda kommune skal busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak.**

##### 1.1.1 Busetjing av flyktningar i 2019

I 2019 er Volda kommune oppmoda om å busetje 21 flyktningar, inkl. 2 EM. 1 EM o/15 år og 1 EM u/15 år. Kommunestyret skal handsame busetjingssaka i møte 14.02.19.

Under følgjer framlegg til vedtak om busetjing av flyktningar i 2019, som skal handsamast i kommunestyremøte 14.02.19:

1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 21 flyktningar i 2019, derav inntil to einslege mindreårige over 15 år. Busetjing skal skje gjennom Volda læringscenter. Familiesameiningar kjem i tillegg.
2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av statlege finansieringsordningar for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.
3. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningararbeidet i kommunane.
4. Volda kommunestyre er innstilt på å oppretthalde det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat i integreringsarbeidet.
5. Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.
6. Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige ber kommunestyret om at det vert vurdert å prioritere busetjing av einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta

*integreringsprosessen på fleire område i Volda-samfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

### 1.1.2 Busetjing av flyktingar i 2018

I 2018 hadde kommunestyret to busetjingssaker til handsaming:

1. K-sak 148/17 i møte 14.12.18: Vedtak om busetjing av 14 flyktingar i 2018, inkl. 2 EM.
2. K-sak 100/18 i møte 30.08.18: Tilleggsvedtak om å auke tal flyktingar til 20 i 2018, inkl. 3 EM.

### Nøkkeltal 2018

#### Det vart busett 20 flyktingar i 2018:

- 17 vaksne/familiar derav:
  - 3 einslege vaksne, inkl. 1 EM o/18 år
  - 3 barnefamiliar; derav 5 vaksne og 8 barn.
- 3 EM i alderen 16-18 år.
- Kjønn: 13 menn, 7 kvinner.

#### Kvar kom dei frå:

- 13 er OFF fordelt på 3 familiar, 4 EM er busett frå EMA-mottaket i Volda, dei øvrige er busett frå andre mottak.
- Nasjonalitet: Syria: 8, Eritrea: 5, Sudan: 5, Afghanistan: 2.

#### Det kom 7 på familiesameining til herbuane flyktingar i 2018

- 3 vaksne og 4 barn; to barnefamiliar og 1 vaksen til herbuande flykting
- Kjønn: 4 menn, 3 kvinner
- Nasjonalitet: Eritrea: 4, Syria 3

#### Bustader:

- 7 av 17 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden.
- 3 EM vart busett i Smiebakken bufellesskap.
- 2 kommunale familiebusstader vart nytta til 1. gongs busetjing av OFF.
- 1 kommunal familiebusstade vart nytta ifm familiesameining til EM.

### 1.1.3 Jamn og kvartalsvis busetjing

#### Kvartalsvis busetjing, familiesameining og alternativ mottaksplassering i 2018

2018	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	SUM	Barn	Kvinner	Menn
Vaksen i familie	1	2		2	5		3	2
Barn u/18 år	4	1		3	8	8	3	5
Einsleg vaksen	1	1		1	3		1	2
Einsleg mindreårig (EM)	2	1*	1		4			4
<b>SUM</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>20</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>13</b>
Familiesameining			5	2	7	3	3	4
Alternativ mottaksplassering	1**				1	1		1
<b>SUM</b>	<b>9</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>8</b>	<b>28</b>	<b>12</b>	<b>10</b>	<b>18</b>

\* 1 EM o/18 år vart busett av Volda læringscenter

\*\*1 er alternativ mottaksplassert sidan 21.12.17, saman med familie busett i Volda.



**Busetjing frå Volda mottak**

Volda vil på nytt gje signal om at kommunen er særleg positive til å busetje flyktningar frå EMA-mottaket i Volda, som allereie er godt integrert i Volda-samfunnet. Kommunale tenester opplever store fordelar. Dei er godt kjende og har etablerte relasjonar i lokalmiljø, og det er tidssparande i høve kartleggings- og oppfølgingsarbeid som allereie er gjort av dei kommunale sektorane medan dei var bebuarar i mottak. Dei har allereie hatt mottakssamtale og fått fastlege, og får halde fram med oppfølging av same lærar og helsepersonell i 1. og 2. line etter busetjing. I 2018 vart 4 av 20 flyktningar busett frå Volda EMA-mottak. 3 vart busett av EM-tenesta i Smiebakken bufellesskap, og 1 som var fylt 18 år på busetjingstidspunktet, vart busett av Volda læringscenter.

**Utsøking av flyktningar til kommunen**

All busetjing avtalast gjennom kontaktsenteret til IMDi. Kommunen melder inn ledig husvære i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), og IMDi søker ut flyktningar til kommunen. Uavhengig av innmeldt ledig kapasitet og bustad, kan IMDi ta kontakt med kommunen for busetjing gjennom NIR. IMDi tek også direkte kontakt med sakshandsamarar i kommunen ved t.d. busetjing av OFF og EM. All godkjenning av busetjing skjer gjennom NIR. Det kan ta fleire månader frå kommunen melder inn ledig kapasitet til vi får utsøkt ein person. Dette gjer det vanskeleg å halde på ledige private bustader. IMDi viser til at det skuldast få flyktningar å søke ut for busetjing.

**Til-/fråflytting**

Kvart år flyttar personar innafor integreringstilskotsperioden over fem år til andre kommunar, oftast grunna skulegang og arbeid andre stader i landet. I perioden 2014-2018 har 49 flyktningar i integreringstilskotsperioden flytta frå Volda, medan vi i same periode hadde 16 tilflyttingar. Dette gir ei netto fråflytting på 33 personar innafor integreringstilskotsperioden.

**Til- og fråflytting, og netto fråflytting av flyktningar i integreringstilskotperioden**

	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Tilflytting	1	2	2	8	3	16
Fråflytting	13	11	8	9	14	49
Netto fråflytting	12	10	6	1	11	33

Flyttegrunn er ofte knytt til skulegang, arbeid eller nærleik til familie og nettverk. 1/3-del flyttar til Ålesund eller andre byar for å gå på skule. Spesielt vaksne har problem med å få plass på vidaregåande skule i nærområdet, og einslege vaksne vel ofte difor å flytte for vidare skulegang. 1/3-del flyttar grunna jobb andre stader i landet, medan 1/3-del flyttar grunna familie eller vener i andre kommunar.

**1.1.4 Resultat og status busetjing av EM**

I perioden 2010-2018 har Volda busett 51 EM, dvs. eit snitt på 5,7 kvart år. 48 er busett av EM-tenesta i døgnbemanna bufellesskap og 3 er busett på hybel gjennom Volda læringscenter.

**Busetjing av EM i Volda kommune i perioden 2010-2018.**

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
10	6	6	5	5	8	4	3	4	51

EM busett gjennom Volda læringscenter har vore 18 år på busetjingstidspunktet. Dei har vore deltakarar i INTRO og fått oppfølging og tiltak gjennom dette, av programrådgjevar, miljøarbeidar og lærar ved senteret. Dei som har vore under 18 år på busetjingstidspunktet har først blitt busett i døgnbemanna bufellesskap gjennom EM-tenesta, for så å flytte på hybel med oppfølging av oppfølgingstenesta (OPP).

Per januar 2019 har EM-tenesta i Volda oppfølging av 16 ungdom: 4 (17-19 år) i døgnbemanna bufellesskap og 12 (18-23 år) i OPP. Det er 6,54 årsverk i døgnbemanna bufellesskap, 2,42 årsverk i OPP og 1,15 årsverk administrasjon/fagstillingar. Dvs. til saman 10,11 årsverk.

Volda kan vise til gode resultat i EM-arbeidet. Dei fleste er deltek på norsk- og grunnskuleopplæring, er lærlingar, i utdanning eller arbeid, og leiger bustad på den private bustadmarknaden.

Av 48 som er busett gjennom EM-tenesta er 32 avslutta. 16 av desse har flytta. Dvs. at halvparten av dei det er avslutta EM-tiltak på i perioden 2010-2018, har flytta frå Volda. Av dei 16 som har flytta går 4 på skule, 9 er i arbeid, medan 3 ikkje er i tenleg aktivitet. 3 EM har fått familiesameining. Etter familiesameininga får ungdomane og familien oppfølging og tiltak frå Volda læringscenter.

Det bur att 16 EM i Volda som det er avslutta EM-tiltak på. Desse er under utdanning, er lærlingar, på VTA-tiltak eller i arbeid. Alle dei 16 som i dag er under oppfølging av EM-tenesta deltek i norsk- eller grunnskuleopplæring, ordinær utdanning, er lærlingar eller i praksisplass.

### **1.1.5 Framskaffing av bustader**

Tilgang på bustader er ofte flaskehalsen i busetjingsarbeidet. I Volda har situasjonen vore annleis. Stadig fleire flyktningar leiger privat bustad, nokre har kjøpt hus og få kommunale bustader vert nytta til 1. gongs busetjing. Kommunen har 88 gjennomgangsbustader og det er god gjennomstrøyming i desse. I 2018 vart det brukt 2 kommunale familiebusstader til 1. gongs busetjing. I tillegg vart det nytta 1 kommunal familiebusstad i samband med familiesameining til herbuande EM.

Volda har delteke i eit busetjingsforsøk initiert av IMDi der flyktningar skaffar privat bustad sjølve medan dei bur i mottak. I all hovudsak var det bebuarar ved tidlegare Volda mottak som skaffa seg privat bustad før busetjing sjølve, men også nokre få bebuarar i andre mottak. I 2018 vart 7 av 20 flyktningar busett direkte i private bustader ved 1. gongs busetjing. Dei private bustadene er formidla av tilsette i flyktningararbeidet, og kontraktane er mellom utleigar og leigetakar. Dette gjeld også i stor grad for EM, som flyttar på hybel på den private bustadmarknaden etter ei butid i døgnbemanna bufellesskap. Flyktningar som leiger på den private bustadmarknaden, søker ofte kommunal bustad ved familiesameining. Per i dag bur det flyktningar i om lag halvparten av dei kommunale bustadene.

Tilsette har over fleire år etablert kontakt med private huseigarar som er positive til å leige ut til flyktningar. Siste året har vi ved fleire høve opplevd å ha tilgang til ledige private bustader, utan å få flyktningar til busetjing. Det har vore størst utfordringar med å skaffe husvære til barnefamiliar på den private bustadmarknaden.

### **1.1.6 Burettleing**

Volda læringscenter gir både individuell og rettleing i grupper om korleis bu i Noreg. Ein miljøarbeidar har dette som hovudoppgåve. Miljøarbeidaren besøker alle heimar og gir flyktningar individuell oppfølging. Programrådgjevarar og miljøarbeidar samarbeider også med bustadkoordinator ved tildelingskontoret for oppfølging av bumiljø, både inne og ute. Det er særskild fokus på søppelhandtering, som stadig treng repetisjonar. Dei fleste gjer så godt dei kan, men det skal ikkje meir enn nokre få som ikkje følgjer opp, før nærmiljøet ser dårleg ut. I samarbeid med bustadkoordinator og Styrk arbeid har læringscenteret kvar sommar årlege dugnadar i alle kommunale bustadmiljø. Volda og Ørsta Reinhaldsverk er aktive med å trykke brosjyre på fleire språk og gi undervisning ved læringscenteret om søppelsortering.

### **1.1.7 Bustadsosiale utviklingsprosjekt**

I 2011-2013 fekk kommunen kompetansetilskot frå Husbanken til prosjektet *Bustadkarriere for flyktningar*. Det vart utvikla metodikk for butrening og buretta tiltak for flyktningar, med mål om sjølvstendig bustadkarriere. Det vert arbeidd godt med buretta tiltak i den grunnleggjande kvalifiseringa av flyktningar og EM. I 2016 fekk Volda læringscenter 1 årsverk som miljøarbeidar til arbeidet med etablering, busetjing, burettleing og oppfølging i bustad. Målet er at flyktningane raskast råd skal bli sjølvstendig på bustadmarknaden og sikre rask overgang frå kommunal til privat bustad.

I 2013-2014 deltok Volda i Husbanken si målgruppesatsing for *God og effektiv busetjing av flyktningar*. Fokuset var retta mot bustadsosiale utfordringar med framskaffing av bustader, auka

gjennomstrøyming i kommunale bustader, auka bruk av Husbanken sine virkemidlar, bruk av INTRO-tida til å arbeide med sjølvstendig bustadkarriere, og fokus på jamn og kvartalsvis busetjing.

I 2014 fekk kommunen kompetansetilskot frå Husbanken til greie ut modellen *Frå leige til eige og Privat leige av bustad*, samt til prosjektet *Å koordinere det fragmenterte*, som vart leia og koordinert av Møreforskning AS. Prosjektrapporten vart ferdigstilt i slutten av 2016, og tilrådingar og tiltak skal følgjast opp i arbeidet med bustadsosial handlingsplan.

### *Vidare satsingsområde*

I arbeidet med framskaffing av bustader er det gjort eit godt arbeid i kommunen siste åra, særleg knytt til fokuset mot å nytte den private bustadmarknaden til 1. gongs busetjing av flyktningar. Nedlegginga av Volda mottak har ført til at færre flyktningar er i stand til å skaffe privat bustad før busetjing, og tilsette må i større grad ta ansvar for framskaffing av bustader til 1. gongs busetjing. Ved aktivt å nytte den private bustadmarknaden, godt samarbeid med private huseigarar og opne for at flyktningar som ønskjer busetjing i Volda skaffar seg bustad sjølv, er det nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar siste åra. Systematisk arbeid med fleire buretta tiltak og sjølvstendig bustadkarriere har gitt rom for jamn og kvartalsvis busetjing og gode busetjingsresultat, samt sikra høgare grad av gjennomstrøyming i kommunale bustader. Slik har fleire kommunale bustader blitt frigjort til busetjing av flyktningar og andre vanskelegstilte. Vi ønskjer å halde fram med dette gode arbeidet.

Målgruppe for kommunal gjennomgangsbustad er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Grunna stor konsertrasjon av kommunale bustadar m.a. i Røyslidvegen/Smalebakken, vert det ofte ein uheldig blanding av barnefamiljar, personar med rus- og psykiske helseutfordringar og andre vanskelegstilte i same bumiljø. Det er spesielt rusmiljøet som er utfordrande for flyktningane, då det ofte inneber mykje støy, politiutrykkingar og uro i bumiljøet. I to særtilfelle har kommunen flytta familjar grunna svært dårleg bumiljø, men etter etablering av ROP-bustadane har bumiljøet blitt noko betra. Det er spesielt kombinasjonen hybel og familiebustad med felles inngang, som er svært uheldig. Ein opplever meir positive bumiljø i område med få kommunale gjennomgangsbustader, og ein ønskjer difor dette vert fokus i det vidare bustadsosiale arbeidet. Kommunen kan vurdere å selje nokre kommunale gjennomgangsbustader og kjøpte nye spreidd i ulike bustadområde. Området Røyslidvegen / Smalebakken er ideell for barnefamiljar grunna nærleik til skule, barnehage og buss, og difor er det positivt om ein kan nytte fleire bustader i dette området til barnefamiljar, men utan hybel i kjellaren. Familiebustadane har 3 soverom. Dette er ofte for lite om ein har fleire enn to barn, noko dei fleste barnefamiliane i flyktninggruppa har. Det er tidlegare kartlagt at kommunen treng fleire sentrumsnære fleksible bustader, som med små grep kan gjerast om frå hyblar til familiebustad. På kort sikt kan det vere aktuelt å kjøpe ledige bustader på den private bustadmarknaden. På lengre sikt kan det vere aktuelt å bygge fleksible kommunale bustader i nye bustadfelt. Kommunen bør også jobbe meir aktivt med modellen *Frå leige til eige*, som også er ei nasjonal satsing. Det finnst mange gode grep ein kan gjere i det bustadsosiale arbeidet, men det føreset ei meir aktiv prioritering av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Kvart år får flyktningfamiljar bistand til kjøp av eigen bustad. Ein stor barnefamilie som har vore busett i kommunen i meir enn 10 år, er i ein prosess med førebuing av bustadkjøp og søkte råd om finansiering ved hjelp av startlån i 2018. I 2017 gjekk to familjar saman om å kjøpe generasjonsbustad, finansiert av startlån frå Husbanken. Etter 11 års butid i kommunal bustad kunne bustadtraumen realiserast, og kommunen fekk frigjort to kommunale familiebustader.

## **1.2 Introduksjonsprogram (INTRO) - gode og stabile resultat**

**Resultatmålet i INTRO er 60 pst. dvs. det same som i 2017 og 2016. Tidlegare år var talet 70 pst.**

### **1.2.1 Status og resultat INTRO i 2018**

I 2017 hadde Volda rekordhøg deltaking i INTRO med heile 95 deltakarar. Som følgje av redusert busetjing i 2018 har tal deltakarar blitt redusert til 69. Dette er framleis eit høgt tal samanlikna med 2015 og tidlegare år.

Resultatet i INTRO i 2018 er **52 pst.**: 7 hadde overgang til arbeid og 8 til vidaregåande skule/høgskule. I Volda startar mange deltakarar eit grunnskuleløp som del av sitt program. Dei fleste går eit toårig løp og svært få avsluttar grunnskule som del av INTRO. I 2018 hadde 10 overgang frå INTRO til grunnskule, dvs. same tal som i 2017. Tek ein med desse i resultatmålinga har Volda eit resultat i INTRO på **86 pst.** i 2018.

<b>Resultat INTRO - Volda kommune</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Tal deltakarar INTRO	56	77	95	69
Tal deltakarar avslutta INTRO	15	17	34	29
Tal deltakarar overgang utdanning	3	4	10	8
Tal deltakarar overgang arbeid	7	6	7	7
Tal deltakarar overgang grunnskule	0	4	10	10
Tal deltakarar overgang NAV	2	2	4	2
Tal deltakarar overgang AAP	1	1	1	1
Tal deltakarar avslutta grunna flytting	1	0	1	1
Anna	1	0	1	
<b>RESULTAT (overgang arbeid/utdanning)</b>	<b>67%</b>	<b>59%</b>	<b>50%</b>	<b>52%</b>
RESULTAT inkl. grunnskule	67%	76%	79%	86%
Tal deltakarar som deltok mindre enn 2 år	8	3	11	7
Tal deltakarar m/utvida program	0	1	2	6

Grunnskule vert ikkje vurdert som overgang til utdanning i IMDi sin statistikk, og desse kjem difor ikkje med i den nasjonale statistikken. Eitt av regjeringa sitt satsingsområde på kvalifiseringsfeltet er kompetanse. Det er viktig at flyktningane får formell kompetanse for å sikre varig tilknytning til arbeidslivet. Eit grunnskuleløp som del av INTRO, og etter avslutta INTRO, er i tråd med regjeringa si satsing på kompetanse.

### 1.2.2 Status for 2014-kohorten – 4 år etter avslutta INTRO, pr. januar 2019

<b>2018</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>13 av 20 bur framleis i Volda/Ørsta fire år etter INTRO.</li> <li>12 av 13 er i arbeid eller utdanning.</li> <li>1 er på sosialhjelp</li> </ul>
<b>2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>20 deltakarar avslutta INTRO: 5 kvinner (K), 15 menn (M)</li> <li><b>55 pst.</b> hadde overgang til arbeid/utdanning (0 pst. K, 74 pst. M)</li> </ul>
<b>Konklusjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>10 av 13 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk fire år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 92 pst.</b></li> </ul>

### 1.2.3 Status for 2015-kohorten – 3 år etter avslutta INTRO, pr. januar 2019

<b>2018</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>12 av 15 bur framleis i Volda tre år etter avslutta INTRO</li> <li>6 er i fulltidsjobb og 3 har deltidsjobb</li> <li>2 er på AAP</li> <li>1 er på sosialstønad og 3 har supplerande sosialhjelp</li> </ul>
<b>2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>67 pst.</b> hadde overgang til arbeid/utdanning (0 pst. K, 67 pst. M)</li> <li>15 deltakarar avslutta INTRO: 4 kvinner (K) og 11 menn (M)</li> </ul>
<b>Konklusjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>7 av 12 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk 3 år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 67 pst.</b></li> </ul>

#### 1.2.4 Status for 2016 -kohorten- 2 år etter avslutta INTRO, pr. januar 2019

<b>2018</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 15 av 17 bur framleis i Volda to år etter avslutta INTRO</li> <li>• 9 er i arbeid eller utdanning</li> <li>• 2 har deltidsjobb og har supplerande sosialhjelp</li> <li>• 1 er på AAP og har deltidsjobb i tillegg</li> <li>• 2 er på tiltak gjennom NAV (arbeidsretta tiltak)</li> <li>• 1 er på KVP (kvalifiseringsprogrammet til NAV)</li> </ul>
<b>2016</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 17 deltakarar avslutta introduksjonsprogrammet i 2016 (6 (K), 11 (M))</li> <li>• <b>59 pst.</b> hadde overgang til arbeid/utdanning</li> <li>• Resultat inkludert overgang til grunnskule: <b>76 pst.</b></li> </ul>
<b>Konklusjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>11 av 15 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk 2 år etter avslutta INTRO. Dette utgjør eit resultat på 73 pst.</b></li> </ul>

#### Status 2-4 ÅR etter avslutta INTRO

- Analysen over viser positiv utvikling og auka resultatoppnåing få år etter avslutta INTRO.
- Butid aukar tilknyttinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsopphald.
- **2-4 år etter avslutta INTRO er 70 pst. av flyktningane i ordinært arbeid og utdanningssystem, og er økonomisk sjølvberga.**

#### 1.2.5 Kvalifiserande tiltak i INTRO

Volda kommune har m.a. følgjande tiltak i INTRO pr. 01.01.2019:

<b>Tiltak:</b>	➤ Norskopplæring	➤ Fritidsaktivitet
❖ Språkretta tiltak	➤ Grunnskule	➤ Flyktningguide
❖ Utdanningsretta tiltak	➤ Engelsk/matte	➤ Reinholdskurs
❖ Arbeidsretta tiltak	➤ Samtalegrupper	➤ Temabaserte kurs
❖ Buretta tiltak	➤ Språkpraksis/arbeids-	➤ Bra Mat-kurs
❖ Helseretta tiltak	trening	➤ ICDP-kurs
❖ Foreldreretta tiltak	➤ Burettleiing	➤ Kantinedrift, praksis
❖ Nettverksfremjande tiltak	➤ Aktivitet/trening	

I 2018 starta Volda læringscenter, i samarbeid med helsestasjonen, kurs i foreldrerettleiing (*ICDP – International Child Development Programme*) til barnefamiljar med innvandrarbakgrunn. Våren 2018 vart det arrangert 3 parallelle kurs i arabisk, norsk og tigrinja, og dei same kursa vart arrangert om hausten. Til saman har 36 foreldre i flyktninggruppa delteke på kurs. Regjeringa har forslag om at foreldrerettleiing skal bli ein obligatorisk modul i INTRO. Det er positivt at Volda allereie har etablert eit slikt tilbod før det blir obligatorisk.

Læringscenteret har over fleire år tilbydd *reinholdskurs* til deltakarar i INTRO i samarbeid med eigeomsavdelinga. Nytt av året er at nokre av elevane får oppfølging frå mentor medan dei er i praksis. Læringscenteret stiller med mentor som samarbeider tett med reinholdssjefen for å tilpasse praksisen og følgje opp utfordringar som oppstår. Alle som har delteke på reinholdskurset har fått sommarjobb med nedvask av kommunale skular og barnehagar, og nokre har også fått deltidsjobb som del av INTRO.

#### Språkpraksisarbeidet i 2018

I 2018 har Volda læringscenter hatt deltakarar utplassert på 31 ulike arbeidsplassar i lokalt næringsliv i Volda og Ørsta. Nokre arbeidsplassar har teke imot elevar frå senteret fleire gonger i løpet av året. Nokre elevar har fått prøve seg i ulike typar av praksis. Fleire av praksisplassane har læringscenteret



hatt eit godt og tett samarbeid med over mange år. Næringslivet i Volda er generelt svært positive til å ta imot elevane frå læringssenteret i praksis, men det er ein klar tilbakemelding at deltakarane må beherske språket på eit så høgt nivå at det er mogleg å kommunisere og forstå kvarandre. Dette er noko læringssenteret prøver så godt som råd å etterkomme. Det er ulike mål for plassering av elevane på dei ulike språkpraksisplassane. Vi kan sei at vi delar språkpraksis inn i tre kategoriar, der målet for praksisperioden er ulik.

### *1. Språkpraksisplass - der målet er å kome i gang med å praktisere munnleg norsk*

For desse kandidatane er praksisplass i barnehage, SFO og FFO nyttig. Her er målet først og fremst å få trua på eigne språkferdigheiter, slik at dei kjem i gang med å prate norsk. Dette kan vere tidleg i INTRO, så snart læraren vurderer at norsknivået er på eit så godt nivå at vedkomande kan fungere i praksis. Her er det ikkje mål om overgang til arbeid. I tillegg til språklæring er dette for dei fleste det første møtet med arbeidslivet i Noreg, og det er mykje læring knytt til ulike sider ved norsk arbeidsliv i denne type praksis. I samband med praksis vert bedriftene som tek i mot deltakarar gjeve informasjon om Jobbmentor-programmet som Volda læringssenter har utvikla i samarbeid Høgskulen i Volda og bedrifta Inclusion AS. Dette er eit utviklingsarbeid finansiert av IMDi, og har som mål å gi mentorane på arbeidsplassane meir kunnskap om å vere språkpraksisplass og på den måten gjere dei tryggare i rolla som mentorar. Mentorane har ei viktig rolle for elevane i språkpraksis. Dei kan gjere ei stor forskjell i forhold til språkinnlæringa, men har og ei viktig rolle i forhold til å lære frå seg skriven og uskrivne reglar i norsk arbeidsliv.

### *2. Språkpraksis for dei som har utdanning som mål*

Ei stor gruppe av elevane ved læringssenteret er motiverte for å ta utdanning for å sikre seg varig arbeid i Noreg. For denne gruppa er målet med språkpraksis først og fremst å heve det språklige nivået så høgt som råd før dei har overgang til grunnskule for vaksne, vidaregåande utdanning eller høgskule/universitet for dei som klarer det språklege kravet til opptak på høgare utdanningsnivå. Ein prøver å finne praksisplassar der deltakaren får høve til å praktisere norsk på ein så naturleg måte som råd. Om det er råd prøver ein å finne praksisplass innan det yrket som vedkomande har ønske om å utdanne seg til. Mange deltakarar har ønske om å jobbe innafør pleie og omsorgsyrker, barnehagar osv. For desse er ein praksis innan helse og omsorg ei nyttig erfaring. Mange tidlegare deltakarar i INTRO er no i ferd med å avslutte si fagutdanning innafør helsefag eller andre omsorgsyrker. Fokuset for denne gruppa er ikkje arbeid i første omgang, men å lære enda meir norsk og få viktig erfaringar. Språkpraksis kan difor for mange vere første introduksjon til det som seinare vert deira yrkeskarriere. For mange av deltakarane har språkpraksisplassen ført til ordinært arbeid som ekstravakter, deltidsarbeid og sommarvikar.

### *3. Språkpraksis med mål om overgang til arbeid*

Nokre av deltakarane har lang yrkeserfaring når dei kjem til Norge og har eit klart mål om å kome i arbeid så raskt som råd. Då har ein som mål å finne ein praksisplass som i størst muleg grad matchar deltakaren si kompetanse og mål, med ein arbeidsplass som kan ha behov for vedkomande som framtidig arbeidstakar. Døme på praksisplassar der ein har lukkast, er innan bygg og anlegg, møbelproduksjon, frisør og butikk. Her legg ein gjerne til rette for at deltakaren gradvis kan auke opp til full tid med praksis. Om ein får avtale om overgang til arbeid kan det vere nyttig å gje deltakaren tilbod om ulike typar kurs. Det kan vere kurs i varmearbeid eller stroppekurs, HMS-kurs m.v. I 2018 har tre kandidatar fått overgang til 100 pst. arbeid gjennom ført deltaking i språkpraksis, eller har fått lovnad om det når INTRO vert avslutta.

### *Utfordringar med praksisplassar til elevane med liten eller ingen skulebakgrunn*

Volda læringssenter har elevane på alle språklege nivå. Også dei med store utfordringar i å lære eit nytt språk. Nokre er analfabetar og har ein lang veg å gå for å lære språket. Andre har liten skulebakgrunn og erfaring med å tileigne seg kunnskap gjennom ordinær klasseromsundervisning. Dei har mange ressursar, men desse kan vere vanskeleg å veksle til det norsk arbeidsliv etterspør, utan eit langvarig tilrettelagd løp mot arbeid. I dag er det berre kantina på rådhuset i Volda som er eigna praksisarena til denne gruppa. Dei treng tett oppfølging og er ikkje muleg å plassere på ein ordinær språkpraksisplass.



Læringscenteret har gode erfaringar med å samarbeide med lokalt næringsliv og kommunale arbeidsplassar om språkpraksis. Deltakarane møter stor velvilje og vert tekne godt imot på praksisplassane. Det er avgjerande å ha eit nettverk av personar og bedrifter som kan kontaktast og brukast i dette viktige arbeidet. Nettverket bygger på tillit. Det er viktig at mentorane og praksisbedriftene har ein fast kontaktperson ved senteret som er tett på om noko oppstår og dei treng å diskutere eller hjelp til å løyse. Læringscenteret erfarer at det er ein fordel at arbeidet ligg til undervisningspersonale. Lærarane blir godt kjende med elevane, og får ofte kunnskap dei ikkje har klart å formidle i kartleggingssamtalar. Dei har også kunnskap om språkutviklinga til den einskilde, og kan lettare vurdere om vedkomande er klar for ein praksisplass og kva type praksis som er passande for det språklege nivået til deltakaren. Erfaringa med at språkpraksisansvaret ligg til ei undervisningsstilling er difor udelte positive. Det er og eit vesentlig moment at praksislærar har eit stort nettverk innan næringslivet i Volda og regionen, som vert nytta i arbeidet med å finne praksisplassar.

### Norsk- og grunnskuleopplæring for vaksne

Tal elevar ved Volda læringscenter som får norsk- og grunnskuleopplæring er halvert frå 2016 til 2018, frå 220 til 114 elevar. Dvs. ein reduksjon på 106 elevar over to år. Dette skuldast først og fremst at Volda mottak vart lagt ned frå mars 2017, men også færre elevar frå Volda EMA-mottak. Pr. januar 2019 er 40 av elevane deltakarar i INTRO, fordelt både på grunnskule og norskopplæring. Under følgjer oversikt over utviklinga frå 2016 til 2019.

	Februar 2016	Februar 2017	Februar 2018	Januar 2019	Reduksjon 2016 -2018
Tal elevar	220	156	114	113	- 106
Samla tal grupper	13	12	8	7	- 5
INTRO/Asyl-grupper	9	7	5	5	- 4
EMA-grupper	2	3	1		- 1
Grunnskulegrupper	2	2	2	2	

### Resultat norskprøve og samfunnskunnskap

Norskprøva er oppdelt i fire delar; lytte, lese, skrive og munnleg. Samla tal elevar som gjennomførte norskprøve i 2018 er 64. I 2017 var tilsvarende tal 56. Under følgjer oversikt over tal deltakarar som gjennomførte norskprøve i 2018.

Norskprøve	Mai/juni 2018					Desember 2018				
	A1	A2	B1	B2	SUM	A1	A2	B1	B2	SUM
Lytte	7	17	9	1	34			1	5	6
Lese	11	15	4	2	32			3	3	6
Skrive	8	16	10		34		2	4		6
Munnleg	4	24	9	3	40	2	12	7	3	24

#### 1.2.6 Overgang til grunnskule/utdanning etter INTRO

Volda har mange deltakarar som går eit utdanningsretta løp og som har overgang til grunnskule ved avslutning av INTRO. I IMDi sin statistikk for resultatmåling etter INTRO får ein ikkje positivt resultat på overgang til grunnskule, sjølv om deltakarane er i eit fornuftig og planlagt utdanningsløp og ikkje belastar sosialbudsjettet ved avslutning av INTRO. Vi finn det lite tilfredstillande at deltakarar som går fornuftig og målretta utdanningsløp ikkje blir verdsett i IMDi sin statistikk for resultatmåling etter INTRO. Det gir også eit feil bilete av det gode og grunnleggjande kvalifiseringsarbeidet i kommunen, som er heilt i tråd med dei nasjonale satsingsområde, retningslinjer og tilbakemeldingar vi får frå NAV. Det er viktig å oppnå varig arbeid og ikkje kortvarige arbeidsforhold, som nokre kan få ved overgang til arbeid etter INTRO. Å oppnå fagbrev kan gjerast på fleire måtar, men eit absolutt krav er grunnskule.

Det er viktig at IMDi si resultatmåling er treffsikker med tanke på målet om varig arbeid for deltakarar i INTRO. Slik det er no kan ein oppleve at det blir viktigare å oppnå gode resultat rett etter avslutta INTRO, sidan det gir ein meir positiv statistikk hos IMDi, mens korleis det ser ut for deltakaren etter 3, 5 og 7 år etter avslutta INTRO kan synast å vere mindre viktig.

### **1.2.7 Kvalifiseringsretta utviklingsprosjekt**

Gjennom deltaking i K+ og forpliktande samarbeidet med IMDi om busetjing og integrering av flyktningar, er kommunen i posisjon til å søke ulike tilskot til utviklingsprosjekt for å sikre jamn og kvartalsvis busetjing av flyktningar, og betre kvalifiseringa og resultatoppnåinga i norsk og introduksjonsprogram. Sidan 2010 har kommunen hatt ulike utviklingsprosjekt med finansiering av kommunale utviklingsmidlar (KUM) frå IMDi.

#### **Kvalifisering til lokalt arbeidskraftbehov 2015**

I 2015 hadde vi prosjektet *Kvalifisering til lokalt arbeidskraftsbehov*, der vi m.a. kartla framtidig lokalt arbeidskraftsbehov, arbeidde med rutinar for samarbeid med lokalt næringsliv, informasjon om språk- og arbeidspraksis som metode i kvalifiseringsarbeidet, rutinar for kontinuitet og oppfølging av praksisplassane og utvikla ein modell for kvalifiseringsløp med språk- og arbeidspraksis som tiltak. Kommunen lukkast med å få fleire deltakarar over i arbeid og fekk nyttig informasjon om kva lokalt næringsliv ønskjer av oppfølging og tilrettelegging for å ta i mot personar i praksis. Det vart også avdekt at vi hadde få kommunale praksisplassar samanlikna med privat næringsliv. Dette tok vi utgangspunkt i ved søknad om KUM for 2016 og 2017.

#### **Kommunale kvalifiseringsarena 2016-2017**

Søknad om KUM frå IMDi i 2016 tok utgangspunkt i eit toårig prosjekt i 2016/2017, med fokus mot å opprette kommunale praksisarena der Volda læringscenter skulle stå ansvarleg for praksisplassane. I 2016 vart det starta opp *Kantine* på rådhuset i Volda, samt *Serviceteam* som har hatt oppgåver på kommunale bygg og eigedom. Kvalifiseringstiltaka var etablert og drifta i samarbeid med arbeids- og inkluderingsbedrifta Furene AS. Målgruppe har vore flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram med liten eller ingen skulebakgrunn, som treng tett og god oppfølging i praksis. Medio 2017 vart samarbeidet med Furene AS avslutta, og det vart innleia eit samarbeid med sektor helse og omsorg om kantineiltaket. Sentralkjøkkenet har det kjøkkenfaglege ansvaret, medan tenesta for funksjonshemma og læringscenteret samarbeider om arbeidsleiing og brukarar frå begge tenestene i tiltaket. Samarbeidet har ført til stabil drift med deltakarar frå begge tenester med pedagogisk og arbeidsretta oppfølging av arbeidsleiar, assistent frå læringscenteret og mentorar som følgjer brukarar frå sektor helse og omsorg. Serviceteamet hadde for få deltakarar til drift 2. halvår 2017, og vart mellombels «lagt på is». Det er dialog med sektor helse og omsorg/Styrk Arbeid om å ta i mot deltakarar frå Volda læringscenter og løyse oppgåver som serviceteamet tidlegare utførte. Vi ser nytten av at fleire tenester snakkar meir saman på tvers av einingar og sektorar, og det er sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har til mandat å kartlegge behov, utfordringar og satsingsområde for å sikre betre samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

Kimen Sosial Entreprenør AS si satsing på *Gartneri* på Folkestad var initiert av tre deltidsstudentar som deltok på innovasjonsskulen på Lillehammer, i regi av Volda kommune. Som utgangspunkt for studiet skulle studentane velje ei utfordring kommunen står overfor, der det er behov for å finne nye løysingar. Utfordringa ein valde var kvalifisering til entreprenørskap for busette flyktningar i Volda, med fokus på dei som har utfordringar med å kome seg inn på ordinær arbeidsmarknad. Satsinga til Kimen kunne realiserast gjennom tilskot frå NAV og fylket, samt finansiering frå Volda kommune. I 2017 deltok 4 flyktningar i språk- og arbeidskvalifisering som del av sitt introduksjonsprogram. Ein lærar frå Volda læringscenter følgde elevande til gartneriet 5 t/v. Etter ei evaluering av tiltaket valde styret i Kimen å avvike drifta med verknad frå 2018. Kimen sitt gartneriltak var eit flott tilbod til deltakarane, og det er utarbeidd ein arbeidsmetodikk som del av verdien i innovasjonsprosjektet. Utvikla metodikk vert arbeidd vidare med i kvalifiseringsarbeidet, m.a. knytt til oppfølging av deltakarar i praksis og overfor helsefagkandidatane.

Satsinga på etablering og utprøving av kommunale kvalifiseringsarena har gitt fleire gode resultat knytt til overgang til ordinære språkpraksis plassar i lokalt næringsliv, auka språkkunnskapar og kunnskap om norsk arbeidsliv, auka sjølvtilitt og sosiale ferdigheiter.

Vi har framleis ein tidlegare deltakar i INTRO i prosjektet *Menn i helse*, som er i byrjinga av 2019 skal gå opp til fagprøve. Han har ein av tre *kommunale lærlingplassar for vaksne flyktningar*, som kommunestyret oppretta i 2016. Alle tre lærlingplassane er i bruk frå hausten 2018 i helse og omsorg.

### *Helsefagløp for minoritetsspråklege*

Kvalifisering gjennom utdanning er det nye satsingsområdet til regjeringa. For å få dette til må ein samarbeide på tvers av kommunane og mellom stat/fylke/kommune. Ulstein, Hareid og Volda kommune søkte og fekk innvilga tilskot frå IMDi i 2018, til å utarbeide eit skreddarsydd og komprimert fagopplæringsløp i helsefag for minoritetsspråklege, i samarbeid med NAV og fylkeskommunen. Alle kommunane i Sjustjerna har med deltakarar i helsefagprosjektet. Volda har med ein kandidat i det komprimerte helsefagløpet som starta i september 2018, og har i tillegg inkludert tre vaksne minoritetsspråklege helsefaglærlingar i prosjektarbeidet lokalt. Sjustjerna Flyktning vil søkje vidare finansiering for 2019, i tillegg til at det vert arbeid med etablering av eit tilsvarande komprimert løp i industrifag, i samarbeid med lokalt næringsliv.

I prosjektarbeidet lokalt er det etablert ei prosjektgruppe og samarbeid mellom læringscenteret og omsorgssenteret, og koordinator for lærlingordninga i kommunen. Ein lærar frå læringscenteret har ansvar for å hjelpe dei fire helsefagkandidatane med språklege utfordringar på arbeidsplassen, og oppgåveløysing i praksisperioden. Helsefagkandidatane har fast studietid med støtte frå lærar kvar onsdag på Volda læringscenter. Her vert det arbeid med faguttrykk som kan vere vanskeleg å forstå og konkrete faglege utfordringar dei opplever i praksis. Det er og rom for å ta opp ulike sider ved arbeidslivet som kan vere kompliserte for å forstå. Døme på slike tema er ferielova, fagforeiningane si rolle i arbeidslivet og andre tema dei har spørsmål om knytt til norsk arbeidsliv. Tilbodet er individuelt tilpassa den einkilde sine behov. I tillegg til deltakaren i det komprimerte helsefagløpet, er det tre minoritetsspråklege lærlingar i ulike fasar av læretida. To starta læretida i august 2018, medan ein er i slutfasen av «Menn i helse»-prosjektet og skal opp til fagprøve tidleg i 2019. Deltakaren i det komprimerte helsefagløpet er nystarta, og får mykje oppfølging knytt til utfordringar med språket, og ønskje om å styrke innlæringa av språk i dei ulike fellesfaga og helsefag. Generelt i gruppa er behovet stort for å jobbe med ulike omgrep og fagtekstar for å utvikle betre språklege ferdigheiter munnleg og skriftleg.

Tilbakemeldingane frå deltakarane er at dei synast dette er ei viktig støtte i utviklinga av fagkunnskap og arbeidslivskunnskap, og at samlingane har vore til stor nytte medan dei er i praksis. Det å kunne møte andre i same situasjon fast ein gang i veka og diskutere ulike faglege spørsmål, er fagleg utviklande og ikkje minst medverke til å utvikle språklege ferdigheiter. Det er eit klart ønskje om å halde fram tiltaket gjennom heile praksis-/læretida. Ein bør også sjå på om tilbodet kan utvidast til å omfatte andre minoritetsspråklege i praksis og arbeid i omsorgssektoren, samt andre lærlingar. Ei utviding av tal deltakarar vil kunne auke læringsutbytte og medverke til god språkleg utvikling for kandidatane.

### *Opplæring i fleirkulturell kommunikasjon og fleirkulturelt arbeidsmiljø på arbeidsplassen*

Det er også arbeid på systemnivå som del av prosjektet, med opplæring av tilsette i fleirkulturell kommunikasjon og fleirkulturelt arbeidsmiljø på arbeidsplassen. Arbeidet starta våren 2018 med kartlegging av opplærings- og oppfølgingsbehov for minoritetsspråklege medarbeidarar. I juni 2018 vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant alle tilsette i helse og omsorg i Volda kommune, for å kartlegge kva dei opplever som utfordringar og styrker med å vere ein fleirkulturell arbeidsstad. Den viste at det er mange positive effektar ved å vere ein fleirkulturell arbeidsplass, men også at det oppstår ein del utfordringar og avvik grunna kommunikasjonsvanskar.

Utfordringane kan ha mange årsakar, og i dialog mellom einingsleiargruppa i helse og omsorg og læringsssenteret, var det semje om å gjennomføre interundervisningsopplegg og gruppeprosess i avdelingane. Fokuset er på behovet i avdelingane og kva vi kan gjere for å arbeide enda betre saman. Ein starta opp i oktober 2018 med opplegg på fagdagar i eininga Heimetenestene omsorgsbustadar. Eininga består av tre bygg med døgnbemanna omsorgsbustadar. Kvar 6.veke er kvar personalgruppe samla til felles fagutvikling og personalmøte. Lærar frå læringsssenteret har delteke med opplegg fordelt over to samlingar i kvar bustad. Til saman vart det gjennomført 5 samlingar i 2018. Personalgruppene er svært nøgde med opplegget, og ein fekk gode dialogar på samlingane. Tilbakemeldingar frå personalet er at dette var nyttig, ikkje berre med tanke på tverrkulturelt samarbeid, men også for samhaldet og samarbeidet i heile personalgruppa. Læring om kommunikasjon, samhandling og samarbeid er veldig viktig i ein arbeidskvardag, som er heilt prisgitt god samhandling for å kunne yte gode tenester og sørge for eit helsefremjande arbeidsmiljø for alle. Det er semje om at dette er eit opplegg som skal gjennomførast i alle einingane som har fleire minoritetsspråklege medarbeidarar.

### **Jobbmentor**

Jobbmentorprosjektet vart starta våren 2016 i samarbeid mellom Volda læringsssenter, Høgskulen i Volda og bedrifta Inclusion AS. Ein fekk tildelt midlar frå IMDi for å utvikle eit mentor-prosjekt i arbeidet med kvalifisering av flyktningar. Målet var å utvikle eit opplæringsprogram som skulle gjere det lettare for bedriftene å ta imot deltakarar i språkpraksis, ved å gi tilsette ved bedriftene opplæring som mentorar for deltakarane i språkpraksis. Det ville gjere mentorane tryggare i rolla og auke utbyttet for deltakarane i språkpraksis. Prosjektet utvikla opplæringsmateriell og ei eiga heimeside (jobbmentor.no) med informasjon om språkpraksis for mentorane. Programmet vart testa ut i 2016. I 2018 vart det innvilga nye midlar frå IMDi for å vidareutvikle prosjektet og teste det ut i eit større geografisk område. I 2018 har programmet vore testa ut i Volda og Ørsta kommune. Det har vore ei erfaringssamling der fleire samarbeids-bedrifter i Volda og Ørsta deltok. Tilbakemeldingane frå dei som har nytta mentorprogrammet er gode. Det har vore nyttig å få meir kunnskap om metodar og erfaringar knytt til å ta imot ein kollega som ikkje beherskar språket. I tillegg har mentorprogrammet ført til eit tettare samarbeid mellom språkpraksiskommunane. Ein har også fått eit tettare samarbeid mellom Volda læringsssenter, Høgskulen i Volda og Inclusion AS. Jobbmentor har blitt lagt merke til utanfor Volda si kommunegrense. Ein har blitt kontakta av eit læringsssenter i Oslo som ønskte å lære meir om programmet. I tillegg av ei stor EU-konferanse om integrering i Tallin, for å halde innlegg om programmet. Jobbmentor vart og føreslått av IMDi som eit av dei programma som dåverande integreringsminister Sylvi Listhaug burde besøke då ho skulle på erfaringssamling kring om i Noreg. Programmet vert i dag nytta til opplæring av alle nye mentorar, og det vil bli søkt om midlar for å vidareutvikle programmet i 2019.

#### **1.2.8 Vidare satsingsområde**

Siste prosjektet som har vore satsingsområde er som nemnd vore **jobbmentor** og komprimert **helsefagopplæring** for vaksne minoritetsspråklege. Ein tek sikte på å søke midlar til vidareføring av begge prosjekta i 2019. Vi ser at mange kommunar i distrikta er for små til å kunne starte utdanningsløp utan å samhandle med andre. I begge prosjekta vert det utvikla ein modell basert på interkommunalt samarbeid med nabokommunar. Når det gjeld tilrettelagde utdanningsløp for minoritetsspråklege vert det samarbeidd i Sjustjerna Flyktning om felles tilskotssøknad for 2019 for å sikre nok volum til å starte gode tilrettelagde kvalifiseringsløp for målgruppa. Det har vore møte med fylkeskommunen som er positive til eit samarbeid om eit tilrettelagd løp for fagbrev i **industri**. Behovet for utdanning har vist seg som viktig for å lukkast å få varig arbeid, noko som også blir bekrefta av NAV. Noreg er eit høgkompetanseland der stadig fleire yrker krev utdanning, og då fagbrev som eit minimum for fast tilsetjing.

Vi er uroa over **mangel på læreplassar** i arbeidslivet, særleg for unge og vaksne flyktningar som har utdanning som mål og er ferdig med den grunnleggjande kvalifiseringa med norskopplæring, INTRO og dei obligatoriske åra på skulen i eit yrkesretta utdanningsprogram. Mange flyktningar står diverre sist i køa når læreplassar i arbeidslivet skal fordelast. Vi ønskjer ein tydelegare nasjonal satsing og

betre tilrettelegging for fleire læreplassar for flyktningar, slik at dei kan fullføre fagbrev og kome seg i varig arbeid med sjølvstendig inntekt. Avbrot over fleire år i påvente av læreplass for å fullføre eit opplæringsløp framstår ikkje som samfunnsøkonomisk, effektivt og berekraftig. Det er uheldig for den det gjeld, for samfunnet som manglar fagarbeidarar, og for kommunane m.a. i form av auka utgifter til sosialhjelp. I søknad om tilskotsmidlar vidare vil difor også dette vere eit satsingsområde i 2019.

Næringsstrukturen i Volda med eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid, gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og bli økonomisk sjølvstendige med eigen bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Gjennom utviklingsprosjekta i kvalifiseringsarbeidet vert det etablert ny kunnskap og nye metodar, som bidreg til at flyktningane får betre heilskapleg og målretta kvalifisering for raskare overgang til ordinær utdanning og arbeid, og slik bli økonomisk sjølvstendige. Statlege tilskotsordningar gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og tiltakskapasitet for å gi gode og tilpassa integrerings- og kvalifiseringstiltak for flyktningar.

Vi vil også halde fram det gode samarbeidet med helse og omsorg om oppfølging av minoritetsspråklege helsefagkandidatar i praksis og arbeid, og fleirkulturell kompetanseheving ute på arbeidsplassane. Sektoren har mange minoritetsspråklege på dei fleste avdelingane både i praksis, som vikarar og ekstrahjelp, og nokre har faste stillingar. Det er viktig å sjå desse i samheng med læreplassane som er oppretta for vaksne flyktningar.

Vidare vil ein i kvalifiseringsarbeidet kontinuerleg ha eit **resultatfokus** og arbeide for å nå måltala for overgang til utdanning/arbeid, og at flyktningane raskast råd vert økonomisk sjølvstendige. Dette er viktig for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. Resultatoppnåinga i Volda er høgare enn landsgjennomsnittet, men vi kan bli betre. Vi ser at mykje endrar seg for den einskilde etter avslutta INTRO m.a. grunna overgang til utdanning som utløyser rett til lån og stipend, og som gjer at mange vert økonomisk sjølvstendige. Butid aukar tilknyttinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsopphald få år etter avslutta INTRO. Dette gir indikasjonar om at det vert gjort eit godt grunnleggjande kvalifiseringsarbeid i Volda dei første åra etter busetjing. Samtidig så ser vi at kvalifisering til arbeidslivet tek tid. Volda læringscenter vil i større grad enn tidlegare år utvide INTRO-tida frå 2-3 år for dei som treng eit lengre kvalifiseringsløp. Det vert stadig større krav til betre norskkunnskapar og formell kompetanse. Det er difor viktig å lage ein god base for alle deltakarane som dei kan bygge vidare på etter avslutta INTRO.

Det er sett i verk tiltak for å betre kunnskapen om årsaksforholda til auka sosialhjelp siste åra og betre kvaliteten på oppfølginga. Eit viktig satsingsområde er å **auke arbeidsdeltakinga**, som er viktig for å redusere utanforskap og auke levekåra for personar og familiar med låg inntekt. Gjennom tettare **samarbeid mellom NAV og ulike tenester i kommunen**, er målet å korte ned tida den einskilde har behov for økonomisk sosialhjelp, og sikre raskare overgang til inntektsgevande arbeid. Erfaringane frå samarbeidet er positive og vil halde fram med auka fokus i 2019.

Volda kommune har i perioden 2012-2018 hatt gjensidig **forpliktande samarbeidsavtale med IMDi** Midt-Norge om busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar. Avtalen har gjeve fleire fordelar, m.a. auka føreseieleg ressurstilgang knytt til inntekter, arbeidsmengde og utvikling av kompetanse, mulegheit for langsiktig planlegging og meir systematisk arbeid med busetjing og integrering, samt auka ressursinnsats frå IMDi for å støtte opp om kommunen sitt arbeid på integreringsfeltet. Gjennom samarbeidet har Volda vore i posisjon til å gjere viktige grep og tiltak på feltet for å betre resultatoppnåinga. Målet er at flyktningane skal få eit økonomisk og sjølvstendig liv i det norske samfunnet raskast mogleg. Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover. Eit forpliktande samarbeid om busetjing av flyktningar vil styrke beredskapen på busetjings- og integreringsfeltet og gi meir føreseielege rammer for både staten og kommunen, samt gi rom for vidareutvikling, kompetanseheving og betre resultatoppnåing. Det må avklarast om samarbeidet skal vidareførast.



## 2. Tiltaksplan i busetjings- og integreringsarbeidet 2019

(rullerast årleg)

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
<b>BUSETJINGS- FREMJEANDE TILTAK</b>  <b>2.1 Framskaffe bustader til jamn og kvartalsvis busetjing</b>  <b>Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta:</b>  <b>"Bustadkarriere for flyktningar" og "God og effektiv busetjing av flyktningar"</b>	1.1	<i>Framskaffe bustader til 1. gongs busetjing</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre jamn og kvartalsvis busetjing av flyktningar</li> </ul>	<b>VLS EM-tenesta</b>	Kontinuerleg
	1.2	<i>Kjøp av bustader</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunestyret fatta vedtak om kjøp/bygging av nye bustader til flyktningar i 2016</li> <li>Låneramma er sett til kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot</li> </ul>	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Tiltaket er prioritert i bustadsosial handlingsplan for 2017-2020
	1.3	<i>Utgreiing av framtidig behov for bustadbygging</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunestyret har fatta vedtak om at administrasjonen skal utgreie sak om korleis dekke framtidig behov for bustadbygging for busetjing av flyktningar, der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.</li> </ul>	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Ikkje avklart.
	1.4	<i>Frå leige til eige / Kjøp av eigen bustad</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Implementering av "Frå leige til eige"</li> <li>Tilstrekkeleg låneopptak av startlån for vidaredeling</li> </ul>	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Prioritert i bustadsosial handlingsplan
	1.5	<i>Privat leige av bustad</i>	Vidareutvikle rutinar for privat leige av bustad: <ul style="list-style-type: none"> <li>Flyktningar skaffar privat bustad sjølve</li> <li>Overgang frå kommunal til privat leige av bustad</li> <li>Oppfølging av huseigar, burettleing m.v.</li> </ul>	<b>VLS EM-tenesta Helse og omsorg</b>	Kontinuerleg
	1.6	<i>Sikre god gjennomstrøyming i kommunale utleigebustader</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontakte flyktningar i god tid før husleigekontrakta går ut</li> <li>Informere, motivere og bistå med å skaffe privat bustad</li> <li>Gi bistand til finansiering av eigen bustad; startlån, bustadtilskot, bustønad</li> </ul>	<b>Helse og omsorg (tildelingskontoret)</b> Husbandansvarleg	Kontinuerleg
	1.7	<i>Bustadsosial plan</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bustadsosial handlingsplan vedteken av kommunestyret i 2018</li> </ul>	<b>Helse og omsorg</b> Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Kontinuerleg



INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
<b>BUSETJINGS-FREMJEDE TILTAK</b>  <b>2.2 Sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar</b>  <b>Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta:</b>  <b>"Bustadkarriere for flyktningar" og</b>  <b>"God og effektiv busetjing av flyktningar"</b>	2.1	<i>Sikre betre implementering og gjennomføring av programmet for burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar i Volda</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Deltakarar i introduksjonsprogram og einslege mindreårige flyktningar skal som fast aktivitet ha tiltak retta mot burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i sin individuell plan</li> <li>• Flyktningar skal frå dag ein i Volda få informasjon om å bu, burettleiing, sjølvstendig bustadkarriere, korleis skaffe eigen bustad, ivaretaking av husværet, uteområde, bumiljø, nabolag</li> <li>• Utarbeide plan for korleis gjennomføre arbeidet med burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Introduksjonsprogrammet</li> <li>○ Arbeidet med kvalifisering av einslege mindreårige</li> <li>○ For andre flyktningar/tidlegare busette</li> </ul> </li> </ul>	<b>VLS</b> Programrådgjevarar/ miljøarbeidar  <b>EM-tenesta</b> ,/særkontakt  Bustadkoordinator helse og omsorg, i samarbeid med VLS	Kontinuerleg
	2.2	<i>Auke kunnskapen om Husbanken sine lån, tilskot og støtteordningar</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi informasjon på individnivå til brukarar</li> <li>• Gi informasjon i gruppe på Volda læringscenter</li> <li>• Etablere fleire informasjonsarena for brukarar og tilsette</li> <li>• Gjere informasjonsmateriell tilgjengeleg for hjelpeapparatet, leigetakarar i kommunale og private bustadar, og andre interesserte.</li> </ul>	<b>Husbankansvarleg</b> <b>VLS</b>	Kontinuerleg

Faktaanalyse og tiltaksplan for busetjing og kvalifisering av flyktningar i Volda kommune 2019

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
<b>INTEGRERINGS- FREMJEDE TILTAK</b>  <b>2.3 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i introduksjonsordninga</b>  <b>Kommunale kvalifiseringsarena</b>  <b>Helsefagprosjekt</b>  <b>Jobbmentor</b>	3.1	<i>Vidareutvikle, evaluere og implementere dei kommunale kvalifiseringstiltaka</i>	Kommunale kvalifiseringsarena for språk- og arbeidstrening for flyktningar og deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kantine på rådhuset</li> <li>2. Reinholdskurs med oppfølging av mentor i praksis</li> <li>3. Helsefagarbeidarutdanning</li> <li>4. Jobbmentor</li> </ol>	<b>PO</b> <b>Rektor VLS</b> <b>Helse og omsorg</b> <b>Eigedomsavdelinga</b>	Pågåande Februar 18. Pågår August 18. Pågår Pågåande
	3.2	<i>Resultatfokus i introduksjonsprogrammet</i>	Oppnå resultatmålet om 60% overgang til ordinær utdanning/arbeid: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide rutinar for å sikre kontinuerleg resultatfokus i det daglege arbeidet</li> <li>• Redusere fråver og sikre høgare grad av deltaking i INTRO</li> </ul>	<b>Rektor VLS</b> <b>Fagansvarleg VLS</b> Programrådgjevarar Ass. Rektor/lærarar VLS Samarbeid med NAV	Kontinuerleg
	3.3	<i>Vidareutvikle samarbeidet med NAV</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre god oppfølging av ny samarbeidsavtale mellom NAV og Volda læringssenter</li> </ul>	<b>Rektor VLS</b> <b>NAV-leiar</b>	Fornya feb.-18. Skal evaluerast årleg.
	3.5	<i>Kompetanseheving i kvalifiseringsarbeidet</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• K+ nettverkssamlingar</li> <li>• Innovasjon og entreprenørskap som verktøy i integreringsarbeidet</li> <li>• Rettleingsmetodikk og motivasjon av deltakarar</li> </ul>	<b>PO/Rektor VLS/lærarar</b> Programrådgjevarar	Pågår

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
<b>INTEGRERINGS- FREMJANE TILTAK</b>  <b>2.4 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i norskopplæringa</b>	4.1	<i>Fagnorsk på arbeidsplassen</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fagnorsk innan helse- og omsorg for deltakarar i helsefagarbeidarutdanning, språk- og arbeidspraksis, minoritetsspråklege vikarar og tilsette.</li> </ul>	<b>Rektor VLS HO</b>	Oppstart hausten 2018. Pågår.
	4.2	<i>Basisfag i norskopplæringa</i>	For deltakarar med utdanning som mål: <ul style="list-style-type: none"> <li>Tilby basisfag tidleg for å effektivisere kvalifiseringsløpet og sikre rask overgang til vidaregåande skule</li> </ul>	<b>Rektor VLS</b>	Pågår
	4.3	<i>Tilrettelegge for fleire komprimerte utdanningsløp for vaksne, som fører fram til fagbrev</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppstart av komprimert helsefagarbeidarutdanning i samarbeid med NAV</li> <li>Sende søknad til IMDi om komprimert industrimekanikkutdanning i lag med kommunane på Søre Sunnmøre.</li> </ul>	<b>NAV HO PO</b>	Oppstart hausten 2018. Pågår.  Februar/mars 19
	4.4	<i>Resultatfokus i norskopplæringa</i>	I samband med obligatoriske språkprøver skal det arbeidast for: <ul style="list-style-type: none"> <li>Å spisse opplæringa mot språkprøvene</li> </ul>	<b>Rektor VLS</b>	Kontinuerleg
	4.5	<i>Jobbmentor</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføring av jobbmentor i samarbeid med Høgskulen i Volda.</li> <li>Oppfølging av deltakarar i språkpraksis</li> </ul>	<b>Rektor VLS Høgskulen i Volda Inclusion AS</b>	Pågår

## Volda kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:  
Ordførar  
Rådmann

Dykkar ref:

Vår ref:  
18-07707

Dato:12.12.2018

## Oppmoding om busetting av flyktningar i 2019

Busetting er første steg i integreringsprosessen i kommunen. Norske kommunar har dei siste åra gjort ein god innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar.

Kunnskapsdepartementet har bestemt eit sett med kriterium for oppmoding om busetting i 2019. IMDi har, i samarbeid med KS, vurdert oppmodingstalet til kommunane i samband med desse kriteria.

På bakgrunn av dette, ber Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om at kommunen busetter **21** flyktningar i 2019.

### Einslege mindreårige

IMDi ber om at **1** av dei **21** plassane vert heldt av for einslege mindreårige over 15 år, og at **1** av dei **21** plassane vert heldt av for einslege mindreårige under 15 år. Viss alderssamansetninga av dei einslege mindreårige endrar seg, ber vi om at kommunen er fleksibel og busetter frå både Bufetat sine omsorgssentre og Utlendingsdirektoratet sine mottak for einslege mindreårige.

### Handsaming av oppmodinga

Det må kome tydeleg fram av vedtaket kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette. Vi oppfordrar kommunen til å fatte vedtak i tråd med talet på oppmodinga. Dette medverkar til at busettinga går raskare og vil korte ned ventetida for den einskilde flyktning. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald.

### Svar på oppmodinga

Frist for å svare på oppmodinga er 15. februar 2019.

Vi ber kommunen om å:

- sende vedtaket sitt til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS ved [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no)
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (Imdinett). For tilgang til fagsystemet og meir informasjon, sjå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>

### Bakgrunn for tala

Dei nyaste prognosane viser at det er naudsynt å busette om lag 5 350 flyktningar i Noreg i 2019, inkludert 150 einslege mindreårige kor av 40 under 15 år.

Det berekna busettingsbehovet har bakgrunn i:

- prognosar over talet på asylsøkjara til Noreg
- prognosar over talet på innvilga asylsøknadar
- Stortinget sitt vedtak om tal på overføringsflyktingar
- Andre internasjonale forpliktingar

Prognosane kan variere gjennom året. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flyktingar kan justerast i tråd med behovet. Personar som er søkt ut til kommunen i 2018 og vert registrert som busett over nyttår, tel på kommunen sitt vedtak for 2019.

## Flyktingar med behov for oppfølging

Nokre flyktingar har eit særskilt behov for oppfølging knytt til funksjonsnivået sitt. Kommunar som busetter flyktingar kan difor rekne med at einkilde personar som skal busettast har særskilte behov. IMDi har ei eiga tilskotsordning for å dekke eventuelle ekstraordinære utgifter som kommunen har som følgje av busettinga. Les meir om dette på IMDi sine nettsider:

<https://www.imdi.no/tilskudd/tilskudd-funksjonshemminger-atferdsvansker/>

## Kontakt

Ta kontakt med IMDi Midt-Norge dersom dykk har spørsmål om oppmodinga. IMDi deltek gjerne i dialog med kommunen, også i samarbeid med andre aktuelle statlege aktørar.

Med helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

IMDi Midt-Norge

Marit Elin Eide  
regiondirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og treng difor ikkje signatur.*

**IMDi**Integrerings- og  
mangfoldsdirektoratetOrdfører  
Rådmann

Deres ref:

Vår ref: rsf 01

Dato: 22.11.2018

## Informasjon om bosetting av flyktninger

Dette brev sendes som informasjon til alle kommuner som ble anmodet om å bosette flyktninger i 2018.

### Bosetting av flyktninger i 2019

Bosettingsbehovet for 2019 er beregnet å være på om lag 5 300 personer. [Kriterier for fordeling av flyktninger til kommunene i 2019 er fastsatt av Kunnskapsdepartementet](#). Disse ligger til grunn når IMDi, i dialog med KS, vurderer hvilke kommuner som skal anmodes og hvor mange flyktninger den enkelte kommune skal bli bedt om å bosette. Aktuelle kommuner kan vente å motta anmodningen fra IMDi i løpet av desember.

### Bosetting inneværende år

Ved utgangen av oktober var det bosatt om lag 3 700 personer. I tillegg til ordinær bosetting fra mottak, vil det være behov for å bosette en del overføringsflyktninger som etter planen kommer til Norge mot slutten av året. Det er viktig at bosetting skjer så raskt som mulig, og da fortrinnsvis i inneværende år. Personer som registreres som bosatt over nyttår, vil telles på kommunens 2019-vedtak.

IMDi arbeider for å fylle bosettingsplassene som den enkelte kommune har fattet vedtak om for 2018. Det er imidlertid få bosettingsklare flyktninger i mottakene, og IMDi kan ikke garantere at alle bosettingsplasser i kommunene vil kunne benyttes.

Ta gjerne kontakt med IMDis [kontaktsenter](#) ved spørsmål om bruk av bosettingsplasser i din kommune eller andre bosettingsrelaterte spørsmål.

### Fortsatt mange deltakere i introduksjonsprogram

Det vil være rundt 19 000 deltakere i introduksjonsprogram mot slutten av 2018. Målet er at disse skal raskt over i arbeid eller utdanning og bli aktive deltakere i lokalsamfunnet. Skal vi lykkes i dette arbeidet, har kommunene en helt sentral rolle. IMDi ser derfor fram til et fortsatt godt samarbeid om bosetting og integrering av flyktninger.

Vennlig hilsen

for Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Marit Elin Eide  
regiondirektør IMDi Midt-Norge





Regjeringen.no

# Skal ikke bosette i områder med høy innvandrerandel

Pressemelding | Dato: 26.10.2018 | Kunnskapsdepartementet

(<http://www.regjeringen.no/no/dep/kd/id586/>)

| Nr: 187 - 18

– For å hindre segregering og øke deltagelsen i det norske samfunnet, strammer vi inn styringen av hvor flyktninger skal bosettes. Vi stiller også strengere krav til resultater for kommunene, sier kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner.

– For å sikre bedre integrering vil vi styre bosetting slik at flere kommer til kommuner med gode resultater i integreringsarbeidet, og der de kan få jobb og kvalifisering. Det er store variasjoner i kommunenes resultater på dette området. Det er viktig at flere flyktninger kommer i jobb, slik at de kan forsørge seg selv og bidra til verdiskapning og velferd.

## Tydelige mål for bosettingspolitikken

– Vi må motvirke segregering, og sørge for at innvandrere blir integrert i små og store felleskap i det norske samfunnet, sier Sanner.

Som hovedregel skal det ikke bosettes flere flyktninger i områder med en høy andel med innvandrerbakgrunn.

– 80 prosent blir boende der de først blir bosatt. Derfor er også tydeligere styring av bosettingen viktig. Vi legger godt til rette for deltakelse og gir de som kommer til Norge muligheten til et godt liv, samtidig som vi stiller strengere krav, sier Sanner.

Det er nå Kunnskapsdepartementet som skal godkjenne kriteriene for hvor nyankomne flyktninger skal bosettes. Tidligere har dette vært delegert til Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger, der blant annet Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) og KS sitter.

**Departementet har besluttet følgende kriterier for bosetting av flyktninger i kommunene, etter å ha mottatt innspill fra Nasjonalt utvalg for bosetting:**

- Flyktninger skal bosettes i alle landsdeler – styrt og spredt bosetting.
- Resultater i introduksjonsprogrammet de siste tre årene samt muligheten for å få arbeid i regionen skal tillegges størst vekt.
- Kommunens kapasitet og kompetanse til å sikre godt integreringsarbeid skal tas hensyn til ved anmodninger. Dette vurderes blant annet med utgangspunkt i kommunenes innbyggertall.
- Ingen kommune skal anmodes om færre enn 10 personer, med mindre det foreligger særskilte forhold som barn og unges behov for nærhet til familie og nettverk.
- Det skal tas hensyn til beredskap for opp- og nedbygging av bosettingskapasiteten, stabilitet i tjenestetilbudet og evne til rask omstilling.
- Det skal som hovedregel ikke bosettes flyktninger i områder med særskilt høy andel innvandrerbefolkning.
- Kommuner med integreringsmottak, inkludert randkommuner, skal vurderes særskilt for anmodning om bosetting.
- Det skal i størst mulig grad sikres kontinuitet i bosettingsarbeidet.

Resultater i introduksjonsordningen og mulighet for arbeid skal vektas med om lag 60 prosent i vurderingen, noe som er betydelig høyere enn dagens ordning.

Kommunenes kapasitet og kompetanse skal blant annet operasjonaliseres gjennom innbyggertall og vektas med omlag 40 prosent i vurderingen.

Kunnskapsdepartementet

[^ Til toppen](#)



Regjeringen.no

Ansvarlig for [Kunnskapsdepartementets sider](#):

Ansvarlig redaktør: [Anbjørg Bakken](#)

Nettredaktør: [Martin B. Andersson](#)

Telefon: 22 24 90 90

E-post: [postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Ansatte i KD: [Depakatalog](#)

Organisasjonsnummer: 872417842





## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Siri Birkeland Solheim

Arkivsak nr.: 2017/2188

Arkivkode: 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/19	Formannskapet Kommunestyret	05.02.2019

### VOLDA UNGDOMSSKULE - VIDARE PROSESS

#### Administrasjonen si tilråding:

Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggst til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:

1. Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.
2. Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen
3. Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga
  - a. Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi
  - b. Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar
  - c. Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette
  - d. Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen
  - e. Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur
4. Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.
5. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.
6. Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.

#### Vedleggsliste:

**Uprenta saksvedlegg:**

PS 12/18

OS 139/18

Teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule

Moglegheitsstudie Volda ungdomsskule

**Samandrag av saka:**

Etter gjennomført teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule i 2017, er det konkludert med at det er eit stort behov for renovering og ombygging på skulen. Dette resulterte i at det i PS 12/18 vart vedtatt at ein skulle gjennomføre ei moglegheitsstudie for å kartlegge nivå og omfang av ombygging og renovering. Moglegheitsstudiet er gjennomført i samsvar med mandatet som vart gitt i PS 12/18, med nokre unntak, og vart presentert for formannskapet i OS 185/18. Resterande punkt i mandatet er utgreia av administrasjonen og vert lagt fram i denne saka. Føremålet med saka er å få eit vedtak på kva alternativ for renovering/nybygg kommunestyret ynskjer at ein skal gå vidare med, og få satt mandat for vidare prosess.

I saka vert følgjande alternativ for skulen vurdert og presentert:

- Minimumsalternativet – Alternativet går ut på å rive sidefløy og gymsalar, behalde hovudbygget i hovudsak slik det er i dag, og bygge eit tilbygg som inneheld klasserom og grupperom for elevane. Minimumsalternativet er basert på kva ein minimum må gjere av tiltak for å sikre gode klasseromsløysingar for elevane
- Renovering og tilbygg (2B) – Alternativet går ut på at ein skal ta vare på restverdien i hovudbygget og renovere dette opp til dagens krav, samstundes som ein supplerer med eit nytt tilbygg som skal sikre tilstrekkeleg med areal til skulen. Sidefløy og gymsalar rivast.
- Ny skule (3B) – Alternativet går ut på å rive sidefløy og gymsalar, bygge ny skule på tomte, og rive hovudbygget når den nye skulen står klar

**Saksopplysningar/fakta:**

I tillegg til dei punkta som moglegheitsstudiet har tatt føre seg og vurdert, har administrasjonen gjort følgjande vurderingar som blir lagt fram i denne saka:

- Overordna vurdering av alternativt areal for skulen i byggeperioden ved renovering av hovudbygget, og kostnadsvurdering av ei slik løysing
- Areal til ungdomsklubb på skulen
- Kartlegging av hovudberesystemet
- Elevantvikling ved sentrumsskulane i Volda med prognoser for utviklinga i komande år så langt dette er mogleg

Elevantvikling ved Volda ungdomsskule

I arbeidet med moglegheitsstudiet er det tatt utgangspunkt i at ein skal bygge ein skule for dei elevane som skal byrje på Volda ungdomsskule slik skulestrukturen er i dag. Det er dermed henta inn prognose for elevtal ved Øyra skule, Bratteberg skule, Mork skule, Austefjord skule og Vikebygda skule. Nedanfor er det satt opp ei oversikt over elevantviklinga på Volda ungdomsskule fram til og med skuleåret 2030/2031, som er så langt vi kan sjå ut frå tal på born i Volda kommune født til og med 2017.

Skuleår	8. klasse	9. klasse	10. klasse	Totalt elevtal
2018/2019	95	104	100	299
2019/2020	100	95	104	299
2020/2021	107	100	95	302



2021/2022	109	107	100	316
2022/2023	109	109	107	325
2023/2024	98	109	109	316
2024/2025	91	98	109	298
2025/2026	77	91	98	266
2026/2027	77	77	91	245
2027/2028	67	77	77	221
2028/2029	69	67	77	213
2029/2030	70	69	67	206
2030/2031	72	70	69	211

Ut i frå elevtalsutviklinga ser vi at elevtalet på skulen når ein topp i skuleåret 2022/2023, for deretter å søkke i dei komande åra. Sjølv i dette toppåret vil det totale talet på elevar på 325, vere under kapasiteten på det minste alternativet som er lagt fram i moglegheitsstudiet (360 elevar).

### Bæresystemet

Nordplan har utført ei vurdering av bærekonstruksjonen i hovudbygget basert på den dokumentasjonen ein har funne frå byggeåret. Grunnen til vurderinga, er at ein ynskja å vurdere om bærekonstruksjonen har openbare svakheiter som vil påverke ei ev. renovering av bygget. Frå byggetidspunkt til i dag har dimensjonerande snølast auka frå 150 kg/m<sup>2</sup> til 400 kg/m<sup>2</sup>, i tillegg til at kravet til u-verdi er auka. Dette vil seie at for at hovudbygget skal stette dagens krav, må taket ha kapasitet til å ta den auka snølasta i tillegg til lasta av etterisoleringa.

Konklusjonen frå Nordplan, er at takkonstruksjonen over aulaen har god kapasitet medan taket over klasseromma ikkje har det. Grunnen til at kapasiteten er betre for taket over aulaen, er at det vart etablert stålförsterkningar på denne delen i 2008. Denne delen vil difor tole ei etterisolering, i tillegg til å ha kapasitet til dagens dimensjonerande snølast. Taket over klasseromma derimot, vil ikkje kunne tilfredsstille dagens krav utan at ein forsterkar konstruksjonen. Vurderinga for taket over klasseromma er noko usikker på grunn av manglande dokumentasjon frå byggeår på denne delen, og det må tas atterhald om at konstruksjonen kan ha noko meir restkapasitet enn ein kan konkludere med i dag.

### Størrelsen på klasserom

Etter innspel frå Oppvekstsjefen er det i moglegheitsstudiet lagt til grunn ein klasseromsstørrelse med kapasitet på opptil 30 elevar. Ut i frå dette er det difor konkludert med at dagens klasserom er for små, og at ein må bygge om romstrukturen i hovudbygget dersom ein skal bruke dette vidare.

Dersom ein ser på norm for lærartettleik for 8.-10. trinn, seier denne at ein skal ha éin lærar per 20 elevar frå skuleåret 2019/2020. Dette opnar opp for at ein kunne vurdert ein klasseromsstruktur med plass til opptil 20 elevar. Ein slik struktur ville gi behov for fleire klasserom, men den ville også gitt moglegheit til å behalde dagens størrelse på klasserom i hovudbygget, og redusert omfanget av renoveringa. Ved vidare utgreiingar har ein vurdert reduksjonen i omfanget til å kunne gi ei inn sparing i størrelsesordenen 4 mill., men ein har også vurdert ei slik løysing til å gi mindre fleksibilitet for skulen. Løysinga ville i tillegg føre til at ein ville hatt større utfordringar med å få til ein god struktur med fordeling av klasserom og grupperom. Konklusjonen er difor at ei løysing med å halde på dagens klasserom vil vere ugunstig, og at inn sparingspotensialet er lågt sett i samband med at ein får ei dårlegare løysing for skulen. I ei ev. skisseprosjektsfase, bør ein likevel sjå nærare på klasseromsstrukturen, og vurdere om ein ynskjer ein viss variasjon i størrelsen på

klasseromma og heller vurdere å ha fleire klasserom. I samanheng med dette arbeidet, kan ein også vurdere ein større fleksibilitet ved å planlegge med at nokre grupperom kan gjerast om til klasserom ved behov. Dette gir moglegheit til å kunne dele inn eit klassetrinn i 5 klasser, dersom det av ein grunn er behov for mindre klassegrupper.

For arealstørrelsen på klasseromma er det i moglegheitsstudiet lagt til grunn 2,25 m<sup>2</sup> per elev. Den faglege norma for areal sett av Statens helsetilsyn, er at eit klasserom bør planleggast etter ei arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> per elev. Ein har vidare konkludert med at ein ved ei større renovering eller bygging av nybygg, bør legge seg litt over det som er satt som minimum. Dersom ein reduserer arealet til 2 m<sup>2</sup> per elev, vil ein kunne redusere det totale arealet på 12 klasserom med 90 m<sup>2</sup>.

### Ungdomsklubb

I moglegheitsstudiet er det ikkje inkludert areal til ungdomsklubb i romprogrammet. Grunnen til dette er at det har pågått fleire prosessar med tanke på lokalisering av klubben, samt at ungdomsrådet i OS 163/18 informerte om at dei ynskjer ei plassering av ungdomsklubben i det nye kulturhuset. Gjennom arbeidet med moglegheitsstudiet er det gjennomført ei vurdering med tanke på plassering og ev. sambruk av areal til ungdomsklubben. I vurderinga er det konkludert med at det ikkje er mogleg å få inkludert areal til ungdomsklubben i hovudbygget, noko som gjer at arealet må inkludertast i eit tilbygg (eller nybygg). Med bakgrunn i ynskja til areal frå klubben, er det også vanskeleg å finne utstrekt sambruk med skulen. Grunnen til dette er at areala for ein ungdomsklubb bør ligg samla, og sjølv om ein kan sjå sambruk av nokre av romma med skulen sitt bruk, vil det vere vanskeleg å samle desse til same område. Areal til klubben vil difor i stor grad kome i tillegg til skulen sitt areal. Dersom det er aktuelt og ynskjeleg å inkludere klubben på skulen, kan ein gå vidare med desse utgreiingane i neste fase.

### Fiskeklekkeri og skyttarbane

I utarbeida rom- og funksjonsprogram er det ikkje sett av areal til fiskeklekkeri og skyttarbane, noko som gjer at det ikkje er planlagt med areal til desse føremåla i ein ev. ny skule. Aktivitetane ligg ikkje under kommunale ansvarsoppgåver og er difor ikkje prioritert i arbeidet. Ved ei ev. renovering av hovudbygget vil eksisterande areal kunne nyttast vidare til desse aktivitetane, då arealet er lite brukbart til skuledrift.

### Dei ulike alternativa

Som grunnleggande føringar for moglegheitsstudiet, er det tatt utgangspunkt i at skulen skal nytte nye Campus Arena til kroppsøving når denne hallen står klar. Det er også, gjennom tilstandsanalysen og moglegheitsstudiet, konkludert med at sidefløya på skulen har lågare restverdi enn hovudbygget, og at den er lite funksjonell og fleksibel for vidare bruk, blant anna på grunn av breidda av bygget. Med bakgrunn i desse vurderingane er det, for alle alternativa som blir lagt fram, føreslått at gymsalane og sidefløya rivast.

I mandatet til moglegheitsstudiet er det spesifisert at ein skal sjå på to alternativ med tanke på elevtalet på skulen. Det minste alternativet skal innehalde klasserom til 4 parallellar for alle årssteg og ha plass til 300 elevar, medan det største alternativet skal innehalde klasserom til 5 parallellar for alle årssteg og ha plass til 400 elevar. Med bakgrunn i at ein ynskjer klasserom med plass til opptil 30 elevar, kan ein med 4 parallellar summere seg til ein totalkapasitet på 360 elevar, og med 5 parallellar ein totalkapasitet på 450 elevar. Dersom ein ser på prognosen for elevtalsutviklinga, vil ein skule med 4 parallellar per årssteg og ein totalkapasitet på 360 elevar, ha god kapasitet til elevane i toppåret 2022/2023 (topptal på 109 elevar per klassetrinn og totaltal på 325 elevar). Administrasjonen har difor lagt til grunn det minste alternativet for vurderingar av økonomi og areal.

I tilstandsanalysen av skulebygget er det konkludert med at bygningsmassen i hovudbygget har ein relativt stor restverdi som ein bør søkje å nytte seg av vidare. Dette vart også lagt til grunn ved oppstart av moglegheitsstudiet, og ein hadde då som utgangspunkt å sjå på moglegheita av å nytte hovudbygget vidare, og supplere med eit nybygg. Gjennom arbeidet med moglegheitsstudiet er det gjort vidare vurderingar ut i frå dei ynskja og innspela som er kome frå skulen og Oppvekst, og det er konkludert med at noko av den restverdien som vart lagt til grunn i tilstandsanalysen, er vanskeleg å nytte seg av vidare. Ved utarbeiding av kostnadsoverslag for alternativet med tilbygg og renovering av hovudbygget, såg ein også at dette er ei relativt kostbar løysing. I OS 139/18 vart difor formannskapet informert om at administrasjonen i tillegg ynskja å legge fram to andre alternativ for løysing. Dette resulterte i at ein har tre alternativ ein har vurdert vidare i saka:

- *Alternativ 2B* (nummereringa er iht. moglegheitsstudiet) – Rive sidefløy og gymsalar. Renovere hovudbygget opp til dagens krav. Hovudbygget skal innehalde areal til klasserom og grupperom for 360 elevar. Bygge eit tilbygg med tilknytning til hovudbygget som skal innehalde areal til lærarar, administrasjon og praktiske fag.
- *Alternativ 3B* (nummerering iht. moglegheitsstudiet) – Bygge ny skule for 360 elevar. Rive hovudbygget når ny skule er etablert.
- *Minimumsalternativet* – Rive sidefløy og gymsalar, behalde hovudbygget i hovudsak slik det er i dag og bygge eit tilbygg som inneheld klasserom og grupperom for 360 elevar, samt areal for musikk og sløyd.

#### Alternative areal for skulen i byggeperioden

For alle alternativa som er skissert, planlegg ein med å rive gymsalane og sidefløya. I desse areala har skulen i dag areal for faga kroppøving, kunst og handtverk, sløyd og musikk (i tillegg til nokre valfag). Rivinga av sidefløya er planlagt utført tidleg i byggeperioden, noko som gjer at skulen må finne alternative areal og/eller alternative aktivitetar for desse faga i byggeperioden. Dersom ein går vidare med eit av dei skisserte alternativa, må ein gå i nærare dialog med skulen for å planlegge korleis ein skal løyse dette. Alternativ som bør utgreiast nærare er:

- **Kroppøving** – Kroppøvinglokale for skulen er planlagt inn i den nye Campus Arena. Denne hallen er planlagt ferdigstilt til skuleåret 2020/2021, og det vil difor sannsynlegvis ikkje vere behov for alternative areal i noko stor grad. Ved behov kan skulen belage seg på utegym i dei månadane dette er mogleg, men ein må likevel finne garderobefasilitetar. Voldahallen har i dag ikkje kapasitet til å ta inn fleire klasser, men ein kan vurdere moglegheit for bruk av garderber. Kommunen bør også gå i dialog med Høgskulen for å sjå på ev. ledig kapasitet i Idrettsbygget
- **Sløyd** – For sløydfaget vil skulen mest truleg måtte nytte seg av alternative aktivitetar i stor grad. Som supplement kan ein også gå i dialog med Øyra skule for å sjå om ein kan nytte seg av ev. ledig kapasitet i sløydalen der.
- **Musikk** – Skulen bør vurdere om det er mogleg å gjennomføre alternative aktivitetar i byggeperioden og vurdere i kva grad ein kan bruke tradisjonelle klasserom. Det er også mogleg å gå i dialog med Øyra skule for å sjå på eventuell sambruk av areal der.
- **Kunst og handtverk** – skulen bør sjå på moglegheitene for å utføre aktivitetar i tradisjonelle klasserom i perioden. Ein kan også gå i dialog med Øyra skule for å sjå på moglegheit for å nytte ledig kapasitet der

I tillegg til areal for praktiske fag, er det også, for alle skisserte alternativ, planlagt med å fjerne skulen sitt bibliotek i byggeperioden. Skulen må i denne perioden nytte seg av folkebiblioteket og biblioteket på Høgskulen.

#### Plankrav i området

Området ungdomsskulen ligg på i dag har plankrav, noko som gjer at det er krav om at det må gjennomførast ein reguleringsprosess i forkant av bygging på tomta. Det er vanskeleg å estimere noko tidslinje for dette arbeidet per i dag, men det er truleg at det tek rundt eit år å gjennomføre. Det vil bli vurdert å gjennomføre delar av planprosessen parallelt med planlegginga/prosjekteringa for å kunne spare noko tid.

## **Vurdering og konklusjon:**

### *Minimumsalternativet*

I minimumsalternativet er det tatt utgangspunkt i dei tiltaka ein minimum bør gjere for å sikre tilstrekkeleg tal på klasserom som er meir fleksible og har tilhøyrande grupperom.

Minimumsalternativet er ei overgangsløysing der ein planlegg med å bygge ein ny skule i 2 trinn. I første byggetrinn er det planlagt med eit nybygg som skal innehalde areal til klasserom og grupperom for elevane, samt areal til musikk og sløyd. Tilbygget vil frigjere mykje areal i hovudbygget som kan brukast til å sikre meir areal til lærarar og administrasjon, samt areal til praktiske fag som kunst og handverk, mat og helse mm.

Fordelane med løysinga er at ein sikrar gode areal til klasserom og grupperom for elevane og ein kan bruke hovudbygget i byggeperioden, noko som reduserer kostnadar til alternative areal. Det er også den billigaste løysinga, fram til ein går i gang med byggetrinn 2.

Ulempene med løysinga er at ein må i gang med eit byggetrinn to etter forholdsvis kort tid. Ein planlegg då med eit nytt tilbygg som skal innehalde dei areala som er igjen i hovudbygget etter første byggetrinn. Ei slik trinnvis utbygging vil gi lite rom for heilskapleg planlegging av ein ny skule, med tanke på plassering av areala, og det vil krevje ein del arbeid på hovudbygget som vil vere «bortkasta» når byggetrinn 2 er i gang. Kva tiltak ein gjer på hovudbygget i første byggefase, vil vere avhengig av kor mange år ein planlegg med å drifte bygget før neste byggefase blir satt i gang. Andre ulemper med ei slik utbygging er at den, totalt sett, vil vere dyr samanlikna med dei andre løysingane, ein vil ha høge driftskostnadar fram til byggetrinn 2 er på plass, og løysinga vil, i første byggetrinn, ikkje kunne løyse fleire av dei punkta som er satt som prekære frå skulen si side.

### *Alternativ 2B*

I alternativ 2B er det lagt til grunn at hovudbygget skal renoverast opp til dagens krav, og at ein skal bygge eit tilbygg for å sikre tilstrekkeleg med areal til skulen. Rom- og funksjonsprogrammet som er utarbeida i mogleighetsstudiet er brukt for å estimere størrelsesbehovet til nybygget. Etter ynskje frå skulen har ein tatt utgangspunkt i at klasseromma med tilhøyrande grupperom skal behaldast i hovudbygget, og at tilbygget skal innehalde areal til personalrom, lærararbeidsplassar, kontorplassar og plass til praktiske fag.

Alternativet med nybygg og renovering er planlagt ut i frå skulen sine ynskjer til areal, og skal sikre gode areal for skulen i åra framover. Alternativet er også det einaste alternativet som gjer det mogleg å halde på hovudbygget. Dette bygget kan sjåast på som eit «landemerke» i Volda, og er vurdert til å ha ein verdi i forhold til uttrykket på bygget sett i eit kulturminneperspektiv.

Renovering av hovudbygget vil ha nokre utfordringar og avgrensingar med tanke på å få det opp til dagens krav. Dette er avgrensingar med tanke på golv på grunn, kuldebruer i fasaden og fleksibilitet i bygget.

- Ved renovering av hovudbygget vil ein ikkje få utbeta golv på grunn. Golv på grunn er i dag 10 cm uisolert betongplate, og dette fører til at ein må søkje dispensasjon frå minstekrava i TEK17 på både u-verdi og radonsperre. Plata har truleg heller ikkje fuktsperre.

- Med dagens fasadeløysing vil ein ha utfordringar med tanke på å tette kuldebruer dersom ein både ynskjer å halde på fasadeuttrykket på bygget, og vil nytte seg av restverdien i dei relativt nye vindauga. I dei to alternativa for fasaderehabilitering som er lagt fram i moglegheitsstudiet legg ein til grunn å halde på uttrykket i fasaden
  - Alternativ A, som er den billigaste løysinga, går ut på å halde på dagens vindauge, etterisolere brystning og platekle teglbrystning og søyler. Ei slik platekledning er den same som på gavlvegg mot fjorden i dag. Løysinga vil ikkje fjerne problemet med kuldebruer gjennom fasaden
  - Alternativ B går ut på å etterisolere brystninga i tillegg til etterisolering rundt dekkeforkanter og søyler. Ei slik løysing vil tette kuldebruene, men vil føre til at ein må bytte ut vindauga. Alternativ B vil gi ei kostnadsauke på ca. 5 mill. samanlikna med alternativ A.

Dersom ein ikkje legg til grunn av uttrykket på fasaden skal behaldast, kan ein rehabilitere til ei slett fasade og flytte ut eksisterande vindauge i den nye fasaden. Eit slikt alternativ vil gi ei kostnadsauke på rundt 3,2 mill. samanlikna med alternativ A.

- Hovudbygget er utforma slik at det er lite fleksibilitet i bygget med tanke på endringar i struktur eller andre endringar i lover/forskrifter. Dette kan vere med å påverke levetida til skulen og det gjer det meir kostbart og vanskelegare å gjere endringar når lover, forskrifter og normer endrar seg

Gjennom moglegheitsstudiet har ein gjort vurderingar av om det er mogleg å drive skuledrift i bygget under ei reovering. Konklusjonen er at skulen bør flytte ut i byggeperioden som ein kan estimere til rundt 1,5 år. I arbeidet med denne saken er det gjort nokre vurderingar med tanke på moglege alternativ for midlertidige areal for skulen, men det er viktig å understreke at dersom ein vel å gå vidare med alternativ 2B, må det settast i gang ein grundig prosess med å vurdere midlertidige areal i samarbeid med skulen. Dette gjeld både for størrelse, behov og sambruk. For dei alternativa som blir presentert i denne saka er det tatt utgangspunkt i at skulen skal halde til i nærleiken av dagens areal. Dette er både med tanke på nærleik til andre skular der ein kan vurdere sambruk i perioden (Øyra skule, vidaregåande skule og Høgskulen), nærleik til Campus Arena (kroppsovingslokale) og med tanke på at ein ikkje skal få meirkostnadar og bruk av tid med transport av elevar. Med bakgrunn i denne vurderinga, er det funne tre alternativ for areal til skulen; Bruk av Ivar Aasen-bygget, modular plassert på området mellom Øyra skule og ungdomsskulen eller modular plassert på Steinrøysa.

Både for ei plassering på Steinrøysa og på området nord for ungdomsskulen er det tatt utgangspunkt i at ein må leige modular til bruk i perioden. Ved leige av modular har ein tatt utgangspunkt i at ein må ha plass til klasseromma til elevane, arbeidsplass til lærarane, kontor plass til administrasjonen, grupperom, garderobar og pauserom. Det er ikkje inkludert areal til praktiske fag, og det betyr at skulen i størst mogleg grad må nytte seg av klasseromma også ved undervisning i desse. Med denne løysinga vil både ungdomsskulen og Øyra skule miste lokale for mat og helse i byggeperioden, og i ein ev. vidare prosess må ein, i tett samarbeid med skulen, sjå på korleis ein skal løyse dette.

Spesielle vurderingar som er gjort med tanke på dei to ulike plasseringane for modulane er:

- Plassering nord for dagens ungdomsskule, på grusbana mellom Øyra skule og ungdomsskulen – denne plasseringa er gunstig med tanke på at det allereie i dag er plassert modular her og at det dermed er etablert tekniske føringar til plasseringa. Ein kan i eit slikt tilfelle vurdere å nytte seg vidare av modulane som står på plassen, som kommunen eig, og supplere med fleire modular. I tillegg til kostnadane med etablering og leige av modular, må ein rekne med kostnadar for tilpassing av dei tekniske føringane til plassen og kostnadar med å etablere fundament.

- Plassering på Steinrøysa – Fordelen med dette området er at det er stort og ligg relativt skjerma. Størrelsen gjer at det er mogleg å få plass til noko parkering på tomte. Ulempa med dette arealet er at det ikkje er eigd av kommunen, og at det i dag blir brukt til parkering for den vidaregåande skulen. Det er ikkje kjent korleis dei ev. stiller seg til at kommunen leiger arealet. I tillegg til ev. leigekostnadar av areal, vil ein måtte rekne med kostnadar med å få på plass tekniske føringar til plassen, samt kostnadar med å etablere fundament.

Ved ferdigstilling av Høgskulen sitt nye mediebygg, kan ein vurdere å nytte det kommunale bygget, Ivar Aasen, til skulen i byggeperioden. Plasseringa av bygget er relativt nær både høgskulen, Øyra skule og Volda VGS, noko som gjer at ein kan vurdere ev. sambruk av areal til praktiske fag med desse. Løysinga med bruk av bygget er ikkje utgreia i stor grad, då det vil vere to moment som talar mot denne løysinga.

- Det første momentet er at bruken av bygget er avhengig av at det nye mediebygget står klart, og at Høgskulen har flytta inn i dette. Med utgangspunkt i noverande status, vil mediebygget truleg vere klar for innflytting første kvartal 2021. Ein må anta at det må gjerast visse oppussingar og tilpassingar av bygget før ungdomsskulen ev. kan flytte inn, og det er difor lagt til grunn at skulen tidlegast kan flytte inn i dette lokalet til skuleåret 2021/2022. Ein slik tidsplan kan føre til at ein får ei seinare ferdigstilling på ungdomsskuleprosjektet.
- Det andre momentet er at ei slik løysing vil føre til at Kunnskapsparken sitt ynskje om å bruke arealet, vil bli utsatt i rundt 1,5 år. Sjølv om ein ved bruk av Ivar Aasen-bygget vil spare seg for kostnadar med leige av modular, må ein også kalkulere med ev. tapte leigeinntekter på bygget i den totale vurdering av kostnadane.

Det er ikkje gjort vidare vurderingar av behov for oppussing og tilpassing av bygget, men etter ein rask gjennomgang av planteikningane for bygget, er det konkludert med at det truleg vil vere behov for å supplere med nokre modular for å få plass til heile skulen. Med bakgrunn i desse vurderingane vil administrasjonen ikkje tilrå å bruke Ivar Aasen-bygget som midlertidige lokale til skulen i byggeperioden.

Ei plassering av modular på asfaltplassen ved skulen er også vurdert, men denne plasseringa er vurdert som mindre egna enn dei andre plasseringane med tanke på nærleik til byggeplass, tilkomsttilhøve for elevane under bygging og teknisk infrastruktur.

Ved alle dei skisserte midlertidige areala for skulen, vil ein måtte gjere vidare utgreiingar og vurderingar av tiltak med tanke på utfordringar med sterkt redusert parkeringskapasitet og manglande tilrettelagt uteareal for elevane.

Dersom ein vel å gå vidare med alternativ 2B, må ein i neste fase vurdere kva investeringar ein ev. må gjere av inventar og innreiing (der i blant visningsflater i klasseromma) til dei midlertidige lokala. Her må gjenbruk og behov vurderast. Desse kostnadane kjem i tillegg til kostnadane med leige av modular.

Ved renovering av hovudbygget kan det også bli naudsynt å skaffe midlertidige lagerareal i byggefasen. Dersom ein ikkje kan finne plass til dette i andre kommunale bygg, kan det vere behov for å leige inn areal til dette i perioden.

### *Alternativ 3B*

I dette alternativet har ein kostnadsberekna ein ny skule med utgangspunkt i det rom- og funksjonsprogrammet som er utarbeida. I moglegheitsstudiet har ein gått ut i frå at den nye skulen byggast på same tomt som skulen ligg i dag. Ein planlegg då med å rive sidefløy og gymsalar før ein etablerer eit nybygg vest på tomte. Ved ei slik utbygging vil ein kunne



oppretthalde skuledrifta i hovudbygget fram til ny skule er etablert, og på denne måten sleppe kostnadar med midlertidig areal for skulen.

Ved bygging av nybygg vil ein stå friare med tanke på plassering av dei ulike funksjonane på skulen i forhold til kvarandre og ein vil kunne planlegge med eit bygg som er fleksibelt for ev. framtidige endringar, som er arealeffektivt og godt i bruk både for tilsette, elvar og driftspersonell.

### Økonomi

Alle estimerte kostnadar oppgitt i saka er inkl. mva.

For alle dei tre alternativa som er skissert, vil det kunne kome nokre kostnadar med å skaffe areal til praktiske fag i byggeperioden. Desse kostnadane er vanskeleg å estimere utan å utgreie behov og moglegheiter nærare, og kostnadane er difor ikkje inkludert i dei estimerte kostnadane for alternativa.

Estimerte kostnadar inkluderer heller ikkje innreing, inventar og brukarutstyr til skulen. Desse kostnadane er avhengig av kva utstyr ein skal ha inn på skulen, og i kva grad ein kan nytte seg av gjenbruk av innreing og utstyr ein har i dag. Norsk prisbok har ei einingspris på kr. 1 625kr/m<sup>2</sup> for inventar og utstyr i høgskular som kan brukast til ei grov estimering av kostnadane. Dersom ein tek utgangspunkt i denne prisen, vil det summere seg til ca. 8 550 000 kr. for alternativ 3B. Til samanlikning brukte ein ca. kr. 5 625 000,- på inventar når Øyra skule vart bygd.

### *Minimumsalternativet*

Minimumsalternativet er ikkje kostnadsberekna i moglegheitsstudiet, då kostnadane for dette alternativet vil vere avhengig av kva tiltak ein landar på for hovudbygget. Grovt sett kan ein gå ut i frå at ein minimum vil ha kostnadane med å sette opp eit tilbygg, rive sidefløy og gymsalar og utomhuskostnadar. Desse kostnadane er estimert til:

	<b>Areal</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>
<i>Tilbygg</i>	2 268	33 125	75 127 500
<i>Riving</i>	1 927	1 100	2 119 700
<i>Utomhus</i>	2 500	1 219	3 047 500
<i>Totalt</i>			<b>80 294 700</b>

I tillegg til desse kostnadane, vil det kome kostnadar med å sette i stand hovudbygget for vidare bruk. Desse kostnadane er vanskeleg å estimere før ein har gjort vidare utgreingar og sett ei tidsramme på kor lenge hovudbygget skal vere i bruk.

### *Alternativ 2B – renovering og tilbygg*

I moglegheitsstudiet er alternativ 2B kostnadsberekna til mellom kr. 145-150 mill., avhengig av kva løysing ein vel for fasaderehabilitering. I tillegg til desse kostnadane vil det kome kostnadar med alternative lokaler i byggefasen. Med brakgrunn i tidlegare utgreingar om midlertidige areal, er det estimert ein sum på ca. 16 mill. i kostnadar med leige, mobilisering og demobilisering av modular til skulen i byggeperioden (1,5 år). Ved ev. bruk av modulane som står på området nord for ungdomsskulen i dag, kan ein spare ca. kr. 1,6 mill. I tillegg til desse kostnadane kjem kostnadar med fundament til modulane og ev. teknisk infrastruktur. Det må også gjerast nærare vurderingar på kva kostnadar ein får med innreing, utstyr og ev. leige av lagerareal i denne perioden.

Estimert kostnad for alternativ 2B er, ut i frå tala ovanfor, estimert til mellom kr. 159,4-164,4 mill. med ein del usikkerheit med omsyn til teknisk infrastruktur, ev. leigeprisar for

lagerareal, sambruk med andre skular mm. Å estimere kostnader kan ofte vere vanskelegare for renoveringsprosjekt enn for eit nybygg. Grunnen til dette er at ein ikkje har full kontroll på kva utfordringar ein ev. møter når ein held på i eit gammalt bygg. Det kan difor vere fornuftig å sette av ein større del til reserver og risiko dersom ein skal gå vidare med dette alternativet.

#### *Alternativ 3B – nybygg*

Kostandane for eit nybygg for 360 elevar er i moglegheitsstudiet kostnadsberekna til 190,9 mill.

Til samanlikning ville ein kunne redusert kostnadane med ca. kr. 3 mill. ved å redusere klasseromsstørrelsen frå 2,25m<sup>2</sup> per elev til 2m<sup>2</sup>.

#### Konsekvensar for drift og vedlikehald

Ved estimering av vedlikehaldskostnadane for eit bygg, reknar ein i dag med ein årskostnad på 290 kr/m<sup>2</sup>. Dersom ein tek utgangspunkt i utarbeida romprogram, vil dette utgjere ein kostnad på ca. 1 525 000 kr per år for alternativ 3B, og ein kostnad på ca. 1 930 000 kr for alternativ 2B. Dette gir ein differanse på kr. 405 000,- per år. Sjølv om eit gammalt bygg sannsynlegvis vil krevje meir i vedlikehalde dei første åra enn eit nybygg, er det viktig å sette av tilstrekkeleg til vedlikehald frå første dag.

Ungdomsskulen er, slik det er i dag, eit krevjande bygg å drifte. Bygget krev kompetanse og tid frå driftspersonell for å sikre ei god drift, og sidan bygget både er stort og gammalt er det også tidkrevjande med reinhald. Ved å erstatte skulen med eit nybygg, vil ein få eit bygg som er enklare å drifte, og ein vil i tillegg kunne effektivisere og forbetre reinhaldet på grunn av arealeffektivisering og betre overflater/material på bygget. Dette kan føre til ein frigjer tid hjå drifts- og reinhaldspersonell. På grunn av at Volda kommune i dag har mange kommunale bygg å drifte, vil ein ikkje kunne frigjere arbeidsplassar, men det kan vere med på å betre drifta av andre kommunale bygg.

Med tanke på energi, har bygget i dag eit lågt forbruk. Grunnen til dette skuldast truleg hovudbygget si form, med lite fasadeareal pr. oppvarma bruksareal, kombinert med stor varmemegasinerande evne i eksponerte betong- og teglveggar. På grunn av større krav til ventilasjonsaggregat og luftmengder som skal oppvarmast, kjem sannsynlegvis energibruket til å gå opp etter ei ev. renovering eller ved bygging av nybygg. Likevel vil ein truleg ha større moglegheit for å gjennomføre tiltak som påverkar energibruket i eit nybygg, og saman med at eit nybygg vil bestå av mindre areal enn eit ev. tilbygg og renovering av hovudbygget, er det grunn til å tru at vi kan få eit lågare energiforbruk ved alternativ 3B samanlikna med 2B.

#### Uttale frå skulen

I samband med arbeidet med moglegheitsstudiet har skulen vore involvert i arbeidet og kome med ynskjer og innspel i prosessen. I etterkant av utarbeidinga av dei tre skisserte alternativa i denne saka, har dei også vore invitert til å kome med sine vurderingar. Ut i frå skisserte konsekvensar av alternativa og kva løysingar dei kan tilby, har skulen gitt tilbakemelding om at dei vurderer eit nybygg som mest teneleg med tanke på å få ein framdriftsretta skule som har gode romløysingar og som er fungerer godt i bruk og drift.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Tidsmessige skulebygg er viktig for folkehelsa til både elevane og dei tilsette. Dette gjeld så vel universell utforming, inn klima og arbeidsforholda generelt for å ha ein tilfredsstillande kvardag for læring, mestring og yting.

Det er ikkje utført livsløpsanalyse for dei ulike alternativa som er presentert i saka, men i eit miljøperspektiv kan det vere naturleg å anta at ei renovering av hovudbygget vil vere mindre belastande for miljøet enn eit nybygg. Likevel må ein ta i betraktning at hovudbygget sannsynlegvis vil ha ei betydeleg kortare levetid enn eit ev. nybygg. Bygget er også, som nemnt tidlegare, lite fleksibelt for endringar grunna bærekonstruksjonen og etasjehøgden, noko som kan føre til at det er behov for ytterlegare tiltak på bygningsmassen etter relativt kort tid.

For å redusere den totale miljøbelastninga ved bygging av ein ny skule, bør ein gjere vurderingar for å finne ein balanse mellom økonomi i prosjektet og miljøgevinstar ved utbygging og drift. Massivtre kan vere materiale som kan vere aktuelle å vurdere i denne samanheng.

Andre punkt som bør utgreiast nærare i neste fase for å redusere miljøbelastninga, er parkeringsareal (med omsyn til ladepunkt, totaltal på parkeringsplassar og tilrettelegging for sykkelbruk), oppvarmingsløyningar, kvalitet på bygningsdelar, krav til bygningskropp mm.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Overordna kostnadar med dei ulike alternativa er skissert i saka. Det er viktig å presisere at moglegheitsstudiet er gjennomført med tanke på å sjå på moglegheit for skulen på tomte ut i frå dei behova som er kartlagt, og å sjå på overordna økonomi for bygget. Når det er bestemt kva retning ein ynskjer å ta vidare, vil ein gå i gang med ei skisseprosjektfase der ein vil gå meir i djupna på utarbeiding av romprogram, utforming av bygget, bruk av material mm, samt gjere dei utgreiingane som er skisserte i saka. Fram til denne fasen er utført vil kostnadane berre kunne presenterast på eit overordna nivå.

Eit nybygg til om lag 190 mill vil utløyse ca 9 mill i auka kapitalkostnader. Driftskostnadene må også utgreiast i høve til kostnadene med dagens ungdomsskuleanlegg. Det er viktig å vere merksam på at det må skapast økonomisk handlingsrom for å byggje ein ny Volda ungdomsskule. Dette handlar om konsekvensen av gjennomføringa av det budsjettet og økonomiplanen som er lagt, der ein skal frigjere/ redusere drifta for å dekkje opp auka kapitalutgifter på om lag 30 mill kroner til store investeringar i komande økonomiplanperioden. Volda kommune må vere budd svært lite handlingsrom til andre nye tiltak. Ein må leggje ein standard og nivå på tenestene som ligg under dei kommunane som vi samanliknar oss med, og som vil ha vesentleg lågare lånegjeld. Til dømes vil ikkje nye Volda med eit så ambisiøst investeringsprogram kunne ha ei skuledrift som er ca 10 mill kr dyrare enn Ørsta (der ca 7 mill kr er knytt til skulebygga) for å nemne eit døme. Dersom ein ikkje greier å frigjere nødvendig handlingsrom for å byggje ny ungdomsskule, må ein likevel gjere noko. Alternativet kan da verte at det er minimumsalternativet som vert det reelt gjennomførbare reint økonomisk, og ved at byggjesteg 2 vert utsett i tid.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen særskilte, bortsett frå at renovering og nybygg må vere planlagt med sikte på å ivareta elevane og dei tilsette si sikkerheit.

### **Konklusjon:**

Sjølv om ein ny skule er kostnadsberekna til å vere dyrare enn ei løysing med renovering og tilbygg, er differansen relativt låg vurdert ut i frå det totale kostnadsbilete, samt kva løysingar ein får. Ved alternativet med renovering av hovudbygget, vil ein ikkje klare å få dette bygget opp til same standard som eit nybygg. I tillegg vil ein ha ein større risiko for utfordringar i byggeperioden som kan føre til auka kostnadar. Administrasjonen vurderer også at alternativet med eit nybygg vil gi eit bygg med betydeleg lengre levertid, at bygget vil

vere betre i bruk og drift og at ein vil få eit bygg som vil kunne tilpasse seg betre endringane i åra som kjem og dermed vil vere ein framtidretta skule.

Ut i frå ovanståande vurderingar og utgreiingane i saka, er det administrasjonen si tilråding at ein går vidare med alternativet med ein ny skule, og at denne dimensjonerast for opptil 360 elevar.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Kjell Magne Rindal  
eigedomssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Eigedomsavdelinga for oppfølging

Oppvekstsjefen

Tenesteutval for oppvekst og kultur

Økonomisjefen

Utviklingsjefen for iverksetjing av reguleringsprosess

# Notat

**Prosjekt:** 18139  
**Sak:** Volda Ungdomsskule – opprusting  
**Oppdragsgj.nr.:** 20477  
**Dato** 27.11.2018

## Volda Ungdomsskule, opprusting

Viser til forespørsel av dato 18.10.2018 frå Volda kommune, ved Siri Birkeland Solheim. I samband med ombygging av Volda ungdomsskule er Nordplan innleigd for å vurdere delar av bærekonstruksjonen for den eldste delen av skulen. I samband med dette arbeidet vart det utført ei synfaring 14.november 2018 av underteikna saman med Birkeland Solheim.

### Bakgrunn

Den eldste delen av Volda Ungdomsskule vart bygd rundt 1958. I 2008 gjorde Nordplan ei forsterking av bærekonstruksjonen i taket over aulaen i denne delen. Dette vart gjort fordi det vart avdekka ein del skadar på utvendig betong og armering. Desse skadane var i sentrale delar av konstruksjonen som var dimensjonert for å vere momentstive. Det vart derfor etablert ein stålkonstruksjonen inne i aulaen som i dag fungerer som opplegg for takbjelkane.

I samband med opprusting av Volda ungdomsskule ynskjer Volda kommune å kartlegge kva dagens konstruksjon tåler av last. I tillegg er vi beden om å gjere ei vurdering av om riss, i hjørna på randbjelken i aulaen i dekke over 2.etasje, har utvida seg. Desse rissa vart dokumentert av Nordplan i form av bilete i 2008.

### Bæreevne til takbjelkane i aulaen


I 2008 vart kapasiteten til eksisterande takbjelkar i aulaen vurdert. Då hadde dei tilgang på armeringsteikningar av bjelkane, desse teikningane har ein ikkje klart å finne ved denne vurderinga. I Nordplan sitt arkiv ar vi funne utsnitt av nokre av desse teikningane som har blitt brukt i denne beregningskontrollen.

Takbjelkane i aulaen var opprinneleg dimensjonert etter dåtidas snølast, som var 150kg/m<sup>2</sup>. I dag er det for tilsvarande last eit krav på 400kg/m<sup>2</sup>.

På grunn av forsterkinga som vart gjort i 2008 viser berekningane at takbjelkane i aulaen har kapasitet til å ta dagens krav til snølast (400kg/m<sup>2</sup>) og ei auke i eigenlast på tak på inntill 80kg/m<sup>2</sup>, som tilsvarar 400mm isolasjon.

### Bæreevne til takbjelkane over klasseromma

Berekningane frå 2008 viser vidare at på grunn av skade i betongen i overgangen mellom takbjelkane i aulaen og oppleggspunkt for desse, sjå pkt A i Figur 1, så var kapasiteten for bjelken i pkt. B vesentleg forverra. Det var derfor stålfosterkinga vart utført i 2008.



Figur 1 Snitt av takbjelkar, frå teikningar datert 1958.

Forsterkninga gjer at dagens situasjon for bjelkesnittet over veggane har god kapasitet, men at bjelkesnittet i spennet mellom punkt B og yttervegg ikkje nødvendigvis har god kapasitet. Dette tverrsnittet har vi ingen informasjon om armeringsmengde. Derfor har vi samanlikna kor stor prosentvis auke ein kan tillate i lastutslaget i dette tverrsnittet.

Berekningane viser at ein kun kan anta at bjelkane over klasseromma har kapasitet til å ta ei snølast på 150kg/m<sup>2</sup> og ei tilleggslast på 100mm isolasjon. Dersom ein likevel ynskjer å legge på meir isolasjon enn dette, må ein redusere kor mykje snølast ein kan tillate.

Dersom armeringsteikningane for desse bjelkane skulle dukke opp, anbefalar vi at det vert gjort ein ny og meir nøyaktig kontroll av bjelkane over klasseromma for å avdekke om dei har meir restkapasitet.


Det anbefalast i tillegg at eventuelle nye ventilasjonskanalar vert lagde under dei eksisterande bjelkane i klasseromma.

### Vurdering av riss i randbjelken i dekke over 2.etasje i aulaen

I 2008 vart det også gjort ein vurdering av riss i hjørna på randbjelkane i aulaen. Det vart ikkje gjort ein måling av vidda på rissa, og det er heller ikkje gjort ei måling av rissa i samband med dette notatet. Men det er gjort ei samanlikning av dei bileta som vart tatt i 2008 med bilete som vart tatt på synfaringa 14.november 2018, sjå vedlegg 1. Bileta gir ingen grunn til å anta at rissa har blir forverra sidan forsterkningane vart gjort i 2008. Nordplan vurderar det derfor til at den forsterkninga som vart utført i 2008 ivaretek denne skaden(rissa) og forhindrar den frå å bli verre.

Det einaste er at vi anbefalar at det vert utstøypt med ekspanderande trykkfast mørtel mellom beslaget og kantbjelkane, sjå figur 2. Dette var på teikning at det skulle utførast, men synfaringa 14.november avdekkta at det ikkje var utført.






Figur 2 Detalj 4 frå teikningar av stålforsterkning i 2008.

Ta kontakt dersom noko er uklart.





Med vennleg helsing

**Malin A. Hallberg Friestad**  
for Nordplan AS





### Vedlegg 1: Bilete av riss i kantbjelkar langs aula



Figur 1 Planteikning med aksar for å vise plassering av riss





Frå synfaring 2008	Frå synfaring november 2018
A-1 	A-1 
	




Frå synfaring 2008	Frå synfaring november 2018
<p data-bbox="228 371 302 406">A-2</p> 	<p data-bbox="1160 371 1234 406">A-2</p> 
	








Frå synfaring 2008	Frå synfaring november 2018
<p data-bbox="228 375 291 406">B-1</p> 	<p data-bbox="1153 375 1220 406">B-1</p> 
	



Frå synfaring 2008	Frå synfaring november 2018
B-1	B-1
	

Frå synfaring 2008	Frå synfaring november 2018
B-2	B-2
	
	



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Pål Are Vadstein

Arkivsak nr.: 2018/1650

Arkivkode: D11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/19	Formannskapet	05.02.2019
	Kommunestyret	14.02.2019

### VOLDA CAMPUS ARENA - KOMMUNAL DELTAKING I PROSJEKT

#### Administrasjonen si tilråding:

- Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjettramme kr 175 300 000,- inkl. mva.**

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.
  - Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.
  - Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.
  - Ein føreset at det vert inngått godkjend leigeavtale mellom VCA og Møre og Romsdal Fylkeskommune.
- Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.**  
**Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.**
  - Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.**
  - Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.**

5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.
6. Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet godkjenner leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.
7. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.
8. Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lengje leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.
9. Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.
10. Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.
11. Det er ein føresetnad for kommunen sitt engasjement i prosjektet at Møre og Romsdal fylkeskommune går inn som leigetakar for all sin aktivitet knytta til kroppsøving for vidaregåande skuleelevar.

#### Vedleggsliste:

- Søknad om kommunalt bidrag frå VCA, som inneheld desse vedlegga:
  - Teikningsmateriale frå idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.
  - Teikning av klatrehall frå førehandsgodkjenning 15.01.2019.
  - Kulturdepartementet, vedtak med tilleggsøyving for auka takhøgde m.m. (20.12.18).
  - Vedtekter Volda Campus Arena AS.
  - Finansieringsplan.
  - Forslag til gjennomføringsavtale, revidert 30.01.2019.
  - Utkast til leigeavtale (denne kjem som eiga sak for Formannskapet og ligg ved til Kommunestyret berre til orientering).
  - Situasjonsplan for prosjekt.
  - Organisasjonsplan.
  - Fornya vedtak av Volda kommune om idrettsfunksjonell godkjenning (14.11.18 og 15.01.19).
- Forslag til oversikt/avtale for fordeling av drift av uteområde, datert 28.01.2019.
- Brev datert 21.01.2019, frå Volda kommune til VCA AS, med framstilling av vilkår før ny konkurranseutlysning.
- Svarbrev frå VCA, datert 29.09.2019.

#### Samandrag av saka:

Volda Campus Arena AS planlegg bygging av fleirbrukshall ved Joplassvegen i Volda sentrum. Realisering av prosjektet er avhengig av ein samarbeidsmodell som involverer svært stor offentleg deltaking. Volda kommune vil medverke tungt økonomisk i prosjektet. Gjennom kommunal lånegaranti er det Volda kommune som har den økonomiske risikoen for prosjektet.

Volda kommune er saman med Møre og Romsdal fylkeskommune langsiktig leigetakar i bygget.

Så stor grad av involvering medfører behov for at kommunen tek ei aktiv rolle i gjennomføring av samla prosjekt frå oppstart til ferdigstilling. Etter planen vert det byggestart våren 2019 med ferdigstilling av prosjekt sommaren 2020.

Prosjektet vart lyst ut på anbod før nyttår, men anbodskonkurransen vart avlyst som følge av feil. VCA AS planlegg å lyse ut prosjektet på nytt i veke 5. Selskapet har bedt kommunen og fylkeskommunen godkjenne sitt engasjement i prosjektet før anbodshandsaminga. Kommunen og fylkeskommunen sitt vedtak om økonomisk engasjement må då baserast på VCA AS sine budsjettprisar, og VCA AS må vere budd på å ha opsjonar for å kunne redusere prosjektet dersom anbudsprisane vert høgare enn budsjettprisane som Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune baserer sine vedtak på.

### **Saksopplysningar/fakta:**

VCA AS sin søknad om kommunal garanti med tilhøyrande vedlegg, dannar underlag for opplysningar i denne saka. Det har fram til no vore eit tett samarbeid mellom administrasjonen i Volda kommune og styret i VCA AS, der det i fellesskap har vorte lagt ned omfattande arbeid med avtalar knytt til gjennomføring, leige og drift. I tillegg har Volda kommune vore involvert i funksjonsbeskriving av infrastruktur/teknisk anlegg knytt til prosjektet.

### OM PROSJEKTET

Prosjektet Volda Campus Arena, også kalla VCA, inneber realisering av fleirbrukshall med tilhøyrande fasilitetar ved Joplassvegen, på området mellom E39 og Berte Kanutte-bygget til Høgskulen i Volda. Prosjektet har sitt utspring frå det lokale handball- og volleyballmiljøet i Volda. Volda Campus Arena AS er eigd av Volda Handballklubb og KFUM Volda 50/50.

Viser elles til søknad frå Volda Campus Arena AS, vedlagt denne saka.

VCA AS er byggherre for Volda Campus Arena, og fleirbrukshallen er såleis å rekne for eit privat tiltak. For å kunne gjennomføre prosjektet, er ein likevel avhengig av offentleg deltaking og samarbeid. Innhald og omfang i forhold til korleis det offentlege er involvert i prosjektet er gjort nærare greie for i dette saksdokumentet.

Prosjektet skal gjennomførast etter entreprisemodellen «totalentreprise», der totalentreprenør står for vidare detaljprosjektering og gjennomføring av prosjektet. Alle rådgivarar, entreprenørar og leverandørar i prosjektet vil vere underlagt totalentreprenør. Både VCA og Volda kommune vil ha tett dialog med totalentreprenør i alle fasar av prosjektet, frå kontraktssignering til overlevering av ferdig anlegg.

I prosjektet skal VCA leige inn ekstern profesjonell byggeleiar som ivaretek krava til kvalitet, framdrift, HMS osv. Byggeleiaren vil føre dagleg tilsyn på byggeplass, halde byggemøter og

vere bindeleddet mellom byggherre/oppdragsgivar og totalentreprenør. Kostnader til inneleige av slik ressurs er teke med under samla finansieringsplan.

### VOLDA KOMMUNE SI ROLLE I PROSJEKT

Realisering av prosjektet vil innebere omfattande prosjektdeltaking frå VK. Dette ved å stille økonomisk risiko for samla budsjetttramme. Vidare ved å yte tilskot, og dessutan ta kostnadsansvar for opparbeiding av naudsynt infrastruktur og teknisk anlegg. I tillegg inneber deltakinga forskottering av innvilga spelemidlar. Kommunen vil også forplikte seg til framtidig leigeavtale av bygget (inkl. parkeringsplassar i parkeringskjellar). Etter ferdigstilling vil kommunen ta ansvar for ein del av framtidig drift av utomhusanlegget. VK stiller også kommunal grunn til disposisjon i perioden godkjend leigeavtale mellom VCA og VK gjeld.

Kommunen vil vere eigar av utvendig parkeringsplass nord for bygget.

Sjølv om det er VCA AS som er formell byggherre i samla prosjekt, så skal utomhusarbeidet fakturerast direkte til Volda kommune. I denne samanheng inneber utomhusarbeidet all infrastruktur og utvendig teknisk anlegg i prosjekt. Dette gjeld t.d. etablering vegar, plassar, grøntanlegg, vatn og avløp, utvendige installasjonar, omlegging av Djupegrova m.m. Volda kommune vert oppdragsgivar og fakturamottakar for denne type arbeid, sjølv om det er VCA som er formell byggherre og fungerer som kontraktspart overfor entreprenøren.

### GJENNOMFØRINGSAVTALE

Gjennomføringsavtalen har som føremål å avklare ansvarsforhold i prosjektet både før, under og etter gjennomføring av prosjekt. Den skal sikre føreseieleg økonomi i prosjektet, og den skal syte for kvalitet på det som vert levert. Det er svært viktig for både VCA og VK å sikre at ein har sams forståing for sine roller og forventningar i prosjekt. Denne avtalen er eit sentralt styringsdokument for partane i forhold til å opptre profesjonelt overfor kvarandre, noko som vil vere viktig for å oppnå eit vellukka sluttprodukt.

### LEIGEAVTALE

Ein avgjerande faktor for realisering av prosjekt mtp. totaløkonomien, er å sikre føreseielege og langsiktige leigeavtalar for å ivareta utgifter i driftsfasen etter at idrettsanlegget står ferdig. Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, vil verte dei viktigaste og største leigetakarane ved å bruke hallen som arena for kroppsundervisning i sine skular.

I utarbeiding av leigeavtalen har det vore dialog med aktuelle brukargrupper og potensielle framtidig leigetakarar. Ein gjer merksam på at enkelte detaljar enno ikkje er avklart med korkje kommunen, fylkeskommunen eller idrettslaga. Dette omhandlar korleis ein definerer kva som skal vere eige utstyr for den einskilde brukar og kva som skal vere fellesutstyr. Dette vil nok uansett falle på plass naturleg etter ei nærare kartlegging etterkvart. Vidare har ein ikkje avklart endeleg fordeling av treningstid i enkelte av romma, men dette skal normalt også la seg ordne utan store vanskar, sjølvsagt etter nærare dialog med brukargruppene.

Når det gjeld organiseringa av utleige til andre idrettslag på kveldstid, må Volda kommune vere formell utleigar av dette p.g.a. mva-kompensasjon. Dette gjeld også klatrehallen. I røynda kan dette løysast ved at VCA står for den praktiske organiseringa, drifta og styring av tider etter nærare avtale.



Utkast til leigeavtale ligg ved til orientering. Dokumentet er omfattande, og ein treng litt meir tid til å gå gjennom dette og avstemme i høve fylkeskommunen. Formannskapet får leigeavtalen til godkjenning seinare.

### ANSVARSFORDELING DRIFT

Planteikninga «Ansvarsfordeling drift» datert 28.01.2019 viser korleis driftsansvaret for uteområdet er tenkt fordelt mellom Volda kommune og VCA AS etter ferdigstilling av prosjekt.

Volda kommune tek ansvar for å drifte Joplassvegen og utvendig parkeringsplass. I tillegg vil drift av installasjonar knytt til vass- og avløpsanlegg vert lagt til kommunen. Resterande areal er foreslått vert drifta av VCA ved eigen driftsoperatør, dagleg leiar e.l. I dette inngår t.d. skjøtsel av park- og grøntanlegg og drift av internvegar og plassar m.m. Løns-/driftskostnader er lagt inn i driftsbudsjettet til VCA AS og inngår i kostnadsgrunnlaget for utrekning av leige på leigetakarane.

Slik kommunalteknisk avdeling organiserer brøyting i dag, så vert det nytta ulike maskiner alt etter kva type veg og areal som skal brøytast. Kommunale vegar i og ved Volda sentrum vert i dag brøyt av interne ressursar. For brøyting av kommunale parkeringsplasser leiger kommunen eksterne aktørar. Det må i den samanheng opplysast om at på generelt grunnlag kan auka omfang i driftsoppgåver få konsekvensar i form at behov for eit større driftsbudsjett i framtidige kommunale årsbudsjett. Dette må teknisk løyse gjennom omprioritering og effektivisering.

### FINANSIERINGSPLAN

Vedlagt søknad til Volda Campus Arena AS gjer greie for finansieringsplan av prosjekt. Som det framgår av denne planen så er samla investeringskostnad på kr 175,3 mill., der Volda kommune forpliktar seg til å ta kr 42 mill. av denne kostnaden. Ein gjer merksam på at denne summen kan verte endra etter at innkomne tilbod i anbodskonkurransen ligg føre, og kommunen sin andel av infrastrukturen vert å løyse innanfor godkjent budsjett.

Resterande kostnader vert finansiert ved spelemidlar, eigenkapital og lån. Volda kommune forpliktar seg i tillegg til å stille økonomisk garanti for samla kostnader.

Ein del av infrastrukturen vert bygd for både idrettshallen, nytt mediabygg til Statsbygg, og dessutan framtidig symjehall til Volda kommune. For dei arbeida som fungerer som fellesanlegg og felles framføringar for alle desse tre anlegga, vil det vere naturleg at det vert gjort ei kostnadsfordeling mellom både kommunen, VCA AS og Statsbygg. Dette er det oppretta dialog med partane om, og alle er innstilt på å ta sin del av kostnaden. Pr. i dag har vi ikkje nok underlag til å kunne inngå ein formell avtale om kostnadsfordeling, men dette er venta å kome på plass før igangsetjing på byggeplass. Det vert lagt vekt på ei framtidretta utbygging av infrastruktur og teknisk anlegg som tek omsyn til å kunne forsyne alle desse tre planlagde tiltaka utan å måtte gjere nye oppgraderingar ved seinare igangsetjing av aktuelle tiltak.

### ATTERHALD

Prosjektet er ute på anbod, og ein må difor ta atterhald om at summene opplyst i denne saka kan verte justert etter at endeleg tilbod ligg føre.

### OPSJONAR

VCA har bygd opp anbodet med ymse opsjonar, slik at det gir både VCA og Volda kommune fleksibilitet og gode alternativ dersom tilbod ikkje samsvarer med investeringsbudsjett som er lagt til grunn for kommunen sitt økonomiske engasjement i investeringsbudsjettet.

Det vil også verte innhenta tilbod på utbygging av full parkeringskjellar. Pr. i dag er det lagt opp til at 1/3 av grunnflate vert utbygd som kjellar. Resten vert bygd som plate på mark. VCA har ikkje ynskje om å ta ekstrakostnader med full utbygging av parkeringskjellar. Om kommunen derimot har behov/ynskje om det, så er dette noko som i såfall må takast inn i entreprisekontrakt. Det er høgskulen som bør ha behovet her for å leggje parkeringsplassar i grunnen og frigjere framtidig utbyggingsareal på bakkeplan. Høgskulen har vorte utfordra på å vurdere leige av 80 parkeringsplassar ved full utbygging av parkeringskjellar.

## FYLKESKOMMUNEN

Det har vore godt samarbeid med fylkesadministrasjonen i planlegginga av dette prosjektet. Fylkeskommunen leiger i dag Voldahallen til kroppøving. Dei har vurdert ulike alternativ, men administrasjonen landa på å samarbeide om Volda Campus Arena ettersom Voldahallen vert sett ut av drift og kondemnert. Overtaking av Voldahallen som ligg nærast, vil derfor ikkje vere noko alternativ for fylkeskommunen. Dersom det ikkje skjer, så vil ikkje kommunen ha fylt opp føresetnadene overfor fylkeskommunen. Fylkesadministrasjonen ser også at ein får til samfunnsutvikling med ein større hall når fleire partar samarbeider.

Kommunestyret har tidlegare sett som vilkår at kommunen sitt engasjement i idrettshallen er avhengig av at fylkeskommunen for fullt går inn i prosjektet som leigetakar.

### **Vurdering og konklusjon:**

Volda sentrum som er vertssenter for høgskule, sjukehus og vidaregåande skule, og dei største grunnskulane i kommunen har ein idrettshall frå 70-talet som er kondemnerbar. Det er absolutt behov for ein ny idrettshall. Det er positivt at representantar frå idretten har eit slikt engasjement, og at ein får til eit så godt partnerskap mellom idretten, næringsliv, fylkeskommunen og Volda kommune. Volda kommune må ha kroppøvingslokale til grunnskulane i sentrum. I staden for at kommunen, idretten og fylkeskommunen har løyst dette kvar for seg med små hallar, får ein til ein tidsmessig og større idrettshall i Volda sentrum.

Attraktivitet og busetjing er to av åtte hovudtema for mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein fleirbrukshall vil vere eit positivt element i lokalsamfunnet, som truleg vil stimulere til ytterlegare bulyst i Volda sentrum.

Utdrag frå kommuneplanen:

*«Attraktiviteten til ein stad kan koplust til staden si evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten til ein stad er avhengig av fleire ulike faktorar, mellom anna gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod».*

*«Ei viktig målsetting i vidare arbeid er å ta vare på og vidareutvikle dei positive sidene ved lokalsamfunnet, og stimulere til ny aktivitet som bidreg til bulyst og trivsel».*

At Volda kommune bidreg til at prosjektet kan realiserast, ved sine økonomiske forpliktingar, kan forsvarast utifrå dei føringar som er gitt i kommuneplanen. Det er positivt at vi har

private initiativtakarar som har arbeidd fram dette prosjektet til nytte for heile kommunen. Volda Campus Arena er eit prosjekt som gir tydelege signal om at det vert satsa på breiddeidrett i Volda kommune, samstundes som det viser klare ambisjonar om å endå betre tilrettelegge for at Volda kan etablere seg i øvste serienivå innan volleyball og handball. Begge desse forholda vil etter alt sannsyn på sikt styrke omdømet til kommune ytterlegare.

Hallen er også planlagt med eigen klatrehall. Volda har eit sterkt og tradisjonsrikt klatremiljø som lenge har hatt behov for meir areal til sine aktivitetar. Å legge til rette for også denne type aktivitet, vil styrke mangfaldet av aktivitetar og bruken av hallen.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Realisering av fleirbrukshallen vil gi svært positive synergjar for helse og miljø i Volda. Hallen vil medverke til å gi innbyggjarane endå betre tilbod i forhold til å oppnå ein aktiv livsstil. Volda kommune er medlem av «Sunne kommuner», som arbeider for å skape lokalsamfunn som det er godt, sunt og trygt å leve i. Volda Campus Arena vil vere eit viktig tiltak for å nå slike mål.

Volda kommune vert sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid og gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette gir eit godt omdøme for kommunen, og det er viktig at kommunen held fram dette gode arbeidet.

Kommuneplanen har eit uttalt mål om at ein skal legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda. Volda kommune si deltaking i Volda Campus Arena vil vere ei ansvarleg oppfølging av planen innanfor dette emnet. Hallen vil også medføre at skular i kommunen får eit topp moderne anlegg til bruk for undervisning i kroppsøving, noko som vil vere positivt for elevar si oppleving og trivsel i dette faget.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Eit vedtak om garanti vil alltid innebere ein viss risiko for økonomisk tap. Så må ein vurdere om denne risikoen er forsvarleg utifrå ev. konsekvensar ved å måtte innfri garantiforpliktinga.

Prosjektet vil innebere økonomisk risiko då kommunen garanterer med sjølvskyldnargaranti for lån på kr 95 mill., med eit maksimalt garantiansvar på kr 104,5 mill. Kommunen ber risikoen for tap i prosjektet, t.d. der den andre part ikkje er i stand til å oppfylle avtalevilkår. Ein sjølvskyldnargaranti forpliktar garantisten (i dette tilfellet Volda kommune) til å betale, straks debitor (i dette tilfellet VCA AS) mislegheld si betalingsforplikting. Dette gjeld uavhengig av om mishaldet skuldast manglande betalingsevne eller om det skuldast manglande betalingsvilje.

Kommunen forskotterer spelemidlar innanfor ei ramme på kr 27,8 mill.

Ein legg til grunn at det vil verte ei kostnadsfordeling på teknisk anlegg mellom Volda kommune og Statsbygg, men ein kan ikkje på noverande stadium konkretisere denne fordelingsnøkkelen.

Kommunen forpliktar seg til ei årleg leige på kr 3,8 mill. I økonomiplanen er det sett av 1,8 mill i leige. Auken må innarbeidast i budsjettet for 2020 med heilårsverknad frå og med 2021. Lågare kostnad til infrastruktur vil frigjere renter og avdrag, og det vil vere ein liten

gevinst på at drifta av Voldahallen vert lagt ned. Elles må ein gjere tiltak for å frigjere midlar til budsjettmessig dekning av heile leiga i komande budsjett og økonomiplan.

Volda kommune forpliktar seg til driftsansvar på delar av anlegget etter ferdigstilling av prosjekt. Dette vil gjelde innanfor både veg, vatn og avløp, og grønt-/parkanlegg. Dette må hentast inn ved omprioritering og effektivisering i sektoren.

Dersom VCA AS ikkje lenger er i stand til å ivareta drifta av hallen, er det sannsynleg at kommunen tek over eigarskapen av anlegget. Dette vil vidare få konsekvensar for årlege driftsbudsjett.

Risikoen til kommunen i prosjektet er todelt. Det eine handlar om utbygginga der ein er avhengig av god planlegging og prosjektstyring for å halde utbyggingskostnadane innanfor budsjett. Den andre risikoen er knytt til drift, og at VCA AS syt for effektiv og god drift, samt greier å sikre dei inntektene som er lagt til grunn i driftsbudsjettet. Det er ein relativt stor inntektspost som idretten skal stå for sjølve.

Prosjektet er ei tung økonomisk satsing frå Volda kommune der ein både brukar av disposisjonsfondet til tilskot, aukar driftsbudsjettet ved husleige og tek den økonomiske risikoen ved lånegaranti. Prioriteringa av dette anlegget er ein del av retningsvalet i økonomiplanen der ein satsar på større prosjekt i Volda sentrum. I økonomiplanperioden må ein gjennomføre tiltak for å frigjere ressursar/reducere drifta for å balansere økonomien med høgare lånegjeld og auka økonomiske forpliktingar til samfunnsutvikling.

Pål-Are Vadstein  
Prosjektleder v/Kommunalteknisk avd.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Rune Totland  
teknisk sjef

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Sakshandsamar for vidare oppfølging  
Økonomisjefen  
Ass rådmann  
Oppvekstsjefen  
Utviklingssjefen  
Volda Campus Arena AS  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda Campus Arena AS  
Gymnasvegen 2  
6100 Volda

Volda, 20.01.19

Volda Kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

## VOLDA CAMPUS ARENA AS - SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI KOMMUNALT BIDRAG, LEIGEAVTALE, GJENNOMFØRINGSAVTALE

Viser til tidlegare vedtak og samarbeid om planlegging av Volda Campus Sparebank 1 Arena (VCA).

VCA er no ferdig planlagt og prosjektert fram til rammeløyve. I fellesskap med Volda kommune og Møre og Romsdal Fylke er prosjektet godt gjennomarbeida med god løysing både for innhald, funksjon og eksteriør.

Det er i denne prosessen også utarbeida driftsbudsjett, investeringsbudsjett og finansieringsplan.

Det vert lagt til grunn langsiktige leigeavtalar for Volda kommune og Møre og Romsdal

Fylkeskommune. Rammene for leigeavtale er lagt til grunn i finansieringsmodellen.

Godkjende teikningar frå idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i samband med søknad om spelemidlar er lagt ved. Og det vert også vist til tidlegare presentasjon av prosjektet m.a. i kommunestyremøte 30.08.18.

Prosjektet og finansieringsplan inkluderer klatredel med klatrevegg og buldrearlegg, 2 aktivitetssalar og innvendig parkeringsareal med 45 biloppstillingsplassar.

I tillegg vert det på uteområde ved inngangsområde opparbeida 34 biloppstillingsplassar.

## Investeringsbudsjett, egenkapital, lån og leigeavtalar

Finansieringsplanen viser samla investeringskostnad på kr 175,3 mill inkl tomtekostnad fordelt slik:

- Kr 42 mill Volda kommune, derav 30 mill jfr vedtak av 24.11.16, og 12 mill til opparbeiding infrastruktur, uteområde med parkeringsareal m.m.
- Kr 27.8 mill i spelemidlar
- Kr 10,5 mill i egenkapital
- Kr 95 mill i lån.

Langsiktige leigeavtalar med Volda kommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune skal sikre ein god basis i driftsøkonomien.

Det er lagt til grunn lånefinansiering og kapitalkostnadar med avskrivningstid på 40 år og rentesats på 5 % inkl. risikomargin.

Møre og Romsdal Fylke vil gjennom sin leigeavtale dekkje 25% av kapitalkostnaden og 25 % av driftskostnaden.

### Kommunalt tilskot/bidrag:

I kommunestyret sitt vedtak av 24.11.16 (PS 143/16) er det vedteke 30 mill i finansiering til prosjektet. I tillegg vert det i finansieringsplanen lagt til grunn at Volda kommune dekkjer kostnadar til infrastruktur og uteområde tilsvarande 12 mill.

Vi legg då til grunn at Volda kommune tek ansvar og kostnad utover dette vedr. framlegging av straum, fiber, tele og gatelys og liknande til tomtegrense. Det nemnte må planleggast og dimensjoneras for nytte til den samla utbygginga i området som Symjehall, Mediabygget m.v.. Kostnadane kan evt fordelast på dei ulike prosjekta gjennom anleggsbidrag.

### Spelemidlar forskotering:

I kommunestyret sitt vedtak av 01.03.18 (PS 19/18) føreligg det vedtak om forskotering av spelemidlar på inntil kr 29.6 mill og er innanfor ramma på kr 27.8 mill som det no vert søkt spelemidlar om.

Dette inkluderer klatrevegg og buldrearlegg som bidreg med kr 2.2 mill i spelemidlar til finansieringa. Søknaden om spelemidlar var kvalifisert ved søknadsrunden i 2018 og den vert no fornya i 2019 med tillegg for klatredelen.

### Kommunal garanti

Det er søkt om lånetilsagn i Sparebank 1 Søre Sunnmøre tilsvarande lånebehovet på inntil kr 95 mill. Det vil også verte søkt om lånefinansiering i Kommunalbanken.

Ved låneopptak i Kommunalbanken er det krav om kommunal garanti for låneopptaket og at garantien må vere ein sjølvskyldnargaranti med følgande vilkår:

- Volda kommune garanterer med sjølvskyldnargaranti for lån på kr 95 mill som Volda Campus Arena AS tek opp til Volda Campus Arena.
- Garantien skal gjelde for lånets hovudstol maks kr 95 mill med tillegg av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikkje overstige kr 95 mill + 10%, tilsvarande kr 104,5 mill.
- Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphører etter 40 år med tillegg av inntil 2 år, jfr garantiforskriftenes § 3.



## Bakgrunn og framdrift

Planane om ny idrettshall i Volda har gått føre seg i lang tid, meir enn 25 år.

Det er sterkt behov for utvida og modernisert kroppsøvingslokale for både Volda sin nye sentrumsbarneskule Øyra og Volda ungdomsskule. Planane om Volda Campus Sparebank 1 Arena som no ligg føre er eit resultat av ein prosess som har føregått mellom dei ulike interesseorganisasjonane og brukarinteresse som representerer dei ulike idrettsmiljøa og skulane. Dette vil gje ein veldig god sambruk som vil inkludere og inspirere barn og unge på ein god og brei måte, der ein får ein arena for undervisning og fritidsaktivitet i eit og same miljø.

Med klatrevegg inkl buldrearlegg, 2 aktivitetssalar og styrketreningsrom i tillegg til dobbel idrettshall vil tilbodet og aktivitetane i Volda Campus Arena inkludere ei breidde og mangfald som vil gjere miljøet eineståande både gjennom undervisning i skuletida og aktivitetstilbodet for fritida.

Det har vore eit sterkt engasjement for å lukkast i planleggingsfasen og eit særst godt privat/ offentlig samarbeid. Av samla planleggingskostnad på ca kr 2 mill utgjer 1,5 mill i bidrag frå private, det øvrige og offentlege bidraget er ytt av Volda kommune.

Tomtekostnad er finansiert gjennom samarbeidsavtale med Sparebank 1 Søre Sunnmøre.

Framdriftsplan er oppstart innan utgangen av 2. kvartal 2019. Ferdigstilling til skulestart august 2020.

## Referanseprosjekt

Vi har søkt kunnskap og erfaring frå fleire samanliknbare hallprosjekt som er realisert i seinare år.

Ulsteinhallen, Hønefoss Arena, Utleirahallen og Nadderud Arena har vore besøkt og tilført mykje god verdifull kunnskap og erfaring til nytte for utvikling av prosjektet.

Med bakgrunn i behov og målsetning for Volda Campus Arena er Nadderud Arena i Bærum referanseprosjektet og det er nytta same ressursar for Volda Campus Arena som ved Nadderud Arena gjennom arkitekt Stefan Ekberg og prosjektleiar Knut Gulbrandsen.

## Organisering av prosjektet

Volda Campus Arena AS er organisert med eit styre på 5 medlemmar og det er engasjert profesjonell prosjektleiing. I samband med gjennomføring av prosjektet vil det også verte engasjert lokal byggeleiing for tett og god oppfølging i samarbeid med Volda kommune sin representant.

### **Styret:**

Arild Bakke (styreleiar)

Rune Aarflot (nestleiar)

Idar Flo

Erlend Krumsvik

Johnny Kragset

### **Prosjektleiar:**

Knut Gulbrandsen

Med venleg helsing

Volda Campus Arena AS

Arild Bakke

Vedlegg:

Teikningsmateriale frå idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning  
Fornya vedtak av Volda kommune om idrettsfunksjonell godkjenning (14.11.18 og 15.01.19)  
Kulturdepartementet, vedtak med tilleggslysing for auka takhøgd m.m. (20.12.18)  
Vedtekter Volda Campus Arena AS  
Finansieringsplan  
Gjennomføringsavtale  
Leigeavtale  
Situasjonskart  
Organisasjonskart



FASADE VEST



**Volda Kommune**  
**VOLDA CAMPUS ARENA**


Idrettshall på Joplassen. Anleggsnr. 130197

Prosjektet er gjennomgått og vurdert i høve til gjeldende føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2017 (V-0732) og ved brev av 10.01.2017, og 4.12.2018 gitt Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for søknad om tilskot frå spelemidlane.

Volda den 4.12.2018



Etter f.m. Per Heltne  
 Fagansvarleg plan Volda kommune



FASADE SYD

MERKNADER :

TEGNFORKLARING :

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
FASADE TEGNING		A 201-1	
FASADE VEST OG SYD		MÅL	REV. NR
		1:150	-


PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

PROSJEKT	BYGGHERR	ENTREPRENØR
	VOLDA CAMPUS ARENA AS	
	LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT
	ARKITEKT	

TEGNINGS - STATUS	REV. NR	TEGN. NR
ANBUD	-	A 201-1F
-A1-1:150/A3-1:300	MÅL	DATO
	1:150	280818
	PROSJ. NR	TEGNER
	P01	SE

**STEFAN EKBERG**  
**ARKITEKTER AS**  
 -STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
 -MOB - 915 11 526-





MERKNADER :

- PROSJEKTGRENSE 1
- PROSJEKTGRENSE 2

TEGNFORKLARING :

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
PLAN TEGNING		A 001-00	
SIT.PLAN-OPRSJON 1 KLATREHALL		MÅL	REV. NR
		1:300	-

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

DATO	NR	REVISJONEN	OMHANDLER	TEGN	KONT

BYGGHERR	ENTREPRENØR
<b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	


LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

**STEFAN EKBERG**  
**ARKITEKTER AS**  
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
PLAN TEGNING		A 001-00	
SIT.PLAN-OPRSJON 1 KLATREHALL		MÅL	PROSJEKT NR
TEGNINGS - STATUS		1:300	P01
ANBUD		TEGN NR	TEGNER
- A1-1:300/A3-1:600		280818	SE





MERKNADER :

TEGNFORKLARING :

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
FASADE TEGNING		A 201-1	
FASADE VEST OG SYD		MÅL	REV. NR
		1:150	-

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

DATO	NR	REVISJONEN OMHANDLER	TEGN. KONT.

BYGGHERRE	ENTREPRENØR
<b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	


LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

**STEFAN EKBERG ARKITEKTER AS**  
 -STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
 -MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER  
**FASADE TEGNING**  
**FASADE VEST OG SYD**

TEGNINGS - STATUS		REV. NR	TEGN. NR
ANBUD		-	A 201-1
MÅL	DATO	PROSJEKT NR	TEGNER
1:150	280818	P01	SE

















SNITT A-A

MERKNADER :

TEGNFORKLARING :



SNITT B-B

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
SNITT TEGNING		A 200-1	
SNITT A-A B-B		MÅL	REV. NR
		1:150	-

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

BYGGHERR		ENTREPRENØR	
VOLDA CAMPUS ARENA AS			
LOKALISERING PLAN		LOKALISERING SNITT	
ARKITEKT			

DATO	NR	REVISJONEN	OMHANDLER	TEGN	KONT

BYGGHERR		ENTREPRENØR	
VOLDA CAMPUS ARENA AS			
LOKALISERING PLAN		LOKALISERING SNITT	
ARKITEKT			

**STEFAN EKBERG**  
**ARKITEKTER AS**  
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER		TEGNINGSNUMMER	
SNITT TEGNING		A 200-1	
SNITT A-A B-B		MÅL	REV. NR
		1:150	-

TEGNINGS - STATUS		REV. NR		TEGN. NR	
ANBUD		-		A 200-1	
		MÅL	DATO	PROSJ. NR	TEGNER
- A1-1:150/A3-1:300		1:150	280818	P01	SE




MERKNADER :


- 
- 
- 

TEGNFORKLARING :

- 
- 
- 



SNITT C-C



SNITT D-D

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGSNUMMER
SNITT TEGNING	A 200-2
SNITT C-C D-D	MÅL 1:150
	REV. NR -

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

DATO	NR	REVISJONEN	OMHANDLER	TEGN KONT

BYGGHERRE	ENTREPRENØR
<b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	
LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT


ARKITEKT

**■ STEFAN EKBERG ARKITEKTER AS**  
 -STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
 -MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGS - STATUS
SNITT TEGNING	ANBUD
SNITT C-C D-D	

REV. NR -	TEGN. NR A 200-2
MÅL 1:150	DATO 280818
PROSJEKT NR P01	TEGNER SE





MERKNADER :

- 1 - SKIFER 300x600
- 2 - GUMMIMATTA
- 3 - VINYL
- 4 - SPORTSGULV KOMBIELASTISK
- 4B - SPORTSGULV
- 4C - SPORTSPARKET
- 5 - EPOXYMALING
- 6 - FLIS 15x15
- 7 - ASFALT
- 8 - SKRAPEMATTE
- 9 - Betong

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGSNUMMER
PLAN TEGNING	A 110-1
GULVPLAN 1 - BREDDA	MÅL 1:150
	REV. NR -

PROSJEKT

## VOLDA CAMPUS ARENA

BYGGHERR	ENTREPRENØR
VOLDA CAMPUS ARENA AS	

LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

**STEFAN EKBERG  
ARKITEKTER AS**  
 -STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
 -MOB - 915 11 526-


TEGNINGEN GJELDER	
PLAN TEGNING	
GULVPLAN 1 - BREDDA	

TEGNINGS - STATUS	REV. NR	TEGN. NR	PROSJEKT NR	TEGNER
ANBUD	-	A 110-1	P01	SE
- A1-1:150/A3-1:300	MÅL 1:150	DATO 280818		

PLAN 01 - BREDDA  
+45,80







PLAN 01 - KAMP  
+45,80



MERKNADER :

**AREAL - BRA**

- Plan 1U - 1562m<sup>2</sup>
- Plan 1 - 4142m<sup>2</sup>
- Plan 2 - 1933m<sup>2</sup>
- Plan 3 - 1296m<sup>2</sup>

TOT - 8930m<sup>2</sup>

BYA - 4220M<sup>2</sup>

**TILSKUER**

- 800 V
- 800 Ø
- 126 N
- 114 S
- TOT 1840
- + VIP - 88
- + Ståplass - 235
- + HC - 12
- + Media - 25
- TOT 360
- TOT 2200

**MERKEPLAN**

- Med teleskoptribune:
- 1 Håndball - match
- 1 Volleyball - match

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGSNUMMER
PLAN TEGNING	A 100-1
PLAN 1	MÅL 1:150
	REV. NR -


PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

BYGGHERRE	ENTREPRENØR
VOLDA CAMPUS ARENA AS	
LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SHITT
ARKITEKT	

**STEFAN EKBERG**  
**ARKITEKTER AS**  
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGS - STATUS	REV. NR	TEGN. NR
PLAN TEGNING	ANBUD	-	A 100-1
PLAN 1	-	MÅL 1:150	DATO 280818
	- A1-1:150/A3-1:300	PROSJ. NR P01	TEGNER SE





MERKNADER :

- 1 - SKIFER 300x600
- 2 - GUMMIMATTA
- 3 - VINYL
- 4 - SPORTSGULV KOMBIELASTISK
- 4B - SPORTSGULV
- 4C - SPORTSPARKET
- 5 - EPOXYMALING
- 6 - FLIS 15x15
- 7 - ASFALT
- 8 - SKRAPEMATTE
- 9 - Betong

TEGNINGEN GJELDER	TEGNINGSNUMMER
PLAN TEGNING	A 110-2
GULVPLAN 2	MÅL 1:150
	REV. NR -

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

DATO	NR	REVISJONEN	OMHANDLER	TEGN. KONT.
-	-	-	-	-

BYGGERE	ENTREPRENØR
<b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	

LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT

ARKITEKT

**STEFAN EKBERG**  
**ARKITEKTER AS**  
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER	REV. NR	TEGN. NR
PLAN TEGNING	-	A 110-2
GULVPLAN 2	MÅL 1:150	PROS. NR P01
	DATO 280818	TEGNER SE


TEGNINGS - STATUS	REV. NR	TEGN. NR
ANBUD	-	A 110-2
- A1-1:150/A3-1:300	MÅL 1:150	PROS. NR P01
	DATO 280818	TEGNER SE

PLAN 02 -  
+49,75  
Nord









PLAN 1U  
+42,80



MERKNADER :

- 1 - SKIFER 300x600
- 2 - GUMMIMATTA
- 3 - VINYL
- 4 - SPORTSGULV  
KOMBIELASTISK
- 4B - SPORTSGULV
- 4C - SPORTSPARKET
- 5 - EPOXYMALING
- 6 - FLIS 15x15
- 7 - ASFALT
- 8 - SKRAPEMATTE
- 9 - Betong

TEGNINGEN GJELDER <b>PLAN TEGNING GULVPLAN 1U</b>	TEGNINGSNUMMER <b>A 110-0</b>
PROS.EKT	MÅL 1:150    REV. NR -

**VOLDA CAMPUS ARENA**


BYGGERE <b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	ENTREPRENØR
LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT

**ARKITEKT**

**STEFAN EKBERG  
ARKITEKTER AS**  
-STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
-MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER <b>PLAN TEGNING GULVPLAN 1U</b>	REV. NR -    TEGN. NR <b>A 110-0</b>
TEGNINGS - STATUS ANBUD	MÅL 1:150    DATO 280818    PROS. NR P01    TEGNER SE

TEGNINGEN GJELDER <b>PLAN TEGNING GULVPLAN 1U</b>	REV. NR -    TEGN. NR <b>A 110-0</b>
TEGNINGS - STATUS ANBUD	MÅL 1:150    DATO 280818    PROS. NR P01    TEGNER SE



KLATREHALL 040119



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Volda Campus Arena  
v/ Idar Flo

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/6637-2

20. desember 2018

## Volda Campus Arena - ramme for søknad om spelemidler til bygging av idrettshall med 12.5 meter fri takhøgde

Kulturredpartementet har motteke e-post datert 17. desember 2018 med søknad om fastsetting av rammer for tilskott til idrettshall med 12,5m fri takhøgde. Søknaden gjeld for Volda Campus arena i Volda kommune.

Departementet har vurdert oversendt dokumentasjon. Det kan søkjast om tilskot på 1/3 av kostnadane inntil:

- 18,75 mill. kroner til idrettshall 48x45 m (dobbelthall), med 12,5 m fri takhøgde, 3 sett garderobar og min. 150 m<sup>2</sup> lager for idrettsmateriell.

Departementet har følgjelege merknader:

- Tilskott til ytterlegare garderobesett (ut over 3 sett) og andre elementer med rett til tilskott kommer i tillegg.
- Det gis ikkje ekstra tilskott til lager for idrettshallen utover 150 m<sup>2</sup> som er inkludert i tilskottssatsen for idrettshall.
- For anlegg der lager ikkje er inkludert i tilskottssummen (f.eks. aktivitetssal og basishall for turn) kan det søkjast om tilskott til lager. Ref. s 41 i "*Bestemmelser om tilskott til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*".

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må liggje føre byggjearbeidet blir starta. Dette brev gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Frode Langø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse  
Grubbegata 1  
www.kud.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 866

Avdeling  
Avdeling for  
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar  
Frode Langø  
22 24 80 75





**VEDTEKTER  
FOR  
VOLDA CAMPUS ARENA**

**§ 1**

Selskapet sitt namn er Volda Campus Arena AS.

**§ 2**

Selskapet har forretningskontor i Volda kommune.

**§ 3**

Selskapet sitt føremål er etablering og drift av idrettsarena for hallidrettane i Volda. Dette er heretter kalla «Primærformålet». For å sikre Primærformålet kan selskapet og involvere seg i anna investering, drift eller tiltak i adekvat form eller omfang.

Selskapet si verksemd er ideell, og økonomisk resultat/overskot i ei kvar form eller omfang skal tilkome selskapet sitt Primærformål. Selskapet er såleis utan eige økonomisk formål.

Selskapet skal ikkje i noko form eller omfang utbetale eller på annan måte gje dividende eller anna form for økonomisk avkasting eller utdelingar til eigarar eller andre i det mon desse ikkje har ideelt formål samsvarande med Primærformålet.

Ved oppløysing av selskapet skal selskapet si formue tilfalle Primærformålet.

**§ 4**

Selskapet sin aksjekapital er på kr 30.000,- fordelt på 100 aksjar à kr 300,- fullt innbetalt og lydande på namn.

Meir enn 50% av aksjane skal ved stiftinga og til ei kvar tid vere eigd av «Idretten», jf. § 5 under, eller andre som ut frå virke, organisasjonsformål eller vedtekter er søknadsberettiga til Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, jf. føresegner heimla i Lov om pengespill m.v. av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar.

**§ 5**

Selskapet sitt styre skal ha 5 til 7 medlemar. Av medlemmane skal Volda Handballklubb (org.nr. 989 846 973) og KFUM Volda Volleygruppa (org.nr. 998 936 489), heretter kalla «Idretten», peike ut inntil 1 kvar, likevel slik at desse berre utgjer inntil halvparten av styremedlemane. Øvrige styremedlemmar vert peika ut av selskapet si generalforsamling. Selskapet vert teikna av styreleiar og 1 medlem. Av desse skal minst 1 vere utpeika av Idrettsrepresentantane.

Styret kan meddele prokura.

**§ 6**

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert å peike ut eller tilsette av styret.

**§ 7**

Overdraging av aksjar krev styret sitt samtykke. Aksjonærar som ønskjer å overdra aksjar skal meddele dette skriftleg til styret sin leiar og samstundes opplyse om kjøpstilbodet. Styret skal deretter innan 2 veker avgjere om samtykke vert gjeve. Samtykke kan nektast ved sakleg grunn eller dersom overføringa vil medføre brot på føresegner i desse vedtektene.

Ved overdraging av aksjar ved sal, gåve eller på annan måte til andre enn selskap, som skipar kontrollerer gjennom fleirtal av stemmene i generalforsamling, ligg det føre forkjøpsrett for øvrige aksjonærar.

Styret sin leiar skal straks han har motteke melding om kjøpetilbodet, gi dei andre aksjonæranne ein frist på 3 veker for å gjere forkjøpsretten gjeldande. Melding om at forkjøpsretten vert gjort gjeldande skal meldast skriftleg til styret.

Dersom fleire ønskjer å gjere forkjøpsrett gjeldande, vert retten delt høvesvis mellom aksjepostane i selskapet.

### **§ 8**

På den ordinære generalforsamlinga, som skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad, skal dette handsamast:

1. Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga.
2. Andre saker som etter lov og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

### **§ 9**

Det vert elles vist til den aksjelovgivinga som gjeld til ei kvar tid. For øvrig gjeld det at endring av §3, jf. over, krev tilslutning frå samtlege av aksjeeigarane i selskapet. Endringar av vedtektene skal straks sendast Kulturdepartementet, og i det omfang endringa skulle syne seg å kome i brot med føresetnader eller bestemmelse i samsvar med lov eller forskrift, vil slik endring ikkje kunne ha rettsverknad og må reverserast.

Alle tal er eks mva

	Volda Campus Arena	Volda Kommune	Fylket	VCA AS
Arealbehov kvm	8900	6900	6900	6900
Kostnad per m2 BTA	18 575			
Byggekostnad inkl. infrastruktur, parkering, inventar.	165 300 000			
Tomt	10 000 000			
Sum investering	175 300 000			
Tilskot Investering				
Spelemidler	27 800 000			27 800 000
Volda kommune	30 000 000	30 000 000		
VK infrastruktur	12 000 000	12 000 000		
Finansieringsbehov	105 500 000	68 000 000	44 000 000	35 500 000
Egenkapital	10 500 000	42 000 000		10 500 000
Lånebehov	95 000 000	26 000 000	44 000 000	25 000 000
Avdrag 40 år	2 375 000	650 000	1 100 000	625 000
Rente 5 %	4 750 000	1 300 000	2 200 000	1 250 000
Kapitalkostnad	7 125 000	1 950 000	3 300 000	1 875 000
FDVU kostnad				
FDVU kostnad per m2	540	540	540	540
FDVU kostnad per år	3 700 000	1 850 000	925 000	925 000
Årskostnad/leige	10 825 000	3 800 000	4 225 000	2 800 000

#### Inntekter

Idrettsarrangement/sponsoravtaler	1500000
Leigeinntekter helg	750000
Leigeinntekter kveld	750000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3000000</b>

<b>Sum driftsresultat</b>	<b>200 000</b>
---------------------------	----------------

# Gjennomføringsavtale

REVIDERT: 30.01.2019

## **Avtalepartar:**

**Volda Campus Arena AS (VCA)**

og

**Volda Kommune (VK)**

## **BAKGRUNN**

Partane har felles erkjening av behov for ny idrettshall i Volda sentrum. Idretten og kommunen har saman med Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) over tid arbeidd med ulike alternativ. Volda Campus Arena AS har skaffa tomta Jopllassen gnr. 19, bnr. 807 m.fl. i Volda Kommune. Føremålet med tomtekjøpet er å realisere ein fleirbrukshall til nytte for både dei lokale idrettslaga, i tillegg til å ivareta delar av kommunen og fylkeskommunen sine behov for lokale til kroppsøving.

## **FINANSIERING**

VK sitt økonomiske bidrag i prosjektet er regulert i eiga kommunestyresak.

VCA pliktar å etablere førehandsgodkjenning for full mva-refusjon for prosjektet før oppstart.

## **HOVUDFØREMÅL**

Denne avtalen skal samordne og klargjere arbeids- og ansvarsoppgåver mellom ulike aktørar i samband med gjennomføring av prosjektet Volda Campus Arena.

Den skal sikre Volda Kommune naudsynt innsyn og dessutan moglegheit for påverknad i prosjektet. Volda kommune er hovudbidragsytar til prosjektet, og ber økonomisk risiko gjennom lånegaranti.

Partane er difor svært opptekne av at kostnadsrammer og planlagd finansiering vert overhalde i gjennomføring av prosjektet. VCA pliktar å drive aktiv informasjon og vidare å gjere naudsynte tiltak for at kommunen sitt finansielle ansvar ikkje vert utvida utover det som det ligg føre avtale og politisk vedtak om.

Avtalen skal sikre Volda kommune at avtalte leveransar og kvalitetar vert levert.

## **GJENNOMFØRING**

### ***Byggherre (BH):***

VK er oppdragsgivar for utomhusarbeid - teknisk anlegg og infrastruktur. VK vert formell eigar av desse anlegga.

VCA er byggherre for resterande i prosjektet, og har ansvaret for gjennomføringa av prosjektering, kontrahering og ferdigstilling av det totale prosjektet.

### ***Entreprise:***

Prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise etter NS 8407.

VCA AS er kontraktspart for samla entreprise. Forhold vedkomande det å stille økonomisk sikkerheit, fakturering og garantiansvar vert ivareteke i eigne punkt i kontrakt med entreprenør. Volda kommune vert direkte fakturert for den delen av kontrakten som gjeld infrastruktur/uteområde, jmf. avklaringar i samband med momskompensasjon.

### ***Roller og ansvar fordelt på VCA og VK:***

Ein føreset at VCA innhentar tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å kunne drive fram prosjektet i eigen regi.

VK har rett til innsyn, kontroll og medverknad i heile prosjektet, også det som ikkje gjeld utomhus. VK har rett til, men ikkje plikt til, å delta i møter og all anna form for dialog og korrespondanse i gjennomføringsfasen. VK har også rett til, men ikkje plikt til, å føre kontroll med alle aktørar i prosjektet og deira arbeid.

VCA skal involvere VK i avgjersler som medfører konsekvensar for økonomi, framdrift og kvalitet.

### ***Løyver og godkjenningar:***

VCA har ansvar for innhenting av alle naudsynte offentlege løyver, i tillegg til ev. løyver frå privatpersonar og/eller 3. part som vert røyvde av tiltaket.

VCA har ansvar for ev. konflikt mellom med høgskulen/Statsbygg i anleggsperioden.

VCA har ansvar for å løyse utfordringar knytt til logistikk/trafikkavvikling på anleggsplass i anleggsperioden. I dette ligg også ansvar for å ivareta tilkomst til mjuke trafikantar til/frå høgskulen, ungdomskulen og barneskulen.

VCA har ansvar for å erverve ev. grunn og ev. rettar som er naudsynt for å gjennomføre prosjektet.

### ***Prosjektadministrasjon:***

VCA har ansvar for prosjektadministrasjon og koordinering av aktørane i samla prosjekt. Dette inneber også ansvar for HMS i samsvar med Byggherreforskrifta, bl.a. utarbeiding og oppfølging av SHA-plan og YM-plan.

Det er VCA sitt fulle og heile ansvar å utarbeide alle naudsynte møtereferat og protokollar i heile prosjektfasen, frå anbudsprosess til ferdigstilling. VCA skal syte for at alle gjeldande prosjektdokument til ei kvar tid er tilgjengelege for VK.



### ***Kvalitetsplan:***

Før oppstart må det ligge føre ein kvalitetsplan som skal godkjennast av kommunen. Ein må sikre at alle fag underlagt TE er tilstrekkeleg ivareteke i høve kompetanse og kvalitet, slik som t.d. dei tekniske faga.

I samspelfasen må VCA ta initiativ til eit kvalitetssikringsmøte med VK og MRFK.

### ***Kontrollplan:***

Ein kontrollplan vil vere viktig for å sikre best mogleg sluttprodukt. VCA skal jamleg utføre kontrollar på utført arbeid opp imot fagleg kvalitet. Dette må systematiserast i sjekklister.

### ***Fakturering og kostnadskontroll:***

For kap. 5.6 i tilbodsbeskriving - utomhusarbeid: TE fakturerer til VK.

For resterande prosjekt: TE fakturerer til VCA.

Det vert etablert ei ordning i PA-bok som sikrar gode faktureringsrutinar der begge partar må gi godkjenning *før* kommunen utbetalar for den delen som gjeld infrastruktur.

VCA utarbeider budsjett og har ansvar for økonomistyringa innanfor dette. Likevel skal VK godkjenne fakturaer med avvik frå kontrakt, og som vil ha konsekvensar for *totalkostnad* i prosjektet.

Ved ev. regningsarbeid skal VCA innarbeide rutinar på kontroll av, og innsyn i timelister, kopi av ordresetlar osv. VCA pliktar å utføre stikk-kontrollar på marknadsprisar på materiell, sortiment og produkt som TE fakturerer.

Om det oppstår forhold som medfører overskriding av totalkostnad i prosjekt, pliktar VCA å halde tilbake inneståande summar inntil forholdet er drøfta med VK.

### ***Varsling og informasjon til 3.part:***

VCA har ansvar for all varsling og handtering av ev. merknader frå publikum.

### ***Arkivering:***

VCA syter for at relevante og viktige dokument i prosessen vert arkivert, og seinare overlevert VK. VCA skal til ei kvar tid halde eit oppdatert elektronisk dokumentarkiv.

### ***Dokumentasjon:***

VCA har ansvar for at det vert innarbeidd gode rutiner for dokumentasjon på utført arbeid. I tillegg til eit oppdatert og omfattande teikningsarkiv, skal det ligge føre eit omfattande fotoarkiv av bygget, gjennom heile byggeprosessen frå oppstart til ferdigstilling.

### ***Twistar med TE:***

VCA fører ev. twistar med TE i byggefasen og i etterkant av overlevering, og har ansvar for å engasjere juridisk støtte om naudsynt. VK kan krevje at VCA stiller ev. erstatningskrav til TE.

### ***Handtering av reklamasjonar o.l.:***

VCA har ansvar for anlegga i prøvedriftsperioden, og skal utkvittere feil og manglar. Generelt har VCA ansvar for å følgje opp ev. reklamasjonar, sørvisavtalar, etterkontrollar, eittårskontroll osv. opp i mot TE. Ev. manglar som brukarane påpeikar, skal rettast til VCA, som så tek ansvar for utkvittering og/eller vidare oppfølging av leverandør.

### ***Nedtrapping av garanti frå TE til BH:***

VCA har kontroll med, og styrer nedtrapping av garanti frå TE til BH.

### ***Utbygging av infrastruktur og uteområde:***

VCA utarbeider overordna utomhusplan i anbodet. Det vert lagt til grunn at Volda kommune godkjenner planen på førehand. VK kan, i samband med godkjenningsprosessen, skriftleg framlegge kommentarar og føresetnader, t.d. særskilde materialkrav o.l. ved utføringa, som VCA så tek inn i anbodsdokumenta.

#### 1) Offentleg vatn og avløp:

VCA har ansvar for prosjektering og gjennomføring, men VK har det økonomiske ansvaret for, og ber kostnaden ved framlegging av vatn og avløp dimensjonert i samsvar med gjeldande retningslinjer for idrettshall og symjehall. VK si leveranse vert terminert i kum med avsett tilkoplingspunkt, 2 stk. Kummen vert plassert etter nærare avtale innanfor byggeområdet for VCA.

Det vert lagt til grunn i konkurransegrunnlaget at framlegging av EL-kraft og data/fiber skal ivaretaast av leverandørane. VCA har ansvar for å planlegge, prosjektere, gjennomføre og koordinere dette.

For både VA-anlegg og kabelanlegg, må dette dimensjonerast og byggast mtp. seinare realisering av symjehall på tomta. Det må etablerast naudsynte stikkgrøfter og anlegg særskild til symjehallen.

#### 2) Omlegging av Djupegrova.

VCA har ansvar for prosjektering og gjennomføring, men VK har det økonomiske ansvaret for, - og ber kostnadene ved omlegging av Djupegrova. Arbeidet er planlagd ferdigstilt hausten 2020. I samsvar med gjeldende reguleringsvedtak er det teke inn rekkefølgeføresegner som føreset at dette arbeidet er ferdigstilt før igangsetjing kan skje på sjølve hall-bygninga.

VCA vil arbeide aktivt for å kunne igangsetje sine arbeid tidlegare enn lagt til grunn her, og vil ta eige initiativ til søknad om mogleg dispensasjon.

#### 3) Førebuingar for svømmehall

VCA tek i vidare prosjektering og utføring omsyn til ein framtidig symjehall, og det vert til ei viss grad føreset løysingar for sambruk av inngangsparti og fellesareal inkludert kafeteria. Framlegging av tilstrekkelege dimensjonar for vatn, avløp, EL og svakstraum er ivareteke slik det går fram av punkt ovanfor.

4) Rigg

VK legg forholda best mogleg til rette for at VCA sin totalentreprenør skal kunne ha sine riggfasilitetar plassert på tomta for framtidig symjehall. Riggplass på denne tomta må i så fall vere tidsavgrensa og vil gjelde fram til seinast 31.12.2020.

Entreprenør må i sitt tilbod ta høgde for framleiding og tilkopling av offentleg VA og straum.

## **ORGANISERING AV PROSJEKTET**

Vedlagt organisasjonskart datert 10.01.2019, viser korleis prosjektet, prosjektering og bygging av idrettshallen er organisert. Volda kommune skal vere representert med éitt medlem i besluttsande organ i prosjektet i tillegg til å delta i prosjekteringsgrupper og byggemøter.

For utomhusarbeid utformast eige organisasjonskart.

I samband med prosjektering skal VK vere jamleg orientert om pågåande prosjektering. VK skal delta i prosjekteringsgruppa for infrastruktur og utomhus, men skal også ha høve til å delta i prosjekteringsgruppa når det gjeld sjølv bygget. Prosjekteringsgruppa vert leia av VCA i samspelfasen. Prosjekteringsgruppa skal ha ansvaret for koordinering og prosjektering av heile prosjektet, også av uteområde og infrastruktur. Deretter er det TE som har ansvaret for prosjekteringsleiinga.

## **DRIFT AV UTEOMRÅDE**

Driftsansvaret går fram av situasjonsplan datert 28.01.2019 som viser fordelinga mellom VK og VCA.

VK ivaretek driftsansvaret for Joplassvegen og parkeringsarealet nord for bygget.

VCA ivaretek driftsansvaret for resterande uteområde knytt til bl.a. internvegar, grøntanlegg, park m.m.

Slike driftskostnader vert ev. å ta inn i leigeavtalar med m.a. VK og MRFK (eller berre i avtale med MRFK). VCA kan om mogleg inngå avtale med kommunen om drift av slike anlegg, mot t.d. vederlag eller redusert husleige. Ein må i så fall vurdere nærare organisering, prioritering og ev. kapasitet dersom kommunen skal drøfte dette.

Parkeringskjellaren bør vurderast i samanheng med parkeringsordning for heile campusområdet. I samband med utgreiing av parkeringsordning, vil det ideelle vere at eit parkeringsselskap har hand om alle parkeringsplassane på området og driftar desse. Dette bør vurderast i samarbeid med VCA, Volda kommune og Høgskulen i Volda. Høgskulen koordinerer denne prosessen. I løpet av hausten skal Forvaltningsutvalet i Volda kommune handsame ei sak som gjeldprinsipp for felles parkeringsløyising.

Ved ev. utbygging av symje- /badeanlegg, vil partane ta ein gjennomgang av deling av driftsansvar på delar av anlegga etter dette punktet.

## LEIGEAVTALAR

VCA er ansvarleg for å inngå leigeavtalar med alle som brukar hallen for å sikre ein haldbar og solid driftsøkonomi.

### 01) Dagtidisleie:

VK inngår leigeavtale med VCA for å kunne ivareta kroppsoving for grunnskular på dagtid. Detaljar om areal og timetal vert regulert i leigeavtalen ut frå prinsippet om at skulane sine behov skal dekkast i sin heilskap.

### 02) Kveldstid:

Partane har som intensjon å finne ei avtaleform som sikrar barne- og ungdomsidretten naudsynt halltid på kveldstid, uavhengig av klubbane sitt eigarskap til VCA. Dette bør ein ivareta ved at VK inngår eigen leigeavtale øyremerkt eit gitt tal timar til dette føremålet.

### 03) Parkeringskjellar:

Ev. etablering av parkeringskjellar i heile eller delar av ein underetasje, føreset at det vert inngått leigeavtale med Volda kommune for eit gitt tal parkeringsplassar.

## PROSJEKTBUDDSJETT

Det skal setjast opp budsjett for prosjektet i samsvar med Norsk Standard 3453. I dette budsjettet skal det gjerast avsetningar til reserve etter ei risikoanalyse. Reservane skal fordelast på P50- og P80-nivå (dvs. 50 % eller 80 % sannsyn for at prosjektet held kostnadsramma).

Budsjettet skal detaljerast i fag, postar, arbeidsoperasjonar osv.

Det må her gjerast ei grundig vurdering av reelle forventta tillegg, usikre faktorar, hendingar osv., og det må leggjast ein klar plan på korleis dette vert handtert om prosjektet går mot overskriding. Ein må legge fram konkrete tiltak for å unngå overskridingar, ved t.d. kuttlistar, prioriteringar o.l.

Etter ferdig prosjekt og avslutta sluttoppgjer skal fullstendig byggerekneskap ligge føre.

## RAPPORTERING

Prosjektet skal styrast av prosjektleiar etter P50-ramma. Det skal rapporterast månadleg om utviklinga i prosjektet i høve framdrift og økonomi (rapport etter NS 3454). Dersom det vert behov for å nytte P80-ramma, skal dette fyrst godkjennast av Volda kommune.

Månadsrapporten vert uoppfordra oversendt til VK innan den 15. i kvar månad. I denne skal status prosjekt gå fram klart og eintydig i høve budsjett, hittil fakturert og attståande fakturering etter kontrakt.

VK skal til ei kvar tid vite korleis prosjektet står økonomisk i høve kontrakt. Ev. avvik og årsak til avvik skal tydleg gå fram. Rapporten skal til kvar tid innehalde oppdatert prognose.

Etter ferdigstilling skal også VCA utarbeide ein utfyllande sluttrapport for prosjektet, der ein evaluerer prosjektgjennomføringa på måloppnåing, kvalitet, økonomi, framdrift, HMS m.m.

## SÆRLEGE VILKÅR

1. Volda kommune er i ein samanslåingsprosess med Hornindal kommune, og denne avtalen vert ivareteke av nye Volda kommune etter 1. januar 2020.
2. Dersom VCA AS vil avhende eller ikkje lenger er i stand til å ivareta drifta av hallen og hallområdet, har VK fortrinnsrett til utan vederlag å overta eigarskapen til VCA med tilhørende driftsavtalar og plikter. Dette gjeld også dersom det på andre måtar oppstår ein situasjon der kommunen sine garantiar vert utløyst.

Dette gjeld også overtaking av eigerskap av tomtegrunn.

3. I tillegg til den økonomiske støtta VK yter i prosjektet med lånegaranti, som leigetakar og dessutan som oppdragsgivar for utomhus, medverkar også VK i prosjektet ved å stille til disposisjon grunn/tomteareal til delare av hallen og uteområdet vederlagsfritt i leigeperioden. Om det seinare vert vedteke utbygging av symjehall, skal arealet som er avsett til dette og som VCA no eig, vederlagsfritt gå inn i totalprosjekt inkl. symjehall.
4. Denne avtalen er avhengig av godkjenning frå partane sine styrande organ før bygging av anlegget kan iverksetjeast (VCA sitt styre og kommunestyret). Entreprenør må ikkje under nokon omstende igangsetjast aktivitet på anleggsplass før denne avtalen er godkjend og gyldig.
5. Leigeavtale med Volda kommune og med Møre og Romsdal fylkeskommune om bruken av hallen og ev leige av parkeringsplassar i underetasjen, må vere avklart og signert før VCA kan inngå bindande avtale om utbygging.

Volda .....

Arild Bakke  
Styreleiar VCA

Jørgen Amdam  
Ordfører Volda kommune



## LEIGEAVTALE

### 1 UTLEIER

Volda Campus Arena AS (**Utleier**)  
Organisasjonsnummer 918 027 513

### 2 LEIETAKER

Volda kommune (**Leietaker**)  
Organisasjonsnummer

### 3 EIENDOMMEN

Volda Campus Arena AS  
Adresse: Joplassvegen, 6103 VOLDA  
Gnr. 19 bnr. 807  
i Volda kommune, kommunenummer 1519 (**Eiendommen**)

### 4 LEIEOBJEKTET

Leieobjektet består av arealer til Leietakers bruk av en forholdsmessig andel av Eiendommens fellesareal og tekniske rom (**Fellesareal**). **Se Bilag 1** (arealoversikt og tegninger).

Leietakers brukstid er delt inn i a) Dagtid og b) Kveldstid:

a) Dagtid er avgrenset til tidsramma mandag til fredag, fra kl. 08.00 til kl. 14.30 i skoleåret sine uker.

Leieobjektet skal på Dagtid benyttes til undervisning i kroppsøving for grunnskolen i Volda.

Leietaker har i tillegg rett å bruke håndballflate nr 1 og nr 2 til diverse skoleaktiviteter, som for eksempel «Melodi Grand Prix» inntil fem (5) skoledager (fra kl. 08.00 til kl. 15.30) per skoleår.

Leietaker sin bruk av Fellesareal gjelder håndballflate med tilhørende garderobesett, og Aktivitetssal med tilhørende garderobesett. Ved opprettelse av klatrehall/buldreanlegg vil leietaker ha rett til også å bruke dette. Leietaker sin bruk på Dagtid er avgrenset til 90 brukstimer per uke. Leietaker har også tilgang til fellestoalett, foaje, gang og elles annet fellesareal i direkte tilknytning til.

En (1) brukstime blir regnet som bruk av 1/3 håndballbane i en (1) time med ett garderobesett med tilhørende garderober for instruktør. En (1) brukstime i Aktivitetssal nr 1 og nr 2 blir regnet som bruk av en (1) aktivitetssal i en (1) time med tilhørende garderobesett for instruktør. En (1) brukstime i klatrehall/buldreanlegg blir regnet som bruk av en klatrehall/buldreanlegg i en (1) time.

Leietaker har innenfor sin brukstid på Dagtid rett til å disponere spinningrom og styrkerom når disse er ledige.

Leietaker sørger selv for matter, tjukkas og lignende løst idrettsutstyr som skal brukes til undervisningen, og har rett til å lagre dette idrettsutstyret i lager som er i tilknytning til håndballflatene etter nærmere avtale med Utleier.

Ved opprettelse av parkeringsareal i byggets u.etg vil leietaker ha rett til å bruke 35 parkeringsplasser på Dagtid.

**b) Kveldstid er avgrenset til tidsramma mandag til fredag, fra kl. 16.00 til kl. 22.30 i skoleårets uker.**

Leieobjektet skal benyttes av den organiserte barne- og ungdomsidretten (unntatt Volda handball og KFUM Volda) og idrett for funksjonshemmede i Volda.

Leietaker sin bruk av Fellesareal er tilsvarende en (1) håndballflate med tilhørende garderobesett. Leietaker sin bruk av dette arealet på Kveldstid er avgrenset til ti (10) timer i uka. Ved opprettelse av klatrehall/buldreanlegg vil leietaker ha rett til også å bruke dette i ti (10) timer i uka.

Leietaker har også rett til å bruke en (1) Aktivitetssal med tilhørende garderobesett på Kveldstid, til sammen 32,5 timer i uka.

(3) Alle arealer er oppgitt etter NS 3940:2012. Eventuelle feil i arealangivelsene gir ikke rett til å kreve Leien justert, og medfører heller ikke noen endring av denne leieavtalens øvrige bestemmelser.

(4) Leietaker og Utleier skal være representert i et Brukerutvalg som skal ha til oppgave å sikre godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom Utleier og alle de faste leietakerne. Brukerutvalget skal som minimum møtes hvert halvår (høst/vår) og skal behandle saker som angår samarbeidet mellom Utleier og faste leietakere, blant annet eventuelt sambruk av idrettsutstyr, vask, renhold og avvik. Utleier er leder av Brukerutvalget og ansvarlig for innkalling og at referat fra møtene blir protokollført.

Brukerutvalget skal i samarbeid komme fram til en plan for Leietaker sin bruk av Fellesareal det påfølgende skoleåret, innen uke 27 hvert år. Denne planen revideres ved behov.

## 5 OVERTAKELSE/MELDING OM MANGLER

(2)Utleier skal per Overtakelse sørge for og bekoste at Leieobjektet er i samsvar med de offentligrettslige bygningstekniske krav som gjelder for Leieobjektet. Utleier er per Overtakelse også ansvarlig for at Leietakers virksomhet i Leieobjektet, er tillatt i henhold til gjeldende reguleringsplan. Utleiers forpliktelser etter dette punkt 6 (2) omfatter ikke innrednings- eller bygningsmessige arbeider som utføres av Leietaker.

(3)Offentligrettslige krav per Overtakelse som følge av Leietakers virksomhet/bruk av Leieobjektet som ikke er av bygningsteknisk eller reguleringsmessig karakter, er Leietakers ansvar.

(5)Leietaker må gi skriftlig melding om mulige skader og mangler mv. innen rimelig tid etter at Leietaker burde ha oppdaget dem. Forhold som Leietaker kjente til ved Overtakelse kan ikke senere gjøres gjeldende som mangel.

(6)Ved Overtakelse skal Utleier gi Leietaker en innføring i bruk av teknisk utstyr/innretninger i Leieobjektet som skal benyttes av Leietaker. Videre skal Utleier ved Overtakelse fremlegge driftsmanualer/-instrukser for teknisk utstyr og innretninger i Leieobjektet. Leietaker skal i hele Leieperioden følge Utleiers til enhver tid gjeldende driftsmanualer/-instrukser.

## 6 LEIEPERIODEN

(1)Leieforholdet løper fra 01.08.2020 (**Overtakelse**) til 31.07.2050 (**Leieperioden**), med rett til forlenging i nye 30 år på reforhandlede vilkår. Leieforholdet kan ikke sies opp i Leieperioden.

(2)Fristen for å sende flyttingsoppfordring etter Leieperiodens utløp er seks måneder.

## 7 LEIEN, FELLESKOSTNADENE MV.

(1)Leien for Leieobjektet per år (**Leien**) utgjør NOK 3.800.000,- (eksklusive merverdiavgift). I tillegg kommer merverdiavgift i den utstrekning vilkårene for å legge merverdiavgift på Leien er oppfylt, jf. punkt 9.

(2)1/4 / av Leien forfaller til betaling forskuddsvis den 1. i hvert kvartal med NOK 950.000,- (eksklusive merverdiavgift).

(3)

Leien er inklusiv eiendommens felleskostnader.

## 8 MERVERDIAVGIFT

(1) Partene har per kontraktsignering forutsatt at Leieobjektet skal omfattes av Utleiers frivillige registrering i Merverdiavgiftregisteret.

(2) I den utstrekning Leieobjektet skal omfattes av Utleiers registrering i henhold til avsnitt (1), innestår Leietaker for at vilkårene for registrering er oppfylt fra tidspunkt for kontraktsignering og i hele Leieperioden.

(3) Utleier har rett til å legge merverdiavgift med den til enhver tid gjeldende sats på Leien, Felleskostnadene og eventuelle andre kostnader knyttet til arealer som skal omfattes av Utleiers registrering i henhold til avsnitt (1). Det samme gjelder for arealer som måtte bli omfattet av Utleiers registrering som følge av at registrering for utleie blir pålagt ved lov.

(4) Dersom Leietaker i samsvar med punkt 24 har fått samtykke til fremleie av arealer som skal omfattes av Utleiers registrering i henhold til avsnitt (1), og de fremleide arealene fortsatt kan omfattes av Utleiers registrering i Merverdiavgiftregisteret, skal Leietaker som ikke er registrert i Merverdiavgiftregisteret umiddelbart søke om frivillig registrering for fremleien. Hvis Leietaker allerede er registrert i Merverdiavgiftregisteret for annen virksomhet, skal Leietaker innta en bestemmelse i fremleieavtalen om at fremleieforholdet skal behandles som merverdiavgiftspliktig, samt å utfakturere leievederlaget for fremleieforholdet med tillegg av merverdiavgift.

(5) Leietaker skal umiddelbart gi Utleier opplysninger om forhold som kan medføre en endring i den avgiftsmessige status til hele eller deler av Leieobjektet. Leietaker skal også innen 14 dager skriftlig besvare Utleiers årlige leietakererklæringer om Leietakers bruk av Leieobjektet gjennom året og bygningsmessige tiltak foretatt på Leieobjektet av Leietaker. Leietaker skal også innhente tilsvarende dokumentasjon fra eventuelle fremleietakere.

(6) Ved opphør av leieforholdet, uansett grunnlag, skal Leietaker og eventuelle fremleietakere beholde egne justeringsforpliktelser på bygningsmessige tiltak foretatt på Leieobjektet.

(7) Leietaker skal holde Utleier skadesløs for ethvert tap Utleier måtte bli påført, herunder redusert fradragsrett og tilbakeføring/justering av fradragsført inngående merverdiavgift samt renter, tilleggsavgift og øvrige kostnader forbundet med slikt tap, som følge av regelendringer for Leietakers bruk/virksomhet eller Leietakers bruksendring, fremleie, selskapsmessige/organisatoriske endringer, formelle mangler eller forsømmelser o.l. Ved beregningen av Utleiers tap skal det tas hensyn til skattemessige konsekvenser for Utleier.

(8) Eventuelle krav som følge av bestemmelsene i dette punkt 8 forfaller til betaling ved påkrav.

Krav som følge av Utleiers plikt til tilbakeføring/nedjustering av fradragført inngående merverdiavgift forfaller imidlertid til betaling tidligst 14 dager før forfall for Utleiers betalingsplikt til staten.

## 9 LEIETAKERS BRUK AV LEIEOBJEKTET

(1)Leietaker skal behandle så vel Leieobjektet som Eiendommen for øvrig med tilbørlig aktsomhet.

(2)Leietaker skal sette seg inn i og følge de offentligrettslige og privatrettslige regler som er eller måtte bli innført og som kommer til anvendelse på leieforholdet. Leietaker er i Leieperioden ansvarlig overfor alle offentlige myndigheter for at Leietakers bruk av Leieobjektet tilfredsstiller de til enhver tid gjeldende offentligrettslige krav.

(3)Leietaker skal oppfylle og bekoste alle nye offentligrettslige (bygningstekniske og andre) krav til Leieobjektet som oppstår i Leieperioden som følge av Leietakers særlige bruk av Leieobjektet, herunder krav til universell utforming og krav fra arbeidstilsyn, helsemyndigheter, sivilforsvar, industrivern, brannvern eller annen offentlig myndighet.

(4)Leietaker skal på Utleiers forespørsel dokumentere at det foreligger et internkontrollsystem for Leietakers virksomhet som oppfyller de til enhver tid gjeldende krav.

(5)Leieobjektet må ikke brukes på en måte som forringer Eiendommens omdømme eller utseende. Virksomheten i Leieobjektet må heller ikke sjenere andre leietakere eller naboer ved støv, støy, lukt, rystelse eller på annen måte. Røyking og bruk av snus er ikke tillatt er ikke tillatt i Leieobjektet. Rom med vann- og/eller avløpsrør må holdes oppvarmet, slik at frysing unngås. Kostnadene ved utbedring og eventuell erstatning i forbindelse med disse forhold er Leietakers ansvar.

(6)Avfall må legges i Eiendommens søppelkasser/kildesorteringssystem, med mindre det er avtalt at Leietaker selv skal ta hånd om søppel/kildesortering. Leietaker må selv fjerne avfall av ekstraordinær(t) omfang eller karakter for egen regning. I motsatt fall kan Utleier fjerne avfallet for Leietakers regning. All avfallshåndtering skal følge de til enhver tid gjeldende offentlige krav.

(7)Leietaker skal sørge for og bekoste tilfredsstillende utvendig renhold, strøing og snørydding dersom Leieobjektet brukes til virksomhet rettet mot publikum (for eksempel forretning eller servering), med mindre annet er særskilt avtalt.

(8)Leietaker kan ikke benytte Fellesareal til eget formål (for eksempel salg, oppslag, lagring o.l.).

## 10 UTLEIERS VEDLIKEHOLDS- OG UTSKIFTINGSPLIKT



(1)Utleier skal sørge for og bekoste alt utvendig bygningsmessig vedlikehold og utskifting av tekniske innretninger, slik som heiser, ventilasjonsanlegg, branntekniske anlegg, fyringsanlegg, solavskjermingsanlegg etc., når disse ikke lenger lar seg vedlikeholde på regningsvarende måte.

(2)Utleier skal sørge for at Fellesareal og Eiendommens tekniske innretninger holdes i tilsvarende stand som ved Overtakelse, men slik at alminnelig slitasje må aksepteres av Leietaker. Utleier skal sørge for vedlikehold, drift og renhold av Fellesareal og utearealer.

(3)Utleiers arbeider skal foretas på en forskriftsmessig og håndverksmessig god måte.

(4)Utleier har ikke ansvar for vedlikehold eller utskifting av innretninger anbrakt i Leieobjektet av Leietaker.

(5)Leietaker har ikke krav på erstatning eller avslag i Leien ved avbrudd i forsyninger av vann, energi, luft etc., som ikke er vesentlige.

(6)Utleier skal sørge for at Leieobjektet i Leieperioden er i samsvar med de for Eiendommen/Leieobjektet gjeldende offentligrettslige bygningstekniske krav, med mindre annet følger av punkt 9 eller Leietakers vedlikeholdsplikt etter punkt 13.

## 11 UTLEIERS ENDRING AV LEIEOBJEKTET/EIENDOMMEN

(1)Utleier kan foreta alle arbeider til Eiendommens/Leieobjektets vedlikehold eller fornyelse, herunder miljørelaterte tiltak. Utleier kan videre foreta ethvert endringsarbeid, herunder tilbygg, påbygg mv.. Endring av Fellesarealets areal og utforming kan bare foretas dersom endringene er mindre vesentlige.

(2)Leietaker må finne seg i slike endringsarbeider uten erstatning eller avslag i Leien, med mindre ulempene for Leietaker er vesentlige.

(3)Leietaker skal varsles om alle arbeider etter dette punkt 14 med rimelig frist. Utleier skal påse at arbeidene blir til minst mulig sjenanse for Leietaker.

## 13 LEIETAKERS ENDRING AV LEIEOBJEKTET

(1)Leietaker kan ikke foreta endringer, herunder innredning eller ominnredning i eller av Leieobjektet, uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Det samme gjelder dersom Leietaker ønsker økt kapasitet/forsyning av energi, vann, luft, avløp mv. i forhold til hva som var forutsatt for Leietakers bruk på kontraktstidspunktet. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Dersom samtykke gis skal Utleier samtidig, dersom Leietaker krever det, skriftlig ta stilling til om

Leietaker ved fraflytting helt eller delvis må tilbake stille de utførte endringene. Med mindre annet skriftlig avtales, skal alle Leietakers endringsarbeider tilbake stilles ved fraflytting.

(2) Leietaker kan ikke sette opp virksomhetsskilt og solavskjerming uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Størrelse, utforming og plassering skal være sedvanlig etter virksomhetens og Eiendommens art og karakter, og skal godkjennes av Utleier. Leietaker må bekoste sitt firmanavn påsatt felles anvisningsskilt etter nærmere avtale med Utleier.

(3) Leietaker er ansvarlig for å innhente de nødvendige offentlige tillatelser og for øvrig oppfylle alle offentlige krav som gjelder for arbeider som utføres i henhold til dette punkt 15. Alle søknader skal godkjennes av Utleier. Ved ferdigstilling av arbeidene skal dokumentasjon for arbeidene overleveres Utleier sammen med eventuelle offentlige godkjenninger.

## 14 FORSIKRING

(1) Hver av partene holder sine eiendeler/interesser forsikret.

(2) Utleier forsikrer Eiendommen.

(3) Leietaker forsikrer egen innredning, fast og løst inventar, løsøre, maskiner, data, varer, driftstap/-avbrudd og eget ansvar. Leietaker forsikrer også dører og vinduer til Eksklusivt Areal.

(4) Dersom Leietakers virksomhet medfører forhøyelse av Eiendommens forsikringspremier eller nye sikkerhetsforskrifter fra Utleiers forsikringsselskap som innebærer investeringer, skal Leietaker dekke kostnadene. Leietaker skal melde til Utleier ethvert forhold og/eller endring i forhold ved virksomheten, som kan få følger for Eiendommens forsikringspremie.

(5) Hver av partene kan kreve å få fremlagt den annen parts forsikringsavtale.

## 15 BRANN/DESTRUKSJON

(1) Blir Leieobjektet ødelagt ved brann eller annen hendelig begivenhet kan Utleier erklære seg fri fra alle rettigheter og forpliktelser under leieavtalen.

## 16 UTLEIERS AVTALEBRUDD

(1) Leietaker kan kreve avslag i Leien i henhold til husleieloven § 2-11 som følge av forsinkelse eller mangel. Hva gjelder mangel, forutsettes at mangelen er vesentlig.

(2) Leietaker kan kreve erstatning for direkte tap som følge av forsinkelse eller mangel i henhold

til husleieloven § 2-13. Hva gjelder mangel, forutsettes at mangelen er vesentlig. Indirekte tap dekkes ikke. Erstatningen er i Leieperioden oppad begrenset til 12 måneders leie, med mindre Utleier har handlet forsettlig eller grovt uaktsomt. Ved eventuell forlengelse av Leieperioden gjelder en ny, tilsvarende begrensning for tap i forlengelsesperioden.

(3)Leietaker har ikke rett til å holde tilbake leie til sikkerhet for de krav Leietaker har eller måtte få mot Utleier som følge av forsinkelse eller mangel.

(4)Dersom Leietaker ønsker å påberope vedvarende eller gjentatt mislighold fra Utleiers side som grunnlag for heving, krever dette skriftlig forhåndsvarsling om at avtalen kan bli hevet dersom misligholdet ikke opphører. For øvrig gjelder husleieloven § 2-12.

## 17 LEIETAKERS AVTALEBRUDD/UTKASTELSE

(1)Leietaker blir erstatningsansvarlig for all skade eller mangler som skyldes Leietaker selv eller folk i Leietakers tjeneste samt fremleietakere, kunder, leverandører, oppdragstakere og/eller andre personer som Leietaker har gitt adgang til Eiendommen. Erstatningsplikten omfatter også kostnader som måtte følge av utrydding av utøy.

(2)Leietaker vedtar at tvangsfravikelse kan kreves hvis Leien eller avtalte tilleggsytelser ikke blir betalt, jf. tvangsfullbyrdsloven § 13-2 tredje ledd (a). Leietaker vedtar at tvangsfravikelse kan kreves når Leieperioden er løpt ut, jf. tvangsfullbyrdsloven § 13-2 tredje ledd (b).

(3)Ved vesentlig mislighold av leieavtalen kan Utleier heve denne, og Leietaker skal da straks fraflytte Leieobjektet.

(4)Dersom Leietaker blir kastet ut eller flytter etter krav fra Utleier pga. mislighold eller fraviker leieobjektet som følge av konkurs, skal Leietaker betale Leien og andel Felleskostnader for den tid som måtte være igjen av Leieperioden. Betalingsplikten gjelder bare i den utstrekning Utleier ikke får dekket sitt tap gjennom annen utleie av Leieobjektet. Leietaker må også betale de omkostninger som utkastelse, søksmål og rydding/rengjøring av Leieobjektet fører med seg. Det samme gjelder eventuelle kostnader til tilbakestilling av Leietakers arbeider og kostnader til ny utleie.

## 18 FRAFLYTTING

(1)Ved fraflytting skal Leietaker tilbakelevere Leieobjektet ryddet, rengjort, med hele vindusruter og for øvrig i kontrakts- og håndverksmessig godt vedlikeholdt stand og med samtlige nøkler/adgangskort. Dersom vedlikeholdsplikten etter punkt 13 er oppfylt med alminnelige intervaller i Leieperioden, aksepterer Utleier normal slit og elde frem til fraflytting. For endringer foretatt av Leietaker i Leieperioden, gjelder reguleringen i punkt 15.

(2) Utleier kan utbedre mangler som Leietaker ikke har utbedret, for Leietakers regning. Dersom Utleier ikke gjennomfører slik utbedring, skal Leietaker likevel kompensere Utleier for de kostnader som ville medgått dersom utbedring hadde vært foretatt, uavhengig av Leieobjektets bruk etter fraflytting.

(3) I god tid før utløpet av Leieperioden skal det avholdes en felles befaring mellom Leietaker og Utleier for å avtale eventuelle nødvendige arbeider som skal utføres for å bringe Leieobjektet i den stand det skal være ved fraflytting.

(5) Utleier har i de siste 12 måneder før fraflytting rett til å sette opp skilt på fasaden med informasjon om at Leieobjektet blir ledig.

(6) Leietaker skal senest siste dag i Leieperioden på egen bekostning fjerne sine eiendeler. Eiendeler som ikke fjernes skal anses etterlatt, og tilfaller Utleier. Utleier kan kaste eller fjerne søppel og eiendeler som Leietaker har etterlatt, for Leietakers regning.

## 19 TINGLYSING/PANTSETTELSE

(1) Leieavtalen kan ikke tinglyses uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. En eventuelt tinglyst leieavtale skal ikke ha opptrinnsrett, og den skal vike prioritet for nye pengeheftelser som måtte bli tinglyst på Eiendommen. Leietaker skal medvirke til at slik prioritetsvikelse gjennomføres. Leietaker gir Utleier ugjenkallelig fullmakt til å slette den tinglyste leieavtalen på det tidspunkt leieforholdet opphører. Kostnader forbundet med tinglysing og sletting av leieavtalen dekkes av Leietaker.

(2) Leieavtalen kan ikke pantsettes uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Utleier kan stille vilkår for pantsettelsen. Leietaker gir Utleier ugjenkallelig fullmakt til å slette pantsettelsen på det tidspunkt leieforholdet opphører.

## 20 LEIEREGULERING

(1) Leien reguleres hver 1. januar, i samsvar med eventuelle endringer i Statistisk Sentralbyrås konsumprisindeks, eller, hvis denne blir opphevet, annen tilsvarende offentlig indeks. Dog skal Leien ikke kunne reguleres under den Leien som ble avtalt på kontraktstidspunktet.

(2) Opprinnelig kontraktsindeks er indeksen for januar måned år 2019. Leieregulering baseres på utviklingen fra opprinnelig kontraktsindeks til siste kjente indeks på reguleringstidspunktet.

(3) Leietaker er med dette gitt varsel om at årlig leieregulering vil finne sted.

(4) Ved offentlig inngrep (prisstopp o.l.) som begrenser den leie Utleier ellers kunne tatt etter denne kontrakt, skal den regulerte Leien løpe fra det tidspunkt og i den utstrekning det måtte

være lovlig adgang til det.

## 21 SIKKERHETSSTILLELSE

Leietaker skal ikke stille sikkerhet.

## 22 FREMLEIE

(1)Fremleie av Leieobjektet, helt eller delvis, må ikke finne sted uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Økt avgiftsmessig belastning for Utleier som følge av fremleien skal alltid anses som saklig grunn, med mindre Leietaker forplikter seg til å holde Utleier skadesløs for Utleiers tap og kostnader som følge av fremleien i samsvar med punkt 9 og stiller en - etter Utleiers oppfatning - tilfredsstillende sikkerhet for sine forpliktelser. Videre skal opprettholdelse av Eiendommens - virksomhetsprofil/virksomhets sammensetning anses som saklig grunn.

(2)Manglende svar på søknad om samtykke etter bestemmelsene i dette punkt 24 anses ikke som samtykke.

## 23 OVERDRAGELSE/SELKAPSMESSIGE ENDRINGER

(1)Overdragelse av leieavtalen, helt eller delvis, er ikke tillatt uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan nektes på fritt grunnlag.

(2)Overdragelse av minst 50 % av aksjene, selskapsandelene eller eierinteressene (direkte eller indirekte) i Leietaker, herunder ved fisjon eller fusjon, anses som overdragelse av leieavtalen. Det samme gjelder Leietakers skifte av selskapsform. Som overdragelse regnes også avhendelse av det mindre antall aksjer eller andeler som i seg selv utgjør bestemmende innflytelse (alminnelig flertall) i selskapet. Utleier skal på forespørsel gis opplysninger bekreftet av Leietakers revisor, dersom Utleier ønsker å kontrollere om slik overdragelse har funnet sted. Bestemmelsene i dette avsnittet gjelder ikke for børsnoterte selskaper.

(3)Selskapsmessige endringer, eksempelvis fisjoner, som vesentlig forringer Leietakers økonomiske evne til å oppfylle sine forpliktelser overfor Utleier, krever Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan nektes på fritt grunnlag.

(4)Manglende svar på søknad om samtykke etter bestemmelsene i dette punkt 25 anses ikke som samtykke.

(5)Dersom Utleier overfører sine rettigheter og forpliktelser etter avtalen skal Leietaker medvirke til at ny sikkerhet stilles overfor ny eier.



## 24 SÆRLIGE BESTEMMELSER

Utleier kan etter nærmere avtale disponere utleide areal dersom dette er nødvendig for å gjennomføre større, særskilte arrangement. Ved slike tilfeller skal partene utvise smidighet og gjennom Brukerutvalget avtale premisser for dette i god tid før gjeldende tidspunkt.

## 25 FORHOLDET TIL HUSLEIELOVEN

(1)Følgende bestemmelser i husleieloven gjelder ikke: §§ 2-15, 3-5, 3-6, 3-8, 4-3, 5-4 første ledd, 7-5, 8-4, 8-5, 8-6 annet ledd og 10-5. For øvrig er det denne leieavtalen som gjelder i de tilfeller der den har andre bestemmelser enn hva som følger av husleielovens fravelige regler.

## 26 LOVVALG OG TVISTELØSNING

(1)Denne leieavtalen reguleres av norsk rett.

(2)Eiendommens verneting vedtas i alle tvister som gjelder leieavtalen.

## 27 BILAG TIL LEIEAVTALEN

Bilag 1:	Tegninger
Bilag 2:	Kravspesifikasjon
Bilag 3:	Skjema for overtakelsesprotokoll

## 28 STED/DATO

Volda, ...../.....- 2019

Volda, ...../.....- 2019

## 29 SIGNATUR

(1)Senest ved underskrift av leieavtalen skal Leietaker fremlegge gyldig legitimasjon/firmaattest.


(2)Denne leieavtalen er undertegnet i to eksemplarer, hvorav Utleier og Leietaker har fått hvert sitt.

Utleier

Volda Campus Arena AS

Leietaker

Volda kommune



MERKNADER :  
 -  
 -  
 -  
 -

PROSJEKTGRENSE 1  
 PROSJEKTGRENSE 2  
 = REGULERINGSGRENSE

TEGNFORKLARING :  
 -  
 -  
 -  
 -

TEGNINGEN GJELDER <b>PLAN TEGNING SITUASJONSPLAN</b>	TEGNINGSNUMMER <b>A 001</b>
MÅL <b>1:300</b>	REV. NR <b>-</b>

PROSJEKT  
**VOLDA CAMPUS ARENA**

DATO	NR	REVISJONEN OMHANDLER	TEGN KONT

BYGGHERRE <b>VOLDA CAMPUS ARENA AS</b>	ENTREPRENØR
---	-------------

LOKALISERING PLAN	LOKALISERING SNITT
-------------------	--------------------

ARKITEKT  
 **STEFAN EKBERG  
ARKITEKTER AS**  
 -STEFAN@SEARKITEKTER.NO-  
 -MOB - 915 11 526-

TEGNINGEN GJELDER <b>PLAN TEGNING SITUASJONSPLAN</b>	REV. NR <b>-</b>	TEGN. NR <b>A 001</b>
---	---------------------	--------------------------

TEGNINGS - STATUS <b>ANBUD</b>	MÅL <b>1:300</b>	DATO <b>290119</b>	PROSJ. NR <b>P01</b>	TEGNER <b>SE</b>
-----------------------------------	---------------------	-----------------------	-------------------------	---------------------

**ORGANISASJONONSPLAN PR 10.01.2019**





Volda Campus Arena as

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1917	15712/2018	D11	UTV/ PERHEL	14.11.2018

Anleggsnr. 130197

**PROSJEKT VOLDA CAMPUS ARENA - SPELEMIDLAR IDRETTSANLEGG.  
FORNYA IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING -  
OPPDATERTE PLANAR-TEIKNINGAR.**

Kommunen viser til tidlegare brev vedkomande søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, våre brev av 9.01.2018 og 15.03.2018.

Det er no engasjert ny arkitekt og ansvarleg prosjekterande i prosjektet, og etter dialog med brukargruppene er det gjennomført detaljutforming av byggteikningar, der omsyn til funksjonskrav og dei ulike brukarane sine behov er nærare utgreidd.

I denne teikningsprosessen har det også vore behov for mindre justeringar for å ivareta funksjon og sikkerheitskrav i gjeldande forskrifter.

Det er og gjort visse justeringar for mogeleg tilpassing og sambruk av inngangsparti-, entre-/ resepsjon m.v til eventuell symjehall bygt inn til hallen i nord.

Det ny teikningsmateriale gir detaljert oversikt over rom-inndeling og funksjonar, her under også planlagt dekketype for dei ulike funksjonane.

Særleg er det i ny planløyising teke betre omsyn til dei ulike brukargruppene sine behov knytt til lager, garderobefunksjonar og knytning mot andre service og fellesfunksjonar.

Hallen får ei samla grunnflate (BRA) på 4.142 m<sup>2</sup>, og eit samla bruksareal over 3 etasjar på 8930m<sup>2</sup>. I tillegg er det no vist parkeringskjellar og teknisk rom inkludert rom for søppelhandtering i underetasje på del av bygget.

Kommunen finn planlagde endringar positive sett i høve til funksjonskrav og tryggleiksreglar og har ikkje vesentlege merknader til dei endra planane, som blir gitt fornya idrettsfunksjonell godkjenning med følgjande merknader:

- Det vert føresett at dekke i hall tilfredsstiller funksjonskrava for golv i idrettsbygg og at det blir levert felttest av dekket etter overlevering.
- Det vert føresett at lys i idrettshallen tilfredsstiller krav i NS-EN 12193, klasse 1 Jf. elles Lyskultur sin publikasjon nr. 3 Idrettsbelysning.
- Det vert føresett at anlegget er gjort tilgjengelig for brukarar med nedsett funksjonsevne og at garderobar, dusjrom, toalett m.v. vert utforma og utstyrt i samsvar med vegleiar "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" V-0511 (2012).

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058717  
Telefaks:

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro:



- Det vert føresett at krav til lydisolasjon og akustikkblir ivareteke på tilfredsstillande måte. Jf. m.a byggdetaljblad 527.303- *Lydregulering og støyreduksjon i idretts- og svømmehaler*, og til byggdetaljblad 527.304 *Lydregulering i rom med tilhørere*.

Det kan ut frå justerte teikningar søkjast om tilskot frå spelemidlane til prosjektet for inntil 1/3 av byggkostnadene, og inntil:

Dobbelhall (48x45): med 4 sett garderobar og min. 150 m2 lager for idrettsmateriell. (inkl. tillegg for 12.5 m takhøgde i hall)	Kr. 19.0 mill
Styrketreningsrom (150m2):	kr. 0.7 mill
Sosialt rom (100m2):	kr. 0.5 mill
Klubblokale x 2 (V. Handb. og V. Volleyb.)	kr. 1.0 mill
Aktivitets-salar 2 stk til ulike akt. behov	kr. 2.4 mill
Garderobe(3 ekstra sett)	kr. 1.5 mill
Lager (ikkje ekstra for lager ut over min. krava):	kr. 0.0 mil
<b>Sum- maks. 1/3 av kostnad- inntil-</b>	<b>kr. 25.1 mill</b>

Planlagt klatrehall, som er lagt som opsjon i utbyggingsprosjekt/entreprise, vert å kome attende til som eige prosjekt knytt til søknad om føehandsgodkjenning og søknad om tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

Per Heltne  
fagansvarleg, plan

**Kopi:**

Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Volda kommune -Teknisk sektor v/Pål Are Vadstein

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*









«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1650	1033/2019	D11	KTA/ PALVAD	21.01.2019

## **VILKÅR SOM MÅ AVKLARAST FØR NY KONKURRANSEUTLYSING AV VCA**

Vi syner til at det er planlagt å lyse ut Volda Campus Arena for ny anbodskonkurranse i veke 5. Erfaringa med førre utlysing viser at det er viktig med kvalitetssikring i forkant. Volda kommune vil peike på nokre sentrale forhold. Ettersom Volda kommune er den som har den økonomiske risikoen for anlegget, så stiller kommunen vilkår om at VCA innarbeider i prosjektet- og avklarar følgjande før ny konkurranseutlysing:

### **1. Utvendig kabelanlegg: Opparbeiding av straum, fiber, tele, gatelys o.l.**

- Kostnadsansvar og plan for finansiering.
- Plan for projektering og gjennomføring.
- Dialog med Mørenett, Tussa IKT, Telenor m.fl.
- Dialog med Statsbygg, som også vil ha behov for opparbeiding av slike anlegg.

Kabelanlegg var ikkje med i førre anbudsutlysing og Volda kommune gjer merksam på at kabelinfrastruktur må vere på plass tidleg i anleggsperioden for at hallen kan byggjast. Kabelanlegg må derfor inngå i samla anbudsutlysing.

### **2. Arbeid ved kryss mot E39**

- Omlegging og utviding av kryss Joplassvegen-E39.
- Dialog med Statens vegvesen.

Det må kvalitetssikrast at tilbydar har teke høgde for at dette vert med i anbodet og i VCA sitt samla prosjektbudsjett.

### **3. Prosjektgrenser**

- Justere prosjektgrenser slik at alle planlagde tiltak er innanfor.

### **4. Uklare grensesnitt**

- Avdekke kva postar/arbeid/tiltak i prosjektet som det seinare kan vere vanskeleg å definere riktig fakturamottakar av (VK, VCA, Statsbygg eller andre).
- Avklare skjæringspunkt/skiljet mellom bygg (VCA) og utomhus (VK) for å ha klarheit i partane sine roller i oppfølginga og kostnadsfordeling.

### **5. HMS**

---

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 90715765	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	---	----------------------------

- a) Ifølge Byggherreforskrifta må SHA-plan inngå i samla konkurransegrunnlag.
- b) Dokumentere risikovurdering med skjema/tabell/matriser.
- c) Avklare ansvar knytt til varslingsrutiner og logistikkutfordringar ved byggeplass.

**6. Ytre Miljø-plan.**

- a) Avklare om dette er behov for og ev. ansvar for tiltak.

**7. Opsjonar må leggest inn i konkurransegrunnlaget.**

- a) Opsjonar må leggest inn i anbod og byggast opp slik at dei gir byggherre fleksibilitet og gode alternativ dersom tilbodspris ikkje samsvarer med budsjettprisar som er forelagt Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune som grunnlag for nivå på leigeavtaler og økonomisk engasjement ved si politiske handsaming.

Volda kommune har forståing for at det er ynske om framdrift. Ofte viser praksis at framdrifta med gjennomføring går best når eit prosjekt er best mogleg planlagt og avklart i forkant. Vi syner vidare til samtale mellom Knut Guldbrandsen og Pål Are Vadstein 18.01.19, der VCA vart orientert om dette skrivet.

Vi ber om skriftleg tilbakemelding, punkt for punkt, som tydleg avklarar korleis VCA handterer og tek omsyn til desse forholda. Det er viktig for Volda kommune å sikre at ansvarsforholda i punkta ovanfor vert ivareteke og er avklart før ein går vidare med prosjektet.

Med helsing

Rune Sjuargard  
Rådmann

Pål Are Vadstein  
Teknisk sektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:

Rune Sjurgard  
Rune Totland  
Asbjørn Moltudal

Til

Volda Kommune

Bekkestua den 29. januar 2019

Deres ref. Pål Are Vadstein

Vår ref. Knut Gulbrandsen

### **Volda Campus Arena, svar på brev datert 21.01.2019 fra Volda Kommune.**

Jeg viser til Deres brev datert 21.01.2019 hvor Volda Kommune tar opp en rekke viktige vilkår for gjennomføring av anbudskonkurranse og realisering av prosjektet Volda Campus Arena.

Vi har gjennomgått Deres brev og diskutert innholdet med Styret i VCA, og på bakgrunn av dette besvares som følger:

#### **1. Utvendig kabelanlegg; opparbeidelse av strøm, fiber, tele, gatelys o.l.**

##### **a) Kostnadsansvar og plan for finansiering:**

Dette punktet er ikke avklart pr dd; VCA har anmodet Mørenett og Tussa IKT om tilbakemelding vedr videre prosess her, ettersom det skal opparbeides/forsterkes kapasitet til i alt 3 større anlegg; Volda Campus Arena, Mediabygget samt fremtidig svømmehall. I utgangspunktet utløser VCA og Mediabygget etter all sannsynlighet krav om anleggsbidrag. Størrelsen på dette er ukjent pr dd, og vi er avhengig av tilbakemelding fra Mørenett i denne forbindelse. Uansett var dette ikke opprinnelig medtatt i investeringsbudsjettet til VCA, ettersom man hadde forståelse for at Volda Kommune skulle dekke infrastrukturkostnadene.

Ettersom nå gjennomføringsavtalen ivaretar dette slik at VCA skal håndtere denne kostnaden, må investeringsbudsjettet oppdateres med denne kostnaden. Vi legger dog til grunn at samlet investeringskostnad minimum fordeles på Mediabygget og VCA, og skal bl.a. diskutere forutsetningene rundt dette med Statsbygg i møte den 1.2.2019. Videre er det forutsatt at det i samme entreprise skal legges frem til fremtidig svømmehall, og således naturlig at Volda Kommune belastes sin del av andelskostnaden.

Opparbeidelse av grøfter og alle tilhørende arbeider for en komplett forsyning med både sterk og svakstrøm, samt fiber, er beskrevet i nytt grunnlag for totalentreprisekonkurransen.

##### **b) Plan for prosjektering og gjennomføring.**

Det forutsettes i ny utlysning at Totalentreprenørens prosjekteringsgruppe ivaretar nødvendig prosjektering utover den delen som ivaretas av Mørenett og Tussa IKT selv.

##### **c) Dialog med Mørenett, Tussa IKT, Telenor m.fl**



Som ovenfor nevnt har vi startet dialog med Mørenett og Tussa IKT, og vil følge dette tett opp i tiden fremover. Det er fra Mørenett sin side antydnet et mulig behov for å bygge en nettstasjon inn i VCA sine lokaler. Vi forventer en nærmere avklaring vedr dette i løpet av den nye anbudsperioden for totalentreprisen.

**d) Dialog med Statsbygg, som også vil ha behov for opparbeiding av slike anlegg.**

VCA henvendte seg allerede 14.8.2018 til Statsbygg ifm samordning av prosjektene mht infrastruktur. Vi hadde, - sammen med Volda Kommune et innledende møte høsten 2018, hvor begge parter orienterte om sine prosjekter. Statsbygg har vært avventende med videre kontakt pga uavklart forhold med Totalentreprenør som følge av klage på tildelingen, men vi har nå avtalt et innledende møte hvor undertegnede og Statsbygg's prosjektleder Tore Berg møtes på Berg's kontor i Oslo. Tema her er samordning infrastruktur, logistikk og riggforhold.

**2. Arbeid ved kryss mot E39.**

Arbeidene i dette krysset er ivaretatt i gjeldende reguleringsplan, som er lagt til grunn i anbudskonkurransen. Omfang og ansvar for utførelse, er imidlertid nå presisert i det oppdaterte underlaget for ny anbudskonkurranse.

Det har så langt ikke vært noen dialog med Statens Vegvesen, men det legges inn som en forutsetning i anbudsgrunnlaget at Totalentreprenørens prosjektering for utførelse godkjennes her.

**3. Prosjektgrenser.**

Oppdatert situasjonskart med entydige prosjektgrenser i tråd med totalt omfang av arbeidene vil være en del av revidert tilbudsmateriale. Dette kartet ble oversendt Volda Kommune 29.01.2019.

**4. Uklare grensesnitt.**

**a) Avdekke hvilke poster/arbeid/tiltak i prosjektet som det senere kan være vanskelig å definere riktig fakturamottaker av (VCA, Volda Kommune, Statsbygg)**

I revidert beskrivelse for utenomhusarbeider er det allerede gjort presiseringer for å bedre skille disse aktivitetene fra hverandre. Vi ser allikevel for oss at det vil være nødvendig med en nærmere gjennomgang og avklaring av dette når prisbildet foreligger; heri ligger bl.a. kostnader knyttet til

- Andel avkjøring/adkomstvei
- Andel VA hovedstruktur

- Andel anleggsbidrag Mørenett/Tussa (kfr pkt 1)
- Arbeider på tomt for fremtidig svømmehall utover tilbakestilling etter at den er benyttet til riggareale.

**b) Avklare skjæringspunkt/skille mellom bygg (VCA) og utenomhus (VK) for å klarhet i partene sine roller i oppfølging og kostnadsfordeling.**

I revidert beskrivelse utenomhus, er det presisert vesentlige grensesnitt mellom bygg og utenomhus.

Dog er VCA tiltakshaver og kontraktsparten i Totalentreprisen, og har således et overordnet ansvar for all utførelse. I videre prosess, - etter at Totalentreprenør er kontrahert, vil det være et viktig element i innledende fase, samt alle Byggherremøter å avklare arbeids – og kostnadsfordeling for disse arbeidene.

## **5. HMS.**

**a) Ifølge Byggherreforskriften, må SHA-plan inngå i samlet konkurransegrunnlag.**

SHA-plan vil være en del av oppdatert tilbudsmateriale.

**b) Dokumentere risikovurdering med skjema/tabell/matriser.**

Inngår i SHA-plan

**c) Avklare ansvar knyttet til varslingsrutiner og logistikkutfordringer på byggeplass.**

I tilbudsbeskrivelsens kapittel for rigg og drift, er det stilt krav til totalentreprenøren som følger: « Statsbygg planlegger oppføring av nytt mediabygg på nabotomten med mulighet for sammenfallende fremdrift med VCA, og dette vil kunne kreve at entreprenørene må kunne samarbeide om adkomst og riggforhold til sine respektive byggeplasser.

Videre må det hensyntas at Joplassevegen fortsatt skal kunne opprettholdes som adkomstvei til høgskoleområdet med tilhørende parkeringsplasser.

Entreprenøren kan ikke påregne å nytte parkeringsplasser på Høgskoleområdet.

Entreprenøren skal til enhver tid sørge for at det er fri adkomst til omkringliggende eiendommer, og også sikre at all infrastruktur skal være ivaretatt. Evt avstenging av noe av dette i kortere tidsrom forutsettes å godkjennes av Volda Kommune, og all varsling er entreprenørens ansvar.»

## **6. YTRE MILJØPLAN.**

**a) Avklare om det er behov for og evt ansvar for tiltak.**

I SHA-planen behandles også forhold til det ytre miljø. Det er i tillegg i tilbudsmaterialet stilt krav til sikringstiltak mot avrenning av slam fra byggeplassen.

I arbeidet med detaljreguleringen, har Mulvik AS gjennomført en ROS-analyse vedr tiltaket Volda Campus Arena, som omhandler

- Grunnforhold
- Flomfare
- Omgivelser
- Vannforsyning
- Brann/slukkeberedskap

Samtlige punkter er ivaretatt i anbudsokumentene, og vi anser ikke behov for ytterligere utarbeidelse av en særskilt ytre miljøplan

#### 7. **OPSJONER MÅ LEGGES INN I KONKURRANSEUNDERLAGET.**

Det er lagt inn opsjoner vedr

- Klatrevegg
- Fast pris vedr prisstigning
- Kortlåssystem

I samarbeide med Prosjektsjef Bjørn Erik Hjellseth i Møre og Romsdal Fylkeskommune, er nå alle tilbudsdokumenter oppdatert og bearbeidet, og vil bli ferdigstillet for kunngjøring i aller nærmeste fremtid. Hjellseth og Pål Are Vadstein har vært til svært stor nytte for prosjektet, og vi ser frem til et for alle parter utbytterikt samarbeide videre.

Med vennlig hilsen

KG Prosjekt AS

Knut Guldbrandsen/sign



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Rune Sjugard

Arkivsak nr.: 2018/1250

Arkivkode: 614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/19	Formannskapet Kommunestyret	05.02.2019

### VIDARE PROSESS MED KINO OG KULTURHUS I VOLDA SENTRUM

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.
2. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.
3. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entreprisform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.
4. Med atterhald om ev uføresette forhold legg kommunestyret følgjande framdrift til grunn:
  - Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.
  - Vedtak om entreprisform innan 1. juni 2019.
  - Utlysing av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 3. kvartal 2019.
  - Utlysing av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.
  - Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020
  - I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjerung av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.
  - Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.
  - Intensjon om byggjastart 2. kvartal 2020.
  - Tilsetjing av dagleg leiar 3. kvartal 2020
  - Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.

5. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.

**Vedleggsliste:**

Skisseprosjekt frå byggjenemnda, datert 29.10.18  
Notat frå byggjenemnda (vurdering av innspel), datert 12.12.18  
Tilleggsutgreiing frå Nordplan av 15.01.19 vidaresendt frå leiaren i byggjenemnda 16.01.18.  
E-post frå XPRO v/ Hofseth av 15.01.19 og 21.01.19 til Mulvik AS v/ Ottar Skare – vidaresendt hit via leiar i byggjenemnda i e-post 22.01.19.  
Innspel frå Kolbein Halkjelsvik sendt på e-post 08.01.19.  
Innspel frå Kolbein Halkjelsvik sendt på e-post 27.11.18  
Uttale frå ungdomsrådet

**Uprenta saksvedlegg:****SAMANDRAG AV SAKA**

Ettersom kino og kulturhus vart vedteke innarbeidd i budsjett 2019 og økonomiplanen 2019 – 2022, vert prosjektet no følgt opp vidare i eiga sak med vidare mandat til byggjenemnda. Dette handlar om å føre prosjektet vidare for endelege avklaringar for å kunne leggje prosjektet ut på anbod.

Volda kommune har lagt opp til eit svært ambisiøst investeringsprogram i økonomiplanperioden. Parallelt med at desse prosjekta vert planlagt, må kommunestyret gjere tiltak for å frigjere handlingsrom for å forrente kapitalkostnaden med den gjelda desse investeringane vil generere. Det endelege oppstartsvedtaket for bygging av kulturhus vil vere avhengig av dette.

**SAKSOPPLSYNINGAR/FAKTA****Skisseprosjektet**

Kommunestyret ga byggjenemnda i mandat å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset innan 01.11.18, jfr møte 22.03.18 (sak 38/18).

Byggjenemnda har gjennomført oppdraget i samsvar med mandatet og fristen. Skisseprosjektet omhandlar m.a:

- To kinosalar
- Kultursal
- Bibliotek som går over i foaje/felles vringleareal (ev arrangementareal)
- Ungdomsklubb



- Møtesal/kommunestyresal/seremonirom

Byggjenemnda kommenterer at løysinga opnar for kafe/serveringsareal dersom det er ynskeleg å etablere.

Skisseprosjektet inneheld samla areal på 4 490 m<sup>2</sup> BRA, der 3 110 m<sup>2</sup> BRA er nybygt areal og 1 380 m<sup>2</sup> BRA er ombygt areal. Med bakgrunn i referanseprosjekt er prosjektkostnaden kalkulert til kr 185 435 000 inkl mva. I kalkyla er det teke med infrastruktur og utomhusarbeid til sjølve kino og kulturhuset med parkeringsplassar nordaust for bygget. Det er lagt til grunn sambruk av parkeringsplassar med rådhuset. Det er vidare vist ei skisse for parkeringsplassar på plan eller med lokk mellom rådhuset og legesenteret. Dette låg ikkje i mandatet og er berre vist som ei skisse.

Det vert synt til skisseprosjektet frå byggjenemnda som ligg ved. Dokumentet viser at nemnda har hatt ein grundig prosess. Dei byggjer forslaget på referanseprosjekt og referanse til ekstern ekspertise. Nemnda har involvert interesser i lokalsamfunnet, hatt ein open prosess og arrangert folkemøte. Byggjenemnda har halde formannskapet orientert, og i siste orientering 18.09.18 før framlegging av endeleg rapport, ga formannskapet si tilslutning av til prosjektet med mindre kommentarar.

For nærare orientering om prosjektet vert det synt til rapporten frå byggjenemnda av 27.10.18.

Kommunen organiserer store byggjeprosjekt via byggjenemnda og eigedomsavdelinga. Det er slik at rådmannen eller formannskapet kan lyfte prosjekt ut av dette systemet fordi om det kjem inn innspel frå innbyggjarar som har eit anna syn.

Innbyggjar Kolbein Halkjelsvik har gjennom to skriv sendt kritiske merknader til byggjenemnda sitt skisseprosjekt. Byggjenemnda har svara opp det første skrivet frå Halkjelsvik i eit tilleggsnotat. Når det gjeld det siste skrivet så har Nordplan kome med ei tilleggsutgreiing. XPRO har utfordra Mulvik i høve den uttalen som Halkjelsvik referer Ottar Skare på. Alle desse dokumenta ligg ved saka.

Dersom kommunestyret vil utvide mandatet og få vurdert riving av samfunnshuset og eit anna konsept, så står ein fritt til å gjere det og gi eit nytt mandat til byggjenemnda. Med grunnlag i byggt teknisk ekspertise sine faglege vurderingar som byggjenemnda har brukt i prosessen, bør det ikkje vere grunnlag for det. Samtidig er det brukt ressursar på samfunnshuset med sikte på at det skal ha ein funksjon i framtida.

Det er viktig at gjere merksam på at ei ev prosjekteringsgruppe eller prosessen i ei ev samspelsfase vil gjere nærare avklaringar av byggt tekniske og grunnforhold med sikte på den detaljerte planlegginga, slik at det er først i denne fasen ein låser opp løysingane.

### **Regulering**

Før ein kan starte bygging av kino og kulturhus og ombygging av samfunnshuset må det gjennomførast ei detaljregulering av området. Gjeldande plan er gammal og lite detaljert. Reguleringsplanen må avklare nye arealformål, byggjehøgder, byggjegranser, parkeringsløysing, vegsystem/trafikale forhold mv.

### **Eigedomsforhold**

Det nye kino- og kulturhuset er planlagt plassert i tilknytning til det eksisterande samfunnshuset (gnr.19 bnr 503 fnr 13) samt ved å nytte dei tre omkringliggjande eigedomane mot nord, vest og nord/vest. Dette er eigedom med gnr.19 bnr.503 fnr.17, gnr 19 bnr.503

fnr.11 og gnr 19 bnr 822. Tomtene Gnr.19 bnr 503 fnr 13, 17 og 11 er alle bygsla, mens tomt gnr 19 bnr 822 er eigd av kommunen.

## **Økonomi**

### Investering

I skisseprosjektet er det gjort ei kalkyle på kr 185 435 000 inkl mva. Det er i tillegg kalkulert opsjonar på kr 4 100 000 inkl mva (Tillegg tak kr 800 000, 14 meter takhøgde kr 1 000 000 og heve-/senkescene kr 2 300 000).

Endelegje kostnader vil avhenge av avklaringar i den vidare prosessen og det prosjektet som vert lagt ut på anbod, og til slutt anbodsprisane. Basert på kalkylen på 185,4 mill vil kapitalkostnadene utgjere ca kr 7 -8 mill i året under føresetnad av full kompensasjon for meirverdiavgifta. Ev tilskot vil redusere lånebehovet.

Prosjektet vil kunne oppnå spelemidlar og tilskot frå fylkeskommunen (regionale utviklingsmidlar).

Det er ikkje mogleg å seie noko nærare om investeringskostnad og finansiering før ein har kome lenger i prosjektet og fått fram prisar og grunnlag for moglege tilskot. Bruken av bygget vil styre kor mykje mykje av merverdiavgifta som vert kompensert.

### Drifta

Det er ei utfordring at ein ikkje har ein ekstern partner som kan nytte kultursalen i delar av driftstida. Det har ikkje lykkast å få til ein slik modell i Volda, og dermed har ein landa på at skal ein få til kulturhus, så må Volda kommune stå for utbygging og ta ansvar for drifta.

Det vert viktig å bruke huset til formål som gir maksimal kompensasjon for meirverdiavgift. Bruk til kommunen sine egne formål gir kompensasjon. Bruk knytt til aktivitet som kjem innunder lov om refusjon for meirverdiavgift/meirverdiavgiftsplikt gir refusjon. Dette må utgreiast nærare og det må setjast opp driftsbudsjett før ein gjer endeleg vedtak om bygging. Dette vil uansett måtte basere seg på grove overslag ettersom ein ikkje får konkretisert dette før ein har fått inn dagleg leiar som har lagt ein forretningsplan som fyller huset med aktivitet.

## **Organisering**

Bortsett frå kinodelen og bibliotekdelen har Volda kommune i dag ikkje ein kulturorganisasjon som kan arbeide med konsept på innhald og drift av kulturhus. I organisasjonsplanen til nye Volda frå 1. januar 2020 vil det verte ein eigen kulturleiar som får kultur som sitt ansvarsområde. I regionen er det vanleg at drifta av kino og kulturhuset ligg under den kommunale administrasjonen (som td Ørsta, Herøy og Ulstein). Drifta av kulturhuset må sjåast på som forretningsmessig verksemd med behov for særskilt kompetanse. I god tid før ferdigstilling av bygget bør det tilsetjast ein dagleg leiar for kulturhuset som brukar tida i byggjeperioden på å ha bruksplan og driftskonsept med leigeavtalar og avtalar om arrangement klart til opning av bygget. Avtalar om arrangement bør vere gjort ca 1 år i forvegen.

## **VURDERING OG KONKLUSJON**

### **Kultur sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv – lokal og nasjonal politikk**

Byggjenemnda kommenterer m.a følgjande i sin rapport:

«Utgangspunktet vårt er at Volda kommune er ein stor arbeidsplass og verskommune for viktige institusjonar som sjukehus, høgskule og eit allsidig privat næringsliv. Vi ønsker mange innbyggjarar, bulyst og trivsel, og vi veit at det skal rekrutterast mange fagfolk og studentar framover. Konkurransen både frå nærliggande kommunar og landet forøvrig er stort. Da er det viktig at også kulturtilbodet er på plass.»

Samfunnsdelen i kommuneplanen har under tema busetting, Volda i regionen og Volda sentrum mål og strategiar der kino og kulturhus kan vere eit aktuelt tiltak:

#### Busetting

Mål:

- Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet

Strategiar:

- Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansesarbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.
- Styrke Volda som omdøme som attraktiv bukommune i regionen.

Mål:

- Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18-30 år skal vere positivt.

Strategiar:

- Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.

#### Volda i regionen

Mål:

- Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.

Strategiar:

- Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.
- Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.

Mål:

- Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon.

Strategiar:

- Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Medverke til utvikling og marknadsføring av kultur- og opplevingstilbod.

#### Volda sentrum

Mål:

- Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum

Strategiar:

- Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum.
- Vidareutvikle og styrke viktige sentrumsfunksjonar for å sikre aktivitet i og rundt sentrum.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Regjeringa la 23. november 2018 fram si nye kulturmelding (Meld St. 8. 2018 – 19) Kulturens kraft – kultur for framtida. Når det gjeld den nasjonale politikken for kultur vert det vist til meldinga:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/sec1>

Det er ein naturleg samanheng mellom eit kommunesentrum sin attraktivitet og kva opplevingstilbod som er i sentrumet. Sosiale møteplassar og kulturelle opplevingstilbod vil vere viktig for Volda sentrum som regionalt knutepunkt og vertskommune for sjukehus og

høgskule, men også med tanke på å trekkje til seg nye arbeidsplassar og vere eit sentralt senter i ein større kommune og i regionen.

### **Retningsval i økonomiplanen**

I økonomiplanen for 2019 – 2022 har kommunestyret lagt opp til ei samla investeringsramme på kr 633 mill eks mva. Renter og avdrag vil auke med ca kr 30 mill. Etter opplegget i økonomiplanen skal drifta reduserast med ca kr 40 mill i 2022. I framlegget til budsjett og økonomiplan presiserte rådmannen at det ville innebere eit retningsval for kommunestyret dersom ein går for å gjennomføre dei store investeringsprosjekta. Dette føreset hard jobbing i administrasjonen og upopulære politiske vedtak i enkeltsaker for å effektivisere og rasjonalisere drifta. Alternativet ville vere å halde fram med dagens tenestestruktur og investere berre på eit minimumsnivå.

Det er gjennom praksis i enkeltsakene ein ser om dette vert eit reelt retningsval ved at kommunestyret skaffar seg nødvendig handlingsrom for å gjennomføre investeringane. Det endelege oppstartvedtaket for bygging av kulturhus vil vere avhengig av dette.

### **Vidare prosess**

Rådmannen vil rå til at kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18, og at kommunen går vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.

Formannskapet ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum (dette punktet vert vedteke av formannskapet og treng ikkje gå vidare i innstillinga til kommunestyret).

Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.

Byggjenemnda får følgjande mandat vidare:

- Utreie prosjektet vidare med avklaring av entrepriseform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur.
- Nemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.

Det er viktig at organiserte brukarinteresser som td. ungdomsklubben, kinosjefen og biblioteksjefen mv vert koplå på for å vere med å utforme innhaldet i høve sine behov.

Det vil verte avsett byggjeleiarressurs i administrasjonen for å bistå byggjenemnda. Kommunen har eit ambisiøst investeringsprogram, og det kan vere ein risiko for framdrifta av prosjekta å ha tilstrekkeleg kapasitet på prosjektleiing.

Det vert foreslått at ein lyser ut etter dagleg leiar for kulturhuset for tilsetting i god tid før kino og kulturhus vert ferdigstilt.

Rådmannen rår til at kommunestyret får ei orientering frå byggjenemnda før byggjenemnda gjennomfører anbudsutlysing. Når anboda ligg føre og prisane er kjende vert det lagt fram sak for kommunestyret for å ta endeleg stilling til bygging og gjennomføring.

Framdriftsplanen i rapporten frå byggjenemnda må justerast, og rådmannen foreslår slik framdrift lagt til grunn:

- Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.
- Vedtak om entrepriseform innan 1. juni 2019.
- Utlysing av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 3. kvartal 2019.
- Utlysing av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.
- Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020
- I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjerung av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.
- Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.
- Intensjon om byggjstart 2. kvartal 2020.
- Tilsetjing av dagleg leiar 3. kvartal 2020
- Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.

Det kan oppstå uføresette forhold som gjer at framdriftsplanen må haldast open for justering, m.a kan det vere sannsynleg at reguleringsprosessen kan ta lenger tid.

Det har vore ein intern diskusjon rundt kva som må vere på plass for å kunne starte reguleringsprosessen. Planfagleg er det ynskeleg at prosjekterande kjem på plass før ein startar reguleringsprosessen for å avklare rammer for bygget og infrastrukturen. Dersom ein skal ha prosjekterande på plass først, må anbudsprosessen vedtakast før reguleringsarbeidet kan startast. Dette kan seinke oppstarten av reguleringsarbeidet. I tillegg vil det vere vanskeleg å få parallellitet i prosjekteringa og reguleringsprosessen og ein kan kome i ein situasjon med fleire omprosjekteringar, noko som både vil forseinke og fordyre prosjektet.

Rådmannen meiner at skisseprosjektet vert å leggje til grunn for reguleringsplanen, og at byggjenemnda og prosjektleiar får dette bearbeidd med byggjehøgder, volum, parkering og forslag til trafikkløysingar.

Framdriftsplanen ovanfor byggjer på byggjenemnda sitt forslag med litt forskyvingar. Ein må vere merksam på at ein startar opp prosjektet før reguleringsplanen er ferdig godkjent, slik at prosjektering og regulering vert parallelle aktivitetar. Dersom planføresetnadene vert endra mot slutten av planperioden, ev gjennom klagehandsaming, så vil det påføre ekstrakostnader med omprosjektering. Det er svært viktig at ein er klar over denne risikoen, og at ein er villig til å ta risikoen i prosjektgjennomføringa. Alternativet er å skyve entrepriseprosessen og oppstart lenger ut i tid.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Det bør i prosjektfasen utgreie balanse mellom økonomi i prosjektet og miljøgevinstar ved utbygging og drift. Massiv tre kan vere materiale som kan vere aktuelle å vurdere i den samanheng.

Kulturtilbod vil vere eit helsefremjande tiltak.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er for tidleg å anslå dei økonomiske konsekvensane av prosjektet, både når det gjeld investeringa og drifta. Dette må utgreiast nærare før ein gjer endeleg vedtak om bygging.

Driftskonseptet vert det mest sentrale med tanke på økonomien på lang sikt. Dei kulturhusa som går best driftsmessig har kombinasjonsløysingar med andre samarbeidspartar, som td hotell, for å dele på driftskostnadene. Det er meir utfordrande når ein kommune skal drifte kulturhuset sjølv alle dagane i veka. Ein må finne ein bruk som i høgst mogleg grad gir full momskompensasjon, samtidig som drifta bør generere mest mogleg inntekter. Ein bør vere



open på at drifta kan liggje i spennrommet mellom sjølvberande drift (svært optimistisk syn) til at det representere ei årleg netto utgift på kommunen på kr 1 – 2 millionar. Kapitalutgiftene vil vere avhengig av endeleg netto byggjekostnad og renteutvikling. Basert på kalkylen vil det utgjere ca kr 7 - 8 mill i året. Ev tilskot vil redusere lånebehovet.

For å realisere prosjektet må det gjerast konkrete tiltak for å skape det økonomiske handlingsrommet. Dette handlar om konsekvensen av gjennomføringa av det budsjettet og økonomiplanen som er lagt der ein skal frigjere/reduksere drifta for å finansiere kapitalutgifter på 30 mill til store investeringar i komande 4-årsperiode. Ein må vere budd på svært lite handlingsrom til andre ting. Ein må leggje ein standard og nivå på tenestene som ligg under dei kommunane vi samanliknar oss med, og som vil ha vesentleg lågare lånegjeld. Som eit døme vil Ørsta i tida framover ha lågare lånegjeld og ei skuledrift som er om lag kr 10 mill lågare enn det nye Volda vil ha.

Dersom ein ikkje gjer tiltak for å redusere drifta for å forrente kapitalutgiftene som dei store investeringane i økonomiplanen vil generere, vil det kunne få alvorlege konsekvensar for tenestetilbodet og totaløkonomien samla sett. Kulturhus er ikkje eit lovfesta tiltak, og dersom kommunestyret finn at det vert for belastande å sentralisere tenestestruktur og kutte ned på standarden, så er det viktig å vere tydeleg på dette no, slik at ein ikkje bind opp ressursar til å planleggje eit kulturhus som ein ev ikkje vil byggje.

Rådmannen legg fram ei eiga sak om økonomistyring der det vert gjort framlegg om køyrereglar for å frigjere økonomiske ressursar.


**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen særskilte.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Byggjenemnda  
Ungdomsrådet  
Fellesnemnda for nye Volda  
Tenesteutval for oppvekst og kultur i Volda kommune  
Eigedomssjef  
Økonomisjef



# KINO- OG KULTURHUS

## SKISSEPROSJKET





## Innhald

1	OPPSUMMERING.....	3
2	INNLEIING .....	5
2.1	Organisering.....	6
2.2	Mandat .....	6
2.3	Målsetning.....	7
3	ARBEID I PROSJEKTGRUPPA .....	8
3.1	Tidlegare arbeid med kulturhus i Volda .....	8
3.2	Arbeidsgang.....	8
3.3	Brukarmedverking .....	9
4	RAMMEVILKÅR, SITUASJON OG EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE .....	10
4.1	Lokalisering og tomt .....	10
4.2	Tilkomst og parkering .....	12
4.3	Noverande bygningsmasse .....	13
5	FUNKSJONAR OG ROMPROGRAM .....	14
5.1	Generelle føringar til Kino- og kulturhuset .....	14
5.2	Arealtabell .....	14
5.3	Rombeskriving .....	16
5.3.1	Utomhus.....	16
5.3.2	Kultursal .....	16
5.3.3	Lager, varemottak .....	18
5.3.4	Garderobar.....	18
5.3.5	Green Room .....	18
5.3.6	Fojé.....	19
5.3.7	Kino.....	19
5.3.8	Bibliotek .....	19
5.3.9	Festsal/ kommunestyresal/ nøytralt seremonirom/ møterom .....	20
5.3.10	Ungdomsklubb .....	20
6	KALKYLE .....	21
6.1	Hovudkalkyle.....	21
6.2	Opsjonar .....	21
7	VEGEN VIDARE.....	22
8	VEDLEGG .....	22



## 1 OPPSUMMERING

Den kommunale byggjenemnda fekk gjennom vedtak i kommunestyret eit oppdrag med å utarbeide eit romprogram og skisseprosjekt for nytt kino- og kulturhus i Volda. Det vart given ansvar og føringar for arbeidet gjennom eit mandat, og dette mandatet har vore styrande for arbeidet byggjenemnda har lagt ned. Mandatet gjev til dømes føring på å ta utgangspunkt i dagens samfunnhus og integrere dette i det nye kino- og kulturhuset. Bygget skal i tillegg til kino og kultursal innehalde bibliotek, ungdomsklubb og kafé.

Då det har vore jobba med å realisere kulturhus i Volda gjennom tidlegare prosjekt, har arbeidet som har vore lagt ned tidlegare vore søkt nytta vidare i dette prosjektet. Særleg for utforminga og innhaldet i kultursalen, har arbeidet lagt ned i Campusprosjektet vore lagt til grunn.

Byggjenemnda lyste ut ein konkurranse for anskaffing av arkitekt til å teikne ut prosjektet. Nordplan ved Torkjel Lavoll fekk tildelt oppdraget, og har jobba i lag med byggjenemnda med å utvikle prosjektet. Arkitekten har stått for utarbeiding av teikningar og kalkyle for prosjektet.

Kino- og kulturhuset er plassert i tilknytning til eksisterande samfunnshus som er ein integrert del av det nye bygget. Kultursalen er plassert i bakkant av dagens Samfunnshus, med rømmingsveg i bakkant til det fri via trapper. Kinosalane er også plassert i bakkant og der kinoen også delvis ligg under terreng. Ved denne løysinga får ein dei areala som ikkje har behov for dagslys ned i terreng. Ved å leggje kinosalane og kultursalen i bakkant på tomta får ein open struktur framføre kulturhuset og sikrar utsynet og dagslys mot vest frå Stormyra. Areal til bibliotek samt foajeen er plassert i framkant av bygningsmassen. Ved å nytte mykje glas i front gjer dette at det vert ei god tilknytning mellom utearealet, bibliotek og foajé.

Totalt er det planlagt eit bygg på 4.490 m<sup>2</sup> BRA, der 3.110 m<sup>2</sup> BRA er nybygd areal og 1.380 m<sup>2</sup> BRA er ombygd areal.

Kultursalen har eit nettoareal på 449 m<sup>2</sup> og har eit skyveamfi med 460 sitjeplassar. Kultursalen skal vere fleksibelt utforma slik ein kan nytte denne i ei rekke ulike situasjonar; ein skal kunne nytte redusert sceneareal og ha plass til om lag 150 ekstra stolar framføre amfi, nytte salen til ståkonsertar med om lag 1000 publikum, møblering med bord i flatsal gjev moglegheit for plass til om lag 460 personar og ved også å nytte foajeen kan ein ha eit samla areal på 924 m<sup>2</sup> til messer el.

Det er planlagt to kinosalar med plass til 50 og 72 personar, i tillegg kan ein nytte kultursalen til kinoframsying. Totalt er kinoarealet på 221 m<sup>2</sup>. Kinoen skal være ein moderne kino med fokus på komfort og ei god kinooppleving.

Biblioteket skal vere hjartet i huset. Det har vore viktig å gje biblioteket den mest sentrale plasseringa. Store deler av dagens 1. etg. vert opna opp for å huse hovuddelen av det nye biblioteket, i tillegg vert det utvida mot sør der ein kan få breisida mot den nye hovudplassen. Biblioteket er delt opp i ulike soner der ein har meir avskjerma areal lengst mot nordvest, og opne areal som foajeen som biblioteket er tenkt kan fløyme ut i. Totalt utgjer bibliotek og vestibylearealet 928 m<sup>2</sup>.



Areal for dei tilsette i biblioteket er plassert mot sørvest i eksisterande del, her er det 70 m<sup>2</sup> som kan nyttast til kontor / møterom for alle som jobbar for huset inkludert bibliotekarane. Det er og skissa inn ein nærarbeidsplass til resepsjonen slik at ein også kan jobbe derifrå. Pauserom for dei som jobbar i huset er tenkt i salongen oppe.

Ungdomsklubben vert ein viktig del av kino- og kulturhuset. Ungdomsklubben er plassert i deler av det som er dagens kinosal i Samfunnshuset. Totalt er det satt av 226 m<sup>2</sup> til ungdomsklubb. Arealet for ungdomsklubben er ikkje fylt med innhald i skisseprosjektet, men må fyllast opp med aktivitet og innhald i dialog med ungdomen. I tillegg kan heile kulturhuset nyttast, til dømes kan kinoane brukast til film og spel, det kan vere bandøving i backstage og storsal, og det kan gjerast lekser i biblioteket. Byggjenemnda ser det som viktig at plassering av ungdomsklubben ligg sentralt i Volda sentrum, der den vil vere lett tilgjengeleg også for ungdom frå omkringliggande bygder som kjem med ferje eller kollektivtransport.

I den andre halvdel av dagens kinosal er det planlagt ein flatsal som skal kunne nyttast til ei rekke ulike formål. Salen skal kunne verte nytta som kommunestyresal, livssynsnøytralt seremonirom, møterom og festsal til ulike arrangement.

Med areal og rom som kan nyttast av ei rekke lag og organisasjonar, vil det nye kino- kulturhuset i tillegg til å innehalde ei rekke enkeltfunksjonar også vere ein samlande kulturinstitusjon og ein møtestad for kulturlivet i bygda. Det er lagt opp til fleire øvings- og møterom i bygget som ikkje vil ha ein spesifikk bruk, men nyttast ulikt. Det har for byggjenemnda vore førande å skape eit kulturhus som skal framstå som eit levande og myldrande bygg.

Prosjektet er kalkulert til å ha ein prosjektkostnad på kr 185.435.000,- ink. mva.





## 2 INNLEIING

Det har vore spanande å jobbe med kulturhusprosjektet i Volda. Kommunestyret ga byggenemnda eit mandat som byggenemnda har vore svært lojale mot. I forslaget som vi presenterer har vi samla viktige funksjonar og foreslått eit hus der bibliotek, kultursal, ungdomsklubb og kino er heilt sentrale element. I tillegg har vi foreslått både møterom, kommunestyresal, livssynsnøytralt seremonirom og opna for kafe/ servingsareal dersom det er ønskeleg å etablere.

Utgangspunktet vårt er at Volda kommune er ein stor arbeidsplass og vertskommune for viktige institusjonar som sjukehus, høgskule og eit allsidig privat næringsliv. Vi ønsker mange innbyggjarar, bulyst og trivsel, og vi veit at det skal rekrutterast mange fagfolk og studentar framover. Konkurransen både frå nærliggande kommunar og landet forøvrig er stort. Då er det viktig at også kulturtilbodet er på plass.

Området mellom kyrkja, Uppheimsplassen og Samfunnshuset er det kulturelle sentrum i Volda. Det er utgangspunktet for det forslaget kommunestyret ønska at byggenemnda skulle jobbe med og som vi presenterer i dette skisseprosjektet.

Målet vårt har vore å få til eit prosjekt

- der det blir aktivitet heile veka og store delar av døgnet
- som stimulerer til kommunal, privat og frivillig aktivitet
- som skaper møteplassar
- og som vil tilrettelegge og stimulere til lokalsamfunnet sitt behov

Vi meiner skissene vi presenterer er eit godt grunnlag for dette, og håper at det er mogleg å realisere prosjektet.

Jan Henning Egset – Leiar i byggenemnda



## 2.1 Organisering

Gjennomføringa av prosjektarbeidet har vore leia av den kommunale byggenemnda i Volda kommune. Byggenemnda har og knytt til seg andre ressursar, samt at eigedomsavdelinga har vore med i gjennomføringa.

Den kommunale byggenemnda har bestått av følgjande representantar:

Leiar	Jan Henning Egset
Nestleiar	Hermann Dahl
Medlem	Gunnhild Larsgård
Medlem	Hild Våge
Medlem	Harald Søvik
Vara	Rebecca Riise Bjerknes
Vara	Idar Flo
Vara	Helge Standal
Vara	Egil Berg
Vara	Magny Astrid Fylling

Eigedomsavdelinga i Volda kommune har vore representert i arbeidet ved eigedomssjef Kjell Magne Rindal.

Byggenemnda knytte til seg Oddbjørn Nes som ein ressursperson for å opprette kontakt med brukarinteresser og koordinere denne kontakta.

I oppstartsfasen lyste prosjektgruppa ut ein konkurransse om anskaffing av arkitekt. Nordplan AS ved Torkjel Lavoll vart engasjert og har stått for arkitektfagleg bistand, samt utarbeiding av kalkylen for prosjektet.

XPRO AS ved Vidar Hofseth vart gjennom rammeavtale med Volda kommune engasjert som sekretær for byggenemnda.

## 2.2 Mandat

I kommunestyret den 22.03.2018 vart det gjort vedtak om mandat til den kommunale byggenemnda, knytt til planlegging av Kino- og kulturhus i Volda sentrum (PS 38/18). Mandatet har vore førande i arbeidet. Mandat:

- Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det, også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»
- Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafé er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar av kinoløysing, som t.d. antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.



- Byggenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.
- Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ei eventuell stegvis utbygging.
- Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.
- Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.
- Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet.

## 2.3 Målsetning

Byggenemnda konkretiserte tidleg målsetjingar for det nye Kino- og kulturhuset.

Overordna mål:

***Det nye Kino- og kulturhuset i Volda skal framstå som eit levande og myldrande bygg.***

### **Bibliotek:**

Byggenemnda ynskjer å realisere eit biblioteksareal med funksjon og innhald på høgde med biblioteket i Ulstein Arena. Biblioteket i Ulstein Arena er referanseprosjekt for biblioteksdelen av bygget.

### **Kultursal:**

Byggenemnda ynskjer å realisere ein kultursal med funksjon og innhald på høgde med konsertsalen i Fosnavåg Konserthus, men med tilpassingar som beskrive i notat (stor sal) frå Arvid Blindheim. Notat tek føre seg detaljar utarbeid som del av Campusprosjektet.

### **Kinosal:**

Moderne kinosal(ar) med sitjeplassar for 84-120 personar.



## **3 ARBEID I PROSJEKTGRUPPA**

### **3.1 Tidlegare arbeid med kulturhus i Volda**

Det har vore jobba med å få realisert eit kulturhus i Volda i mange år og gjennom ulike prosjekt. Prosjektgruppa har søkt å dra nytte av arbeidet som tidelegare har vore lagt ned i å realisere eit kulturhus, særskilt då med tanke på arbeidet som vart gjort i samarbeidsprosjektet mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune. I dette prosjektet vart det lagt ned eit stort arbeid i utforming av spesielt kultursalen. Resultat av dette arbeidet er tatt med og integrert inn i Kino- og kulturhusprosjektet. Prosjektgruppa har også henta inspirasjon og idear frå andre kulturhusprosjekt som det har vore jobba med i Volda kommune.

### **3.2 Arbeidsgang**

Etter at mandatet var gjeven til byggenemnda starta byggenemnda i sitt første møte, med ein gjennomgang av mandatet for å få ei felles forståing i gruppa for mandatet. I første møtet vart det og gjort ein del kartleggingar for vegen vidare; kva for nokre prosjekt skal leggest til grunn som referanseprosjekt, gjennomgang av tidlegare arbeid med kulturhus i Volda kommune, samt kva behov byggenemnda vil ha for ekstern bistand. Det vart lagt opp ein framdriftsplan for arbeida og kartlegging av nivå og omfang av brukarinvolvering vart gjort.

Byggenemnda avgjorde at biblioteksdelen av Ulstein Arena og Fosnavåg konserthus skulle vere referanseprosjekt. Det vart derfor gjennomført ei synfaring på desse prosjekta den 02. mai 2018. Med grunnlag frå synfaringa og gjennomgang av inntrykk frå synfaringa vart målsetninga for prosjektet definert, beskrive i kap. 1.2.

Til det 3. møtet i byggenemnda var arkitekt frå Nordplan engasjert og deltok i møtet. Oppdraget til arkitekten og tankar han hadde om prosjektet vart gjennomgått. Arkitekten starta på sitt arbeid med utarbeiding av eit skisseforslag. Forslaga frå arkitekt vart jobba med i prosjektgruppa fram mot at leiar i byggenemnda og arkitekt presenterte teikningane for formannskapet den 26.06.2018.

Prosjektet vart jobba vidare med og tilpassingar og justeringar vart tatt inn i prosjektet basert på innspel frå brukarar, formannskap og arbeidets gang i prosjektgruppa. Blant anna vart det etter vurderingar saman med kinosjefen lagt til grunn to kinosalen på 50 og 72 plassar i staden for ein sal på om lag 120 plassar.

I den siste orienteringa til formannskapet den 18.09.2018, før framlegging av endeleg rapport, gav formannskapet si tilslutning til prosjektet med mindre kommentarar.



### 3.3 Brukarmedverking

Prosjektgruppa starta med å kartlegge ulike brukargrupper og brukarinteressentar som har eller kan tenkje seg å ha interesse i prosjektet. Mandatet gjeve til byggenemnda gjev og føringar på å opprette kontakt med aktuelle brukarar. Dette for å få fram;

- a) brukarbehov og ynskjer frå sentrale brukarar av kulturhuset tidleg i prosessen og
- b) forankre og skape eigarskap til det nye kulturhuset.

Byggenemnda har knytt til seg Oddbjørn Nes som en ressursperson som har oppretta kontakt med brukarinteresser og koordinert denne kontakta.

Nes har hatt mandat frå byggenemnda til å opprette kontakt med grupperingar som han meiner er riktig, og gjort dette i dialog med byggenemnda. Representantar frå sentrale brukargrupper;

- bibliotek,
- kino,
- ungdomsrådet,
- ungdomslag,
- Volda vidaregåande skule og
- næringsinteresse

er invitert inn og utgjer referansegruppa. Gruppa har delteke aktivt i prosessen og blitt løpande orientert om arbeidet i byggenemnda. Ein har gjennomført samtalar/intervju med tidlegare kinosjef Røys og biblioteksjef Hjellnes, vidare har referansegruppa hatt to møter der både leiar i byggenemnda og arkitekt har vore til stades. Møta og kontakten med referansegruppa har vore nyttig og byggenemnda har fått verdfulle innspel.

For å nå vidare ut på den offentlege arena oppretta ein ei eiga nett-side – og illustrasjonsskissa av det nye kulturhuset er presentert i større artiklar i lokalavisene Møre og Møre-Nytt. Synleggjering av det nye kulturhuset vekker interesse og ein merkar ei gryande optimisme og tru på prosjektet. Såleis var «Nytt kulturhus» tema både i Rotary og Innerweel med god mottaking. Prosjektet er blitt livleg diskutert på nettet.

I tillegg til kontakt med konkrete brukargrupper vart det gjennomført eit ope folkemøte med god oppslutnad den 29.09.2018. Her presenterte ein prosjektet og det var moglegheit for å kome med innspel.

Innspel frå dei ulike grupperingane og frå det ope folkemøtet har blitt teke inn i prosjektgruppa, utreia og vurdert om det skal takast inn som del av prosjektet. Forslag og løysingar som ein har sett har vore formålstenlege har vorte inkluderte i prosjektet.





## 4 RAMMEVILKÅR, SITUASJON OG EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE

### 4.1 Lokalisering og tomt

Det nye Kino- og kulturhuset er planlagt plassert i tilknytning til det eksisterande Samfunnshuset (Gnr.19 Bnr.503 Fnr.13) samt ved å nytte dei tre omkringliggende eigedomane mot nord, vest og nord/vest. Dette er eigedom med Gnr.19 Bnr.503 Fnr.17, Gnr.19 Bnr.503 Fnr.11 og Gnr.19 Bnr.822. Tomtene Gnr.19 Bnr.503 Fnr.13, 17 og 11 er alle bygsla, mens tomt Gnr.19 Bnr.822 har kommunen kjøpt og er sjølvveige.

For å kunne nytte eigedommane til planlagt føremål er det stilt krav til detaljregulering av området. Gjeldande plan er gammal og lite detaljert. Nye arealføremål, byggehøgder, byggegrensar, trafikale forhold mm. må avklarast gjennom ein reguleringsprosess. Dette arbeidet er ikkje starta opp, og ved vedtak om å gå vidare med prosjektet må dette igangsetjast.


Den nye store kultursalen er utvendig 19 x 33 grunnflate og 13 – 14 meter høg, noko avhengig av konstruksjon, dette svarar til ei 4 – 5 etasjar høg bygning. Det har vore viktig å få plassert denne store funksjonen slik at den ikkje dominerer situasjonen for mykje. Vårt val er å legge den inn i terrenget på barnehagetomta. Teknisk inngang til kulturhuset må fungere godt, men det er ikkje ein funksjon ein treng å ha på smørsida av bygget. Teknisk inngang er difor lagt vest for storsalen parallelt med Storgata. Storsalen og lagerarealet rundt scena skal ikkje ha inn dagslys, det skal heller ikkje kinoane. Vi legg difor kinoane som forlenging av storsalvolumet mot aust. Vi har vist ei ideell løysing av kinosalane, der publikum kjem inn på toppen av amfiet. Mot sør og aust opnar foajé, bibliotek og vrimlearealet seg mot uteområdet. Dette er publikumsareal som med fordel kan få mykje dagslys. For å behalde uttrykket til den eksisterande samfunnshuset har vi senka det nye volumet langs sørfasaden. Då spelar vi på dagens balkong og vi får frigjort hjørna på eksisterande bygg. Oppå dette senka volumet legg vi ein ny takterrasse med utgang frå dagens 2. etg.

Med det grepet vi gjer beheld vi Stormyra som ei viktig visuell og trafikal forbindelse i Volda. Vi tar vare på utsikt mot Lauvstadjella, lys og sol frå vest på ettermiddag / kveld. Vi tar vare på kontakten med småhusa på Hauane som er ein sterk identitetsberar for Volda sentrum. Det er betydelege høgdeforskjellar i området. Ved å legge storsalsgolvet, foajé, bibliotek og toppen av kinoamfia på same nivå vil krav til universell utforming blir stetta og overgangen mellom inne og ute svært god. Uteområdet er delt i 2 der hovudplassen framfor biblioteket og hovudinngangen har svært gode soltilhøve og vidt utsyn. Langs fasaden mot sør planlegg vi ein fast benk som gjev eit optimalt mikroklima med gode soltilhøve og skjerma mot vind og reng. Med ryggen mot bygget mot nord og 1,5 meter takutstikk over hovudet. Mot aust er det ein aktivitetsplass med eit lite fast amfi til utearrangement. Denne plassen er godt eigna til aktivitetar som treng skjerming under ulike festivalar eller andre arrangement. Plassen vil gje ei flott forgrunn for den indre delen av foajéarealet og gje godt lys inn. Aktivitetsplassen vil gje kvalitetar inn mot hovudinngangen til kommunehuset. Stormyra har allereie i dag mykje aktivitet og med den planlagde løysinga vil sol, aktivitet, tilkomst og utsyn skje mot sør mens bygget ligg mot nord. Dette er eit svært robust oppsett som gjev mykje synergieffektar mellom uteområdet og bygget.



Det har ikkje som del av skisseprosjektet vore gjort grunnundersøkingar på tomtene, dette må avklarast i vidare arbeid med prosjektet. Ved utgraving av byggetomta vil det verte ei høg skjering opp mot i nabotomta mot nord (G.nr.19 Bnr. 826). Vi har lagt oss so langt i frå nabogrensa her at vi truleg slepp å spunte, men mot Storgata må det vere permanent spunting. Nærare geotekniske undersøkingar må kartlegge behovet for å nytte temporær spunt i byggetida for å sikre stabiliteten til massane.

Figur 1: Oversikt over plassering av det nye Kino- og kulturhuset






## 4.2 Tilkomst og parkering

Tilkomst til Kino- og kulturhuset skjer via Storgata og Stormyra. I framkant av bygningsmassen vert det etablert ein ny plass, med moglegheit for gjennomkøyring frå Storgata til Gymnasvegen. Om ein skal oppretthalde denne gjennomkøyringa må ein vurdere nærmare, og såast i samanheng med det totale trafikkbilete i sentrum av Volda. Den trafikale situasjonen er med vår løysing fleksibel, og om ein vil stenge heilt for biltrafikk, einvegskøyrt eller som i dag, vil alt dette fungere. Teknisk inngang for inn-transport av sceneutstyr etc. er plassert mot vest. Det vil ikkje verte optimale trafikale høve når en nyttar denne innkøyringa med større køyretøy. Behovet for å nytte denne innkøyringa med lastebil/trailer avheng av aktiviteten i kultursalen pluss varelevering elles, men anslagsvis vil det verte behov for å nytte denne om lag 1 gong per dag. Det har derfor verte vurdert til å være ei akseptabel løysing.

Som del av prosjektet vert det opparbeida nye parkeringsplassar nordaust for bygget. Totalt er det innteikna 15 plassar, pluss naudsynt omfang av HC-parkering. Den nye parkeringsplassen vil ha innkøyring frå det nordvestre hjørnet på Pinsekyrka, her er det i dag for smalt til å parkere, vi tar difor ikkje vekk nokre parkeringsplassar frå Pinsekyrkja, men vi gjev dei sambruk til 15 nye. Dagens parkeringsplassar langs Storgata/Stormyra må verte brukt. Byggenemnda har ikkje hatt som mandat å sjå på dei totale parkeringstilhøva i sentrum, men har gjort ei lita vurdering av moglegheita for parkering mellom Rådhuset og Legesenteret. Teikninga under viser ei mogleg løysing for parkering anten i ei eller to høgder. Ein kan da få plass til høvesvis 64 og 128 plassar i dette området. Byggenemnda anbefalar at Volda kommune ser samla på moglege løysingar for å betre parkeringstilhøva i sentrum. Det er lagt inn 45 sykkelparkeringsplassar aust på tomte under tak. Desse plassane er plassert for å kunne betene både kulturhuset og Rådhuset.

*Figur 2: Mogleg parkeringslysning mellom Rådhuset og Legesenteret.*





### 4.3 Noverande bygningsmasse

Eksisterande Samfunnshus skal verte ein integrert del av Kino- og kulturhuset. Dette gjer at det må gjennomførast relativt store ombyggingar og tilpassingar i den eksisterande bygningsmassen. I første etasje vert yttervegg både mot sør og vest opna opp og vert ein integrert del av biblioteket og vestibylen. I andre etasje vil det verte noko mindre inngrep, men dagens kinosal vert delt i to hovudareal; ungdomsklubb og festsal/ kommunestyresal/ nøytralt seremonirom/ møterom.

Dagens hovudtrapp og trapperommet er behalde om lag som det ligg i dag. Dette er gjort for å behalde kanskje den mest ikoniske innvendige delen av dagens Samfunnshus.

Det er dei seinare åra gjort ein del oppgraderingar av Samfunnshuset med utskifting av tak til nytt skifertak, oppgradering av ventilasjon og varmelegg, bytte av vindauge og dører, etterisolering av tak og oppussing av kjøkken og kommunestyresal. I det vidare arbeidet må ein søke å ivareta deler av dei investeringane som allereie er gjort. Likevel vil fleire av tiltaka som er gjort seinare år verte naudsynte å rive/fjerne ved ombygginga. Det vidare arbeidet må kartlegge endeleg omfang av kva som kan takast vare på og gå inn i eit nytt bygg.

Samfunnshuset er, som kjent, eit eldre bygg og tilfredsstillar ikkje gjeldande krav i teknisk forskrift. Arbeidet som må gjerast i Samfunnshuset er så omfattande at ein må rekne ombygging som ei hovudombygging. Ved ei hovudombygging må alt areal i utgangspunktet tilfredsstillar gjeldande krav i teknisk forskrift, noko som ikkje er mogleg. Ein må derfor søke dispensasjonar for dei krava som teknisk og økonomisk ikkje kan gjennomførast. Ein må i ein dispensasjonssøknad ha ei god og grundig utgreiing av dei områda forskriftskrav ikkje kan oppfyllest.

*Figur 3: Utsnitt som viser integrering av nytt og gammalt bygg*





## 5 FUNKSJONAR OG ROMPROGRAM

### 5.1 Generelle føringar til Kino- og kulturhuset

I eit moderne kulturbygg skal alle kunne drive med sine aktivitetar utan å verte forstyrra eller å vere redd for å forstyrre andre. Dette set særskilt store krav til konstruksjonar og løysingar når store lydanlegg og/eller lydsterke instrument skal brukast. Akustikken må planleggjast slik at dei som opptre høyrer kvarandre godt og at lyden når publikum med klang, fylde og romkjensle. Dette i kombinasjon med at Kino- og kulturhuset skal integrerast med eit eksisterande bygg gjer at det vil vere utfordringar knytt til lyd- og akustikk som må løysast. Prosjektet må knyte til seg akustikar i det vidare arbeidet med utvikling av prosjektet.

Alle nivå vil kunne nåast for dei med rørsleutfordringar, dette med unntak av mellomnivået ved gammal hovudinngang + kjellar. 2 nye heisar sørger for god flyt mellom dei ulike etasjane. Dei nivåa som ikkje kan nåast har ingen vesentlege funksjonar. Mellomnivået i trappa er kunn eit gangareal og toaletta i kjellar blir kunn supplerande i og med at vi planlegg nytt toalettanlegg som dimensjonerast for bruk av heile huset.

### 5.2 Arealtabell

Følgande funksjonar og areal inngår som del av prosjektet:

Rom nr.	Romnavn	Areal
1	storsal	448.9 m <sup>2</sup>
2	kino 72 seter	124.5 m <sup>2</sup>
3	kino 50 seter	96.8 m <sup>2</sup>
4	Vestibyle / bibliotek	928.0 m <sup>2</sup>
5	lager bakscene	221.2 m <sup>2</sup>
6	flygelgarasje	10.9 m <sup>2</sup>
7	lager bibliotek	20.5 m <sup>2</sup>
9	trapp 2 og gang	40.9 m <sup>2</sup>
10	sluse kultursal	17.6 m <sup>2</sup>
11	gang ved toalett	14.9 m <sup>2</sup>
12	wc	17.8 m <sup>2</sup>
13	hcwc	6.5 m <sup>2</sup>
14	wc	1.5 m <sup>2</sup>
15	wc	1.6 m <sup>2</sup>
16	wc	1.6 m <sup>2</sup>
17	wc	1.6 m <sup>2</sup>
18	wc	15.4 m <sup>2</sup>
19	wc	1.6 m <sup>2</sup>





## KINO- OG KULTURHUS, 29.10.2018

20	wc	1.6 m <sup>2</sup>
21	wc	1.6 m <sup>2</sup>
22	wc	1.6 m <sup>2</sup>
23	wc	1.6 m <sup>2</sup>
24	wc	1.6 m <sup>2</sup>
25	wc	1.6 m <sup>2</sup>
26	wc	1.6 m <sup>2</sup>
27	kjøken	44.4 m <sup>2</sup>
28	kiosk	44.0 m <sup>2</sup>
29	sluse heis 1	4.0 m <sup>2</sup>
30	sluse heis1	3.3 m <sup>2</sup>
32	trapp	77.9 m <sup>2</sup>
33	gamle bilettluka	6.7 m <sup>2</sup>
34	kontor / møte	73.1 m <sup>2</sup>
35	greenrome	59.5 m <sup>2</sup>
36	gang bakscene	11.5 m <sup>2</sup>
37	garderobe	25.2 m <sup>2</sup>
38	hc med dusj	5.3 m <sup>2</sup>
39	hc med dusj	5.3 m <sup>2</sup>
40	bad	3.6 m <sup>2</sup>
41	bøttekott	2.2 m <sup>2</sup>
42	gang kino 1	6.3 m <sup>2</sup>
43	framvisarrom	7.5 m <sup>2</sup>
44	gang kino 2	17.1 m <sup>2</sup>
45	framvisarrom	7.5 m <sup>2</sup>
46	wc bacstage 1	1.8 m <sup>2</sup>
47	wc backstage 1	1.5 m <sup>2</sup>
48	kommunestyresal / nøytralt seremonirom / festsal / møterom	190.6 m <sup>2</sup>
49	ungdomsklubb	226.5 m <sup>2</sup>
50	salong	67.6 m <sup>2</sup>
51	anretningskjøken	31.7 m <sup>2</sup>
52	trapp 2 etg.	35.9 m <sup>2</sup>
53	depo heis 2 etg	3.3 m <sup>2</sup>
54	gang ved hcwc	11.1 m <sup>2</sup>
55	HCWC	4.6 m <sup>2</sup>
56	gang ved ungdomsklubb	17.2 m <sup>2</sup>
57	heis 1	4.4 m <sup>2</sup>
58	gang oppe ved heis	62.2 m <sup>2</sup>
59	heis2	4.4 m <sup>2</sup>



60	øving / møte	46.6 m <sup>2</sup>
61	stol og bord lager	38.7 m <sup>2</sup>
62	øving / møte	34.4 m <sup>2</sup>
63	disp /lager/ kontor	159.6 m <sup>2</sup>
64	teknisk ventilasjon	280.6 m <sup>2</sup>
65	wc dame kjellar	14.3 m <sup>2</sup>
66	herre wc kjellar	14.2 m <sup>2</sup>
67	trapperom kjellar	30.5 m <sup>2</sup>
68	kontor ved ressepsjon	7.5 m <sup>2</sup>
69	rømnigsluse storsal	20.6 m <sup>2</sup>

### 5.3 Rombeskriving

I kommande kapittel er det gjeve ei beskriving av dei viktigaste areala som gjeng inn i Kino- og kulturhusprosjektet. Det er planlagt totalt eit totalt areal på 4.490 m<sup>2</sup> BRA, der 3.110 m<sup>2</sup> BRA er nybygd areal og 1.380 m<sup>2</sup> BRA er ombygd areal.

#### 5.3.1 Utomhus

Utearealet skal fram stå som eit attraktivt område, der krava til universell utforming er godt ivareteke. Det skal være innslag av grønt, og brukast material og kvalitetar som er robuste og har liten vedlikehaldskostnader knytt til seg. Aust for bygget er det plassert eit amfi som kan nyttast til ulik bruk, til dømes kan det være førestillingar knytt både til kultursalen, men også andre aktivitetar i bygget.

#### 5.3.2 Kultursal

##### Storsal

Kultursalen skal vere ein fleksibel moderne multifunksjonell sal, som med grunnoppsett med skyveamfi er ein sal med 460 sitteplassar i amfi pluss 150 plassar på golv med redusert scene. Scenerom er maksimalt på 10 x 18 meter som utgjør 180 m<sup>2</sup> scene. Det er gode moglegheiter for alternative oppsett og bruk av sal. Golv og scene ligg på same nivå for å auke fleksibiliteten og vere utforma som eit stort rom.

Netto innvendige mål i salen er L=32 B=18 H=12m. I kalkylen er det teke med ein opsjon på å heve taket til ei netto høgde på 14 m.

Publikumskapasitet:

- 460 sitteplassar i plasser i amfi i normalt oppsett
- 610 sitteplassar, då med 460 sitteplassar i amfi og 150 stablestolar ved bruk av redusert scenedjupne til 5 m og oppbygd scene.
- Inntil 480 sitteplassar ved bord for kafékonserter, bankett el.
- Om lag 1.000 personar for ståkonserter/fest.



- Inntil 421 m<sup>2</sup> areal til messer, utstillinger el. I tillegg kan foajé nyttast slik at samla areal utgjer om lag 924 m<sup>2</sup>.

### Amfi

- Amfi skal vere solid og gi god stabilitet med minimal støy frå gange på amfi og i trapper.
- Amfi skal gi gode siktelinjer.
- Det skal vere godkjente rekkverk på sidene.
- Hjul skal vere tilpassa underlag slik at skader på golv ikkje oppstår.
- Amfi skal leverast med integrert motordrift.
- Salen skal ha god sittekomfort på 460 faste stolar i teleskopamfi inkl. 4 - 6 faste rader på fast balkong bak i salen.
- Stolbredde skal vere 55 cm og radavstand 95 cm. Gjennomsnittleg trinnhøgde i teleskopamfi skal vere 35 cm slik at alle plasser får gode siktforhold.
- Teleskopamfiet kan gjerne ha bua rekkjer.
- Salen må også kunne fungere godt for eit publikum frå 200 personar.
- Minst ein av dei to sidetrappene i amfiet skal vere fast for å sikre kommunikasjon mellom balkong og salen ved flatt golv.
- Det skal ikkje vere faste veggjar mellom sal og scene på sida av og over scena. Bredde og høgde skal regulerast med teppe/scenografi.
- Salen må ha tekniske sidebruer i ca. 7 meter høgde og ei teknisk bru på tvers av salen i ca. 8 meters høgde.
- Eit fast område på 3 x 2 meter på balkong bak i salen må vere avsett til teknikerplass uten å skape konflikt for rømningsvegar.

### Scene

- Sceneområdet har eit areal på 10 m x 18 m. Størrelsen kan regulerast ned ved hjelp av sceneteppje og ved hjelp av modular for å bygge opp høgde frå golvnivået (talet på modular gir variert størrelse). Sidescenearealet må ha minimum 2 meter breidde (jfr. Riksteatret). Sidescenearealet kan også delvis brukast til «kontrollert» lagring av utstyr, men slik at det då ikkje går ut over funksjonen dei har under førestillingar.
- Salen skal ha moderne AV-utstyr med lyssterk dataprojektor til bruk for scenografi, filmpresentasjonar, konferansar m.m.
- Scenegolv skal ha god svikt og lite trinnlyd for dans, som det også unntaksvis kan skruast fast kulisser i. Sal og scene kan gjerne ha golv med same overflate, men scenegolv må ha ekstra stor byggehøgde (skrudjupne) om ikkje ein vel å legge golv etter scenekrav i heile salen.
- Sceneområdet skal ha fullt motorisert rigg for ei moderne scene med snortrekk, teatertekstiler, lysanlegg med min. 120 kursar à 2,5 KVA, lydanlegg (PA) og akustiske himlingselement.
- Det skal vere maskinrom for kino, kinolerret (rull) framme ved scena og godt lydanlegg kombinert for kino og konsert/teater.
- Moderne kabelstruktur for profesjonell distribusjon av digital lyd og bilde.



### **Akustikk**

Det har ikkje vore knytt eigen akustikar til arbeidet med skisseprosjektet. Akustikkrapport utarbeida av Brekke og Strand i samarbeidsprosjektet med HVO er lagt til grunn. Følgande føringar er lagt til grunn:

- Fast etterklang på 1,1 – 1,2 sek (teater, forsterka musikk/kino), då må ein kunne auke etterklangen med eit moderne elektronisk anlegg av høg kvalitet. Klangen kan då tilpassast ulike typar/størrelse orkester og det gjev også salen et avansert effektanlegg.
- Bakgrunnsstøy fra ventilasjon m.m. skal ikkje overstige 25 dBA.
- Kultursalen vert bygd med strukturelle skille mot omkringliggende areal («boks i boks»-konstruksjon). Typisk lydisolasjonskrav  $R'w > 70$  dB, med vekt på også lavare frekvensar, ned til 50 Hz.
- Akustikk regulering via lydanlegg tilsvarande som er i Fosnavåg konserthus.

### **5.3.3 Lager, varemottak**

#### **Lager**

Det er bruk for lagerplass for stolar og bord til sal, sceneelement og anna utstyr til bruk ved og på scena. Det er også bruk for eiga «flygelgarasje». Viktig at lager har god og enkel tilkomst til sal og særleg scene. Flygeltransport mellom sal og «garasje» må kunne skje plant/utan kryssing av dørstokkar. Vest for storsal er det lagt eit lagerområde, lagerområder har moglegheit for direkte tilgang til scene både frå nord, vest og sør. Ei eiga flygelgarasje ligg i tilknytning til scene med eigen åtkomst til scene. I plan to vest for kultursalen er det også avsett areal til lager, både til bibliotek og andre funksjonar i bygget. Ved å etablere vindauge i vestfasaden kan ein få areal for varlig opphald, eksempelvis kontor.

#### **Varelevering:**

Frå den tekniske inngangen mot vest har ein direkte tilgang til inn- og utlasting av utstyr til bruk på scena. Det er ikkje teikna lasterampe ved varelevering, i det vidare arbeidet må ein vurdere behovet for dette og sjå på ei løysing der ein kan få til ein lasterampe med ei høgd på om lag 60 - 70 cm.

### **5.3.4 Garderobar**

Gode garderobeareal er viktig for kulturhusfunksjonen. Garderobe er plassert aust for storsal og er på om lag 25 m<sup>2</sup>. Både toalett og dusj er tilgjengeleg. Rommet kan også brukast til møterom og øvingsrom.

### **5.3.5 Green Room**

Vente- og samlingsplass for artistar er plassert i tilknytning til garderobe. Må leggjast til rette for ei enkel kjøkkenløysning. Må også kunne brukast til møterom og øvingsrom. I tillegg ligg det 2 møterom over flygelgarasje som med heis og trapp er svært legg tilgjengeleg til scene, pluss festsalen og salong kan brukast som øvingsrom/backstage



### 5.3.6 Foajé

Biblioteket skal gli naturleg over i eit felles vrimleareal, foajé. Foajeen kan kunne brukast til mellom anna:

- arrangement, enten aleine eller i sambruk med sal.
- møteplass med sitjegrupper, aktivitetar for born
- intimkonsertar av musikkskulen og andre
- forfattarvitjingar
- utstillingsareal (utstillingar av kunstskulen, kunstlag, skulane eller andre)

Ved fellesbruk av vrimleareala er det naudsynt å kunne kontrollere "atmosfæra" uavhengig av lyset ute, dvs. blanding av utelys og demping av lys inne.

Golv må leggjast slik at det er uproblematisk å nytte traller / trille piano/ flygel m.m

Sentralt i foajeen er kiosken plassert med kjøken i bakkant. Kiosken er tenkt som ein kombinert kinokiosk og serveringspunkt ved ulike arrangement i kultursalen.

### 5.3.7 Kino

Det er planlagt to separate kinosalar, med 50 og 72 seter i fast amfi. Romma skal i tillegg til å syne film også kunne brukast til foredrag, forelesing og konsertar. Det leggjast opp til ein moderne utrusta kino i høve lyd og bilete, med Dolby Atmos i begge salar. Sitteplassar i amfi skal planleggast og utformast slik at ein har god bein plass, og det skal vektleggast sitjekomfort. I tillegg til dei to kinosalane skal også storsalen kunne nyttast til framsyning med 460 seter i amfi.

### 5.3.8 Bibliotek

Biblioteket er hjartet i huset. Det har vore viktig å gje dei den mest sentrale plasseringa. Store deler av dagens 1. etg. blir opna opp for å huse hovuddelen av det nye biblioteket, i tillegg blir det utvida mot sør der ein kan få breisida mot den nye hovudplassen. Biblioteket er oppdelt i ulike soner der ein har meir avskjerma areal lengst mot nordvest og opne areal mot foajeen som biblioteket er tenkt kan fløyte ut i. Bruken av biblioteket bør truleg vere noko fleksibel, i og med at dette introduserer ein ny måte å organisere drifta på som ikkje har blitt prøvd før. I føredømet Ulsteinvik har dei eit meiopent bibliotek utan bemanning. Vi legg til rette for at biblioteket kan vere ope so lenge det er folk i Kiosk / resepsjon. Det er likevel tatt høgde for at kjernen av biblioteket kan kunne stengast av frå resten av huset. Dette har vi løyst å skissere skyvedører vest for hovudinngangen til kulturhuset som i tillegg til ein eigen inngang for 2 etasje mot vest, gjer det mogleg å stenge av. Areal for dei tilsette i biblioteket er plassert mot sørvest i eksisterande del, her er det 70 m<sup>2</sup> som kan nyttast til kontor / møterom for alle som jobbar for huset inkludert bibliotekarane. Det er og skissa inn ein nærarbeidsplass til resepsjonen slik at ein og kan og jobbe derifrå. Pauserom for dei som jobbar i huset er tenkt i salongen oppe. Vi har pr. no ikkje klart å tilfredsstille biblioteket på alle frontar, og utforminga av biblioteket må fortsette i neste runde. Byggenemnda anbefalar at det i det vidare arbeidet vert knytt til prosjektet spesialkompetanse på bibliotek.





### **5.3.9 Festsal/ kommunestyresal/ nøytralt seremonirom/ møterom**

Dagens kinosal i det eksisterande Samfunnshuset er i hovudsak delt opp i to areal; ungdomsklubb og ein festsal som kan nyttast til ulike formål, slik som kommunestyresal, livssynsnøytralt seremonirom og møterom.

Det er eit aukande behov for livssynsnøytralt seremonirom i kommunane. Stadig fleire står utanfor den norske kyrkja anten det er andre religionar eller humanetikarar. Særleg gjeld dette verdige og tenlege seremonirom for t.d. gravferd. Rett over gangen mot nord er det eit stort stol og bordlager i tillegg til 2 store møterom.

### **5.3.10 Ungdomsklubb**

Areal for ungdomsklubb er lagt i plan 2 i det eksisterande Samfunnshuset, og i delar av det arealet som i dag er kinosal. Arealet er i skisseprosjektet ikkje detaljert ut, og dette arbeidet må gjerast i vidare prosessar. Noko av arbeidet med innreiinga av ungdomsklubben kan også gjerast av ungdomane sjølve. Basert på innspel frå ungdomsklubbleiar er fylgjande funksjonar ønskeleg å få inn i ungdomsklubben:

- Diskotek med dansegolv
- Konsertscene
- Aktivitetsrom
- Gamingrom
- TV-rom, eller minikino
- Internettkafé
- Ballrom (treng ikkje vere stort)
- Sofarom med brettspel, kortspel, o. l.
- Eit rom/ein plass til faste aktivitetar som air hockey, biljard, fotballspel etc
- Lagerplass
- Kiosk
- Kjøkken med avtrekk, kokeplater, steikeovn, fryser, kjøleskap, oppvaskmaskin.
- Separate toalett
- Inngang med garderobe
- Minimum 2 øvingsrom (med lydtett studio i eine)

Det vil likevel vere ønskeleg at ungdommen kan bruke fasilitetane elles i huset om dei finn dette formålstenleg. Til dømes kan kinoane brukast til film og spel - aktivitet, den kan vere bandøving i backstage og storsal, og det kan gjerast lekser i biblioteket. Målet er eit hus som kan romma så mykje som mogleg og som kan fyllast med aktivitet store delar av døgeret.



## 6 KALKYLE

### 6.1 Hovudkalkyle

Med utgangspunkt i utarbeida skisseprosjekt meiner vi at ei samanlikning med tilsvarande prosjekt der vi tar utgangspunkt i total sluttsum er den beste måten å gje ei kalkyle i den fasen vi er i no. Vi har innhenta prisar frå kulturhusa i Stjørdal og Hamar som har mykje likt program som nye Volda kulturhus og som er bygt i seinare år (2014 og 2015). Vi har justert deira kvadratmeterprisar basert på konsumprisindeksen (2017) og brukar det som grunnlag for vår kalkyle. Tilsvarande lydanlegg som i Fosnavåg konserthus er tatt med.

**Prosjektkostnad på kr 185.435.000,- ink. mva.**

### 6.2 Opsjonar

Det er og vurdert og kalkulert ulike opsjonar som ein kan vurdere å ta inn i prosjektet. Opsjonane er prisa som ein meirkostnad utover kostnaden i hovudkalkyla.

Opsjonar:

- Sedumtak på takarealet som er flatt og ikkje er planlagt som takterrasse. kr 800 000,- ink. mva.
- 14 meter takhøgde i kultursalen kr 1.000.000,- ink. mva.
- Heve og senkescene kr 2.300.000,- ink. mva.



## **7 VEGEN VIDARE**

For å få realisert eit nytt kino- og kulturhus i Volda må skisseprosjektet takast vidare og det må få naudsynt politisk oppslutnad og økonomiske beviljingar. Dette skisseprosjektet er ein start, men det står att mykje arbeid før den fyrste konserten eller fyrste kinoframsyinga kan starte.

Med føresetnad om godkjenning av skisseprosjekt desember 2018 og at prosjektet vert teke inn i økonomiplanen kan ein sjå føre seg fylgjande framdrift på det vidare arbeidet dersom ein ikkje møter på store uventa problem:

- Avklaring av reguleringsforholda og med ein eventuell oppstart av reguleringsarbeidet straks etter godkjenning av skisseprosjektet desember 2018.
- Vedtak om entreprisreform 1. kvartal 2019.
- Utlysing av konkurranse for samspel og oppstart samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 2. kvartal 2019.
- Utlysing av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 3. kvartal 2019.
- Evt. godkjenning av regulering og endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.
- Byggjestart 2. kvartal 2020.
- Ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.


## **8 VEDLEGG**

Vedlegg 1: Teikningar frå Nordplan datert 29.10.2018.





























KINOSALEN  
SALONGEN




























































Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato

V	VVS	
F	Brann	
E	Elektro	
B	Byggeteknikk	
A	Arkitekt	
Fagkode	Fag	Akter

**nordplan**

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Tilakshavar  
**Volda kommune**

Tilak  
**Nye Volda samfunnshus**

Teikning av <b>Plan U1</b>	Teikna av:
	Sist kontrollert: 29.10.2018
	Sjekkliste:

Teikning type  
**Skisseprosjekt**

Mal	Prosj.nr.	Teikn.nr.	Ark	Rev
1 : 750	18016	A21.00		

P:\2018\18016 Volda samfunnshus - kulturen\57 PROSJEKTMATERIALE\418\Byggs03 BIM\04 Rev\imodel\180910\_runde\_4\_sker\_teknere02\_hes.sv





Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato
----------	----------------	---------	-----------

V	VVS	
F	Brann	
E	Elektro	
B	Byggeteknikk	
A	Arkitekt	
Fagkode	Fag	Akter

**nordplan**

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Tilakshavar  
**Volda kommune**


Titel  
**Nye Volda samfunnshus**

Teikning av <b>Plan 1</b>	Teikna av:
	Sist kontrollert: 29.10.2018
	Sjekkliste:

Teikning type  
**Skisseprosjekt**

Mål <b>1 : 250</b>	Prosj.nr. <b>18016</b>	Teikn.nr. <b>A21.01</b>	Ark	Rev
-----------------------	---------------------------	----------------------------	-----	-----

P:\2018\18016 Volda samfunnshus - arkitektur\PROSJEKTMATERIALE\_Ark\bygg03 BIM\04 Rev\modell\180910\runde4\_eber\skisse\02\_heser.rvt



Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato

V	VVS	
F	Brann	
E	Elektro	
B	Byggeteknikk	
A	Arkitekt	
Fagkode	Fag	Akter

**nordplan**

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Tilakshavar  
Volda kommune

Tilak  
Nye Volda samfunnshus



Teikning av <b>Plan 2</b>	Teikna av: Sist kontrollert: 29.10.2018 Sjekkliste:
------------------------------	--

Teikning type  
Skisseprosjekt


Mål	Prosj.nr.	Teikn.nr.	Ark	Rev
1 : 250	18016	A21.02		

P:\2018\18016 Volda samfunnshus - kulturhus\7 PROSJEKTMATERIALE\_A\Byggs\03 BIM\04 Rev\modell\180910\_runde4\_eber\follem\02\_helsa.rvt





		Kontaktinformasjon: Nordplan AS  epost: post@nordplan.no	Titakshavar Volda kommune  Titak Nye Volda samfunnshus	Teikning av Snitt	Teikning type Skisseprosjekt						
Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato	Teikna av:	Sist kontrollert: 29.10.2018	Sjekliste:	Mål 1 : 200	Prosj.nr. 18016	Teikn.nr. A41.01	Ark	Rev














Firma:	Namn:	Fork:	Til	Fra	Info	E-post:
Volda kommune	Rådmann - Rune Sjurgard		X			
Volda kommune	Byggenemnda for nytt Kino og kulturhus			X		

### SAK: VURDERING AV INNSPEL TIL SKISSEPROSJEKT FOR NYTT KINO OG KULTURHUS

#### Vurdering av innspel

Byggenemnda har fått mandat frå kommunestyret til å utgreie eit skisseprosjekt for kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Skisseprosjektet vart overlevert dato 29.10.2018. Kolbein Halkjelsvik har i e-post den 27.11.2018. kome med innspel til skisseprosjektet. Formannskapet har oversendt innspelet frå Halkjelsvik til byggenemnda som fekk mandat til å planleggje kulturhus. Dette vart oversendt via rådmannen der nemnda vart bedt om å vurdere innspel og kommentarar til skisseprosjektet.

Notatet foreslår å løyse det planlagde kino og kulturhuset på andre måtar innanfor ei rekke vesentlege deler av prosjektet. Dette er knytt både til korleis bygget skal plasserast på tomte, korleis tomte skal utnyttast samt teke i bruk andre tomteareal enn det skisseprosjektet legg opp til. Vidare er planløysinga tenkt løyst på ein anna måte og innspelet har ikkje dei same funksjonane i bygget. Eksempelvis er ikkje areal til ungdomsklubb medteke i den alternative løysninga.

I prosessen med å utarbeide skisseprosjektet var det ei brei og omfattande brukarinvolvering, samt ein open prosess med folkemøte for å få innspel under vegs i utviklinga av prosjektet. I denne prosessen kom det ei rekke innspel. Innspelet som no har kome i etterkant av ferdigstilling av skisseprosjektet, er registrert av byggenemnda i denne perioden. Manga av innspela som kom inn i denne fasen har blitt arbeidd inn som del av skisseprosjektet. Byggenemnda meiner det gjennom skisseprosjektet er lagt fram eit godt og realistisk prosjekt. Det vil vere behov for å detaljere prosjektet vidare frå skisseprosjektet via eit forprosjekt/ samspel og over i detaljprosjektering. Dette er ein naturleg gang i eit slik prosjekt, og gjennom ein slik prosess vil ein kunne optimalisere prosjektet vidare. Byggenemnda meiner at løysningane skisseprosjektet legg opp til med plassering av hovudsalen i bakkant og med planlagt utnytting av dagens Samfunnshus er den beste og mest tenlege løysninga.

Byggenemnda har ikkje kostnadskalkulert andre prosjekt enn det som er vist i skisseprosjektet og har heller ikkje grunnlag for å kunne seie noko detaljert om moglege kostnader til eit alternativt prosjekt. Byggenemnda ser ikkje at den alternative løysinga gir noko vesentleg reduksjon i arealbehov dersom ein skal løyse dei same funksjonane som skisseprosjektet legg opp til.

#### Infrastruktur og parkering

Byggenemnda har motteke spørsmål frå rådmann knytt til kva som er medteke av infrastruktur og parkeringsareal i kalkyla for skisseprosjektet. Byggenemnda er vore tru mot mandatet som er gjeve, og lagt opp til å løyse den oppgåva som var gjeve i mandatet. I kalkyla er det derfor medteke infrastruktur og utomhusarbeider i tilknytning til sjølve kino og kulturhuset. Parkeringsplassar i området nord aust for bygninga er og medteke. På førespurnad frå rådmannen vart det i skisseprosjektet gjort ei grov vurdering av moglegheita for å etablere parkering i arealet mellom rådhuset og legesenteret, dette er teikna inn, men det er ikkje medteke kostnader knytt til dette i kalkyla.

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]

Sendt: 18.01.2019 14:15:25

Til: Postmottak Volda

Tittel: VS: Nye Volda samfunnshus - kommentar til "Refleksjonsnotat Del 2" frå Kolbein Halkjelsvik

---

Journalførast på kulturhussaka



**Rune Sjurgard**

Rådmann

Rådmann

Mobil 90053752

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Jan Henning Egset <je@sivolda.no>

**Sendt:** onsdag 16. januar 2019 09:06

**Til:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>

**Kopi:** Kjell Magne Rindal <Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no>; Nes Oddbjørn <oddbjornnes@outlook.com>;

Dahl Hermann Karsten <herm-da@online.no>; Sjøvik Harald <haraldolas@gmail.com>; hildvage@gmail.com;

Larsgård Gunnhild <gunnhild@tussa.com>

**Emne:** Fwd: Nye Volda samfunnshus - kommentar til "Refleksjonsnotat Del 2" frå Kolbein Halkjelsvik

Hei!

Sender over notat frå sivilingeniør Ivar Bjarte Nord med kommentarar til «Refleksjonsnotat Del 2» frå Kolbein Halkjelsvik vedk. nytt kulturhus i Volda.

Mvh

Jan H Egset

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Ivar Bjarte Nord <[ibn@nordplan.no](mailto:ibn@nordplan.no)>

**Dato:** 15. januar 2019 kl. 15:05:08 CET

**Til:** ""[vidar.hofseth@xpro.as](mailto:vidar.hofseth@xpro.as)"" <[vidar.hofseth@xpro.as](mailto:vidar.hofseth@xpro.as)>, ""[je@sivolda.no](mailto:je@sivolda.no)"" <[je@sivolda.no](mailto:je@sivolda.no)>

**Kopi:** Arne Steinsvik <[as@nordplan.no](mailto:as@nordplan.no)>, Torkjel Lavoll <[tl@nordplan.no](mailto:tl@nordplan.no)>

**Emne:** Nye Volda samfunnshus - kommentar til "Refleksjonsnotat Del 2" frå Kolbein Halkjelsvik

Volda kommune

v/ byggenemnda for kulturhus i Volda

Viser til oversendt notat frå Kolbein Halkjelsvik (udatert) m/ vedlegg frå Per Mulvik AS datert 31.10.2001, samt telefonmøte med leiar i byggenemnda Jan Henning Egset, prosjektleiar Vidar Hofseth og sivilark. Torkjel Lavoll torsdag 10.01.2019.

Tema for møtet var Refleksjonsnotat Del 2 frå Kolbein Halkjelsvik, som og har stått på trykk som lesarinnlegg i lokalavisa Møre.

**Bakgrunn :**

Nordplan AS v/ siviliark. Torkjel Lavoll har i oppdrag for Volda kommune utarbeidd skisseprosjekt/ programskisser for nytt kulturhus i Volda. Prosjektet er utvikla på tomte til eksisterande samfunnshus, og samfunnshuset inngår som ein del av kulturhusprosjektet.

Nordplan AS v/ siviling. MRIF Ivar Bjarte Nord var med innleiingsvis i prosjektet og vurderte m.a.

oppbygging av berande konstruksjonar i bygget og tilstand på desse ved visuell inspeksjon. Eg kjenner også bygget godt frå tidlegare befaringar i samband med utarbeiding av brannteknisk dokumentasjon for bygget. I skisseprosjektfasen var eg sporadisk inne og vurderte dei konstruksjonsmessige grep arkitekten la opp til.

### Litt om meg sjølv :

Eg er utdanna sivilingeniør ved NTH på bygningsingeniøravdelingen i 1975, og har 44 års erfaring frå rådgjevarbransjen. Eg har i hovudsak jobba med betongkonstruksjonar, skader på betongkonstruksjonar, tilstandsvurderingar, rehabilitering av betongkonstruksjonar, brannteknisk rådgiving og prosjektering, byggeleing og prosjektleing. Etter ferdig utdanning var eg først tilsett i Det norske Veritas frå 1976 – 1981, der eg jobba med skader på betongkonstruksjonar i marint miljø og kvalitetskontroll av betongkonstruksjonar, seinare som rådgivar i Nordplan AS. Eg har jobba med alle typar bygningar, det kan nemnast næringsmiddelbygg, helseinstitusjonar, forretningsbygg, skular, kulturbygg m.m.. Opp gjennom åra har eg jobba mykje med rehabilitering, ombygging og påbygging av eldre mur- og betongbygningar. Dette har m.a. vore meieri, skular, forretningsbygg, kulturbygg m.m., dei fleste av dei oppførte i perioden 1940 – 1970. Samfunnshuset i Volda er ein ganske typisk representant frå denne epoken, oppført i robuste materialar som betong, mur, berande treverk, skifertekking m.m..

### Notatet til Halkjelsvik :

I «Refleksjonsnotatet» har Halkjelsvik sitert Mulvik AS m.o.t. det framlagde skisseprosjektet :

*«Fullstendig galskap!» var den spontane reaksjonen frå Mulvik AS vedrørende byggenemnda sitt noverande forslag til ombygging av det gamle samfunnshuset. Denne sterke og utvetydige reaksjonen var eit fagleg basert uttrykk for uvissa knytt til styrken i dei berande konstruksjonane i det gamle bygget og kva desse kan representere av utførutsette utfordringar og kostnader når dei blir tukla for mykje med.*

Halkjelsvik har så spunne vidare på denne uttalen, og sår stor uvisse omkring dei berande konstruksjonane. Han påstår m.a. at i dei 17 åra som er gått sidan Mulvik vurderte bygningen (2002), er dei berande konstruksjonane sannsynlegvis svekka ytterlegare som følgje av bruk og slitasje. Vidare er det nemnt at *»på grunn av huset si avdekte, skrale bereevne, valde Volda formannskap å flytte kulturhusprosjektet til området ovanfor Uppheim»*. Eg kjenner ikkje til korleis samfunnshuset skulle inngå i kulturhusbygginga den gongen, men det kan vere at det prosjektet påførte dei gamle konstruksjonane større laster enn det prosjektet som ligg føre i dag.

Til påstandane som er sett fram i notatet vil eg kommentere følgjande :

- 1) Skisseprosjektet som no er lagt fram **grip i svært liten grad** inn i eksisterande bygg sine berande konstruksjonar, det er i hovudsak bygt rundt bygget. Dei nye tilbygga har sine eigne berande konstruksjonar som ikkje belastar eksisterande bygg. Dette gjeld og i samband med jordskjelvlaster.
- 2) Det største inngrepet i gamlebygget er opningar som er teke i austveggen (gavlveggen). Dei attståande berekonstruksjonane her kan på enkelt vis forsterkast. Ein del innvendige veggjar vert og rivne i 1. etasje i bygget, men dette er i all hovudsak «lettveggjar» utan berande funksjon.
- 3) Dersom det under detaljprosjektering viser seg at konstruksjonar må forsterkast, så er det etter mi erfaring utan unnatak mogleg, i alle fall for dei laster som er normale for denne type bygg, dvs. eigenlastar frå konstruksjonar, personlast og naturlast (snø og vind). Slike forsterkingar risikerer ein i alle ombyggingsprosjekt, og ved å gjennomføre ei grundig tilstandsvurdering og god prosjektering vil slike kostnader vere føreseielege.
- 4) Volda kommune har i den seinare tid gjennomført ei rehabilitering av samfunnshuset, m.a. er taket omtekkja og varmeanlegget i bygget er fornya. Vi har vanskeleg for å tru at Volda kommune ville gjennomført ei slik rehabilitering dersom bygget var i så dårlig forfatning som Halkjelsvik/ Mulvik vil ha det til.

På bakgrunn av dette er min konklusjon at det er lite hald i Halkjelsvik sine påstandar om beresystemet i eksisterande bygg. Dessutan vil ombygginga til kulturhus i liten grad gripe inn i



samfunnshuset sine berande konstruksjonar.

Vi ser elles i notatet at Halkjelsvik er bekymra for korleis ein skal tilpasse eit bygg med 7 ulike golvnivå til dagens bruk. Dette er godt løyst i skisseprosjektet, og vi viser til arkitekten sin rapport m/ teikningar for nærare skildring av korleis dette er tenkt og løyst.

Med venleg helsing

Siviling. Ivar Bjarte Nord  
Rådgevande ingeniør MRIF  
[ibn@nordplan.no](mailto:ibn@nordplan.no)

Nordplan AS  
Eidsgata 45  
Postboks 224  
6771 Nordfjordeid  
Tlf 90918696  
[www.nordplan.no](http://www.nordplan.no)

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]  
Sendt: 22.01.2019 13:13:53  
Til: Postmottak Volda  
Tittel: Fwd: VS: Kino- og kulturhus i Volda

---

For journalføring.

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----  
Fra: Jan Henning Egset <je@sivolda.no>  
Dato: 22.01.2019 12:55 (GMT+01:00)  
Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>  
Emne: VS: Kino- og kulturhus i Volda

Til orientering.

Mvh

Jan H. Egset

[je@sivolda.no](mailto:je@sivolda.no)  
+47 906 63 224

---

**Fra:** Vidar Hofseth <vidar.hofseth@xpro.as>  
**Sendt:** mandag 21. januar 2019 22:29  
**Til:** ottar@mulvik.no  
**Kopi:** Jan Henning Egset <je@sivolda.no>  
**Emne:** SV: Kino- og kulturhus i Volda

Hei!

Har ikke registrert tilbakemelding på denne henvendelsen. Vi imøteser en tilbakemeldingen for å få klarhet i bakgrunnen for uttalelsen.

På forhånd takk!

Best regards



**Vidar Hofseth**  
Department Manager

XPRO AS  
Postboks 8140 Spjelkavik, 6022 Ålesund, Norway  
Mob: +47 926 09 893 | Office: +47 974 00 004  
[vidar.hofseth@xpro.as](mailto:vidar.hofseth@xpro.as) | [www.xpro.as](http://www.xpro.as)

---

**Fra:** Vidar Hofseth  
**Sendt:** tirsdag 15. januar 2019 14.03  
**Til:** [ottar@mulvik.no](mailto:ottar@mulvik.no)  
**Kopi:** Jan Henning Egset <je@sivolda.no>  
**Emne:** Kino- og kulturhus i Volda

Hei!

Vi registrerer at Kolbein Halkjelsvik i sitt leserinnlegg vedr. nytt Kino og kulturhus i lokalavisa Møre refererer til en spontan reaksjon fra Mulvik AS. Dere skal ha uttalt at forslaget som ligger i skisseprosjektet, utarbeidet av Nordplan AS og byggenemda, er «fullstendig galskap». Dette skal være knyttet til hvordan skisseprosjektet griper inn i de bærende konstruksjonene i dagens Samfunnshus. Vi oppfatter dette som en kraftig karakteristikk og ønsker derfor en kort kommentar fra dere på om dette er uttalt og hva som ligger til grunn for denne uttalelsen.

Til orientering har undertegnede fungert som sekretær for byggenemda i prosessen med skisseprosjektet og er derfor avsender av denne e-posten.

Best regards



**Vidar Hofseth**

Department Manager

XPRO AS

Postboks 8140 Spjelkavik, 6022 Ålesund, Norway

Mob: +47 926 09 893 | Office: +47 974 00 004

[vidar.hofseth@xpro.as](mailto:vidar.hofseth@xpro.as) | [www.xpro.as](http://www.xpro.as)

Fra: Kolbein Halkjelsvik[kolbeinh@online.no]  
Sendt: 08.01.2019 23:35:56  
Til: Postmottak Volda  
Kopi: Kolbein Halkjelsvik; Avisa Møre Redaksjon  
Tittel: Det nye kulturhuset; Kva får vi? Kva kan vi få? Del 2

---

Til Volda kommune

Underteikna ber om at skriv med vedlegg i denne e-posten vert lagt ved kulturhussaka i det vidare arbeidet fram mot endeleg vedtak i saka. Skrivet m/vedlegg i denne e-posten er ei oppfølging av tidlegare refleksjonsnotat av 18.11.18.

Mvh.  
Kolbein Halkjelsvik



## Det nye kulturhuset; kva får vi, kva kan vi få?

### Del 2:

#### Som ein ropar i skogen får ein svar

Midt i november vart det herifrå spelt inn eit refleksjonsnotat («del 1») med same tittelen som øvst på sida her. Refleksjonsnotatet sette kritisk lys på den kommunale byggjenemnda sitt forslag til nytt kulturhus. Notatet vart til etter at byggjenemnda offentleg hadde gitt uttrykk for at dei hadde avslutta oppdraget sitt. Nemnda uttalte at dei såg på oppdraget dei hadde fått som fullført. Refleksjonane i del 1, var altså ein reaksjon på nemnda sitt sluttprodukt og meint som ei oppmoding til kommunen om å få utgreidd ei alternativ løysing (idéskisse/grovskisse) for det nye kulturhuset. Ei løysing som truleg vil vere både mykje betre og mykje rimelegare enn nemnda si.

At kommuneleiinga likevel valde å sende refleksjonsnotatet over til byggjenemnda for uttale, ei nemnd som hadde fullført og avslutta oppdraget sitt, er underleg. Her er det freistande å samanlikne med forteljingar som *bukken og havresekken* og *goddag mann økseskaft*, eller med ordtaket: *som ein ropar i skogen får ein svar*.

Siktemålet med refleksjonsnotatet 18.11.18, var eigentleg å legge til rette for eit alternativt skisseprosjekt som grunnlag for å kunne ta det beste valet til slutt, då mellom minst 2 alternativ. Her er det trass alt snakk om å byggje heilt om og integrere eit 64 år gammalt samfunnshus med 7 ulike høgdeplan og passe dette inn i eit moderne nybygg. Dette er svært utfordrande å få til, og ofte svært dyrt, viser ein tidlegare utarbeidd tilstandsrapport, jf. lenger nede i teksten.

Saka om ny ungdomsskule er eit godt døme på korleis ei byggesak kan utgreiast på ein fagleg forsvarleg måte. Der har eit kompetent byggteknisk miljø vorte engasjert til å utgreie 3 alternative løysingar for moderniseringa av ny skule; ombygging, tilbygging og/eller nybygging. Dette sikrar sannsynlegvis eit godt utfall når endeleg vedtak om ny ungdomsskule skal gjerast.

Eit liknande grunnlag for vedtak bør utviklast i kulturhussaka før endeleg prosjekt blir valt. Denne prosessen er no inne i sitt 19. år, og då har ein tid til å bruke 2-3 månader ekstra på å få utvikla eit alternativ til det som ligg føre no. Eit anna kompetanse miljø enn det som vart

brukt i byggjenemnda sitt prosjekt, vil kunne etablere ei ny grovskisse, gjerne knytt til alternativet som er skildra i refleksjonsnotatet av 18.11.18. Det sentrale i dette alternativet er at ein ikkje grip så tungt inn i det gamle samfunnshuset, men likevel integrerer huset for dagleg bruk slik det står fram i dag, uendra i si klassiske form.

### **Det gamle samfunnshuset; forprosjektskisse / uviss kostnad**

Refleksjonsnotatet frå 18.11.18 fokuserer på tilstanden til det gamle samfunnshuset i dag, og usikre kostnadmessige konsekvensar ved ei omfattande ombygging. Mellom anna er det nemnt ein rapport som Per Mulvik AS i si tid utarbeidde, eit forprosjekt/grovskisseprospekt. Delar av rapporten som rådgjevingsfirmaet Per Mulvik AS utarbeidde i 2001-2002 på oppdrag frå Volda kommune v/den kommunale prosjektgruppa (jf. vedlegg 1-4), er vedlagt her. Heile rapporten er tilgjengeleg hos Mulvik AS under deira prosjektnummer 695.

Då den kommunale prosjektgruppa la fram denne rapporten 19.06.02, kom det fram at den tiltenkte ombygginga den gongen, ville ha kosta kr. 25,5 mill. inkl. inventar og utstyr. Indeksregulert til i dag utgjer denne ombyggingskostnaden kr. 35,4 mill.

Ombygginga som byggjenemnda no legg opp til, er mykje meir omfattande enn den som var planlagt i 2002. Ifølgje Mulvik AS er også krava til slik ombygging i dag vesentleg skjerpa. Det same ombyggingsnivået ville sannsynlegvis ha kosta om lag kr. 50 mill. i dag. Dersom dette slår til, vil altså ombyggingskostnadene for byggjenemnda sitt forslag bli vesentleg høgare enn denne summen på kr. 50 mill.

«Fullstendig galskap!» var den spontane reaksjonen frå Mulvik AS vedrørande byggjenemnda sitt noverande forslag til ombygging av det gamle samfunnshuset. Denne sterke og utvetydige reaksjonen var eit fagleg basert uttrykk for uvissa knytt til styrken i dei berande konstruksjonane i det gamle bygget og kva desse kan representere av uførutsette utfordringar og kostnader når dei blir tukla for mykje med.

Nettopp denne uvissa om tilstanden til dei berande konstruksjonane og potensielle kostnader ved å skiple dei, var ei av årsakene til at ordførar Bere og administrasjonssjef Krumsvik valde aldri å gjere ei stor og tung ombygging av det gamle samfunnshuset til ei politisk då i 2002. Det er ikkje kjent at det er gjort endringar/forsterkingar av dei berande konstruksjonane i det

gamle huset sidan 2002. Dermed har 17 år med bruk og slitasje sannsynlegvis svekka dei berande konstruksjonane ytterlegare sidan den gongen.

Seinare på året i 2002, på grunn av huset si avdekte, skrале bereevne, valde Volda formannskap å flytte kulturhusprosjektet til området ovanfor Uppheim. Der fekk kommunen så utgreidd eit heilt nytt skisseprosjekt for kulturhuset utarbeidd av arkitekt Kibsgaard Pettersen AS i Ålesund. Men som alle no veit, så vart det ein annan skål.

### **Finansiere rask oppstart av det nye symje- og badeanlegget, fleirbrukshallen ved stadion og kanskje parkeringsanlegg under heile Volda Campus Arena?**

Ei alternativ plassering og arrondering av kulturhuset vil gjere det både betre, billigare og meir brukarvenleg, jf. refleksjonsnotatet av 18.11.18. Kostnadene vil gå vesentleg ned ved ikkje å gripe så tungt inn i det gamle samfunnshuset, ikkje bygge det gamle huset inn i det nye prosjektet, heller berre justere det litt for å få til det best tenlege samspelet med det nye biblioteket og kulturhuset. Eit alternativt prosjekt vil altså kunne bli mykje tryggare og meir førutseieleg økonomisk sett enn det byggjenemnda sitt prosjekt nokon gong vil kunne bli.

I beste fall kan ei alternativ løysing for kulturhusutbygginga, frigjere fleire titals millionar kroner i høve til kostnadene byggjenemnda no legg opp til med sitt forslag. Og likevel vert kulturhuset og biblioteket meir brukarvenleg, heilskapleg og betre og meir innbydande til samspel med omgivnadene, noko som igjen vil inspirere til auka dagleg bruk frå mange fleire ulike brukargrupper.

Gjennom ei frigjering av så mykje kapital, og samstundes ei betring av produktet, vil politikarane/kommunen også direkte kunne finansiere kontinuerleg utbygging av symje- og badeanlegget parallelt med Volda Campus Arena-utbygginga. Kommunen vil i det same kunne bidra med sin del på kr. 12 mill. til fleirbruksanlegget ved stadion slik at også dei kan få starte opp det fantastiske, allereie prosjekterte anlegget sitt der. Og sist, men ikkje minst, vil ein slik også kunne frigjere midlar til full utbygging av parkeringskjellar under heile Volda Campus Arena. Det siste, eit umåteleg viktig tiltak, vitna av ein som til dagleg ser parkeringskaoset utanfor kontorvindauget sitt midt på høgskulecampus.

TENK OM?!

*Kolbein Halkjelsvik*

**Vedlegg:**

- 1a+b      Avtale mellom kommunen og Per Mulvik AS, oppdrag: forprosjektskisse ombygging av det gamle samfunnshuset.
- 2            Budsjettforslag/kalkyle på skisseprosjektnivå.
- 3a+b      Kalkulasjonsgrunnlag skisseprosjektet, hovedpunkt.
- 4            Sak 8/02 i den kommunale prosjektgruppa; Kalkyle, framlegging av skisseprosjektet, oversyn over kostnader som kom i tillegg.



# PER MULVIK A/S

RÅDGIVENDE INGENIØR

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE  
KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING  
SKADETAKSERING - VERDITAKSERING

6101 VOLDA

prosjekt nr. 695 (hos Mulvik)

VOLDA 31.10.2001

Boks 86

Tlf..... 70 07 65 35  
Privat..... 70 07 79 75  
Mobil..... 90 02 38 35  
Fax ..... 70 07 81 63  
E-post...ottar@mulvik.no  
Org.nr..... 941 987 516

**Prosjektgruppa for Volda Kulturhus  
Co. Kolbein Halkjelsvik  
Kårstadvn.  
6100 Volda**

Dykkar ref.: Kolbein Halkjelsvik

Vår ref.: Ottar M. Skare

**Ang.: Volda Kulturhus – renovering av Volda Samfunnshus.  
Kostnadsoverslag forprosjekt**

Viser til henvendelse 30.10.2001 og motekne saksdokument. Viser også til telefonsamtale på kveld 30.10.2001 der ynskjemålvart nærare spesifisert.

Slik eg forstår mandatet er det ynskjeleg at forprosjektet vert utarbeidd på eit detaljnivå som gjer det eigna som grunnlag for budsjettering, vedtaksprosedyrer og detaljplanlegging. Dette føreset etablering av prosjekteringsgruppe som består av rådgjevarar med kompetanse innanfor dei aktuelle fag. Dette er sjølvsaugt relativt kostbart, men sett i relasjon til totale forventa projektkostnadar er summen godt innanfor dei akseptable rammor.

Som De ynskjer har eg i dag vore i kontakt med nokre aktuelle rådgjevarar og drøfta pris og innhald. Dette er same rådgjevarane som er aktuelle for Studenthuset og som alle har erfaringar frå liknande prosjekt. Av omsyn til knapp framdrift har ein ikkje hatt høve til å innhente skriftlege tilbod. Prisane nedanfor er difor basert på erfaringstal frå tidlegare prosjekt, og ein føler seg rimeleg sikker på at dei ikkje skal innehalde overaskingar om ein legg til grunn god prosjekt- og kostnadsstyring. Det er understreka at oppdragsgjevar skal vere fristilt ved valg av rådgjevarar for den vidare planlegging.

Forprosjektet vil bli samanfatta i eit felles dokument med fylgjande innhald:

- Generell beskrivelse
- Fagvis beskrivelse utarbeidd av den respektive rådgjevar, forslag til tiltak og kostnadsvurdering
- Arkitektskisser (ikkje DAK-teikningar)
- Kostnadsoverslag ± 10-20% ("Rammekostnad NS3453")
- Forslag til framdriftsplan

Som grunnlag for arbeidet vil det bli halde synfaringar og behovsretta prosjekteringsmøter.

\\SERVER\FELLES\2001\Forprosjekt - kostnadsoverslag 311001.doc



**Rådg. ing. Per Mulvik A/S**

Per Mulvik A/S, Boks 86, 6101 Volda • Besøk: Halkjelsgt. 13, 6100 Volda • Telefon 70 07 65 35 • Fax 70 07 81 63  
Mob 90 02 38 35 • E-post: [ottar@mulvik.no](mailto:ottar@mulvik.no) • Bank: 3991.05.52205 • Foretaksnr. NO 941 987 516 MVA



Ein legg til grunn fylgjande samansetning og prisoverslag for prosjekteringsgruppe for forprosjektet:

Prosjekteringsgruppeleing, kostnad/framdrift	Per Mulvik AS	20.000,-
Arkitekt	Siv.ark. Bjarne Sørheim, MNAL	20.000,-
Byggeteknisk rådgjevar	Per Mulvik AS	10.000,-
Elektroteknisk rådgjevar	Ing. Arve Folkestad	10.000,-
VVS-teknisk rådgjevar	Techno Consult Møre AS	15.000,-
Betongrehabilitering/eksterior-rådgjevar	NOTEBY AS	20.000,-
Rådgjevar teaterteknikk	Tekn.sjef Riksteateret	10.000,- (kun reisekostnad)
Rådgjevar lyd/akustikk	??	5.000,-
Rådgjevar kinoteknikk	??	5.000,-
Uforutsett		<u>20.000,-</u>
SUM EKSL. MVA.		<u>135.000,-</u>

PGL og ARK kan i tillegg delta i 2 presentasjonsmøter av varigheit inntil 2 timar. Utover dette fakturerast etter medgått tid.

Kostnadar med forprosjektet kan fordelast skjønsmessig med 40% på vedlikehald og 60% på ombygging.

Evt. deltaking i ekskursjonar må avtalast nærare.


Det er rekna med at evt. vidare prisinnhenting, kontrahering og fakturaregnskap for forprosjektet vert utført av oppdragsgjevar.

Tid for oppstart og gjennomføring må avklarast nærare, men ein føreset at forprosjektet er avslutta før medio 2002.

Ein tek atterhald om endring av prisar ved endringar i prosjektet og forskyvning av tidsplan.

Ein vonar De ser Dykk tente med ovanforståande overslag og ynskjer lukke til i prosessen vidare. Ta gjerne kontakt med underteikna på telefon 70076535 ved spørsmål.

For Per Mulvik AS



Ottar M. Skare

**Prosjektgruppa for Volda samfunnshus  
Volda kulturhus  
BUDSJETTFORSLAG**

Nivå: +/- 20% (skisseprosjektnivå)

Dato: 06.06.2002,oms

Basert på NS3453

Post	Beskrivelse	Sum
1.	Felleskostnader	590 000
2.	Bygning	9 832 800
3.	VVS	1 666 100
4.	Elkraft	911 900
5.	Tele/data/automatisering	440 800
6.	Heisanlegg	0
	<b>Huskostnad (1-6) ekskl. mva.</b>	<b>13 442 000</b>
7.	Utendørs	200 000
	<b>Entreprisekostnad (1-7)</b>	<b>13 642 000</b>
8.	Generelle kostnader: Administrative kostnader som prosjektering/byggeled./gebyr. 13% iflg. HolteProsj.	1 773 000
	<b>Byggekostnader (1-8)</b>	<b>15 415 000</b>
9.	Spesielle kostnader. Kun 24 % mva er tatt med	3 700 000
	<b>Grunnkalkyle (1-9)</b>	<b>19 115 000</b>
0.1	Forventede reserver 5%	956 000
	<b>Forventet prosjektkostnad</b>	<b>20 071 000</b>
0.2	Sikkerhetsmargin	0
	<b>Rammekostnad/budsjett</b>	<b>20 071 000</b>

Areal bta. m2 (ca.)

1 722

Pris / bta.

11 656

For kalkulasjonsgrunnlag, sjå vedlegg side 1 til 2.

Ang. post 9: Byggherreadministrasjon, tomtetekostnad, prisstigning, finans-, salgskostnader inventar og utstyr er ikkje medtatt utover hva som er spesifisert ovenfor.

Nybygg i same kategori vil iflg. statistikk koste mellom 15.500,- og 20.400,- kr/m2 BTA. (Holte Prosjekt)

Volda 06.06.2002  
For Per Mulvik A/S



Ottar M. Skare



## Kalkulasjonsgrunnlag

Bygningsdelstabell NS3451			
Kode	Bygn.del	Beskrivelse	Sum eks. mva
10	Felles	Rigg/drift	
20	<b>Bygning generelt</b>		
21	Klargjøring	Demontere takstein, rengjøring. Rive takkonstruksjon og deler av murvegger (gavler), Rive gulv i sal. Rive el-kraft, VVS og dører/vindu. Borttransport og deponeringsavgifter.	738 000
21	Grunn og fundament	Utgraving av byggegrop, drenering tilknytt eksisterende, betongsåle. Kult under gulv på grunn, drenerende masser langs grunnmur. Betongsåler i tilbygg og sidescene	78 300
22	Bæresystem	Forsterkning av eksisterende bærekonstruksjon i sal mht. slankhet, naturlaster. Betongvegger under terreng i tilbygg. Ombygging for åpning mot sidescene. Bæresøyler og -drager i tilbygg og veggtopp sal. Hoversperrer av limtre eller brannisolert stål, ditto hanebjelker i sal. Bærekneker for kinomaskinrom.	1 560 800
23	Yttervegger	Innfellingsmurverk av iso-blokk el.l. i forhøyet sal og i tilbygg. Utvendig strukturert puss omlag som eksisterende bygg, malt. Bæresystem varmeisolereres innvendig. Energiglass i aluminiumsbeslåtte trevindu, alle eksisterende skiftes. Ytterdører i aluminium-system. Ikke tatt med tilleggsisolering annet enn for sal, se pkt. 24.	1 167 600
24	Innervegger	Innlekting, isolasjon og spesiell akustisk kledning i sal. Lettvegger i garderobe tilbygg. Div. ombygging i eksist. garderobeavdeling. Teknisk rom på loft. Overflatebehandling av alle veggflater, herav ca. 30% med gl.f.strie. Brann-/lydklassifiserte dører i sal. Øvrige innerdører i behovsrettet lyd-/brannklasse.	1 311 200
25	Dekker	Gulv på grunn i tilbygg, lecaplank el.l. i kinomaskinrom. Trebjelkelag med plater på loft over sal. Spesiell lydisolerende himling over "nyesalen". Systemhimling med akustiske egenskaper over sal. Dansbart trinnlyddempet tregulv i sal (tilsvarende eksisterende gulv), ikke under nytt amfi.. Maling av alle himlinger. Tatt med ca. 400 m2 gulvbelegg, behovsrettet.	1 448 200
26	Yttertak	Takåser av tre evt. z-rigler. Isolasjon i takkonstruksjon, taktro av plater, papp, lekter, sløyfer. Remontert rustskifer, supplert for utvidet takareal. Nye takvindu. Supplerende takteking av Otta-skifer, 10% innslag av rustskifer. NB! Leveringstid for skifer er 8 mnd.	1 451 700



27	Fast inventar	Forutsetter ingen endring av eksisterende skyveamfi. 307 nye "Oi"-stoler av høy klasse, nytt amfi med skyvbar del. Div. garderobe.	2 077 000
28	Trapper, balkonger	Trapper og ramper	inkl. i 25
29	Diverse		0
30	<b>VVS</b>		110 000
31	Sanitær	Lekkasjesikkert spredenett. Hvitt porselen på servanter og klosett. Standard armaturer type "Oras" el.l. En del uavklart.	inkl. i 30
32	Varme	Kun. el-varme tatt med.	0
33	Brannsløkking	Brannslanger og pulverapparat. Sprinkler forutsettes ikke.	inkl. i 30
34	Gass- og trykkluft	Ikke aktuelt	0
35	Kulde	Ikke aktuelt	
36	Luftbehandling	Balansert ventilasjonsanlegg med aggregat plassert på 3-kant-loft. Varmebatteri og varmegjenvinner. Dekke hele kulturhuset. Kjølt luft i rom med store internbelastninger. 10 m3/m2h.	1 556 100
37	Luftkjøling	Ikke tatt med luftkjøling.	0
40	Elkraft	Det er lagt opp til en differensiert installasjonsbearbeiding med 50-70% gjenbruk i alle rom unntatt sal, nyesal, tilbygg og kinomaskinrom.	911 900
41	Generelle anlegg	Hovedtavle i u.etg.	inkl. i 40
43	Fordeling	Hovedsakelig skjult opplegg. Stigere med en viss overkapasitet.	inkl. i 40
44	Lys	Energiøkonomiske lysarmaturar, hovedsakelig bestykket med lysrør, kompaktlysrør og elektronisk forkoplingsutstyr. Fortr.vis innfelt i systemhimlinger. Nøddlys: I fellesareal og rømningsveier.	inkl. i 40
45	Elvarme	Hovedsakelig gjennomstrømningsovner. Temperaturfølere på hvert rom tilkopledd SD-anlegg. NB! Vannbasert oppvarmingssystem er ikke tatt med.	inkl. i 40
46	Driftsteknisk	Tavle for vvs-anlegg.	inkl. i 40
50	<b>Tele/data</b>	Nyinstallasjon i hele kulturhuset.	440 800
52	Data- kommunikasjon	Spredenett for telefon	inkl. i 50
54	Alarm- og signalanlegg	Brannalarm og innbruddsalarm.	inkl. i 50
55	Lyd og bilde	Ikke tatt med.	0
56	Automatisering	SD-anlegg	inkl. i 50
60	<b>Heis</b>		
62	Heiser	Ikke medtatt heis	0
70	<b>Utomhus anlegg</b>		
71	Terrengbehandling	Div. bruksplen og beplantning	70 000
72	Utendørs konstruksjoner	Ikke medtatt	0
73	Utendørs VVS	Utendørs VVS, div. kum/avløp	50 000
74	Utendørs elkraft	Ikke medtatt	0
76	Veier, plasser	Div. reasfaltering og oppgrusing av adkomster	40 000
77	Park, hage	Div. anleggsgartner, prydbusker	40 000
90	<b>Annet</b>		0

Sak 8/02: **Kalkyle:** (Ottar Skare i Bergen, difor v/Kolbein)

Rammekostnader baserte på: -erfaringstal  
-statistikkprisar

Detaljerte underlagskalkyler kan leggjast fram på førespurnad

Dette er skisseprosjektnivå: +/- 20 %

Forprosjektnivå inneber: +/- 10%

Anbods nivået inneber: +/- 5%

Endeleg pris inneber: ferdig anlegg m/konkret definert sluttkostnad/resultat.

Følgjande moment er *ikkje* med i kalkylen: -byggherreadministrasjon  
-ev. tomtekostnad  
-prisstiging  
-finans- og salskostnader  
-inventar og utstyr utover det spesifiserte (t.d.: sceneutstyr, kinomaskiner o.l., garderobeutst. osv.)  
-rehabilitering av puss og betong utvendig  
-0,7% utsmykking

Nokre av momenta i kalkylen: -vøling og rehabilitering  
-”Oi-effekten”  
-lydisolering av Nyesalen  
-Nytt golv i storsalen (minst same standard som i dag)  
-gjenbruk av skifer + supplerings  
-måling utvendig  
-nye vindu og dører i heile huset  
-nytt ventilasjonsanlegg  
-fornyng av el.opplegg  
-nytt tele-/dataopplegg

Kommentér postar i kalkylen undervegs (lysark)!! Vøling/rehabilitering: 5,2 mill. kroner (Taket i tillegg?)  
”Oi-effekten”: 2,3 mill. kroner

## **Det nye kulturhuset; kva får vi, kva kan vi få?**

**Kvifor byggje eit halvdårleg kulturhusprosjekt til vel +/- 200.000.000,- når ein kan få eit godt kulturhusprosjekt til +/- 160.000.000,-**

I ei tru på at det enno let seg gjere å påverke kulturhusprosessen, blir det her spelt inn synspunkt på kva val som er lurast å gjere for at prosjektet skal bli meir optimalt enn det no ser ut til å kunne bli.

Det 63 år gamle Volda samfunnshus er eit komplisert og stilreint hus av si tid. Det har heile 7 ulike høgdenivå mellom veggane. Ei omfattande ombygging og påbygging av dette huset blir difor dyr og vanskeleg. I 2002 fekk den kommunale prosjektgruppa, som den gongen jobba for modernisering av det gamle samfunnshuset, utarbeidd ein fagrapport/tilstandsrapport frå rådgjevarfirmaet Mulvik AS. Nokre av konklusjonane i rapporten, var å gjere minst moglege inngrep i den gamle bygningskroppen. Grunngevingane gjekk både på bygget si bereevne og på kostnadene ved å gå til slike omfattande skritt som skiplar bygget sin heilskap. Egget Eigedom AS bygde på denne rapporten då selskapet tidlegare i år spelte inn korleis ein meinte beste løysinga vil vere for eit nytt kulturhus knytt til det gamle samfunnshuset.

Prosjektet som den kommunale byggjenemnda no har lagt fram for politikarane, grip djupt og sterkt inn i det gamle bygget. Det er vel berre delar av vestibylen og trappa opp mot den gamle storsalen som ikkje vert røyvde i den tilrådde ombygginga. Dette ber i seg mange potensielle overraskingar som sannsynlegvis bli svært dyre å hanskast med når dei dukkar opp, jf. Mulvik AS sin gamle rapport.

Kalkylane den kommunale byggjenemnda har lagt fram, er baserte på grovskisser og har mange moment i seg som ikkje er utgreidde, m.a. det nye biblioteket sine detaljerte behov. Det er svært lite truleg at kr. 185.435.000,- vil halde når det kjem til stykket. Kalkylen er basert på realiseringa av *Kimen* kulturhus i Stjørdal opna 21.08.15 : kr. 717.000.000,- (15.700 m<sup>2</sup> inkl. p-hus på 4.100 m<sup>2</sup>) og på *Hamar* kulturhus opna 14.03.14: kr. 700.000.000,- (15.036 m<sup>2</sup>). Begge desse fantastiske kulturinstitusjonane hyser eit mykje større mangfald av kulturinstitusjonar og opplevingsflater enn det som er tenkt her i Volda. Det ser heller ikkje ut til at desse utbyggingane har implisert ombyggingar av gamle kulturhus.

Egget Eigedom AS sin alternative versjon av det heile, grip mykje mindre inn i det gamle bygget. Dette alternativet legg opp til berre ei lett ombygging av fløya der salongen og kjøkenet no ligg. Resten av det gamle samfunnshuset vert for det meste liggjande uendra. Den gamle storsalen vert prosjektet sin faste flatsal slik den ligg i dag utan amfiet. I seg sjølv, gjer dette at alternativet heilt sikkert vert mykje rimelegare og enklare å realisere enn det kommunalt initierte prosjektet. Når tida går, blir det også mykje enklare å rive og modernisere heile -eller delar av- gamlehuset fordi det ikkje vil vere så infiltrert i nybygget.

Vidare her følgjer ein kortversjon av sentrale moment i kommunen sitt framlagde alternativ samanlikna med sentrale moment i Egget Eigedom AS sin versjon:

### **Plassering:**

Nemnda sin bruk av arealet er tungvint og svært dyr å gjennomføre. Å gøyme det nye kulturhuset i bakken bak det gamle samfunnshuset hindrar god infrastruktur i prosjektet. Ei slik plassering gir dårleg og tungvint samspel både innomhus og med omgivnadene. Uteplassen vert liggjande i skuggen bak rådhuset og vil verke inneklemd og trong. Plassen vil ikkje kunne samspele med Paviljongparken og Leikeparken på ein dynamisk måte. Gatetrafiikk langs veggane på hovudfasaden både til huset og biblioteket, er både uheldig og forstyrrende. Det vil svekke prosjektet sine brukskvalitetar.

Parkeringsplassane, ikkje kulturhuset, burde plasserast bak i bakken. Huset bør leggjast nedover mot sør på dagens parkeringsareal, ope og fritt innbydande mot parkane i aust. Trafikken og tilkomsten til parkeringsområdet blir då flytta bak det gamle samfunnshuset og Eben Eser, noko som vil skape ro og fokus rundt det som er viktig i drifta av eit kulturhus.

### **Storsalen:**

Storsalen som kommunen no presenterer, har mange bra kvalitetar, m.a. publikumskapasiteten på maksimalt 610 personar, 460 av desse i amfiet. Takhøgda bør også kunne gi gode akustiske forhold. Men skyveamfiet verkar å vere noko samanpressa. Amfiet bør vere dynamisk utforma; seteradene i boge på tvers og med lett svai på langs. Det er berre slik utforming på amfi som kan gi optimale sjåarforhold for publikum. Avstanden mellom seteryggane på stolane frå seterad til seterad er også viktig. Den bør vere så stor at folk ikkje treng reise seg når andre skal ut av -eller inn i- seteradene. Det ser den ikkje ut til å vere i byggjenmenda sitt forslag.

Det alternative forslaget til storsal føreslår fast amfi, ikkje skyveamfi. Det gir alltid dei beste publikumsopplevingane. Under det faste amfiet er det då tenkt å plassere dei to kinosalane. Stor flatsal er tenkt lagt til storsalen i det gamle samfunnshuset. Amfiet som står der i dag må då ut. Ei slik løysing som dette inneber eit mykje mindre byggjevolum enn det den kommunale nemnda legg fram. Her ligg det svært store potensielle innsparingar.

### **Scena:**

Nemnda legg til rette for eit sceneareal på 10 x 18 meter, noko som i utgangspunktet kan verke å vere tilfredsstillande. Men når publikumspotensialet på 610 vert fullt ut rigga i salen, blir scena redusert til berre 5 x 18 meter. Ei slik løysing bør ein unngå. Når salen er full, 610 i publikum, treng ein oftast den største scenedjupna også. Det er oftast ein nær samanheng mellom utseld sal og storleiken på oppsettingar, at desse som regel har behov for den største scena.

I den alternative salen er scenedimensjonane tenkt å vere 15 x 20 meter. Eit slikt sceneareal ville gjere kulturhuset spesielt attraktivt for visse framsyningar og bruken vil auke. 5 meter av denne scenedjupna kan utgjere ei orkestergrav. Ei orkestergrav burde kulturhuset i Volda absolutt ha i og med at vi ofte har kombinerte kulturuttrykk her på staden. Når grava ikkje er



i bruk til slike kombinerte uttrykk, kan stolrekkjer settast ut på det arealet etter behov, jf. Nordfjord operahus og Parken kulturhus.

### **Scenelageret:**

Gode scenelager er viktige for aktive og populære kulturhus. Utkastet frå den kommunale nemnda legg opp til eit lite funksjonelt scenelager der romet nærast har ei trekantform. Lageret er vanskeleg tilgjengeleg og denne spesielle forma gjer det vanskeleg å utnytte på ein enkel og effektiv måte. Det vil heller ikkje fungere som eit godt backstage-rom ved store tilstellingar fordi det ligg vegg-i-vegg med sjølv scena.

Den tekniske inngangen til scenelageret/scena gjer tilgang for storbilar vanskeleg. Den ligg djupt nedgraven og er smal. Den inneber at storbilar som kjem til bygget, først må snu i rundkøyringa oppe i Storgata, køyre tilbake og svinge over vegen mot motgåande trafikk for så å rygge delvis inn til lagerinngangen og delvis sperre gata Stormyra. Det går nesten ikkje an å få det meir tungvint når noko skal leverast til scena/salen.

Det alternative forslaget inneber eit fullstendig ope og lett tilgjengeleg scenelager på vestsida av bygget langs Storgata. Med ei slik løysing vil scenelageret få ei rom-form som det er lettare å lagre i og ha oversikt over. Det kan lagast så stort som ein ønsker det. Der er meir enn nok areal. Det kan leggjast i plan med gata slik at det er berre å svinge av i køyreretninga for storbilar som skal losse og laste. Det er heilt ukomplisert samanlikna med nemnda si løysing.

### **Scenegarderobar:**

Dersom det nye kulturhuset skal få høg status også mellom mange ulike grupper av utøvarar, må desse få optimale forhold når dei kjem til huset for å yte. Den kommunale nemnda tilbyr ein scenegarderobe på 25 m<sup>2</sup>.

I det alternative forslaget er det tenkt inn 6-8 scenegarderobar i tillegg til eit slikt større grupperom som nemnt ovanfor. Kjøkenet og salongen i fløya i det gamle samfunnshuset er tenkt ombygde til dette føremålet. Desse roma vil bli liggande vegg i vegg med scena og eignar seg godt. Den gamle storsalen er tenkt brukt til backstage-rom ved store framsyningar.

### **Myldrearealet:**

I tillegg til sjølv salane i eit kulturhus, er myldrearealet/foajeen/kaféen/restauranten sett på å vere eit kulturhus sitt viktigaste areal. Det er på desse areala sosialiseringa, samtalane og samfunnsbygginga går føre seg når forventningar, inntrykk og resultat blir tekne opp, tolka og diskuterte. Den kommunale nemnda ser ut til å kombinere bibliotekareal og myldreareal. Det er i mange høve ein svært uheldig kombinasjon fordi den ofte inneber samtidige motstridande behov. Nemnda ser heller ikkje ut til å prioritere serveringsstad av ein viss standard.

Forslaget frå Egget Eigedom AS prioriterer derimot myldrearealet på ein måte der det får stort volum og kan spele fritt saman med areala i storsalen på eine sida og festplass ute i det fri på andre sida. Ei slik løysing der heile areal innvendig og utvendig kan spele saman samtidig, legg til rette for store arrangement på ein måte ingen andre kulturhus her i regionen gjer. Dette vil både gi nye opplevingar og styrke drifta.

Ein stor og god kafé er plassert slik at den også kan opnast opp mot festplassen ute, Paviljongparken og Leikeparken. Dette er også med og aukar bruken og inntekspotensialet vesentleg.

I dette alternativet til løysing ligg det også inne at ein har felles myldreareal med opphaldsareal for biblioteket, men dette er organisert som eit to-delt heile. Dei to areala er opne mot kvarandre og heng saman, men overlappar ikkje kvarandre. Dette gir ein verdfull fleksibilitet som ikkje kommunens forslag gir.

### **Biblioteket:**

Den kommunale nemnda legg opp til eit nytt bibliotek forma som ein hestesko rundt det gamle samfunnshuset. Dette er svært uheldig fordi det inneber fellesveggar og felles myldreareal mot alle formidlingssalane. Her vil bruksbehova ofte kollidere og minske den frie fleksibiliteten i komplekset vesentleg.

I andre etasjen rett over biblioteket føreligg det forslag frå nemnda om å plassere ein ny ungdomsklubb. Dette vil utvilsamt medføre dei same avgrensingane for bruk som nemnt ovanfor.

Det alternative forslaget plasserer det nye biblioteket på austsida og sørsida av det gamle samfunnshuset. Dette eliminerer alle dei uheldige sidene ved den kommunale nemnda sitt forslag. Samtidig tek som nemnt, ei slik løysing høgde for felles myldring når dette er ønskt gjennom den opne, men likevel skilde løysinga på eit felles areal.

Alternativet tyder at det nye biblioteket vert liggjande fysisk rundt det som i si tid var det gamle folkebiblioteket. Delar av det som den gong var lesesalen, er no i dag det som vert kalla «nyesalen» i det gamle samfunnshuset. Etter dette forslaget kan nyesalen og kjøkenet innanfor, liggje urøyvde og halde fram med å vere kommunestyresal o.l.

### **Gamlesalen:**

Kommunen kjem med forslag om å dele den gamle storsalen i to salar; ny kommunestyresal/seremonirom i den eine, ny ungdomsklubb i den andre der scena i dag er. Å plassere desse tiltaka vegg i vegg heilt sentralt i eit kulturkompleks som dette, er nyst grundig handsama i MØRE. Det vil ikkje fungere dersom ein tek på alvor at ein skal få ein ungdomsklubb som skal fungere fritt etter sentrale intensjonar med slik klubbar. På sikt vil dette rett og slett bli mislukka.

Den gamle storsalen i det gamle samfunnshuset vil slik kunne fungere som ein vakker, klassisk storsal slik den ligg der i dag. Amfiet må ut og bord og stolar for fleksibel, omskifteleg bruk må inn. Det er alt som skal til, billeg og enkelt. Salen kan sjølvstøtt også nyttast som både kommunestyresal og seremonirom i denne forma.

### **Kinoane:**

Nemnda har heldigvis planlagt to nye kinosalar i tillegg til at storsalen vert utstyrt for kino når etterspurnaden krev at den bør brukast til nettopp det. Det er flott!

Når det er sagt, så legg ein i alternativet opp til to kinosalar plassert under det faste amfiet i den nye kulturhusdelen. Dette er gjort for å utnytte utbyggingsarealet betre, lette billettering, bruk av kiosk/kafé og myldreareal, samt utgang rett mot Volda handelssentrum.

Ein trur også at kinopotensialet i Volda er mykje større enn i bygdebyane rundt oss. Difor har ein lagt opp til at den minste av dei to salane bør ha 80 sete og den største 140 sete. Volda har fleire filmfestivalar. Ei slik arrondering av arealet vil legge mykje betre til rette for festivalarrangørane, m.a. gjennom tilrettelegginga for inne/ute-arrangement samstundes.

### **Festplassen utandørs:**

Volda er i større og større grad også ein stad for festivalar og stemne av ulike slag. Dette nemnde samspelet mellom inne- og ute-aktivitetar må difor det nye kulturhuset leggje mykje betre til rette for enn det det kommunale forslaget gjer. Då blir festplassen utandørs sentral, t.d. for festivaltelt, tivoli o.l.. Det alternative forslaget samarbeider fysisk storallen, scenearealet, kinoane, kaféen, toaletta, dei ulike myldreareal, den nye festplassen, Leikeparken og Paviljongparken. Det vert ein heilskap som byr inn til aktivitet i kraft av utforminga si.

Den alternative løysinga har ein slik festplass som er større, ligg opnare til mot sør m/sol, ligg lunare til og samspekar mykje betre med dei nemnde parkane enn det forslaget som no ligg føre, gjer.

### **Ruvande bygningskropp?**

Vil dette alternative forslaget innebere ein stor bygningskropp som blir lett synleg? Ja, det vil det! Heldigvis, fordi det er vanleg at kulturhus i kulturfokuserte kommunar blir synlege, jf. både Stjørdal og Hamar. Men, etter dette forslaget vil huset ikkje bli så mykje meir synleg enn den fløya av rådhuset som går parallelt med legesenteret. Den har om lag det same volumet som det her er snakk om. Dugande arkitektar dempar lett eit bygg sin dominans om det skulle bli naudsynt. Kanskje kan det til og med bli eit vakkert landemerke slik som i Stjørdal eller på Hamar?

## **Konklusjon**

Gjennom realisering av det alternative kulturhuset blir utbyggingsarealet mykje redusert, kanskje så mykje som 800-1000m<sup>2</sup>, i høve til den kommunale nemnda sitt forslag. Ombyggingsarealet vert så godt som eliminert, kun nokre få kvadratmeter i sørfløya på gamlebygget. Likevel vert prosjektet mykje meir samanhengande dynamisk og lettare og meir inspirerende å bruke, noko som aukar inntekspotensialet. Kanskje kan totalkostanden reduserast frå +- 200 millionar kroner til +- 160 millionar kroner? Ein slik reduksjon må vel vere politisk interessant i det den kan få kompliserte økonomisk kabalar til å gå opp med tanke på alle prosjekta som no skal realiserast?

*Kolbein Halkjelsvik*



Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]

Sendt: 27.11.2018 18:21:44

Til: Jan Henning Egset; Postmottak Volda

Kopi: Kjell Magne Rindal; Rune Totland; Jørgen Amdam; Sonja Håvik; Kari Mette Sundgot

Tittel: VS: Det nye kulturhuset, alternativ

---

Vedlagte notat frå Kolbein Halkjelsvik vart lagt fram til orientering til formannskapet i dag.

Det vert bedt om at byggjenemnda gjer ei vurdering og kjem med ei attendemelding på problemstillingane og forslaga som Halkjelsvik tek opp i sitt notat.

Under handsaminga av budsjettet i formannskapet vart det i debatten nemnt at byggjenemnda ikkje har med opparbeiding av infrastruktur i sitt kostnadsoverslag. Byggjenemnda seier noko om utomhus og parkering i skisseprosjektet. Dersom byggjenemnda har ev tilleggsopplysningar om dette og ev kostandsoverslag så er det ynskeleg.

Dersom kommunestyret den 13. desember vedtek formannskapet si innstilling til budsjett der kulturhus er innarbeidd, så vil rådmannen etter nyttår leggje fram eiga sak om vidare prosess.



**Rune Sjurgard**

Rådmann

Rådmann

Mobil 90053752

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik <kolbeinh@online.no>

**Sendt:** fredag 16. november 2018 11:43

**Til:** Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; red@mre.no

**Emne:** Fwd: Det nye kulturhuset, alternativ

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik <[kha@hivolda.no](mailto:kha@hivolda.no)>

**Dato:** 16. november 2018 kl. 11:37:42 CET

**Til:** ""[kolbeinh@online.no](mailto:kolbeinh@online.no)"" <[kolbeinh@online.no](mailto:kolbeinh@online.no)>

**Emne:** Det nye kulturhuset, alternativ



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Inger-Johanne Johnsen

Stormyra 2  
6100 Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/979	14993/2018	614	SVK/ MAYLAN	30.10.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - UNGDOMSKLUBBEN - FØRETREKT  
LOKALISERING**

Vi melder med dette frå at ungdomsrådet den 29.10.18 , hadde føre ovannemnde som sak PS 33/18 der det vart gjort slikt vedtak:

***Ungdomsrådet stiller seg bak og støttar ungdomsklubb på nye samfunnshuset.  
Lokala skal fult og heilt nyttast og styrast av ungdom. Lokala skal vere 100% rusfrie.  
Vi presiserer at klubblokala ikkje under nokon omstendigheiter skal bli brukt til formål som hindrar klubbaktivitet.***

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande

Koordinator

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:

Jørgen Amdam

Sølvi Dimmen

Ungdomsklubben

Gunnar Andenes

Askjell Våge

Peter Bjørneset

---

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70078518  
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

### ***Handsaming:***

Saka var svært vanskeleg å ta stillinga til. Dei inviterte gjestane gav ei god innføring i dei ulike tilboda.

Det vart gjennomført fleire prøverøystingar før ungdomane meinte dei var klare til å ta ei endeleg avgjerd.

Etter grundig diskusjon kom ein fram til fyljande forslag etter framlegg frå nestleiar Veronica Wilhelmsen:

«Ungdomsrådet stiller seg bak og støttar ungdomsklubb på nye samfunnshuset. Lokala skal fult og heilt nyttast og styrast av ungdom. Lokala skal vere 100% rusfrie. Vi presiserer at klubblokala ikkje under nokon omstendigheiter skal bli brukt til formål som hindrar klubbaktivitet»

### **Røysting:**

Under avrøysting vart det først røyste over lokale til ungdomsklubben på stadion eller på nye samfunnshuset. Lokale på samfunnshuset fekk 6 stemmer mot 3 stemmer for lokale på stadion.

Forslaget frå Wilhelmsen vart framlagt og vart samrøystes vedteke.

### ***Vedtak i Ungdomsrådet - 29.10.2018***

***Ungdomsrådet stiller seg bak og støttar ungdomsklubb på nye samfunnshuset.  
Lokala skal fult og heilt nyttast og styrast av ungdom. Lokala skal vere 100% rusfrie.  
Vi presiserer at klubblokala ikkje under nokon omstendigheiter skal bli brukt til formål som hindrar klubbaktivitet.***

### **Nytt kulturhus - kva får vi / - kva kan vi få? Del 3:**

Under overskrifta **Nytt kulturhus - kva får vi / - kva kan vi få?** har det til no blitt sendt to refleksjonsnotat til kommuneleiinga. Det første notatet vart levert 18.11.18, det andre 08.01.19. Det siste hadde også eit vedlegg frå ein rapport som i si tid vart utarbeidd av rådgjevingsfirmaet Per Mulvik AS om utfordringane ein kan få dersom ein vel å byggje om det gamle samfunnshuset.

Det er berre refleksjonsnotat **Del 2** som før har blitt tatt inn i MØRE. Refleksjonsnotat **Del 1** er det viktigaste, men det er langt og sikkert for stort for inntak i avisa. For eventuelle lesarar kan det difor vere vanskeleg å få heilskap i det som blir skildra her. Interesserte lesarar kan sikkert finne **Del 1** som vedlegg i saka i kommunen. Det er viktig at mange engasjerer seg no før politikarane gjer endeleg vedtak i saka!

På bakgrunn av eit oppslag i MØRE 24.01.19, kjem det her ein **Del 3** i denne serien av refleksjonsnotat. Føremålet med notata er å få utgreidd eit alternativ til byggjenemnda sitt forslag til nytt kulturhus før politikarane skal gjere det endelege vedtaket.

#### **Feil adressat**

I MØRE 24.01.19 kjem det fram at kommuneleiinga også sende refleksjonsnotat **Del 2** av 08.01.19 over til den kommunale byggjenemnda for uttale. Refleksjonsnotata er skrivne og sende til kommuneleiinga fordi den kommunale byggjenemnda då hadde fullført oppdraget sitt. Difor verkar det meiningslaust å sende desse refleksjonsnotata over til denne nemnda for uttale sidan svara derifrå vil vere gitt på førehand.

Refleksjonsnotata er eigentleg adresserte til kommuneleiinga med oppmoding om å få fagleg utgreidd det alternative forslaget til kulturhus. Dette er tenkt gjort på grovskisse-nivå, tilsvarande nivået på byggjenemnda sitt utkast, slik at politikarane skal ha to prosjekt å velje mellom når dei skal ta den endelege avgjerda.

#### **Berande konstruksjonar**

Utifrå innlegget i MØRE 24.01.19, kan det verke som om underteikna blir framstilt som byggfagleg kompetent. Dette er underteikna ikkje. Påstandane om tilstanden på det gamle samfunnshuset framsette i refleksjonsnotat 2, baserer seg på den byggtkniske utgreiinga gjort av rådgjevingsfirmaet Per Mulvik AS i 2001-2002, (*Rapport 695* i deira arkiv). Det var Volda kommune som tinga denne utgreiinga den gongen, og det var den kommunale nemnda *Prosjektgruppa for fornying av Volda samfunnshus* som stod føre framdrifta i sjølve prosjektet då.



Dagens ordfører var aktiv medlem i denne gruppa den gongen, likeeins den aktive kulturpolitikaren Gunnar Strøm. Det er mogleg at desse to karane hugsar den avgjerande rolla denne rapporten fekk for kostnadsbiletet og framdrifta då i 2002. Heile satsinga på det gamle huset stoppa faktisk opp på grunnlag av m.a. kostnadene denne rapporten avslørte knytt til ombygging av det gamle samfunnshuset.

Det er godt å registrere ingeniør Nord sine uttalar gjengitt i MØRE 24.01.19 om forsterking av berande konstruksjonar ved ombygging av gamle bygg, sitat: *...Slike forsterkingar risikerer ein i alle ombyggingsprosjekt, og ved å gjennomføre ei grundig tilstandsvurdering og god prosjektering vil slike kostnader vere føreseielege...* Det var akkurat dette fokuset Per Mulvik AS hadde den gongen dei utarbeidde grovskisseprosjektet for ombygging av det gamle huset. Firmaet kom til at beringa i huset måtte forsterkast vesentleg, at dette var økonomisk uførutseieleg på det aktuelle skissenivået, og at spesielle trekk ved dei berande konstruksjonane ville gjere denne ombygginga svært dyr. I dag er det gamle samfunnshuset nesten 20 år eldre!

Eit grovskisse-prosjekt gir ikkje svar på kva ei slik tung ombygging vil medføre detaljert av tekniske utfordringar og kostnader. Skisser på dette nivået har eit kostnadsspenn på +- 20%. Så her er det berre å konstatere at dei to fagmiljøa i utgangspunktet er einige, men at Per Mulvik AS hadde meir fokus på denne uvissa enn dagens ingeniør tydelegvis har hatt til no.

Det ligg ikkje føre grunnar til å underkjenne Per Mulvik AS sitt utgreiingsarbeid. Utgreiinga hadde faktisk eit definert fokus på nettopp denne uvissa på berande konstruksjonar, ei uvisse som også ingeniør Nord så utvetydig presiserer er til stades ved slike ombyggingar, jf. sitatet ovanfor.

### **Oppmodinga står ved lag**

Det er det alternative forslaget til kulturhus som har fokus i desse tre refleksjonsnotata. Konstruksjon og bereevne er berre nokre element av alt som notata peikar på. Notata, spesielt det av 18.11.18, tek føre seg rom for rom i byggjenemnda sitt forslag *etter* at dei sa seg ferdige med oppgåva dei hadde fått. Den alternative idéskissa tek opp alt som kan bli betre gjennom dette alternativet, og, ikkje minst, at prosjektet blir mykje billegare. Den største innsparinga ligg i at den alternative løysinga ikkje legg opp til tung ombygging og inkludering av det 64 år gamle samfunnshuset. Ein går altså ikkje inn på ei slik omfattande ombygging. Heile det gamle huset skal likevel takast i bruk, ikkje minst den fine, klassiske flatsalen, stort sett slik den ligg der i dag.

Nemnda sitt forslag byggjer inn og inkluderer det gamle huset på tre sider: sør-, aust- og nordsida. I vest er det lagt ein djup, dyr, trong og lite funksjonell tilkomst til scena. Heile det gamle samfunnshuset vert altså innringa av nye tiltak, dyre tiltak.

Det alternative forslaget byggjer berre *inn til* det gamle samfunnshuset på to sider: sør- og austsida, utan å inkludere den gamle bygningen i den nye konstruksjonen i særleg grad. Det siste kan også vise seg å vere verdfullt m.o.t. kva ein kan gjere med det gamle huset på sikt.

Infrastrukturen i det alternative kulturhuset innbyr til vesentleg meir fleksibel bruk enn det byggjenemnda sin versjon gjer. Påstanden er altså at ein her har eit høve til å skape eit mykje betre produkt til ein mykje lavare kostnad enn kostnaden ved det prosjektet som no er fremja av byggjenemnda.

Oppmodinga til leiinga i kommunen står difor ved lag, faktisk enno sterkare no enn før:

- Bruk eit par månader på ei fagleg utgreiing av det alternative forslaget til kulturhus!
- Gi politikarane to prosjekt på grovskisse-nivå som grunnlag for det endelege vedtaket!
- Lat eit nytt fagmiljø gjere den nye utgreiinga slik at nye tilnærmingar og uprøvde idéar kan få fritt spelerom!

Her er det mykje kapital å frigjere til styrking og realisering av andre planlagde tiltak. Kulturhuset vert betre, friare, meir inkluderande og meir fleksibelt for alle brukarar.

Det er forventa at også denne **del 3** av denne serien refleksjonsnotat vert lagt ved saka og følgjer den vidare fram mot endeleg avgjerd.

*Kolbein Halkjelsvik*



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjugard

Arkivsak nr.: 2017/1993

Arkivkode: Q50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/19	Formannskapet	05.02.2019

### SAMARBEID OM UTGREIING AV AVGIFTSPARKERING PÅ HØGSKULEOMRÅDET

#### Administrasjonen si tilråding:

*Volda kommune godkjenner vedlagte utkast til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet.*

*Formannskapet er open på at andre aktuelle aktørar kan slutte seg til intensjonsavtalen.*

#### Vedleggsliste:

Utkast til intensjonsavtale om planlegging av parkeringsordning på høgskuleområdet.

#### Saksopplysningar/fakta:

Det er behov for regulering av parkeringa på høgskuleområdet. HVO og Volda kommune har hatt fleire møte om dette, og styret for HVO har slutta seg til prinsippet om å innføre avgiftsparkering. HVO har utarbeidd eit utkast til intensjonsavtale om samarbeid om planlegging av innføring av slik ordning. HVO leiger inn ein konsulent til førebuingsarbeidet. Det vert lagt opp til ei kostnadsdeling mellom HVO og Volda kommune dersom avgiftsparkering ikkje vert gjennomført. Elles vert kostnadene med innføring av dette dekt av parkeringsinntektene. Ordninga er slik at alle inntekter skal gå inn i drift og ev opparbeiding av parkeringsplassar.

Volda kommune eig ein vesentleg del av parkeringsarealet ved HVO, og er derfor naturleg part i ei ordning med avgiftsparkering. Ein må finne praktiske løysingar mellom partane for å sikre at mest mogleg av inntektene går til drift og opparbeiding av parkeringsareal. Volda Campus Arena bør på eit tidspunkt inviterast med i samarbeidet.

#### Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det som påkrevjande at det vert etablert avgiftsparkering for å løyse parkeringssituasjonen på høgskuleområdet. HVO forskotterer utgiftene med leige av konsulent til utgreiingsarbeidet. Etersom partane bør gjere sitt for å få etablert avgiftsparkering, bør det ikkje vere nokon risiko for at kostnadene med planlegginga ikkje

kan dekkjast over denne ordninga. Det same bør også kostnadene med skilt. Rådmannen rår til at formannskapet sluttar seg til avtalen.

Rune Sjurgard  
Rådmann



## UTKAST

### **Samarbeidsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet**

#### **Bakgrunn**

I campusutviklingsprosjektet som vart avslutta i 2015 drøfta ein parkeringssituasjonen på HVO. I sluttrapporten går det fram at mange opplever at det er vanskeleg å finne plassar midt på dagen. Mange dagar i året er det ein ganske kaotisk parkeringssituasjon i samband med samlingar for deltidsstudentane. Prosessen har også vist at mange køyrer til jobb og studiestad sjølv om avstanden er kort. Eit av tiltaka i utviklingsprosjektet var å vurdere avgiftsparkering.

I april 2018 slutta høgskulestyret seg til prinsippet om å innføre avgiftsparkering og bad administrasjonen kome tilbake til styret med eit endeleg forslag til konkret løysing. Høgskulestyret bad om at den framtidige parkeringsordninga blir utvikla i dialog med Volda kommune.

#### **Avtalepartar**

##### *Partar*

Denne avtalen blir inngått mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune.

##### *Kontaktpersonar*

Kontaktperson hos Høgskulen i Volda: fungerande høgskuledirektør Per Halse

Kontaktperson hos Volda kommune: rådmann Rune Sjurgard/ordførar Jørgen Amdam

#### **Føremål med avtalen**

Avtalen skal medverke til å realisere ei ordning med avgiftsparkering på Høgskulen i Volda sitt område. Målet er at ordninga kan setjast i verk frå haustsemesteret 2019.

#### **Kva skal det arbeidast med for å realisere avgiftsparkeringa**

##### *Skiltplan for områda på og rundt campus*

Innføring av avgiftsparkering vil ha ringverknader for områda rundt campus (randsona). Det må difor lagast ein skiltplan for dei områda. Volda kommune har ikkje kapasitet til å gjennomføre det arbeidet no. Det må difor engasjerast ein ekstern konsulent til utgreiing og planlegging. Det er viktig med god kommunikasjon mellom konsulenten, kommunen og HVO i prosessen. Ein viktig del av arbeidet er å avklare kor langt ut randsona skal strekke seg.

Den eksterne konsulenten må også lage ein oppdatert skiltplan for campus. Utgiftene til det tiltaket vert dekt av HVO. Kostnadene til konsulenten sitt arbeid med skiltplan i randsona vert dekt av framtidige inntekter frå avgiftsparkeringa. HVO engasjerer konsulenten.

### *Driftsmodell for avgiftsordninga*

Driftsmodell må avklarast i løpet av våren 2019. Ein kan tenkje seg tre ulike modellar: 1)HVO tek seg av drifta, 2)etablering av eige selskap, 3)drifta blir sett bort til eit parkeringsselskap.

Eit mogeleg overskot skal øyremerkast utvikling av campus.

Tidspunkt for betaling må avklarast: skal ein berre betale på dagtid, eller skal betalinga gjelde heile døgnet.

### *Kostnadsfordeling*

Kostnader til skilt på campus blir dekte av HVO. Kostnader til skilt i randsona er i utgangspunktet Volda kommune sitt ansvar.

Dersom det ikkje blir noka avgiftsparkering, deler Volda kommune og HVO på utgiftene til ekstern konsulent med 50% kvar for den delen av arbeidet som gjeld randsona.

### **Signering**

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar av partane har sitt eksemplar.

Volda xxxx 2019

Volda xxxx 2019

For HVO

For Volda kommune



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2014/218

Arkivkode: 223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/19	Formannskapet	05.02.2019
	Kommunestyret	14.02.2019

### FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2019 ETTER § 7

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.
2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.
3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.

#### Vedleggsliste:

Liste over eigedomar som vert fritekte frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a

Liste over eigedomar som vert fritekte frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7b

#### Uprenta saksvedlegg:

Fritakssaker frå tidlegare år

Eigedomsskattelova.

#### Samandrag av saka:

Det er opp til kommunestyret kva for eigedomar som verte gitt fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (eskl) § 7. Ein tilrår at eigedomar på vedlagde lister vert fritekne for eigedomsskatt. I tillegg vert det tilrådd at nyoppførte bygningar som vert heilt eller delvis nytta til husvære får fritak i 1 år.

**Saksopplysningar:**

Ifølgje eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i fastsette kva satsar og reglar som skal gjelde ved utskrivinga av eigedomsskatten. I denne samanhengen skal det gjerast vedtak om kva eigedomar kan fritakast for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova (eskl).

**Vurdering og konklusjon:**

Vi har laga til to stk lister som samlar alle eigedomar som fekk fritak frå eigedomsskatt i fjor etter eskl § 7a og § 7b. Ein tilrår at det vert gitt fritak til same eigedomane i år.

I kommunestyret den 18.12.2014 vert det også vedtatt at ein skulle nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag frå Skatteetaten) som metode for taksering av bustadeigedomar. Bustadverdien er fastsett ved likninga før skatteåret. Alle endringar i bustadverdiane vil dermed kome 1 år seinare enn etter gjeldande takseringsreglar. Dette betyr i praksis at bustadar som vart tatt i bruk (enten ved mellombels bruksløyve eller ferdigattest) i løpet av 2018 ikkje får bustadverdi og må takserast på vanleg måte. Denne taksten vil da berre stå 1 år for bustadeigedommen vil da få bustadverdi ved neste utskriving av eigedomsskatt i 2020. Det er fleire ulemper med dette. Ved vanleg eigedomsskattetaksering, som for til dømes taksering av fritidseigedomar og våningshus, vil taksten gjelde i 10 år. Dette verte da ein ”dyr” taksering sidan den berre vert gjeldande for 1 år. Ein vil også risikere at taksten endrar seg unaturleg mykje på 1 år sidan ein ikkje veit kva bustadverdien frå Skatteetaten vert for kommande år.

Vi tilrår derfor at kommunestyret også i år nyttar seg av eskl § 7c;

*Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.*

Viss fritaket gjeld for 1 år vil ein sleppe dei nemnte problemstillingar over. I tillegg vil det vere positivt for nyetablerte med ny bustad å sleppe eigedomsskatten første året etter at bustaden vert tatt i bruk.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kommunen vil sjølvsagt tape nokon inntekter på å fritta desse eigedomane for eigedomsskatt. Det er få av desse som har vorte taksert, men der vi har takst er eigedomsskatten er satt opp i høgre kolonne i listene.

For fritak etter eskl § 7c vil dette gjelde for ca. 25 bustadar som vart tatt i bruk i løpet av 2018. Estimert inntekt frå eigedomsskatt frå desse er kr. 100.000. Ein må rekne med at omtrent kr 25.000 i takseringskostnadar som igjen betyr eit reelt inntektstap på kr.75.000. Dette er sjølvsagt eit grovt estimat.



**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Stiftingar og organisasjonar som får fritak etter eskl § 7a.

Sjur Aarflot, Sivert Aarflot vegen 13, 6105 Volda

Randi Lise Rønnestad, Camilla Colletsvei 14 B, 0258 Oslo

Bergliot Riste Langva, Andanesvegen 8, 6100 Volda

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Fritak etter § 7a**

Eigedomsskatt

Austefjord Idrettslag	
Austefjord Ungdomsslag	
Bjørkedal Nærskule	
Bjørkedalen skyttarlag	
Bratteberg barnehage	
Bygderadio Vest AS	1 224
Dalsfjord Sogelag	
Dravlausbygda Bedehus (Fredtun)	
Dravlausbygda Vel	
Folkestad Idrettslag	
Forsamlingshuset/ungdomshuset "Fridtun"	
Forsamlingshuset Solheim	
Frelsesarmeen	
Furene AS ( gnr 11 bnr 24 og 64, gnr 11 bnr 22 -seksjon 1,3 og 4)	63 278
Grendahuset Vesttun (Ulvestad Barneskule)	
Helgatun Stiftelsen	
Hjellebakkane Barnehage	
Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon)	
Høgthun Grendahuslag	
Høgtun Forsamlingshus	
Høydal Hamnelag	600
Kilsfjord Grendahus	
Kometland	764
Lauvstad småbåtlag	850
L.L. Samhald	2 064
Lid bedehus	
Ljosheim Forsamlingshus	
Logehuset	
Mork Grendahuslag	
Mork Idrettslag	
Mork Ungdomshus	
Rotset Barnehage	
Røysmarka Studentbarnehage	
Studentsamskipnaden sine bustadar/hyblar	230 924
Sogelaget v/ Dalsfjord skule	
Solheim Forsamlingshus	
Stiftinga Dalsfjord Fyrmuseum	
Sætre Bedehus	
Trollsletta Barnehage	
Ungdomshuset Viten	
Velsvik Bedehus	
Vestsida Idrettslag	
Vikebygda Ungdomslag	
Volda Bedehus	
Volda golfklubb	
Volda jeger og sportsfiskelag	
Volda kristlege ungdomslag (Uppheim)	
Volda Rideklubb	

Volda Røde Kors	
Volda Sanitetslag	
Volda Sjukehus (kantine, kiosk og administrasjon)	
Volda Skisenter	
Volda skyttarlag	
Volda småbåtlag	
Volda Sogelag	
Volda Tennislager	
Volda Turn og Idrettslag	
Volda vidaregåande skule	
Øyra Barnehage	

**Fritak etter § 7b**

Eigedomsskatt

Gnr 13 bnr 1, Sjur Aaflot	6 400
Gnr 30 bnr 344, "Ristetunet"	3 686
Gnr 116 bnr 5 "Kulturbakkane"	1 200





## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2012/1172

Arkivkode: 047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/19	Formannskapet Kommunestyret	05.02.2019

### RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. 31.12.2018

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2018 til vitende.*

#### Vedleggsliste:

Vedtakslogg per 31.12.18

#### Samandrag av saka:

Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. mars 2018. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva som er status.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar i høve til dei oppgåvene som det er forventa at ein skal gjennomføre, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre vedtaka.

Kommunestyret gjorde i K-sak 127/17 vedtak om kvartalsvis rapportering, med oppdaterte vedtak fram til føregåande kalendermånad. Det er stor aktivitet i sektorane og administrasjonen er pressa på ressursar, og ein ser at rapporteringa er tidkrevjande for fleire sektorar. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommunar som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.

Arbeidet med kommunesamanslåing vert særleg krevjande frå no og fram mot 2020. Leiarar og mange andre i administrasjonen får dobbeltroller, der dei skal byggje opp nye rutiner og ny organisasjon i ny kommune samtidig med drifta av «gamle» Volda. Det vil vere svært krevjande å få tid til alle oppgåver og administrasjonen må difor prioritere ut frå må, bør og kan. Rådmannen ber kommunestyret om ei politisk tilrettelegging for ei slik prioritering.

Det er viktig å at kommunestyret merkar seg dette, og at ein tek innover seg at gamle Volda no går inn i ei avviklingsfase der prosessane framover mot ny kommune vert handtert av fellesnemnda.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Sektorane

Rapportering vedtaksoppfølging pr. 31.12.2018

### **Utviklingssektoren s. 2-8**

- ID 1 Reguleringsplan Rotsetfjora
- ID 2 Planid 2011003 Detaljregulering for Håmyra
- ID 3 Sentrumsprosjektet Mellom bygningane
- ID 4 Kommunal planstrategi
- ID 5 Årsbudsjett 2018 - Utvikling Megaområde
- ID 6 Handlingsplan for plastforsøpling
- ID 7 Øvre Rotset næringsområde – planavklaring vedr. Detaljhandel, Planid 2012008
- ID 8 Skiltplan Volda sentrum

### **Teknisk sektor s. 9-17**

- ID 9 Opprydding avløp sone Folkestad
- ID 10 Opprydding avløp sone Straumshamn
- ID 11 Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 4
- ID 12 Reservevassforsyning for Volda
- ID 13 Volda ferjekai
- ID 14 Årsbudsjett 2016 - Midlar til sentrumsutvikling – fast vegdekke
- ID 15 B58 Bratteberg
- ID 16 Årsbudsjett 2018 – Kartlegging manglande gatelys kommunale vegar
- ID 17 Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset
- ID 18 Tilleggsøyvingar til avbøtande tiltak Raudemyrvegen
- ID 19 Trafikktrygging Gamlevegen
- ID 20 Hurtiglادestasjon i Volda sentrum
- ID 21 Lyspunkt ved busshaldestasjonar

### **Eigedomsavdelinga s. 18-23**

- ID 22 Vikebygda skule – godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern
- ID 23 EPC- kontrakt
- ID 24 Leigekontrakt Høgskulen i Volda og EPC
- ID 25 Volda Campus Arena AS

### **Helse- og omsorgssektoren s. 24-28**

- ID 26 Næringssituasjonen for eldre i kommunale bufellesskap og drift av sentralkjøkkenet
- ID 27 Endring av betalingsattsar for helse- og omsorg – matpengar
- ID 28 Årsbudsjett 2018 – pårørandegrupper og pårørandekontakt
- ID 29 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet
- ID 30 Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset
- ID 31 Oppretting av ny fastleseheimel, Volda kommune
- ID 32 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.

### **Kultur og service s. 29**

- ID 33 Volda ungdomsklubb

### **Samfunn og rådgjeving s. 30-33**

- ID 34 Forprosjekt Volda kunnskapspark
- ID 35 Destinasjon Volda
- ID 36 Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum
- ID 37 Utbygging av breiband i Volda kommune
- ID 38 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.

### **Opplæring og oppvekst s. 34-36**

- ID 39 PPT-avtale om regionalt samarbeid
- ID 40 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
- ID 41 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.
- ID 42 Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular

### **Barnevern s. 36**

- ID 43 Valdskoordinatorstilling



ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoreten	Framdrift og aktivitet	Frist
1	FSK 77/17	16.05.17	<p><b>Reguleringsplan Rotsetfjora - spørsmål om oppstart av privat planarbeid</b></p> <p><i>1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygselomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).</i></p> <p><i>2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.</i></p> <p><i>3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.</i></p> <p><i>4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.</i></p> <p><i>5. Kommunen sin eigeidom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet</i></p>	Nye forslagsstillarar har varsla oppstart av privatdetaljregulering den 23.06.2017 med høyringsfrist 10.08.2017.	<p>Det har vore gjennomført eit møte med forslagstillarar i mars og det vart sagt da at dei skulle med innspel innan kort tid, men vi ventar framleis på dette.</p> <p>Vi ventar framleis på innspel frå forslagsstillar.</p>	

1			<p><i>og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.</i></p> <p><i>6.Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.</i></p> <p><i>7.Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.</i></p> <p><i>8.Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.</i></p> <p><i>9.Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.</i></p>			
2	KST 36/15	30.04.2015	<p><b>Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra.</b></p> <p>5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.</p>		Det er varsla oppstart av regulering, men grunna omprioriteringar på når dette skal verte gjennomført er det ikkje behov vidare for detaljregulering	

2			<p>og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p> <p>pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksettast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p>	<p>Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert ivareteke av teknisk sektor og i utbyggingsavtale.</p> <p>3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)</p>	<p>enno. Prosjektet er no planlagt gjennomført i 2020 så da må reguleringsarbeidet først vere ferdig i 2019.</p>	<p>Jan 19</p>
3	KST 10/14	31.1.14	<p><b>Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.</b></p> <p>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet ”Mellom bygningane i Volda”. Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-</p> <p>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.</p>	<p>Under arbeid.</p> <p>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum.</p> <p>Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15.</p> <p>Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporteringsrutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen.</p>	<p>Avtalen gjekk ut i 2017 og det vert arbeida med forslag til ny avtale.</p> <p>Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.</p>	

3	FSK 79/17	16.05.17	<p>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam</p> <p>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.</p> <p><b>Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017</b></p> <p><i>4. Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.</i></p>			<p>Det er oppretta dialog med grunneigar og vert jobba med ein avtale. Ingen endring.</p> <p>Planlagt møte om ny partnerskapsavtale med fylkeskommunen og Volda næringsforum vart avlyst. Det vert framleis jobba med forslag til partnerskapsavtale og det eit mål å få til møte i vår og at ny partnerskapsavtale vert lagt fram for politisk handsaming.</p>
	FSK 187/17	14.11.17	<p><i>3. For å kunne slutføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein særskild viktig del av sentrumsutviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.</i></p> <p><i>5. Partnerskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.</i></p>			<p>Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.</p>



4	KST 16/17	02.03.17	<p><b>Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020</b></p> <p><i>Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.</i></p>		Grunna arbeid med revisjon av arealdelen til kommuneplan trekk noko ut i tid så kjem tidlegare varsla notat først seinare	Mai 19
5	KST 145/17	14.12.2017	<p><b>Årsbudsjett 2018</b></p> <p><i>Kommunestyret er kjend med at det over tid har vore arbeid med utvikling av Megaområdet i Volda sentrum for å legge til rette for utvikling av handel og anna næring i kombinasjon med leiligheter. Kommunestyret er i utgangspunktet positivt innstilt til ei slik utvikling som vil kunne bety ei vesentleg fornying i Volda sentrum. Partane vert oppmoda om å halde fram arbeidet primært basert på oppnåing av frivillige avtalar. Om det ikkje lukkast i løpet av første halvår 2018, tilrår kommunestyret at det vert starta arbeid med ny reguleringsplan med sikte på ei framtidretta og heilskapleg løysing.</i></p>		<p>Vi bør avvente dette til sak om kryssing av Øyra elva skal opp til politisk handsaming. Statens vegvesen arbeidar med eit notat om dette og det er planlagt som grunnlag for ei sak til Formannskapet i løpet av hausten.</p> <p>Vi har fått notatet frå Statens vegvesen, men grunna av at det ikkje er avklara kva som skal vere med i felles samferdselspakke etter saka førebels sett på vent.</p>	
6	KST FO 7/18	31.05.2018	<p><b>Handlingsplan for plastforsøpling</b></p> <p><i>Kommunestyret ber om å få lagt fram ein enkel handlingsplan mot plastforsøpling innan sommaren 2019.</i></p>		<p>Dette vil også verte omtala i nemnde notat under ID 5.</p>	
7	FSK 155/18	16.10.18	<p><b>Øvre Rotset næringsområde – planavklaring vedr. Detaljhandel, Planid 2012008</b></p> <p>Formannskapet viser til at reguleringsføresegnene for Øvre Rotset næringsområde ikkje er i samsvar med arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og</p>		<p>Mindre reguleringsendring har vore ute på høyring og det kjem ei sak på dette til Formannskapet i løpet av kort tid.</p>	

7			funksjonsfordeling». Formannskapet ber om igangsetjing av ein prosess for endring av reguleringsføresegnene i gjeldande plan i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling.			
8	FSK 165/1 8	30.10.18	<b>Skiltplan Volda sentrum</b> Formannskapet viser til arbeidet med rask endring av skilting av innkøyring til sentrum etter forslag frå Volda Næringsforum og er tilfreds med prioriteringa av dette. Formannskapet ber Forvaltningsutvalet og administrasjonen prioriterer arbeidet med skiltplan for heile Volda sentrum sett i lys av endringar i vegsystemet, betalingsparkering ved HVO og næringsstruktur.		Dette er laga klart eit forslag til ny skiltplan for delar av sentrum som må ut på høyring. Saka skal opp i Forvaltningsutvalet 29.januar.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift og aktivitet	Frist
9			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	Oppryddinga er ca 85% ferdig. Ny avløpsledning er under utredning. Prosjektet vil bli gjennomført i løpet av året. Vi har pr. no pågåande prosjekt med samleledning for avløp i kommunal regi på Folkestad, for å samle dei gjenståande avløp. Vert ferdig til sommaren 2019.	
10			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	Opprydding Straumshamn delsoner 1-6. Dei fleste soner ligg på 75-85% tilfredstillande anlegg. Totalsnitt ca. 82% (nye /rehab. /tilfredstillande anlegg ) Ferdigstilling vil ikkje bli prioritert før sårbarhetsanalyse er etablert i samsvar med hovudplan vann og avløp.	
11	KST 152/12	29.11.12	<b>Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48</b> 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingenplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingenplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	Dette er inkludert i investeringsprosjektet: Opprusting av Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg. Her inngår stenging av gamle engesetvegen, snuplass og kantstopp for buss. Dette er under prosjektering hos konsulent, og bygging kan snart starte, dersom tilfredstillande opprusting kan gjennomførast under gjeldande reguleringsplan. Der gjenstår nokre grunnavtalar og vegen vert sannsynlevis ferdig oppgradert i løpet av 2019	
12	FSK 98/13	21.05.13	<b>Reservevassforsyning for Volda:</b> 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å	Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare	

12			<p>samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene.</p> <p>2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming</p>	<p>utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument.</p> <p>Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.</p>	<p>samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift.</p> <p>Vi er i skrivande stund i forhandlingar med teknisk sektor i Ørsta om kompensasjon for tilknytning. Grunna høg arbeidsbelastning har ikkje administrasjonen klart å prioritere dette. Reservevannsforsyning frå Ørsta vil ikkje vera tilfredstillande i høve krav frå mattilsynet. Det vert difor arbeida med å finne anna fullgod løysing, i samanheng med godkjenning av hovudvassverket.</p>	
13	FORV 78/13	20.08.13	<p><b>Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:</b></p> <p>Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortdgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.</p>	<p>Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingssplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.</p>	<p>Det har vore dialog med Statens Vegvesen for å få dei til setje fartsgrensa til 40 km/t, men dette har dei avvist som aktuelt før Voldatunnelen er på plass. Sektoren har ikkje hatt kapasitet til å arbeide nærare med dette.</p>	
	FORV 76/15	17.11.15	<p><b>Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862</b></p> <p><i>4. Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i></p> <p><i>1. Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.</i></p>		<p>Det har vore gjennomført eit møte i september der ei ny problemstilling vart drøfta. Grunna plan om el-ferge frå 2020 må det verte etablert eit driftsbygg</p>	



13	KST 81/16	16.06.16	<p>2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.</p> <p>3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.</p>		<p>og ladestasjon. Statens Vegvesen veit førebels ikkje storleik på dette og vil kome med tilbakemelding når dei har dette på plass.</p> <p>Volda kommune v/teknisk sektor var med på byggemøte i mai. Det vart etterlyst meir informasjon om tekniske bygg på kaia, men dette var framleis ikkje avklara. Det vart med eit punkt i referatet om at kommunen ønskjer å bli orientert så snart ein veit noko meir om dette og per dags dato er det framleis ingen ny informasjon.</p> <p>Arbeidet med ny fergekai er lagt ut på anbod med frist i slutten av januar 2018. Volda kommune deltok på anbodsynfaringa. Statens vegvesen har planar om eit nytt bygg med venterom, plassert nær dagens venterom. Dette arbeidet vert prioritert når SVV er ferdig med utbygginga av ny ferjekai.</p>	
14	KST 152/15	17.12.15	<p><b>Årsbudsjett 2016</b> <b>Pkt. 47</b> Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.</p>	<p>Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.</p>	<p>Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan. Kommentar: Utvikling av sentrum med nye tiltak vil i mange tilfeller auke driftskostnaden til Volda kommune, medan fast dekke på grusareal vil redusere driftskostnadene til kommuna. Difor bør ikkje akkurat desse to prosjekta setjast opp mot kvarandre.</p>	

14					<p>Ny gangveg vert ferdig i Elvadalen i 2018. I tillegg har vi fått finansiering til fast dekke på nær alle kommunale grusareal i 2018.</p> <p>Fleire av sentrumsgatene har sterkt behov for reasfaltering eller forsterking. Vi har mykje arbeid med bøting og straks tiltak. Vi har skader meldt frå publikum og erstatningssaker. Det er løyvd midlar til å ta inn etterslep på reasfaltering i 2019.</p> <p>Sentrumsnære vegar vil verte prioritert.</p>
15	KST 44/16	31.03.16	<p><b>B58 Bratteberg</b> Planen godkjent, tillaut til meir gagn enn skade.</p> <p>3. Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikksikkerhetsplanen.</p> <p>4. Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.</p> <p>Vedtak som skal oversendast til administrasjonen:</p>	<p>Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.</p>	<p>Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan vurdere ev opprydding i vegsystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.</p> <p>Utbygging av B58 er satt på hald inntil vidare og finansiering er fjerna. Heltneelva må først førebyggast, noko vi ikkje fekk stønad til frå NVE i 2018. Vi søker på nytt i 2019.</p>

15	KST 145/17	14.12.17	<p>Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.</p> <p><b>Årsbudsjett 2018</b>  <i>Kommunestyret minner om oversendingsframlegg frå 31.3.16 om å fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkande/Bratteberg skule som byggetrinn 1 i utbygging av B58 Bratteberg. Vi ber om at planlegging av tiltaket vert sett i gang og kostnader innarbeidd i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.</i></p>		<p>Dette må sjåast i samanheng med revisjon av planstrategien og økonomiplan. Det er ikkje avsett midler til B58 eller gongveg i økonomiplanperioda 2019-22.</p>	
16	KST 145/17	14.12.17	<p><b>Årsbudsjett 2018</b>  <u>Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar.</u>  <i>Det har på ulike måtar blitt hevda at det fleire stader på kommunale vegar rundt omkring i kommunen, manglar veglys som m.a. kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Kommunestyret ber om at Forvaltningsutvalet - i samarbeid med GRENDAUTVALA - i løpet av 1. kvartal 2018, gjennomfører ei kartlegging for å få klarlagt kvar slike påpeika veglys manglar. Resultatet av denne kartlegginga vert å legge fram for kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2018. Det er kommunestyret sin intensjon å gjere dei naudsynte løyvingar som trengst, slik at slike manglande veglys vi vere komne på plass innan utgangen av 2019.</i></p>		<p>Dette arbeidet har starta, og vert ferdig ilag med ombygging til LED i 2018. Melding er sendt ut til alle grendalag. Frist var 6 april. Deretter startar arbeid med sortering og kostnadsrekning.</p> <p>Grendalaga har kome med ynskjelister. Tiltaka er kostnadsberekna til kr 13,2 mill, dersom der skal etablerast lys på alle desse strekningane. Ynskjelistene må prioriterast, dette arbeidet har ikkje teknisk sektor kapasitet til i 2018. Forvaltningsutvalet har i tillegg ytra ynskje om kartlegging av veglys og busstur på fylkesvegane, dette arbeidet er der heller ikkje kapasitet til å gjennomføre i 2018. Det er ikkje arbeidd med dette enno, og der er ikkje sett av midlar til dette i 2019.</p>	
	Forv. 46/18	12.06.218	<p><b>Kartlegging av veglys på kommunale vegar</b>  <i>Det bør gjennomførast ei prioritering av strekningane sett opp mot trafikktryggleik og mengde av ferdsel både i høve biltrafikk og gåande/syklende.</i></p>			

16			<i>Då det er svært knappe ressursar til dette i dag, må det løyvast pengar til å leige eksterne til slik kartlegging/vurdering.</i>			
17	KST 52/18	24.04.18	<p><b>Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset</b></p> <p>1.Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.</p> <p>2.Administrasjonen detaljprojektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggast fram for kommunestyret for godkjenning.</p> <p>3.Kommunestyret ber formannskapet om å avklare vidare saksgang for reanseanlegg i sentrum.</p>		Det vert orientert i forvaltningsutvalet om vidare framdrift på møte 16. oktober. Teknisk sektor har frå 1/1.19 tilsett ny ingeniør med hovudansvar for reinseanlegg. Administrasjonen kjem attende til ei drøfting med forvaltningsutval og formannskap om vidare framdrift.	
18	KST 53/18	24.04.18	<p><b>Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.</b></p> <p>1.Det vert straks innkalla til eit ope informasjonsmøte der det vert gjort greie for status og vidare framdriftsplan i saka. Her vil m.a. følgjande bli teke opp frå kommunen si side:</p> <p><i>Ulempene er mykje større enn nokon kunne frykte, og dette må ein straks få gjort noko med.</i></p>		Der vart gjennomført avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i 2018. Innvendig og utvendig nedvask av hus nedom Raudemyrvegen i tillegg til hus i øvste rekka i Solhøgda, tilsaman ca 15 hus. Raudemyrvegen vart nyasfaltert mellom Solhøgda og Lisjenakkvegen, med fall oppover mot overvasskummer. Bebuarane er nøgd med desse tiltaka. Det er nytta ca halve den løyvde ramma til avbøtande tiltak. Der har i ettertid kome inn krav om andre tiltak der bebuar hevdar andre	



18	KST 137/18	13.12.18	<p><i>Korleis kommunen vil rette opp skadar som den enkelte eigedom har fått (om avtalar med kvar einskild eigar).</i>  <i>Korleis framdrifta vil bli til ein har fått på plass avlastningstiltak.</i>  <i>Frå kommunen si side stiller følgjande: ordføraren, rådmannen og leiar for teknisk sektor.</i></p> <p><i>2.Volda kommunestyre ser ellers situasjonen for området vidare slik:</i>  <i>Pga stor aktivitet no og i åra framover er det store ulemper med berre ein veg inn/ut av anleggsområdet og for kommande bustadar i Håmyra. Vegbana blir nedslitt og naboar får mange ulemper. Volda kommune har vedteke utbygginga før infrastrukturen/sambindingsvegen for øvrig er på plass.</i>  <i>Anleggsmaskiner og rigg er i arbeid med den delen av sambindingsvegen som ligg innanfor Håmyrfeltet, og denne kapasiteten bør utnyttast til straks å vidareføre utbygginga vestover forbi Urbakkfoten.</i>  <i>Volda kommune framskandar arbeidet med å realisere sambindingsvegen, slik det er planlagt i kommuneplanen.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei sak om dette som kan handsamast seinast i k.styremøtet i juni månad 2018.</i></p> <p><b>Årsbudsjett 2019 – økonomiplan 2019-2022.</b>  14. Volda kommunestyre ser det som avgjerande å få ein samtidig prosess med opprusting av Engesetvegen, Raudemyrvegen og Kleppevegen til</p>		<p>skader på eigedomen som til dømes sprekkar i grunnmur og setningar i oppkøyrsløse. Teknisk sjef meiner at slike skader må utgreiast og eventuelt utbetrast i samband med opprusting av Raudemyrvegen til samleveg dersom det er påvist at kommunen er ansvarleg for slike utbetringar.</p> <p>Prosjektet med vidareføring av samleveg gjennom Urbakkfoten vert prosjektert i 2019. Raudemyrvegen kan oppgraderast når Urbakkfoten er opna for trafikk, og Kleppevegen kan oppgraderast når både</p>	
----	---------------	----------	---	--	--	--

18			<i>sameveg, samt realisering av sameveg Urbakkfoten. Om nødvendig må planleggingskapasiteten styrkast. Inndekning til tiltaket vert å overføre naudsynt beløp frå «Oppgradering Smalebakken 3»</i>		Urbakkfoten og Raudemyrvegen er ferdig oppgradert. Engesetvegen vert oppgradert i 2019. Rekkefølga må vera slik for å sikre trafikkavvikling i anleggsperioden.	
19	KST 54/18	24.04.18	<b>Trafikktrygging Gamlevegen</b> <i>Kommunestyret ber om at ulike løysingar for stenging av gjennomgangstrafikken i Gamlevegen skal vurderast i samband med komande trafikktryggingssplan.</i>		Trafikktryggingssplan vart ikkje fullført i 2018.	
20	KST FO 16/18	24.04.18	<b>Volda kommune vil ta initiativ til å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum</b> og søker etter aktørar som vil kan stå for tiltaket med støtte frå kommunen. Volda kommune vil hjelpe til med tilrettelegging, søknad til Enova m.m		Det har vore møte med med Enøk-senteret som har kome med råd om korleis prosessen skal leggjast opp. Det vert kjøpt inn tenester for å få utgreidd konkret løysing.  Administrasjonen har i forkant vurdert fleire løysingar for hurtiglading. Volda kommune må tilretteleggje og bestille framføring av tilstrekkeleg straumforsyning og tildele areal, medan private selskap må inviterast til å etablere og drifte ladestasjon.	

21	FORV 68/18	21.09.18	<p><b>Lyspunkt ved busshaldestasjoner</b>  <i>Forvaltningsutvalet ynskjer at det vert laga ein plan for å sørge for lys og leskur på stader der elevar ventar på skulebuss og lys langs vegane der elevane går.</i>  <i>Skulevegen går ofte langs fylkeskommunale vegar.</i>  <i>Fylkeskommunen har ikkje teke nok ansvar for lys og leskur langs vegane der det er lite trafikk, og foreldre og born opplever mørke haldeplassar og vegen dit som utrygg. Dette må alternativt Volda kommune ta medansvar for.</i>  <i>Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen førebur ei sak til formannskapet om finansiering av arbeidet med ei slik kartlegging av behovet, slik at kommunestyret kan ta stilling til det i budsjettarbeidet.</i>  <i>Finansieringa må og omfatte ei prioritering av tiltak langs kommunale vegar, jamfør behovskartlegginga som vart gjennomført tidlegare.</i></p>		Det er ikkje sett av pengar til dette arbeidet i 2019.	
----	---------------	----------	--	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift og aktivitet	Frist
22	KST 163/13	28.11.13	<b>Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular</b> 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019.  I samband med EPC prosjektet har det vore gjennomført nokre energitiltak og tiltak for inneklime for tilsette og lærar. Skulen er ikkje universell utforma og bygningane ikkje i samsvar med framtidretta måte å drifte skule på. Det er ikkje tilrådeleg med ombygging for å stette desse krava. Tiltaka som er gjennomført vurderer ein som tilstrekkelege for ny dispensasjon for skuledrift.	Energi og inneklime tiltak er gjennomført i bygget, vidare kartlegging er ikkje gjennomført. Ein vurderer det som mest hensiktsmessig med å søkje dispensasjon for vidare drift med dei tiltak som er gjennomført. Det er ikkje tilrådeleg med vidare større ombygging/tiltak.	
23	KST 125/14	24.09.14	<b>Konkurransetsetjing, EPC-kontrakt</b> 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016.  Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget.	Totalentreprenør gikk konkurs, det blir arbeidd med opprydding av denne saken. Prosjektet vil bli slutført i eigen regi, ferdigstillingsdato vil naturleg bli skyve noko fram i tid. Ved ferdigstilling er det forventa at prosjektet gir prosjektert resultat.	



23			økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.	Opsjon Voldahall vart ikkje løyst inn. Prosjekt med 3 et. er stoppa og konkurransen er avlyst.		
24	KST 3/17	26.01.17	<p><b>Tilleggsføring klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget</b></p> <p><i>1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)</i></p> <p><i>Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.</i></p> <p><i>2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).</i></p> <p><i>3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva-utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.</i></p> <p><i>Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).</i></p>	Rettsak er gjennomført der kommunen fikk medhald på alle punkt.	Rettsak ang. Ivar Aasen bygget der kommunen fikk full medhald er anka av Prosjektbygg. Anke har vore oppe, Frostating lagmannsrett avviste anka, og kommunen har dermed vunne rettsaka.	
	KST OS 13/17	02.03.17	<p><i>Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).</i></p>			
	KST 81/17	27.06.17	<p><i>Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.</i></p>			
		24.11.16	<b>Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda</b>	Volda Campus Arena AS er i gang med planlegginga. Dei er i dialog med Volda kommune og Møre og Romsdal	Volda kommune har stilt garanti for lån og spelemidlar. Det er sett som vilkår at fylkeskommunen	

25	KST 143/16	<p><i>1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.</i></p> <p><i>2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.</i></p> <p><i>3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.</i></p> <p><i>4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.</i></p> <p><i>5. Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.</i></p>	<p>fylkeskommune om leige av hallkapasitet til kroppsøving.</p> <p>Regulering og planarbeid går sin gang</p>	<p>går inn som leigetakar for sin aktivitet i hallen.</p> <p>VCA AS gjekk ut på anbod hausten 2018. Pga feil i gjennomføringa har dei måtta avlyse konkurransen. Dei lyser ut konkurransen på nytt. Det er usikkert om tilbydarar kan søkje om erstatning.</p> <p>Administrasjonen forhandlar med med VCA AS om ei gjennomføringsavtale som regulerer forholda mellom partane unde prosjektering og utbygging. Bortsett frå tilskot frå bankane på 10 + 1 mill. vert prosjektet finansiert med tilskot og garantiar frå Volda kommune. Det er lagt til grunn at kommunen tek kostnaden med infrastruktur og uteområde da det ikkje er med i planane til VCA.</p> <p>Gjennomføringsavtale og leigeavtale vert å leggje fram som sak for kommunestyret før VCA AS inngår kontrakt om utbygging. Kommunestyret har stilt som vilkår at fylkeskommunen inngår leigeavtale med VCA AS. Fylkesrådmannen har varsla administrasjonen at dei ikkje kan ta stilling til dette før til hausten etter at dei har teke ein full gjennomgang av fylkeskommunen sin økonomi og prioriteringar. Det er varsla at</p>	
----	---------------	--	--	---	--

25	KST 142/17	14.12.17	<p>6.Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.</p> <p>7.Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.</p>	<p>finaniseirnga av Nordøyvegen kan medføre omprioriteringar.</p> <p>Det må gjerast tiltak for å ha kapasitet til å prosjektleiing for svømmehall. I dag er to av prosjektleiarane ute av funksjon, og det er berre ein prosjektleiar i drift og er i hovudsak reservert til Volda ungdomsskule. Det er tilsett 1 ny prosjektleiar for den eine som er i permisjon og ikkje vil komme attende etter permisjonen. Kapasiteten er framleis låg med det investeringsbudsjettet som ligg inne i økonomiplan.</p> <p>Badeanlegget kan verte ei utfordring. Det er lagt til grunn at ein skal avklare kva konsept ein skal gå vidare med til våren. Med dei prosjekta som skal følgjast opp på investeringsprosjektet i 2019 har vi ingen som kan arbeide med badeanlegget. Ein er i kontakt med Statsbygg med sikte på å avklare om ein kan nytte</p>
	KST 86/18	21.06.18	<p><b>Årsbudsjett 2018</b> Løyving på inn til kr. 500.000 til planlegging og prosjektering av svømmehall ved Campus Arena. Dekning lån.</p> <p><b>Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena</b></p> <p>Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.</p>	
	KST 87/18	21.06.18	<p>1.Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.</p> <p><b>2.Alt. 2:</b> Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med minimum 12,5 m breidde på 25 m bassenget.</p>	

25	KST 120/18	08.11.18	<p>2.1 Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.</p> <p>2.2 Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingseksptise i arbeidet. Der nye tekniske løysingar blir sett på. Ber om at svømmeforbundet sentralt og erfaring frå nyleg bygde basseng m. b.a. hev og senk og delevegg funksjon vert vurdert.</p> <p>3.3 Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.</p> <p>4. Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.</p> <p>Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår</p>		<p>svømmeanlegget i Idrettsbygget nokre år utover 2021. Med bakgrunn i dei investeringane som er prioritert, treng ein nokre år til for å kunne få på plass eit badeanlegg.</p> <p>HVO har sendt førebels melding om at dei har behov for å leige symjeanlegg for 250 timar til marknadspris. Ev utbygging vert å sjå nærare på i økonomiplan- og budsjettsamanheng.</p> <p>Asplan har utarbeidd analyse som ser lagt fram for kommunestyret.</p> <p>Viser til saka over om analyse</p> <p>Sjå kommentarane ovanfor om Volda Campus Arena.</p>	
----	---------------	----------	--	--	--	--



		<p>som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.</p> <p>Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,- , vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.</p> <p>Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.</p>			
--	--	---	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift og aktivitet	Frist
26	KST 111/17	26.10.17	<p><b>Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufelleskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret</b></p> <p><i>Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøll prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.</i></p> <p><i>Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).</i></p> <p><i>Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.</i></p>	Denne saka har vore oppe til drøfting ved fleire høver, både i tenesteutvalet for helse- og omsorg, i Eldrerådet og i kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Etter innspel frå hald vart det skreve sak der administrasjonen rådde til å endre produksjonsprinsippet for middagsmat frå kok- kjøll til kok- server. Saka vart handsama først i THO, deretter FSK og til slutt i KST. Etter at leiaren for sentralkjøkkenet gjekk av med pensjon i haust og ny kjøkkensjef vart tilsett, valde ein å avvente å starte med denne endringsprosessen til no over nyttår. Oppstartsmøte for prosjektet er fastsatt.	<p>Dette er under arbeid/ tema:</p> <p>Har hatt møte med eigedomsavdelinga i høve ombygging av oppvaskrom, lager, kjøll og frys.</p> <p>Møte med frivillegsentral om utkøyring av varm mat; ser ikkje at det er ei løysing. Vi har sett vidare på interne løysingar for utkøyring og vil utarbeide plan for det.</p> <p>Internt møte der det er semje om å jobbe vidare med planar om å flytte dagleg middagstidspunkt til kl 15.30.</p> <p>Vurdering av innkjøp av nye mattraller for varmmatutkøyring er gjort.</p> <p>Dialog med kjøkkensjefar i sjustjerneområdet om endringa.</p> <p>Tiltaket krev ombygging av kjøkkenet. Dette er innarbeidd i budsjettet.</p>	
27	KST 136/17		<p><b>Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester</b></p> <p><i>Kommunestyret er uroa over prisen på matpenger i omsorgstenestene, og legg til grunn at det er sjølvkostprinsippet som skal rå. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie matpengesatsane i omsorgstenestene, for handsaminga THO våren 2018.</i></p>	Sak om betalingssatsar for matpenger vil bli lagt fram for THO i løpet av vinter/ vår 2018.	Sjustjerne helse- og omsorg har allereie eit samarbeid om betalingssatsar for helse- og omsorgstenester. Det er nedsett ei gruppe av kommunalsjefar som skal sjå nærmare på satsar og lovverk Oppdatert informasjon vert derfor å legge fram på seinare tidspunkt etter at sak er behandla i sjustjernesamarbeidet.	

28	KST 145/17	14.12.17	<b>Årsbudsjett 2018</b> <i>Kommunestyret ber om at det vert teke initiativ etablering av pårørandegrupper eller alternative løysingar for pårørandekontakt.</i>	Det er utarbeidd ei drøftingssak som skal opp i THO komande torsdag, 11.01. Den vil gå tilbake til adm, som vil lage ei PS sak til THO, FSK og KST.	I alle einingar er det rutinar for inntakssamtalar med pårørande og brukar. På sjukeheimen har ein mangla pårørandegruppe over lengre tid. I staden har ein no valt å kalle inn til dialogmøter 2 gongar per år både i 2 og 3 etasje. Ordninga får gode tilbakemeldingar. Det vart gitt orientering i eldrerådet 07.05.2018. Det er frå før etablert dialogmøter i tenestene for funksjonshemma. Sektoren har gjennomført første elektroniske brukarundersøking med institusjonsbebuarar no i mars. Dette vert utvida til fleire deltenester og skal vere årleg rutine å gjennomføre.	
29	KST 94/17	31.8.17	<b>Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune</b> <i>3.Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.</i>	Stillinga for folkehelse- og frisklivsrettleiar vart i 2017 vedtatt slått saman til ei 100% stilling. Stillinga vart lyst ledig i fjor seinhaust/ vinter og ein er på tampen i tilsettingsprosessen no. Før ein vel å gjennomføre evaluering av satsinga/ fokusområdet til denne stillinga, vil det vere nyttig å ha noko fartstid med korleis denne fungerer. Denne stillingskombinasjonen vil vere heilt ny, det er ikkje definert at anasvarsområdet vil vere for stort og uråd å rekke over alt ein meiner ligg til stillinga. Ein har altså ikkje erfaring med behovet for å skulle	Ulrik Vik Nakken har no starta i stillinga og har nytta sommar/seinsommar til å bli kjend med Volda kommune som organisasjon. Det er mykje å sette seg inn i, og nøste opp i, i forhold til kanskje folkehelsearbeidet spesielt. Han har jobba systematisk for å få på plass system og struktur og bygd gode relasjonar med aktuelle samarbeidspartar. Målsetting for funksjonen er todelt. Han skal ha ansvaret for den daglege koordineringa og drifta av Frisklivssentralen Aktiv i Volda. Målsetting for folkehelsekoordinatorfunksjonen: å skape gode lokalsamfunn og	

29				<p>snevre inn satsingsområdet. Ein vurderer derfor å avvente evalueringa til den nye stillinga er besatt og har litt fartstid.</p>	<p>god livskvalitet for innbyggerane gjennom langsiktig og heilskapeleg førebyggingsarbeid. Folkehelsekoordinator skal bidra til at innbyggerane i Volda vert aktive i eigene liv (fysisk, psykisk, sosialt og åndeleg) Som frisklivskoordinator startar han med vaksne som målgruppe og planen er å utvide mot barn og unge til våren 2019. Hausten er tiltenkt å lage eit god samarbeidsklime med bl.a Helsestasjonen, skulehelsetenesta, kommunepsykolog mfl, for å fange opp aktuelle problemstillingar som kan vere noko som ein kan ta med i arbeidet i frisklivssentralen knytt til målgruppa barn og unge. Når vi nærmar oss 2020 er det kommunesamanslåing og vi blir utfordra på å tenke ny organisering og korleis nytte ressursane på ein best mogleg måte. Då må truleg sjå på dette igjen. Vi må også evaluere om desse ressursane vi har knytt til dei to funksjonane er store nok til at vi får gjort eit godt nok arbeid og at det er ei stilling å kunne «overleve» i. Det er difor svært viktig å skille rollene og bygge eit nettverk som jobbar tverrfagleg inn mot FLS. For det er pr. i dag lav ressurs inn i FLS, og folkehelse om ein skal jobbe på ein hensiktsmessig måte.</p>	
----	--	--	--	--	---	--



30	KST 17/18	1.3.18	<p><b>Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset</b></p> <p>4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.</p> <p><i>Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.</i></p> <p><i>Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.</i></p>		<p>Teamleiar, miljøterapeutar og andre tilsett. Drifta er oppstarta med gradvis opptrapping av bebuarar. Sak om nattbemanning har vore i kommunestyret med tilslutning til administrasjonen sitt framlegg om nattbemanning i 3 mnd for grundig vurdering av helsefagleg hjelpebehov.</p>	
31	KST 126/18	29.11.18	<p><b>Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune</b></p> <p>3. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.</p> <p>4. Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og</p>		<p>Sak om plan for legetenesta for nye Volda vert å kome attende til overfor fellesnemnda.</p> <p>Ombygging av legesenteret er innarbeidd i budsjettet og eigedomsavdelinga planlegg oppstart.</p>	

31			<p>iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.</p> <p>5. Ved ombygging ber THO Kommunestyret at det vert teke omsyn til framtidig legebehov.</p>			
32	KST 137/18	13.12.18	<p><b>Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.</b></p> <p>8. Kommunestyret ber om at Volda kommune tek ei aktiv rolle i å utvikle bukonsept i Volda sentrum, som er tilrettelagt for eldre mennesker. kommunestyret framskriver eit behov for slike leiligheiter når ein ynskjer at våre innbyggjarar skal bu heime lenger, og kan naturleg utsette behovet for institusjonsplass.</p> <p>11. Kommunestyret vil påpeike at Hamna må få tilført ressursar i samsvar med auka tal brukarar. Vi vil oppmode om at ein ser på moglegheit for prosjektmidlar og tilskotsordningar.</p>		<p>Arealdelen i kommuneplanen er sentralt virkemiddel for korleis grunneigarane i Volda sentrum kan utvikle sine eigedomar og byggje ut med bustader også til målgruppa eldre.</p> <p>Vidare vert dette eit tema for drøfting i helse og omsorg og eldrerådet.</p> <p>Sektoradministrasjonen vurderer dette i løpet av året..</p>	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift og aktivitet	Frist
33	TOK 13/18	7.3.18	<p><b>Ungdomsklubben</b>  <b>Mandat ungdomsklubb – ungdomsarbeid</b>  <i>1.Mandat: Administrasjonen får følgende mandat:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktiviteter, inkludert aktiviteter som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.</li> <li>• Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.</li> </ul> <p><i>Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.</i></p> <p><i>Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal få saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018.</i></p> <p><i>2.I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.</i></p>	<p>Kartlegging og orientering i TOK og ungdomsråd er gjennomført. Ungdomsrådet har vedteke at dei ønsker at klubblokala skal vere i det planlagde kulturhuset. I påvente av dette er klart, blir det jobba med å finne mellombelse lokale:</p> <p>Leiar for ungdomsklubb skal ha møte med Coop eigedom 9. januar for å avklare om det er mogleg å bruke delar av lokala i Hamna 20 (som Coop eig) til lokale til ungdomsklubben ei tid framover.</p>	<p>Det er utarbeidd rapport som er lagt fram. Ungdomen verdset ungdomsklubbtilbod høgt. Det vert forhandla med Coop om å tilpasse frigjort areal på Hamna 20. Dette er vurdert som eigna mellombels lokale for ungdomsklubben, og kommunen har leigeavtale på dette arealet frå tidlegare.</p>	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/rådmannen	Framdrift og aktivitet	Frist
34	KST 145/16	24.11.16	<b>Forprosjekt Volda kunnskapspark</b> <i>Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.</i>		Forprosjektet er ikkje avslutta. Når rapporten ligg føre vert den lagt fram for formannskap og kommunestyre. Styringsgruppa i forprosjektet planlegg å inngå uforpliktande intensjonsavtaler med potensielle leigetakarar i bygget.	
35	KST 82/16	16.06.16	<b>”Destinasjon Volda”</b> <i>1.Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet “destinasjon Volda”, og vert organisert av Volda Næringsforum. Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.  2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.  3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.</i>	Prosjektrapport levert innan fristen 1. juli 2017. Skal utarbeidast ny sak til politisk handsaming. Sjå i samanheng med nyeVolda.	Volda kommune har bedt styret for Volda næringsforum handsame rapporten som vart lagt fram før sommaren 2017. Ein avventar styret si handaming før den vert lagt fram som sak for formannskap og kommunestyre.	



	FSK 148/16	06.09.20 16	<p><i>Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel</i></p> <p><i>1. Fride Sortehaug                      vara: Odd Harald Sundal</i></p> <p><i>2. Anders Egil Straume</i></p> <p><i>som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.</i></p>			
36	KST 38/18	22.3.18	<p><b>Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum</b></p> <p><i>1. Den kommunale byggenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»</i></p> <p><i>2. Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.</i></p> <p><i>3. Byggenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.</i></p> <p><i>4. Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.</i></p>		<p>Byggenemnda har no levert kostnadsrekna skisseprosjekt innan fristen 01.11.2018. Det er løyvt midlar til prosjektet i 2019.</p> <p>Rådmannen utarbeider no eit framlegg til sak om vidare prosess med kulturhus.</p> <p>Realiseringa vil vere avhengig av at kommunestyret gjer vedtak om å frigjere midlar til tiltaket.</p>	

36			<p>5. Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.</p> <p>6. Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.</p> <p>7. Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet.</p> <p>Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen: Utrede mogleg sentrumparkering mellom kommunehus og Gamleposten, ned til kirka.</p>			
37	KST 51/18	24.4.18	<p><b>Utbygging av breiband i Volda kommune</b> Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.</p>	Under arbeid	<p>Volda komune er tildelt 4,37 mill kr i NKOM-midlar.</p> <p>Det er ikkje kapasitet til å arbeide med dette før i 2020.</p>	
38	KST 137/18	13.12.18	<p><b>Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.</b> 9. Kommunestyret ber Volda kommune ta ei meir aktiv rolle i frigjerung av areal til næring og bolig i Volda sentrum. Skal ein oppnå dei mål ein har sett i kommuneplanen sin samfunnsdel med å styrke Volda sentrum som eit regional handels-, bu og næringscenter er det avgjerande viktig å finne løysing på dei utfordringar ein har kring tilgang på tilstrekkeleg ledig areal i sentrum.</p> <p>10. Som eit verkemiddel for å stimulere til fleire arbeidsplassar ved auka etablering og</p>		<p>Rådmannen vil 1. kvartal 2019 legge fram eit drøftingsnotat omkring temaet.</p>	

38			<p><i>best mogleg tilrettelegging for næringslivet i Volda kommune ber kommunestyret om at ein søker å fjerne/reducere eigedomsskatten for næringsseigedommar i økonomiplanperioden (på lik line med statlege og kommunale verksemdar).</i></p> <p><i>13. Kommunestyret ber om ei ny utgreiing om spørsmål om at barnetrygda vert halden utanfor og ikkje rekna som inntekt, når barnefamiliar søker om sosialhjelp, med tanke på å innføre det so raskt som mogleg.</i></p>			
----	--	--	--	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: opplæring og oppvekst	Framdrift og aktivitet	Frist
39	KST 36/17	30.03.17	<b>PPT- avtale om regionalt samarbeid</b> <i>5.Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.</i> <i>6.Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.</i>	Høveleg lokale står til disp viss PP-tenesta har behov for det.  Denne evalueringa kjem etter to års drift	Avtale er inngått, men Oppvekstsjefen kjem attende til kommunestyret med ei evaluering av samarbeidet før sommaren.	
40	KST PS 108/17	26.10.17	<b>Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen</b> <i>1.Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.</i>			
	KST 83/18	21.06.18	<i>Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdige tilbod.</i>	Under arbeid.		
	TOK 35/18	17.10.18	<b>Utgreiing av ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum.</b> TOK vedtek å sende sak om ev strukturell endring av barnehagedrifta attende til administrasjonen. Dette for å utgreie eit 4 alternativ før utgreiinga vert lagt ut på høyring: Ein rehabiliterar Engeset barnehage og bygger ein ny barnehage/rehabiliterar/samløkaliserar for å opprettholde den kommunale barnehagekapasiteten vi har i Volda i dag.			



40	TOK 40/18	21.11.18	<p>I tillegg ber ein administrasjonen presisere og klargjøre punkt 3.</p> <p><b>Utgreiing av eit mogleg oppvekstsenter i Austefjord</b> Kommunestyret vil etablere oppvekstsenter i Austefjord og ber administrasjonen kome attende med sak for etablering og alternative modellar, innan mars 2019.</p>			
41	FSK 180/18	27.11.18	<p><b>Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.</b> <i>2.Administrasjonen blir beden om å utgreie om elevar med særskilde behov skal få gratis opphald i skulefritidsordninga frå og med 5. klasse til og med 7. klasse.</i></p>			
42	FSK 181/18	27.11.18	<p><b>Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular</b> 1. Administrasjonen vert bede om å greie ut konsekvensar ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular. 2. Ein bed om at denne utgreiinga i tillegg til dei økonomiske og pedagogiske aspekta sær behandlar: - Barnetalsutvikling i området opp mot framlegg til utbygging slik det ligg føre i arealplanen. - Den reelle muligheita Bratteberg har for å ta imot den nye elevgruppa med omsyn til dei fysiske omgjevnadane. - Dei trafikale utfordringane som alt er på Bratteberg og dei miljømessige utfordringar knytt til den auka køyringa av elevar ein må forvente. - Konsekvensar for bruken av SFO som i dag er monaleg større på i Vikebygda enn på resten av Voldaskulane. 3. Saka skal leggst fram til politisk handsaming etter at den har vore til høyring.</p>			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Barnevern	Framdrift og aktivitet	Frist
43	KST 152/15	17.12.15	<b>Årsbudsjett 2016</b> <b>Pkt. 29</b> <i>Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskordinator i 20 % stilling.</i>	Valdskordinator var tenkt å skulle ligge til Interkommunalt barnevern. I vår vart det tatt opp i rådmannsgruppa om dette kunne ligge til ei annan kommune. Ørsta tok dette på seg og vil ta ansvar for ei slik stilling på vegne av fleire kommuner på Søre.	Ørsta kommune har ansvar for Valdskordinatorstillinga på vegne av mellom andre Volda kommune. Det er tilsett valdskordinator som tek til i stillinga 02.02.19	
	KST 36/16	31.03.16	Kommunestyret bed om at valdskordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Vert sletta ved neste rapportering.		
	KST 172/16	15.12.16	<b>Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020</b> <i>27. Valdskordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.</i>			

**PS 26/19 Orienteringssaker**

Fra: Asbjørn Moltudal[asbjorn.moltudal@volda.kommune.no]  
Sendt: 17.01.2019 09:11:00  
Til: 'ola andreas hauge'  
Kopi: Rune Sjurgard  
Tittel: SV: Prosjektgruppe "Ny symjehall i Volda"

---

Hei;

Viser til mailen din under.

Så langt har kommunen vurdert dette som eit kommunalt anlegg og kommunen v/administrasjonen må difor forholde seg til dei vedtak som er gjort.

I telefonsamtale med Anne-Britt Hallaråker torsdag forrige veke, fekk eg spørsmål om bygginga kan skje etter modell frå Campus Arena. Eg sa då at dersom De ynskjer å overta prosjektet og byggje og drive i privat regi, må det takast opp formelt og handsamast politisk i kommunen.

Dette til orientering.

Asbjørn Moltudal  
assisterande rådmann  
Mobil 97515225  
Volda Kommune

-----Opprinnelig melding-----

Fra: ola andreas hauge <oahauge@hotmail.com>  
Sendt: 14. januar 2019 22:56  
Til: Asbjørn Moltudal <asbjorn.moltudal@volda.kommune.no>  
Kopi: Heltne Jon <joingval@gmail.com>  
Emne: Prosjektgruppe "Ny symjehall i Volda"

Hei.

Vi forsøker å sette ned ei prosjektgruppe for ny symjehall til Volda som skal drive prosjektet vidare til anbudsprosess. I høve dette må vi ha ein representant frå VK som kan ta del i gruppa. Vi vonar du vil ta del i dette arbeidet og sitte i prosjektgruppa som representant frå kommuna sin administrasjon. Vi planlegg at gruppa skal konstituere seg i løpet av dei neste vekene for vidare oppstart og arbeid med prosjektet. Du kan sjølv være med å definere rolla di som gruppedlem.

Fint om du vil ta del.

Beste helsing

Ola Andreas Hauge



Volda kommune  
Postmottak  
Stormyra 2, 6100 Volda

Volda 29.01.2019

### Søknad om prosjektmidler til nytt FOLKEBAD (VOLDABADET) i Volda sentrum

I samband med kondemnering av eksisterande symjehall må det byggast ny. Politiske prioriteringar, og særleg utfordrande kommunal kapasitet innan teknisk sektor, gjer at nytt FOLKEBAD i Volda sentrum vert skubba fram i tid.

VTI-symjegruppa (VTI-SG) og Interessegruppa (IG) for nytt FOLKEBAD i Volda sentrum har teke initiativ til å skipe **Prosjektgruppa for nytt FOLKEBAD i Volda sentrum.**

Medlemmar av denne gruppa er i dag:

- Tor Mikalsen, IG
- Eli-Karin Sjøstad Aasebø, Høgskulen i Volda
- Runa Bakke, IG
- John Rotevatn, VTI-allianse
- Ola A. Hauge, IG
- Anne Britt Aa. Hallaråker, VTI-SG
- Jon Heltne, VTI-SG
- Olav Fure, Idrettsrådet
- Vidare vil vi knytte til oss ekstern kompetanse etter behov.  
Pr. i dag; Geir A. Vatne og Jørund Knardal, men denne gruppa vil verte utvida i prosessen.

Formålet til Prosjektgruppa for nytt FOLKEBAD i Volda sentrum er:

*Vårt mål er å vere ein resurs i prosess og framdrift for realisering av nytt moderne FOLKEBAD for fremjing av helse, trivsel og bulyst for alle i alle aldrar i Volda kommune og omegn.*

I fylgje vår informasjon er det sett av prosjektmidler til nytt symjeanlegg i Volda kommune. Storleik i dag ca. kr. 400 000,- (?).

Vi ynskjer er saman med politisk/administrativt vald(e) representant(ar) frå Volda kommune å kunne disponere desse midlane.

Vil vil saman med kommune og alle brukargrupper nytte desse midlane til behovskartlegging, utarbeiding av konkrete teikningar og føre dette fram mot anbudsprosess.

Vi kan nemne brukargrupper som skular, barnehagar, symjegruppe/forbund, HC, reumatikarforbund og andre aktuelle lag og organisasjonar.... Lista er lang og vert lenger undervegs. Det er særst viktig for kommunal økonomi, helse, trivsel og bulyst at det no vert bygd eit anlegg for framtida og i tråd med rapporten frå Asplan Viak.

Vidare vil mangel på symjebasseng og utsetjing av nybygg føre til bortfall av symjefagleg kompetanse, brot på oppløringslova og store økonomiske tap av synerigar i samband med bygging VCA og Mediabygget.

**Prosjektgruppa for nytt FOLKEBAD i Volda sentrum søker med dette i samarbeid med kommunen om å kunne disponere prosjektmidler sett av til nytt symjeanlegg i Volda sentrum.**

Med vennleg helsing

Prosjektgruppa for nytt FOLKEBAD i Volda sentrum.

Ved Rådmannen, Rune Sjurgard

Stormyra 2

6100 Volda

## Ønske om konkretisering av planlagt driftsreduksjon neste 4 år

Vi har ønsket å være delaktige i høringsprosessen rundt evt endring av barnehagestruktur i Volda sentrum. I denne forbindelse har vi gjort oss kjent med Voldas budsjett og økonomiplan gjeldene fra 2019-2022.

Det er lagt opp til et høyt investeringsnivå de neste 4 år. Barnehagene blir etter vår mening lavt prioritert. Dette da det ikke er satt av penger nok til å dekke flere av alternativene gitt i høringsbrevet. Barnehager, og skoler er bygg barna våre oppholder seg i hver dag. Grunnet tid brukt i bygget, og det at det er en lovpålagt oppgave, bør disse prosjektene ha forrang. Vi frykter at det ikke vil være penger nok igjen når barnehagene i sentrum skal rehabiliteres/bygges.

Vår største bekymring er likevel de konsekvensene en stor lånegjeld kan få for drift i Volda kommune. Lånegjelden øker fra 1,2 milliarder i 2018 til 1,6 milliarder i 2022. Dette gjør kommunen svært eksponert ved evt renteøkning, og er en risiko en kan anta at de fleste ikke ville gjort i sin privatøkonomi.

Drifta er planlagt redusert med 40 mill i året. Dette utgjør 5% av driftsutgiftene per i dag, og det tilsvarer omtrent 50 årsverk. Vi tror at bemanning er en av de viktigste faktorene for barns trivsel i både barnehage og skole. En god drift er viktigere enn å ha flotte bygg. Vi hadde satt stor pris på å få en konkretisering av hva det vil si å redusere 40 millioner i drift. Vi er skeptiske til om dette er det beste for Voldas fremtid.

Med vennlig hilsen

Oppigarden barnehage v/ SU leder Heidi Øglænd  
Sollia barnehage v/ SU leiar Oddbjørn Nygård  
Engset barnehage v/ SU leiar Emma M. Welle

Volda kommune  
v/Rådmannen

Vår dato  
24.01.2019

Vår referanse  
AQC

Deres dato

Deres referanse

Vår saksbehandler  
Lasse Lien

## **MODERNISERING AV TELENORS INFRASTRUKTUR I KOMMUNEN**

Telenor har som ambisjon å drive den teknologiske utviklingen framover og å møte kundenes behov for digitale tjenester. Utviklingen innen mobiltelefoni har vært enorm, mens lite har skjedd med det 100 år gamle kobbernettet, som i sin tid ble bygget for å tilby fasttelefon. I 2001 var det over 2.000.0000 abonnenter på fasttelefon i Norge, i dag har dette sunket til 330.000 abonnenter.

For å imøtekomme kundenes behov, må Telenor fornye seg – og ikke minst fornye teknologien kundene benytter til tale, mobil og bredbånd. Derfor bygger vi fiber- og mobilnett raskere enn noen gang. I dag har 99,7 prosent av Norges befolkning 4G der de bor. Utfordringen fremover blir at vi ikke kan fortsette å vedlikeholde det gamle kobbernettet på samme måte som før.

Vi ser at tiden for å fornye teknologien er overmoden. Som en del av Telenors arbeid med modernisering og videreutvikling av telenettet vil Telenors kobbernett over de neste årene bli erstattet med mer fremtidsrettet teknologi som fiber- og mobilnett. Denne reisen kommer ikke til å bli uten utfordringer, men vi tar oppgaven på største alvor. Og på ferden skal vi lytte, forstå og hjelpe kunder over på nye moderne løsninger – slik at vi fortsetter å være bærebjelken av kommunikasjon i vårt land.

Vår ambisjon er å modernisere telefoni- og bredbåndsnettet slik at vi kan tilby en ny og kraftigere kommunikasjonsplattform for alle de nye tjenestene som kommer med digitaliseringen av samfunnet. Skal kommune-Norge lykkes med å utnytte de mulighetene ny teknologi og digitalisering gir, er vi alle avhengige av en digital infrastruktur som sørger for at mennesker, bedrifter og det offentlige er koblet til et fremtidsrettet nett som er stabilt, raskt og trygt.

### **Tidsplan**

Denne varslingen sendes kommunen nå selv om det er noe tid til aktuelle sentraler i kommunen legges ned. Telenor har fastlagte planer om modernisering av hele infrastrukturen i Norge. Det er foreløpig ikke satt noen sluttdato for moderniseringsprosessen, men allerede nå vil enkelte kobbersentraler legges ned. Nærmere informasjon om videre prosess og nedleggelse av kobbersentraler i deres kommune vil bli gitt i god tid før besluttet dato for nedleggelse.

Moderniseringen gjelder i denne omgang områder der det kun er et fåtall kunder igjen og videre drift av gammel teknologi er lite hensiktsmessig. I din kommune vil noen kunder få erstattet fasttelefon og/eller bredbånd over kobber (ADSL/VDSL) med ny teknologi. Dette gjelder sentralene med gult i Vedlegg 1. De resterende kobberbaserte sentralene i kommunen vil også legges ned i løpet av de neste årene, dere vil få tilsendt nærmere informasjon om nedkoplingsdato for disse på ett senere tidspunkt.

Vedlegg 1 viser en oversikt over kobbersentralene i kommunen. Oversikten viser også hvor mange telefoni- og bredbåndskunder det er på den enkelte sentral.

Vi gjør også oppmerksom på at dersom det skjer driftsmessige hendelser i kobbernettet som medfører feil på tjenestene, så er det ikke gitt at dette vil bli rettet.

### **Hva betyr dette for kundene**

Kunder med fasttelefon får tilbud om en mobil hjemmetelefon/bredbåndstelefon, som er en langt mer driftssikker og fremtidsrettet fasttelefon. Det er derfor ikke slik at fasttelefonen forsvinner – snarere vil den bestå i en mer moderne utgave. Kunder med bredbånd vil også få tilbud om et erstatningsprodukt, avhengig av hvilke tjenester som er tilgjengelige på kundens adresse.

Berørte kunder vil bli varslet i god tid i et eget brev med informasjon om alternative løsninger og tidspunkt for overgang til ny løsning. Dersom det er bedriftskunder som blir berørt, vil vi også ta telefonisk kontakt og informere om alternative løsninger.

### **Trygghetsalarm**

Enkelte innbyggere i kommunen kan ha en trygghetsalarm som er basert på fasttelefon eller ADSL. Hvilke brukere dette er har ikke Telenor oversikt over. Det er helse- og omsorgsetaten i kommunen som normalt administrerer denne tjenesten. Dersom kommunen har brukere av trygghetsalarmer som berøres av moderniseringen, er det viktig at leverandøren kontaktes slik at de kan levere en alternativ løsning til kunden og forsikre seg om at den nye løsningen fungerer hos brukeren i god tid før fasttelefonen legges ned. Dersom det oppstår utfordringer i forbindelse med dette kan dere ta kontakt med Lasse Lien på telefon 90120102 eller på e-post [modernisering@telenor.com](mailto:modernisering@telenor.com). Vi henviser også i denne forbindelse til anbefalingen fra Helsedirektoratet: <https://helsedirektoratet.no/velferdsteknologi>

Dersom kommunen ikke allerede har en avtale om leveranse av digitale trygghetsalarmer kan vi også henvise til <http://www.telenorobjects.com/> for bestilling og eventuelle andre spørsmål knyttet til løsningen.

### **Har du spørsmål eller ønsker mer informasjon?**

Dersom dere ønsker mer informasjon eller dere har spørsmål rundt nedkoblingen av sentralene som er varslet i Vedlegg 1, ber vi om at dere tar kontakt med oss via e-post til [modernisering@telenor.com](mailto:modernisering@telenor.com)

Telenor stiller gjerne opp til et informasjonsmøte for å gi en presentasjon av prosessen. I et slikt møte kan det også legges til rette for å diskutere muligheter for videre utbygging, enten det er ren kommersiell utbygging eller utbygging med tilskudd fra stat, fylke og/eller kommune.

Med vennlig hilsen  
Telenor Norge AS



Arne Quist Christensen  
Moderniseringsdirektør  
Telenor Norge



## Vedlegg 1

### Oversikt over sentraler i kommunen pr dags dato:

Lokasjonsnavn	Telefoni	Bredbånd	Dato for nedleggelse	Varslet dato
BJØRKEDALEN VOLDA	19	46	31.12.2020	24.01.2019
STRAUMSHAMN	20	51	31.12.2020	24.01.2019
AUSTEFJORD	21	72		
BERKNES	14	58		
DALSBYGD	41	19		
HJARTÅBYGDA	17	43		
FOLKESTADBYGD	36	108		
KALDVATN	2	24		
MORK	75	105		
LAUVSTAD	52	125		
VOLDA	365	781		
HELTNE	46	123		

Det kan komme endringer

- # Telefoni: Totalt antall kobberlinjer som har en aktiv telefonitjeneste.
- # Bredbånd: Totalt antall kobberlinjer som har en aktiv bredbåndstjeneste (ADSL / VDSL)
- # Varslet dato: Varslet dato er den dato brev er sendt kommunen

\* På mange sentraler leier andre operatører enn Telenor kapasitet i Telenors nett. Disse operatørene vil selv varsle sine berørte kunder og eventuelt tilby erstatningsprodukter